

TORGEIR EDLAND

GARDS
OG ÆTTESOGA

For Hå

UTGIVAR HÅ KOMMUNE 1972

Opptrykk 2005
Gunnarshaug Trykkeri
Stavanger

INNHALD

G.NR. 39 DJØSELAND.....	side 7
G.NR. 40 HOBBERSTAD	side 16
G.NR. 41 NORD-VARHAUG.....	side 27
G.NR. 42 SØR-VARHAUG	side 34
G.NR. 43 BRATLAND.....	side 63
G.NR. 44 LERBREK	side 72
G.NR. 45 ÅNESTAD	side 81
G.NR. 46 TVIHAUG	side 101
G.NR. 47 BJORHEIM	side 110
G.NR. 51 UELAND	side 116
G.NR. 52 SKRETTLINGLAND.....	side 134
G.NR. 53 TJEMSLAND-NORDRE	side 144
G.NR. 54 REIESTAD.....	side 154
G.NR. 55 HUSVEG	side 166
G.NR. 56 MADLAND	side 175
G.NR. 57 ODLAND	side 180
G.NR. 58 KYDLAND.....	side 192
G.NR. 59 SKRETTLING	side 198
G.NR. 61 MARSTEINBAKKEN.....	side 198
G.NR. 60 REFSLAND.....	side 220
G.NR. 62 AUESTAD	side 223
G.NR. 63 SÆLAND.....	side 232
G.NR. 64 HÅLAND.....	side 237
G.NR. 66 SØR-TJEMSLAND.....	side 253
G.NR. 67 EFJESTAD	side 262
G.NR. 68 SÆLAND	side 270
G.NR. 69 ÅRSLAND	side 277
G.NR. 70 STAVNHEIM	side 285
G.NR. 71 HARR	side 297
G.NR. 76 VOLL	side 313
G.NR. 72 VALDELAND	side 343
G.NR. 77 VIGRESTAD	side 348
G.NR. 78 HAUGLAND	side 366
G.NR. 79 HAUGSTAD	side 372
G.NR. 80 NORD-HALLELAND (Ødegård)	side 384
G.NR. 81 RUGLAND	side 392
G.NR. 82 HERIGSTAD.....	side 400
G.NR. 83 ANIKSDAL	side 413

Innføring



Torgeir Edland.

Som innføring til Gards- og Ættesoga for Nærbø skreiv Torgeir Edland: Det var ved studiet av R. A. Håland sine oppskrifter om "Jæderslekter" i Rogaland Historielag sine årshäfte gjennom mange år, at interessa for ættegransking vakna hjå meg. Det var først og fremst mi eiga ætt eg fann mykje tilfang til der, især morsætta, og sidan fann eg farsætta heilt utgreidd hjå Søren Arneson i "Gards- og Ættesoga for Gjesdal". Etter kvart tok eg til å rota i ætta til kona mi og andre sine ætter. Så fekk eg i oppdrag av Ola Aurennes å samle tilfang til ei gards- og ættesoge for Nærbø, som han var meint å skrive. Men åra gjekk, og Aurennes hadde både hovud og hender fulle av anna arbeid, så han tykttest ikkje få tid til den påtenkte ættesoga for Nærbø. I 1940

rådde han så meg til å skrive den. Det same hadde Søren Arneson oppmoda meg til tidlegare, og eg våga meg då i veg med arbeidet.

Men nå galdt det ikkje berre Nærbø. Også Varhaug måtte koma med, då dei to soknene i stor mon er samanvaksne genealogisk, og då dei sidan også administrativt er samanslegne til Hå Kommune, har det vorte sjølv sagt at Varhaug må koma med. Det vert to band, og vonleg eit tredje band for Ognå, som og kom med i Hå Kommune.

Første bandet, som omfattar Nærbø, ligg nå føre ferdig frå mi hand. Bandet for Varhaug er og så å seie ferdigskreve. For Ognå ligg føre tilfang samla av Kristoffer Varden og Omund eller Morten Lindtjørn, og underskrevne har og ved høve raska ihop sumt i same farten som han har arbeidet med Nærbø og Varhaug. Men skal der skrivast noko for Ognå, så bør vel helst ein Ognå-bu gjera det.

Det er sjølv sagt, at ved eit arbeid som dette, der ein ofte må fomla seg fram gjennom hundrad-åra, vil der finnast både manglar og feil. La oss vona, at både det som vantar og det som er gale ikkje vil gjera verket heilt verdlaust.

Slutteleg vil eg bera fram min hjartelegste takk til alle dei som har vore hjelpsame, slik at arbeidet har vorte så pass som det nå ligg føre. I første rekkje står eg i stor skuld til avlidne Ola Aurennes, som ga meg fritt tilgjenge til si store avskrift-samling av kjeldestoff. Dinest har avlidne A. Ellingsen, Stavanger, vore meg til stor hjelp og rettleiding, og Jakob J. Jåthun og mange andre. Og sist, men ikkje minst, personalet i Statsarkivkontoret i Stavanger, som har hjelpt meg med å tyda alle dei krussedullar og kråketær i arkivprotokollane som gjeld for skrift. Slutteleg min beste takk til nemnda som har gått gjennom manuskriptet og retta mykje som rangt var skrive.

Høneland i 1972.

Torgeir Edland.

G.nr. 39. Djøseland

Namnet uttalast Dysjaland, og skal koma av gamaln. dys, som tyder steinrøys eller liten gravrøys, dysjar. Stavemåten har vore: i Norske Regnskaber og Jordebøger (NRJ) frå 1550 Dysseland, Døsseland, 1563 Dysseland, 1610 Døszeland, 1668 Døssieland, Diøsseland, 1723 Døssieland med plassen Rongen. I 1758 er namnet skreve Døscheland og i 1801 Diøsseland. Vanleg skrivemåte nå er Djøseland. Garden hadde frå gamalt ei skuld på 1 pund korn land-skuld. Kring 1701 vart Djøseland "tillagt Hrr. Landt-Capitain Diderich Hejerman til Residentz og Friigaard, men beboedes af gemene bønder". (Sjå og Torland i Nærbø.) Djøseland skifter mot vest med Nord-Varhaug, mot nord med Reime, Ødemotland og Kvia i Nærbø, mot aust og sør med Hobberstad. Jorda er flat og våtlendt med mykje stein, men rik på humus og har ein frodig grasvokster som har gitt gode beitemarker og høyslåtter.

NAMNEREGISTER

1. Bjørn Døsseland
2. Halffdan
3. Amundt
4. Mogens
5. Mikkel Olson
6. Tormod Helgeson
7. Erik Eivindson
8. Mogens Amundson
9. Torbjørn Rasmusson
10. Ingebret Rasmusson Grude
11. Halvard Rasmusson
12. Ola Gullikson
13. Jon Erikson Gudmestad
14. Erik Ingebretson
15. Hans Pederson BJORHEIM
16. Anders Olson Rongen
17. Omund Svendson Rongen
18. Svale Olson Ueland
19. Peder Torjusson
20. Jon Hansson
21. Peder Hansson
22. Mons Larsson Tu
23. Aslak Larsson Håland
24. Lars Olson Ødemotland
25. Peder Pederson Rongen
26. Rasmus Omundson Rongen
27. Elias Olson Reiestad
28. Lars Gjermundson Lerbrekk
29. Ola Olson Ødemotland
30. Rasmus Erikson Salte
31. Jon Mortenson Skjæveland
32. Jonas Larsson
33. Ola Mathiasson Lomeland
34. Helge Svenson Ånestad
35. Peder Eliasson
36. Gunnar Tolleivson Kvia, Varen
37. Bertel Kristofferson
38. Lars Olson
39. Elling Taraldson Torland
40. Rasmus Nilsson Gjertholen
41. Gabriel Taraldson Torland
42. Jon Jonson Kvia
43. Abraham Asbjørnson Valdelanc
44. Eilert Eilevson Bore
45. Ola Rasmusson Hobberstad
46. Sven Helgeson
47. Lars Olson Gjertholen
48. Rasmus Rasmusson Bø
49. Ole Tønnesson Kydland
50. Ole Nilsson (Gjertholen?)
51. Ola Olson Dubland
52. Elias Pederson
53. Andreas Larsson
54. Søren Svenson Kartevoll
55. Martin Gabrielson Ueland
56. Ole Bertinius Olson Småhau
57. Tønnes Olson
58. Torsten Luther BJORHEIM
59. Peder Eliasson
60. Odd Olson Ånestad
61. Omund Andreasson Årsland
62. Ole Tønnesson

- 63. Gjermund Tønnesson
- 64. Søren O. Kartevoll
- 65. Martin Martinson

1. Bjørn er nemnd på Døsselandt i 1519/21.

2. Halffdan nemnd 1563.

3. Amundt nemnd 1602/03/13.

4. Mogens gav 2 spand leidang i 1624.

5. Mikkel Olson gav 4 spd. leidang i 1624. Han er og nemnd i 1645 med kona og ei dotter. Kona heitte truleg Anna Jonsdr.

- 6. Tormod Helgeson nemnd 1645/65, f. kring 1605, skifte 19/9 1676, gift med Anna Jakobsdr. Han brukte 8 spd. 6 barn:
 - a. Ola (Store Håland, Nærbø IB.).
 - b. Helge.
 - c. Jakob.
 - d. Kirsten, g. m. Lars Store Undheim.
 - e. Guri, g. m. Halvard Rasmusson Djøseland (11).
 - f. Joron, g. m. Ola Larsson Håland (Håland, Varh. 10).

NB. I 1652 er nemnd ei Birgitte Døsseland. Ho var frå Auestad, var då ei "høigbedaget Quinde" og hadde truleg vore gift på Djøseland?

7. Erik Eivindson (sjå Ødemotland, Nærbø 3 c.). Han var fødd kring 1630, død på Litle Undheim i Time, der det var skifte etter han 16/9 1696. Han brukte 16 spd. i Djøseland i 1665. Det er uvisst kor lenge han budde der. Han var domsmann i 1656. Kanskje var han først g. m. enkja etter 5, Anna Jonsdr., som må vera død før 1670, for det året vart han g. m. Marit Trulsdtr. Me veit ikkje meir om henne. Etter henne vart han g. m. enkja etter Tore Kristoferson L-Undheim og flutte då truleg dit. Der var skifte etter henne 26/2 1697. Den neste kona hans heitte Malena Olsdr., og der var skifte etter henne 18/6 1695. Ho hadde 2 søstre: Barbro Store Oma og Kirsten Fosse. Straks etter må han ha gifta seg att med Astrid Olsdr. (mon dtr. til Ola Jensson Søyland i Gjesdal og kanskje sidan gift med Rasmus Ivarson Garborg, etter henne var der skifte 12/1 1709?). Enkja Astrid Olsdr. g. 2) 3/6 1697 m. Nils Garborg og 3) m. Rasmus Ivarson. Erik Eivindson hadde ikkje barn. Arvingane var brorson hans, Jon (Øde)Motland på vegne av stykson sin Henrik Madland, Ole Bratland, g. m. Eli Ødemotland, og Ingebret Djøseland, g. m. Margreta Ødemotland.

8. Mogens Amundson var husmann hjå Erik Eivindson i 1665, 66 år gamal. Meir veit me ikkje om han.

9. Torbjørn Rasmusson er og nemnd hjå Erik Eivindson i 1665, 44 år.

10. Ingebret Rasmusson Gruda, son til Rasmus Ingebretson Gruda i Klepp og kona Eli Trulsdtr., f. Sveinsvoll. Han var f. kring 1667, død 1733, skifte 30/4 det året. G. m. Margreta Jonsdr. (Ødemotland, Nærbø 4 e.), brordtr. til Erik Eivindson. (Var kanskje Ingebret søsterson til Marit (Berit?) Trulsdtr., som hadde vore g. m. Erik Eivindson?) Ingebret tok over dei 16 spd. etter Erik i 1691, som han fekk kongeskjøte på i 1729. Han let etter seg 6 barn:

- a. Eli, g. 1) m. Hans Klausson Ødemotland (sjå der 6), g. 2) m. Ola Pederson Ødemotland (8).
- b. Maren, g. m. Jakob Gunnarson Voll (Voll 18).
- c. Rasmus Gimre, f. 1697, g. m. Marta Jonsdr.
- d. Jon Reiestad, f. 1700 (Reiestad 20).
- e. Erik Djøseland,(14).

11. Halvard Rasmusson var der skifte etter 23/5 1693. Han var g. m. Guri Tormodsdr. (6 e.) og tok truleg over bruket etter verfare. Det er uvisst kvar Halvard var frå. Dei hadde ei dotter:

- a. Berit, g. 1) m. Johannes Olson (Hobberstad 31), g. 2) m. Ola Asbjørnson Tunheim. Ho var enkje på Djøseland i 1736.

NB. Guri Tormodsdr. hadde 2 slegfredsbarn: 1. Kirsten Osmundsdr. var enkje i 1736, og 2. Joron Olsdr. var ugift i 1736.

12. Ola Gullikson var husmann på Rongen av Djøseland i 1701 og 1718. Han var f. kring 1660 og var dauv og vanhelsa.

13. Jon Erikson (Gudmestad 9 a.) f. kring 1669, skifte 3/12 1749. G. 1) m. enkja etter 11, Guri Tormodsdr., som der var skifte etter 22/2 1736. G. 2) m. Elisabet Olsdr. (N-Varhaug 18 c.), f. 1713. Jon Erikson tok over 8 spd. etter Halvard Rasmusson i 1693. Han fekk kongeskjøte på same i 1729. Han hadde 4 barn i andre gifte:

- a. Elisabet, f. 1736, g. m. Ola Ellingson. Veit ikkje meir om dei, men trur plent at Elisabet hadde ei dotter: Elisabet Pedersdr., F. kring 1772 og g. m. Rasmus Hansson (Bø i Nærbø 66).
- b. Guri, f. 1739, tente på Nærland i 1788 og døde der 1799.

- c. Karen, f. 1741, g. 24/11 1767 m. Ola Helgeson i Stavanger.
- d. Erik, f. 1744, livde i 1771.

14. Erik Ingebretson (10 c.) f. kring 1703, skifte 10/11 1761. G. 1) m. Karen Jonsdtr. Sveinsvoll, som der var skifte etter 1/2 1753. Dei var søskendbarn. G. 2) m. Berta Jakobsdtr., f. 1713. Uvisst kven ho var. Kanskje dotter til Jakob Olson Rosseland i Time (Klepp?), som der var skifte etter 16/9 1739. Erik Ingebretson brukte dei 16 spand etter faren, som fru Valentinsen åtte. (Ho åtte heile Djøseland då.) Erik Ingebretson hadde 9 barn i første gifte og 1 i andre:

- a. Ingebret, f. 1737, g. m. Dorthea, som seinare vart g. m. Gullik Nilsson i Eiger-sund.
- b. Margreta, f. 1738.
- c. Jon, f. 1740.
- d. Erik, f. 1742 (Valdeland 3).
- e. Elisabet, f. 1743, g. 1763 m. Anve Larsson Haga i Sola.
- f. Sara, f. 1745, g. m. Hans Knutson (Reiestad 22).
- g. Maren, f. 1747.
- h. Rasmus, f. 1749.
- i. Karen, f. 1750.
- j. Jakob Ånestad (sjå der 49).

15. Hans Pederson (Bjørheim 7 g.) f. kring 1720, død 1785. G. 1750 m. enkja etter 13, Elisabet Olsdtr., skifte 18/10 1771. Hans byksla 8 spd. av fru Valentinsen etter Jon Erikson i 1750. Dei hadde 2 barn:

- a. Jon Djøseland, f. 1751 (20).
- b. Peder Djøseland, f. 1753 (21).

16. Anders Olson var husmann på Rongen i 1758, f. kring 1678, død 1765. G. 1) m. Ingeborg Gjertsdtr. Kalsvaren (Mæland 16 e.). G. 2) m. Guri ? Det er uvisst kvar Anders var frå. I 1758 var tilhuse hjå han enkja Ragnhild Jonsdtr., 42 år, og dotter hennar Ragnhild Jonsdtr., 12 år. Kven desse var er uvisst. Anders hadde 2 barn i første gifte:

- a. Ola, f. 1730.
- b. Anna, f. 1733, tente på Husveg i 1758, 25 år gml.

17. Omund Svenson Rongen, son til Sven Halvardson Tjensvoll i Time frå Risa (Risa 32 b.) og kona Malena Omundsdr. Tjensvoll. Han var f. 1728, død før 1787. G. m. Berta Rasmusdtr. (Risa 34 a.), f. 1730, død 25/1 1804. Omund hadde butt på Åen av Opstad, og kom truleg til Rongen etter Anders Olson. Dei hadde 7 barn:

- a. Sven Skoreberg, f. 1754 (Gausland 19).

- b. Rasmus Rongen, f. 1769 (26).
- c. Malena, f. 1753, g. m. Peder Rongen (25).
- d. Malena d. y., f. 1767, død på Rongen 1/11 1837, ugift.
- e. Ingeborg, f. 1769, død 1/3 1822, ugift.
- f. Berta, g. m. Ola Tolleivson Flagger-vigen.
- g. Berta, f. 1775.

18. Svale Olson (Ueland 21 b.). F. på Holmen i Bjerkreim 1732, død 28/2 1792. G. m. Berta Jonsdtr., f. kring 1725, død 8/2 1801, uvisst kven ho var, men var truleg i ætt med 14 eller ei av konene hans? Svale byksla halve parten etter Erik Ingebretson, 8 spd., av kammerråd Assersen i 1761.

NB. Kanskje var Berta dotter til Jon Erikson (Skrettingland). Dei hadde 3 barn:

- a. Jon Lindal, f. 1762 (Lindal i Nærbø 15).
- b. Ola, f. 1766, død 13/12 1805, ugift. Han bleiv.
- c. Berta, f. 1769, g. m. Aslak Larsson (23).'

19. Peder Torjusson (sjå Bø, Nærbø 34 a.), f. kring 1732. G. 1761 m. enkja etter 14, Berta Jakobsdtr. Han byksla dei 8 spd. etter Erik Ingebretson i 1761 og budde der til 1780, då han flutte til Ånestad (sjå der 48). Ikkje barn.

20. Jon Hansson (15 a.) f. 1751, død 1784, skifte 18/6 det året. G. m. Elisabet Karlsdtr. Hadland, Ognå, f. 1755, død 24/3 1805, dotter til Karl Rasmusson og Marit Olsdtr. Hadland. Jon byksla 8 spd. av fru Valentinsen i 1771 etter faren. Dei hadde 2 barn:

- a. Hans, f. 1783, g. 1804 m. Inger Maria Henriksdtr. (Hårr 43 a.), f. 1781. Hans var tambur. Han budde i Sirevåg og døde der 20/4 1819. Det er muleg at han brukte Djøseland ei tid, men så vart han skild frå kona og budde sidan hjå jenta Rakel Larsdtr. i Sirevåg. Han hadde ei dotter med Inger Maria: Lisabet, f. kring 1810, g. m. Jon Morte-hson (31). Desutan hadde han eit barn med jenta Berta Pedersdtr. Seglem i Eiger-sund.
- b. Marta Jonsdtr., f. 1780, g. m. Lars Gjermundson (28).

NB. Inger Maria fekk ei dotter ue.: Rakel Jakobsdtr., f. 1805, død 1815.

21. Peder Hansson, bror til 20, var f. 1753, død 17/1 1846. G. m. Guri Torstensdtr.

(Ånestad 34 a.). Dei budde først ei tid på Ånestad, men i 1780 kom dei til Djøseland, då Peder Torjusson flutte til Ånestad. Han byksla dei 8 spd. i 1780 av fru Valentinsen. I 1793 fekk han auksjonsskjøte på same for 60 rdl. av Jens Bolth. Dei hadde ikkje barn.

22. Mons Larsson Tu, son til Lars Torgerson Tu i Klepp, var f. kring 1748, død 20/12 1820. G. 1784 m. enkja etter 20, Elisabet Karlsdr. Mons kjøpte dei 8 spd. i 1784 av salig Bolths enkje i Bergen. Dei hadde ikkje barn.

23. Aslak Larsson (Håland 23 e.) f. 1757, død 24/8 1798, skifte 15/9. G. 23/12 1792 m. Berta Svalesdr. (18 c.), f. 1769, død 29/9 1836. Aslak fekk auksjonsskjøte på 8 spd. av Jens Bolth i 1792 for 60 rdl. 3 barn:

- a. Kirsten, f. 1793, g. i Time 1838 m. enk. Josef Taraldson Haugland. Ho hadde ei dotter ue., Elen Rasmusdr., f. 1/3 1815, g. 1836 m. Gunnar Tolleivson Varen (sjå 36).
- b. Berta, f. 1796.
- c. Lisa, f. 17/12 1797, g. m. Rasmus Erikson (30).

24. Lars Olson (Ødemotland 8 e.) f. 1764, død 30/11 1835. G. 27/1 1799 m. enkja etter 23, Berta Svalesdr., som døde 29/9 1836. Lars kjøpte dei 8 spd. av Aslak Larsson si dødsbu for 120 rdl. Ikkje barn:

25. Peder Pederson Rongen, son til Peder Eliingson Rudleholen (Reime 28 c.). Han var f. 1769, død 25/10 1838, g. 18/1 1790 m. Malena Omundsdtr. Rongen (17 c.), f. 1753, død på Løgestein i Nærbø 2/11 1833. Peder byksla Rongen av forvaltar Jens Bolth i 1790. 4 barn:

- a. Ingeborg, f. 3/4 1791, g. 1819 m. Lars Skiljanson Løgestein. (sjå Bø i Nærbø 79).
- b. Omund, f. 3/11 1793 (Lerbrek 25).
- c. Berta Malena, f. 18/2 1798, g. m. Bendiks (Rimestad 46).
- d. Marta Malena, f. 14/1 1806.

26. Rasmus Omundson Rongen (17 b.) f. 1789, død 24/4 1844, g. 21/3 1800 m. Taletta Torstensdr. (Ånestad 34 d.) f. 1753, død 29/12 1832. Rasmus budde på Rongen. Han hadde ikkje barn med kona, men fekk ei dotter med Kirsten Aslaksdr. (23 a.), Elen, f. 1/3 1815. Kanskje Rasmus budde på plassen Varen. I 1836 selde han huser og buskap og lausøyre til Elen Rasmusdr.

27. Elias Olson (Reiestad 26 d.) f. 17/7

1777, død 1/3 1861. Mor hans, Margreta Hansdr. Obrestad, faren ukjend. Han var g. 10/2 1805 m. Ingeborg Larsdr. (Refsland 7 a.) f. 12/7 1781, død 20/7 1876. Ho var brordtr. til Peder Hansson si kona, Guri Torstensdr., og hadde truleg vakse opp hjå dei på Djøseland. I 1803 fekk ho gavebrev frå Peder Hansson på 8 spd. i Djøseland. Elias og Ingeborg hadde 4 barn:

- a. Guri, f. 21/5 1806, g. 2/11 1837 m. enk. Ola Larsson Vigre.
- b. Peder Djøseland, f. 30/11 1808 (35).
- c. Lars Bø, f. 26/1 1812 (Bø i Nærbø 82).
- d. Margreta, f. 18/1 1815, g. m. Lars Olson (38).

28. Lars Gjermundson (Lerbrek 18 b.) f. 1777, død 3/4 1837. Gift 1) 26/5 1805 m. Marta Jonsdr. (20 b.) f. 1780, død 12/12 1814. G. 2) 7/3 1821 m. enkja etter Hans Jonson (20 a.), Inger Maria Henriksdr. Lars kjøpte dei 8 spd. av Mons Larsson i 1805 for 784 rdl. Ved skifte etter Marta Jonsdr. 6/3 1815 var dei 8 spd. verdsette til 500 rdl. eller 50 spdl. 2 barn i første gifte:

- a. Jonas Djøseland, f. 5/2 1806 (32).
- b. Mons, f. 21/9 1808, død 30/11 1815.

NB. Hans Jonson Djøseland som var odelsmann til dei 8 spd. gjorde odelskrav på dette bruket i 1805. Han protesterte mot den prisen som Lars hadde ført opp i skjøtet, 784 rdl., og påstod at Lars hadde betalt berre 200 rdl. Der vart sak om dette, og Lars måtte betala 130 rdl. for odelsretten i 1806.

29. Ola Olson (Ødemotland 8 g.) var f. kring 1768, død 16/8 1809 "i Lars Gjermundson Djøselands hus". G. i Ognå 28/4 1793 m. Berta Karlsdr. Hadland, f. 14/5 1752, død (1825?), søster til kona hans Jon Hansson og Mons Larsson. I manntallet for 1801 står at Ola Olson budde "ved Djøseland" og var daglønner. I 1795 heitte han Ola Olson Båden. Han hadde og butt på Lobekk under Auestad. Han hadde ikkje barn, og arvingane var Peder Ødemotland, Omund Nor Varhaug, Lars Djøseland, Elen Haugland og Malli som var enkje etter Hans Rasmusson Næsheim, som alle var Ola sine søskend.

30. Rasmus Erikson Salte, son til Erik Rasmusson Salte i Klepp og kona Ingeborg Tollaksdr. Han var f. 1792, død 27/2 1861. G. 1/11 1818 m. Lisa Aslaksdr. (23 c.) f. 17/12 1797, død på Salte 4/4 1878. Rasmus Erikson kjøpte 8 spd. av Lars

Olson i 1818 for 8 spdl. -f følge. 3 barn er nemnde:

- a. Ingeborg, f. 21/5 1820, g. m. Elling Taraldson (39).
- b. Abraham, f. 5/6 1823, død 19/3 1855.
- c. Berta Elisabet, f. 28/5 1830, g. i Klepp 18/11 1853 m. Lars Johannesson Salte.

31. Jon Mortenson Skjæveland, son til Morten Torgerson Skjæveland i Høyland og kona Anna Johannesdtr., f. Rege i Håland. Han var f. på Austvoll i 1796. G. 7/12 1823 m. Elisabet Hansdtr. Djøseland (20 a. 1.), f. i Sirevåg 29/6 1806, død på Sandnes? Jon budde ei tid på Djøseland, truleg som husmann, til kring 1830, seinare på Voll, og fra 1834 på Vetteland i Oгна, der han er nemnd i 1842. Kvar det sidan vart av han er uvisst. Me veit om 8 barn:

- a. Berta Kirstine, f. 1825, g. 9/10 1845 m. Tore Torgerson Stokka i Høyland.
- b. Hans, f. 15/5 1827. Han bleiv.
- c. Mikal, f. 12/12 1828, g. i Stavanger 5/12 1861 m. Taletta O. J. Næsheim (Næsheim, Nærbø 83 d.). Han var sjømann og busett i Stavanger.
- d. Elen Maria, f. under Voll i Varh. 21/4 1831, g. m. skredder Knutsen i Stavanger.
- e. Jon, f. på Vetteland 14/5 1834. Budde i Stavanger.
- f. Anna, f. på Vetteland 12/7 1838, g. m. enk. Tjøl Olson Austbø, budde på Kyllest i Høyland. Deira dotter, Olina g. m. Mads Reime, seinare Madland i Varh.
- g. Lars, f. på Vetteland 27/9 1842, g. 1) m. ukjend, g. 2) i Stavanger 6/7 1879 m. Dorthea Larsen, f. 21/5 1845. Lars var sjømann i Stavanger, han døde på Madland i Varhaug.
- h. Hanna, g. m. skipper Samuel Tungland, truleg frå Strand. Dei budde ei tid på Hana i Høyland. Hanna budde seinare i Stavanger og dreiv vertshus. Ho var vide kjend under namnet "Tonglå i Søragedå".

32. Jonas Larsson (28 a.) var f. 5/2 1806, død 22/11 1887. G. 6/12 1832 m. Karen Enoksdtr. (Reiestad 30 b.) f. 14/5 1813, død 29/5 1896. Jonas Larsson kjøpte 6 spdl. av faren i 1823 for 180 spdl. Han var då umyndig og "eneste barn" med formynder Ola Gjermundson Lerbekk. Dette var det seinare bnr. 10, som faren brukte til 1831, då det vart selt til Ola Mathiasson. Sidan budde Jonas ymse stader, Røyseland av Voll og Efjestad og ei tid på Stølane av

Håland. Av dei 5 barna var berre 1 f. på Djøseland, men me tek med alle her:

- a. Marta, f. på Djøseland 14/2 1833, g. 27/11 1862 m. Nils Jakobson Hetland i Oгна. Nils på Teigane.
- b. Anna Kirstina, f. på Røyseland 24/12 1836, g. 1885 m. Rasmus Jonson (Reime 48).
- c. Lars Bø, f. på Røyseland 27/8 1841 (Bø i Nærbø 116).
- d. Elen, f. på Efjestad 4/5 1844, g. 1881 m. Rasmus Hansson (Reime 53).
- e. Mons Bø, f. på Stølane 28/8 1850 (Bø 145).

33. Ola Mathiasson Lomeland, son til Mathias Olson Lomeland i Helleland og kona Marta Monsdtr., f. Bue. Han var f. i Bjerkreim 16/3 1783, død på Djøseland 9/1 1876. G. i Eigersund 11/6 1814 m. Anne Larsdtr., f. i Eigersund 20/1 1799, død 8/11 1882, dotter til Lars Asserson Skjelbreid, f. Nævland og kona Marta Kristoffersdtr., f. Helland. Anne må ha vore snaudt 15 år då dei var gifte. Ho heitte Heigrestad då ho var gift. Ola Mathiasson budde på Heigrestad til 1831, det året kjøpte han 8 spand av Jonas Larsson for 200 spdl. -f følge til Lars Gjermundson. Av dei 7 barna var 5 fødte på Heigrestad:

- a. Lars Djøseland, f. 11/12 1816 (38).
- b. Ola, f. 1821, g. m. Ingeborg Maudal. Skomakar i Stavanger.
- c. Morten, f. 1823 (Skrettingland 23).
- d. Ole Mikal, f. 9/2 1819, g. 1) i Stavanger 30/5 1845 m. Ingeborg Mauritsdtr. Maudal i Høle, 32 år. G. 2) m. enkja etter broren Abraham, Karen Elisabet Tjelta. Han var skomakar i Stavanger.
- e. Maren, f. 1829, g. 27/11 1862 m. Hans Rasmusson (Risa i Nærbø 80).
- f. Marta Kirstine, f. på Djøseland 6/11 1833, g. m. skredder i Stavanger, Johan Andersson frå Sverige.
- g. Abraham, f. på Djøseland 18/1 1839, g. i Stavanger 1866 m. enkja Karen Elisabet Larsdtr. Klingshei, f. Tjelta. Han var bødker i Stavanger.

34. Helge Svenson (Ånestad 70) var f. 7/3 1802, død 21/11 1868. G. 2/12 1832 m. Maren Larsdtr. (Nord-Halleland 18 f.) f. 27/10 1804. Dei budde på Ånestad til 1840, var sidan husmann på Djøseland. Me veit om 4 barn:

- a. Anna, f. 12/12 1835, g. 7/4 1870 m. Peder Svenson Voll (Rugland 40).
- b. Sven Helgeson Bø, f. 22/2 1834 (Bø i Nærbø 107).

- c. Maren Elisabet, f. 30/12 1840, g. 13/10 1886 m. Ole Andreas Pederson (Høyland i Nærbø 128).
- d. Sille Justine, f. 19/5 1846, g. m. Elling Ellingson Rongen (Kvia, Nærbø 44).
35. Peder Eliasson (27 b.) f. 30/11 1808, død 23/10 1890. G. 1) 16/11 1848 m. Margreta Jonsdtr. (Reime 34 a.) f. 1/1 1820, død 20/3 1855. G. 2) 7/11 1861 m. Anna Maria Tørresdtr. (Kvia 34 i) f. i Gjesdal 1811, død 1/7 1874. Peder Eliasson kjøpte 8 spand, bnr. 9, av faren i 1838 for 300 spdl. -f følge. 3 barn i første gifte:
- a. Hanna Margreta, f. 18/3 1850, g. m. Josef Ole-Asbjørnson (Ånestad 94).
- b. Elias Djøseland, f. 6/12 1851 (52).
- c. Ingeborg Berte, f. 29/6 1853, g. m. Martin Gabrielson (55).
36. Gunnar Tolleivson (Kvia 30 b.) var f. 14/3 1808, død 17/7 1891. G. 15/5 1836 m. Elen Rasmusdtr. Rongen (26 a.) f. 1/3 1815, død 3/2 1899. Gunnar budde på plassen Varen av Djøseland. Dei hadde 3 barn:
- a. Rasmus, f. 21/8 1837.
- b. Berta Maria, f. 1/1 1840, g. 6/5 1884 m. enk. Ola Hobberstad (Djøseland 45 og Skjærpe 39).
- c. Tolleiv Tobias, f. 13/8 1842, g. 1) m. ukjend, g. 2) i Stavanger 1891 m. Berta Olsen, f. i Stavanger 5/10 1852. Han var bakar i Stavanger.
37. Bertel Kristofferson (Rimestad 36 g.) var f. i Stavanger 26/12 1808, død 30/10 1875. G. 9/2 1834 m. Berta Svendsdtr. (Ånestad 59 c.), søster til 34, f. 28/4 1805, død på Figgjane 17/3 1877. Bertel Kristofferson var husmann på Djøseland. Han døde hjå sonen på Figgjane av Lerbrekk. 5 Barn:
- a. Sven, f. 2/2 1836, g. 26/3 1863 m. Kirsten Maria Jonasdtr., f. i Sola 1843. G. 2) m. Inger Gjertine Torgersdtr. Hadland i Eigersund. Sven var skreddar og døde i Eigersund 4/6 1901.
- b. Berta, f. 8/7 1838, g. m. Daniel Olsen i Stavanger. Då Daniel døde reiste ho til Amerika.
- c. Anna Sofia, f. 8/2 1840, død 23/12 1841.
- d. Andreas, f. 20/8 1843, død 26/6 1873, ugift.
- e. Karl, f. 15/7 1846 (Lerbrekk 34).
- NB. Alle barna var skreddarar.
38. Lars Olson (33 a.) var f. på Heigrestad 11/12 1816, død 14/1 1906, g. 14/11 1850
- m. Margreta Eliasdtr. (27 d.) f. 18/1 1815, død 24/12 1897. Lars Olson kjøpte 8 spd. av faren, bnr. 10, i 1843 for 200 spdl. — følge til foreldrene. Dei hadde 3 barn:
- a. Olai, f. 18/6 1855, død 16/5 1881, ugift.
- b. Elias, f. 16/5 1858, død 4/10 1877. Ein aurbane rapte over han.
- c. Andreas Djøseland, f. 21/6 1862 (53).
39. Elling Taraldson (Torland, Nærbø 46 f.) var f. 29/11 1812. G. 9/4 1839 m. Ingeborg Rasmusdtr. (30 a.) f. 21/5 1820. G. 2) i Stavanger 1/4 1875 m. enkja Elisabet Knutsdtr., f. i Audnedal 1822. Elling Taraldson kjøpte 8 spd. av verfare Rasmus Erikson i 1838 for 400 spdl. -f følge. I 1861 vart garden seld på tvangsauksjon, og Elling flutte så til Stavanger, og samstundes flutte vermora, Lisa Aslaksdtr. til sonen på Salte, men ho hadde følge av Djøseland så lenge ho livde. 9 barn fødte på Djøseland:
- a. Rasmus, f. 11/7 1840, g. m. Jørgine Omundsdtr. Sviland. Reist til Amerika.
- b. Ingeborg Berte, f. 21/5 1842, g. i Stavanger 15/10 1867 m. Jon Åmundson Høivåg frå Tysvær. Ho døde på Njærheim i Nærbø 15/1 1907.
- c. Tobias Tårland, f. 29/11 1844, g. 2/5 1869 m. Berta Omundsdtr. Vagle, f. i Høyland 17/11 1842. Han var vaktmeister i Stavanger. Ein son var Jonas Tårland, g. m. Ragna Josephine, f. Egenes, død 18/5 1967. Deira dotter, Marta Tårland, g. m. statsarkivar i Stavanger Harald Aurennes.
- d. Erik, f. 18/7 1846.
- e. Jonas, f. 6/10 1848, g. i Stavanger 11/12 1875 m. Laura Bertine Hansdtr. Skeie, f. i Rennesøy 5/10 1855. Sjømann.
- f. Elisabet, f. 14/2 1851.
- g. Anne Berte, f. 6/6 1856.
- h. Elias, f. 27/12 1853, g. m. Sara Rebekka Omundsdtr. Sviland. Reist til Amerika.
- i. Elen, f. 9/4 1859.
- NB. Alle barna tok namnet Tårland.
40. Rasmus Nilsson Gjertholen (Voll 65 e.) f. 21/12 1816, død 17/10 1879, g. 30/3 1854 m. Marta Johannesdtr. (Njærheim 95 c.) f. 11/5 1826, død 29/3 1871. Rasmus Nilsson var husmann på Rongen frå 1854, truleg etter 37. Det var kanskje han som i 1849 skreiv seg Rasmus Nilson Grødeland til vitterlighed under gjerdeskifte millom Grødeland og Sør-Reime. 6 barn:
- a. Mathea, f. 19/12 1854, død på Sandnes, ugift. Ho hadde ei dotter, Maria

- Kristiansdtr., f. 27/6 1876, død i USA.
- b. Nikolai, f. 21/1 1857.
 - c. Tomine, f. 30/8 1859, død i Stavanger, ugift.
 - d. Johanna, f. 10/8 1861, død i Stavanger, ugift.
 - e. Rasmus, f. 21/12 1864, g. i Stavanger 22/1 1893 m. Margreta Kristoffersen, f. i Sveio 1865, var sjømann. Han hadde ein son ue., Oskar, som var busett i Stavanger. Mor, Anna Olina Jonasdtr. (Søyland 38 d.).
 - f. Jonas, f. 15/5 1870, død i Minnesota 1949, ugift.

41. Gabriel Taraldson Torland, bror til 39, f. 10/1 1810. Han kjøpte bnr. 1 på tvangsauksjon etter broren i 1861 for 800 spd. I 1862 selde han att til Abraham Asbjørnson og Jon Jonson. (Sjå ellers N-Varhaug 33.)

42. Jon Jonson (Kvia 33 d.) f. 23/6 1839. G. 1/11 1866 m. Berta Gjermundsdr. Varen, f. i Ogna 30/1 1840. Jon Jonson kjøpte 2/3 av Gabriel Taraldson sin part, bnr. 1, i 1862. I 1868 selde han til Rasmus Bø og reiste til Amerika. Kom visst seinare heim att og budde i Egersund. Millom barna var:

- a. Jon.
- b. Garman.
- c. Arnt.
- d. Benjamin.

43. Abraham Asbjørnson (Valdeland 9 f.) var f. 20/1 1824, død 25/5 1891. G. 24/5 1861 m. Anna Maria Pedersdr. (Nord-Tjemsland 29 c.) f. 29/3 1832, død 7/5 1881. Abraham kjøpte 1/3 av Gabriel Torland sine 8 spd., bnr. 2, i 1862. 3 barn:

- a. Marta, f. 17/5 1865, død 9/1 1910, ugift.
- b. Asbjørn, f. 12/1 1866.
- c. Berta, f. 7/1 1868, g. m. Ole Bertinius Olson (56).

NB. Abraham Asbjørnson hadde ei dotter ue., Guri, f. 5/9 1845, g. 19/12 1871 m. Abel Sivertson (Bø i Nærbø 110). Mor, Ingeborg Pedersdr. (Lerbrekk 26 a.).

44. Eilert Eilevson Bore, son til Eilev Enokson V-Bore og kona Berta Eivindsdr., f. Braut. Han var f. 22/11 1818, g. m. Anna Maria Knutsdr. Han brukte bnr. 1 etter Jon Kvia, men kunne ikkje ha vore der meir enn eit års tid, og reiste seinare til Amerika. Eit barn f. på Djøseland:

- a. Kanutte Taletta, f. 7/3 1864.

45. Ola Rasmusson (Hobberstad 40 e.) var

f. 31/1 1834, død på Obrestad 29/2 1916. G. 1) 19/5 1864 m. Rakel Taletta (Lode 45 g.) f. 1842, død i Stavanger. G. 2) 6/5 1884 m. Berta Maria Djøseland (36 b.) f. 1/1 1840, død i Nærbø 16/12 1929. Ola Rasmusson var på bnr. 1 etter Eilert Bore i 1865, men flutte sidan til Stavanger, der han visst var handelsmann. Seinare kom han til Skjærpe i Nærbø. Det er uvisst kor mange barn han hadde, dei 2 me veit om var av første gifte og fødde i Stavanger, nokre døde som små, andre gifte var barnlaust:

- a. Rasmus Obrestad, f. 10/1 1870 (Obrestad 40).
- b. Berta Kirstine, f. 16/4 1873, g. m. Lars Obrestad (39). Dei vaks begge opp hjå fastermannen Jon Tjøelson Obrestad.

46. Sven Helgeson (34 b.) f. 22/2 1834, død på Bø 11/7 1908. G. 1) 8/4 1863 m. Tabitta Mikkelsdr. (Ueland 57 c.) f. 9/12 1836, død 22/2 1866. G. 2) 6/11 1866 m. Elisabet Henriksdr. Hetland, f. i Eigersund (Ogna) 1836. (Dotter til Henrik Rasmusson Hetland i Ogna.) Sven Helgeson var husmann på Djøseland til 1870, då han flutte til Bø-bakkane i Nærbø (Bø 107). Han hadde 2 barn i første gifte og 3 i andre:

- a. Taletta, f. 30/7 1863.
- b. Søren Mikal, f. 8/8 1865.
- c. Helmik, f. 12/7 1867.
- d. Theoline, f. 21/7 1869.
- e. Albret Svenson, f. på Bø 18/6 1873, død 1924, g. i Stavanger m. Rakel Olava Tønnesdr. Varhaug, f. i Stavanger 20/5 1877. Albret var skomakar i Stavanger.

47. Lars Olson Gjertholen (Voll 79 d.) f. 27/6 1848. G. 22/4 1879 m. Karen Kirstine Toresdr. (Håland 52 d.) f. 12/12 1847. Lars var brorson til 40. Han kjøpte Rongen av oppsitjarane på Djøseland i 1880 for 1200 kroner. I 1888 selde han til Ola Dubland og budde sidan på (N-Tjemsland 49). 4 barn:

- a. Tobias Tjemsland, f. 24/1 1880, død 22/8 1960, g. 11/1 1910 m. Sina Eriksdr. Fuglestad i Ogna, f. 13/9 1883. Smed på Varhaug.
- b. Ole Tjemsland, f. 27/3 1882, død 15/12 1956, ugift. Bygningsmann.
- c. Enevald Tjemsland, f. 17/3 1868, død 1/2 1958, ugift.
- d. Lars, f. 2/11 1888, reist til Amerika.

48. Rasmus Rasmusson Bø (Bø, Nærbø 87) kjøpte bnr. 1 av Jon Kvm (42) i 1868 for 700 spd. Han budde visst på Djøseland til

kring 1889, sidan på Nærbø stasjon. 6 barn var fødte på Djøseland, dei er førde på Bø e. til j.

49. Ole Tønnesson (Kydland 27 a.) f. 27/8 1834, død 9/4 1913. G. 11/4 1867 m. Karen Rasmusdtr. Bekkeheien (Høyland 86 d.) f. 31/11 1839, død 31/10 1921. Ole hadde butt på Auestad (42). Kring 1875 kjøpte han ein part (1/3) av bnr. 1 (48) for 1000 kroner, bnr. 3. 5 barn:

- a. Asselina, f. Auestad 29/1 1868, g. m. Ingebret Larsson Rangen (Kvia 68).
- b. Kirstina, f. Auestad 29/8 1870, g. m. Tønnes (Reime 55).
- c. Tønnes Djøseland, f. 3/3 1873 (57).
- d. Regina, f. Djøseland 10/10 1875.
- e. Elen, f. 25/3 1880, g. m. Sven Rangen (Hobberstad 56).

50. Ola Nilsson (Gjertholen?) kjøpte bnr. 1 av Rasmus Bø si konkursbu kring 1883 for 2100 kroner. (Rasmus budde der framleis i 1886?) Det var sakfører Henrik Finne som stod for salet. Eg veit ikkje om Ola Nilsson budde der. Kanskje var han far til 47, og i så fall døde han på Gjertholen 26/2 1896.

51. Ola Olson Dubland (S-Varhaug 108) kjøpte plassen Rongen av Lars Olson i 1888 for 1740 kroner.

52. Elias Pederson (35 b.) f. 6/12 1851. G. 11/12 1903 m. Ingeborg Jonasdtr. (Grødeland, Nærbø 22 b.) f. 4/9 1875, død 27/6 1963. Elias kjøpte bnr. 9 av faren i 1880 for 1500 kroner — folge. 5 barn:

- a. Peder Djøseland, f. 23/10 1904 (59).
- b. Jonas, f. 12/1 1906, død 26/1 s. å.
- c. Margreta, f. 5/8 1907, g. 6/2 1932 m. Olaf Olson (Ånestad 123).
- d. Johan Djøseland, f. 24/9 1909.
- e. Jenny, f. 8/6 1912, død 8/6 1928.

53. Andreas Larsson (38 c.) f. 21/6 1862, død 29/4 1950, ugift. Andreas kjøpte bnr. 10 av faren i 1887 for 1400 kroner -j- folge. Odd Ånestad eig nå garden (60).

54. Søren Svenson Kartevoll (sjå Håland 86B.) kjøpte Rongen i 1893, truleg av 51. I 1901 gav han frå seg til versonen Torsten Luther Bjorheim. Han døde 5/10 1898, så det var vel enkja som gav over til versonen. Om barna sjå Håland.

55. Martin Gabrielson (Ueland 64 f.) f. 29/6 1853, død 23/10 1908. G. 17/10 1889 m. Ingeborg Berte Pedersdtr. (35 c.) f. 29/6 1853. Martin Gabrielson kjøpte bnr. 1 kring 1890, kanskje etter 50. 5 barn:

- a. Peder, f. 23/11 1889, død 20/8 1913. Eit grustak rapte over han på Hårr.
- b. Gabriel, f. 28/5 1891, reist til Amerika, g. m. Sigrid.
- c. Maria, f. 3/1 1893. Bur på Varhaug st.
- d. Martin Djøseland, f. 16/9 1894 (65).
- e. Enevald, f. 3/11 1895, død 27/6 1967, g. 9/11 1921 m. Ragna Sivertsdtr. (Varhaug 112 b.) f. 13/11 1895. Han var montør på Varhaug stasjon (Reiestad 74).

56. Ole Bertinius Olson Småhau (Voll 92 f.) f. 2/3 1863. G. 1) 3/2 1893 m. Berta Abrahamsdtr. (43 c.) f. 7/1 1868, d. 18/6 1893. G. 2) 21/10 1904 m. Anna Malena Torgersdtr. (Herigstad 62 e.) f. 10/12 1871. Han tok over bnr. 2 av verfare Abraham Asbjørnson i 1893. Bruket selt til Tønnes Olson (57) i 1926. 1 barn i første gifte og 5 i andre:

- a. Oskar, f. 29/3 1893, målar.
- b. Berta, f. 26/1 1905.
- c. Trygve, f. 3/1 1907, g. 4/3 1950 m. Mary Lode. Sjøfør (sjå Nærbø stasjon 159).
- d. Hanna, f. 18/9 1910.
- e. Ole, f. 28/9 1912.
- f. Maria, f. 15/10 1915, g. m. Trygve T. Sør-Reime.

57. Tønnes Olson (49 e.) f. 3/3 1873. G. 19/11 1897 m. Margreta Gjermundsdtr. (Vigrestad 41 g.) f. 11/3 1871, død 10/10 1946. Tønnes tok over bnr. 3 etter faren, og kjøpte bnr. 2 i 1926. 9 barn:

- a. Ingeborg Gurine, f. 12/9 1899, g. 22/3 1930 m. Sem Jonson Kanaheien (Opstad 94 a.).
- b. Ole Djøseland, f. 20/4 1903 (62).
- c. Gjermund Djøseland, f. 31/7 1904 (63).
- d. Karen, f. 14/2 1901, g. m. Ole T. Vigre (Vigre 63).
- e. Torvald, f. 27/3 1908.
- f. Magnus, f. 6/4 1910, død 25/6 1929.
- g. Sille, f. 14/1 1912, g. m. enk. Peder Mikal Høyland (sjå Reime 63 b.).
- h. Magna Teresia, f. 21/10 1914, g. 19/12 1936 m. Arne (Njærheim 154).
- i. Regina, f. 29/3 1906, g. 18/5 1935 m. Jonas Jakobson Hetland, Brusand, f. 2/5 1909.

58. Torsten Luther Bjorheim (Bjorheim 22 g.) f. 15/3 1872. G. 16/3 1900 m. Maria Sørensdtr. (54 a.) f. 19/8 1875, død 11/4 1966. Luther Bjorheim tok over Rongen etter verfare i 1901. Dei var nok barnlause, og Maria sin søsterson, Søren O. Kartevoll (64), tok over i 1944.

59. Peder Eliasson (52 a.) f. 23/10 1904, død 28/4 1948. G. 1935 m. Elisa Karlsdtr. Lode (Lerbrekk 48 a.) f. 2/12 1910. Han tok over bnr. 9 etter faren.
60. Odd Olson Ånestad, f. 7/3 1932. G. 1/7 1956 m. Leikny Jensdtr. Kleiven, f. i Sirevåg 25/8 1939. Han tok over bnr. 10 etter Andreas Larsson (53) i 1953 ved morbroren Johan Eliasson. Barn:
- Aud Margrete, f. 3/1 1957.
 - Ove, f. 29/11 1958.
61. Omund Andreasson Årsland (Årsland 46 e.) f. 14/12 1924. G. 6/9 1954 m. Johanna Jonsdtr. (Refsnes, Nærbø 10 j.) f. 12/2 1925. Han kjøpte bnr. 1 av Maria, Gabriel og Enevald Djøseland i 1954 (sjå under 55). Barn:
- Ole Andreas, f. 19/10 1956.
 - Eli, f. 30/6 1958.
62. Ole Tønnesson (58 b.) f. 20/4 1903. g. 1945 m. Johanna Maria Andersdtr. Tunheim (Leien?), f. på Tunheim 19/4 1921. Ole Tønnesson tok over bnr. 3 etter faren i 1937. Barn:
- Margretha, f. 29/9 1943, g. 1961 m. Sigurd Indresæter.
 - Tønnes, f. 12/1 1945.
 - Jofrid Kristine, f. 23/5 1949.
 - Björg, f. 25/2 1951.
- Sem Gaulif, f. 1/3 1953.
 - Olga Maria, f. 13/7 1957.
63. Gjermund Tønnesson (58 c.) f. 31/7 1904. G. 1939 m. Tora Jørgensdtr. (Lerbrekk 46 b.) f. 1/9 1911. Gjermund tok over bnr. 2 i 1939. Barn:
- Tor, f. 20/6 1940.
 - Jostein, f. 11/8 1946, g. 1970 m. Inger Egeland, Bergen.
 - Marit, f. 23/1 1950.
 - Ingrid, f. 12/2 1955.
64. Søren O. Kartevoll, f. i Varhaug 15/2 1905, son til Elen Vilhelmine Sørensdtr. Kartevoll (Håland 86B. d.) og Oskar Pedersen. G. 1942 m. Birgit Fjellså, f. i Flekkefjord 29/10 1911, dotter til Kristian og Agnes Fjellså. Han tok over bnr. 7 Rongen i 1944 etter 58. Barn:
- Ellinor, f. 23/5 1943, g. 1966 m. Gerhard Jårvik, Sauda.
 - Louise, f. 1/3 1945.
 - Astrid, f. 28/9 1947.
 - Sverre, f. 2/3 1949.
65. Martin Martinson (55 d.) f. 16/9 1894, død ugift. Han tok over bnr. 1 etter faren. Då han var død brukte brørne Gabriel og Enevald garden saman med søstera Maria. I 1954 selde dei til Omund Årsland.

G. nr. 40. Hobberstad

Utt. Håbbøfst. Gamal skuld var 2 1/2 pund korn landskuld. Namnet kjem nok av mansnamnet Hagbard, Hagbardstadir. Stavemåten har vore: Habrestad, Hoprestad, 1563 Haaborstaa, 1567 Hoborsteed, 1610 Hobersta, 1616 Haaberstad, 1668 Hobberstad, som har vore og framleis er den gjengse skrivemåten av namnet.

I 1617 åtte Alf Schiffun 1 1/2 pund i Hobberstad og 3 vetter var krongods. I 1723 var Hobberstad sjølveigargods, det vil seia, lensmannen Erik Jonson åtte alt, men hadde 2 leigendingar. Hobberstad var lensmannsgard og tingstad.

Hobberstad skifter mot vest med N-Varhaug, mot nord med Djøseland og Nord-Varhaug, mot aust med Ånestad og mot sør med S-Varhaug, Lerbrekke og Ånestad. Jorda er for det meste god fastmark på leir og grus undergrunn, der er og ein god del myr.

NAMNEREGISTER

1. Bjørn
2. Engelbright
3. Torchild
4. Knut
5. Sven
6. Sven d. y.
7. Livard
8. Halvard
9. Einar
10. Erik
11. Peder
12. Peder d. y.
13. Rasmus
14. Rasmus d. y.
15. Eybrand Eybrandson
16. Olluff
17. Truls Toreson
18. Truls
19. Sven
20. Anna
21. Eivind Håvardson
22. Ola Olson Reime
23. Tormod Halvardson
24. Rasmus Olson Reime
25. Jon Erikson Braut
26. Ola Olson d. y.
27. Elling Pederson N-Varhaug
28. Ola Gunnarson Åse
29. Rasmus Einarson Re
30. Erik Jonson
31. Johannes Olson
32. Jon Erikson
33. Torsten Erikson
34. Einar Rasmusson
35. Jon Jonson Obrestad
36. Peder Josefson Bø
37. Erik Torstenson
38. Jon Pederson
39. Torsten Tobias Erikson
40. Rasmus Erikson
41. Peder Jonson
42. Erik Torsten-Tobiasson
43. Hans Toreson Haugland
44. Elling Ellingson Pollestad
45. Erik Rasmusson
46. Jon Pederson d. y.
47. Asbjørn Pederson
48. Erik Ellingson Kvasselbakken
49. Torsten Tobias Erikson d. y.
50. Halvard Tollefson Aarrestad
51. Rasmus Hansson Åen
52. Helmik Erikson
53. Johannes Hansson Reime
54. Elling Sem Erikson Kvaselbakken
55. Hans Rasmusson
56. Sven Larsson Rangen
57. Mandius Bakke
58. Enevald Enokson Varhaug
59. Enok Varhaug
60. Kristian Ellingson
61. Jon J. Reime Hobberstad
62. Erik Helmikson

63. Paul Obrestad
 64. Ola Hansson
 65. Lars Rangen
 66. Erik Olausson Nord-Varhaug
 67. Hjalmar Hobberstad
1. Bjørn er nemnd på Hobberstad i 1519.
 2. Engelbright nemnd 1519.
 3. Torchild nemnd 1519.
 4. Knut er nemnd på Haaborstaa i 1563. Han skatta 1 dalar. (Var kanskje g. m. dotter til presten i Bø (Haa) Jon Ellingson, og hadde i så fall desse barna?) (Haa 1):
 - a. Erik Torland (Torland 7).
 - b. Jon Nærland (Nærland 6).
 - c. Peder Obrestad (Obrestad 7).
 5. Sven Hobberstad skatta 2 lod sylv i 1563.
 6. Sven d. y. skatta 2 lod sylv i 1563, er og nemnd i 1591. Han bøtte 3 dalar i 1567 for han stakk Tjøl Nærland.
 7. Livard skatta 2 lod sylv i 1563.
 8. Halvard nemnd på Hobberstad 1602/03/13/18. Han var bror til Helge (N-Varhaug 7).
 9. Einar nemnd 1602/13/27. Gav 3 vet leidang i 1624.
 10. Erik nemnd 1602/13.
 11. Peder nemnd 1602.
 12. Peder d. y. nemnd 1602.
 13. Rasmus nemnd 1603/18/19.
 14. Rasmus d. y. nemnd saman med 13 i 1613/18/19.
 15. Eybrand Eybrandson nemnd 1616/17, var truleg halvbror til Rasmus Jonson (Nærland 7) og kanskje g. m. enkja etter Rasmus Hobberstad? Hans barn var truleg:
 - a. Rasmus (Motland 10).
 - b. Knut (Njærheim 31).
 - c. Ingeborg, som tente hjå farbroren Knut (Gudmestad 5).
 16. Oluff gav 8 spd. leidang i 1624.
 17. Truls Toreson gav 1 vet leidang i 1624, ellers nemnd frå 1621 til 1628.

18. Truls nemnd saman med 17 i 1623/24/27/28.
19. Sven Hobberstad kravde skutsmål for seg og kona på tinget i 1633. "Dend meenige mand gaff dem idt gott schudtzmaahl. Iche andet ved dem end det som erligt ehr."
20. Anna Hobberstad er nemnd 1621/22.
21. Eivind Håvardson nemnd på Hobberstad 1627/28. (Sjå meir om han på Ødemotland 3.)
22. Ola Olson Reime (Reime 7 a.). Skal ein dømme etter rettsbøkene må denne mannen ha vore ein uvanleg kranglevoren og stridbar mann. I 1627 hadde han stemnt søskendbarnet sitt, Knut Gudmestad, for han hadde kome i slagsmål med han på Vigre. Rasmus og Karl Sør-Reime, Marit Reime og Anna Knutsdtr. Vigre vitna at Ola "vahr gaaen for døren at lade sitt vand". Så kom Knut (Gudmestad) og baud han til å slåst med seg. Halvard Grødeland vitna det same, og sa at Knut "røchte hannem oc i schegget". Einar Hobberstad vitna at Ola hadde mist noke av skjegget. Knut Gudmestad sa at det var Ola som hadde gjort åtak på han og rive skjegget av han. Til prov la han ein skjeggdott på bordet. Retten meinte at dei begge hadde like mykje skuld i slagsmålet "oc den eene haffuer giffuit liige saa stor orsage til perlementet som den anden, og bøhr enhuer at beholde huis de udj samme slagsmahl bekommit haffuer, uden nogen bøder eller gaffuer til huerandre". Det skal merkjast at Ola sin far, Ola Reime, hadde vore lensmann der i skipreidet, og at Knut Gudmestad var lensmann då dette gjekk for seg. Året etter, 1634, bar det verre til. Då kom Ola Hobberstad for Retten skulda for å ha drepe Ola Torgerson Opstad. For dette vart han dømd frå livet, og at all hans eigeendom skulle falle til kongen. Men Ola hadde rømt bort, og ingen visste kvar han var. Enkja sat på garden mange år. Kring 1660 skulle Ola vorte funnen heime på Hobberstad hjå kona som hadde gøymt han der mange år. Han vart då avretta, og ikkje lenge etter vart enkja gift med Jon Erikson Braut. Enkja heitte Sissel Olsdtr. Ola og Sissel sine barn var:
 - a. Ola Hobberstad (26), f. 1638.
 - b. Peder (Reime 10).
 - c. Anna Olsdtr., g. m. Jens (Odland 14).
 - d. Asbjørn (Motland 12), f. 1640.

- e. Anna d. y., g. m. Johannes Arneson (N-Varhaug 9).
- f. Sissel, gift på Bø (i Nærbø?).
- g. Marit, død før 1678.
- h. Anders.

Ola Olson Hobberstad vart avretta i Stavanger den 17. juni 1662. Me veit ikkje kven skarprettaren var, men det heiter at han hadde ikkje sverd til å avretta han med, så måtte dei kjøpe eit hjå Anna Hansdotter på Stangeland (Karmøy) som var ei enkje etter ein som heitte Ivar Nilsson. Det sverdet hadde dei betalt 18 riksdalar for, og ein mann dei sende til Karmøy etter sverdet fekk 2 riksdalar. Skarprettaren fekk 8 rdl. for å halshogge Ola, og 2 prestar i byen fekk 2 rdl. for dei hadde gjeve han trøyst og hjelp på rettarstaden. (Det er Torkel Mauland som har fortalt dette.)

23. Tormod Halvardson (sjå Ødemotland 2) kom til Hobberstad kring 1630, då Eivind Håvardson flutte til Ødemotland. Han var f. kring 1605, død 1672, skifte 7/5 det året. Kona heitte Kirsti Tolleivsdtr., som der var skifte etter 10/4 1676. Tormod brukte 3 vetter i 1665, som var 1/3 av heile Hobberstad. Dei let etter seg 3 barn:

- a. Magla (Magdalena), g. m. Elling Hobberstad (27).
- b. Anna, g. m. Ola Pederson (Høyland, Nærbø 21).
- c. Barbro, g. m. Ola Gjertson (Haugstad 13).

24. Rasmus Olson Reime (Reime 7 b.) var bror til 22. Han brukte 1/2 pund i Hobberstad i 1645. Rasmus var, som broren Ola, ein stridlynd mann og kom ofte i strid med loven. Ein må helst tru at han vanta mykje på vitet. Iser var det lensmannen, Hans Reime, han ville til livs. Den 19. september 1650 hadde lensmannen stemnt Rasmus Hobberstad for "han groffligen schal sig haffue forseet, iche een gang, men nogle gange, imoed hans strenge udgiffue-forpligt med meget meere". Der var innstemnde mange vitner, millom andre Eilev Kvia, Halvard Risa, Mons Djøseland, Ola Ånestad, Anders Lode og fleire. Det vart fortalt at 11te sundag etter trinitates hadde dei set og høyr, "at der Rasmus Hoberstad komb j Kierchen, huor hand iche haffde verit idt fult aar, da der han gich omkring den stoll Hans Remme stood udj, och bleff ham vaer, knytte hand sin neffue och ristet hans hoffuit med saadan miner och trussell imoed hannem, och munden gich paa hannem, men huad hans ord vare, det kunde de iche merche och forstaae, formedelst san-

gen j Kirchen". Eilev Kvia vitna, at Rasmus kom til han på Kvia, då hadde han spurt kvifor han "droeg saa til lensmandens gaard och j hans frauerelse sloeg hans vinduer ind, saaoch hans folch, och gjorde saadan gevalt". Då hadde Rasmus svara at "det hand achtet intet derom, hand schulle snart komme och gjøre ham det som verre ehr". Sven og Levard Varhaug og Peder Nord-Varhaug vitna, at dei i haust var sende til Hobberstad for å stemne Rasmus til tings, fordi han i kyrkja hadde truga med å brenne garden (Reime). Då hadde han sagt til dei, "at den schulle lenge haffue veret opbrend".

Det er uvisst om Rasmus var gift, i all fall er korkje kona eller born nemnde. Men han hadde eit barn ue. med Anna Tørresdtr. Tvihaug, namn ukjendt.

25. Jon Erikson Braut var son til Erik Knutson Sør Braut i Klepp og kona Berit Tjerandsdtr. frå Kleppe. Han var då sonesons son til Erik Torland (sjå Hobberstad 4 a.). Men om denne ættelina er rett torer ikkje eg gå god for. Jon Erikson var f. kring 1638, død 1694, skifte 28/9 det året. Kring 1662 vart han g. m. enkja etter 22, Sissel Olsdtr., som der var skifte etter 4/3 1678. Så gifte han seg 2) m. Anna Torstensdtr. (Grødeland 9 d.). Jon Erikson tok over bruket med den første kona og er i 1675 oppført som eigar av 6 vetter (1 pund). I 1663/65 er han nemnd domsmann på tinget, og frå 1669 var han lensmann i Kvia skipreide etter Nils Obrestad. Jon Hobberstad fekk skjøte på 3 vetter av Severin Pedersen (Godzen?) og Jens Pedersen (Saxer?) i 1690. Den 9/6 1666 hadde han fenge kjøpebrev på 1 1/2 pund av presten Lauritz Samuelson Lind på Haa. Første gifte var barnlaust, men 5 barn i andre:

- a. Erik Hobberstad (30).
- b. Torsten, f. 1685, død før 1716, ugift.
- c. Peder, f. 1690, død før 1701.
- d. Jon Jonson (Obrestad 17).
- e. Berit, g. m. enk. Hans Tjølsen (Nærland 18).

26. Ola Olson (22 a.) var f. kring 1638 (jammammal med stykfaren), død 1715, skifte 27/1 1716. G. 1) m. Kirsten Pedersdtr. (Lerbrek 6 d.), skifte 28/8 1700. G. 2) m. Magnhild Larsdtr., som visst nok døde hjå sonen Rasmus på Ueland. Ola brukte 1/2 pund i 1665, truleg den parten som farbroren Rasmus hadde brukt. Den 21/3 1667 stemnde Ola Olson Hobberstad, Levard og Sven Varhaug og Erik og Tormod Djøseland "anlangende it breff dj hannem

under forseigling haffuer meddelt, daterit Qualbeen dend 2 8bris (october) 1666, huomdinden dj meener forne Rasmus Olsen haffr hafft i brug, och i g: Anes tid ødelagt, hand hans hustru och børn efter dem at niude, efftersom dj eragter det forne rødnings ret, efter des videre bemelding. Dj herpaa nu for Retten at afflegge deris eed. Forne indsteffndte mænd møtte och affgaff iche egentlig at gjøre nogen forklaring om samme rødningspart, efftersom dj iche vidste huor meget hand haffde oprødet. Formente hand burde haffue schriffueren med u-uillige mænd, som sligt paa aasteden forsuarligen kunde paakiende. Forne Ole Olsen Hoberstad begierte samme breff for Retten maatte leses och paaschriffues, huilchet nu iche kunde tilstedes aff aarsage. Indsteffndte mænd for Retten henviser det paa aasteden, och ved iche fuld forklaring at giffue, som dog effter it opkast er forferdiget och aff dennem forseigled.....

Joen Hoberstad formeente bemte breff iche var loughligen, effterdj det iche til tinge er taget beschreffuen och hand dertil stefndt som billigt, effterdj hand nu er ejer dertil. Fremblagde derhos en semie som aff Her Lauritz Samuelsen, lénsmanden Niels Obrestad och 6 laugretesmænd, om deris agerbytte skeet er paa Hoberstad d: 24 Febr. 1666, som aff hannem och alle thilligemed dennem med deris boemercher er underteignet. Bemte Olle Hoberstad foregiffuer da hans boemerche bleff underteignet, var hand druchen, thilmed eragted samme semmie iche loughlig, formedelst dend aff forordned sorenschriffuer iche var schreffuit och forretted, och derfor aff ingen verdj.

Da, effter parternes foregiffuelse paa begge sider, eragtes billigen denne sag paa aasteden loughligen at indsteffnes med alt huis denne sag kand komme til oplusning. Videre gaais dennem imellem huis Rett er . .

Striden og usemja millom Ola Olson og stykfaren Jon Erikson heldt fram. Den 15. juni møtte dei på tinget på Stavnheim, då det fylgjande er innført i Retsboka:

”Efftersom der haffuer verit nogen stridighed mellem Joen Hoberstad och hans stiffsøn Olle Oelsøn ibm. da er begge parterne nu for Retten frembkommen, och foregiffuit om deris thuiustighed venligen och vel bleffuen forliht, nembliq at Olle Oelsøn Hoberstad offentlig bekiende, at huis ord som hand om hans stiff fader, Joen ibm. haffuer taldt, som udj adschilligt schulle bestaa, da foregaff hand det udj druchen-

schab at vere skeed. Erchlerede hans stiff fader derhos iche andet ved hannem at vide end det som en erlige mand udj alle maader vel eigner och anstaar, haffuer for Retten derhos hannem om fQrladelse ombedet, saadan hans forseelse at maatte effterlades, och som ochsaa for Retten bleff hannem tilgiffuit. Huorpaa de gaffue huerandre deris hender, och dermed vare de paa begge sider udj alle maader venligen och vel forligte.

Forne Olle Oelsøn sig derhos effter denne dag sin stiff fader och moder iche andet at beuise end det som en erlige, lydige søn vel eigner och anstaar. Saafrembt anderledes skeer, forpligter hand sig iche allenist dertil suare och indstaa, mens endoch for samme forseelse at giffue til Hospitalit tri Rixdr. Joen Hoberstad derimod udlof fuit sig iche heller andet end som tilbørligt sig imod sin søn Olle Oelsøn at begienge eller anstille. Dersom anderledis befindes, erbyder hand sig derfor med lough och rett hannem at suare och indstaa, och dermed ald deris iring och thrette til denne dag udj alle maader at vere død och magtesløs, och iche videre at paa-anches, mens udj aldt at forbliffue som nu indført er . .

Ola Olson hadde 6 barn i første gifte og 1 i andre:

a. Ola, var død før 1716. Han hadde ein son: Søren Olson, som var i København i kongens tenest ved Holmen i 1734. Her skal me atter sitera Retsbøkene: Anno 1734, 24. novbr. ”Peder Olsen Ougne, paa sin brodersøn, Søren Olsen, matros ved Holmen udj hans Mayst: tjeneste, og nu værende udj Kiøbenhafn, hans veigne, haver ladet indsteffne lensmanden, velagted Joen Erichsen Haaberstad, for at modtage pengene = 28 Rdr. for de pantsatte 12 spand korns leje udj gaarden Haaberstad, som enken Beritte Halvorsdatter nu paa-boer, eller og (i) dess mangel lide dom med processens omkostnings erstattelse efter loven.

Lensmanden, Joen Haaberstad, møtte, tilstod stefnemaalet. Svarede ellers dertil, saavel paa egne som samtlige sine medarfvingers veigne, at saasnart Peder Ougne fremviiser saadan fuldmagt fra citanten, som lovlig kand ansees og er af ham selv tillige med hans chef underskreven, samt derefter lovfølgelig lader bevise hans odelsret, da belover contraparten at kundgiøre Retten hans fuldkomrnen giensvar i sagen, og forinden saadant skeer formoder hand intet her udinden vorder foretaget.

- Peder Ougne fremlagde dernæst een messive fra bemelte Søren- Olsen med stempled papir belagt, datteret Kiøbenhafn d: 28 July 1734, som blev oplæst. Dernæst hans skriftlige indlæg datteret 24 November 1734, oplæst, og begge til Acten indført. Lensmanden reffere-rede sig til sit forrige, og førend Peder Ougne fremviser sin lovlige fuldmagt fra dend nafngifne Søren Olsen, som hand tilforne har rekvireret, svarer hand intet. Derpaa er falden følgende: Fordi contraparten paatvifler at dend producerede messive eller fuldmagt til Peder Ougne ej skulle være saa aldeles rigtig, saa bliver denne sag til næste ting opsagt, og imidlertid forelægges forbemelte Peder Ougne at forskaffe fra hans (søstersøn?) Søren Olsen, saa fuldkommen fuldmagt, enten under Notarius Publicuses haand og seigl paa det sted hand nu er, eller og under hans chefs verification, saaledes at mand til forlovlig kand underrættes, at det er baade dend samme person som nu søger, saag at hand til søgningen har befuldmægtiget bemelte hans farbroder Peder Olsen Ougne, hvilchet, naar er efterkommed og eitanten derefter fuldbyrder lovens 5te bogs 5te Capt. 5te Art. ved at beviise sin ret, skal Rettens videre kiendelse paafølge, enten denne sag til doms eller paa aastedet kand blive ventileret." Søren Olson er ikkje nemnd seinare, det eg veit.
- b. Peder Sæland (seinare Ogna), f. 1660 (Sæland 5).
 - c. Johannes Hobberstad (31).
 - d. Sissel Olsdtr. var død før 1750. Ho hadde vore gift i Bergen, der ho hadde ein stykson, Peder Lind.
 - e. Anna, g. m. Endre (Mæland 14).
 - f. Sissel d. y., g. m. Gregorius (Rugland 8).
 - g. Rasmus Olson (Ueland 23).
27. Elling Pederson Nord-Varhaug (N-Varh. 12 a.) var f. kring 1645, g. m. Magla Tormodsdr. (23 a.). Han budde på den parten verfaren hadde brukt, 18 spd., men bytte bruk med 28, og N-Åse i Klepp, der Magla døde i 1718.
28. Ola Gunnarson Åse (sjå Husveg 14 b.) f. kring 1670, død 1699. Han hadde arva ein part i N-Åse etter farbroren Torger Åse. Så vart han trulova med enkja etter Jon Hobberstad (25), Anna Torstensdr., og i 1698 bytte han bruk med 27 og kom til Hobberstad, men døde brått året etter, ugift.
- Ola og Anna var skylde i andre og tredje led, då hennar mor og hans mormor var søstre.
29. Rasmus Einarson Re var son til lensmann Einar Rasmusson Re i Time og kona Astrid Isaksdr. frå Nærland. Han var f. kring 1675, g. 1) 1700 med enkja Anna Torstensdr. (25) som der var skifte etter 25/9 1716. G. 2) m. Berit Jonsdr. Kvasheim, f. 1676, dotter til Jon Pederson Kvasheim i Ogna og kona Johanna Toresdr. Rasmus byksla 3 vetter av Erik og Torsten Jonsøner i 1699. Han livde i 1742, men var død før 1758. 2 barn i første gifte:
 - a. Jon Sør Braut, f. 1701, g. m. Sygni Larsdr. Horpestad.
 - b. Einar Hobberstad (34).
 30. Erik Jonson (25 a.) f. 1679, død 1729, skifte 24/1 1730. G. m. Ingeborg Eriksdr. (Nærland 14 b.) f. kring 1685, død 1742. Jordegodset var skreve på Erik i 1697, og i 1718 og 1725 står han som eigar av 1 pund og 18 spd. Av det brukte han sjølv 1 pd. og stykfaren Rasmus Einarson 18 spd. I 1697 vart han tilsett som lensmann i Kvia skbr. etter Jon Tjæranson Grødeland og Rasmus Nord-Varhaug som hadde vore konstituert etter tur i lensmans-umbodet frå 1694 etter Jon Erikson. 7 barn:
 - a. Jon Hobberstad, f. 1705 (32).
 - b. Erik Åse, f. 1709, g. m. trimenningen sin, enkja Inger Tjærandsdr. Åse, f. Haugland i Time.
 - c. Anna, f. 1700, g. m. Tjøl Pederson (Obrestad 19).
 - d. Berit, f. 1708, g. m. enk. Jon Ellingson (Njølstad 7).
 - e. Torsten Hobberstad, f. 1716 (33).
 - f. Anna d. y., f. 1720, g. m. søskendbarnet sitt, Tjøl Hansson (Nærland 20).
 - g. Berit d. y., f. 1726, g. m. Hans Gunnarson (Obrestad 20).
 31. Johannes Olson (26 c.) f. kring 1672, død 1734, skifte 19/3. G. 1) m. Karen Pedersdr. (Haugstad 11 e.) f. kring 1670, død 1717. G. 2) m. Berit Halvardsdr. (Djøseland 11 a.). Johannes brukte 12 spand som Erik Jonson åtte, og som 26 hadde ått. 5 barn i andre gifte, 1 i første:
 - a. Peder Tjemsland, f. 1710 (S-Tjemsland 18).
 - b. Karen, f. 1718.
 - c. Halvard Storhaug i Klepp, f. 1721, g. m. Barbro Reiardsdr. Kydland i Gjesdal, søster til Arnbjørn (Voll 27).

- d. Kirsten, f. 1726, g. m. Tore Sivertson Høiland i Oгна.
- e. Guri, f. 1728.
- f. Berit, f. 1730.

32. Jon Erikson (30 a.) f. 1705, død 1742. G. m. Ragnhild Torstensdr. (Grødeland 11 c.) f. 1710, seinare g. m. Ola Nilsson (Sør-Reime 16). Jon Erikson brukte 12 spd. etter 31 og 6 spd. etter faren. I 1737 byksla han 12 spd. til Ola Asbjørnson (Motland 13). Han budde ikkje lenge på Hobberstad, og dei 18 spd. gjekk til Torsten Erikson. Jon Erikson var lensmann etter faren frå 1728 til han døde. Dei hadde ei dotter:

- a. Ingeborg Jonsdr., f. 1735, g. m. Lars Jonson (Obrestad 22).

33. Torsten Erikson (30 e.) f. kring 1716, død 1796. G. m. Anna Torstensdr. (Grødeland 11 d.) f. kring 1716, død før 1787. Dei var trimenningar både på farsida og morsida. Torsten tok over dei 18 spd. etter broren Jon. I 1723/33 er han førd som eigar av heile Hobberstad, 2 1/4 pund, men brukte sjølv berre 18 spd. I 1642/45 står han som eigar av 31 1/2 spd. og søster hans åtte då 4 1/2 spand. Då broren Jon var død, vart Torsten lensmann og sat i ombodet til han døde. Dei hadde 5 barn:

- a. Anna, f. 1747, g. 1) m. Jon Jonson (35), g. 2) m. Peder Josefson (36).
- b. Erik Hobberstad, f. 1750 (37).
- c. Herborg, f. 1754, g. m. Erik Jonson (Obrestad 23).
- d. Torsten Nord-Varhaug, f. 1757 (N-Varh. 29).
- e. Ingeborg, f. 1762, g. 1787 m. Ola Monsson (Bjorland 9).

34. Einar Rasmusson (29 b.) f. kring 1706, død på Kvasheim i 1790. G. m. Berit Tjølstdr., f. 1720, død 1771, dotter til Tjøl Gunnarson Friestad i Oгна og Berit Ellingsdr. Einar brukte dei 18 spd. etter faren, som Torsten Erikson åtte. Han kom seinare til Kvasheim i Oгна. Dei hadde 6 barn:

- a. Anna, f. 1736, g. m. enk. Bernt Monsson (Torland 30).
- b. Rasmus, f. 1743.
- c. Berta, f. 1746, g. m. Ola Johannesson Kvasheim.
- d. Tjøl Hårr, f. 1750 (Hårr 42).
- e. Einar, f. 1755, død på Kvasheim 1774.
- f. Jon, f. 1757, g. m. Helga Hansdr. Budde i Sirevåg.

35. Jon Jonson (Obrestad 17 d.) var f. 1732, død 1771. G. 1) m. Anna Olsdr., f. i

Oгна 1745, død 1766, dotter til Ola Hansson Kvasheim og kona Gitlaug Einarsdr., f. Lerbrek. G. 2) 1767 m. Anna Torstensdr. (Hobberstad 33 a.) f. 1747. Jon hadde butt på Kvasheim, men kom til Hobberstad då Einar Rasmusson flutte til Kvasheim. I 1766 kjøpte han 11 spand i Hobberstad av medarvingane sine og hadde sjølv arva 2 1/2 spd. I 1788/1800 er han eigar av 1 pund. I hans tid var der berre 2 brukarar på Hobberstad til 1820. 3 barn:

- a. Berta, f. 1765, g. 1788 m. Jon Hansson (Husveg 29).
- b. Anna, f. 1768, g. 1792 m. Einar Einarson Åreskjold.
- c. Annad. y., f. 1770, død 1772.

36. Peder Josefson (Bø i Nærbø 42 a.) var f. 1737, død 4/5 1816. G. 1771 m. enkja etter 35, Anna Torstensdr., som døde i 1781, skifte etter henne 19/10 det året. Peder Josefson løyste inn 1 **pund** av Jon Jonson sine arvingar. Dei fekk 2 søner:

- a. Jon Hobberstad, f. 1772 (38).
- b. Josef Ånestad, f. 1775 (Ånestad 57). NB. Peder Hobberstad fekk som enkemann ei dotter: Guri, f. 1792. G. 1) m. enk. Mons Monsson (Skretting 63), g. 2) m. Erik Johannesson (Ånéstad 79). Kanskje var han og far til Elisabet Pedersdr., g. m. Rasmus Hansson (Bø 66).

37. Erik Torstenson (33 b.) f. 1750, død 5/6 1821. G. 1782 m. Ingeborg Rasmusdr. (Stavnheim 22 b.) f. 1755, død 22/12 1836. Erik fekk 1 pund og 6 spd. i heimegifte i 1786, som han skulle gi 90 rdl. for, og desutan hadde han teke over 7 spand i Ueland av søskena sine for 16 rdl. I 1786 vart han tilsett som lensmann i Kvia skbr. etter faren og sat i umbodet til 1808, då sonen Torsten tok over. 6 barn:

- a. Berta, f. 1784, trulova i 1806 m. Torsten Torstenson Obrestad, men døde straks etter og vart gravlagd 23/6, den dagen bryllupet skulle vore.
- b. Rakel, f. 1786, død 2/2 1855, ugift.
- c. Torsten Tobias Hobberstad, f. 1789 (39).
- d. Anna, f. 18/9 1791, død som barn.
- e. Rasmus Hobberstad, f. 1793 (40).
- f. Ingeborg, f. 1797, g. m. Abraham Tobias Torstenson (N-Varh. 31).

38. Jon Pederson (36 a.) f. 1772, død 13/1 1828. G. 3/3 1799 m. Maren (Maria) Olsdr. (Nærland 25 d.) f. 1777. Jon fekk 8 spand i farsarv og kjøpte 8 spand av broren og 8 spand av verbroren Einar Åreskjold. Det var altså ikkje rett at faren hadde løynt

inn dei 8 spd. av Einar. Jon og Maren hadde 8 barn:

- a. Peder Hobberstad, f. 1800 (41).
- b. Anna, f. 19/9 1802, død 16/3 1803.
- c. Ola, f. 1/5 1804, død 20/11 s. å.
- d. Torsten, f. 29/11 1805, død 8/1 1806.
- e. Ola Reiestad, f. 1/5 1807 (Reiestad 31).
- f. Berta, f. 18/4 1810, g. 18/10 1829 m. Mons Henrikson Vig i Klepp.
- g. Jonas Husveg, f. 12/5 1813 (Husveg 39).
- h. Abraham Nærland, f. 19/3 1817 (Nærland 34).

39. Torsten Tobias Erikson (37 c.) f. 1/2 1789, død 25/3 1839. G. 23/6 1816 m. Sissel Henriksdtr. (Auestad 25 c.) f. 31/7 1791, død 23/5 1870. Han kjøpte halve farsgården, 15 spd. i 1820. Den 12/2 1808 vart han tilsett som lensmann i Kvia etter faren. I krigen med England i 1810 vart han Høvedsmann for "Heimevernet" og vart sidan heidra med Danebrogs-orden. Dei hadde 8 barn:

- a. Erik Hobberstad, f. 1817 (42).
- b. Ingeborg Berte, f. 16/12 1818, død 1/2 1893, ugift.
- c. Henrik Øgard, f. 3/6 1820, g. 26/3 1844 m. Anna Maria Omundsdtr. Øgard i Klepp.
- d. Torsten Tobias Obrestad, f. 18/12 1822 (Obrestad 34).
- e. Hans Mikal Torland, f. 21/7 1825 (Torland 63).
- f. Sille Maria, f. 27/8 1827, død 24/5 1904, ugift.
- g. Abraham, f. 3/4 1830, g. m. Maren Boganes. Han var garvar.
- h. Anne Henrikke, f. 22/4 1833, død 31/12 1860, ugift.

40. Rasmus Erikson (37 e.) bror til 39, f. 8/9 1793, død 25/10 1855. G. 11/11 1821 m. Berta Kirstina Rasmusdtr. (N-Varh. 27 g.) f. 5/12 1790, død 28/3 1875. Rasmus tok over andre 15 spd. av faren sitt bruk frå 1817 eller 1820? 5 barn:

- a. Ingeborg Nerte, f. 13/4 1823, g. 1) m. Hans Svenson (Ånestad 77), G. 2) m. Anton Svenson (Ånestad 92).
- b. Ingeborg, f. 9/10 1825, g. m. Jon Tjølsen (Obrestad 33).
- c. Erik Hobberstad, f. 1828 (45).
- d. Rasmus, f. 6/10 1830, død 26/1 1854, ugift.
- e. Ola Rasmusson Skjærpe, f. 31/3 1834 (Skjærpe 39, Djøseland 45).

41. Peder Jonson (38 a.) f. 28/6 1800, død

30/6 1883. G. 16/11 1831 m. Maren Elisa Hammer Asbjørnsdtr., f. i Klepp 24/1 1813, død 24/12 1873, dotter til Asbjørn Siverson Skeie og kona Elisabet Hansdtr. Hammer Skeie. Peder kjøpte 1 pund av faren i 1826 for 400 spd. + følge til foreldrene. 6 barn:

- a. Elisabet Kirstina, f. 2/6 1836, g. 25/11 1857 m. Andreas Eivindson Braut i Klepp.
- b. Maria, f. 1832, g. 27/6 1850 m. Tønnes Olson (Stavnheim 40).
- c. Jon Hobberstad, f. 1840 (46).
- d. Hanna Serina, f. 24/4 1844, g. 26/2 1885 m. enk. Tønnes Jonson (Kvia, Nærbo 48).
- e. Asbjørn Hobberstad, f. 1847 (47).
- f. Peder, f. 14/3 1850, død 22/10 1877, ugift.

NB. Peder Jonson hadde ein son ue., Abraham, f. 23/10 1820 (sjå Herigstad 54).

42. Erik Torsten-Tobiasson (39 a.) f. 5/5 1817, død 2/9 1874. G. 26/6 1851 m. Maria Torgersdtr., f. i Klepp 29/3 1833, dotter til lensmann Torger Carlson Kleppe og kona Berta Svendsdtr., f. Mossige. Erik kjøpte 15 spd., bnr. 1, av mora i 1847 for 1000 spd. 4- følge. Han var konstituert lensmann etter Jon Jonson Hårr frå 1840, og var med i heradstyre og formannskap fleire valbolkar, ordførar i Haa 1868/69, og ellers med i tilskipingar av ymse slag. Var og "landhandlar" og postopnar. 6 barn:

- a. Seline Teresia, f. 6/7 1852, g. 13/3 1880 m. ingeniør ved jernbanen, John Johnson frå Sverige. Seinare reist til Amerika.
- b. Torsten Tobias Hobberstad (49).
- c. Torger Hobberstad, f. 14/7 1858, død på Nærbo 1887, g. 17/10 1883 m. Serina Omundsdtr. Norheim, f. 5/6 1860 (sjå Nærbo stasjon 5).
- d. Erik Andreas, f. 29/5 1861, reist til Amerika.
- e. Berta, f. 18/7 1866, reist til Amerika.
- f. Martin, f. 9/8 1870, reist til Amerika.

43. Hans Toreson Haugland, son til Tore Hanson Hauglands Gjero i Time (sjå Risa, Nærbo 46 g.) og kona Guri Nilsdtr. Han var f. i 1793, død på Bø 22/6 1854. G. 12/12 1822 m. Malena Rasmusdtr. Høneland (Ødemotland 11 e.) f. 10/7 1791, død på Bø 24/7 1888. Han var husmann på Kvaselbakken. Dei hadde 3 barn og desutan kvar sitt barn ue.:

- a. Sven Petterson, f. 15/6 1816.
- b. Guri Helena Hansdtr., f. 1/3 1818, g. 1) m. Elling Ellingson (44), g. 2) 1854

m. Sven Ellingson (Bratland 19 a.). Mora var Taletta Olsdtr. (Høyland 48 h.).

Sams barn:

- c. Guri Hansdtr., f. 6/4 1823, g. m. Rasmus Rasmusson (Bø 99).
- d. Tobias, f. 8/1 1828, død 30/1 1836.
- e. Ingeborg, f. 5/5 1830.

44. Elling Ellingson var son til Elling Vikanson Pollestad i Klepp (sjå Ånestad 35 g. og Lindal 13) f. 28/8 1808, død 12/5 1853. G. 28/11 1837 m. Guri Helena Hansdtr. (43 b.) f. 1/3 1818. Elling hadde butt på Figjane av Lerbrek, der barna var fødde, men kom seinare til Kvasselbakken, der han døde. 5 barn er kjende:

- a. Erik Hobberstad (Kvaselbakken) (48).
- b. Hans Mikal (Høyland 139) (Båda-Hans).
- c. Kirsten Ellingsdtr., f. 5/2 1843, død 6/12 1885, ugift.
- d. Tobias, f. 27/7 1845, g. i Klepp 3/12 1872 m. Berta-Elisabet Mikkelsdtr. Grødeland i Klepp, g. 2) 2/8 1890 m. Karen Taletta Larsdtr. Horpestad. Budde på Grødeland i Klepp.
- e. Elias, f. 11/3 1850. Budde i Stavanger.

45. Erik Rasmusson (40 c.) f. 1/1 1828, død 15/12 1921. G. 1) 31/10 1861 m. Karen Maria Jonsdtr. (Husveg 39 a.) f. 15/2 1840, død 17/11 1863. G. 2) 27/11 1864 m. Herborg Jonsdtr. (Reime 34 c.) f. 5/6 1825, død 19/5 1871. G. 3) 4/4 1872 m. Serina Korneliusdtr. (S-Varhaug 83 b.) f. 19/1 1836, død 1/9 1897. Erik kjøpte bnr. 6 av faren i 1847 for 500 spd. — folge. 1 barn i første gifte, 1 i andre, 5 i tredje:

- a. Rasmus, f. 6/1 1863, død 24/4 1866.
- b. Karen Rebekka, f. 24/12 1867, g. 1) m. Jon O. A. (Ånestad), g. 2) m. Gabriel O. A. (Ånestad 95 og 98).
- c. Helmik Hobberstad, f. 1873 (52).
- d. Berta Kirstina, f. 22/10 1875, g. 1/12 1905 m. Erik Gabrielson (Ånestad 109).
- e. Rakel, f. 30/4 1877, g. 20/1 1897 m. Lærer Andreas Olai Fitje (Lerbrekk 47).
- f. Karen Berte, f. 5/2 1879, død 1/7 1894.
- g. Emma Serina, f. 22/2 1884, død. Ho var lærar i Skien.

46. Jon Pederson (41 c.) f. 2/7 1840, død 20/11 1895. G. 20/6 1867 m. Anna Gurina Svensdtr. (Ånestad 71 b.) f. 26/10 1845, død 18/2 1899. Han kjøpte halve farsgarden, bnr. 7, 12 spd., i 1867 for 450 spd. halv folge. 11 barn:

- a. Peder, f. 9/7 1868, død 29/4 1882.
- b. Maren Elisa Hammer, f. 14/11 1869, g. m. Omund Olson Dubland (S-Varhaug 114).
- c. Sven, f. 24/7 1871, død 21/9 1873.
- d. Elen Malena, f. 19/1 1873, død ugift.
- e. Seline, f. 19/8 1874, g. m. Johannes Hansson (53).
- f. Anna Guria, f. 27/10 1876, død 13/4 1877.
- g. Anna Gurina, f. 10/3 1878, g. 1) m. Ole Johan Torgerson (Odland 66 b.), g. 2) m. Tore Torgerson (Odland 66 c.).
- h. Jon Hobberstad, f. 17/8 1880, g. 30/12 1904 m. Gjertine (N-Tjemsland 39 d.), død 26/8 1966, 83 år. Budde på Sandnes.
- i. Peder, f. 13/6 1882, død 26/3 1884.
- j. Maria, f. 21/3 1884, død 31/3 s. å.
- k. Per Hobberstad, f. 21/3 1884, g. m. Inga Ellingsdtr. Trones. Han var snekker på Sandnes.

47. Asbjørn Pederson (41 e.) bror til 46, f. 11/4 1847, død i Stavanger 20/2 1933. G. 1882 m. Elisabet Omundsdtr., f. i Oagna 24/9 1857, dotter til Omund Andersson Lasseskaret i Oagna og jenta Karen Malena Gunnarsdtr. Hadland. Asbjørn kjøpte den andre halvparten av farsgarden, bnr. 8, i 1867 for 450 spd. -f halv folge. I 1890 selde han garden til søstersonen Eivind Andreasson Braut for 6800 kroner. Sidan budde han visst i Stavanger. (Asbjørn var forpaktar på Nord-Kolnes i 1889.) Dei fekk 4 barn på Hobberstad og truleg 4 seinare:

- a. Maren Elisa, f. 13/11 1881, død 23/6 1886.
- b. Peder, f. 13/6 1882, død.
- c. Asbjørn Enevald, f. 18/3 1886, g. i Canada m. Malena Gjemre.
- d. Maren Elisa Hammer, f. 13/8 1887, død i USA 13/10 1951, g. m. Sivertson.
- e. Malena, busett i Canada.
- f. Palle Martin, f. på Kolnes 10/7 1889, g. m. Ragna.
- g. Hanna, f. 14/9 1893, g. m. Siver-tson i USA.
- h. Josefine, g. m. Nelson i USA.
- i. Ragna Bryn.

NB. Asbjørn Pederson hadde ei dotter ue., Berta, f. i Varhaug 18/8 1879, g. m. Jørgen (Ueland 84).

(Sven og Ole Ødegård i Time var forpaktarar på dette bruket i 1889. Eivind Andreasson Braut budde på Grødeland i Klepp i 1900. Han selde Hobberstad til H/T. Årrestad i 1890.)

48. Erik Ellingson (44 a.) Kvasselbakken. F. 25/9 1837. G. 1/4 1873 m. Berta Tønnesdr. (Torland 56 b.) f. 28/9 1847. I 1854 kjøpte Sven Ellingson Kvasselbakken hus og lausøyre av faren si dødsbu for 172 spd. 4 ort 5 sk., og i 1855 byksla Sven Ellingson plassen av dei Hobberstad. Denne Sven Ellingson var frå Bratland (19 a.). Han var g. 10/10 1854 m. enkja etter Elling Ellingson Kvaselbakken (44), Guri Helena Hansdr. og var altså stykfar til Erik Ellingson.

Når det står at han kjøpte av far sin, så trur eg det er meint verfare, Hans Toreson, som døde i 1854. Sven Ellingson har då brukt plassen til 1876 då Erik Ellingson kjøpte av dei Hobberstad, Erik Rasmuson, Jon Pederson og Asbjørn Pederson. Plassen fekk då bnr. 2. Erik og Berta fekk 5 barn:

- Elling Sem Hobberstad, f. 1873 (54).
- Tønnes Voll, f. 27/8 1876 (Voll 125).
- Hanna, f. 6/7 1879, død 1/12 1887.
- Inger Kirstine Jorine, f. 16/12 1885, g. 8/8 1915 m. Kias Pederson (Haugstad 46 f. og Varhaug st. 169).
- Helmik, f. 28/7 1889, reist til Amerika.

49. Torsten Tobias Erikson (42 b.) f. 9/8 1855, død på Hobberstad 1933. G. m. Trine Fredrikke Vilhelmine Hansen, f. i Kvinesdal 1862, dotter til lensmann i Kvinesdal, Hans Hansson. Tobias Hobberstad vart tilsett som lensmann i Haa i 1887. Han tok over farsgarden, bnr. 1, i 1884. I 1892 var han konkurs og måtte gå frå både garden og lensmansombodet. Seinare livde han eit omflakkande liv, mest i Stavanger. Han var ein kunnskapsrik og dugande jurist, men vond lagnad gjorde at han ikkje fekk utfolle seg fullt. 5 barn var fødde på Hobberstad:

- Maria, f. 8/6 1886, død 16/7 1952, g. m. bokhandlar Opsanger i Stavanger.
- Elisabet Cicilie, f. 16/4 1888. Busett og g. i USA.
- Erik, f. 7/11 1889. Busett i USA.
- Hans, f. 23/12 1890. Busett i USA.
- Hanna Margrethe Lardine, f. 7/8 1892.

50. Halvard Tollefson Aarrestad (H. T. Aarrestad) var son til Tollef Halvardson Aarrestad i Helleland. F. 1861, død 25/3 1925. G. 1) 18/12 1882 m. Ane Jonasdr. (Husveg 40 b.) f. 6/3 1859, død 6/11 1910. Ho var jordmor for halve Jæren. G. 2) 1912 m. Laura Olava Olsdr. Bjelland, f. i 1882, død 1933. H. T. Aarrestad kom til Varhaug som lærar i 1881. I 1890 kjøpte han bnr. 8 av Eivind Braut for 7500 kroner. I 1926 vart garden seld til Enevald Varhaug (58)

og han vart lensmann i Lund. Seinare busett i Stavanger. H. T. Aarrestad hadde 12 barn i første gifte og 4 i andre:

- Torleif, f. 14/10 1883, død i USA i 1957, g. m. Belinda Helgesen. Han var handelsmann i Canby, Minnesota.
- Jonas, f. 9/5 1885, død 8/7 1905, ugift. Lensmansbet.
- Harald, f. 3/9 1886, g. 2/7 1910 m. Sara Gunnarsdr. (Voll 103 d.), død 8/8 1968. Busett på Buøy.
- Gustav Adolf, f. 6/10 1888, g. m. Ingeborg Andersdr. Vettelend. Busett på Oagna.
- Anna, f. 14/2 1891, g. m. Tønnes (Odland 70).
- Ingolf, f. 24/4 1892, g. 1937 m. Margit Nord-Varhaug (sjå Husveg 49).
- Gerhard, f. 11/6 1893, prest i N-Dakota, g. m. Gustava Lee.
- Anton, f. 18/12 1894, død i USA 1/10 1914.
- Ingebjørg, f. 9/9 1896, død 8/12 1914.
- Tora, f. 1/5 1898, sjukesøster i USA.
- Fritjof, f. 8/3 1901, doktor i USA, g. m. Gladys Frances Earley.
- Jon, f. 12/6 1899 (Husveg 49).
- Arne Aarrestad, f. 1913, død 1933.
- Olav Bjelland Aarrestad, f. 24/5 1916, g. m. skodespelar Aasta Vold, Hamar.
- Leiv Hadvar Aarrestad, f. 25/4 1919, g. m. Signe Hodnesdal. Bygningsjef i Stavanger.
- Sven Andreas Aarrestad, f. 1922, jurist.

51. Rasmus Hansson Åen (Opstad, Nærbø 82) f. 12/2 1854, død 6/12 1916. G. 25/11 1880 m. Rakel Rasmusdr. (Årsland 32 e.) f. 10/10 1859, død 4/7 1914. Han kjøpte bnr. 1 i 1892. Barn:

- Hans Hobberstad (55).
- Rasmus Ingvald, f. 24/4 1884, død i Canada 25/2 1946.
- Ole, f. 10/8 1886, død 5/2 1892.
- Ragnvald, f. 6/4 1889, død i Canada 4/10 1971.
- Magnus Hobberstad, f. 13/8 1892, død 21/4 1964 (Varhaug 174), g. 20/5 1920 m. Magna Reime, f. 20/8 1894 (Reime 52 g.). Elektriker.
- Ole Hobberstad, f. på Hobberstad 23/10 1893, g. m. Elen (Skretting 117 d.). Sjå Bratland 44.
- Berta Karoline, f. 2/1 1895, g. 25/4 1914 m. Jonas Nygård (Tvihaug 45).
- Maria, f. 12/11 1899, g. m. Torger Åse i Amerika.

52. Helmik Erikson (45 c.) f. 7/3 1873, død 1925, bleiv i sjøen ved Nord-Varhaug.

G. 27/9 1901 m. Rakel Gurina (Reime 52 b.) f. 4/4 1883. Helmik tok over bnr. 6 etter faren i 1902. 12 barn:

- a. Erik Hobberstad, f. 26/2 1902 (62).
- b. Serina, f. 21/12 1903, g. 28/3 1931 m. Gabriel (Haugstad 75).
- c. Berta, f. 17/8 1905, g. 26/6 1930 m. Karl Sør-Reime (Lerbrek).
- d. Hans Hobberstad, f. 2/10 1907.
- e. Hjalmar (67), f. 26/8 1909, død 1940, g. m. Hanna Varhaug (S-Varhaug 112 h.).
- f. Randi, f. 26/6 1911, g. m. Magnus Bjorland (Njølstad 24).
- g. Kari, f. 28/8 1913, g. m. Jon R. Opstad (Nærbø st. 124).
- h. Tora, f. 29/9 1915, g. m. Ingvald (Sør-Reime 55).
- i. Astrid, f. 6/9 1917, g. m. Lars O. (Vigre 64 a.).
- j. Rasmus, f. 19/11 1919. Murar, Varhaug st.
- k. Martin, f. 15/11 1921, g. m. Ranveig Olafsdtr. Varhaug (S-Varhaug 135). Arb. ved jernbanen.
- l. Helga, f. 15/11 1921, g. m. Einar E. Lode (Nærbø st. 67 f.).

53. Johannes Hansson (Reime 37 h.) f. 6/9 1860. G. 8/4 1904 m. Seline Hobberstad (46 e.) f. 12/8 1874. Johannes tok over bnr. 7 etter verfare. 5 barn:

- a. Anna, f. 22/1 1905, død 1/1 1922.
- b. Jon Hobberstad, f. 31/7 1907 (61). Rakel Gurina, f. 20/9 1909, død 17/3 1943, ugift.
- d. Hans, f. 22/3 1911, død 24/7 1916.
- e. Hanna, f. 7/4 1914, g. 14/11 1936 m. Olav O. (Valdeland 28).

54. Elling Sem Erikson Kvaselbakken (48 a.) f. 23/12 1873, død 27/6 1965. G. 1) 20/12 1901 m. Maria Omundsdtr. (Lerbrek 35 b.) f. 2/6 1883, død 22/8 1908. G. 2) 16/2 1909 m. Elisabet Kristiansdtr. (Sør-Reime 35 d.) f. 9/4 1883, død 18/5 1947. Han brukte Kvaselbakken, bnr. 2, etter faren. Han var bygningsmann. 3 barn i første gifte og 4 i andre:

- a. Malena, f. 12/5 1902, g. 3/7 1926 m. Abraham (Voll 139).
- b. Erik, f. 12/4 1904, død 14/5 1962, g. m. Karen Stornes, Flekkefjord. Bonde i Austfold.
- c. Berta, f. 19/1 1906, død 24/12 1907.
- d. Maria, f. 26/8 1910, g. 16/1 1932 m. Martin Torgerson Bø i Ogna. (Sjå Herikstad 85.) Død 1967.
- e. Berta, f. 4/12 1912, g. 23/1 1943 m. Halvard Olsen.

- f. Rakel, f. 31/3 1915, g. 6/8 1949 m. Leif Fjeld, Vikevåg.
- g. Kristian Hobberstad (60).

55. Hans Rasmusson (51 a.) f. på Opstad i Nærbø 16/3 1882, død 4/1 1961. G. 21/11 1902 m. Olava Svendsdr. (Bratland 26 g.) f. 25/9 1880, død 8/6 1944. Dei budde nokre år i Canada, der dei hadde farm. I 1914 kom dei heim og tok over farsgarden på Hobberstad, bnr. 1. 8 barn:

- a. Rasmus, f. i USA 22/9 1903, g. m. Rakel (Bratland 32 a.).
- b. Sven, f. i USA 26/8 1904. Busett i ^{(^)etricicici} Canada, ugift.
- c. Henry, f. i USA 17/8 1906. Busett i Canada, ugift.
- d. Regina, f. i USA 9/10 1908, g. m. Thore Hodne i USA.
- e. Ruby, f. i USA 12/7 1911, g. m. Ole Larsson (Obrestad 50).
- f. Ola Hobberstad (64).
- g. Sverre, f. på Hobberstad 4/4 1916. Busett på Varhaug, ugift.
- h. Inga, f. på Hobberstad 26/6 1918, g. 1939 m. Hans (Reime 73).

56. Sven Larsson Rangen (Kvia, Nærbø 43 c.) f. 13/9 1880, død 12/6 1966. G. 31/3 1916 m. Elen Olsdtr. (Djøsland 49 e.) f. 25/3 1880, død 6/3 1956. Sven var snikker og var ei tid i Amerika. I 1915 kjøpte han ein part av Hobberstad, bnr. 17 (Rangen). 3 barn:

- a. Lars Rangen, f. 14/2 1917 (65).
- b. Anna, f. 4/7 1920, ugift.
- c. Ole, f. 2/11 1922, g. 1955 m. Aslaug (Sør-Reime), f. 24/8 1922 (sjå Haugland 40 g.).

57. Mandius Bakke (Mandius Egerton Edvardson) f. i Stavanger 17/10 1884. G. 22/12 1907 m. Berta Karlsdtr., f. 9/12 1876 (Lerbrek 34 b.). Kring 1910 kjøpte han ein part av Hobberstad, Bakke, bnr. 9. I 1930 selde Mandius Bakke parten sin i Hobberstad til Paul Obrestad og budde sidan på Varhaug stasjon. Barn:

- a. Karl Bakke, f. 2/10 1908 (sjå Varhaug 185).
- b. Håkon Bakke, f. 2/7 1910 (sjå N-Tjemsland 63).
- c. Ingeborg Bakke, f. 15/10 1913, g. m. Olaf T. Kvia, Nærbø.

58. Enevald Enokson Varhaug (S-Varh. 120) kjøpte bnr. 8 i 1926. I 1941 tok sonen over.

59. Enok Varhaug, son til 58, f. 11/7 1902.

- G. 1932 m. Inga Gustavsdr. (Nord-Varhaug 38 b.) f. 22/1 1905. Barn:
- Enevald, f. 13/7 1933, g. m. Oddbjørg (Håland 104 h.).
 - Gustav, f. 8/3 1935, g. 1961 m. Jolaug Bjorland (Reiestad 55 a.).
 - Rakel, f. 5/11 1936, g. 1962 m. Einar Lobekk (Skretting 153).
 - Edgard, f. 20/3 1938, g. 1963 m. Kjellaug-Marie Auestad (Reiestad 64 b.).
 - Tordis, f. 29/3 1940.
 - Irene, f. 20/1 1942, g. m. Jarl Hjelmland.
 - Reidun, f. 25/10 1944, g. 1970 m. Arnold (Skretting 137 g.).
 - Jan, f. 6/12 1945.
60. Kristian Ellingson (54 g.) f. 31/3 1915. G. 1939 m. Malena Torgersdr. Bø i Oгна, f. 1917. Kristian tok over Kvasselbakken, bnr. 2, etter faren i 1942. Barn:
- Erna, f. 1/2 1940, g. 14/3 1964 m. Arnold Vigdel, Sola.
 - Oddbjørg, f. 29/10 1942, g. 28/10 1961 m. Kjell Maudal, Maudal.
 - Eirik, f. 17/4 1944, g. 16/5 1964 m. Astrid (Ueland 89 n.).
 - Torunn, f. 4/2 1947, g. 17/7 1965 m. Marton (Ueland 89 l.).
 - Marit, f. 8/6 1949, g. m. Sigbjørn (Ånestad 115 b.).
 - Kristi, f. 19/4 1953.
61. Jon J. Reime Hobberstad (53 b.) f. 31/7 1907, død 10/3 1936. g. 14/10 1933 m. Sina Sivertsdr. (S-Varhaug 112 f.) f. 15/10 1903. Jon tok over bnr. 7 etter foreldrene. Barn:
- Johannes, f. 22/11 1934, g. 9/5 1959 m. Oddfrid Vigre (Vigre 61 b.).
 - Sigvart, f. 22/5 1936.
 - Oddvar, f. 17/5 1943, g. 24/10 1964 m. Eli Dalen (Varhaug 176 b.).
62. Erik Helmikson (52 a.) f. 26/2 1902. G. 1933 m. Grete Kristiansdr. (Skrettingland 33 c.) f. 24/9 1910. Erik bruker farsgården, bnr. 6. Barn:
- Ranveig, f. 4/3 1934. Håndgjerningslærerinde.
 - Helge, f. 18/5 1937, g. 4/7 1962 m. Johanne Braut, Todnem.
 - Kjell, f. 29/1 1944.
 - Øyvind, f. 20/2 1949.
63. Paul Obrestad (Obrestad 41 b.) f. 24/3 1912. G. 1944 m. Rakel Hansdr. Hetland, f. i Høyland 14/11 1918, dotter til Hans Rasmusson Hetland i Høyland og Selma Olsdr., f. Sviland. Paul Obrestad kjøpte bnr. 9, Bakke, av Mandius Bakke i 1930. Barn:
- Brit, f. 13/5 1946.
64. Ola Hansson (55 f.) f. i Amerika 18/10 1913. G. 1938 m. Berta Eriksdr. Vigrestad, f. i Time 19/2 1917 (Vigrestad). Han tok over bnr. 1 i 1947. Barn:
- Hans, f. 20/3 1939, g. 25/7 1962 m. Liv K. Åsland, Bryne.
 - Eirik, f. 4/4 1941, g. 30/10 1964 m. Gjertrud Lerbekk.
 - Oddlaug, f. 3/8 1943, g. 25/10 1966 m. Tobias S. (Bratland 36 d.).
 - Arvid, f. 27/10 1945.
 - Berit, f. 25/9 1951.
 - Ove, f. 29/8 1952.
65. Lars Rangen (56 a.) f. 14/2 1917. G. m. Ingebjørg Svensdr. Håland, f. 26/8 1921 (sjå N-Tjemsland). Tok over Rangen etter faren i 1951. Barn:
- Else, f. 13/8 1948.
 - Sven, f. 14/10 1951.
66. Erik Olausson Nord-Varhaug (N-Varh. 37 b.) f. 14/6 1872. G. m. Hansine Kristine Pedersdr., f. i Oгна 30/10 1879, dotter til Peder Gabrielson Homse og kona Elen Kristine Eriksdr., f. Næse, Austrått. Erik Olausson er førd på Hobberstad frå 1909 til 1919, der 6 barn var fødde:
- Ole, f. 24/6 1909 (N-Varhaug 52).
 - Peder, f. 23/2 1910, g. m. Myrtle Bryggeså, Evje.
 - Enevald, f. 22/11 1912, g. m. Inga Drange, Helleland.
 - Elen, f. 23/9 1914, g. 1953 m. Johannes Kyllingstad, Ålgård.
 - Hans, f. 4/12 1919 (sjå N-Varhaug 51).
 - Ivar, f. 20/9 1916 (Bratland 46).
67. Hjalmar Hobberstad (52 e.) død 1940.. G. 1931 m. Hanna (Varhaug 112 h.). Barn:
- Sigvald, f. 1/6 1931, g. m. Ragnhild (Sør-Reime 53 e.).
 - Astrid, f. 18/12 1935, g. 14/11 1953 m. Audun Sleire (Varhaug 154 b.).
 - Håkon, f. 4/2 1940, g. 1963 m. Berit Lode.

G.nr. 41. Nord-Varhaug

Utt. Norrvarau. Landskulda er 2 1/4 pund kornskuld. Av det åtte Haa prestebol 1 pund og Lectoratet i Kristiansand 12 spand eller eit halvt pund, resten, 18 spand, var bondegods.

Om namnet Varhaug skriv O. Rygh og Magnus Olsen i Norske Gaardsnavne: "Da det efter Stedsforholdene er muligt at forklare Iste Led som Elvenavn, kan Navnet sammenstilles med Var og Vaarnes i Stokke, Elvenavnet Varaaen i Fet og Trysil, samt Bygdenavnet Vardal. Men en nærmere Betragtning av Navnets 2den Sammensetning med haugr, som sikkert har Hensyn til Gravhauger fra forhistorisk Tid. Paa samme Maade kan 2det Led i Varhaugr opfattes, idet Husene paa Nordre Varhaug tidligere laa ganske tæt omkring en vældig Gravhaug, ja, det synes ligefrem nødvendigt at forstaa Navnet Varhaugr som sigtende til denne Gravhaug, da Gaarden ligger fuldstændig paa en Flade, med kun ubetydelige naturlige Hauger i Nærheden."

Skrivemåten har vore frå dei eldste tider: Waraughe, og i Diplomatarium Norvegicum 1465 Norwarawg og Warwg, seinare Warogen, Warogh, Wærog, i 1563 står Vorhuus (?), 1567 Warhogh, 1606 Noruarhou, 1616 Nuorduarhough, 1668 N. og S. Varhoug, 1723 Nor-Warhoug og Sør-Warhoug med pl. Hofuen (Høien). Den gjengse skrivemåten nå er Nord-Varhaug.

Garden skifter mot nord med Grødeland i Nærbø, mot aust med Djøseland og Hobberstad, mot sør med S. Varhaug og mot vest med sjøen. Jordsmonen er vanleg morænejord med noke myr.

NAMNEREGISTER

1. Tjodolv
2. Mikkel
3. Tjerand
4. Morten

5. Olluff
6. Mikkel
7. Olluff
8. Helge
9. Peder
10. Johannes Arneson
11. Helge Gunnarson
12. Gunnar Helgeson
13. Peder Olson
- 13B. Tomas Bårdson
14. Gunnar Ormson
15. Erik Knutson
16. Rasmus Olson
17. Helge Gunnarson
18. Ola Hansson Skjærpe
19. Ola Johannesson
20. Ola Monsson Halleland
21. Rasmus Rasmusson Husveg
- 21B. Peder Larsson
22. Rasmus Hansson
23. Omund Jakobson
24. Kristen Helgeson Håland
25. Gunnar Helgeson
26. Asser Knutson Reiestad
27. Rasmus Omundson
28. Omund Olson Ødemotland
29. Torsten Hobberstad
30. Lars Larsson Håland
31. Abraham Tobias Torstenson
32. Rasmus Rasmusson
33. Gabriel Taraldson Torland
34. Tobias Abrahamson
35. Ludvig Larsson
36. Rasmus Rasmusson
37. Olaus Rasmusson
38. Gustav Olausson
39. Johan Tobiasson
40. Lars Ludvigson
41. Laurits Ludvigson
42. Ludvig Ludvigson
43. Rasmus Rasmusson
44. Rasmus Rasmusson
45. Trygve Gustavson

46. Elias Tønnesson Reime
 47. Leidulf Ludvigson
 48. Leif Larsson
 49. Jon Johanson
 50. Tobias Johanson
 51. Hans Erikson
 52. Ole Erikson
1. Tjodolv er nemnd på Nord-Varhaug i 1519.
 2. Mikkel nemnd saman med Tjodolv i 1519.
 3. Tjerand nemnd i 1563, skatta 1 dalar og 1 ort. Ei dotter var truleg gift med Erik Gullikson (N-Halleland 5).
 4. Morten nemnd 1563, skatta 1 dalar.
 5. Olluff på Norvarhaug bømte 3 dalar for eit fredsbrot i 1567.
 6. Mikkel nemnd 1603/13. Han gav 3 spand leidang i 1624.
 7. Olluff gav 9 spd. leidang i 1624.
 8. Helge nemnd 1613, gav 6 spd. leidang i 1624. Han var bror til Halvard (Hobberstad 8).
 9. Peder nemnd 1613.
 10. Johannes Arneson Vig, truleg son til lensmann Arne Vig i Klepp (Haugland ski-pr.). Han var f. kring 1600, død 1669, skifte etter han 5/7 det året. G. m. Anna Olsdtr. (Hobberstad 22 e.). Johannes Arneson brukte 1 pund i N-Varhaug i 1645/65. 6 barn er nemnde:
 - a. Johannes (Bratland 9).
 - b. Ola N-Varhaug, f. 1660 (20).
 - c. Rasmus, f. 1662.
 - d. Kari.
 - e. Ingeborg.
 - f. Eli, g. m. enk. Ola Bjørnson Hognestad i Time.
 11. Helge Gunnarson (kanskje den same som 8) er nemnd i 1645 med kone og 2 barn. Truleg var dei fylgjande hans barn:
 - a. Tormod (Djøseland 6).
 - b. Gunnar N-Varhaug (12).
 - c. Sven, g. m. dotter til Tore (Vigrestad 7).
 - d. Ei dotter.
 12. Gunnar Helgeson (11 b.) f. kring 1615, brukte 9 spd. i 1665. Kona er ikkje nemnd, men ein son:
 - a. Helge N-Varhaug (17).
 13. Peder Olson brukte eit halvt pund i 1665. Han var f. kring 1610, skifte 10/4 1676. G. m. Ingeborg Ljødesdtr. (Store Håland, Nærbø 1 c.). 7 barn er nemnde:
 - a. Elling (Hobberstad 27).
 - b. Ola (Høyland i Nærbø 21).
 - c. Elias, f. 1658. Han hadde rymt frå militærteneest i 1684 saman med andre, og broren, Elling Hobberstad vart av futen pålagd å skaffe han tilbake.
 - d. Peder, f. 1660.
 - e. Eli, g. m. Rasmus Olson (16).
 - f. Karen, fekk barn ue. med soldat Tore Erikson i 1678.
 - g. Ingeborg.
 - 13B. Tomas Bårdson brukte 9 spd. i 1665, f. kring 1620.
 14. Gunnar Ormson var g. m. enkja etter Johannes Arneson (10), Anna Olsdtr. Der var skifte etter han 14/3 1673. Det er uvisst kven han var, men han hadde 2 søstre, Ågott, g. m. Gitle (Håland, Nærbø 2) og Guri som var ugift i 1673.
 15. Erik Knutson var kanskje han som tente hjå Erik Jakobson Lode i 1665. Han var f. kring 1650 og var enkemann på Nord-Varhaug i 1701, og tente då hjå Ola Johannesson, men hadde brukt gard før.
 16. Rasmus Olson var truleg son til Ola Re i Time og første kona Kirsten Ånundsdr. Han var f. kring 1640. G. m. Eli Pedersdr. (13 e.). Rasmus brukte 1/2 pund etter verfare. Der er ikkje funne noke skifte etter dei, men Rasmus livde i 1701. Me veit om 2 barn:
 - a. Elisabet, g. m. Ola Hansson (18).
 - b. Peder, f. 1680.
 17. Helge Gunnarson (12 a.) f. kring 1652, skifte etter han 2/10 1727. G. 1) m. Karen Livardsdr. (S-Varhaug 19 e.) som der var skifte etter 12/6 1695. G. 2) m. Guri Larsdr. (Ånestad 19 a.). Helge brukte 18 spd., som vel var faren sine 9 spd. og dei 9 spd. som Tomas Bårdson hadde brukt. Erik Hobberstad åtte desse 18 spd. 2 barn i første gifte og 3 i andre:
 - a. Gunnar N-Varhaug (25).
 - b. Guri, g. m. Peder Olson Ognå (sjå Sæland 5), g. 2) m. Tolleiv Mikkelsen Helland (Våland, Nærbø 10).
 - c. Lars (Sør-Tjemsland 17), f. 1700.

- d. Kirsten, f. 1697, g. m. Bård (Haugstad 24).
- e. Kari, f. 1695, g. 1) m. Ola Monson (20), g. 2) m. Kristen Helgeson (24).

18. Ola Hansson Skjærpe (Skjærpe, Nærbø 12 a.) f. kring 1679, skifte 10/12 1740. G. m. Elisabet Rasmusdr. (16 a.) som der var skifte etter 9/9 1736. Ola brukte 12 spd. etter 16, som Lektoratet i Kristiansand åtte. 9 barn:

- a. Eli, f. 1706, g. m. Hans Salomonson (Njærheim, Nærbø 62).
- b. Sissel, f. 1710, g. m. Gunnar Tjølsen Friestad, Ognå.
- c. Elisabet, f. 1713, g. 1) m. Jon Erikson (Djøseland 13), g. 2) m. Hans Pederson (Djøseland 15).
- d. Hans, f. 1715, var i marinen i 1740, seinare g. m. Lavrenza Larsdr. Øksnevad, g. 2) m. Marta Andersdr. Budde på Harveland i Sola.
- e. Anna, f. 1718, g. m. Rasmus Hansson (22).
- f. Marit, f. 1721.
- g. Eli d. y., f. 1727.
- h. Anna d. y., f. 1729, g. m. Ola Johannesson (Herigstad 32).
- i. Rasmus, f. 1732, tente på Obrestad i 1758, 24 år.

19. Ola Johannesson (10 b.) f. 1660, død før 1749. G. m. Marit Olsdr. Hognestad, dotter til Ola Bjørnson Hognestad og første kona, Helga Ellingsdr., f. Salte. Ola Johannesson brukte 1 pund som faren hadde brukt og som hørte under Bø prestebol. Skifte er ikkje funne, men 4 barn er kjende:

- a. Johannes, f. 1695.
- b. Karen, f. 1698, g. 1) m. Rasmus Rasmusson (21), g. 2) m. Omund Jakobson (23).
- c. Helga, g. i Stavanger 16/12 1735 m. Sven Ivarson Tasta.
- d. Eli, g. 8/10 1748 m. Kristen Kristenson. Ved skifte etter Eli 10/7 1772 var søstera Karen einaste arving.

20. Ola Monsson Halleland (Nord-Halleland 8 b.) f. kring 1694, skifte 12/10 1751. G. m. Kari Helgesdr. (17 e.) f. 1695. Ola Monsson byksla dei 18 spd. som Helge Gunnarson hadde brukt av Erik Jonson Hobberstad i 1729. 3 barn:

- a. Ingeborg, f. 1729. Ho var ugift, men fekk ein son ue., Ola Olson, f. 1752 (sjå S-Varhaug 69). Seinare vart Ingeborg g. m. Asser Knutson (26).
- b. Guri, f. 1733, død 1753.
- c. Karen, f. 1735.

21. Rasmus Rasmusson (Husveg 16 a.) f. kring 1703, skifte 11/10 1742. G. m. Karen Olsdr. (19 a.) f. kring 1698. Rasmus tok over 1 pd. etter 19. Bykselbrevet dagsett 24/3 1731. 4 barn:

- a. Rasmus, f. 1731, død i Stavanger 10/6 1803. Han hadde vore gift og let etter seg 2 barn: 1. Ingeborg, f. 1773, g. m. Peder (N-Tjemsland 25). 2. Elen Maria, f. 1785, tente hjå Peder N-Tjemsland i 1801.
- b. Marit, f. 1735, g. 1) m. enk. Omund Svenson (N-Tjemsland 19), g. 2) m. Paul Tjerandson Grødeland (N-Tjemsland 22).
- c. Kirsti, f. 1737, g. m. enk. Ola Omundson (S-Varhaug 50).
- d. Johannes, f. 1739, død før 1758.

21B. Peder Larsson var laugrettesmann i 1742. Han er ikkje nemnd annan stad, så vidt eg har funne.

22. Rasmus Hansson (Låge Håland, Nærbø 6 b.) f. kring 1710, skifte 18/6 1774. G. kring 1743 m. Anna Olsdr. (18 e.) f. kring 1718, skifte 18/6 1781. Rasmus Hansson tok over dei 18 spd. etter verfarene kring 1743. 6 barn:

- a. Elisabet, f. 1743, g. m. Omund Olson (28), g. 2) m. Lars Larsson (30).
- b. Ola Rasmusson (Njærheim, Nærbø 76).
- c. Anna Kirstina, f. 1752, g. m. Torsten Torstenson (29).
- d. Rasmus, f. 1755, død 31/7 1808, ugift og blind.
- e. Sissel, f. 1757, død før 1774.
- f. Hans, f. 1759 (sjå Næsheim, Nærbø 72).

23. Omund Jakobson (S-Varhaug 39 a.) f. kring 1715, skifte 17/6 1775. G. 1743 m. enkja etter 21, Karen Olsdr. Han byksla 1 pund prestegods av Sigvard Munch etter 21 i 1744. Ein son:

- a. Rasmus Omundson (27).

24. Kristen Helgeson (Låge Håland, Nærbø 7) vart g. 2) m. enkja etter 20, Kari Helgesdr. Dei livde i 1758 og brukte dei 18 spd. etter 20, som Erik Hobberstad åtte. Kristen var stykfar til 22.

25. Gunnar Helgeson (17 a.) f. kring 1684, død på Fuglestad i Ognå 6/1 1764. I 1758 er han kalla Gunnar Nord-Varhaug, men budde nok på Fuglestad. Han var g. 1) m. Anna Karlsdr. Fuglestad, g. 2) m. Berit Pedersdr. Voll. Av barna i andre gifte skal me her nemne desse:

- a. Peder Mauland i Time, f. 1735, g. m. Malena Pedersdtr.
- b. Gunnar (Rugland 17), f. 1742.
- c. Anna, f. 1747, død på Bø i Nærbø 1806, ugift.
- d. Karen, f. 1752, g. m. Jon Gunnarson Bø (Nærbø 65), g. 2) m. Reiar Tollakson (Bø 73).
26. Asser Knutson (Reiestad 18b.) f. 1732, død 5/1 1797. G. m. Ingeborg Olsdtr. (20 a.) f. 1729, død 23/2 1805. Ikkje barn. Asser brukte dei 18 spd. etter 24 som han byksla av Torsten Erikson Hobberstad i 1767.
27. Rasmus Omundson (23 a.) f. 1744, død (1825?). G. m. Ingeborg Olsdtr. (Stavnheim 19 a.) f. 1750, død 29/2 1824. Rasmus byksla 1 pund av presten Niels Grøver etter faren i 1769. 9 barn:
- a. Ola, f. 1777, død ugift i 1801.
- b. Omund, f. 1779, død på Sandnes 1852. G. 1) m. ukjend, g. 2) m. Dorthea Malena Toresdtr. Øksnevad. Var sjømann.
- c. Torkel, f. 1781, død 25/10 1810, ugift.
- d. Gabriel (Bjørheim 17), f. 1783.
- e. Rasmus Kalsvaren (Mæland 19).
- f. Karen, f. 1788, død på Årslund 16/3 1871, ugift. Ho hadde ei dotter ue., Elisabet Ludvigsdtr., f. 21/12 1820 (sjå Auestad 25 i.), g. m. Elias Kristoffer-son (Håland 58).
- g. Berta Kirstina, f. 5/12 1791, g. m. Rasmus Erikson (Hobberstad 40).
- h. Ingeborg Kirstine, f. 28/12 1794, g. m. Ole Svenson (Bratland 20).
- i. Rasmus Nord-Varhaug, f. 1793 (32).
28. Omund Olson (Ødemotland 8 b.) f. 1759, død 1787, skifte 12/11 det året. G. 1780 m. Elisabet Rasmusdtr. (22 a.) f. kring 1743. Omund byksla 12 spand av Grøver i 1781 etter vermora. Han skulle gi følge til henne og sonen Rasmus. Det var den parten som låg til Lektoratet i Kristiansand. Dei hadde 3 barn:
- a. Rasmus Kvasheim, f. 1784, g. m. Johanna Olsdtr. Kvasheim.
- b. Anna, f. 1786, g. i Ognå 21/6 1824 m. Rasmus Jonson Sirevåg.
- c. Ola, f. 1787, død 1/2 1816. Han hadde ein son ue., Ola Olson (Haugland 22), f. 2/5 1806.
29. Torsten Torstenson (Hobberstad 33 d.) f. 1757, død 30/7 1814. G. 20/3 1788 m. Anna Kirstina Rasmusdtr. (22 c.) f. 1752, død 2/2 1815. Torsten kjøpte dei 18 spand av faren i 1786 for 54 rdl., som Asser Knutson hadde byksla og brukt. Ein son:
- a. Abraham Tobias Nord-Varhaug (31), f. 17/4 1794. — NB. Segna seier at det ikkje var Anna Kirstina som var mora, men ei gjenta frå S-Varhaug.
30. Lars Larsson (Håland 23 f.) fødd kring 1761, død 12/2 1833. G. 27/8 1789 m. enkja etter 28, Elisabet Rasmusdtr., som døde 20/3 1816. Lars Larsson byksla dei 12 spd. lektoratgods av Niels Grøver i 1789 etter 28. Etter Elisabet var død gifta han seg 2) 15/3 1818 m. Berta Kirstina Larsdtr. (Vigre, Nærbø 35 d.) f. 30/5 1790, død 16/3 1867. 5 barn i andre gifte:
- a. Lars, f. 20/5 1820, død 17/6 s. å.
- b. Ludvig N-Varhaug, f. 20/5 1820 (35).
- c. Elisabet, f. 12/4 1822, g. m. Gabriel Taraldson (33).
- d. Kristian, f. 15/2 1829 (sjå Bø, Nærbø 104).
- e. Lars N-Varhaug, f. 4/11 1825 (36).
31. Abraham Tobias Torstenson (29 a.) f. 17/4 1794, død 17/11 1876. G. 29/3 1815 m. Ingeborg Eriksdtr. (Hobberstad 37 f.) f. 23/4 1797, død 21/6 1857. Dei var søskenbarn. Abraham Tobias vart tilskreven dei 18 spd. av foreldrene i 1810 for 300 rdl. I 1818 fekk han skjøte på 14 spd. i Kydland av verfare, Erik Hobberstad. 10 barn:
- a. Torsten, f. 20/6 1816, død 25/8 1856, ugift.
- b. Anna Kirstina, f. 13/12 1818, død 9/8 1881, ugift.
- c. Erik, f. 4/2 1821 (Skretting 77).
- d. Tobias N-Varhaug, f. 15/6 1823 (34).
- e. Ingeborg Berte, f. 20/5 1826, g. m. enk. Rasmus Olson (S-Varhaug 88).
- f. Anna, f. 7/1 1829, død 31/12 1830.
- g. Abraham, f. 10/1 1832, død 27/12 1834.
- h. Anna, f. 28/6 1834.
- i. Jonas (Grødeland, Nærbø 22), f. 10/12 1837.
- j. Abraham, f. 19/12 1844, død 10/1 1867, ugift.
32. Rasmus Rasmusson (27 i.) f. 24/3 1793, død 4/7 1883. G. m. Guri Mikkelsdtr. (Madland 16 g.) f. 24/1 1802, død 1/5 1885. Rasmus byksla 1 pund prestegods av Søren Michael Kastrup etter faren i 1821. 9 barn:
- a. Ingeborg Berte, f. 5/11 1823, g. m. Sivert Rasmusson (Madland 22).
- b. Kirsten, f. 19/9 1826, g. m. Asbjørn Torstenson (Auestad 38).

- c. Rasmus N-Varhaug, f. 26/11 1829 (36).
- d. Mikkel (Husveg 42), f. 22/8 1832.
- e. Taletta, f. 26/10 1835, død ugift.
- f. Olaus S-Varhaug, f. 8/10 1838 (37).
- g. Reinert, f. 12/5 1842, død ugift.
- h. Guri, f. 27/2 1845, g. m. Ola Pederson Høien (S-Varh. 103).
- i. Omund, f. 12/6 1848, g. i Stavanger 28/9 1884 m. Anna Salvesdtr. Boganes, f. 22/4 1852. Han var skomakar. Døde som fatiglem på Lerbrek 4/5 1915.
33. Gabriel Taraldson (Torland 46 g.) f. 10/1 1810, g. 3/7 1850 m. Elisabet Larsdtr. (30 c.) f. 12/4 1822. Det er mest truleg at Gabriel har brukt dei 12 spand, bnr. 4 etter verfare. Han er nemnd på N-Varhaug til 1856, då han flutte til (Djøseland 41). Kom truleg seinare til Stavanger. 3 barn fødde på N-Varhaug:
- a. Lars, f. 9/5 1851.
- b. Ingeborg Berte, f. 9/11 1852.
- c. Taletta, f. 21/2 1856.
34. Tobias Abrahamson (31 d.) f. 15/6 1823, død 31/7 1892. G. 5/4 1866 m. Ingeborg Berte Jonsdtr. (Næsheim 84 h.) f. 5/4 1844. Tobias kjøpte 18 spd. av faren i 1859 som broren Torsten hadde kjøpt i 1851, men døde ifrå. Kjøpesum 500 spdl. -f- folge. Dette var bnr. 3. Barn:
- a. Johan N-Varhaug, f. 1869 (39).
- b. Ingeborg, f. 7/11 1870, død 30/12 1876.
- c. Elisabet, f. 19/11 1872, død 28/12 1876.
- d. Ingeborg Berte, f. 2/2 1875, død.
- e. Ingeborg, f. 3/10 1877, g. m. Rasmus Rasmusson (43).
- f. Elias, f. 1/1 1880, død 5/10 1898.
- g. Abraham Tobiasson, var eldst, f. 1/6 1867 (Reiestad 53).
35. Ludvig Larsson (30 b.) f. 20/5 1820, død 28/2 1887. G. 15/4 1869 m. Anne Berte Olsdtr. (S-Varhaug 87c.) f. 3/8 1842. Ludvig og broren Lars fekk kongeskjøte på dei 12 spand, bnr. 4, i 1868 for 1305 spdl. Lars var ugift og budde saman med Ludvig og var følgemann hjå brorsonen Lars Ludvigson i 1900. Ludvig og Anne Berte hadde 8 barn:
- a. Berta Kirstina, f. 12/2 1870, g. 3/12 1896 m. Jon Gabrielson (Husveg 46).
- b. Rakel, f. 11/7 1871, g. m. Ola Olson (Valdeland 18).
- c. Lars Ludvigson, f. 30/3 1874 (40).
- d. Elisabet Pauline, f. 30/10 1876, g. 1905 m. Jakob Rasmusson (S-Varhaug 123).
- e. Olina, f. 27/1 1879, g. 14/11 1903 m. Isak Larsson (Haugstad 59).
- f. Ane Bertine, f. 19/11 1881, g. m. Hans Tobiasson Auestad (Kydland 31 g.).
- g. Laurits Ludvigson, f. 17/9 1884 (41).
- h. Ludvig Ludvigson^ f. 17/7 1887 (42).
- i. Jonas Ludvigson, f. 20/1 1865 (sjå N-Tjemsland 47).
36. Rasmus Rasmusson (32 c.) f. 26/11 1829, død 22/12 1912. G. 12/4 1866 m. Ingeborg Larsdtr. (Sæland 18 b.) f. 19/3 1835. Rasmus tok. over halve farsgarden, bnr. 1, i 1869 for 575 spdl. 9 barn:
- a. Rasmus N-Varhaug, f. 3/10 1866 (43).
- b. Guri, f. 5/1 1868, død 16/12 1877.
- c. Ingeborg, f. 21/2 1869.
- d. Lars, f. 22/7 1870, død 25/12 1876.
- e. Jakob, f. 17/3 1872, død 16/2 1877.
- f. Ole, f. 10/3 1874, død 26/10 1875.
- g. Ole, f. 30/10 1875, død 9/6 1899.
- h. Lars, f. 24/4 1877, g. 17/12 1920 m. Anna Olsdtr. (Bratland 28 a.) f. 29/7 1892. (Bratland 38.)
- i. Jakob, f. 30/6 1880 (S-Varhaug 123).
37. Olaus Rasmusson (32 f.) f. 8/10 1838, død 2/8 1923. G. 11/11 1869 m. Inger Eriksdtr. (Årslund 28 a.) f. 19/5 1841, død 13/9 1916. Olaus kjøpte den andre halvparten av faren sitt bruk, bnr. 2, i 1869, for 575 spdl. 6 barn:
- a. Rasmus.
- b. Erik, f. 14/6 1872, g. m. Hansine Pedersdtr. Homse frå Ogna, f. 30/10 1879 (Hobberstad 66).
- c. Rasmus, f. 30/3 1874. Reist til USA.
- d. Gustav Nord-Varhaug, f. 23/6 1876 (38).
- e. Anton, f. 16/2 1879 (Lerbrek 50).
- f. Ole, f. 22/6 1881 (S-Varh. 166), g. m. Ingeborg Olsdtr. (Høiland?) f. 13/9 1883. Busett på Hinna, snikker og maler.
38. Gustav Olausson (37 d.) f. 23/6 1876, død 28/8 1970. G. 4/11 1902 m. Tomine Tobiasson Auestad (Kydland 31 f.) f. 23/11 1877, død 17/8 1964. Gustav tok over bnr. 2 etter faren. Han var bygningsmann. Barn:
- a. Ole Gustavson, f. 26/2 1903 (Tjemsland 61).
- b. Inga, f. 22/1 1905, g. 15/10 1932 m. Enok Varhaug (Hobberstad 59).
- c. Trygve N-Varhaug, f. 15/11 1907 (45).
- d. Godtfred, f. 3/9 1915, g. m. Ingrid Johannesdtr. (Haugstad 6 61 h.).

39. Johan Tobiasson (34 b.) f. 16/3 1869, død 21/8 1948. G. 22/3 1906 m. Martine Jonasdr. Herredsvela, f. i Ognå 2/9 1886, dotter til Jonas Bjørnson Herredsvela og kona Anna Malena Enoksdtr. (S-Varhaug 92 c.). Johan tok over bnr. 3 etter faren. Dei hadde 14 barn:

- a. Ingeborg Berte, f. 6/6 1907, g. m. Arnt Johan Salveson Herredsvela, f. 3/1 1901.
- b. Malena, f. 29/12 1908, g. 1932 m. Gabriel Jonson (Husveg 57).
- c. Berta Elisabet, f. 29/12 1908, g. 1930 m. Bendiks Abrahamson (Skretting 142).
- d. Thea, f. 31/3 1911, død 3/4 1923.
- e. Margit, f. 8/7 1912, g. 9/10 1937 m. Ingolf Årrestad (Husveg 60).
- f. Justina, f. 27/1 1914, g. 1942 m. Torsten Jørgenson (Lerbrek 60).
- g. Tobias, f. 28/10 1915 (50).
- h. Jon N-Varhaug, f. 23/9 1917 (49).
- i. Kristine, f. 15/12 1919, g. 2/8 1947 m. Jørgen Halvardson Veen i Bjerkreim.
- j. Jonas, f. 6/12 1920, g. 23/5 1952 m. Ingfrid Ellingsdr. (Ueland 91 c.). Bur på Fuglestad, Ognå.
- k. Ruth, f. 4/9 1922, g. 25/6 1949 m. Magne Tobiasson (Obrestad 47 b.).
- l. Toralv, f. 8/9 1924, g. 1/10 1949 m. Serina Skår. Snikker på Varhaug (sjå Bratland 43).
- m. Arne, f. 22/7 1926 (Bratland 47), g. 31/12 1946 m. Tordis Pedersdr. Moi i Bjerkreim.
- n. Thea, f. 15/12 1928, g. 16/12 1950 m. Leif (N-Varhaug 40 e.).

40. Lars Ludvigson (35 c.) f. 30/3 1874, død 31/3 1970. G. 1904 m. Josefine Vilhelmine Torgersdr. Fuglestad, f. i Ognå 24/12 1883, død 3/1 1958, dotter til Torger Torgerson Tårland, Fuglestad og Inger Omundsdtr., f. Gravdal. Lars og brørne Laurits og Ludvig skifte farsgarden, og Lars fekk hovedbruket, bnr. 4. Barn:

- a. Anna Bertine, f. 4/6 1905, g. 16/7 1933 m. Gunnar Risvoll Helgesen. Busett på Sandnes.
- b. Ludvig, f. 23/6 1906, g. 22/10 1932 m. Ingeborg Rasmusdr. (Obrestad 40 a.).
- c. Torger Leif, f. 17/9 1909, død 1932.
- d. Ingeborg, f. 13/2 1911, g. 1937 m. Jon Omundson (Dubland, Varhaug 140).
- e. Leif N-Varhaug, f. 30/9 1913 (48).
- f. Tollef, f. 9/3 1916 (S-Varh. 179), g. 1948 m. Rakel Rangen (Kvia 70 b.). Malar på Varhaug st.
- g. Ingvald, f. 27/3 1918, g. 29/5 1942 m. Ester Eliasson, f. på Minde (Bergen)

25/3 1920. Malar på Varhaug. (Lerbrek 39).

- h. Klara, f. 15/2 1921, g. 9/12 1950 m. Rolf Berge, Austfold.
- i. Borghild, f. 23/1 1923, g. 1956 m. Peter Ness, Kongsvinger.
- j. Ester, f. 12/1 1928, g. 15/10 1949 m. Tor Ikdal, f. i Hetland 1924, Sandnes.

41. Laurits Ludvigson (35 g.) bror til 40, f. 17/9 1884. G. 2/2 1917 m. Inger Rasmusdr. (Odland 55 g.) f. 31/8 1885. Laurits sin part av farsgarden er bnr. 5. Dei var barnlause og Leidulf N-Varhaug brukar garden (47).

42. Ludvig Ludvigson (35 h.) f. 17/7 1887. G. 29/6 1912 m. Rakel Eriksdr. (S-Varhaug 111 a.) f. 25/1 1889, d. 18/9 1969. Han fekk bnr. 6 av farsgarden. Barn:

- a. Leidulf Nord-Varhaug, f. 31/1 1914 (47).
- b. Aslaug, f. 18/5 1915, g. 9/12 1939 m. Tobias Erikson (Skretting 139).
- c. Erik, f. 19/6 1917, død 28/9 1937.
- d. Lars N-Varhaug, f. 11/6 1919 (Skretting 141).
- e. Brita, f. 3/9 1921, g. 1/4 1942 m. Gutorm Finsland, Kristiansand.
- f. Ranveig, f. 23/8 1923, g. 18/6 1949 m. Anker Njærheim (Njærheim, Nærbø 143 g.). Busett på Høyland i Nærbø.
- g. Liv, f. 3/7 1925, g. 18/6 1949 m. Karl Mauland, Time. Busett i Stokke i Vestfold.
- h. Olga, f. 27/4 1927, g. 18/6 1949 m. John Hapnes, Stavanger.
- i. Einar, f. 14/3 1929, g. 1959 m. Dagny Nygård, Jonsland. Heradsagronom i Halse, Hartmark og Holum.
- j. Bergit, f. 14/9 1932, g. 1957 m. Arne Kristian Solbakken, Sandar. Ho var menighets-søster.
- k. Astrid, f. 16/7 1934, g. 1960 m. Ivar Solbakken, Sandar. Ho var lærar.

43. Rasmus Rasmusson (36 a.) f. 3/10 1866. G. 4/4 1902 m. Ingeborg Tobiasdr. (N-Varh. 34 f.) f. 3/10 1877, død 13/2 1951. Han brukte farsgarden, bnr. 1. Barn:

- a. Rasmus Nord-Varhaug, f. 2/3 1903 (44).
- b. Ida, f. 21/1 1911, g. m. Ludvig (Sør-Varhaug 151).

44. Rasmus Rasmusson (43 a.) f. 2/3 1903. G. 1935 m. Teresia Rasmusdr. (Obrestad 40 e.) f. 17/12 1905, d. 2/3 1963. Han tok over bnr. 1 i 1937. Barn:

- a. Ingfrid, f. 30/4 1936, g. 1969 m. Anton (Ueland 89 j.).
- b. Oddny, f. 15/2 1940, g. 10/10 1959 m. Torfinn T. (Ueland 96 a.).
- c. Ragnar, f. 28/3 1944.
45. Trygve Gustavson (38 c.) f. 15/11 1907. G. 27/11 1937 m. Ingeborg Tjølsostr. (Årsland 42 b.) f. 12/6 1915. Han tok over bnr. 2 i 1934. Barn:
- a. Torun, f. 6/2 1939, g. 31/12 1964 m. Sverre Ånestad (Kydland 43 a.).
- b. Gustav, f. 16/4 1940, g. 28/11 1964 m. Marit (Skretting 143 c.).
- c. Gudrun Elise, f. 12/9 1941, g. 1962 m. Johannes Ånestad, son til Mikal (Ånestad 101 c.).
- d. Bjørg Irene, f. 10/5 1944.
- e. Turid, f. 12/11 1947.
46. Elias Tønnesson Reime (Reime 55 g.) f. 27/5 1909. G. 30/1 1937 m. Elbjørg E. Gudmestad (Skjærpe 46 c.) f. 16/1 1915, død 19/7 1970. Elias er bygningsmann. I 1937 kjøpte han ein part på Nord-Varhaug, Sunde bnr. 10. Barn:
- a. Tor, f. 27/5 1937, d. 4/7 1969, g. m. Oddveig (Håland 105 h.).
- b. Eldar, f. 15/2 1939.
- c. Klara, f. 10/2 1941, g. m. Arthur Håland.
- d. Einar, f. 19/5 1946.
- e. Else, f. 10/3 1948.
- f. Bjørg, f. 29/4 1951.
47. Leidulf Ludvigson (42 a.) f. 31/1 1914. G. 28/3 1942 m. Serina Omundstr. Skår (Bø, Nærbø 162 b.) f. 27/3 1916. Leidulf tok over bnr. 5 etter farbroren Laurits (41) i 1940. Barn:
- a. Livar, f. 10/12 1942, g. 24/10 1964 m. Kirsten Sørreime, dotter til Elling.
- b. Reidun, f. 29/11 1945.
- c. Oddmund, f. 25/6 1950.
- d. Synnøva, f. 30/4 1954.
48. Leif Larsson (40 e.) f. 30/9 1913. G. m. Thea Johansdr. N-Varhaug (39 n.) f. 15/12 1928. Han tok over bnr. 4 i 1944, etter faren. Barn:
- a. Magne, f. 25/11 1949.
- b. Lars Jan, f. 25/3 1952.
- c. Marit.
49. Jon Johanson (39 h.) f. 23/9 1917. Tok over bnr. 3 etter faren i 1945. I 1970 selde han til broren Toralf. (Bratland 43.)
50. Tobias Johanson (39 g.) f. 28/10 1915. Bureisar på ein part av farsgarden, Nordsletten bnr. 15, som han tok over i 1953.
51. Hans Erikson Nord-Varhaug (Hobberstad 66 e.) f. 4/12 1919. Bureisar på N-Varhaug frå 1943, Solbakken bnr. 12 og 13. Det var Peder Ueland som bureiste her og selde til Hans.
52. Ole Erikson Nord-Varhaug (Hobberstad 66 a.) f. 24/6 1909, er bror til 51. Han tok over ein part, Nyland bnr. 8, i 1947, som hadde vore i faren si eiga frå 1908. Han er jernbanearb. Det var faren som bygde hus på dette jordstykke.

G.nr. 42. Sør-Varhaug

Utt. Varau. Har ei landskuld på 4 pund korn i 1723. Då åtte provsten Søren Godzen heile garden, som var skift på 6 bykslemenn. Garden har nok tidlegare vore kyrkjegods. Seinare har garden skift millom ymse eigarar. I 1800/1812 åtte Bø prestebol 4 spand og Seminarium Fredricia 8 spand, som i den tid Gitle Rasmusson brukte, og som seinare sonen, Bård Gitleson åtte. I 1817 er der 7 brukarar som alle er sjølveigarar. På Varhaug stod den gamle Varhaugkyrkja.

Med omsyn til namnet Varhaug, så gjeld den same tydinga som for gnr. 41. Jorda er god moldrik fastmark på grus undergrund som strekkjer seg som ei stor slette ned mot sjøen, jamnfør namn som Flådå og Fedå. Til denne garden høyrer plassene Høien, Brekko, Dalen, Trånerudlo, Ævestvodl, Komlarvodl og Dubland, og truleg endå fleire. Det meste av Varhaug Stasjon er bygt på Varhaugsgrunn.

Sør-Varhaug skifter mot vest til sjøen, mot nord med Nord-Varhaug, Bratland og Ånestad, mot aust med Lerbrek og Primstad og mot sør med Husveg, Reiestad, Tjemsland og Skrettingland.

NAMNEREGISTER

1. Torgils
2. Joen
3. Gudleik
4. Olluff
5. Karl
6. Lauritz
7. Tordt
8. Sigmund
9. Levard
10. Vikan Varhaug
11. Eilev Varhaug
12. Gunnar Varhaug
13. Gunnar Varhaug d. y.
14. Halvard Varhaug

15. Nils Svenson
16. Sven Vikanson
17. Nils Halvardson
18. Johannes Halvardson
19. Livard Gunnarson
20. Vikan Svenson
21. Halvard Nilsson
22. Lauritz Varhaug
23. Elling Johannesson
24. Nils Olson
25. Ola Johannesson
26. Gunnar Livardson
27. Knut Ellingson
- 27B. Nils Sør-Varhaug
28. Rasmus Torstenson
29. Torkel Knutson
30. Jakob Olson
31. Gitle Lauritzson
32. Haldor Ellingson
33. Sven Torkelson
34. Ola Pederson Reime
- 34B. Lars Høien
35. JohannesJakobson
36. Halvard Gunnarson
37. Erik Jakobson
38. Ånund Olson
39. Jakob Omundson
40. Ivar Pederson
41. Jakob Jakobson
42. Ola Erikson
43. Omund Olson
44. Mikkel Fredeson
45. Osmund Omundson
46. Sven Olson Engene
47. Antonius Olson
48. Elling Gitleson
49. Peder Pederson
50. Ola Omundson
51. Lars Olson
52. Knut Mikkelson
53. Hans Simonson
54. Tjærand Olson
55. Siver Hansson

- | | |
|----------------------------------|--------------------------------------|
| 56. Peder Mikkelson | 114. Omund Olson Dubland |
| 57. Tolleiv T. Høien | 115. Ole O. Komlarvoll |
| 58. Gitle Rasmusson | 116. Abraham T. Rasmusson |
| 59. Peder Osmundson | 117. Peder Siverson Høien |
| 60. Rasmus Ellingson | 118. Sivert Siverson Høien |
| 61. Ola Antoniusson | 119. Lars Gitleson |
| 62. Asbjørn Johannesson | 120. Enevald Enokson |
| 63. Torsten Torstenson | 121. Peder A. Dalen |
| 64. Isak Tolleivson | 122. Nils Larsson Brekken |
| 65. Ola Olson Skrettingland | 123. Jakob R. Nord-Varhaug |
| 66. Rasmus Olson | 124. Peder Mortensen |
| 67. Mons Monsson Høien | 125. Kristoffer Hadland |
| 68. Ola Olson Høien | 126. Ole Erikson |
| 69. Ola Olson Varhaug | 127. Rasmus A. Auestad |
| 70. Ola Rasmusson | 128. Karl R. Auestad |
| 71. Bård Gitleson | 129. Ivar Voll |
| 72. Ola Olson Varhaug d. y. | 130. Ingebret Gausland |
| 73. Omund Olson | 131. Peter Olson Dubland |
| 73B. Hans Monsson | 132. Abraham Torstenson |
| 74. Aslak Torstenson | 133. Torsten Torstenson |
| 75. Jon Svenson Brekken | 134. Thor Stokkeland |
| 76. Ola Olson Næsheim | 135. Olaf Olson Varhaug |
| 77. Ola Pederson Brekken | 136. Rasmus Abrahamson |
| 78. Mikkel Torgerson Dalen | 137. Elling Abrahamson |
| 79. Sven Olson Skretting | 138. Olav Olson Ægren |
| 80. Peder Olson | 139. Andreas Sivertson |
| 81. Asser Olson | 140. Jon Omundson Dubland |
| 82. Peder Larsson Høien | 141. Einar Hadland |
| 83. Kornelius Svenson | 142. Lars P. Dalen |
| 84. Andreas Andersson Brekken | 143. Lars Nilsson Brekken |
| 85. Jesper Tørresson Kvia | 144. Sigvart Høien |
| 86. Ola Omundson | 145. Tobias O. Varhaug |
| 87. Ola Rasmusson | 146. Rasmus J. Varhaug |
| 88. Rasmus Olson | 147. Erik O. Varhaug |
| 89. Andreas Olson | 148. Ingebret Gausland jr. |
| 90. Jens A. Jensson Brekken | 149. Sven Larsson |
| 91. Ola Olson Reiestad | 150. Jonas E. Varhaug |
| 92. Jonas Albretson Hodne | 151. Ludvig J. Varhaug |
| 92B. Enok Albretson Hodne | 152. Karl Johan Primstad |
| 93. Nils Johannesson Dahl | 153. Sigvald Bratland |
| 94. Lars Olson Frøyland | 154. Martin Olson Sleire |
| 95. Peder Olson Lode | 154B. Magnus Varhaug |
| 96. Gitle Bårdson | 155. Erik Mikkelson Husveg |
| 97. Ola Pederson | 156. Rasmus A. Auestad |
| 98. Abraham Pederson Dalen | 157. Berta Karina Olsdtr. Årsland |
| 99. Ole Olson | 158. Abraham Sivertson Tjemsland |
| 100. Ole Olson Dubland | 159. Andreas Ludvigson Eikås |
| 101. Abraham T. Auestad | 160. Oskar Anda |
| 102. Siver Rasmusson Høien | 161. Gunnar Pederson Tjemsland |
| 103. Ola Pederson Høien | 162. Sivert S. Tjemsland |
| 104. Sven Korneliusson | 163. Knut Øverland |
| 105. Lars Nilsson Brekken | 164. Ole Jonson Tenold |
| 106. Jens Jensson Brekken | 165. Skipper Karl Johan Olai Karlsen |
| 107. Morten Abrahamson Herigstad | 166. Ole Olausson N-Varhaug |
| 108. Ola Olson Dubland d. y. | 167. Johan Rasmusen |
| 109. Rasmus Olson | 168. Grant Grønning |
| 110. Ola Olson Varhaug Ægren | 169. Kias Pederson Haugstad |
| 111. Erik Olson | 170. Andreas Tobiasson Ueland |
| 112. Sivert Per Olson | 171. Arne Qvam |
| 113. Torsten M. Abrahamson | 172. Martin Skrettingland |

173. Karl Åmodt
 174. Magnus Hobberstad
 175. Ivar T. Ueland
 176. Hans Dalen
 177. Gunleiv Bø
 178. Rasmus Skretting
 179. Tollef Nord-Varhaug
 180. Torstein A. Varhaug
 181. Kornelius Varhaug
 182. Peter Dubland
 183. Tobias Andreassen Ueland
 184. Tobias Antonsen Tjemsland
 185. Karl M. Bakke
 186. Gabriel Edland
 187. Magnus Håland
 188. Tomas Ueland
 189. Ingvald H. Ueland
 190. Magne S. Ånestad
 191. Jonas L. Reiestad
 192. Ole Flåte
 193. Dagfinn Ekeland
 194. Olav Einervoll
 195. Andrev Randulf Skaar
 196. Arthur Rasmussen Skretting
 197. Ragnar Rasmusson Skretting
 198. Reidar Rasmusson Skretting
 199. Rasmus M. Hobberstad
 200. Halfdan M. Hobberstad
 201. Jonas S. Bratland
 202. Henrik Olai Jelsa
 203. Audun Sleire
 204. Ådne Persen Skretting
 205. Magnar Person Skretting
1. Torgils er nemnd på Sør-Varhaug i 1519.
2. Joen nemnd 1519.
3. Gudleik nemnd 1519.
4. Olluff nemnd 1563, skatta 1 dalar, også nemnd 1603.
5. Karl nemnd 1563, skatta 1 dalar.
6. Lauritz nemnd 1563, skatta 1 dalar.
7. Tordt nemnd 1563 og 1602/03, skatta 1 dalar.
8. Sigmund nemnd 1602/03.
9. Levard nemnd 1602/03. Ei dotter:
 a. Torborg, g. m. Gunnar (Husveg 8).
- 10.** Vikan Varhaug nemnd 1613. Gav 1/2 pund leidang i 1624.
- 11.** Eilev Varhaug nemnd 1613, gav 9 spand leidang i 1624.
12. Gunnar Varhaug nemnd 1613, gav 9 spd. leidang i 1624.
13. Gunnar Varhaug d. y. nemnd saman med 12 i 1613.
14. Halvard Varhaug nemnd 1624, gav 9 spd. leidang, død før 1645. Hans barn var truleg:
 a. Johannes Halvardson, f. 1605 (18).
 b. Nils Halvardson, f. 1600 (17).
15. Nils Svenson gav 9 spd. leidang i 1624.
16. Sven Vikanson var truleg son til 10. Han var f. kring 1605, skifte etter han 19/10 1676, kona var død før, og me veit ikkje kva ho heitte. Han skatta 16 skilling i 1645 og brukte 1 pund i 1665. 6 barn er nemnde:
 a. Vikan Varhaug, f. 1640 (20).
 b. Rasmus, f. 1645, budde i Sokndal i 1676.
 c. Malena, g. m. Ola Johannesson (25).
 d. Ranveig, var kanskje g. m. enk. Rasmus (Tvihaug 10).
 e. Erik, f. 1652, var kanskje g. m. enkja etter Jon Svenson (Tvihaug 14), Siri Andersdtr.
 f. Endre, f. 1657, død før 1676.
17. Nils Halvardson (14 b.) f. kring 1600, skifte 15/6 1670. G. 1) m. ukjend. G. 2) m. Berit Omunds- eller Osmundsdr. Han skatta 16 skill, i 1645 og brukte 1/2 pund i 1665. I 1665 hadde Nils S-Varhaug stemnt Gunnar Antoniusson Husveg ”for it hors som hand schal haffue forkommet for hennem”. Der er nemnde 5 barn:
 a. Syneva, g. 1) m. Ola Rasmusson (Skretting 13), g. 2) m. Jon Jonson (Skretting 16).
 b. Halvard Nilsson Varhaug, f. 1625 (21).
 c. Hans Nilsson, f. 1663.
 d. Anna.
 e. Astrid. Ho var stemnd for retten av byfuten Christen Andersen i Stavanger for ho hadde fest seg i tenest hjå kona hans i 1672, ”och det iche effterkommet”. Bror hennar, Halvard Varhaug, møtte og sa at far deira var ein gammal mann og kunne ikkje vera av med henne, og at dei ikkje visste om at ho hadde fest seg, og at ho ikkje var myndig.
18. Johannes Halvardson (14 a.) var truleg bror til 17. Han var f. kring 1605, skifte 13/3 1676. G. m. Berit Ellingsdtr., som døde samstundes med Johannes. 4 barn:

- a. Elling Johannesson, f. 1640 (22).
- b. Halvard, f. 1644, død før 1676.
- c. Astrid.
- d. Berit.

19. Livard Gunnarson var bror til Gunnar Ølbør og Astrid Næsheim (sjå Næsheim, Nærbø 21 og 22). Han var son til Gunnar (Husveg 8 a.) f. kring 1614, skifte 21/9 1686. G. m. Berit Pedersdr. Han skatta 1 ort 8 skill, i 1645 og brukte 1 pund i 1665. I 1675 åtte han 11/2 spd. i Litle Undheim. I 1667 var han domsmann på tinget. I 1677 selde han 1/2 vet i Hadland i Ogna til sin svoger Karl Hadland. 8 barn er nemnde:

- a. Erik, f. 1660, død før 1694, ugift.
- b. Gunnar Varhaug, f. 1663 (26).
- c. Ingeborg, g. 1) m. Karl Olsson Hadland i Ogna, g. 2) m. Søren Tolleivson Hadland (sjå Aniksdal 14 b.).
- d. Torborg, var truleg gift på Hadland. Ho fekk barn ue. med soldat Sven Mons-son i 1678.
- e. Karen, g. m. Helge Gunnarson (N-Varh. 17).
- f. Malena, truleg g. 1) m. Erik (Kydland 11), g. 2) m. Tarald Olson (Kydland 12).
- g. Siri, var død før 1694. I 1691 var ho for retten for "lejermaal" med sin trimenning Rasmus Torstenson som tente saman med henne hjå presten Peder Erikson på Haa. Rasmus Torstenson var frå Grødeland.
- h. Berit, død før 1694.

20. Vikan Svenson (16 a.) f. kring 1640, skifte 1/3 1680. G. m. Ingeborg Pedersdr. (Lerbrek 6 f.). Vikan brukte 1 pund etter faren. 5 barn:

- a. Peder Vikanson (Bjorheim 7).
- b. Sven var utanlands i 1709.
- c. Anna, g. m. Salomon Hansson (Næsheim 39).
- d. Berit, g. m. Mikkel Mikkelsen (Grøt-heim, Nærbø 9).
- e. Barbro, død før 1709.

21. Halvard Nilsson (17 b.) f. kring 1625, skifte 15/6 1670. G. m. Berit Torkelsdr. (Skretting 10 c.). I 1669 var Halvard S—Varhaug for retten, innstemnd av presten Peder Eriksen, fordi han hadde "opsadt en lade och it fæhuus" på ein plass under Bratland som var kalla Prestegrind, og som presten var eigar til. Halvard brukte 1/2 pund i Varhaug i 1665. Han hadde 4 barn:

- a. Nils Halvardson, f. 1665, var ugift og tente på Bratland i 1706.
- b. Siri.

- c. Eldrid, truleg g. m. Jakob Olson (Varhaug 30).
- d. Anna, var ugift i 1713.

22. Lauritz Varhaug var bror til Bård Sæland. Han var g. m. enkja etter Halvard Nilsson, Berit Torkelsdr. Skifte etter Lauritz var halde 27/4 1700. Han brukte 1/2 pund etter Halvard Nilsson. 1 son:

- a. Gitle Lauritsson Varhaug (31).

23. Elling Johannesson (18 a.) f. kring 1640, skifte 28/3 1700. G. m. Lucia Johannesdr. (Vigrestad 9b.). Elling budde ei tid på Vigrestad, men tok over faren sitt bruk på Varhaug. Dei hadde 6 barn:

- a. Haldor Varhaug (32), f. 1683.
- b. Kirsten, g. 1) m. Gitle Lauritzson (31), g. 2) m. Erik Jakobson (37).
- e. Berit, g. m. Erik Larsson (Ueland?), budde i Gand?
- d. Malena, g. m. Ola Pederson Varhaug (34).
- e. Ingeborg, død før 1739, ugift.
- f. Anna, g. m. enk. Johannes Johannes-son (Bratland 9).

24. Nils Olson er nemnd på S-Varhaug frå 1701 til 1706. Det er uvisst kven han var. Han var f. kring 1645. G. m. enkja etter 20, Ingeborg Pedersdr. Magister Hans Seehusen i Stavanger selde 1 pund i S-Varhaug til mester Jens Godzen i 1696 som Nils Olson og Ola Johannesson brukte. Ei dotter er nemnd:

- a. Sissel Nilsdr., f. 1681, g. m. Jakob Omundson (39).

25. Ola Johannesson var f. i Varhaug kring 1650, skifte 13/9 1720. Eg har meint at han var son til Johannes Olson (Vigrestad 9 a.), men då han ikkje er nemnd i skifte etter han i 1672, så er det vel tvilsomt om det var så. Han tente hjå Rasmus Rasmusson Voll i 1665. Kring 1680 vart han g. m. Malena Svensdr. (Varhaug 16 c.), som der var skifte etter 1/3 1680, og straks etter vart han g. 2) m. Marit Ånundsdr. (Bratland 5 b.). Ola Johannesson brukte 1/2 pund av Sven Vikanson sin part. (Sjå ellers under 25.) 6 barn:

- a. Johannes Olson, f. 1682.
- b. Elling Olson, f. 1686, g. m. Kirsti Knutsdr. (Varh. 27 b.). Budde visst i Stavanger.
- c. Sissel, var g. m. Rasmus Stokkeland i Ogna. Han var nok frå Tvihaug og budde på Store Håland i Nærbø (5).
- d. Ånund Varhaug, f. 1695 (38).
- e. Malena, f. 1699, g. m. Erik Olson (Lode 29).

- f. Herborg, f. 1704, g. m. enk. Eivind Jonson (Bjorhaug 5).
26. Gunnar Livardson (19 b.) f. kring 1663, skifte 10/3 1694. G. m. Guri Ellingsdtr. Tunheim, dotter til Elling Andersson Tunheim i Time og kona Kirsti Josefsdtr. Gunnar brukte 1 pund etter faren, som han byksla av magister Jens Godzen i 1687. 1 son:
- Livard Gunnarson, f. 1692, g. 1) m. Gjertrud Rasmusdtr. Sele, g. 2) m. Guri Knutsdtr. (Varhaug 27 d.), dotter til Livard sin stykfar.
27. Knut Ellingson (Auestad 10 a.) f. kring 1670, skifte 11/12 1738. G. 1) m. enkja etter 26, Guri Ellingsdtr., som der var skifte etter 11/2 1704, g. 2) 1705 m. Ingeborg Svensdtr., dotter til Sven Toreson Mossige i Time og Karen Torkelsdtr. Knut byksla 1 pund av provst Søren Godzen etter Gunnar Livardson. 3 barn i første gifte og 8 i andre:
- Kirsti, f. 1695, g. m. Jan Pederson på Valberget i Stavanger, eller kanskje Erik Mathieson Vigdel?
 - Kirsti d. y., g. m. Elling Olson (Varhaug 25 b.).
 - Berit, g. m. Sven Hansson Oma i Stavanger.
 - Guri Knutsdtr., f. 1706, g. 1) m. Livard Gunnarson Sele (sjå 26 a. ovanfor), g. 2) m. Samuel Samuelson Sele.
 - Herborg, g. m. Halvard Gunnarson (Varhaug 36).
 - Elling Knutson, f. 1718.
 - Sven Knutson (Opstad i Nærbø 31).
 - Knut, f. 1722, busett i Stavanger.
 - Eldrid, f. 1728.
 - Karen.
 - Anna, f. 1730, g. m. Elling Erikson Vigdel. — Alle barna livde i 1752, Sven Opstad døde det året.
- 27B. Nils Sør-Varhaug var kalla Lille-Nils og var lagrettesmann i 1703, var truleg ikkje den same som 24.
28. Rasmus Torstenson Mossige (sjå Grødeland, Nærbø 9 a.) f. kring 1661. G. m. enkja etter Sven Torson Mossige, Karen Torkelsdtr. Han var stykfar til den andre kona hans Knut Ellingson, Ingeborg Svensdtr. I 1704 eller 1707 makebytte han med Knut Ellingson, som vel hadde butt på Mossige før. Rasmus døde på Mossige, og der var skifte etter han der 2/3 1734. 4 barn:
- Torsten, f. 1699, g. 1729 m. enkja Berte Gregoriusdtr. Busett i Stavanger.
- Sven Rasmusson Mossige, f. 1700, g. m. Karen Omundsdr. (Rimestad, Nærbø 14 a.).
 - Anna, g. m. Peder Olson Lende, Time.
 - Karen, g. m. Nils Eivindson Mossige.
29. Torkei Knutson var husmann på Revhaud (Høyen?) under Sør-Varhaug i 1701, f. kring 1635. Kona er ukjend, men ein son er nemnd:
- Sven Torkelson Revhaug, f. 1680 (33).
30. Jakob Olson brukte 1/2 pund i 1701 og 1706. Det er uvisst kven han var, men sumt talar for at han kunne vore son til Ola Knutson Laksesvela i Bjerkreim og kona Eli Gregoriusdtr. Han var f. kring 1657, skifte 30/4 1720. Truleg g. 1) m. Eldrid Halvardsdtr. (21 c.), død før 1710, og g. 2) m. Ingeborg Asgautsdtr., kanskje dotter til Asgaut Kolbeinson Vindingland i Bjerkreim og kona Guri Olsdtr. Jakob Olson brukte nok den parten som Halvard Nilsson, eller rettare Lauritz (22) hadde brukt. 6 barn i første gifte og 1 i andre:
- Halvard Jakobson, f. 1690.
 - Ola.
 - Johannes Varhaug, f. 1694 (35).
 - Ædli (Eldfrid?), f. 1697.
 - Lauritz. I 1724 var han for retten for "begangne horerie med Karen Nielsdatter Sør Reime". Lauritz møtte ikkje, "men siden det løsgatige qvindenmenneske ved lensmanden tilstaaer hendes forseelse med lejermaal, som og med præstens attest bevises, saa tilfindes hun at bøde til hans Mayst: 12 lod sølv, eller i des mangel at lide effter forordningen. Den udeblivende Lars Jacobsøn, som for lejermaal er stefnt, og nu iche møder, forelægges til Sommertinget næstholdende at møde, sagen at tilsvare. Da videre lovforsvarlig skal vore behandlet."
 - Eli Jakobsdtr., f. 1703, g. m. Lars Olson (Bjorland 6).
 - Jakob Jakobson Varhaug, f. 1714 (41).
31. Gitle Lauritzson (22 a.) f. kring 1675, skifte 26/1 1713. G. m. Kirsten Ellingsdtr. (23 b.). Gitle brukte 18 spd. i 1706. Dei hadde 3 barn:
- Lars Gitleson, f. 1702, død på reis frå Holland til Ostindia i 1724.
 - Elling Gitleson Varhaug, f. 1706 (48).
 - Berit, f. 1711, ugift og heime i 1758. Anna Halvardsdtr. (21 d.) hadde arv tilgode i dødsbua til Gitle Ellingson.
32. Haldor Ellingson (23 a.) f. kring 1683.

G. m. Marit Torgersdtr. (Stavnheim 12 a.). Ho var truleg den andre kona hans. Haldor brukte 18 spd. i 1706. Segna seier at han var i krigen i 7 år. Seinare budde han i Stavanger og var borgar der i 1741. Marit døde i Stavanger 30/5 1753, 70 år gml. Ein son var truleg av første gifte og 3 av andre:

- a. Elling Haldorson, f. 1705.
- b. Torgier Haldorson, f. i Stavanger 1721, g. 1745 m. Ingeborg Albertsdtr. Dalva.
- c. Peder, f. i Stavanger 1723.
- d. Birgitte, f. i Stavanger 1726.

33. Sven Torkelson Revhaug (29 a.) f. kring 1680. Han tente på Tjemsland i 1701, men var husmann på Revhaug i 1706 og 1723. Kona eller barn er ikkje nemnde.

34. Ola Pederson Reime (Reime, Nærbø 10 a.) f. kring 1658, skifte 19/7 1738. G. 1) m. Anna Gunnarsdtr. Sveinsvoll, død 1709, skifte 22/3. G. 2) m. Malena Ellingsdtr. (Varhaug 23 d.). Ola Pederson budde på Sveinsvoll med den første kona. Sidan tok han over dei 18 spd. i Varhaug som verbroren Haldor Ellingson hadde brukt, og som magistar Jens Godtzen åtte. Han hadde ei dotter i første gifte og ei i andre:

- a. Maren, livde ved skiftet etter faren.
- b. Anna, f. 1718, g. 1) m. Jakob Jakobson (41), g. 2) m. Ola Erikson (42).

34B. Lars Høien har eg ikkje funne nemnd, utan ein son:

- a. Ola Larsson Høien, f. kring 1734. Han tente på Nærland i 1758. (Lars kan truleg vore husmann.)

35. Johannes Jakobson (30 c.) f. kring 1694, skifte 6/2 1753. G. 1) m. Kirsten Bårdsdtr., som der var skifte etter 18/10 1738, g. 2) m. Anna Olsdtr. Den 25/11 1728 hadde der vore registrering og sekvestering over eigendommen hans. Han hadde "forseet sig i lejermaal med Birgitte Hansdtr.". Broren, Ola Jakobson, hadde då foreldre-arven sin ståande i bua. Ingen av dei andre søskend er nemnde då. Det ser ikkje ut til at noken av dei har buttt på faren sitt bruk, og me veit heller ikkje kvar det vart av stykmora, Ingeborg Asgautsdtr. Johannes var husmann på Revhaug eller Haugen (Høien) i 1728. Han hadde 2 barn i første gifte:

- a. Jakob Johannesson, f. 1730, død før 1753.
- b. Gunhild, f. 1733, tente på Husveg i 1758, og Peder Rasmusson Husveg var formyndar for henne. Ho vart seinare g. m. Hans Eliasson (Sæland 13).

36. Halvard Gunnarson er nemnd på Sør-Varhaug i 1738/39. Det er uvisst kven han var. Han var g. m. Herborg Knutsdtr. (27 e.) og hadde teke over 12 spd. etter Knut Ellingson frå 1738 til 1745. Barn er ikkje nemnde.

37. Erik Jakobson (sjå Haugstad 17 b.) f. kring 1680, død 1750. G. m. enkja etter 31, Kirsten Ellingsdtr. Han tok over dei 18 spd. som Gitle Lauritzson hadde brukt, og som Jens Godtzen si enkje åtte. I 1750 står enkja som brukar. Ein son er nemnd:

- a. Gitle Erikson, f. 1713 (sjå Årslund 21).

38. Ånund Olson (25 d.) f. kring 1695, skifte 23/11 1750. G. m. Kirsten Olsdtr. (Skrettingland 7 d.) f. 1700, skifte 6/3 1750. Ånund tok over 12 spd. etter faren, som Søren Godzen åtte. Dei hadde 5 barn:

- a. Berit, f. 1725, g. m. Ola Omundson (50).
- b. Marit, f. 1729, g. m. Ola Pederson (Høyland, Nærbø 36).
- c. Kirsten, f. 1733, tente på Nærland i 1758.
- d. Ola, f. 1736.
- e. Ola d. y., f. 1743, livde i 1785.


39. Jakob Omundson (sjå Voll 16 c.) f. kring 1684, skifte 25/11 1755. G. m. Sissel Nilsdtr. (Varhaug 24 a.) f. kring 1681. Jakob tok over 12 spd. etter Nils Olson, som provst Godzen åtte. Dei hadde 5 barn:

- a. Omund Jakobson (Nord-Varhaug 23).
- b. Ingeborg, g. m. Erik Erikson (Tvihaug 20).
- c. Nils, nemnd i 1755, men ikkje seinare.
- d. Kirsten, f. 1720, g. m. Peder Pederson (49).
- e. Sven, f. 1723, g. m. enkja Marta Pedersdtr. (Ueland 29B.).

40. Ivar Pederson brukte 12 spd. i 1723, som magistar Jens Godtzen si enkje åtte. Han var truleg frå Håland i Varhaug (sjå der 9 f.). F. kring 1699, skifte 10/10 1742. Han var truleg gift 2 gonger, men me veit ikkje kven første kona var. Den andre heitte Gjertrud Olsdtr., kanskje dotter til Ola Jakobson Øgreid i Eigersund og Joron Øysteinsdtr. Ho hadde ei søster, Anna Olsdtr., som døde hjå Johannes Johannesson i Egersund i 1748, og Gjertrud er då nemnd som arving. Ivar Pederson brukte dei 12 spd. som Jakob Olson (30) hadde brukt. Eg trudde at første kona var Jakob Olson si enkje, Ingeborg Asgautsdtr., men så fann eg fylgjande i Tingboka: Den 26. november 1727: "Ingeborg Asgautsdatter stefnt Ifver



Varhaug st. venteleg millom 1903—1910.



Daglegliv i Varhaug. Venteleg millom 1920—1927. Meieriet og Handelslaget.

Sør Varhoug for 6 Rdlr. for hun fløttet af sin gaard. Ifver Sør Varhoug møtte og tilstod gjelden, lofvede betaling med tiden. Citanten paastod dom. Ifver Sør Varhoug

tilkiendes at betale enehen Ingeborg Askoutsdatter de paastefnte 6 Rdlr. med een half Rdl. omkostning for processen,” Ivar hadde ei dotter i andre gifte:

- a. Kirsten, f. 1724, g. m. Antonius Olson (Varhaug 47). Peder Andersson Husveg var formynder for Kirsten, han var g. m. faster hennar, Magnhild Pedersdtr.

41. Jakob Jakobson (30 g.) var f. kring 1714, skifte 6/10 1741. Han er ikkje førd i futerekneskapen, men døde på Varhaug. Segna seier at han var komen frå Skjørestad i Høyland, og det er muleg at han budde der ei tid og hadde kanskje skyldfolk der. Der budde ein Velle Areson frå Eik i Bjerkreim, og ei dotter hans var g. m. Kolbein Eik. På Vigre i Nærbo budde Kolbein Asgautson som truleg var Jakob sin morbror, og ei søster, Siri Asgautsdtr., var g. m. Rasmus Svenson (sjå Vigre 17 og 22). Jakob Jakobson var g. m. Anna Olsdtr. (Varhaug 34 b.), men døde straks etter. Eg trur ikkje han brukte gard, og den einaste dottera han hadde var fødd post mortem:

a. Eli Jakobsdtr., f. 1742, g. m. Ådne Pederson (Husveg 28).

42. Ola Erikson (sjå Njærheim 58 b.) var f. kring 1717, død 8/3 1804. G. 1743 m. enkja etter 41, Anna Olsdtr., død 11/5 1807. Ola Erikson tok over dei 18 spd. etter verfare (34) i 1745. I 1757 selde Madam Godzen desse 18 spand til Kristen Monsson Skrettingland for 20 Rdl., og Ola Erikson byksla då av han. Dei fekk 5 barn:

a. Anna Malena, f. 1745, g. m. Rasmus Ellingson (60).

b. Anna, f. 1750, død 10/6 1827, ugift.

c. Mari, f. 1753, død på Lode 5/4 1837. Ho hadde vore g. m. enk. Erik Olson (Lode 34).

d. Anna d. y., f. 1757, var ugift i 1801.

e. Berit, f. 1759, g. m. Gabriel Toreson Matningsdal i Ognå.

43. Omund Olson var til huse hjå Ola Erikson i 1758. Han var f. kring 1687. G. m. Anna Olsdtr., f. kring 1693, og var til huse hjå Kristoffer Svenson Tjemsland i 1758. Det er uvisst kven dei var, kanskje legdefolk. Barn er ikkje nemnde.

44. Mikkel Fredeson (sjå Njærheim, Nærbo 43 b.) f. kring 1700, skifte 16/3 1763. G. m. Kirsten Pedersdtr. (Håland 9 g.), søster til 40, f. kring 1704. Mikkel Fredeson byksla 12 spand av madam Godzen kring 1730 etter Knut Ellingson. I 1757 kjøpte Sven Olson 6 spd. av desse, av madam Godzen, og i 1761 kjøpte Mikkel Fredeson dei 6 spd. av Sven Olson. Då Mikkel var død selde enkja og arvingane dei 6 spd. til Kristen Monsson Skrettingland for 24 rdl. 6 barn:

- a. Knut Mikkelson Varhaug (52).
- b. Peder Mikkelson, f. 1733, g. m. enkja etter Elling Roaldson Friestad. Budde på Friestad i Ognå.
- c. Peder Mikkelson d. y. (Varhaug 56).
- d. Ingeborg, f. 1743, g. m. Johannes Olson Friestad i Ognå.
- e. Kirsten, f. 1747, død på Husveg 7/12 1796, ugift.
- f. Mikkel Mikkelson (Voll 47).

45. Osmund Omundson kjøpte 12 spd. av madam Godzen i 1757, som Halvard Gunnarson hadde brukt. Det er uvisst kven han var. Han var f. kring 1710, skifte 16/3 1763. Han var tambur i 1736, då han var gift i Time m. Kirsten Pedersdtr. Mauland, f. kring 1707, skifte 12/7 1746, dotter til Peder Ivarson Mauland og kona Marit Olsdtr. Så vart han g. 2) m. enkja etter ein Sjur Toreson, Kirsten Toresdtr., f. i Ognå 1700, dotter til Tore Vellumson Stokkeland i Ognå og Marit Salvesdtr. frå Høiland. 2 barn i første gifte:

- a. Peder Osmundson (Varhaug 59).
- b. Malena, f. 1742.

46. Sven Olson Engene, var son til Ola Svenson Vålansengen i Ognå og kona Helga Svensdtr. frå Fuglestad i Bjerkreim. Han var f. på Søyland i Gjesdal kring 1695. G. 1) i 1720 m. Anna Olsdtr. Bogsdalen, f. 1698, død 1727. G. 2) 1728 m. Magdalena (Malena) Toresdtr. Matningsdal, f. 1703, dotter til Tore Nilsson Matningsdal i Ognå og Karen Ellingsdtr. Sven Olson budde ymse stader. I 1757 kjøpte han 6 spd. på Sør-Varhaug av madam Godtzen, som Elling Gitleson hadde brukt, og i 1761 selde han det same til Mikkel Fredeson. Sven Olson budde på Sør-Varhaug i 1758, men er ikkje nemnd i futerekneskapen noken gong. I 1761 byksla han 2 1/2 spd. i Salte av Gabriel Skeie. Før han kom til Varhaug hadde han butt på Eikeland Aua i Ognå og på Hetland. Det er uvisst kor mange barn han hadde, men me trur me kjenner 4 av første gifte og 2 av andre:

- a. Tollak Svenson, f. 1720 (Skjærpe, Nærbo 16).
- b. Ola Svenson, f. 1723 (var truleg far til 69?).
- c. Malena, f. kring 1724.
- d. Inger, f. kring 1726.
- e. Tore, f. 1728, g. i Høyland 1755 m. Maren Pedersdtr., f. 1724, død 1766, g. 2) 1767 m. enkja Helga Olsdtr. frå Tangen i Lysefjorden, f. 1722, død 1792, g. 3) 1793 m. Marta Jespersdtr. Vølstad f. 1747, død 1814. Tore budde på

Sandnes og døde der i 1819 (var son til Sven Olson Søyland og f. i Ogna),
f. Ola Svenson Ytre Salte.

47. Antonius Olson (Husveg 18 e.) f. kring 1720, død 1778. G. kring 1755 m. Kirsten Ivarsdtr. (40 a.) f. 1724, død 17/12 1805. Antonius byksla dei 12 spd. etter Ivar Pederson i 1742 av madam Godtzen. I 1757 kjøpte Kristen Monsson Skrettingland det same av madam Godtzen og Lars Helleman i Stavanger for 40 rdl. Antonius var tilboden å få kjøpe, men kunne ikkje skaffe pengar. Han byksla då av Kristen Skrettingland. Me veit om 2 barn:

- a. Ivar, f. 1756, truleg død ung.
- b. Ola Antoniusson Varhaug, f. 1760 (61).

48. Elling Gitleson (31 b.) f. kring 1706, skifte 12/11 1762. G. 1) m. enkja etter Hans Jonson (Haugstad 22), Kari Jakobsdtr., søster til 37. Ho døde i 1752, og så g. 2) m. Anna Aslaksdtr. (Refsland 3 g.) f. 1724. Elling Gitleson byksla 18 spd. av madam Godtzen etter mora. I 1757 selde madam Godtzen og Lars Helleman dei 6 spd. til Sven Olson (46) og dei 12 spd. til Rasmus Ellingson Sirevåg. Elling hadde 5 barn i andre gifte:

- a. Aslak, f. 1753, død før 1762.
- b. Karen, f. 1755, g. m. enk. Tollak Nils-son Tuen (Aniksdal 43).
- c. Gitle, f. 1757, død før 1762.
- d. Elling.
- e. Kirsten, f. 1759.

49. Peder Pederson (sjå Bratland 10 b.) brorson til 40. F. kring 1724, skifte 18/11 1762. G. m. Kirsten Jakobsdtr. (39 d.) f. 1720, død 6/10 1802, 83 år gml. Ho var følge-enkje i 1801, men då ho døde står det at ho var kona til Salomon Olson (Odland 22 c.). Peder byksla 12 spd. av sal. provst Godtzens arvingar i Stavanger. Salomom Olson Odland byksla 8 og 4 spd. av fru Valentinsen i 1764. I 1765 sa han opp bykselen, "da han ej længer magter at bruge de ham tilbykslede 12 spand". Peder Pederson hadde 4 barn:

- a. Peder Pederson, f. 1755, g. i Stavanger 25/7 1785 m. Elisabet Tolleivsdtr. frå Salen i Time. Han døde i Stavanger i 1803. 2 barn, Peder og Kirsten Olina, var fostra hjå farbroren (sjå Sør—Reime 18 a. og b.).
- b. Jakob Pederson, f. 1756, truleg død ugift.
- c. Gunnar (Sør-Reime 18), f. 1757.
- d. Nils, f. 1761, truleg død ugift.

50. Ola Omundson (sjå Skjærpe, Nærbø 15 c.) f. kring 1725, skifte 13/9 1798, død 2/9 det året. G. 1) m. Berit Ånundsdotter (38 a.) f. kring 1725, død 15/8 1768, skifte 21/10. G. 2) 19/12 1768 m. Eli Eriksdtr. (Tvihaug 17 d.) f. 1733, skifte 17/10 1777. Ola Omundson vart tilskreven 12 spd. i Sør-Varhaug ved skiftet etter Osmund Omundson (45) som var den 16/3 1763, for pengar han hadde tilgode i dødsbua. Sidan løyste Peder Osmundson Varhaug og Rasmus Ellingson Sirevåg inn desse 12 spd. Ola hadde byksla dei 12 spd. som verfare hadde brukt, av Anna Godtzen i 1750. I 1757 kjøpte Rasmus Ellingson Sirevåg desse 12 spd. og, og så byksla Ola av han. I 1778 vart han g. 3) m. Kirsten Rasmusdtr. (Nord-Varhaug 21 c.) f. kring 1737, død 11/7 1812. Han hadde 5 barn i første gifte, 2 i andre og 1 i tredje:

- a. Kirsten, f. 1752, ugift i 1800.
- b. Astrid, f. 1754, g. m. enk. Sven Ellingson (Bratland 13).
- c. Berta, f. 1759, g. m. Ola Olson (68).
- d. Omund, f. 1761, død 17/7 1800, ugift.
- e. Lars, f. 1762, død før 1798, ugift.
- f. Berit, f. 1773, g. 1) 1794 m. Elling Pederson Rudleholen (Reime 29), g. 2) m. enk. Erik Erikson (Tvihaug 29).
- g. Inger, f. 1775, g. 1817 m. Ola Torger-son (Valdeland 7).
- h. Rasmus Olson Varhaug, f. 1779 (66).

51. Lars Olson (Stavnheim 17 c.) f. kring 1736. G. kring 1760 m. Marit Knutsdtr. (Auestad 18 a.) f. 1730. Lars Olson byksla dei 12 spd. av Rasmus Ellingson Sirevåg i 1663, som Elling Gitleson hadde brukt. I 1766 byksla Peder Mikkelson desse 12 spand, og Lars budde visst sidan på Kalsvaren (sjå Mæland 20).

52. Knut Mikkelson (44 a.) f. kring 1728, skifte 21/7 1764. G. m. Kari Hansdtr. (Haugstad 22 e.), stykdtr. til Elling Gitleson (48) f. kring 1730. Knut kjøpte 12 spd. av madam Godtzen i 1757, som vart skift millom enkja og dottera:

- a. Kari Knutsdtr., f. 1762, g. m. Asbjørn Johannesson (62).

53. Hans Simonson (sjå Vigre, Nærbø 29 c.) f. kring 1730, død før 1811. G. m. enkjay etter 52, Kari Hansdtr., død 6/6 1812. Hans Simonson tok over dei 12 spd. etter Knut Mikkelson. I 1778 åtte Knut sine arvingar dei 6 spd. og Ola Olson Skrettingland dei andre 6. Kring 1785 hadde Asbjørn Johannesson teke over denne par-

ten, og Hans Simonson sat då på plassen Brekken. Hans og Kari hadde 2 barn:

- a. Knut Hansson, f. 1770, g. 1810 m. enkja etter Peder Einarson (Njærheim 80), Berta Rasmusdr.
- b. Kirsten, f. (1770?), g. 1811 m. Aslak Torstenson (74).

54. **Tjærand Olson** (Skretting 33) f. kring 1714, hadde butt på Skretting og på Primstad. I 1758 var han husmann på Høien under Varhaug, og det er først i 1778 at han er nemnd i futerekneskapen som brukar av dei 6 spand i Varhaug, som Elling Gitleson, og seinare Hans Simonson, hadde brukt. Om barna sjå Skretting 33.

55. **Sjur (Siver) Hansson** var son til Hans Siverson Oma i Time og første kona Marit Rasmusdr. F. kring 1718. G. m. Berit Assersdr. (Reiestad 11 e.) f. 1703, død 1782. Han hadde teke over dei 6 spd. etter Tjærand Olson. I 1768 til 1772 står han som brukar av 18 spd., som Godzens arvingar åtte (sjå og Primstad 4). Dei var barnlause.

56. **Peder Mikkelson** (44 c.) f. kring 1736. Gift kring 1760 m. Anna Tjærandsdr. (54 a.) f. kring 1733, død 19/5 1807 (sjå Skretting 33 a.). Peder Mikkelson byksla 12 spd. av Rasmus Ellingson Sirevåg i 1766 etter 51. Han hadde då butt på Bratland 3 år. Han var los. 6 barn:

- a. Torborg, f. 1761, død på Håland 30/5 1852, ugift. Ho hadde ei dotter ue., Tala Olsdr., f. 18/12 1791, faren var Ola Johannesson Friestad i Ogna. Tala g. 24/11 1830 m. Ola Olson Kongvaren (Håland 49).
- b. Kirsten, f. 1764, ugift i 1807.
- c. Maren, f. 1767, død som fatiglem 2/8 1846, ugift. Ho hadde ei dotter ue., Rakel Hansdr., f. 1/8 1802, faren var Hans Paulson (Nærland 26 b.). Rakel g. 21/12 1820 m. Mikkel Torgerson Dalen (Varhaug 78).
- d. Ane, f. 1771, g. m. Ola Olson (69).
- e. Ane Berte, f. 1773, g. 1811 m. Hans Erikson (Primstad 7).
- f. Karen, f. 1783, g. 1819 m. Elias Olson (Herigstad 34 f.). Ho hadde ein son ue., Ola Olson (Haugland 22).

57. **Tolleiv Tolleivson Høien** son til Tolleiv Mikkelson Helland i Time og kona Berit Rasmusdr. (sjå Våland, Nærbo 10 g.) f. 1736, død 28/5 1811. G. 1) i Ogna 1759 m. Guri Larsdr. Ueland, f. 1740, død 4/2 1789, dotter til Lars Ivarson Ueland og

andre kona Torgjerd Larsdr. frå Steinsland i Bjerkreim. G. 2) 18/4 1790 m. enkja Barbro Torstensdr. (Ånestad 32 d.). Det er uvisst når han kom til Høien, men truleg etter Tjærand Olson. Han hadde butt på Næset (Kvianæs) i Ogna før han kom til Høien. Seinare kom han til Elverulla (Ueland 39). I 1783 fekk Tolleiv Høien 20 rdl. av Stavanger Amts Landshusholdnings-selskab for steinrydning og gjerding. Han hadde 6 barn i første gifte:

- a. Malena, f. 1759, g. m. Mons Monsson Høien (67).
- b. Lars Tolleivson Tjøtta, f. 1762, g. 1792 m. Kirsten Larsdr. (Håland 23 h.). Budde på Hesthaug av Tjøtta, Klepp.
- c. Isak (S-Varhaug 64).
- d. Johannes Tjøtta, f. 1771, g. 1798 m. Berta Olsdr. Refsnes i Klepp. Budde på Tjøtta i 1801.
- e. Ola, f. 1773, død 1795, ugift.
- f. Berta, f. 1782, g. m. Ola Gjermundson (Lerbrek 22).

58. **Gitle Rasmusson** (Årslund 18 a.) f. kring 1742, død 17/10 1798, skifte 5/11. G. 1) m. Guri Bårdsdr. (Haugstad 24 b.) f. 1730, skifte 17/6 1782. G. 2) m. Anna Svendsdr. (Risa, Nærbo 44 g.) f. 1757, død 1787. G. 3) 30/3 1788 m. Berta Pedersdr. (Kvia, Nærbo 21 j.), som seinare var g. m. enk. Sigbjørn Ellingson Sirevåg. Gitle Rasmusson byksla 12 spd. av fru Valentinsen (før provst Godtzens arvingar) i 1765, som Salomon Olson hadde brukt. Han skulle gi oppsett til Salomon si enkja, Kirsten Jakobsdr. (sjå under 49). Gitle Rasmusson hadde 2 barn i første gifte, 2 i andre og 1 i tredje gifte:

- a. Bård Varhaug, f. 1769 (71).
- b. Rasmus Gitleson (Njærheim, Nærbo 77).
- c. Guri, f. 1784, g. 1816 m. Halvard Omundson (Njærheim 92).
- d. Rakel, f. 1787, død s. å.
- e. Anna, f. 1789, død s. å.

59. **Peder Osmundson** (45 a.) f. kring 1736, død 8/7 1803. G. m. Marit Asbjørnsdr. (Lerbrek 10 c.) f. 1734, død 6/11 1800. Rasmus Ellingson Sirevåg åtte dei 12 spd. som Peder brukte i 1778, seinare åtte Jakob Lushaven på Lista desse 12 spd. Peder hadde byksla av Rasmus Sirevåg i 1764. Det var nok den parten som 51 og 56 hadde brukt. Ikkje barn.

60. **Rasmus Ellingson** (Bratland 11c.) var f. kring 1749, død 8/9 1812. G. m. Anna Malena Olsdr. (Varhaug 42 a.) f. 1745,

død 14/1 1816. Rasmus Ellingson byksla 18 spd. av Kristen Skrettingland i 1774 etter Ola Erikson (42). I 1798 kjøpte han 6 spd. av Lars Husveg for 40 rdl. (Lars Husveg var g. m. dotter til Kristen Skrettingland.) 4 barn:

- a. Ola Rasmusson Varhaug (70), f. 1779.
- b. Elling (Husveg 33), f. 1782.
- c. Rasmus, f. 1786, var sjømann og budde i Liverpol, England.
- d. Abraham, f. 1788, g. 1) m. Karen Malena Larsdr., f. i Fede sokn, død i Stavangei 17/3 1840. G. 2) 20/12 1848 m. Malena Olsdr. (Bratland 16 b.). Deira son var Rasmus Abrahamson (Husveg 38). Abraham budde i Stavanger.

61. Ola Antoniusson (47 b.) f. 1760, død 18/5 1831. G. m. Ingeborg Johannesdr. (Lerbrek 15 f.) f. 1756, død 30/4 1805. Ola tok over bykselen av 12 spd. etter faren, som Ola Olson Skrettingland åtte då. 4 barn:

- a. Kirsten, f. 1785.
- b. Berta, f. 1786, død s. å.
- c. Berta, f. 1789, g. m. Ola Olson (72).
- d. Anna Johanna, f. 1795, død i Stavanger 8/5 1885, ugift. Ho hadde ei dtr. ue., Ingeborg Johannesdr., f. 31/7 1817, og ein son ue., Jonas Johannesson, f. 17/6 1822, g. m. Torborg Olsdr. (Bø, Nærbø 78 c.). Budde i Stavanger.

62. Asbjørn Johannesson (Lerbrek 15 c.) f. kring 1750, død 4/2 1803, skifte 11/3. G. 1) m. Kari Knutsdr. (52 a.) f. 1762. G. 2) 6/5 1787 m. Berta Pedersdr. (Ueland 31 e.) f. 1763. Asbjørn tok over bykselen av 12 spd. i 1782, som Hans Simonson hadde brukt, og enkja hans, Kari Hansdr. og Ola Olson Skrettingland åtte 6 spd. kvar. Kari Hansdr. skulle ha følge av bruket så lenge ho livde. Kring 1800 gav Asbjørn frå seg dei 6 spd. til Ola Skrettingland sin son, Ola Olson. Asbjørn hadde 1 barn i første gifte og 6 i andre:

- a. Karen, f. 1783, g. 1830 m. Ola Ljødeson Hadland (sjå Skrettingland 18).
- b. Johannes Asbjørnson, f. 1788, g. 21/1 1830 m. Guri Marta Toresdr. (Høyland, Nærbø 58 e.). Sjømann i Stavanger.
- c. Karen d. y., f. 1790.
- d. Berta, f. 1792, død s. å.
- e. Peder Asbjørnson (Næsheim, Nærbø 108), f. 1793.
- f. Abraham, f. 1803.

g. Benediks, f. 1803. Var tvillingar og truleg døde som små.

63. Torsten Torstenson, truleg son til Torsten Torstenson Hetland i Ognå frå Steinsland i Bjerkreim og kona Malena Torgersdr. Kløgetveit og var då f. på Gravidal i Bjerkreim i 1762. I så fall var han bror til Mikkel (Madland 16). Torsten byksla 6 spd. av Ola Skrettingland i 1788 etter 55. I 1799 byksla Ola Skrettingland denne parten. Det er uvisst kven kona hans Torsten Torstenson var. Ikkje barn.

64. Isak Tolleivson (57 c.) f. 1764, død 1806. G. 14/3 1790 m. Guri Ellingsdr. (Rugland 13 c.)-f. 1751, død 25/8 1845. Isak byksla 12 spd. av Jakob Nilsson Lushaven i 1799 etter Peder Osmundson. I 1817 kjøpte enkja dei 12 spd. av Jakob Lushaven si enkje, Karen Tønnesdr. for 333 spdl. Same året selde ho same til Sivert Rasmusson Vig for 150 spdl. + følge. Sivert Rasmusson byksla dei 12 spd. til Omund Olson (73). I 1824 makebytte Sivert Rasmusson dei 12 spd. mot andre 12 spd. i Varhaug med Ola Rasmusson. Isak budde ei tid på Rosland i Klepp før han kom til Varhaug. Han hadde ikkje barn.

65. Ola Olson (Skrettingland 12 a.) f. 1765, død 6/4 1834. G. 24/2 1799 m. Anna Jonsdr. (Reiestad 21 d.) f. 1752, død 20/7 1828. Ola sin stykfar, Knut Svenson Skrettingland, åtte dei 6 spd. som Ola byksla i 1799, og som 63 hadde brukt. Ola hadde ikkje barn, og i 1834 kjøpte Hans Monsson dei 6 spd. av arvingane etter Ola sin avdøde halvbror, kjøpmann Kristen Olson i Sokndal.

66. Rasmus Olson (50 h.) f. 1779, død 13/9 1859. G. 1807 m. Torborg Svensdr. (Bratland 14 b.) f. 1778, død 26/10 1854. Rasmus var skusskaffar. I 1799 byksla han 12 spd. av Jakob Lushaven etter mora, enkja Kirsten Rasmusdr. 4 barn:

- a. Ola Rasmusson, f. 1810 (87).
- b. Sven, f. 1812, død s. å.
- c. Anna Kirstina, f. 21/7 1815, g. m. Tarald Taraldson (Torland, Nærbø 51).
- d. Sivert (Madland 22), f. 28/5 1819.

67. Mons Monsson Høyen (sjå Bjorland Nærbø 5 c.) f. 1765, død på Skretting 25/9 1838. G. 1) 28/11 1789 m. Malena Tolleivsdtr. (57 a.) f. 1759, død 12/1 1831. G. 2) 20/11 1834 m. Kari Svensdr. (Opstad 41 h.) f. 1801. Mons byksla plassen Nygård (Høyen?) av Kristen Ellingson

Skrettingland, Mons G. Skeie på Jakob Lushaven sine vegne, Lars Husveg og enkja Anna Kristensdtr. Skrettingland i 1791. I 1800 byksla han 12 spd. i Bø i Nærbø, og Ola Olson frå Bø tok over Høien (sjå Bø 64). I 1802 kom han til Skretting (sjå der 62). 4 barn i første gifte var fødte på Høien og 1 på Bø. 1 barn i andre gifte var f. på Skretting:

- a. Mons, f. 5/9 1790, død 16/5 1791.
- b. Mons (Skretting 63), f. 1792.
- c. Tolleiv (Skretting 64), f. 1795.
- d. Berta, f. 14/1 1802.
- e. Sven Monsson (Høyland 111), f. 21/2 1837 (Kari-Sven).

68. Ola Olson Høien (sjå Bø 63) f. 1762, død 22/3 1831. G. m. Berta Olsdtr. (Varhaug 50 c.) f. 1759, død 2/11 1843. Ola Olson bytte med Mons Monsson i 1800. Barna sjå Bø.

69. Ola Olson Varhaug d. e. var son til Ingeborg Olsdtr. (Nord-Varhaug 20 a.). Faren var Ola Svenson, truleg (46 b.). Han var f. 1752, død 10/5 1820. G. 22/2 1799 m. Anna Pedersdtr. (Varhaug 56 d.) f. 1771, død 2/2 1851. Ola byksla dei 12 spd. etter Peder Mikkelsen i 1801 av Jakob Lushaven. I 1807 kjøpte han 6 spd. på auksjon etter avdøde Asbjørn Johannesson (62). Han var då brukar av 18 spd. Han var los. Ola og Anna hadde 6 barn:

- a. Peder Olson Varhaug (80).
- b. Asser Varhaug (81).
- c. Ola Olson (Reiestad 32) og (Varhaug 91).
- d. Anna Kirstina, f. 7/12 1806, g. m. Jesper Tørresson (85).
- e. Elias, f. 7/2 1810, død s. å.
- f. Elias, f. 1/11 1812, død i Stavanger 26/7 1840, g. 15/3 1838 m. Berta Gabrielsdtr. (Nærland, Nærbø 31 a.). Budde i Stavanger. Berta g. 2) m. Peder Rasmusson (Høyland, Nærbø 73 a.).

70. Ola Rasmusson (60 a.) f. 1779, død 30/1 1867. G. 4/4 1808 m. Eli Ådnesdtr. (Husveg 28 e.) f. 1780, død 21/10 1849. Ho var dotter-dotter til 41. Ola Rasmusson byksla 12 spd. av Elling Nilsson (Skrettingland 13) «tter faren i 1808 og kjøpte samstundes 6 spd. av faren for 80 rdl. Frå 1810 står han som brukar av 1 pund, og i 1817 kjøpte han dei 12 spd. av Elling Skrettingland for 160 spd. Då han gav frå seg i 1847 åtte han 1 pund og 6 spd. 6 barn:

- a. Anna Malena, f. 18/12 1809, g. 1/12 1842 m. Mikkel Ellingson Friestad i Ognå.

- b. Elen Malena, f. 1811, g. 2/7 1840 m. Sven Torstenson (Ånestad 71).
- c. Rasmus, f. 1/8 1814, død 2/1 1816.
- d. Rasmus Olson Varhaug, f. 24/11 1816 (88).
- e. Elen, f. 8/11 1819, g. 3/11 1859 m. Johannes Ellingson (Bratland 24).
- f. Andreas Varhaug, f. 28/7 1822 (89).

71. Bård Gitleson (58 a.) f. 1769, død 23/11 1817. G. 19/11 1808 m. Anna Malena Gjermundsdr. (Lerbrek 18 c.) f. 1785, død 13/12 1868. Denne parten var 12 spd., men då Bård tok over i 1801 heiter det at han byksla 4 spd. benefisert gods som høyrde til skulen i Bergen og 4 spd. av Bø prestebol. I 1829 åtte enkja 3 spd. som ho selde til sonen Gitle. 2 barn:

- a. Gitle Varhaug, f. 10/1 1811 (96).
- b. Gjermund (N-Tjemslan 34), f. 17/4 1815.

72. Ola Olson Varhaug d. y. (68 a.) (sjå Bø 63) f. på Bø 15/3 1789, død 18/1 1852. G. 5/3 1815 m. Berta Olsdtr. (61 c.) f. 11/10 1789, død 6/1 1856. Ola byksla 12 spd. av Knut Skrettingland i 1815 etter Ola Antoniusson, som Knut hadde fenge med kona i 1791. I 1829 selde han 6 spd. av dette til Kristen Olson i Sokndal for 50 spd. 6 spd. var tilbyksla Ola Olson d. e. (69). Samstundes selde han 6 spd. til Jeremias Olson Tegle for 50 spd., som (66) byksla. Jeremias selde desse 6 spd. til son sin, Hans Kristian, i 1839 for 100 spd. Dei andre 12 spd. selde Knut til Jon Hansson Åse i Klepp for 40 spd. Ola Olsen d.y. byksla desse 12 spd. I 1834 selde Tor Åse same til Torkel Hansson Vig for 150 spd. Ola Olson og Berta hadde 6 barn:

- a. Ola Olson, f. 30/11 1815 (99).
- b. Ingeborg Berte, f. 1818, g. 29/6 1867 m. Tønnes Olson (Kymland 27).
- c. Berta, f. 3/6 1820, g. 23/5 1858 m. bødker Nils Nilsson frå Sauda (i Stavanger?).
- d. Ola, f. 28/7 1822, død 20/8 1828.
- e. Ola Olson (Reiestad 39), f. 3/2 1829.
- f. Anna Johanna, f. 19/7 1832.
- g. Berta Kristina, f. 1826, g. i Stavanger 22/9 1864 m. enk. Knut Torkelson frå Etne, 49 år gml.

73. Omund Olson var truleg son til Ola Omundson Vig i Klepp og kona Karen Olsdtr. Orre, f. kring 1772, død på Skrettingland 2/7 1857. G. i Nærbø 10/12 1815 m. Ingeborg Hansdtr. (Bø 70 d.) f. 1787, død 20/9 1833. Han heitte Vig og var 42 år

då han vart gift. Omund Olson byksla 12 spd. på S-Varhaug av Siver Rasmusson Vig i 1816. I 1821 var dei komne til Dalen under Tjemsland, og bykslaren av dei 12 spd. heitte då Sven Olson. Dei hadde 4 barn:

- a. Ola Omundson Brekken (Varh. 86).
- b. Helena Grete, f. på Tjemsland 3/1 1821. Det var kanskje ho som døde på Hinna fatiggard i 1906.
- c. Karen Olina, f. 22/10 1827, g. i Stavanger 12/11 1880 m. enk. Knut Ellingson frå Hjelmeland, f. 1811.
- d. Hanna, f. 18/4 1832, reist til Stavanger kring 1856.

73B. Hans Monsson (Reiestad 26 e.) (Hans på Vettet) halvbror til 67. F. på Bjorland i Nærbø 1783, død på Lerbrek 19/12 1870. G. 13/6 1833 m. Ingeborg Hansdtr. (Varhaug nordre 22 f.) og (Næsheim 72 a.) f. 1785, død 28/2 1867. Hans Monsson kjøpte 1 vet (= 6 spd.) i S-Varhaug i 1834 av Kristen Olson Skrettingland i Sokndal for 200 spd. Han var los. I krigen med England vart han fanga av engelskmannen og sat nokre år i "prisonen" i England. I 1855 kjøpte Gitle Bårdson dei 6 spd. Dei hadde ikkje barn.

74. Aslak Torstenson Brekken (sjå Risa, Nærbø 35 e.) f. 1760, død 26/8 1835. G. 26/5 1811 m. Kirsten Hansdtr. (53 b.) f. 1770, død 11/9 1837. Aslak byksla Brekko etter verfare i 1811. Ein son:

- a. Hans, f. 9/6 1812, død 9/9 1827.

75. Jon Svenson Brekken (Nord-Tjemsland 27) f. 18/4 1790, død på Reiestad 10/7 1866. G. 1) 22/3 1816 m. Marta Maria Johannesdtr. (Skretting?) f. kring 1790, død 10/11 1843. G. 2) 15/4 1845 m. Anna Kirstina Bendiksdtr. (Haugstad 40 a.) f. 30/1 1811, død 3/9 1860. Jon var husmann på Brekko etter 74 til kring 1838, og var seinare husmann på (Reiestad 34). 7 barn i første gifte f. på Tjemsland og Brekko, ei dtr. f. på Reiestad:

- a. Johannes, f. på Tjemsland 24/4 1816.
- b. Jonas, f. på Brekko 18/7 1820, g. i Klepp 22/5 1849 m. Elen Kirstine Eliasdtr., f. på Næsheim 1827. Var sjømann.
- c. Magdalena, f. 1/3 1818.
- d. Sven, f. 12/1 1823, død 27/12 1841.
- e. Maria, f. 31/3 1828.
- f. Jon, f. 18/12 1826.
- g. Marta Maria, f. 29/3 1831, g. 16/10 1854 m. Oliver Aslakson Rodvelt (sjå Ånestad 81).
- h. Johanna, f. på Reiestad 4/11 1848, g.

18/4 1882 m. Ole-Johannes Gabrielson Rosland, Klepp.

76. Ola Olson Næsheim er ein mann eg har hatt mykje bal med. Han er kalla Njærheim og Høyland, var 36 år då han gifta seg 16/12 1815 m. Magdalena Andersdtr. Sør-Varhaug, som var 19 år, etter denne alder skulle ho vore f. kring 1797, men ho finst korkje i kyrkjeboka eller mantallet i 1801. Dei vart seinare skilde, og Ola Olson Næsheim, daglønner. G. 7/1 1827 m. Berta Olsdtr. Høien (sjå Bø 63 b.) f. 1791, trulovarane var klokkar Ola Olson Nærland og Rasmus Olson Varhaug.

I mantallet for Varhaug 1865 finn me på Bratland husmann Ola Olson, 87 år, blind og fråskilt og gift att, kona heiter Berta Olsdtr., 76 år, begge f. i Haa. Dette er utan tvil dei same som dei ovanfor nemnde. Nå finst det korkje på Næsheim eller Njærheim noken Ola Olson som høver til denne alderen og som me ikkje kan gjere greie for. Men på Haa prestegard tenar ein Ola Olson i 1801, 21 år, og på Håland i Nærbø tenar ein Ola Olson, 22 år. Kan hende har vår Ola Olson vore ein av desse, men det står ennå att å finne ut kven han var. Ola Olson døde på Bratland 13/12 1873 (sjå dr 23). 2 barn i første gifte:

- a. Asbjørn, f. på Tjemsland 25/9 1816.
 - b. Isak, f. på Varhaug 24/12 1818.
- Det er truleg at denne Ola Olson hadde 2 barn ue.:
1. Abraham, f. 9/7 1807, mora var Malena Ellingsdtr. Hetlure frå Hetland i Ognå og faren Ola Olson Nærem eller Næsem (sjå Voll 75).
 2. Abraham, f. 29/5 1810, mora var jenta Elen Assersdtr. Vigre og faren ungkar Ola Olson Høyland. Då denne Abraham vart g. i Time i 1839 m. Marta Knutsdtr. Nubben heitte far hans Ola Olson Bø, men dette kjem seg vel av at mora, Elen Assersdtr. då var g. m. Reiar Tollakson på Bø-jero.

77. Ola Pederson Brekken var son til Peder Pederson Ergo i Ognå og Marta Malena Eriksdtr. Han var f. 29/11 1795, død på Skretting 3/4 1861. G. 1) 30/11 1820 m. Malena Jonsdtr. (Opstad 35 a.) f. 17/2 1793, død 17/6 1836. G. 2) 13/11 1837 m. Anna Olsdtr. (Kydland 23 d.) f. 17/7 1805, død 31/12 1883. Ola Pederson hadde byksla Brekko i 1827 og skulle gi følge til Aslak Torstenson og kona hans. Seinare kom han til Skretting. Han må ha butt på Brekko samstundes med Jon Svenson. 2 barn av første gifte var f. på Brekko:

- a. Jon, f. 11/1 1829, g. i Stavanger 7/8 1856 m. Margreta Davidsdr., f. i Stavanger 1830, dei tente ei tid hjå Kieland på Ledaal.
- b. Marta, f. 29/1 1832, g. i Haugesund 1863 m. Ola Olson Klette, f. i Tysnes 1835. Bødker i Haugesund.

Om dei andre barna sjå Skretting 75.

78. Mikkel Torgerson Dalen (sjå Efjestad 40 b.) f. 24/11 1795, død 14/2 1857. G. 21/12 1820 m. Rakel Hansdr. Varhaug (sjå under 56 c.) f. 1/8 1802. Han var husmann på plassen Dalen under S-Varhaug. 7 barn:

- a. Tabitta, f. 30/8 1822, g. 19/10 1848 m. Bård Abrahamson Årvik frå Tysnes i Hordaland.
- b. Peder, f. 6/6 1826, død 14/3 1854, ugift.
- c. Anne Margreta, f. 4/1 1829, g. m. Abraham Pederson (98).
- d. Helena Margreta, f. 4/5 1832.
- e. Hans Mikal/f. 25/4 1836, g. i Skåra 15/11 1863 m. Gunhild Martine Olsdr. Fitje frå Lyngdal, 29 år. Han var skomakar i Haugesund.
- f. Rasmus Tobias, f. 13/7 1840.
- g. Ingeborg Maria, f. 24/9 1847, g. 28/8 1867 m. Hans Hansson (Skretting 104).

Herimod at suare møtte Olle Aanestad paa enchen Thuihougs veigne, och foregaff at hun for alderdombs schyld iche kunde møde. Ellers frembkom S. Suend Thuihougs thuende sønner som boer paa gaarden, nafnlig Joen och Olle, sambt suogeren Peder ibm. och foregaff at deris bøxselledler burde at staa ved magt, effter dend forening S. Hrr. Lauritz Samuelsøn och deris fader imellum oprettet er, och den-nem for denne tiltalle at befrj. Denne sag baade formedelst bøxsedlerne iche er fremblagt i Retten, Huoraff hoffuedsagen i sig sielff rejser, er vedkommende, forelagt, samme bøxselledler at legge i Rette i Originale til førstholdendes fierdingsting,

thil huilche thid sagen med parternes beuil-ging beroer. Siden gaes dennem imellum huis ret er."

Som me her ser, heitte enkja hans Svend Tvihaug, Joron Eriksdtr., i denne rettsaka. Men ved skiftet etter Sven heitte ho Joron Aslaksdtr., som tvillaust er det rette. Sven og Joron Tvihaug hadde 7 barn ved skiftet:

- a. Torsten Ånestad. f. 1615 (Ånestad 14).
- b. Jon Tvihaug, f. 1623 (6).
- c. Ola Tvihaug, f. 1639 (9).
- d. Malena, g. m. Sven Halvardson Skrudland (Hadland) i Time.
- e. Tora, g. m. Gjermund Undheim.
- f. Siri, g. 1) m. Omund Mikkelson (Tvihaug 7), g. 2) m. Peder Torkelson (Tvihaug 8).
- g. Kirsti, g. m. Rasmus Hansson (10).

5. Tørres Torstenson (3 b.) var husmann hjå broren Sven i 1645 (g. m. Guri). Hans barn var truleg:

- a. Asbjørn (Tørresson?) (Skretting 18).
- b. Tora, g. m. Osmund Andersson Tunheim.
- c. Anna (hadde barn ue. med Rasmus Olson?). (Hobberstad 24.)

6. Jon Svenson (4 b.) fødd kring 1623, død 1683, skifte 17/3. Gift med Siri Andersdtr. Tunheim (søster til Osmund, sjå ovanfor 5 b.). Jon Svenson brukte 1 vett i 1665. 3 barn:

- a. Guri, g. m. enk. Elling Larsson (Ånestad 18).
- b. Sven Jonson Tvihaug, f. 1677 (16).
- c. Joron, g. m. enk. Lars Olson (Husveg 15).

8. Omund Mikkelson døde truleg kring 1660, han hadde vore gift med Siri Svensdtr. (4 f.). Brukte nok 1 vett. Han var son til Mikkal Salomonson på Tunheim i 1645. Ein son nemnd:

- a. Mikkal Omundson, f. kring 1657, var hjå stykfaren, Peder Torkelson i 1665. Han åtte 2 spand i Tunheim i 1675, som han selde til Ola Pederson Tunheim i 1700.

8. Peder Torkelson var truleg son til Tor-kel Einarson (Skretting 10 b.) fødd kring 1623, skifte 10/4 1676, gift med enkja etter 7, Siri Svensdotter. Peder brukte 1 vett i 1665 som han selde til presten Peder Erikson Leganger i 1673. Han åtte og 2 spand i Tunheim i 1665. Med omsyn til salet av 1 vett til presten finn me i tingboka dagsett Obrestad 23. juni 1669 fylgjande:

... Dernes bleff kjøbebreffuit udj Rette lagt, som Peder Thuihoug haffuer udgiffuit til Hrr. Peder paa samme wet korn udj Thuihoug, det at maatte thingliuses. Och efftersom det findes iche schreffuit paa rette Honer effter papirs forordningen, mens Honer 9, saa eragtes det iche forsuarligens at kunde thingliuses, med mindre for Retten haffue verit beuisligt giort iche andet och rette papir at kunde bekommes. Thilmed efftersom en bonde samme breff udgiffuit, findes det iche aff vedkommende schriffuit. Breffuit daterit Haae d. 5 May 1669. Ko. Ma. Fouget formeente om samme breff at forholdes efter Kong. forordning, da var derpaa loulig steffnt och kaldet.”

Peder og Siri Tvihaug hadde 5 barn:

- a. Omund, f. 1661.
- b. Torkel, f. 1663.
- c. Anna.
- d. Ragnhild, g. m. Ola Torjusson (13).
- e. Joron.

9. Ola Svenson (4 c.) fodd kring 1639, skifte 19/9 1676, gift med Gjertrud Hansdotter, dotter til Hans Omundson Vestly og kona Gjertrud Rasmusdtr. Njå. Ola Svenson brukte 1 vett i 1665. I tingboka, dagsett på Lerbrek 22. mars 1675 finn me fylgjande: ”Videre forkyndt Giermund Store Udem hans kjøbegreff til Olle Thuihoug paa een wett korn han hannem soldt haffuer udj Thuihoug for 18 Rdl. Daterit Qualbeen dend 1 Febr. 1675. Desligeste forkyndt Giermund Udem, Peder Thuihoug och Rasmus Vestlye deris kiæbebreff til bemte Olle Thuihoug paa deris odelsparter udj forne Thuihoug de hannem haffuer soldt til odel och ejendomb. Daterit Qualbeen d. 26 Febr. 1675.”

Då Ola var død vart enkja g. m. Peder Aslakson Vestly, og bror hennar, Rasmus Hansson, kom til Tvihaug. Ola og Gjertrud Tvihaug hadde 4 barn:

- a. Sven, f. 1666, død 1711, ugift.
- b. Gjertrud, g. m. lensmann Aslak Larsson Norheim i Time.
- c. Joron, truleg død ugift.
- d. Eli, g. 1) m. Knut Olson Grøtheim i Time, g. 2) m. Torkel Jonson Grøtheim.

9B. Peder Aslakson var truleg gift med enkja etter Ola Svenson, Gjertrud Hansdtr. Dei budde nok ei tid på Tvihaug, men bytte seinare med Gjertrud sin bror, Rasmus.

10. Rasmus Hansson Vestly var son til Hans Omundson Vestly og Gjertrud Rasmusdtr.

Han var fødd kring 1637, skifte etter han 11/1 1693. Gift 1) med Kirsti Svendsdotter (Tvihaug 4 g.), gift 2) med Ranveig Svendsdtr. (S-Varhaug 16 d.). Rasmus tok over parten etter Ola Svenson eller Peder Aslakson. Han hadde 4 barn i første gifte:

- a. Hans Rasmusson (Låge Håland, Nærbø 6).
- b. Sven, f. 1660, var i kongens tenest i 1693 og er ikkje nemnd seinare.
- c. Rasmus Rasmusson (Store Håland, Nærbø 5).
- d. Gjertrud.

11. Jørgen Tvihaug er nemnd som eigar av 1 vett i Tvihaug i 1675. Er ikkje nemnd annan stad.

12. Lauritz Tvihaug er nemnd som verge for barna hans Jon Svenson i 1685. Han kunne vore gift med enkja etter Peder Torkelson (8), Siri Svendsdtr. Er ikkje nemnd annan stad.

13. Ola Torjusson var truleg son til Torjus Pederson Sirevåg. Fødd kring 1650, kom til Tvihaug i 1690, då han truleg vart gift med Ragnhild Pedersdtr. (8 d.). Han er nemnd på Tvihaug frå 1701 til 1733, då han brukte 6 spand (1 vett) som Bø prestebol åtte. 3 barn er nemnde:

- a. Peder, f. 1692.
- b. Jon, f. 1695.
- c. Ingeborg, f. 1698, g. 1) m. Peder Mons-son (18), g. 2) m. Peder Andersson (19).

14. Erik Svenson (S-Varhaug 16 e.) fødd kring 1652, gift 1683 med enkja etter Jon Svenson (6), Siri Andersdtr. Han brukte 9 spand etter Jon Svenson til 1703, men levde framleis i 1713, då der var skifte etter Siri. Han hadde ikkje barn. Erik Svenson selde ein part i Tunheim til Ola Pederson Tunheim, på kona sine vegne i 1700.

15. **Ivar Aslakson** (Refsland 2 b.) fødd kring 1668, død i Time 1741, 75 år. Me veit ikkje kven han var gift med, men det ligg ner å tru at det anten var enkja etter Rasmus Hansson (10) eller dotter hans, Gjertrud (10 d.). Det var i alle fall Rasmus Hansson sitt bruk han hadde. Barn er ikkje nemnde.

16. Sven Jonson (6 a.) fødd kring 1677, skifte 8/3 1745, gift med enkja etter Omund Olson (Voll 16), Kirsten Pedersdtr., som der var skifte etter 10/9 1740. Sven står som eigar av 9 spand frå 1703, men

budde visst nokre år på Voll, og kom truleg ikkje heim til Tvihaug før etter mora var død i 1713. Sidan står han som eigar av dei 9 spand til 1739, då han selde 9 spand odelsgods i Tvihaug til presten Sigvard Munk på Haa for 400 Rdl. Dei var barnlause, og kona si sonedotter, Ingeborg Jakobsdtr. fekk bruket.

17. Erik Einarson (Lerbrek 9 a.) fødd kring 1699, død 18/8 1765, skifte 29/10 s. å. Gift 1) med Ingrid Ellingsdotter (Ånestad 18 d.), som der var skifte etter 7/10 1741, gift 2) med Ingeborg Olsdotter (Ånestad 24 b.) fødd kring 1720. Erik Einarson tok over 9 spand etter Ivar Aslakson kring 1720. I 1725 står han som eigar av 3 spand og Bø prestebol åtte dei 6 spand. Dei 3 spand fekk han skjøte på av Sven Tvihaug i 1719 for 6 Rdl. 6 barn i første gifte og 7 i andre:

- a. Elling, f. 1720, død før 1765 utan avkom.
- b. Guri, f. 1724, død før 1765.
- c. Maren, f. 1728, g. 1) m. enk. Knut Asserson (Sør-Reime 14), g. 2) m. Nils Nilsson (Sør—Reime 17), g. 3) m. Gunnar Pederson (Sør-Reime 18).
- d. Einar, f. 1731, utanlands i 1765, død ugift.
- e. Eli, f. 1733, g. m. Ola Omundson (S-Varhaug 50).
- f. Erik Erikson Erga, f. 1737, g. m. Inger Torkelsdtr. Erga.
- g. Ola Erikson, f. 1744, død i Stavanger 28/4 1799, g. m. Guri Rasmusdtr., død i Stavanger 28/11 1797, 59 år.
- h. Torborg, f. 1746, g. m. Jakob Johannesson (25).
- i. Malena, f. 1750, g. m. Ola Olson Fosse i Time.
- j. Elias Erikson, f. 26/5 1752, g. 1) m. Berta Larsdtr. Øksnevad, g. 2) m. Elisabeth Larsdtr. Øksnevad. Han var skipper og døde i Stavanger 11/4 1795.
- k. Inger, f. 1755, g. m. Hans Valhaug i Håland.
- l. Enok Erikson (Reiestad 30), f. 1758.
- m. Einar Erikson, f. 1761, g. m. enkje Marta Jonsdtr. Seglem. Budde på Seglem i Eigersund. Skifte etter han 25/8 1804. Var barnlaus.

18. Peder Monsson (Nord-Halleland 8 c.) fødd kring 1696, skifte 2/11 1741, gift kring 1733 med Ingeborg Olsdotter (13 c.) fødd kring 1698. Peder Monsson byksla 6 spand av Bø prestebol etter Ola Torjusson. 2 barn:

- a. Ola, f. 1733, tente på Sør—Reime i 1758.

b. Ragnhild, f. 1737, g. m. Erik Hansson (Primstad 6). Ragnhild fekk ei dotter ue. med Sven Tolleivson Skretting, Guri Svensdtr.

19. Peder Andersson (Kydland 14 a.) fødd kring 1713, skifte 18/10 1771, gift 1742 med enkja etter 18, Ingeborg Olsdtr. Peder Andersson tok over dei 6 spand etter Peder Monsson og budde der i 1749, men i 1758 var han husmann på Åen under Håland (sjå der 25). Då skiftet var halde i 1771, var det Åen av Opstad (sjå der 38).

20. Erik Erikson (Sæland 7 h.) fødd kring 1718, skifte 12/5 1773. Gift 1) med Ingeborg Jakobsdotter (Tvihaug under 16) fødd kring 1718, skifte 10/10 1750, gift 2) 1751 med Gjertrud Ivarsdotter, fødd kring 1720, død 21/3 1789, dotter til Ivar Klausson Vig i Klepp og Malena Sivertsdtr. Vig. Erik byksla dei 9 spand av Sigvard Munk etter Sven Jonson kring 1744. I 1758 kjøpte han same av enkja Anna Leganger Munk. Han hadde 2 barn i første gifte og 6 i andre:

- a. Kirsten, f. 1745, truleg død ugift.
- b. Sven Erikson (Ånestad 52).
- c. Ingeborg, f. 1752, g. m. Ola Olson (Ånestad 53).
- d. Tala, f. 1755, død ugift før mora.
- e. Malena, f. 1756, død ugift.
- f. Erik Erikson Tvihaug, f. 1758 (26).
- g. Ivar Erikson, f. 1760, død i kongens tenest i Kristiansand 1788. Gift 1787 m. Berit Hansdtr. (Risa 50 b.). Ei dotter, Gjertrud Ivarsdtr. f. 1787, g. m. Tarald Eivindson (Lindal i Nærbo 19).
- h. Helga, f. 1764, død før mora.

21. Gjermund Olson Vetteland (sjå Aniksdal 30) kom til Tvihaug i 1757 og byksla 6 spand av presten Bendiks Djurhus etter Peder Anderson.

22. Ola Pederson byksla 9 spand av madam Djurhus i 1766, som Erik Einarson hadde brukt. Han var gift med enkja etter Erik Einarson, Ingeborg Olsdtr. Det er uvisst kvar han var frå, og me veit ikkje når han døde. Han var barnlaus, og i 177é gav han frå seg bruket til Jakob Johannesson.

23. Knut Svenson (Opstad 31 c.) fødd kring 1750, død på Skrettingland 11/9 1838. Gift 1) 1773 med enkja etter 20, Gjertrud Ivarsdotter, som døde i 1789, gift 2) 8/1 1792 med enkja etter Ola Olson Skrettingland, Anna Kristensdtr. (Skrettingland 11 a.) fødd 1753, død 29/5 1828. Knut byksla 9 spand av presten Grøver i

1774. I 1775 løyste han inn 9 spand av Erik Erikson sine arvingar for 30 Rdl. Han flutte til Skrettingland i 1792 (sjå der 14).

24. Kristen Torstenson (Opstad 32 a.) fødd kring 1744, gift med Berit Gjermundsdr. Tvihaug (Aniksdal 30 d.) fødd kring 1744, død 13/9 1822. Kristen var soldat då han i 1768 byksla 6 spand i Tvihaug av Niels Grøver etter verfare, Gjermund Olson. 5 barn:

- a. Gjermund, f. 1777, død 13/3 1796.
- b. Malena, f. 1779, g. m. Peder Pederson (27).
- c. Berta, f. 1786, g. 1814 m. Tolleiv Pederson Gåsland i Bjerkreim.
- d. Torsten, f. 1787, død 31/3 1788.
- e. Karen, f. 1779, g. 1) 1802 m. Sven Tolleivson (Skretting 51), g. 2) 1817 m. enk. Torsten Ellingson (Bratland 18).

25. Jakob Johannesson (Lerbrek 15 b.) fødd 1747, død 3/1 1818, gift med Torborg Eriksdr. (17 h.) fødd 1746, død 14/7 1831. Jakob Johannesson tok over byksele av 9 spand etter Ola Pederson (22) i 1776 mot føderåd. I 1778 fekk han skjøte på 3 spand frå Erik Einarson sine arvingar for 9 Rdl. Dei andre 6 spand var prestedods. 6 barn:

- a. Ingeborg, f. 1776, g. m. Henrik Årdal (Opstad 51). Ingeborg Jakobsdr. sin ue. son, Abraham Pederson, f. 6/3 1803 (sjå Skretting 68).
- b. Eli, f. 1779, g. m. Rasmus Rasmusson (Bø, Nærbø 76).
- c. Berta, f. 1781, død på Djøseland 2/8 1837, ugift.
- d. Torborg, f. 1784, død 1787.
- e. Erik Jakobson Tvihaug, f. 1782 (28).
- f. Torborg, f. 1789, g. m. Ola Helgeson (Bo 78).

26. Erik Erikson II (20 f.) fødd 1758, død 19/12 1845, gift med Inger Svendsdotter Mossige, fødd 1750, død 10/3 1818, dotter til Sven Ingebretson Mossige og Astrid Hansdr. (Risa 39 c.). Erik fekk skjøte på 9 spand av medarvingane siné i 1789 for 109 Rdl. 4 barn:

- a. Erik Tvihaug, f. 1782 (29).
- b. Gjertrud, f. 1785, g. 1) 1807 m. Peder Jonson Haugland i Time.
- c. Astrid, f. 11/4 1790, g. m. Peder Skiljanson (Ueland 48).
- d. Helga, f. 7/10 1792, g. m. Sven Andersson (Skretting 67).

27. Peder Pederson (Ueland 28 c.) fødd.

kring 1775, død 4/4 1853, gift 1803 med Malena Kristensdr. (24 b.) fødd 1779, død 5/2 1853. Peder Pederson byksla 6 spand av presten Kastrup i 1803 etter verfare (20). I 1841 fekk han kongeskjøte på dei 6 spand for 200 spesidalar. Peder var mest kalla Per Skyttar, så han må ha vore ein dreven jæger. Dei hadde 5 barn:

- a. Berta, f. 20/1 1804, død på Søyland i Nærbø 15/4 1892. Ho hadde ein son ue., Jonas Svenson (Søyland 38).
- b. Peder Pederson (Njærheim 106), f. 7/7 1807.
- c. Kristian, f. 25/1 1814, død 6/2 1820.
- d. Inger Malena, f. 20/11 1817, g. m. Gitle O. (Njærheim 105).
- e. Kristian Tvihaug, f. 1823 (33).

28. Erik Jakobson (25 e.) fødd 1782, død 24/4 1832, gift 7/11 1819 med Anna Malena Pedersdotter (Ødemotland 10 e.) fødd 22/3 1799. Erik Jakobson kjøpte 3 spand av faren i 1811 for 80 Rdl. og byksla 6 spand av Kastrup i 1812. Enkja fekk kongeskjøte på dei 6 spand i 1833 for 120 spesidalar. 5 barn:

- a. Jakob Tvihaug, f. 1820 (31).
- b. Torborg Maria, f. 2/3 1823, g. m. Erik Abrahamson (Skretting 77).
- c. Elisabet, f. 23/5 1826, g. m. Lars Pederson (Odland 54).
- d. Olina, f. 17/7 1829, g. m. Lars Olson (Vigre 49).
- e. Peder, f. 3/4 1832, død 24/5 1852.

29. Erik Erikson III (26 a.) fødd 1782, død 15/5 1[^]73, gift 1) 6/3 1808 med Akseliana Hansdølter (Ånestad 51 b.) fødd 28/6 1789, død (1825?), skifte etter henne 10/11 1826. Erik kjøpte 9 spand av faren i 1810 for 500 Rdlr. Den 11/3 1829 vart han gift 2) med enkja Berta Olsdr. (Varhaug 50 f.). Han hadde 6 barn i første gifte:

- a. Erik Tvihaug, f. 1808 (32).
- b. Inger, f. 3/5 1812, g. m. Peder Velleson (Ånestad 73).
- c. Hans, f. 28/2 1815, reist til Stavanger i 1838.
- d. Inger Serina, f. 27/4 1818, død 26/7 1821.
- e. Ivar Erikson (Ueland 63), f. 1820.
- f. Inger Serina, f. 19/3 1824, død 4/5 1850, ugift.

30. Lars Knutson (Kvia 31 c.) fødd 28/4 1808, død 23/5 1870, gift 13/10 1832 med enkja etter 28, Anna Malena Pedersdr., død 21/11 1887. Styksonen, Jakob Erikson, hadde fenge kjøpt dei 3 spand av faren si dødsbu i 1832 for 100 spesidlr. Sidan har

truleg Lars løyst inn heile bruket, men det er ikkje likt til at han har brukt meir enn 6 spand i 1849. Jakob åtte framleis dei 3 spand i 1850, men då var det nok Lars som brukte det saman med dei 6 spand han sjølv åtte. Lars Knutson hadde 4 barn:

- a. Erik Larsson Tvihaug, f. 1835 (35).
- b. Kristian Larsson (Grødeland, Nærøbø 20).
- c. Lars Larsson, f. 5/2 1840, g. i Stavanger 6/12 1867 m. Elisabet Ole-Pettersdr. (Ødemotland under 10 f.). Han var bøkkar i Stavanger.
- d. Mathias, f. 19/4 1843. Han var gift på Lista der han var skulemeister i Vanse.

31. Jakob Erikson (28 a.) fødd 6/8 1820, død 12/7 1853, gift 25/3 1846 med enkja etter Erik Erikson (32), Maren Rasmusdotter. Jakob kjøpte 3 spand av faren si dødsbu i 1832 og brukte dessutan 9 spand etter Erik Erikson, bnr. 4 og bnr. 1. Han hadde ikkje barn, og bruket fall tilbake til Lars Knutson.

32. Erik Erikson IV (29 a.) fødd 4/9 1808, død 25/4 1845, gift 8/11 1832 med Maren Rasmusdotter (Skrettingland 16 c.) fødd i Time 8/5 1803. Erik kjøpte 9 spand av faren i 1837 for 300 spesidlr. Då han var død vart enkja gift 2) 25/3 1846 med Jakob Erikson (31) som brukte denne parten ei tid. Erik og Maren hadde 4 barn:

- a. Akseliana, f. 1/11 1833, g. m. Alakias Josefson (34).
- b. Erik, f. 24/8 1837, død 27/3 1840.
- c. Erik, f. 20/5 1842, død 10/12 s. å.
- d. Erik, f. 6/12 1844, død 2/4 1846.

33. Kristian Pederson (27 e.) fødd 29/7 1823, død 18/6 1900, gift 18/12 1845 med Marta Malena Torstensdr. (Ånestad 58 e.) fødd 21/7 1821. Kristian kjøpte 6 spand, bnr. 2, av faren i 1845 for 150 spesidlr. H-fols?e 9 barn:

- a. Peder, f. 23/4 1847, død 30/6 1878, ugift. Han hadde 2 døtre ue. 1. Serina, f. i Høyland 1867, g. 1891 m. Gustav (Håland 86). 2. Elisabet, f. i Varhaug 28/3 1877.
- b. Torsten Tobias, f. 9/3 1849, g. m. Ingeborg Katerina Svensdr. Reist til Amerika
- c. Kristian, f. 29/7 1851, død ugift.
- d. Mathias Tvihaug, f. 1853 (40).
- e. Martin, f. 21/3 1858.
- f. Guri, f. 3/11 1856, død 10/5 1870.
- g. Anton, f. 21/9 1860, død 17/12 1885.
- h. Berta Maria, f. 28/3 1863, g. 1890 m. Elling Larsson (Herigstad 67).

- i. Ole Tvihaug, f. 10/9 1868, g. m. Anna Margreta Pedersdr. (Refsland 14 a.). (Sjå Kvia 69B.)

34. Alakias Josefson, son til Josef Josefson Time og kona Lavrentsa Larsdr. (Kvia 24 e.). Han var fødd i Time 4/12 1823, død 21/4 1887, gift 1) 26/4 1852 med Akseliana Eriksdotter (Tvihaug 32 a.) fødd 1/11 1833, død 11/8 1858, gift 2) 14/5 1860 med Elisabet Olsdotter (Ødemotland 13 d.) fødd 14/5 1824, død 18/4 1910. Akseliana hadde arva dei 9 spand, bnr. 1, etter faren, og Alakias tok over denne parten ved giftermålet. Han hadde 4 barn i første gifte og 4 i andre:

- a. Elise Marie, f. 28/12 1853, g. 25/6 1880 m. Nikolai Tønnesson Anda (37).
- b. Erik, f. 25/10 1855, død 6/12 s. å.
- c. Josef, f. 25/10 1855, død 27/4 1882, ugift. Han var rådsdrenge hjå Køhler på Næsheim då han døde.
- d. Erik, f. 7/10 1857, død 22/4 1858.
- e. Ola Tvihaug, f. 4/5 1861, død 15/6 1946, ugift. Ola brukte garden ei tid saman med broren Laurits. Han var ikkje lite av ein original, men og idealist, arbeide for fråhaldsak og skogsak og skreiv dikt. Budde dei siste åra på Varhaug stasjon.
- f. Aksel Tvihaug, f. 25/9 1863. I Amerika.
- g. Tabitta, f. 8/11 1866, død 6/1 1872.
- h. Laurits Tvihaug, f. 1870 (41).

35. Erik Larsson (30 a.) fødd 17/1 1835, død 26/5 1902, gift 5/11 1863 med Guri Pedersdotter (Risa, Nærøbø 66 f.) fødd 27/12 1839, død 9/10 1922. Erik Larsson tok over bnr. 4 og 5 etter faren i 1871. Han hadde 9 barn:

- a. Lars, f. 26/2 1864, død 11/4 1872.
- b. Ane, f. 12/12 1865, død 11/4 1872, begge av skarlagenfeber.
- c. Grete, f. 13/2 1868, død 2/12 s. å.
- d. Peder, f. 17/9 1869, død 19/4 1872 av skarlagenfeber.
- e. Anna Malena, f. 11/4 1872, død i Bjerkreim kring 1953.
- f. Grete, f. 29/6 1874, død 3/2 1922, ugift. Ho var lærar.
- g. Pauline Maria, f. 16/4 1879, død 19/5 1883.
- h. Lena, f. 10/1 1877, g. m. Ole Rørstad frå Møre, Mostervåg pr. Ålesund. Det var Lena og barna hennar som seinare har ått denne parten, som i mange år har vore dreven av forpaktarar. Lena sin son, disponent Einar Rørstad, står nå som eigar.

- i. Lars Tvihaug, f. 15/5 1883, død 24/4 1962, ugift.

36. Opstad Teglverk var eit lutlag skipa i 1875, der desse var med: Sven P. Opstad, Gabriel Monsen, Sven O. Håland, I. I. Gausland, Rasmus J. Opstad, Gunder J. Opstad, Rasmus R. Bø, Alakias Tvihaug og Josef Tvihaug. Dei kjøpte ein part av Alakias Josefson sin anpart, Nygård, bnr. 7. Det var Sven P. Opstad som stod for drifta av teglverket og etter kvart tok over alle lutene. Etter han tok sonen Sven S. Opstad over, og etter hundreår-skiftet minka det meir og meir av med pannebrenninga. Då Sven Opstad selde garden sin på Opstad til staten flutte han til Nygård, og nå er det sonene hans, Holberg, Per og Asser Opstad som eig denne parten med Per som brukar. Panneverket er nedlagt for mange år sida.

37. Nikolai Tonnesson Anda, son til Tønnes Nilsson Anda i Klepp og Maria Ingebretsdtr. Grude. Han var fødd 20/7 1855, gift 25/6 1880 med Elise Marie Alakiasdotter (34 a.) fødd 28/12 1853. Nikolai Anda kjøpte bnr. 1 av Alakias si dødsbu i 1883 for 3200 kroner -f folge til Elisabet Olsdtr. Han står som eigar av denne parten i 1886, men budde der visst ikkje. Han var seinare handelsmann på Sandnes. Elise Marie døde på Sandnes i 1886, og Nikolai g. 2) 1889 med Karen Elisabet Karlsen, Kleppe. Av dei 4 barna i første gifte var ingen fødde på Tvihaug, men me tek dei med:

- Marie, f. 19/8 1881, død 26/1 1890.
- Alida, f. 11/5 1883, g. m. Gustav Endresen, Stavanger.
- Tønnes, f. 15/11 1884.
- Josef Anda, f. 7/4 1886.

38. Jon Larsson Nygård (Primstad 14 e.) fødd 29/7 1858, gift 10/4 1883 med Ingeborg Jonsdotter (Opstad 78 a.) fødd 14/9 1860, død på Rosland i Klepp 21/7 1943. Jon Larsson kjøpte ei slätte av Mathias Kristianson Tvihaug og eit engstykke av Kristian Pederson i 1885 for 280 kroner, bnr. 3 og 6.1 1893 selde han same til Jonas Jakobson Årdal og budde visst seinare på Rosland i Klepp. 2 barn fødde på Nygård:

- Marta, f. 13/12 1884.
- Jon, f. 13/6 1891.

39. Jonas Jakobson Årdal (Opstad 69 d.) fødd 11/5 1856, død 15/3 1947, gift 27/6 1882 med Anna Larsdotter (Primstad 14 b.) fødd 8/7 1851, søster til 38. Jonas Jakobson kjøpte ein part av Erik Larsson i

1885, bnr. 8, og kring 1893 kjøpte han bnr. 3 og 6 av Jon Larsson. Desse partane fekk sernamnet Nygård. Jonas Nygård var mange år i fast arbeid ved Opstad Teglverk. Han hadde 6 barn:

- Jon Nygård, f. 1883 (42).
- Lars Nygård, f. 6/5 1885, g. 1) m. Elisabet ?, g. 2) 11/2 1928 m. Marta Abrahamsdtr. (Ånestad 105 d.). Bur på Lura.
- Grete, f. 25/1 1888.
- Jonas Nygård, f. 1890 (43).
- Marta Malena, f. 27/11 1893.
- Andreas Nygård, f. 1897 (44).

NB. Dei opphavelege bnr. 3 og 6 har falle bort og i staden er tilkomne bnr. 10, 11, 12 og 13.

40. Mathias Kristianson (33 d.) fødd 28/6 1853, død 23/11 1909, gift 1) 27/6 1895 med Martha Dorthea Hansdotter (Lerbrek 30 d.) fødd 7/9 1866, død 24/8 1905, gift 2) 27/3 1909 med Serina Jonasdotter Kartevoll, fødd i Time 13/7 1870. Mathias tok over bnr. 2 etter faren. Då han var død vart garden seld, og ymse brukarar har sidan butt der. Enkja Serina Jonasdtr. gifta seg att med enk. Kornelius Eliasson (Håland 58 c.) som budde i Stavanger. Mathias Kristianson hadde 1 son i første gifte:

- Kristian Tvihaug, f. 27/12 1899, g. m. Marte Kristine Dahl, f. på Karmøy 22/6 1898. Han har butt på Herringstad i Åkra.

41. Laurits Alakiasson (34 h.) fødd 10/1 1870, død på Stangeland i Høyland 19/11 1940, gift 19/10 1900 med Tomine Johannesdotter Eikeland (Opstad 98) fødd 1875. Laurits tok over farsgarden saman med broren Ola i 1895 etter Nikolai Anda. Han hadde 6 barn:

- Elisabet, f. 17/8 1901, g. m. Einar Birkeland, Stavanger.
- Arne, f. 16/7 1904.
- Inger Synnøve, f. 1/8 1906, g. 1945 m. Edvard Nygård, Hillevåg.
- Ingrid Johanna, f. 24/12 1909, død.
- Tora Maria, f. 30/11 1911, g. 1950 m. Karl Emanuel Jakobsen, Spangereid.
- Jon. Han hadde teke over garden som han i 1940 selde til Johannes Tjemsland (49).

Etter at denne huslyden kom bort frå Tvihaug og frå Varhaug, har der ikkje, så vidt eg veit, butt noken med namnet Tvihaug der.

42. Jon J. Nygård (39 a.) fødd 12/1 1883. Han tok over Nygård bnr. 10 og 11 i 1904, denne parten er kalla Bredenes i matrikelen i 1906. Ugift.
42. Jonas J. Nygård (39 d.) fødd 7/12 1890, gift 25/4 1914 med Berta Karoline (Hobberstad 51 f.) fødd 2/1 1895. Han tok over Nygård bnr. 12 i 1917. 10 barn:
- Rakel, f. 10/7 1914.
 - Agnes, f. 4/2 1921, g. 1939 m. Ragnvald (Ueland 103).
 - Johan, f. 16/1 1922, g. m. Ingeborg Bergskås, Bø i Telemark.
 - Ragna, f. 7/1 1924, g. m. Tore Tobiassen (Ånestad 110 e.).
 - Jens, f. 17/12 1925, g. 1954 m. Asgjerd Auestad.
 - Betsy, f. 4/8 1927, g. m. Kåre Flatekvål, Sandnes.
 - s Klara, f. 23/6 1929, g. m. Arnt Kommedal, Sandnes.
 - Gunvor, f. 21/10 1930, sykepleierske.
 - Målfrid, f. 3/10 1933, g. 1954 m. Ragnvald (Skretting 154).
 - Judith, f. 25/11 1940, g. m. Egil Hiim, Stavanger.
44. Andreas J. Nygård (39 f.) fødd 2/1 1897, død 25/8 1970, gift 1928 med Anna Kristiansdtr. Sikveland, fødd/ i Gjesdal 26/10 1904. Han tok over Nygård bnr. 8 i 1924. Barn:
- Astrid, f. 14/10 1929, g. m. Hans Magnussen Skretting.
 - Johannes, f. 28/6 1933.
45. Johan H. Ueland (Ånestad 107 d.) fødd 15/7 1901, gift 1930 med Tora Torgersdatter Holm, fødd på Holmahodi av Sikveland i Gjesdal 3/7 1910. Han tok over BJORSTAD (tidlegare HUKKEN) bnr. 17 i 1931. Barn:
- Ester-Sofie, f. 8/10 1930, g. 1950 m. Torleiv Torland, Nærbø.
 - Hans Elias, f. 14/3 1932, g. 22/11 1955 m. Joron (Vigre 62 b.).
 - Else Johanna, f. 28/10 1933, g. 1954 m. Arvid Årdal, Nærbø.
 - Ruth Elise, f. 27/9 1935, g. 1954 m. Leif Kvia, Nærbø.
 - Torger Karies, f. 13/6 1937, g. 1960 m. Haldis Njærheim.
 - Trygve Jostein, f. 15/1 1939, g. 1962 m. Gunvor Gundersen, Klepp.
 - Turid, f. 26/8 1950, g. 20/9 1969 m. Kåre Skretting.
46. Nils Ellingson (Ueland 91 a.) fødd 23/8 1919, gift 1949 med Magnhild Andreasdatter Bakke, fødd i Bakke 16/11 1929. Han tok over Solvold av Tvihaug, bnr. 14, 15 og 16, i 1950. Barn:
- Astrid, f. 16/7 1950, g. 16/10 1971 m. Eivind Isaksen, Tromsø.
 - Målfrid, f. 24/4 1952, g. 25/4 1970 m. Pål Undheim, Myrebø.
 - Elling, f. 24/4 1952.
 - Arvid, f. 14/3 1955, d. 29/5 1956.
 - Norunn, f. 3/4 1957.
 - Mary, f. 6/2 1961.
 - Arvid, f. 15/3 1965.
 - Leif Magne, f. 15/6 1967.
 - Evelyn, f. 23/7 1970.
47. Sigvart Jørgenson (Ueland 84 g.) fødd 15/12 1917, gift 31/7 1943 med Berly Olsdatter Rosland, fødd i Klepp 17/3 1923. Han kjøpte ein part på Tvihaug i 1946, Vang og Trekanten, bnr. 18 og 22. Er fengselsbetjent på Opstad. Barn:
- Bjørge, f. 12/2 1944, g. 1965 m. Kristoffer Høiland, Sandnes.
 - Aud, f. 17/8 1945, g. 1964 m. Asbjørn Lindland.
 - Reidun, f. 7/2 1947.
 - Jørgen, f. 3/2 1949.
- Selde seinare til Paul Undheim og kjøpte hus på Varhaug st.
48. Otto Ingolf Ueland (Ueland 84 h.) fødd 5/3 1920, gift 4/12 1943 med Herdis Eriksdatter (Skretting 128 j.) fødd 31/12 1926. Han kjøpte ein part på Tvihaug i 1950, Oppheim, bnr. 21. Selde seinare til Jonas Tjemsland. Barn:
- Brit, f. 6/4 1944, g. 1964 m. Villy Gjesdal, Ålgård.
 - Egil Jostein, f. 24/6 1947.
49. Johannes Tjemsland (Sør-Tjemsland 62 d.) kjøpte bnr. 1 i 1940. Gift 23/8 1947 m. Malena Indrebø (Bø 164 c.), Nærbø. Barn:

- a. Anna, f. 2/2 1950, g. 20/12 1969 m. Peder Bøe, Oгна.
- b. Anton, f. 14/6 1951.
- c. Møyfrid, f. 20/1 1953.
- d. Jan, f. 26/1 1958.

50. Komelius Aksdal f. 28/6 1903 i Stavanger. Foreldre: Maren og Elias Aksdal. Gift 1928 m. Klara J. Viste (Bjørhaug 19 c.). Overtok gnr. 46, bnr. 2, etter faren. Barn:

- a. Einar, f. 6/11 1929,, g. m. Ingrid Karstensen, Gjerdrum.
- b. Kåre Johannes, f. 13/1 1932, g. m. Martha Skeie, Ulvik.
- c. Margunn Berly, f. 6/12 1935, g. m. Per P. Høiland, Nærbø.
- d. Henry, f. 17/6 1937, g. m. Elin Bergitte Støa, Verdal i Nord-Trøndelag. Har overteke heimebruket.
- e. Kjell, f. 6/12 1940, g. m. Torunn Gabrielsen, Stavanger.

G.nr. 47. Bjorheim

Utt. Bjorei. Gamal skuld var 8 spand korn landskuld som Ludvig Schultz åtte i 1723. Frå kring 1775 åtte Bø prestebol alt, men frå kring 1780 var det sjølveigande bønder som budde på garden. Der var 2 brukarar til kring 1819, seinare 3. Namnet Bjorheim meiner dei kjem av bjor = bæver, men det er ikkje så heilt visst at det er rett. Det er likså sannsynleg at det kjem av gn. bjorr, = trikant eller kileforma jordstykke? Skrivemåten har vore: 1567 Biurem, 1668 Biørem, i 1723 er nemd plassen Haae-Rudlen u. Biørem.

Garden skifter i vest med Tvihaug og Ånestad, mot nord med Tvihaug, mot aust med Ueland og mot sør med Ånestad. Jorda er kupert og bakkar ned mot nord, jordsmonnet er fast mark på leir og grus undergrunn. Der finst og noke myr.

NAMNEREGISTER

1. Omund Einarson
2. Nils Lauritzson
3. Einar Torkelson Skretting
4. Anders Bjorheim
5. Lars Omundson Reiestad
6. Anders Olson
7. Peder Vikanson Varhaug
8. Ola Andersson
9. Jon Asbjørnson Bø
10. Ola Gregoriusson Rugland
11. Ola Jonson
12. Ola Olson
13. Peder Omundson Eikeland
14. Adam Andersson Eikeland
15. Abraham Albretson Valdeland
16. Halvard Halvardson Rosseland
17. Gabriel Rasmusson Nord-Varhaug
18. Tolleiv Vermundson Birkeland
19. Peder Jonson Heigrestad
20. Jonas Torgerson Kyllingstad
21. Omund Gabrielson
22. Torsten Torstenson Auestad
23. Johannes Johannesson Hetland
24. Rasmus Gullikson Spødevoll
25. Jonas Ellingson Bø
26. Jonas Gunnarson Bø
27. Torsten Torstenson
28. Gabriel Rasmusson
29. Ole Johannes Jonasson
30. Theodor Ragnvald Torstenson
31. Ola Gabrielson
32. Magnus Skeie
33. Asgaut Steinnes
34. Hans H. Skeie
35. Magnus Ånestad
36. Georg Ueland
37. Olav Skårland

1. **Omund Einarson** brukte 2 spand i Bjorheim i 1665. Han var fødd kring 1600, skifte etter han 28/9 1972. Gift 1) med ukjend, gift 2) med Ingeborg Torkelsdtr. (Skretting 10 f.). 3 barn i første gifte og 1 i andre:

- a. Ingeborg, g. m. Einar Torkelson (3).
- b. Ragnhild, g. m. (Nils Lauritzson?) (2).
- c. Berit, g. m. Ola Askildson (Ånestad 13).
- d. Torsten, truleg død ugift.

2. **Nils Lauritzson** brukte 2 spand i 1665. Fødd kring 1603, og var kanskje gift med Ragnhild Omundsdr. (1 b.). Meir torer eg ikkje seie om han.

3. **Einar Torkelson** (Skretting 10 c.) var fødd kring 1625, skifte 3/2 1699, gift med Ingeborg Omundsdr. (1 a.). Han brukte 2 spand i 1665. 4 barn er nemnde:

- a. Malena.
- b. Kirsten, g. m. Peder Vikanson (7).
- c. Torborg, g. m. (Peder Pederson Helland i Time?).
- d. Ingeborg, g. m. Lars Omundson (5).

4. Anders Bjorheim var for retten i 1669 tiltala fordi kona hans hadde kome for snart i barnseng. Almuen vitna, at han i lang tid hadde tent kongen som soldat, "och nu haffuer gandsche ingen midler, som hand kand bode med." Det er alt me veit om han. Truleg budde han på parten etter Nils Lauritzson.

5. Lars Omundson (Reiestad 8 c.) var fødd kring 1660. Han var gift 1) med Ingeborg Einarsdotter (3 d.) som døde før 1700, gift 2) med Malena Pedersdotter (Haugstad 11 d.), skifte etter henne 6/2 1723. Lars Omundson tok over 4 spand etter verfare, Einar Torkelson, i 1690. Denne parten var benefisert Bø prestebol i 1723, som då var representert av presten Ludvig Schultz. Lars Omundson hadde 1 barn i første gifte og 3 i andre:

- a. Omund Larsson (Ueland 19).
- b. Peder Larsson (Kvja 21).
- c. Torsten Larsson (Ånestad 34).
- d. Ingeborg, f. 1697, g. m. Jon Asbjørnson (9).

6. Anders Olson var husmann på Bjorheim i 1701 og var truleg den same som 4. Han var fødd kring 1635 og kunne vore den Anders Olson som tente på Skretting i 1665. Han måtte då vore gift kring mitten av 1669, men kona er ukjend. Der er nemnde 2 barn:

- a. Ola Andersson Bjorheim, f. 1669 (8).
- b. Tormod Andersson, f. 1678, var marinesoldat og tente på Sør-Reime i 1701.

7. Peder Vikanson (S-Varhaug 20 a.) fødd kring 1668, skifte 27/1 1733, gift 1) med Kirsten Einarsdotter (3 b.) død 1700, gift 2) kring 1700 med Anna Hansdotter (Odland 9 b.). Peder Vikanson tok over 4 spand i 1700, som var benefisert Bø prestebol. 1 barn i første gifte og 8 i andre:

- a. Einar Pederson (Ånestad f. 1700 (30)).
- b. Kirsten, f. 1703, g. m. Elling Asserson (Vigre 26).
- c. Sara, f. 1707, eller kanskje Kari som tente på Risa i 1758, 50 år gamal?
- d. Ingeborg, f. 1708, g. m. Ola Olson (Ånestad 38).
- e. Anna, f. 1714, g. m. Elias Erikson (Ånestad 23).
- f. Eli, f. 1718.
- g. Hans Pederson (Djøseland 15), f. 1720.
- h. Vikan, f. 1725, selde 15 spand i Skretting til Gunnar Larsson Hårr i 1751?
- i. Malena, f. 1723, g. m. Tore Olson Line i Time.

8. Ola Andersson Bjorheim (truleg son til 6?) fødd i 1669, var husmann på Bjorheim i 1718. Kona er ukjend, men ein son er nemnd:

- a. Kristoffer, fødd kring 1708.

9. Jon Asbjørnson (Bø i Nærbø 35 b.) fødd kring 1699, gift kring 1723 med Ingeborg Larsdtr. (5 d.) fødd kring 1697, skifte 10/6 1768. Jon Asbjørnson byksla 4 spand av fru Valentinsen i 1723 etter Lars Omundson. Han livde i 1758 og i 1668. 3 barn er nemnde:

- a. Asbjørn (Lindal, Nærbø 10).
- b. Ola Jonson Bjorheim, f. 1739 (11).
- c. Jon, f. 1744, tente på S-Varhaug i 1758, 14 1/2 år.

10. Ola Gregoriusson (Rugland 8 c.) fødd kring 1715, skifte 27/3 1767, gift 1) med enkja etter 7, Anna Hansdotter, som der var skifte etter 26/5 1746, gift 2) 1746 med Joron Olsdotter, fødd kring 1706, skifte 21/7 1764, truleg dotter til Ola Sivertson Årestad i Time og Ingrid Kristoffersdtr. Ola Gregoriusson hadde byksla 4 spand av Ludvig Schultz sine arvingar etter Peder Vikanson i 1733. 1 barn:

- a. Anna, f. 1748, budde på Bjorheim i 1803, ugift.

11. Ola Jonson (9 b.) fødd kring 1739, død 27/4 1794, gift 16/4 1767 med Ingeborg Olsdotter (Reime 18 c.) fødd 1741, død 9/4 1805. Ola Jonson byksla heile Bjorheim, 8 spand, av fru Valentinsen i 1766 mot folge til Ola Gregoriusson og kona hans. Faren har nok vore død då, sidan der ikkje er nemnd folge til han. Ola Jonson hadde 6 barn:

- a. Ola Olson Bjorheim, f. 1770 (12).
- b. Ingeborg, f. 1771, g. m. Adam Andersson (14).
- c. Jon Olson, f. 1773.
- d. Lars, f. 1775, død 16/1 1816, ugift.
- e. Elisabet, f. 1777, g. m. Peder Omundson (13).
- f. Malena, f. 1780, g. m. Abraham Albretson (15).

12. Ola Olson (11 a.) fødd 1770, død 10/9 1805, ugift. Han kjøpte 8 spand, heile Bjorheim, av Peder Kløw i 1796 for 280 Rdlr. Då han var død vart garden skift millom dei 5 søskend hans, skiftet datert 15/10 1805.

13. Peder Omundson Eikeland var son til Omund Jensson Eikeland i Bjerkreim og kona Inger Andersdtr. Han var fødd 13/6

1779, død 18/7 1850, gift 14/11 1805 med Elisabet Olsdtr. (11 e.) fødd 1777, død 23/4 1840. Peder Omundson tok over 4 spand med kona, og då Lars Olson døde i 1816 løyste han inn dei andre 4 spand av dødsbua for 600 dalar. Då Elisabet var død gifta han seg 2) 10/10 1840 med enkja Sara Pedersdotter Stokkeland i Oгна frå (Aniksdal 42 d.). Begge giftermåla var barnlause.

14. Adam Andersson Eikeland var brorson til Peder og son til Anders Omundson Eikeland og kona Berta Olsdtr. Øvrebø i Oгна. Han var fødd i 1797, gift 1) 24/6 1818 med Ingeborg Olsdotter (11 b.) fødd 1771, død 11/1 1847. Adam kjøpte 2 spand av Peder Omundson i 1819 for 10 spesidlr. Dei fekk ikkje barn, men Adam fekk 4 barn ue. med gjenta Inger Sigbjørnsdtr. (Ueland 52 e.):

- a. Abraham, f. 11/5 1831.
- b. Ellen, f. 7/8 1832.
- c. Anna, f. 2/3 1834.
- d. Andreas, f. 18/11 1835 (sjå Rugland 36).

For dette kom Inger på straff, og Adam vart dømd utlæg frå fylket. Han var borte til kona og Inger Sigbjørnsdtr. var døde. Då kom han att og busette seg på Valdeland (13).

15. Abraham Albretson (Valdeland 6 c.) fødd kring 1782, død 16/3 1863, gift 4/4 1816 med Malena Olsdotter (11 f.) fødd 1780, død 9/4 1856. Abraham kjøpte 2 spand av Peder Omundson i 1819 for 10 spesidlr. Dermed vart det 3 brukande partar att. Dei fekk 5 barn:

- a. Ingeborg, f. 3/4 1817, g. m. Peder Jonson (19), g. 2) m. Jonas Torgerson (20).
- b. Elen Malena, f. 14/10 1819, g. 21/11 1839 m. Omund Tollakson (Skjærpe 23).
- c. Andreas, f. 18/3 1822, død 3/9 s. å.
- d. Andreas, f. 5/3 1824, (død 1825?).
- e. Anna Olina, f. 8/11 1827, død 16/4 1828.

16. Halvard Halvardson Rosseland var fødd på Fotland i Time 7/8 1806, gift (1826?) med Berta Svendsdotter (Skretting 51 b.) fødd 22/2 1806. Halvard var nok fødd på Rosseland, og det var faren som var f. på Fotland og mora var frå Rosseland. Dei budde som husmannsfolk på BJORHEIM i 1828, men flutte til Risnes i Oгна i 1832. 1 barn f. på BJORHEIM:

- a. Malena, f. 8/8 1828.

17. Gabriel Rasmusson (Nord-Varhaug 27 d.) fødd 1785, død 20/1 1864, gift 17/9 1818 med Ingeborg Omundsdotter (Njærheim, Nærbø 86 d.) fødd 1790. Gabriel hadde vore forpaktar på Ledaal ved Stavanger då han i 1829 kjøpte 2 spand av Adam Andersson BJORHEIM for 300 spesidlr. f følge til Ingeborg Olsdtr. Dei hadde 5 barn då dei kom til BJORHEIM og fekk 1 sidan:

- a. Rasmus, f. 1819, reist til Stavanger i 1843.
- b. Olina, f. 1824, g. i Stavanger 22/1 1869 m. enk. gardbr. Ola Samsonson frå Hardanger, budde i Hetland.
- c. Kirsten, f. 1821, reist til Stavanger i 1847.
- d. Ingeborg, f. 1827, g. 16/11 1854 m. Bjørn Sjurson frå Ytre Matberg, Skånevik.
- e. Omund (BJORHEIM 21).
- f. Ingeborg Kirstine, f. på BJORHEIM 23/8 1834, død 1851.

18. Tolleiv Vermundson Birkeland var son til Vermund Tolleivson Litle Birkeland i Bjerkreim og Malena Pedersdtr. Han var fødd 28/9 1800, gift 17/6 1819 med Inger Andersdotter Eikeland, fødd 20/3 1803, søster til 14. Truleg var han husmann etter Halvard Halvardson og budde på BJORHEIM i 1834. Dei hadde 5 barn som var fødd i Bjerkreim og 1 på BJORHEIM:

- a. Villas, f. 11/3 1821.
- b. Malena, f. 18/4 1824.
- c. Anders, f. 20/3 1826.
- d. Tolleiv, f. 23/9 1828.
- e. Guri, f. 7/9 1831.
- f. Peder Kristian, f. 11/7 1834, g. i Stavanger 24/10 1872 m. fråskilt Nikoline Nilsen, 39 år. Ho var truleg dotter til Nils Toreson Kartevoll. Peder Kristian var smed i Stavanger.

19. Peder Jonson Heigrestad var son til Jon Toreson Heigrestad i Eigersund og kona Elisabet Pedersdtr. Han var fødd i Eigersund 13/1 1805, død 10/5 1846, gift 14/6 1835 med Ingeborg Abrahamsdotter (15 a.) fødd 3/4 1817. Peder Jonson kjøpte 2 spand av verfare i 1835 for 50 spesidlr. Dei hadde 3 barn:

- a. Malena, f. 1/4 1838, g. 11/4 1867 m. Peder Olson (Risa 82).
- b. Elisabet, f. 15/9 1840, død 25/7 1885, ugift. Ho hadde ein son ue. Tobias Larsson, f. 22/1 1867 (Tunheim, Time).
- c. Anna Olina, f. 20/8 1843, g. m. Ola Olson (Reiestad 39).

20. Jonas Torgerson Kyllingstad var son til Torger Olson Kyllingstad i Gjesdal og kona Guri Toresdtr. Han var fødd i 1823, død 12/1 1908, gift 1) 30/3 1848 med enkja etter 19, Ingeborg Abrahamsdotter, død 31/12 1870, gift 2) 20/3 1875 med Malena Omundsdotter (Skjærpe 23 b.) fødd 18/7 1845, død 27/7 1915. Jonas Torgerson kjøpte 2 spand, bnr. 1, av stykdottera Malena Pedersdtr. i 1865 for 214 dalar 4 ort og 5 skilling. I 1875 vart garden taksert til 500 spesidalar. 4 barn i første gifte og 3 i andre:

- a. Marta, f. 24/11 1849, død på Risa 20/5 1882, ugift.
- b. Pernille, f. 15/4 1852, død 15/10 1870.
- c. Akseliana, f. 4/2 1855, g. m. enk. Peder Olson (Risa 82).
- d. Taletta, f. 6/9 1857, g. 1895 m. enk. Peder Pederson Herigstad i Time.
- e. Ole Johannes BJORHEIM, f. 1876 (29).
- f. Jonas, f. 23/8 1879, reist til Australia i 1900, seinare til Amerika.
- g. Marta, f. 3/9 1884, død 25/6 1885.

21. Omund Gabrielson (17 e.) fødd i Hetland 1829. I 1851 kjøpte han 2 spand, bnr. 2, av faren for 70 dalar (-/- følge. I 1858 selde han same til Rasmus Gullikson, og året etter flutte han til Hetland prestegjeld ved Stavanger, og var då ugift. Den 22/2 1859 fekk han ein son ue. Olaus, mora var Guri Malena Gregoriusdtr. Haugland i Time.

22. Torsten Torstenson (Auestad 29 e.) fødd 29/5 1821, død 4/3 1904, gift 14/6 1849 med Serina Larsdotter Stokkeland, fødd i Ognå 20/11 1825, død 1/8 1898, dotter til Lars Ivarson Stokkeland og kona Sara Pedersdtr. (sjå under 13). Torsten kom frå Stavanger då han i 1849 kjøpte 4 spand, bnr. 3, av Sara sin stykfar, Peder Omundson, for 400 dalar. Dei hadde 7 barn:

- a. Torsten, fødd 31/3 1850, død 11/4 1851.
- b. Torsten BJORHEIM, f. 1852 (27).
- c. Sara, f. 7/10 1854, død ugift.
- d. Anna Berte, f. 9/1 1857, død 23/3 1900, ugift.
- e. Lars, f. 1/6 1861, død 4/3 1872.
- f. Serina, f. 13/10 1866.
- g. Torsten Luther, f. 15/3 1872 (Djøseland 58).

23. Johannes Johannesson Hetland, son til Johannes Nilsson Søre Hetland i Ognå og kona Eli Størkardsdtr. Fjermedal i Berkreim, som først hadde vore gift med Jens

Omundson Hetland, bror til Peder Omundson BJORHEIM (13). Johannes var fødd 20/7 1818, gift 13/3 1842 med Taletta Larsdotter Stokkeland, fødd i Ognå 7/4 1820, søster til Serina (sjå 22). Johannes var husmann på BJORHEIM til kring 1860. I 1865 var han på Auestad. Truleg døde både Johannes og Taletta i Ognå. Me veit om 7 barn:

- a. Johannes, f. 13/7 1843, var lærar i Eigersund i 1865, seinare i Nedstrand.
- b. Lars, f. 30/12 1845.
- c. Sara, f. 4/9 1849, g. 1874 m. Rasmus Kristianson Friestad i Ognå (Roligheden). Deira son var handelsmann på Varhaug og Nærbø, seinare disponent ved Jærens Potetmjølfabr. Klepp, Johan Rasmusen.
- d. Elias, f. 20/12 1851, død i Egersund.
- e. Johan Theodor, f. 5/11 1854.
- f. Elen, f. i Ognå 8/12 1858, g. 26/1 1882 m. bakar Govert Tønnesson Lode (sjå Gudmestad 33).
- g. Peder BJORHEIM, f. på Skretting 20/11 1863, g. 8/8 1895 m. Maria Olsdtr. Pigberg i Time. Han var skreddar, seinare stasjonsmeister.

24. Rasmus Gullikson Spødervoll var son til Gullik Kjetelson Spødervoll i Bjerkreim og kona Guri Olsdtr. frå Kydland i Gjesdal. Han var fødd 21/1 1819, død 26/1 1895, gift 29/11 1857 med Ingeborg Maria Olsdotter, fødd i Time 14/6 1824, død 9/7 1887, dotter til Ola Ellingson Tjåland og Ingeborg Olsdtr., f. Kyllingstad, faster til Jonas Torgerson (20). Rasmus Gullikson kjøpte bnr. 2 av Omund Gabrielson (21) i 1858. Merkeleg nok står Omund som eigar av denne parten så seint som 1886. Dei hadde 6 barn:

- a. Gabriel BJORHEIM, f. 1858 (28).
- b. Ola BJORHEIM, f. 25/1 1860, g. 15/11 1888 m. Inger Hansdtr. (Opstad 65 d.). Bygningsmann i Stavanger.
- c. Guri, f. 7/8 1861, g. m. Tore Omundson Sveine (Opstad 83).
- d. Lars Bertinius, f. 6/8 1863, død i Amerika, ugift.
- e. Ingeborg, f. 12/3 1865, død 20/2 1872.
- f. Inger, f. 30/11 1866, død i Amerika 1937, g. m. Johan Arnt Abrahamson (Skretting 82 g.).

25. Jonas Ellingson (Bø 80 l.) fødd i Nærbø 5/4 1837, gift 11/5 1857 med Berta Malena Ivarsdotter (Herigstad 46 e.) fødd 24/5 1836. Jonas var husmann på BJORHEIM,

truleg etter 23. Det er uvisst kvar dei seinare vart av. 2 barn fødde i Varhaug:-

- a. Ivar, f. på Herigstad 10/8 1858, g. i Stavanger 1884 m. Inger Serina Enoksdtr. (Reiestad 37 c.). Arbeidde hjå Støberi & Dokk i Stavanger.
- b. Berta, f. på Bjorheim 21/8 1862, g. 1) m. ? Schanehe Moe, g. 2) m. ? Viland, truleg begge i Stavanger.

26. Jonas Gunnarson, fodd i Nærbo 4/11 1837 (sjå Njærheim 91 g. og Bø 80 b.), var søskendbarn til 25, gift 10/6 1862 med Anna Johanna Johannesdotter (Odland 48 f.) fødd 9/4 1835. Han var husmann på Bakkane etter morbroren Jonas Ellingson. Er ikkje nemnd etter 1866. 3 barn fødde på Bjorheim:

- a. Jonas, f. 18/1 1863, død 19/12 1864.
 - b. Johannes, f. 19/1 1865.
 - c. Jonas, f. 3/12 1866.
- NB. Anna Johanna hadde 1 son ue. Sven Svenson, f. 16/12 1858.

27. Torsten Torstenson (22 b.) fødd 5/8 1852, gift med Guri Kirstine Tollaksdotter, f. Sædre i Eigersund 1852, død som enkje på Bjorheim 6/3 1900. Torsten var lærar langt nord i landet, seinare ambulerande bokhandlar. Seinare tok han nok over farsgarden, men det er ikkje likt til at han budde der, for i 1900 forpakta Jonas Jakobson Nygård den parten, og ingen av dei 3 barna eg veit om var døypte i Varhaug, og heller ikkje døde Torsten der. Barn:

- a. Theodor Ragnvald Bjorheim, f. 1876 (30).
- b. Torsten, f. 1878, død i Varhaug 7/4 1915, ugift. Han var sjømann.
- c. Torvald, f. 1882, død på Varhaug 22/11 1904, ugift.
- d. Lotte, f. 4/11 1886. e.
- e. Johan, f. 5/6 1888.

28. Gabriel Rasmusson (24 a.) fødd 20/11 1858, død 13/1 1939, gift 6/7 1886 med Sikke Maria Sigbjørnsdtr. (Risa 71 f.) fødd 6/1 1863, død 13/5 1939.

Her har eg funne eit kjøpebrev som eg skal ta med: "Den 6 november 1886: Jegi Omund Gabrielsen Bjorem, som med skjøde av 8 oktober 1855 har solgt til Rasmus Gauliksen Kydland av Birkrem min anpart i Bjorem, Inr. 182, for 1000 spd. Og da Rasmus Gauliksen atter av 8 april 1886 har solgt samme til sin son, Gabriel Rasmussen, for 400 kroner plus folge til foreldrene, så er det vi undertegnede Omund Gabrielsen og Rasmus Gauliksen skjøder til Gabriel Rasmussen vår eiende anpart av

Bjorem, Inr. 182, av skyld 3 ort, 21 skilling, Rev. 1 mark 57 øre."

Gabriel Bjorheim var ein ihuga skyttar både som jæger og som lag-skyttar. Han dreiv og som gråsteinsmurar attåt gardsdrifta. Dei hadde 8 barn:

- a. Ingeborg, f. 26/4 1887, død 19/2 1889.
- b. Anna, f. 25/11 1888, g. 1908 m. Ivar L. M. (Ueland 77 a.).
- c. Ingeborg, f. 14/10 1890, g. m. Andreas T. (Ueland 68 j.).
- d. Rasmus Bjorheim, f. 4/10 1892, g. m. Johanna Husveg. (Sjå Nærbo stasjon 167.)
- e. Sigbjørn Bjorheim, f. 5/4 1895, g. m. Inga Nilsdtr. Re. (Busett på Nærbo stasjon.)
- f. Sina Bjorheim, f. 2/3 1897, g. m. Lars Larsson (Bø 166).
- g. Gurina, f. 28/12 1899, g. m. Einar (Risa 105).
- h. Ola Bjorheim, f. 1902 (31).

29. Ole Johannes Jonasson (20 e.) fødd 20/8 1876, død 7/8 1958, gift 23/3 1905 med Gurina Enoksdotter Helland, fødd i Time 13/1 1877, død 16/4 1947, dotter til Enok Larsson Helland (Brylte) (sjå Opstad 68 b.) og kona Hanna Hansdtr. Helland. Ole Johannes tok over bnr. 1 etter faren i 1890. Dei hadde 4 barn:

- a. Maria, f. 27/10 1906.
- b. Hanna, f. 12/6 1914, g. m. Eivind (Lindal, Nærbo 29).
- c. Ingeborg, f. 11/6 1916, g. m. Josef Allenlov. Reist til Amerika.
- d. Eli, f. 30/4 1920, g. m. Magnus Ånestad (Bjorheim 35).

30. Theodor Ragnvald Torstenson (27 a.) fødd 1876, gift 20/12 1909 med Anna Mikkelsdtr. (Ueland 76 e.) fødd 25/3 1890. Theodor Bjorheim reiste til Australia og seinare til Amerika, men kom heim og tok over farsgarden kring 1905. Kring 1918 eller så selde han garden til eit lutlag frå Stavanger (Natvig, Øgreid og Dreier?) som dreiv nybrottsarbeid nokre år. Seinare selde dei til staten som la garden ut til arbeidsgard for mange av dei arbeidslause som i etter-krigstida vart sette til naudsarbeid. I denne tida vart der lagt mykje nybrottsjord til det som var for, og garden vart seinare sundbytt til fleire nye brukarar. Theodor og Anna Bjorheim flutte til Raugstad i Høyland og seinare til Serigstad i Time. Då han var dod flutte Anna til Bryne, der ho sidan har butt. 6 barn:

- a. Torstein Gunerius, f. 20/5 1911, g. m.

- Astrid Hadland, f. i Oagna 28/3 1914. Bur på Bryne.
- b. Martin Gustinius, f. 7/8 1913.
- c. Torleif, f. 31/3 1916, g. m. Haldis Hansdtr. Berge, f. i Time 11/3 1917. Bur på Bryne.
- d. Theodor, f. 1918, g. 23/6 1947 m. Anna Rue, f. i Seljord, Telemark.
- e. Andreas, f. i Høyland 27/7 1921.
- f. Gudrun, f. i Høyland 1924.
- 31. Ola Gabrielson** (28 h.) fødd 24/9 1902, død 1/5 1963, gift 1933 med Abigael Serine (Lerbrek 45 b.) fødd 24/12 1904. Ola tok over farsgården, bnr. 2, i 1934. Barn:
- a. Gabriel, f. 25/11 1933, g. 3/3 1956 med Berte Edland, f. i Nærbø 15/2 1939 (Bø 189 a.), d. 8/7 1970. Han brukar nå farsgården.
- b. Bertel, f. 30/9 1934, g. 1957 m. Gerd Marie Salte, Nærbø.
- c. Harald BJORHEIM, f. 30/12 1937, g. 14/5 1960 med Jofrid Lode.
- 32. Magnus Hansson Skeie** (N-Tjemsland 46 b.) fødd 30/8 1904, gift 3/2 1926 med Astrid Abrahamsdtr. (Skretting 117 i.) fødd 28/2 1905. Han kjøpte bnr. 3, truleg av staten, i 1925. 5 barn:
- a. Gudrun, f. 10/11 1926, g. 1950 m. Rasmus M. Hobberstad (Varhaug 175 c.).
- b. Hans, f. 7/7 1928, g. 1954 m. Inga (Bratland 33 d.). Driv farsgården.
- c. Abraham, f. 29/3 1930, g. m. Margot Alfsdtr. Njærheim.
- d. Alstein, f. 17/5 1931, g. 1951 m. Sigrun Torvaldsdtr. Gudmestad.
- e. Asta-Mary, f. 8/1 1936, g. 1957 m. Svein Foss Pettersen, Drøbak!
- 33. Asgaut Steinnes**, son til Aseus Steinnes, Sand, og kona Jorunn. Han er fødd i Sand 29/8 1898, gift 1922 med Marta Hesby, fødd i Finnøy 12/4 1898. Asgaut Steinnes kjøpte ein part av bnr. 3, Klubben, bnr. 6, i 1926. 5 barn:
- a. Asbjørn, f. 15/8 1923, g. m. Margit (Skrettingland 34 f.).
- b. Einar, f. 4/9 1926, g. 1951 m. Judith Bø, Varhaug.
- c. Jorunn, f. 11/6 1929, gift 1949 m. Njål (Skrettingland 34 e.).
- d. Arnfinn, f. 20/5 1932, g. m. Elen (Refsland 15 h.).
- e. Oddvar, f. 23/4 1934, g. m. Maria Torgersdtr. Nærland, Torland.
- 34. Hans Hansson Skeie** (N-Tjemsland 46 c.) fødd 1/2 1908, gift 1934 med Borgny Opstad (Bø 153 f.) fødd 17/12 1912. Han kjøpte ein part av bnr. 3, Bakkane, bnr. 7, i 1935, truleg av broren Magnus. Barn:
- a. Hans, f. 31/10 1934, g. m. Karin Aksdal, Bokn.
- b. Arvid Johan, f. 24/9 1938, g. 1960 m. Sigrun Øvrebø, Bokn.
- c. Bjarne, f. 20/4 1940, g. 1967 m. Tori Enevaldsdtr. Sæland, Vigrestad.
- d. Bergit Gerd, f. 14/12 1941, g. m. Ola Skjørestad, Kverneland.
- e. Åge Martin, f. 18/6 1949.
- 35. Magnus Helgeson** (Ånestad 93 a. 1) fødd 15/12 1913, gift med Eli BJORHEIM (29 d.) fødd 30/4 1920. Han brukar bnr. 1 etter verfare. Barn:
- a. Tordis, f. 6/10 1937, d. 7/7 1958.
- b. Gunvor, f. 17/1 1944, g. m. Kristen Johannes Robertsen, Narvik.
- c. Ole Johannes, f. 7/2 1947.
- d. Helge, f. 5/4 1949.
- 36. Georg Gabrielson** (Ueland 80 f.) fødd 29/10 1902, gift 1938 med Marta Abrahamsdotter (Skretting 124 e.) fødd 6/10 1905. Han kjøpte ein part av bnr. 3, Steineane bnr. 8, i 1940. Seinare busett på Omholt, Ytre Sandsvær. Olav Skårland eig nå garden. Barn:
- a. Agnes, f. 29/12 1939.
- b. Gabriel, f. 6/5 1941.
- c. Malena, f. 29/1 1944.
- d. Arnold, f. 15/5 1945.
- e. Arne, f. 7/4 1948.
- f. Gerd Marie, f. 9/9 1950.
- 37. Olav Skårland** f. 24/5 1927 i Time, gift 1949 med Borghild (Torland 87 c.). Kjøpte bnr. 8 av Georg Ueland i 1955. Barn:
- a. Kjell, f. 5/11 1949.
- b. Toralf, f. 10/4 1955.
- c. Kirsten Helene, f. 26/4 1958. Bjørg Olaug, f. 2/5 1964.

G.nr. 51. Ueland

Til Ueland hørde etter gammalt Tjelmsengen, utt. Kjælsænjà, gnr. 48. Elverullen, utt. Ælveruddlå, gnr. 49, og Instigbakken, utt. Innstikkbakkjen, gnr. 50. Disse skal ikkje omtalast meir her, men er i teksta tekne med under Ueland.

Uttalen er Ualann. Gamal skuld var 1 pund kornskuld i 1723, alt bondegods, men eigarane budde på andre gardar, og brukarane var bykslemenn til kring 1850. Namnet Ueland er der ymse meiningar om som alle etter mitt ringe skjønn har lite for seg. Eg skal difor la det liggja og heller ta for meg skrivemåtane som til ymse tider har vore nytta. Disse er noke så ner sams for dei tri gardane i Rogaland med namnet Ueland, nemleg i Ognå, Heskestad og Varhaug. For Varhaug sitt vedkomande lyder dei slik: Owgland og Ogland før 1563, det året er det skreve Wuelandt, 1567 Wllannd, 1610 Wland, 1668 Wueland, og i 1723 Ufveland. Garden skifter mot vest med Tvihaug, Bjorheim, Ånestad, Skrettingland, Skretting og Håland, mot nord med Tvihaug, Opstad, Lindal og truleg Våland i Nærbø og dessutan med Helland og fleire gardar i Time mot aust, og mot sør med Ognå og Aniksdal og Håland. Mest heile Ueland høyrer til Høggjæren. Dei store heiaviddene strekkjer seg opp og inn mot Storemos-vatnet og Synesvarden. Her finst store torvmyrar og myrlendt grasmark som det er vandt å få lagt under kultur. Men jærbuen er eit hardbale folkeferd som nå har teke til å kultivera dette ugjestmilde landet. Men det skal møykje til at dei maktar å leggje ny jord under ploegen så fort som byrokrat vandane øyder den jorda som lenge har vore under kultur der nede på flatjæren.

Etter denne omtalen kan eg ikkje la vera å sitera eit par vers som gamle skreddar Søren Leganger Krag skal ha dikta om dei Ueland:

Til Ueland, på trætte ben,
jeg kom med megen møie.
Deres kager vare som stokk og sten,
og lode sig ikke fordøie.
Hvor findes vel en mere hvass
forblåsen og ufruktbar plads,
hvor mark og myr og stenmorads
er ly for ulve og ræve.

En bondes kår på denne gård
er idel kamp for føden.
Og ko og får så mang en vår
må friste sultedøden.
Om her jeg var en bondemand,
jeg flugsens gik fra min forstand.
Nei, bo i slikt et ørkenland,
det måtte paver og munke!

NB. Bjørn Taksdal og Knut Ueland åtte eit halvt pund kvar i Ueland i 1617.

NAMNEREGISTER

1. Torgils
2. Knut
3. Frede
4. Knut Fredeson
5. Peder Fredeson
6. Bård Ueland
7. Rasmus Pederson
8. Rasmus Knutson
9. Gunnar Knutson
10. Frede Pederson
11. Simon Larsson
12. Mons Svenson Opstad
13. Elias Erikson
14. Halvard Tjerandson
15. Ola Rasmusson
16. Peder Helgeson
17. Tore Pederson Re
18. Lars Tollakson
19. Omund Larsson
20. Rasmus Rasmusson
21. Ola Svaleson

22. Jens Olson
 23. Rasmus Olson
 24. Ola Olson
 25. Roald Roaldson
 26. Hans Antoniusson
 27. Jon Klausson
 28. Peder Pederson
 29. Peder Olson
 30. Tollak Tollakson
 31. Peder Gunnarson
 32. Johannes Rasmusson
 33. Omund Tollakson
 34. Ola Tollakson
 35. Ola Tollakson Melstrand
 36. Peder Pederson
 37. Ola Pederson Bakken
 38. Rasmus Johannesson
 39. Tolleiv Tolleivson
 40. Hans Eliasson Nygård
 41. Nils Villasson
 42. Ådne Mauritzson
 43. Ola Pederson
 44. Stig Instigbakken
 45. Ola Simonson
 46. Tolleiv Olson
 47. Sven Svenson Elverullen
 48. Peder Skiljanson
 49. Lars Gregoriusson
 50. Klaus Pederson Nygård
 51. Villas Nilsson
 52. Sigbjørn Mikkelsen
 53. Nils Ellingson
 54. Ivar Sigbjørnson
 55. Mikkel Sigbjørnson
 - 55B. Tollak Omundson
 56. Lars Salveson
 57. Mikkel Torjusson
 58. Peder Olson
 59. Lars Olson Sæland
 60. Rasmus Olson Myrane
 61. Erik Svenson Elverullen
 62. Torkel Andersson
 63. Ivar Erikson
 64. Gabriel Larsson
 65. Lars Ellingson Sirevåg
 66. Sivert Ivarson
 67. Omund Tollakson
 68. Tobias Tollakson
 69. Tollak Tollakson
 70. Elling Nilsson
 71. Peder Salveson
 72. Henrik Larsson
 73. Rasmus Rasmusson Myrane
 74. Nils Larsson Klopsteinen
 75. Sven Erikson Elverullen
 76. Mikkel Torkelson Instigbakken
 77. Lars Martin Ivarson Tjelmsengen
 78. Tollak Omundson
 79. Tollef Tollakson
 80. Gabriel Tollakson
 81. Nils Ellingson
 82. Isak Ellingson
 83. Bertel Andreasson Salte
 84. Jørgen Olson Mellemstrand
 85. Abraham Larsson Ånestad Ueland
 - 85B. Tollef Tobiasson
 86. Tobias Tobiasson
 87. Nikolai Nilsson
 88. Gabriel L. M. Ueland, Tjelmsengen
 89. Sem Tobiasson
 90. Lars Abrahamson
 91. Elling Nilsson
 92. Kajus Svenson
 93. Gabriel Martinius Mikkelsen
 94. Trygve Tollefson
 95. Kornelius Gabrielson
 96. Tobias Tobiasson jr.
 97. Thorvald Tollefson
 98. Einar Erikson Skretting
 99. Tor S. Ueland
 100. Arne Andreasson Byberg
 101. Arne L. Ueland
 102. Tobias Isakson
 103. Ragnvald J. Ueland
 104. Erling G. Ueland
 105. Gabriel L. Ueland
1. Torgils er nemnd på Ouglandt i 1519.
 2. Knut nemnd på Veland i 1563. Skatta 1 dalar.
 3. Free (Frede) nemnd saman med Knut i 1563. Han skatta 1 dalar. Er og nemnd som lagrettesmann i 1591. Gav 3 spand korn-tiende i 1602.
 4. Knut Fredeson var truleg son til 3. Han er nemnd i 1613 og gav 6 sauskinn i leidingskatt i 1624. I 1645 er han nemnd saman med kona og 1 son og skatta 18 skilling.
 5. Peder Fredeson var nok bror til Knut. Han var død før 1645. Hans barn var:
 - a. Frede Pederson Ueland (10).
 - b. Aslak Pederson (Herigstad 17).
 - c. Tjøl Pederson (Vigrestad 14).
 - d. Erik Pederson Pollestad, g. m. Lisbet Tormodsdr.
 6. Bård Ueland var død før 1645, var truleg gift 1) med ukjend, gift 2) med Ingeborg Paulsdotter (Opstad 10 e.). Me veit om 5 barn i andre gifte:
 - a. Frede (Lindal, Nærbø 1).
 - b. Sven.
 - c. Berit.
 - d. Astrid Madland, var død før 1676.
 - e. Magla, g. 1) med Simon Larsson (11),

g. 2) med Mons Svenson (12), g. 3) med Elias Erikson (Ånestad 23).

7. Rasmus Pederson var son til Peder Rårdson Tu i Klepp. Fødd kring 1605, skifte 12/6 1676, gift med Kari Olsdtr. frå Njå i Time, skifte etter henne 23/10 1666. Etter henne vart han gift 2) med ei annor Kari Olsdtr.? Han hadde 8 barn i første gifte:

- a. Ola Rasmusson Ueland, f. 1645 (15).
- b. Barbro, g. m. Peder (Auestad 17).
- c. Anna, g. m. Halvard Tjerandson (14).
- d. Sygni, g. m. Ola Paulson (Opstad 15).
- e. Peder, var utanlands i 1676.
- f. Marit, var død før 1676.
- g. Sven Rasmusson, f. 1660, budde på Vig i Klepp, g. m. Marit Ljødesdtr. (Store Håland, Nærbø 1 k.)
- h. Bård Rasmusson (Gausland 8), f. 1662.

8. Rasmus Knutson var truleg son til 4. Han var fødd kring 1596, skifte 20/3 1674, gift 1) med ukjend, gift 2) med Guri Reiarsoatter. Han brukte 4 spand i 1645 og 1665. 2 barn i første gifte og 1 i andre:

- a. Berit.
- b. Dorit.
- c. Knut.

Ingen av dei er nemnde seinare.

9. Gunnar Knutson var nok bror til Rasmus. Han er kalla husmann i 1665 og var då 60 år gamal. Ikkje meir om han.

10. Frede Pederson (5a.) fødd kring 1625, skifte 12/6 1676, truleg gift med enkja etter 6, Ingeborg Paulsdtr. Han brukte 8 spand i 1665. Hadde ikkje barn. Aslak Knutson, 14 år, og Sven Bårdson, 6 år, var hjå han i 1665. Kanskje var den første kona hans Bård enkja etter Knut Fredeson?

11. Simon Larsson var son til Lars Store Helland i Time og Steinvor Olsdtr. Han var fødd kring 1655, skifte 9/5 1679, gift med Magla Bårdsoatter (6 e.). 2 barn:

- a. Ingeborg, død før 1734, ugift.
- b. Marit, g. m. Jørgen Aslakson Grøtheim i Time.

12. Mons Svenson (Opstad 18 a.) fødd kring 1665, skifte 27/9 1694, gift med enkja etter 11, Magla Bårdsoatter. Mons kjøpte 8 spand i Ueland av magister Jens Goszen i 1686. 3 barn:

- a. Simon, død før 1734, ugift.
- b. Sven, død før 1734, ugift.
- c. Berit, g. m. enk. Asbjørn Olson (Reiestad 15).

13. Elias Erikson (Bratland 5 c.) fødd kring 1660, g. m. enkja etter 12, Magla Bårdsoatter. Han budde på Ueland, men kom seinare til Ånestad (sjå der 23).

14. Halvard Tjerandson (Opstad 16 b.) fødd kring 1654, skifte 9/6 1712, gift med Anna Rasmusdotter (7 c.). Truleg tok han over 8 spand etter Frede Pederson i 1676. Frede var gift med Halvard si faster. I 1686 kjøpte han 8 spand av Jens Godzen, som enkja selde til Peder Josefson Bø i 1713 for 16 riksdalar. Dei hadde 8 barn:

- a. Rasmus, f. 1676, var soldat i Kristiansand i 1712. (Sjå ellers Lindal, Nærbø 6B.)
- b. Peder, f. 1685, g. m. Helga Toresdtr. (Voll 32).
- c. Paul, f. 1688.
- d. Tjerand, f. 1694. Budde på Ægren i Ogna i 1738.
- e. Karen, f. 1683, g. m. Tore Pederson (17).
- f. Malena, f. 1691, g. m. Tollak Tollakson Kartevoll.
- g. Marta.
- h. Anna.

15. Ola Rasmusson (7 f.) fødd kring 1645, skifte 26/5 1714, gift med Siri Rasmusdotter? Ola tok over 8 spand etter faren, og i 1686 kjøpte han same av magister Jens Godzen. 3 barn er nemnde:

- a. Rasmus, var i kongens tenest i 1714, var f. 1685, g. i Stavanger 27/10 1720 m. Guri Andersdtr.
- b. Elling, f. 1689 (sjå Auestad 16).
- c. Guri, f. 1692, g. m. Peder Helgeson (16).

16. Peder Helgeson (Opstad 23 c.) fødd kring 1694, gift 1) med Guri Olsdotter (15 c.) fødd 1692, skifte 16/10 1716, gift 2) med Ranveig Eilefsdotter (Kvia 16 b.). Peder var brorson til 14. Han tok over 8 spand etter verfare, Ola Rasmusson, som var odelsgods. Kring 1745 flutte han til Njærheim i Nærbø (sjå der 61). I 1746 selde han og Torkel Olson Kvasheim 4 spand kvar i Ueland til Isak Rasmusson Stavnheim for 17 dalar, 2 ort og 16 skilling. Peder Helgeson hadde 1 barn i første gifte og 3 i andre:

- a. Malena, f. 1715, g. m. Torkel Olson Kvasheim.

- b. Guri, f. 1722, g. m. Lars Torgerson (Njærheim 69).
- c. Peder Pederson Ueland, f. 1725 (28).
- d. Eli, f. 1736, var på Njærheim i 1758.

17. Tore Pederson var son til Peder Toreson Re i Time og kona Ingrid Tjerandsdtr. Tjemsland. Han var fødd kring 1695, gift 1) med Karen Halvardsdotter (14 e.) fødd kring 1683, skifte 12/12 1747, gift 2) med Ingeborg Larsdotter. Tore Pederson kjøpte dei 8 spand av Halvard Tjerandson sine arvingar. Han budde på Ueland til kring 1733, då han flutte til Opstad. (Sjå meir om han der 28.)

18. Lars Tollakson kom til Ueland i 1709 og brukte 8 spand. Det er uvisst kvar han kom frå. Han var fødd kring 1670, og der var skifte etter han 2/11 1741. Gift 1) i 1709 med Gitlaug Samueldotter (Mæland 7 d.) som der var skifte etter 9/10 1719, gift 2) med Berit Olsdotter? Han har truleg teke over dei 8 spand som Elias Erikson (13) hadde brukt, og i 1714 fekk Omund Larsson 4 spand av denne parten. Elling Ånestad åtte desse 8 spand. Lars Tollakson hadde 4 barn i første gifte og 2 i andre:

- a. Erik Larsson, f. 1712, budde på Sandnes i 1741.
- b. Anna, f. 1710, død før 1741.
- c. Tollak, f. 1714, død før 1741.
- d. Malena, f. 1716, død før 1741.
- e. Ola Larsson, f. 1721.
- f. Gitlaug, f. 1723.

19. Omund Larsson (Bjørheim 5 a.) tok over 4 spand av Lars Tollakson sitt bruk i 1714. Kring 1730 tok Rasmus Olson over denne parten, og Omund flutte til (Skjærpe, Nærbo 15).

20. Rasmus Rasmusson (Store Håland, Nærbo 5 a.) fødd kring 1698, gift med Guri Pedersdotter, truleg (16 b.). Der var skifte etter Rasmus på Ueland 1/4 1746. Han hadde 2 barn:

- a. Eli, f. 1740, tente på Kydland i 1758, seinare g. m. Asser Ellingson (Vigre 30).
- b. Sissel, f. 1744, død på Reime i 1801, ugift.

21. Ola Svaleson Holmen var son til Svale Asbjørnson Holmen i Bjerkreim. Fødd kring 1702, gift 1) 1728 med Marta Tolleivsdotter Holmen, fødd 1706, død 1747,

gift 2) med Margreta Aslaksdotter (Refsland 3 f.). Ola Svaleson kom til Ueland kring 1733, då Tore Pederson flutte til Opstad. Tore åtte framleis dei 8 spand i 1749. I 1750 flutte Ola til Skretting (sjå der 35). Han hadde 5 barn i første gifte og 4 i andre:

- a. Marta, f. på Holmen 1729.
- b. Svale Olson (Djøseland 18).
- c. Guri, f. på Ueland 1737, tente på Madland i 1758.
- d. Tolleiv Olson (Høyland, Nærbo 40), tente på Kydland i 1758.
- e. Ola, f. 1746.
- f. Aslak, f. 1749, død før 1783, ugift.
- g. Berta, f. 1755, g. m. Lars Henrikson Årdal (Opstad 49).
- h. Anna Margreta, f. kring 1753.
- i. Asbjørn, f. 1758.

22. Jens Olson er nemnd på Ueland frå 1746. I futeboka heiter han Jens til 1753, men i manntallet for 1749 heiter han Hans. Truleg er Jens det rette, og han kunne då vore son til Ola Omundson (Reime 15 d.). Han brukte dei 8 spand etter Peder Helgeson, som Isak Stavnheim åtte. Dersom det var Jens Reime, så kom han seinare til Stavanger og var skipper.

23. Rasmus Olson (Hobberstad 26 g.) fødd kring 1703, død 9/6 1765, gift med Anna Pedersdotter, fødd kring 1703. Det er truleg at ho var frå Ueland, men har ikkje funne prov for det. Rasmus hadde teke over dei 4 spand etter Omund Larsson i 1730, som Elling Ånestad åtte. Der er ikkje funne skifte etter korkje Rasmus eller Anna, og det er uvisst kor mange barn dei hadde, men me veit om 6:

- a. Johannes Rasmusson, f. 1725 (32).
- b. Peder Rasmusson (Haugland 18), f. 1730:.
- c. Magnhild, f. 1727, g. m. Hans Antoniusson (26).
- d. Ola, f. 1732, g. m. Ingeborg Olsdtr. Budde i Stavanger.
- e. Astrid, f. 1735, g. 1) m. Sven Erikson (Næsheim 49), g. 2) m. Elling Eivindson (Næsheim 62).
- f. Anna, f. 1739, var heime i 1758.

24. Ola Olson brukte dei 4 spand etter 20 i 1749 til 1753. Han veit eg ellers ikkje noke om.

25. **Roald Roaldson** er og uviss. Han står i futebøkene med 4 spand etter Ola Olson frå 1768 til 1781, men truleg hadde Hans Antoniusson i 1758. Det er muleg at det var Roald som byksla 6 spand i Haugland i 1756 (Haugland 17). Det høver godt med han, for han var komen til Haugland før 1758 og flutte der ifrå etter 1761.

26. **Hans Antoniusson** var son til Antonius Torstenson frå Ognå. Fødd kring 1730, død på Nord-Halleland 5/11 1796, gift med Magnhild Rasmusdotter (23 c.) fødd 1727, død på Halleland 1/5 1810. Han byksla 4 spand i Ueland av Torsten Erikson Hobberstad i 1756, som Erik Hobberstad må ha kjøpt av Elling Ånestad. Hans Antoniusson hadde butt på Topdal i Ognå før han kom til Ueland. I 1763 byksla han Heia av Nord-Halleland av presten Djurhus. Det var vel då Roald Roaldson kom til Ueland. I 1769 kan det sjå ut som Hans Antoniusson har hatt festehald på dei 4 spand som verfaren, Rasmus Olson, hadde brukt, for det året står det at han og kona avstår 4 spand i Ueland til Tollak Tollakson. Hans og Magnhild hadde visst 5 barn:

- a. Berta, f. 1757, g. m. Johannes P. Sandve i Ognå.
- b. Anna, f. 1759, g. 1785 m. Gard Pederson (Skretting 49).
- c. Ranveig, f. 1761, g. m. Lars Larsson (N-Halleland 20).
- d. Agnethe, f. 1766, g. m. Johannes Olson (Herigstad 38).
- e. Hans, f. 1775, g. m. Ingeborg Olsdtr. Budde på Gjermestad i Egersund.

27. **Jon Klausson** var husmann på Instigbakken i 1758. Han var komen frå Reiestad (sjå der 19).

28. **Peder Pederson Ueland** måtte plent vore son til Peder Helgeson (16 c.). Han var fødd kring 1725, død 1789, gift med Inger Gjermundsdotter (Aniksdal 30 c.) fødd 1736, død 15/6 1817. Peder byksla 8 spand av Peder Toreson Bø kring 1750. Der er ikkje funne skifte etter dei, og det er uvisst kor mange barn dei hadde. Men truleg var desse deira barn:

- a. Berta, f. 1756, død 8/2 1789, ugift.
- b. Peder Pederson (Håland 28?).
- c. Peder Pederson (Tvihaug 37).
- d. Gjermund, f. 1766, død 1789, ugift.

- e. Anna, f. 1771, g. m. Omund Tollakson (33).
- f. Ola Pederson Ueland, f. 1780 (43).

29. **Peder Olson Erga**, son til Ola Nilsson Erga i Klepp frå Gilja i Høyland og kona Elen Marta Pedersdtr. Han var fødd kring 1727, død 19/11 1789, gift med Malena Torstensdtr. (Stavnheim 20 b.) fødd 1727, død 17/6 1815. Peder Olson byksla dei 8 spand etter Jens Olson (22) kring 1753 eller kanskje litt seinare. Han var komen der før 1758. Det var Isak Stavnheim som åtte godset. Peder Olson kjøpte mykje jordegods på ymse stader, såleis kjøpte han 14 spand på Fosse i Time i 1773 for 40 Rdlr. I 1767 kjøpte han alle dei 3 kyrkjene i Haa saman med Berdines Torland for 600 dalar, og det var ikkje lite jordegods som fylgde med i den handelen. Dei hadde 5 barn:

- a. Peder Pederson (N-Tjemsland 25).
- b. Torsten Pederson (Ånestad 58).
- c. Ola Pederson, f. 1769.
- d. Hans Pederson (Høyland, Nærbø 52).
- e. Jens Pederson Fosse, f. 1771 (sjå Bjorland, Nærbø 12).

NB. Peder Olson si mor, Elen Marta Pedersdtr. vart g. 2) m. Sven Jakobson (S-Varhaug 39 e.).

30. **Tollak Tollakson Kartevoll**, son til Tollak Tollakson Kartevoll i Time og kona Berit Pedersdtr. frå Ognå. Han var fødd i Time i 1733. Gift i Ognå 14/6 1754 med Anna Omundsdtr., fødd 1730, dotter til Omund Sigbjørnson Eikeland Aua og Berit Pedersdtr. Dei budde ei tid på Topdal i Ognå, men i 1769 tok dei over 4 spand på Ueland etter Rasmus Olson (23). Torsten Erikson Hobberstad åtte då godset. Det er ikkje visst kor lenge dei budde på Ueland, men i 1801 var dei husmannsfolk på Lindal i Nærbø. Dei døde begge hjå dottera på Litle Undheim i 1814. 4 barn:

- a. Tollak, f. på Topdal 1754, død på Hatteland i Klepp 1788.
- b. Omund Tollakson Ueland, f. 1767 (33).
- c. Ola Tollakson Ueland, f. 1767 (34).
- d. Berit, f. 1762, g. m. Sven Svenson Litle Undheim.

31. **Peder Gunnarson Instigbakken** byksla Instigbakken av Isak Stavnheim i 1780.

Han var truleg den første som budde der. Det er uvisst kvar han var frå, men truleg var det han som var husmann på Røyryhøyen (Voll 34) i 1758. Fødd kring 1728, død 1/11 1795, gift med Berta Olsdtr. (Ånestad 24 c.) fødd 1728, død 15/5 1817. Dei fylgjande var truleg deira barn:

- a. Torborg, f. 1747, g. m. husm. Ola Josefson Haugland, Time.
- b. Gunnar, f. 1748, g. m. Malena Olsdtr. (Bø 55 b.). Han budde på Sørskog i Ognå og var sjømann.
- c. Ola Pederson Instigbakken, f. 1752 (37).
- d. Kirsten, f. 1758.
- e. Berta, f. 1763, g. 1787 m. Asbjørn Johannesson (S-Varh. 62).
- f. Kirsten, f. 1768, g. 1795 m. Stig Stigson (44).
- g. Peder, f. 1770, bleiv i sjøen ved Husveg i 1810, han var ugift og tente hjå Elias Husveg.
- h. Erik Pederson Holen, f. 1767 (Ånestad 61).

32. Johannes Rasmusson Tjelmengen (23 a.) fødd 1725, gift med Torgjerd Mikkelsdtr., fødd i Bjerkreim 1737, dotter til Mikkjel Torgerson Spødervoll og Ingeborg Gulliksdtr. Dei var gifte i Time i 1764. Johannes byksla "Engene" av Torsten Hobberstad i 1781 "under mine 3 lejlendinger i deres eng han har dyrket". Eg kan ikkje finne at korkje Johannes eller kona er gravlagde i Varhaug. Barn:

- a. Ingeborg, f. 1764, g. 1794 m. Lars Olson Røyselund (Voll 56).
- b. Rasmus Tjelmengen, f. 1768 (38).
- c. Mikkjel, f. 1771, g. 1806 m. Sissel Karlsdtr. (Haugland 19 b.).
- d. Ola, f. 1777, død 1804, g. 1801 m. Malena Larsdtr. (Ognå).
- e. Johannes Johannesson Brådet, f. 1772 (Voll 54B.).
- f. Anna, var truleg ikkje gift, men ho hadde 2 barn: 1. Abraham Hansson, f. 10/7 1810, g. 30/10 1836 m. Ingeborg Eriksdtr. (Skretting 56 b.). 2. Tobias Pederson, f. 11/2 1824, død i Hillevåg 1903, g. i Stavanger 5/3 1852 m. Olina Andersdtr. Rode.

33. Omund Tollakson (30 b.) fødd 1763, død 25/1 1815, gift 22/11 1789 med Anna Pedersdtr. (28 e.) fødd 1771, død på Skret-

ting 21/11 1831. Omund Tollakson byksla dei 8 spand av Peder Toreson Bø i 1789 etter verfare. 8 barn:

- a. Berta, f. 1790, død s. å.
- b. Anne Berte, f. 1791, død 1795.
- c. Peder, f. 1792, død 1795.
- d. Anne Berte, f. 1796, g. 1817 m. Ola Pederson (Risa 64).
- e. Tollak Omundson Ueland, f. 1799 (55B.).
- f. Peder Ueland, f. 9/3 1803, g. 6/6 1830 m. Marta Larsdtr. (Kvia 24 n.). Budde i Stavanger.
- g. Jeremias Flåden, f. 1807 (Vigrestad 36).
- h. Omund, f. 16/11 1810, død på Lindal 27/2 1880, ugift. Han var jordarb. og budde på Lindal i Nærbø i 1875.

34. Ola Tollakson (30 c.) fødd 1767, gift 13/1 1791 med Anna Størkardsdtr. (Ånestad 41 a.) fødd 1762. Ola Tollakson brukte dei andre 4 spand saman med faren i 1789. I 1799 flutte han til (Rimestad i Nserbø 28).

35. Ola Tollakson Mellemstrand var son til Tollak Guttormson Mellemstrand i Time og tredje kona, Malena Olsdtr. frå (Ueland, søster til 29). Han var fødd i Time i 1747, død 11/8 1830, gift 1774 med Gitlaug Pedersdotter Kartevoll, fødd 1750, dotter til Peder Garson Kartevoll og Barbro Pedersdtr. Ola Mellemstrand var komen til Ueland i 1788, så det er meir truleg at det var han og ikkje 34 som brukte dei 4 spand etter Tollak Tollakson. Eller kanskje det var Roald Roaldson sin part som Ola Mellemstrand tok over? Begge desse partane var 4 spand og høyrde til Torsten Hobberstad. Ola byksla 4 spand av Ola Monsson Bjorland i 1791. Ola Bjorland, som var g. m. Torsten Hobberstad si dotter, hadde fenge skjøte på dei 4 spand i 1786. Ein Lars Ellingson hadde byksla 4 spand av Torsten Hobberstad i 1780, men parten må ha gått tilbake til Torsten Hobberstad, for i 1826 gav han oppsett til Ola Tollakson og Gitlaug, og i 1827 selde han det til Nils Ellir.gson. Ola Mellemstrand og Gitlaug hadde 9 barn:

- a. Malena, f. på Mellemstrand 1776, død som fatiglem på Tvihaug 30/1 1864.
- b. Barbro, f. 1778.
- c. Gitlaug, f. 1780, død på N-Halleland 18/6 1857. Ho var visst gift?
- d. Maren, f. 1784, g. 1/6 1817 m. Gunnar Nilsson (Håland 43).
- e. Elen Marta, f. på Ueland 1788, g. m. Elling Ellingson (Herigstad 50).

- f. Tollak, f. 1792, død 1794.
- g. Peder Olson (Rimestad, Nærbø 49), f. 1795.
- h. Taletta, f. 1799, g. i Bjerkreim 1820 m. Peder Larsson Klampen (Kalveskog).

36. Peder Pederson Ueland (29 a.) fødd 1763, g. m. Ingeborg Rasmusdtr. (N-Varhaug 21 a. 1) fødd 1773. Han byksla dei 8 spand av Tore Isakson Stavnheim i 1790 etter faren. I 1800 flutte han til N-Tjemsland (sjå der 25).

37. Ola Pederson Instigbakken (31 c.) fødd 1752. Han byksla Instigbakken av Tore Isakson i 1790 etter faren. Det var nok ikkje lenge han budde der, for i 1801 var han komen til Dalen av N-Tjemsland, og Stig Stigson var komen til Instigbakken. Ola var gift 1) med Malena Svendsdotter Skretting i 1791, ho var fødd i 1760 og døde 28/3 1824 (Skretting 36 f.). (Sjå N-Tjemsland 24.)

38. Rasmus Johannesson Tjelsengen (32 b.) fødd 1768, gift med Anna Ellingsdotter (Haugstad 23 h.) fødd 1759. Dei var g. i 1800, men fekk ikkje barn. Rasmus var husmann på Tjelsengen i 1801. Seinare budde dei nok på Holmen av Madland. Rasmus døde på Husveg 26/12 1848 og Anna på Mæland 13/3 1848.

39. Tolleiv Tolleivson Elverullen (S-Varhaug 57) byksla Elverullen av Peder Toreson Bø i 1790. Plassen låg under bruket hans Omund Tollakson.

40. Hans Eliasson Nygård (Sæland 13) fødd kring 1750, død 13/3 1810, gift 1) med Gunhild Johannesdotter Høyen (S-Varhaug 35 b.) fødd 1733, død 1788, gift 2) 1789 med Berta Helena Halvardsdtr. (Næsheim, Rimestad 18 d.) fødd 1759. Han hadde butt på Sælandsbakken og på Skrettingvolen. I 1807 byksla han Nygård av Ueland av Tore Isakson Stavnheim. Det er uvisst kva dette Nygård på Ueland var for ein plass. Hans Eliasson var barnlaus.

41. Nils Vellason Lanes, son til Vellas Nilsson Lanes i Bjerkreim og Tora Gunnarsdotter frå Østebø i Høle. Han var fødd kring 1759, truleg i Høle, død på Ueland 25/11 1802, gift i Bjerkreim 16/7 1780 med Guri Mauritzdotter, fødd 1749, død på Bø i Nærbø 29/3 1847, dotter til Mauritz Torgerson Øvre Maudal (Høle) og Ingeborg Ånundsdr. Kvitli. Nils kom frå Lanes til Rimestad i 1797, men i 1799 bytte han

med Ola Tollakson (34) og busette seg på Ueland, der han byksla dei 4 spand av Torsten Hobberstad som Ola Tollakson hadde brukt. Det var Ola Monsson Bjorland som skreiv på bykslebrevet. Dei hadde 5 barn, alle f. i Bjerkreim:

- a. Vellas Nilsson Ueland (51).
- b. Mauritz Nilsson, f. 1784 (Skretting 61).
- c. Tora, f. 1787, g. 13/11 1811 m. Tore Tollakson Kartevoll.
- d. Ingeborg, f. 1790, g. 1820 m. enk. Rasmus Olson (Bø 72).
- e. Nils, f. 1792.

42. Ådne Mauritsson Eik var bror til kona til 41, fødd 1758, gift 1783 med Gunvor Torgersdotter Maudal, fødd 1760. Han er ikkje nemnd i futebøkene, men budde på Ueland i 1801, då han brukte 8 spand som Peder Pederson (36) hadde brukt. I 1803 flutte han til Berland i Bjerkreim og Ola Pederson kom på denne parten.

43. Ola Pederson (28 f.) fødd 1780, død 26/11 1852, gift i Time 21/6 1801 med Anna Roaldsdotter, fødd 1773, død 28/5 1855, dotter til Roald Areson Store Undheim og Gitlaug Pedersdtr. I 1803 var der eit omskifte millom brukarane på Ueland. Då fekk Vellas Nilsson den parten som Peder Pederson (36) hadde brukt, og Ola Pederson tok over dei 4 spand som Vellas eller far hans hadde før. Ola Pederson og Anne Roaldsdtr. hadde 5 barn:

- a. Inger, f. 1802, g. 1825 m. Jens Rasmussen Høneland (Ødemotland 12).
- b. Peder Olson Ueland, f. 1805 (58).
- c. Gitlaug, f. 1811, død s. å.
- d. Ola Olson (N-Tjemsland 33).
- e. Gitlaug, f. 13/3 1817, g. 1846 m. Jakob Henrikson Årdal (Opstad 69).

44. Stig Stigson Instigbakken (N-Halleland 11 f.) fødd kring 1767, gift med Kirsten Pedersdotter (31 f.) fødd 1768. Stig var husmann på Instigbakken i 1801 etter verfaren. I 1804 flutte han til Ægren i Oгна. Barn:

- a. Peder, f. på Ueland 1796, g. 1822 m. Kristina Tormodsdr. (Gjesdal?), f. 1802. Budde under Hetland prestegard.
- b. Karen, f. 1799, g. 1827 m. Lars Olson Ægren, Oгна.
- c. Anne Berte, f. 1802, fekk barn ue., Kirsten Malena Olsdtr., f. 16/10 1842, g. m. Hans Danielson Tu (Aniksdal 63). (Barnefar: Ola Olson Grønnefed, Oгна.)

45. Ola Simonson Instigbakken (sjå Reime 30) kom til Instigbakken etter Stig Stigson. Han var fødd på Eikeland i Time i 1754, død 18/11 1841, gift med Elen Børildsdotter, truleg frå Hovland i Helleland, f. 1749, død 17/4 1831.

46. Tolleiv Olson byksla plassen Engene (Tjelmsengen?) av Ola Monsson Bjorland i 1807. Han var ugift, og det er uvisst kven han var. Han kom vel til Tjelmsengen etter Rasmus Johannesson (38). Er ikkje nemnd seinare.

47. Sven Svenson Elverullen, son til Sven Opson (Opstad 41) og gjenta Berta Olsdr. (21 b.). Fødd 1783, død 14/8 1854. Han vaks opp hjå stykfaren Lars Henrikson, Årdal. Gift 12/11 1808 med Ingeborg Eriksdotter (Primstad 6 c.) fødd 1782, død 29/4 1862. Sven Svenson byksla Elverullen etter Tolleiv Tolleivson (39). 5 barn:

- a. Berta Margrete, f. 25/1 1811, g. m. Mikkel Torjusson (57).
- b. Erik Svenson Ueland, f. 1813 (61).
- c. Sven Svenson, f. 13/8 1816, g. i Stavanger 8/11 1844 m. Anna Johanna Rødlandshei frå Vanse, 29 år.
- d. Hans, f. 3/3 1820.
- e. Rasmus, f. 21/1 1824.

48. Peder Skiljanson Tjelmsengen byksla Tjelmsengen av Ola Monsson Bjorland i 1813 etter Tolleiv Olson. Kring 1822 flutte han til Vigre i Nærbø (sjå der 42).

49. Lars Gregoriusson (Odland 37 a.) fødd 1780, død 17/5 1858, gift 23/3 1815 med Marta Olsdotter (Reime 30 b.) fødd 1784, død 1/6 1838. Lars byksla Instigbakken av Tore Isakson Stavnheim i 1816 etter Ola Simonson. Han heitte Lars Matningsdal i 1819. Me veit om 6 barn:

- a. Elen Larsdr., f. 11/7 1815, g. 29/3 1843 m. Johannes Johannesson Fuglestad i Ognå (Veggebreg).
- b. Aselina, f. 11/1 1817, g. 7/11 1853 m. Jonas Abrahamson Kongvaren (S-Tjemsland 47).
- c. Rakel Maria, f. 30/1 1819, reist til Bergen i 1837.
- d. Gabriel Ueland, f. 1821 (64).
- e. Olina, f. 12/7 1825, g. 11/3 1854 m. Peder Salveson (71).
- f. Laurensia, f. 2/6 1827.

50. Klaus Pederson Nygård var truleg son til Peder Svenson Hegelstad i Bjerkreim og Torgjerd Klausdr. Han var då fødd på Espeland i 1765, død på Ueland 11/5 1837,

gift 9/6 1788 med Gitlaug Roaldsdotter Undheim, fødd 1768, død 22/12 1846, søster til Anna g. m. 43. Klaus Pederson hadde butt på Hetland og Egren i Ognå. I 1813 byksla han plassen Nygård, Ueland av Ola Toreson Stavnheim etter Hans Eliasson (sjå Skretting 53 og 54). 6 barn truleg f. i Ognå:

- a. Peder, f. på Ægren 1788.
- b. Roald, f. 1794, død på Ueland 23/4 1877, ugift.
- c. Gitlaug, f. 1798, død 11/5 1812, fall utfor eit fjell i Bjerkreim, der ho gjætte.
- d. Taletta, f. på Hetland 1801, g. m. Mikkel Sigbjørnson (55).
- e. Tala, f. på Skretting 24/10 1804, g. 16/11 1828 m. Nils Andreas Gabrielson frå Stavanger, f. 1805.
- f. Karen, f. på Skretting 30/1 1809.

51. Vellas Nilsson (41 a.) fødd i Bjerkreim 1782, død på Hinnaland i Time 26/1 1867, 92 år. Gift Palmesundag 1804 med Berta Malena Omundsdotter (Skjærpe 18 a.) fødd 1780. Vellas hadde teke over dei 8 spand etter Peder Pederson (36) som Isak Stavnheim åtte, men i 1826 flutte han til Helland i Time, og Sigbjørn Mikkelsen kom til Ueland. Vellas og Berta Malena hadde visst 5 barn:

- a. Rasmus, f. 30/4 1805.
- b. Guri, f. 18/10 1813, g. 9/9 1849 m. Ola Hansson Haugseng i Ognå.
- c. Nils Hinnaland, f. 15/1 1816, død 21/5 1861, g. 1848 m. Elisabet Severine Danielsdr. Bore. Deira son var Daniel Hinnaland.
- d. Omund, f. 7/9 1819, g. 1850 m. Malena Larsdr. (Bø 79 b.). Budde på Vettaland i Ognå i 1851.
- e. Anna Malena, f. 1825, gift i Ognå 23/11 1850 med Svale Svaleson Veen. Budde ei tid på Foraholen i Ognå.

52. Sigbjørn Mikkelsen var son til Mikkel Sigbjørnson Veen i Bjerkreim og Kari Gunnarsdr. Han var fødd i 1768, død på Ueland 10/12 1828, gift 8/10 1798 med Gyrid Sigbjørnsdotter, fødd 1769, død 27/9 1856, dotter til Sigbjørn Olson Vasbø på Ausdal i Bjerkreim og Inger Ivarsdr. frå Maudal. Sigbjørn hadde butt på Helland i Time frå kring 1803. I 1826 bytte han med Vellas Nilsson og kom då til Ueland. Han byksla 8 spand av Sivert Gabrielson Gudmestad, som hadde arva etter faren, som var bror til Isak Toreson Stavnheim. Sigbjørn og Gyrid hadde 8 barn f. i Bjerkreim og Time:

- a. Mikkel Sigbjørnson Ueland, f. 1799 (55).
- b. Ivar Sigbjørnson, f. 1801 (54).
- c. Sigbjørn, f. 1803.
- d. Karen, f. på Helland 1805.
- e. Inger, f. 1809 (sjå Bjorheim under 14).
- f. Gunleiv, f. 1807.
- g. Gabriel Røyseland, f. 1811 (Voll 81).
- h. Ola, f. 1814, g. 1838 m. Kirsten Eriksdtr. (Skretting 56 e.). (Sjå og S-Tjemsland 48.)

53. Nils Ellingson Mauland, son til Elling Nilsson Mauland i Time og Marta Knutsdtr. frå Soma i Høyland. Han var fødd i Time 1794, død 4/1 1867, gift 27/8 1815 med Johanna Johannesdotter, fødd i Time 1786, "Tollak Grødems datters uekte barn" står det i Kyrkjeboka. Mor hennar var Gunhild Tollaksdtr. Grødem i Time, som døde på Ueland 20/4 1853, 98 år. Den alderen er nok 2 år for høg, for ho var fødd i 1757. Sidan hadde ho vore g. m. Torsten Olson Øvre Haugland. Kven som var far til Johanna veit me ikkje, anna at han heitte Johannes. Nils kjøpte 4 spand av Torsten Hobberstad i 1827 for 100 dalar og folge til Ola Tollakson og kona (35). Før han kom til Ueland hadde Nils Ellingson butt på Søre Auglænd i Time, der 6 barn var fødde, 1 son f. på Ueland:

- a. Marta Maria, f. 20/12 1816, g. m. Lars Ellingson (65).
- b. Gunhild Olina, f. 25/3 1818, g. 31/3 1842 m. Gabriel Olson Mauland på Auglænd.
- c. Elling Nilsson Ueland, f. 1819 (70).
- d. Ragnhild, f. 1822, død s. å.
- e. Ragnhild, f. 24/10 1823, g. 1859 m. enk. Hans Asbjørnson (Vigrestad 39).
- f. Tønnes, f. 20/6 1826, død s. å.
- g. Tønnes, f. på Ueland 26/3 1829.

54. Ivar Sigbjørnson (52 b.) fødd på Hytland i Bjerkreim 1801, død 20/1 1858, gift med Joron Halvardsdotter, fødd i Time 10/6 1804, dotter til Halvard Torgerson Mellemstrand og Joron Mikkelsdtr. Veen. Dei var søskenbarn. Ivar byksla 4 spand av Isak Toreson Stavnheim i 1829, som var helvta av faren sitt bruk. I 1851 kjøpte han dei 4 spand av Sivert Gabrielson Gudmestad for 250 dalar. Ivar Sigbjørnson og Joron hadde 8 barn:

- a. Sivert Ivarson, f. 1832 (66).
- b. Jorina, f. 31/7 1835, g. 2/9 1864 m. Hans Hansson Serigstad i Time.
- c. Helena, f. 27/12 1838, død 26/9 1846.
- d. Guri, f. 27/12 1838, død 27/9 1846, begge av kikhoste.

- e. Halvard, f. 17/8 1841, g. i Stavanger 15/12 1864 m. Rakel Johannesdtr. frå Lund. Arbeidsm. i Stavanger.
- f. Grete Helene, f. 25/3 1844.
- g. Gabriel, f. 6/1 1848.
- h. Jonas, f. 9/8 1851.

55. Mikkel Sigbjørnson (52 a.) fødd på Hytland 21/4 1799, gift (1825?) med Taletta Klausdotter (50 d.) fødd på Hetland i Oгна 1801, død på Bø i Randaberg 18/11 1888. Mikkel brukte dei 8 spand saman med broren Ivar i 1838. Ein gong før 1850 hadde Torkel Andersson teke over dei 4 spand, som han fekk skjøte på frå Sivert Gudmestad i 1851. Sidan budde Mikkel på Instigbakken som hørde til denne parten. Mikkel og Taletta hadde 6 døtre:

- a. Karen Gurina, f. 1826, g. 7/6 1855 m. Andreas Rasmusson Jåsund.
- b. Guri, f. 1827, g. m. Torkel Andersson (62), gift 2) 1885 m. enk. Torsten Torstenson (Skrettingland 28).
- c. Serina, f. 1/9 1830, g. i Sola 11/11 1852 m. Lars Erikson Haga, 27 år.
- d. Judithe, f. 25/10 1833, g. 1) m. ? g. 2) i Stavanger 23/5 1867 m. bygningsmann Jon Larsson Sola. Ei dotter, Taletta, var g. m. Martin Vetteland i Stavanger.
- e. Taletta, f. 28/9 1837, g. i Stavanger 4/12 1860 m. sjøm. Håland frå Stavanger, son til Mons Isakson, g. 2) 13/12 1878 m. Ole Henrikson Smørdal frå Nedstrand.
- f. Marta Tolline, f. 1/2 1843.

55B. Tollak Omundson (33 e.) fødd 16/11 1799, gift i Oгна 26/3 1820 med Anna Kirstina Tollaksdotter, fødd i Oгна 1795, død 2/8 1854, dotter til Tollak Ellingson Hetland og Kirsten Eriksdtr. (Skretting 37 b.). Tollak byksla dei 8 spand av Rasmus Hansson Bø i 1820 etter faren. I 1854 selde Rasmus Bø same til versonen Lars Eliasson (Reiestad 35) og versonen Mons Olson (Bjorland 16) for 100 dalar, på dei vilkår at Tollak Omundson måtte få bruke det så lenge han levde, og at husmannen Erik Svenson måtte bruke Elverullen. Dei fekk 6 barn:

- a. Anne Berte, f. 4/3 1821, g. i Stavanger 3/8 1855 m. bygningsm. enk. Jon Endreson Finneland frå Rennesøy.
- b. Omund Tollakson Ueland, f. 1824 (67).
- c. Tollak Tollakson, f. 1829 (69).
- d. Tobias Tollakson, f. 1831 (68).
- e. Kirstine, f. 27/5 1826, g. 28/10 1858 m. Tjerand Bendikson (Haugstad 45).

- f. Andreas Tollakson (Auestad 40), f. 1835.
56. Lars Salveson (Kanaheien, Opstad 50 b.) fødd 8/11 1795, død 21/6 1849, gift 21/11 1820 med Ingeborg Olsdotter (Ånestad 53 a.) fødd 28/3 1790. Lars budde ei tid på Ånestad, men då Peder Skiljanson (48) flutte til Vigre i 1822 kom han til Tjelmseugen. 8 barn:
- Gjertrud Malena, f. 15/3 1819, død 30/3 1837.
 - Ingeborg, f. 23/4 1821, g. m. Ivar Erikson (63).
 - Ola, f. 7/6 1829, g. 11/11 1856 m. Justine Tolleivsdtr. Kartevoll. Budde på Sandnes.
 - Gitlaug, f. 11/6 1832, g. 1848 m. Johannes Salveson Sirevåg.
 - Serina, f. 29/6 1832, g. m. Nils Isakson Høiland, Oгна.
 - Ingeborg Elisabet, f. 11/9 1835, g. m. Lars Nilsson Brekken (S-Varhaug 105).
57. Mikkil Torjusson Eikeland, son til Torjus Mikkelson Eikeland p.h. i Bjerkreim og Guri Pedersdtr. Tysland. Han var fødd 9/3 1800, død 29/6 1856, gift 6/6 1838 med Berta Margreta Svensdotter (47 a.) fødd 25/1 1811. Dei budde på plassen Sauatjødnø og hadde 9 barn:
- Guri, f. 19/7 1831, g. m. Sven Monsson (Høyland 111).
 - Ingeborg Malena, f. 12/4 1834, g. 18/11 1858 m. Enok Erikson (Reiestad 37).
 - Tabitta, f. 9/12 1836, g. m. Sven Helgeson (Djøseland 46).
 - Tønnes Mikkelson, f. 7/7 1840, g. 12/12 1867 m. Birgitte Olsdtr. Myrland, Lura. Snekker på Sandnes.
 - Sven Mikkelson, f. 15/4 1843, g. 17/4 1868 m. Elisabet Larsen, g. 2) m. Berta Larsen. Snekker på Sandnes.
 - Berta Maria, f. 25/8 1846, g. 21/5 1874 m. Sven Monsson Skjæveland.
 - Mikkil, f. 10/10 1849, død 8/10 1872, ugift.
 - Grete, f. 17/6 1852, g. m. Ole Hansson, f. i Skjold 1856. Snekker på Sandnes, seinare i Stavanger.
 - Anna Johanna, f. 30/9 1853, død på Opstad 12/8 1880, ugift.
58. Peder Olson Ueland (43 b.) fødd 20/11 1805, død 13/12 1870, gift 29/6 1836 med Guri Larsdotter (Kyndland 24 c.), fødd 5/6 1804, død 8/1 1889. Peder Olson byksla 4 spand av Torsten Hobberstad i 1835 etter faren. I 1872 kjøpte enkja det av dei Hobberstad. 4 barn:
- Anna, f. 24/3 1837, g. 22/4 1862 m. Tollak Tollakson (69).
 - Guri, f. 11/3 1838, død 13/8 1841.
 - Olina, f. 18/9 1839, g. m. Henrik Larsson (72).
 - Lars, f. 4/8 1842.
59. Lars Olson Sæland, son til Ola Arnbjørnson Sæland i Time og Berta Endresdtr. Salen. Fødd 13/2 1803, gift 26/6 1831 med Ingeborg Gurina Knutsdotter (Grøtheim, Nærbø 14 a.) fødd 1/1 1803. Lars Olson kom til plassen Myrane på Ueland i 1833. I 1837 flutte han til Litle Undheim i Time. 2 barn f. på Ueland:
- Ola, f. 28/6 1834, budde på Taksdal i 1865.
 - Knut Larsson, f. 23/10 1836, g. 1865 m. Inger-Johanna Olsdtr. Knoph (Gudmestad?). Han var pannebrenner på Sandnes og heitte Snorestad.
60. Rasmus Olson Myrane var son til Ola Pederson Lende i Time og Bothild Rasmusdtr. O Håland i Time, fødd 10/10 1802, død 12/11 1870, gift 25/11 1834 med Inger Jensdotter Fosse, dotter til (29 e.) fødd 10/6 1810, død 16/3 1881. Rasmus kom til Myrane etter Lars Sæland i 1837. 5 barn:
- Bolette, f. i Time 2/1 1836, til Amerika i 1882.
 - Jens, f. på Ueland 4/4 1838, død 12/10 1842.
 - Rakel Justine, f. 30/8 1840, død 23/5 1847.
 - Ole Johannes, f. 24/9 1844, g. i Klepp 9/4 1872 m. Karen Serina Johannesdtr. Voll, reist til Amerika.
 - Rasmus Myrane, f. 1848 (73).
 - Jens Reinert, f. 7/3 1851.
 - ? Laurits, reist til Amerika.
61. Erik Svenson (47 b.) fødd 17/2 1813, død på Nærbø 18/1 1894, gift 12/6 1844 med Rakel Svensdotter (Primstad 9 b.) fødd 2/2 1812, død på Nærbø 28/10 1884. Erik var husmann på Elverullen etter faren. I 1877 kjøpte sonen plassen, og Erik og kona flutte til Dalane i Nærbø. 6 barn:
- Ingeborg Malena, f. 8/12 1845, død 21/7 1869, ugift.
 - Inger Serina, f. 6/9 1847, død på Nærbø. 24/5 1931, ugift.
 - Sven Erikson Ueland, f. 1848 (75).
 - Rakel, f. 22/11 1850, g. 10/4 1878 m. Torkel Jonson (Rugland 39).
 - Erik, f. 23/7 1853, død 3/4 1874.
 - Rasmus Ueland, f. 4/12 1857, død på Nærbø 12/9 1926, ugift.

62. Torkel Andersson Undheim, son til Anders Asbjørnson Store Undheim i Time og Berta Svensdtr. Tunheim. Han var fødd 30/11 1817, død 2/9 1879, gift 16/5 1848 med Guri Mikkelsdotter (55 b.) fødd 1/8 1827, død 24/11 1910. Torkel fekk skjøte på 4 spand av Sivert Gudmestad i 1851, som verfare, Mikkel Sigbjørnson, hadde brukt. Denne parten vart seinare heilt sundbytt, og i 1865 står dei fylgjande som eigarar av kvar sin part: Torkel Andersson (Instigbakken), Tollef Helland, Peder Skretting, Peder Velleson (Ånestad), Lars Ellingson (Klopsteinen) og Peder Salveson (Såbrekko). Desutan høyrde plassen Myrane til denne parten, og truleg ein plass som låg øyde (Nygård?). Alle desse hadde sams løpenr. Torkel står under Instigbakken i frå 1865. Enkja, Guri Mikkelsdtr., gift 2) 6/10 1885 m. Torsten Torstenson Hedda (Skrettingland 28). Torkel hadde 9 barn:

- a. Mikkel Ueland, f. 1848 (76).
- b. Marta, f. 25/6 1850, g. 1889 m. sjømann Theofilus Theofilusson (Søyland 21 g.). I Stavanger.
- c. Andreas, f. 1853, død 10/11 1880, ugift, skomakar.
- d. Tolleiv, f. 29/7 1858, g. m. Karoline ? Han var skomakar i Risør, ikkje barn.
- e. Tønnes (Søyland 43), f. 1/11 1855.
- f. Rasmus, f. 18/3 1864, død 1940, g. m. Anna A. (Bø 110 a.). Skomakar på Nærbø.
- g. Gabriel, f. 29/10 1861, g. m. Berta Maria Jonstad, frå Naustdal, var bakar på Dale i Sunnfjord.
- h. Grete Maria Torkelsdtr., f. 17/9 1866, g. m. Ingebret Andreasson (Søyland, Nærbø 44).
- i. Taletta, f. 10/1 1870, g. m. Olai Erikson (Skretting 119).

63. Ivar Erikson Tjelmsengen (Tvihaug 29 d.) fødd 21/7 1820, død 11/5 1893, gift 11/4 1848 med Ingeborg Larsdotter (56 b.) fødd 23/4 1821, død 1/3 1916. Ivar kjøpte Tjelmsengen i 1863 av dei Ueland (Elling Nilsson og Peder Olson). 10 barn:

- a. Akseliana, f. 26/12 1848, g. m. Nils Larsson (74).
- b. Ingeborg, f. 15/9 1850, g. m. Tobias Tollakson (68).
- c. Lars Martin Ueland, f. 1852 (77).
- d. Erik, f. 22/9 1854, død på Håland i Nærbø 20/9 1938, g. i Time 23/11 1885 m. Anna Maria Tolleivsdtr. Helland, f. 18/7 1857, død på Taksdal 11/4 1888. Var ei tid gbr. på Taksdal i Time, seinare snekker på Nærbø.

- e. Hans Elias, f. 16/10 1856 (Ånestad 107).
- f. Inger Serina, f. 30/9 1860, g. 30/6 1887 m. Olai Tolleivson Helland i Time.
- g. Gjertrud Malena, f. 5/4 1863, død 22/9 1885. Ho var trulova m. Karl Helgeson Bø, og dei hadde ein son: Jørgen, f. 27/2 1884, død 24/9 s. å.
- h. Jonas, f. 26/9 1867, død 2/3 1869.
- i. Ivar Ueland, f. 18/4 1865 (sjå Motland, Nærbø 32).
- j. Justine, f. 28/8 1870, død 15/5 1882.

64. Gabriel Larsson (49 d.) fødd 14/5 1821, død på Herigstad 22/3 1869, gift 28/5 1844 med Elen Ellingsdotter (Bø 80 d.) fødd 18/11 1818, død på Bratland 14/1 1900. Så vidt eg kan skjønna futebøkene, måtte det vore Gabriel Larsson som skifte ut og selde den parten som er nemnd under 62. I 1859 selde han og Sivert Ivarson eit markestykke som grensa til Skjeret og Steinsvatnet og litle Holmsvatn (Storemosslåtta) til Tolleiv Olson Helland for 180 dalar, og desutan noke som var kalla "Studarau-slåtta", "Friestad-slåtta" og "Småbak-slåtta". Og i 1862 selde dei ein part til Peder Pederson Skretting for 40 dalar.

I 1866 vart lnr. 185 c. av skuld 1 dalar 17 skill, seldt på tvangsauksjon til Erik T. Hobberstad for 331 dalar. Då stod Gabriel Larsson som brukar og Hypotekbanken som seljar. I den nye matrikkelen for 1866 står Peder Velleson Ånestad som eigar av 3 ort 8 skill, av dette. Resten var vel dei 22 skill, som Lars Ellingson, og dei 7 skill, som Peder Salveson åtte i 1866. Videre syner futebøkene at Torkel Andersson hadde teke over ein part av Gabriel Larsson i 1857 (Instigbakken). Gabriel budde seinare på Herigstad som husmann (59). 12 barn:

- a. Marta, f. 5/2 1845, død 2/1 1847.
- b. Lars Gabrielson (Herigstad 63), f. 1846.
- c. Elling, f. 18/7 1848, død på Herigstad 15/6 1873, ugift.
- d. Martin, f. 30/9 1850, død 10/12 s. å.
- e. Gabriel, f. 16/11 1851, død på Sandnes 1/2 1919, g. m. Berta Tomine Jonasdtr. (Sør-Reime 26 c.). Han var pannebrennar på Sandnes.
- f. Martin (Djøseland 55), f. 1853.
- g. Elias, f. 26/3 1856, død 6/8 s. å.
- h. Grete, f. 1/11 1857, g. 1889 m. Asbjørn Auestad (sjå Skretting 122).
- i. Elen Maria, f. på Herigstad 28/10 1858, død på Vigrestad 14/12 1909, ugift. Ho var skreddar (Maria i Borjå?).
- j. Ola, f. 11/5 1860, død 16/7 s. å.

- k. Ola, f. 2/7 1861, død 24/7 s. å.
 l. Malena, f. på N-Halleland 30/4 1863.
65. Lars Ellingson, son til Elling Pederson Sirevåg og Malena Larsdtr. Fødd 24/4 1808, død 21/7 1897, gift 9/4 1840 med Marta Maria Nilsdotter (53 a.) fødd 20/12 1816, død 18/7 1897. Lars Ellingson hadde byksla Klopsteinen, og i 1862 fekk han skjøte på det same frå Gabriel Larsson for 60 dalar. Dei hadde 5 barn:
- Elen Malena, f. 12/11 1841, g. 13/11 1874 m. Rasmus Rasmusson (73).
 - Nils Larsson, f. 1843 (74).
 - Ludvig Martin, f. 16/2 1848, g. 5/5 1876 m. Anne Bertine Sivertsdtr. Vigen, Sokndal. Han var snekker i Stavanger.
 - Johannes, f. 9/5 1850, g. 1) 16/11 1877 m. Elen Hansdtr. (Bø 95 c.), g. 2) i Stavanger 24/10 1894 m. Liva Andersen frå Vikadal. Budde i Stavanger.
 - Maria, f. 11/6 1853, g. 14/8 1874 m. Ola Hansson Kolnes på Risa i Tananger.
66. Sivert Ivarson (54 a.) fødd 9/12 1832, død på Håland 16/1 1897, gift 18/11 1858 med Berta Malena Larsdotter (Herigstad 51 b.). Sivert tok over faren sin part, 4 spand, i 1859 for 400 dalar. I 1860 hadde Tollak Tollakson teke over ein part av dette, og Tolleiv Helland og Peder Skretting kvar sin part. I 1863 kjøpte Sven Ingebretson Mæland ein part av dette bruket av Sivert for 20 dalar, og i 1863 flutte så Sivert til Vadlastølen av Håland (72 der).
67. Omund Tollakson (55B. b.) fødd 10/1 1824, død 14/4 1896, gift 7/11 1853 med Rakel Serina Ivarsdotter (Herigstad 46 a.) fødd 8/7 1826, død 3/6 1894. Omund Tollakson kjøpte 4 spand, halve farsgarden, av Mons Olson Bjorland i 1854 for 145 dalar. Dette var bnr. 1. I 1875 hadde han kjøpt ein parsel av Maria Hoberstad for 75 dalar. Omund Tollakson og Rakel Serina hadde 7 barn:
- Anna Kirstina, f. 18/7 1855, g. 22/10 1897 m. enk. Nils K. Torkelson Kjosavik, Skjørestad.
 - Tollak Omundson Ueland, f. 1859 (78).
 - Berta, f. 30/11 1857, g. m. enk. Sivert Pederson Herigstad i Time, bygningsmann i Stavanger.
 - Ivar, f. 23/5 1861, g. 16/6 1892 m. Taletta Toresdtr. (Ånestad 90 c.). Budde på Asheim og Austrått i Høyland, seinare på Småhauane av Voll og Bogsdalen i Ogna.
- Rakel Serina, f. 15/9 1864.
 - Omund, f. 11/6 1867, g. 6/12 1895 m. Marta Kirstina Nilsdtr. Øksnevad, reist til Amerika.
 - Ole Johannes, f. 15/2 1870, var ugift og budde på Gramstad i Høyland.
68. Tobias Tollakson (55B. d.) fødd 24/11 1831, død 18/3 1893, gift 26/4 med Ingeborg Ivarsdotter (63 b.) fødd 16/9 1850, død 7/11 1908. Tobias kjøpte dei andre 4 spand av farsgarden, bnr. 3, i 1855, av Lars Eliasson Reiestad, og i 1875 kjøpte han ein parsel av enkja Maria Hobberstad for 75 dalar. Dei hadde 11 barn:
- Anna Kirstina, f. 29/8 1872, g. m. Ole Olson (S-Varh. 110).
 - Tollef, f. 20/1 1871, død 28/1 1872.
 - Ingeborg, f. 20/9 1874, g. 15/3 1894 m. Isak (Ueland 82).
 - Tollef Ueland, f. 1876 (85B.).
 - Justine, f. 18/10 1876, g. m. Omund Johan Mellemstrand (Njærheim 147).
 - Josefine, f. 23/12 1878, g. 11/3 1897 m. Peder Olson Store Undheim, Time.
 - Tobias Ueland, f. 1881 (86).
 - Ivar Ueland, f. 31/12 1883, g. 4/8 1917 m. Inger Pallesdtr. Tu, f. 10/2 1888. Handelsm. på Varhaug.
 - Gjertrud Malena, f. 5/3 1886, g. 28/6 1904 m. Erik Hansson (Skretting 128).
 - Andreas Ueland, f. 14/11 1888, død 6/12 1933, g. 28/2 1917 m. Ingeborg Gabrielsdtr. (Bjørheim 38 c.). Han var skomakar på Varhaug.
 - Sem Ueland, f. 15/1 1891 (89).
69. Tollak Tollakson (55B. c.) fødd 31/1 1829, død 28/7 1912, gift 22/4 1862 med Anna Pedersdotter (58 a.) fødd 24/3 1837, død 1/10 1924. Tollak Tollakson kjøpte helvta av Inr. 185 c. av Maria Hobberstad i 1875 for 75 dalar, av skuld 1 mark 81 øre. I 1886 står han som eigar av Inr. 185 a. og 185 c., eller bnr. 4 og 5, som vel var den parten som Sivert Ivarson hadde brukt (66). 5 barn:
- Anna Kirstina, f. 5/2 1863, g. 2/7 1885 m. Lars Bø, Ogna.
 - Tollef Ueland, f. 1867 (79).
 - Peder, f. 19/1 1871, g. 1) m. Alette Hansdtr. Kindervåg i Ogna, g. 2) 20/11 1909 m. Maria Olsdtr. Frøyland. Han var snekker på Bryne, død 16/3 1963.
 - Gabriel Ueland, f. 1873 (80).
 - Lars, f. 7/5 1877, død s. d.
70. Elling Nilsson (53 c.) fødd 22/12 1819,

død 20/5 1895, gift 4/11 1858 med Johanna Isaksdotter (Auestad 31 d.) fødd 23/8 1832, død 22/5 1897. Elling kjøpte 4 spand av faren i 1844 for 150 dalar, bnr. 14. 2 barn:

- Nils Ueland, f. 1859 (81).
- Isak Ueland, f. 1866 (82).

71. Peder Salveson, son til Salve Johanneson Skorane i Sirevåg og Johanna Sivertsdtr. Fødd 6/4 1826, død på Næsheim 25/12 1912, gift 11/3 1854 med Olina Larsdotter (49 e.) fødd 12/7 1825, død på Næsheim 2/9 1913. Peder Salveson kjøpte Såbrekko av Torkel Andersson i 1856 for 40 dalar. I 1871 vart Såbrekko seld på tvangsauksjon til Alakias Tvihaug for 100 dalar. Dei budde seinare på Varen av Djøseland og på Steinane av Anestad. Korleis og når dei kom til Næsheim i Nærbø er uvisst. 5 barn f. på Ueland:

- Marta, f. 12/1 1855, g. 8/8 1894 m. enk. Eivind Eivindson Undheim i Time.
- Johanna, f. 14/12 1856, død på Vigre 2/2 1941, ugift.
- Lars, f. 21/1 1859, død 1923, g. 18/6 1877 m. Rakel Gurina Olsdtr. Harald, g. 2) 14/2 1891 m. Maria Bertine Simonsdtr. Lomeland. Budde på Lomeland i Gjesdal.
- Serina, f. 30/7 1861, g. m. Peder Sivertson (Vigre 51).
- Peder, f. 2/1 1869, død 16/3 1872.

72. Henrik Larsson Årdal (Opstad 68 a.) fødd 26/6 1847, død i Dusavik? Gift 7/11 1872 m. Olina Pedersdotter (58 c.) fødd 18/9 1839. Henrik fekk skjøte på bnr. 15 av dei Hobberstad i 1873 for 340 dalar, etter Peder Olson (58). 5 barn:

- Lena Gurine, f. 19/5 1874, død 12/2 1948, g. 23/9 1898 m. Ola Olson Fotland, Dusavik.
- Peder, f. 10/8 1875, død 2/1 1902, ugift.
- Ingeborg Kirstine, f. 21/5 1877, g. m. Bertel Salte (83).
- Luther Ueland, f. 19/9 1880, busett i Stavanger?
- Helmik Olai, f. 1/1 1886, død 22/11 1970.

73. Rasmus Rasmusson Myrane (60 e.) fødd 14/3 1848, gift 13/11 1874 med Elen Malena Larsdotter (65 a.) fødd 12/11 1841. Rasmus kjøpte Myrane av Sven Ingebretson Mæland sine arvingar i 1882 for 230 kroner (sjå under 66). Same året reiste Rasmus til Amerika med heile huslyden. Kanskje gjekk denne parten over til Elling

Nilsson (70) og vart lagd til bnr. 14? Nå brukar Tobias Isakson denne parten, bnr. 23. 4 barn f. på Ueland:

- Rasmus, f. 3/9 1875.
- Inger, f. 19/8 1877, død 23/8 s. å.
- Inger, f. 22/9 1878.
- Marta Maria, f. 17/9 1880.

74. Nils Larsson (65 b.) fødd 1/10 1843, død 29/3 1903, gift 8/4 1875 med Akseliana Ivarsdotter (63 a.) fødd 26/12 1848, død 2/7 1911. Nils Larsson tok over Klopsteinen, bnr. 9 og 17 i 1876 etter faren. Erik Hobberstad åtte framleis bnr. 9 i 1886, men Nils må ha løyst det inn seinare. I 1906 står enkja som brukar av bnr. 9 og 17. Dei hadde 7 barn:

- Lars, f. 15/4 1876, død 6/7 1897.
- Ivar, f. 6/8 1877, død 30/6 1895.
- Marta Maria, f. 6/9 1879, død 9/6 1952, ugift.
- Nikolai Ueland, f. 1882 (87).
- Ingeborg, f. 24/10 1884, g. m. Nils Larsson Brekken (S-Varhaug 122).
- Akseliana, f. 6/10 1888, død 6/5 1969, ugift.
- Jon, f. 14/9 1891, død 2/4 1965, ugift.

75. **Sven Erikson Elverullen** (61 c.) f. 28/12 1848, død 4/6 1920, gift 3/4 1879 med Anna Maria Jonsdotter (Sæland 16 i.) fødd 17/10 1852, død 8/12 1917. Sven kjøpte Elverullen av Omund Tollakson og Lars Eliasson Reiestad i 1877 for 400 kroner + folge til foreldrene sine. 8 barn:

- Rakel, f. 3/4 1880, g. m. Lars Johan (Skretting 125).
- Erik, f. 14/9 1881, død 6/6 1897.
- Jon Ueland, f. 22/5 1883, død i Minnesota. Gift i Montana 1912 med Alma Larsen, dtr. til Lars Johan Larsson og Karen Olina Abrahamsdtr. (Sjå Sæland under 16 a.)
- Sven Ueland, f. 14/6 1885, busett i Montana, seinare Seattle.
- Inger, f. 28/7 1887, død 20/7 1916, ugift.
- Enevald Ueland, f. 20/6 1890, død i Montana, ugift.
- Anna Maria, f. 27/8 1892, død 27/4 1913.
- Kajus Ueland, f. 1895 (92).

76. **Mikkel Torkelson** (62 a.) fødd 4/6 1848, død 19/2 1920, gift 5/4 1883 med Grete Maria Andersdotter, fødd i Time 15/1 1857, død på Bø 19/6 1940, dotter til Andres Asbjørnson Undheim og Marta Maria Olsdtr. Årestad. Mikkel kjøpte helvta av Instigbakken av Tollak Tollakson (69) i

1881 for 400 kroner og den andre halvta av mora for 300 kroner og folge. Dei hadde 8 barn.

- a. Torkel Ueland, f. 28/12 1883, død i Great Falls, Montana 17/6 1966, ugift.
- b. Gurina, f. 19/7 1885, død s. å.
- c. Gurina, f. 24/8 1886, g. 25/3 1916 m. enk. Peder Torstenson (Skretting 130).
- d. Marta Maria Ueland, f. 11/1 1888, g. m. Jonas Hansson Malmeim (sjå Bø 207).
- e. Anna, f. 25/3 1890, g. 20/12 1909 m. Theodor Ragnvald Torstenson (Bjørheim 30).
- f. Martin, f. 29/6 1892, d. 19/1 1910.
- g. Andreas, f. 4/10 1894, d. 27/3 1909.
- h. Gabriel Martinus, f. 20/4 1898 (93).

77. Lars Martin Ivarson Tjelmsengen (63 c.) fødd 24/11 1852, død 7/10 1956, gift 14/12 1882 med Karen Gunnarsdotter, fødd i Ognå 20/12 1862, dotter til Gunnar Gunnarson Vetteland og Guri Omundsdtr. (Grøtheim, Nærbø 19 d.). Lars Martin kjøpte halve Tjelmsengen av dei Hobberstad i 1874 for 100 dalar og det andre halve av Elling Nilsson i 1881 for 480 kroner. I 1886 kjøpte han Henrik Larsson sin part i Sautetjødnå. Lars Martin dreiv handel og slakting av storfe attåt gardsdrifta. 3 barn:

Utt. Kjæmmslann. Gamal skuld var 1 1/8 pund kornskuld eller 27 spand. Av det låg 18 spand til Kristiansand Cappel Rectory i 1723, og dei andre 9 spand til Stavanger Laugstol. Kring 1850 kjøpte brukarane bruka sine med kongeskjøte. Namnet Tjemsland kjem av Hjalmr (tjelm). Skrivemåten var: 1563 Thiemsland, 1567 Thiennsland, 1606/16 Thiemsland, 1668 Timsland og 1723 N. Tiemsland m. pl. Dahlen. Tjemsland skifter mot vest med Reiestad, mot nord med S. Varhaug, mot aust med Skrettingland og Skretting og mot sør med Kydland og Reiestad. Jorda er for det meste god fastmark.

NAMNEREGISTER

1. Kristjern
2. Roald
3. Ola Svenson
4. Jakob
5. Roald II
6. Rasmus Torgerson
7. Roald Olson
8. Ola Roaldson
9. Lars Rasmusson
10. Tjøl Torkelson
11. Tjerand Omundson
12. Isak Einarson
13. Ola Olson Grannes
14. Lauritz Ingebretson
- 14B. Ljøde Nord-Tjemsland
15. Vidkan Tjølsen
16. Gunnar Pederson
17. Sven Olson
18. Ola Mikkelson
19. Omund Svenson
20. Kristoffer Svenson
21. PederJakobson
22. Paul Tjerandson
23. Sven Svenson
24. Ola Pederson
25. Peder Pederson
26. Torger Mikkelson
27. Jon Svenson
28. Ola Olson Dalen
29. Peder Svenson
30. Omund Olson Dalen
31. Peder Pederson II
32. Tjøl Svenson
33. Ola Olson Dalen II
34. Gjermund Bårdson
35. Peder Pederson III
36. Peter Pederson
37. Sven Hansson Reime
38. Sivert Andreas Andersson
39. Ole Johannes Tønnesson
40. Luther Omundson Haugstad
41. Halvard T. Årrestad
42. Ådne Skrettingland
- 42B. Rasmus R. Skrettingland
- 42C. Eivind K. Skrettingland
43. Nils Reinert Nilsson
44. Kristian K. Skrettingland
45. Mikkell Hansson Håland
46. Hans Hansson Skeie
47. Lars Olson Gjertholen
- 47B. Peder Nikolai Reinertson
48. Halvard E. Tunheim
49. Jonas Ludvigson
50. Ole Larsson Tjemsland
51. Sven Mikal-Tobiasson Håland
52. Nils Reinertson
53. Ame Julius Jonasson
54. Karl Johan Jonasson
55. Kristian K. Skretingland II
56. Henrik Skeie
57. Sverre M. Håland
58. Hans Håland
59. Anton Hansson Skretting
60. Sven Auestad
61. Ole G. Nord-Varhaug
62. Anton Reinertson Tjemsland
63. Håkon Bakke
64. Håkon Håland
65. Jakob Jakobson Hafver

- 66. Arne Nikolai Fuglestad
- 67. Ole Peterson Dubland
- 68. Lars Kristofferson Lie
- 69. John Håland
- 70. Kåre K. Skrettingland
- 71. Arne Rannestad
- 72. Lars Vetrhus
- 73. Jonas Odland
- 74. Arne Berghøiden

1. **Kristjern** er nemnd på Nord-Tjemsland i 1563. Skatta 1 dalar.

2. **Roald** skatta 3 ort i 1563.

3. **Ola Svenson** nemnd **1602**, var truleg gift med enkja etter 2.

4. Jakob gav 1 vet leidang i 1624 og var lagrettsmann i 1633.

5. Roald gav 1/2 vet leidang i 1624 (son til 3?).

6. **Rasmus Torgerson** (Opstad 11 a.?) fødd kring 1590, skifte 7/8 1671. Gift 1) med ukjend, gift 2) med Herborg Rasmusdr., dotter til Rasmus Lauritzson Fuglestad i Ognå. Ho vart seinare g. m. enk. lensmann Rasmus Erikson (Hårr 19). Rasmus Tjemsland hadde 4 barn i første gifte og 3 i andre:

- a. Torger, f. 1630, budde på Rosseland, seinare på Øvre Haugland i Time.
- b. Anna, g. 1) m. Rasmus Toreson (Kyndland 4), g. 2) m. Gunnar (Kyndland 6).
- c. Siri, g. 1) m. Peder Ådneson (Grøtheim, Nærbø 3), g. 2) m. Lars Taraldson (Grøtheim 5). Ho hadde nok vore g. 1) m. Bjørn Ellingson (Grøtheim 2) og så med dei andre.)
- d. Marit, g. m. Peder Jonson (Skrettingland 4).
- e. Lars Rasmusson Tjemsland, f. 1635 (9).
- f. Herborg, g. 1) m. Torsten (Grødeland 9), g. 2) m. Tjerand (Grødeland 10).
- g. Berit, g. 1) m. Tjerand Omundson (11), g. 2) m. Isak Einarson (12), g. 3) m. Ola Olson (13).

7. **Roald Olson** (sjå 5) er nemnd i 1645. Kona er ukjend, men truleg var desse hans barn:

- a. Ola Tjemsland, f. 1620. (8)
- b. Ola Hetland, f. 1625, g. m. Siri Rasmusdr. Budde på Hetland i Ognå og døde i 1689.

8. **Ola Roaldson** (7 a.) fødd kring 1620, skifte 26/11 1673, gift med Ingeborg Olsdotter (Voll 11 b.). Han brukte 3 spand i 1665. 7 barn:

- a. Ola, f. 1655, livde i 1713.
- b. Peder, f. 1660, død før 1713.
- c. Malena, var død før 1713, ugift.
- d. Ingeborg, levde i 1713.
- e. Anna, død før 1713, ugift.
- f. Berit, død før 1713, ugift.
- g. Joron, død før 1713.

(Der var skifte etter mora 27/5 1713.)

9. **Lars Rasmusson** (6 e.) fødd kring 1635, skifte 25/2 1676, gift med Siri Omundsdotter, dotter til Omund Olson Tjøtta i Klepp og Ingrid Tjerandsdr. Lars Rasmusson brukte 18 spand etter faren. Siri Omundsdr. vart seinare g. m. Kristoffer Rasmusson Jåthun. Lars og Siri hadde 4 barn:

- a. Rasmus, død før 1709, barnlaus.
- b. Ola, død 1712, var g. m. Guri Olsdr. Håve og budde på Jåthun.
- c. Omund, f. 1668, død 1709, g. m. enkja etter Jens Todneim, Maren Enoksdr. Budde på Todneim i Randaberg.
- d. Inger* g. m. Anders Erikson, Hinna.

10. **Tjøl Torkelson** var truleg son til Torkel Olson (Madland 6 a.) fødd kring 1649. Brukte ein part på Tjemsland i 1701 og var gift med enkja etter 8, Ingeborg Olsdr. 1 son er nemnd:

- a. Vidkan Tjemsland, f. 1683 (15).

11. **Tjerand Omundson Tjøtta** (bror til Siri Omundsdr., sjå 9). Han var fødd kring 1640, skifte 26/5 1693, gift med Berit Rasmusdr. (6 g.). Tjerand tok over parten etter verbrosen, Lars Rasmusson. 7 barn:

- a. Rasmus, f. 1670, var i Holland i 1701, død før 1729.
- b. Omund Tjerandson (Opstad 22).
- c. Henrik, f. 1673, var i Holland i 1701, død før 1729.
- d. Hans, f. 1681, var utanlands i 1729, død 1730.
- e. Inger, g. 1) m. Peder Toreson Re, g. 2) m. Jens Einarson Re i Time.
- f. Herborg, død før 1729.
- g. Herborg d. y., død ugift.

12. **Isak Einarson Re**, son til lensmann Einar Rasmusson Re. Fødd kring 1670, død 1695, skifte 11/6 d. å. Gift med enkja etter 11, Berit Rasmusdr. Dei hadde ikkje barn.

13. **Ola Olson Grannes**, son til Ola Olson Grannes i Håland og Elen Pallesdr. Trane.

Han var fødd kring 1672, død før 1748, gift med enkja etter 12, Berit Rasmusdr., som der var skifte etter 8/8 1729, gift 2) med Marit Asbjørnsdotter (Motland i Nærbø 12 e.). Ola Olson byksla 18 spand av skulen i Kristiansand etter Tjerand Omundson og Isak Einarson. Ikkje barn.

14. **Lauritz Ingebretson** var husmann på N-Tjemsland i 1701, fødd kring 1640. Veit ikkje meir om han.

14B. Ljøde Nord-Tjemsland var lagrettsmann i 1704. Han er ikkje nemnd annan stad og er ukjend.

15. Vidkan Tjølsen (10 a.) fødd kring 1683, skifte 27/5 1713, gift med Randi (Ranveig?) Eriksdotter, dotter til Erik Erga i Klepp og kona Malena Pedersdr. (Skrettingland 4 c.). Vidkan tok over 9 spand etter faren som var benefisert Stavanger lagstol. 3 barn:

- a. Tjøl (Skretting 26), f. 1708.
- b. Erik, f. 1710.
- c. Ingeborg, f. 1712. — Dei var alle døde før mora, og ingen hadde barn.

16. Gunnar Pederson var kanskje son til Peder Gunnarson Primstad (3). Fødd kring 1684 og levde i 1758, gift med enkja etter Vidkan Tjølsen, Ranveig Eriksdotter, skifte 6/10 1741, gift 2) med Berit Halvardsdotter, fødd kring 1701. Gunnar byksla dei 9 spand av Stavanger lagstol etter Vidkan. I 1730 brukte han berre 3 spand, og Sven Olson dei 6. 4 barn:

- a. Vidkan.
- b. Rasmus, f. 1717, g. m. Ranveig Tolleivsdtr. Helland, budde på Helland i Time.
- c. Sven, f. 1720.
- d. Lars, f. 1722.

17. **Sven Olson** (Rugland 7 a.) fødd kring 1691, skifte 6/11 1754, gift 1) med Kari Einarsdotter (Odland 18 a.) fødd kring 1693, skifte 16/4 1747, gift 2) med Anna Eilevsdotter (Efjestad 19 c.) fødd 1718, død 1789. Sven Olson byksla 6 spand av lagstolen kring 1730. (Ved skiftet i 1754 heitte han Sør-Tjemsland?) 2 barn i første gifte og 3 i andre:

- a. Einar, f. 1731.
- b. Ola, f. 1733.
- c. Eilev Svenson (Reiestad 23), f. 1751.
- d. Kari, f. 1753.
- e. Sven Tjemsland, f. 1754 (23).

18. Ola Mikkelson var husmann på Dalen.

Han var bror til Sven Mikkelson Løge i Time, og truleg son til Mikkel Antoniusson, som var husmann på Holen (Kydland 10). Han var fødd kring 1685, skifte 24/5 1757. Gift 1) med Johanna Rasmusdotter, skifte 21/5 1746, gift 2) med Ingeborg Aslaksdotter (Opstad 30 a.). Ikkje barn.

19. Omund Svenson (Hårr 24 c.) fødd kring 1701, skifte 17/6 1780, gift 1) med enkja etter 13, Marit Asbjørnsdotter, som der var skifte etter 17/6 1771, gift 2) med Marit Rasmusdotter (N-Varhaug 21 b.) fødd kring 1735. Omund tok over dei 18 spand etter Ola Olson i 1746. Ikkje barn.

20. Kristoffer Svenson (Håland 16 a.) fødd kring 1722, død 1792, gift med enkja etter 17, Anna Eilevsdotter, død i 1789. Kristoffer byksla dei 6 spand etter Sven Olson i 1755.1 son:

- a. Sven Kristofferson, f. 1757.

21. Peder Jakobson var husmann på Dalen i 1758, var truleg son til Jakob Knutson (Ånestad 29 a.) fødd kring 1722, gift med enkja etter 18, Ingeborg Aslaksdotter, som døde i 1797 og var då kalla enkje etter Ola Dalen, så ho har truleg vore gift ein gong til, men det veit me ikkje om. Ikkje barn.

22. Paul Tjerandson (Grødeland, Nærbø, Sør-Reime 15 g.) fødd kring 1740, død 29/8 1819, gift med enkja etter 18, Marit Rasmusdotter, død 18/3 1822, 90 år gml. Paul Tjerandson byksla dei 18 spand etter Omund Svenson i 1780. Var barnlause og folgefolk hjå Peder Pederson i 1801.

23. Sven Svenson (17 e.) fødd kring 1754, død 19/3 1823. Gift 1) med Berta Tjerandsdotter, gift 2) med Maren Jonsdotter (Reiestad 21 e.) fødd kring 1754, død 6/11 1821, skifte 19/8 1822. Sven byksla 9 spand av lagstolen i 1778 etter stykfaren, Kristoffer Svenson, som brukte denne parten i 1758. Sven brukte både 16 og 15 sine partar i alt 9 spand. 2 barn i første og 4 i andre gifte:

- a. Sven Svenson (Primstad 54).
- b. Kristian, f. 1761, død 12/7 1839, ugift. Han var sjukleg og var følgemann hjå Peder Pederson Tjemsland.
- c. Jon Svenson Tjemsland, f. 1790 (27).
- d. Anne Berte, f. 1788, død 21/8 1833, ugift.
- e. Kornelius Svenson (S-Varhaug 83), f. 1791.
- f. Peder Svenson Tjemsland, f. 1795 (29).

24. Ola Pederson (Ueland 37) fødd kring 1752, død 8/11 1838, gift med Malena Svendsdotter (Skretting 36 f.) fødd 1760, død 28/3 1824. Han budde først ei tid på Instigbakken av Ueland, men var komen til Dalen på Tjemsland før 1801. Hadde ikkje barn.

25. Peder Pederson (Ueland 29 a.) fødd kring 1763, død 31/10 1837, gift med Ingeborg Rasmusdotter (N-Varhaug 21 a.) fødd kring 1773, død 19/8 1837, brordtr. til Marit Rasmusdr. (19 og 22). Peder byksla 18 spand av Gabriel Schanke Kieland i 1800 etter 22. I 1799 kjøpte han 8 spand i Efjestad av Elling Nilsson Skrettingland for 80 dalar. Han hadde berre 1 son:
a. Peder Pederson Tjemsland, f. 1798 (31).

26. Torger Mikkelson var komen til Dalen i 1805, og døde der 21/11 1809. (Sjå om han Efjestad 40.)

27. Jon Svenson (23 c.) fødd i 1790, gift 22/3 1816 med Marta Maria Johannesdotter. Han var på Tjemsland då første barnet var døypt i 1816. Truleg har han ikkje brukt jord på Tjemsland, men budde seinare som husmann på Brekken (S-Varh. 75).

28. Ola Olson Dalen budde på Dalen i 1816. (Sjå meir om han S-Varhaug 76.)

29. Peder Svenson (23 f.) bror til 27, fødd 1795, død 8/12 1836, gift 16/11 1825 med Berta Gunnarsdotter, fødd kring 1788. Det er uvisst kvar ho var frå, men då ho var g. andre gongen i 1838 heitte ho Beyta Gunnarsdr. Ogna. Det er då truleg at ho var dotter til Gunnar Pederson Sørskog og Malena Pedersdr. (Olsdr.?) (sjå Ueland 31 b.) f. i Ogna 1790. Peder Svenson fekk kongeskjøte på 9 spand i 1829 for 100 dalar. 3 barn:

- a. Sven Pederson (Odland 49), f. 1825.
- b. Gunnar, f. 1828 (Ånestad 82).
- c. Anna Maria, f. 29/3 1832, g. 24/5 1861 m. Abraham Asbjørn Valdeland (Djøseland 43).

30. Omund Olson Dalen (sjå om han på S-Varhaug 73).

31. Peder Pederson II (25 a.) fødd på Ueland 1798, død 1/7 1874, gift 21/6 1832 med Lavrensa Eliasdatter (Husveg 32 e.) fødd 28/9 1807, død 22/7 1843. Peder fekk kongeskjøte på 18 spd. frå skulen i

Kristiansand i 1832 for 300 dalar. Lavrensa hadde arva Kristian Svenson (23 b.) som hadde følge av dette bruket. Dei hadde 6 barn:

- a. Ingeborg, f. 18/4 1833.
- b. Peder Tjemsland, f. 1834 (35).
- c. Berta, f. 15/11 1835, g. 14/5 1855 m. Anders (Skretting 80).
- d. Elias, f. 29/3 1837, død 10/3 1900, ugift, brukte Tjemsland saman med broren Peder.
- e. Peter Tjemsland, f. 1839 (36).
- f. Serina, f. 25/5 1841, død 14/7 s. å.

32. Tjøl Svenson (Hårr 51 a.) fødd 4/5 1808, død 29/12 1888, gift 20/6 1838 med enkja etter 29, Berta Gunnarsdr., død 5/3 1865. Tjøl brukte 9 spand som styksonen, Sven Pederson, åtte. I 1847 kjøpte Gjermund Bårdson denne parten av Sven som sidan budde på (Odland 49). I 1886 kjøpte Tjøl følge hjå broren Einar Årsland og døde der. Han var barnlaus.

33. Ola Olson Dalen (Ueland 43 d.) fødd 5/6 1813, død 5/2 1889, gift 26/5 1845 med Anne Berte Larsdotter, fødd i Ogna 26/1 1812, død 23/12 1901, dotter til Lars Ivarson Stokkeland og Sara Pedersdr. Ola kom til Dalen etter Omund Olson og kjøpte 1/3 av plassen, 1 1/3 spand, av Gjermund Bårdson i 1852 for 100 dalar, bnr. 1, og i 1856 kjøpte han resten, 3 spand, av Peder Pederson for 100 dalar. 3 døtre:

- a. Ane, f. 26/12 1845, g. 5/7 1866 m. Rasmus Jensson Høneland (Ødemotland, Kvia 50).
- b. Elisabet, f. 23/10 1848, g. m. Sivert Andreas Anderson (38).
- c. Olina, f. 30/1 1852, g. 16/11 1871 m. Sven Hansson Reime (37). Budde på Stokkeland i Ogna.

34. Gjermund Bårdson (S-Varhaug 71 b.) fødd 17/11 1815, død på Soma i Høyland 3/2 1879, gift 4/11 1847 med Marta Malena Monsdotter (Skretting 63 a.) fødd 17/10 1819, død på Soma 1/9 1866. Gjermund var lærar og klokkar i Varhaug. I 1847 kjøpte han 9 spand av Sven Pederson for 300 dalar, og i 1862 selde han 7 1/2 spand til kommunen for 1050 dalar, som vart nytta til klokkar- og lærarbustad. I tillegg til prisen var følge til Tjøl Svenson og Berta Gunnarsdr. 6 barn:

- a. Berta, f. 15/2 1848, reist til Amerika.
- b. Ingeborg, f. 3/9 1849, g. 28/3 1879 m. Hans Hansson Dysjeland.
- c. Bendiks, f. 3/9 1851, død 6/9 1859.
- d. Anna Malena, f. 30/11 1855.

- e. Mathias, f. 21/10 1853, g. m. Bertine Åreskjold, Asheim.
- f. Grete Maria, f. 29/10 1857, død 7/2 1879.
- g. Bendiks, f. 25/1 1860, reist til Amerika.
35. Peder Pederson III (31 b.) fødd 26/7 1834, død 2/9 1906, gift 22/3 1867 med Taletta Hansdotter (Skretting 83 f.) fødd 14/8 1841. Peder tok over ein part av faren sitt bruk i 1865, bnr. 2. Heile bruket var 18 spand, og Peder sin part var 7 1/2 spand. Han åtte dessutan 8 spand i Efjestad som han hadde fenge av bestefaren (25). I 1870 selde han dette til Jonas Efjestad. Han hadde ei dotter:
- a. Anna Tomine, f. 19/4 1865, g. m. Anders Ådneson Vindingland, reist til Amerika.
36. Peter Pederson (31 e.) fødd 21/3 1839, død 24/7 1907, gift 25/11 1873 med Anna Margreta Nilsson (Herigstad 52 c.) fødd 21/1 1841. Peter brukte 7 1/2 spand i 1865 saman med faren og broren Elias. I 1866 fekk han skjøte på same av faren for 300 dalar -f følge, og i 1875 er Elias tenar hjå han. Denne parten var bnr. 3. Peter hadde 2 døtre:
- a. Lette, f. 9/4 1874, g. m. Kristian K. Skrettingland (44).
- b. Elen Maria, f. 26/1 1876, truleg ho som døde 20/5 1915.
37. Sven Hansson Reime, fødd 18/4 1847, gift 16/11 1871 med Olina Olsdr. Dalen (33 e.). Sven er førd som brukar av Dalen bnr. 1 i 1874 etter verfare. Kom sidan til Stokkeland. 2 barn fødd på Dalen:
- a. Anne Berte, f. 27/7 1872.
- b. Hans, f. 16/7 1874.
38. Sivert Andreas Andersson (Skretting 76 c.) fødd 30/9 1845, død 16/10 1895, gift 14/6 1872 med Elisabet Olsdr. (33 b.) fødd 23/10 1848, død 9/1 1934. Sivert Andreas kjøpte Dalen av verfare i 1876 for 200 dalar + følge. I 1889 kjøpte han ein part av H. T. Årrestad, Fagerheim bnr. 4. Han døde som handelsmann på Varhaug. 10 barn:
- a. Andreas, f. 4/4 1873, død i Oslo 9/9 1914, g. m. Carstine Jensen.
- b. Ole Tjemsland, f. 16/6 1875, død 1929 (Store Håland, Nærbø 34).
- c. Abraham, f. 8/6 1877, død i USA 1930, g. m. Agnette Anda, f. i Hauge-sund 1878 (Nærbø stasjon 29 a.). Han var handelsmann på Varhaug, reiste seinare til USA.
- d. Sivert, f. 18/12 1878, død 23/5 1880.
- e. Berta, f. 27/10 1880, død 30/9 1969, g. m. Benjamin Stavnheim (S-Tjemsland 48 g.).
- f. Sivert Tjemsland, f. 18/1 1883, g. 8/10 1908 m. Gunhild Larsdr. Berge. Budde på Berge i Gjesdal, død 4/5 1941.
- g. Erik Tjemsland, f. 25/12 1884, død 23/12 1960, g. 1/12 1907 m. Maria Kristiansdr. (Gudmestad 42 f.) f. 13/8 1884, død 21/10 1962. Smed på Sandnes.
- h. Malena, f. 8/11 1887, død i Canada 1949, g. m. Torstein Hansson (Skretting 111 d.).
- i. Anton Tjemsland, f. 28/4 1890, død 27/12 1922, g. 1912 m. Alma Andreasdr. Rosseland. Handelsmann på Bryne.
- j. Sven, f. 6/6 1893, død 10/8 s. å.
39. Ole Johannes Tønnesson (Kydland 27 f.) fødd 31/7 1844, gift 9/4 1874 med Malena Abrahamsdotter (Håland 59 d.). Han kjøpte ein part av Peder Pederson i 1888, Brekken bnr. 5, for 100 dalar. 7 barn:
- a. Tønnes Elias, f. på Kydland 15/10 1876, død 23/3 1884.
- b. Elen Bertine, f. på Skrettingland (30) 4/7 1878, g. 28/2 1902 m. Tønnes T. Rangen (Kvia 42 e.).
- c. Abraham, f. Skrettingland 11/2 1881, g. m. Gina.
- d. Gerdtine, f. Skrettingland 26/11 1883, g. 30/12 1904 m. Jon Jonson Hobberstad, Sandnes.
- e. Tønnes Elias, f. på Tjemsland 20/11 1887.
- f. Grete Olava, f. 22/6 1893.
- g. Elling Ragnvald, f. 2/9 1896.
40. Luther Omundson Haugstad, fødd i Fredrikstad 8/4 1845, gift 31/7 1879 med Sigrid Kolbeinsdr. Sydnes, fødd i Stord 24/7 1852. Han var lærar og klokkar og budde på bnr. 6. 4 barn f. i Varhaug:
- a. Anna Jakobine, f. 2/6 1880.
- b. Oddmund, f. 1/1 1883.
- c. Sigrid, f. 16/11 1884.
- d. Kristine, f. 6/11 1887.
41. Halvard T. Årrestad (Hobberstad 50) kjøpte ein part av Peder Pederson III, Fagerheim bnr. 4, i 1886 for 2300 kroner og selde same til Sivert Andreas Dalen i 1889.
42. Ådne Skrettingland kjøpte Dalen, bnr. 1, av Sivert Andreas i 1887 for 4550 kroner -f følge til Ola Olson.

42B. Rasmus R. Skrettingland var på Dalen i 1900, hadde truleg kjøpt av Ådne.

42C. Eivind K. Skrettingland (21 e.) f. 21/8 1857, død 30/5 1936, gift 17/11 1905 med Olina Gunnarsdr. Høyen (Voll 101 c.) fødd 14/5 1873. Han hadde bnr. 7 i 1900. Dette var eit nytt bruk, Tjemsland Vestre, som nok var part av eit av dei andre bruka.

43. Nils Reinert Nilsson (Gudmestad 39 d.) fødd 10/5 1870, gift 2/4 1897 med Anna Elisa Nilsdr. (Skretting 105 d.) fødd 10/6 1873, død 7/6 1961. Han kjøpte bnr. 2 av Peder Pederson III i 1898. 10 barn:

- a. Peder Nikolai, f. 17/7 1897 (47 h/h)
- b. Rakel Toline, f. 28/9 1899, g. 1930 m. Johan Bekkeheien (Høyland, Nærbø 175 b.). Bur på Lista.
- c. Nils Tjemsland, f. 1902 (52).
- d. Rasmus, f. 15/5 1904, g. m. Berta Kirstina Håland (Bratland 30 c.). Bur på Bratland.
- e. Anton Tjemsland, f. 1906 (62).
- f. Anna, f. 15/5 1909, død 18/5 1924.
- g. Agnes, f. 1/8 1911, g. m. Endre Sæland, f. i Time 12/5 1903. Fabr.arb. på Kvernelands Fabrikk.
- h. Ragna, f. 30/11 1913, død 5/3 1934.
- i. Berta, f. 28/8 1916, g. m. Kristian Kristianson Riska.
- j. Arne, f. 11/9 1919, fabr.arb. på Kvernelands Fabrikk.

44. Kristian Skrettingland (21 g.) fødd 7/10 1862, død 14/2 1912, gift 27/3 1896 med Lette Petersdotter (36 a.) fødd 9/4 1874, død 16/10 1941. Kristian Skrettingland var lærar og klokkar og budde først på klokkargarden bnr. 6, seinare på bnr. 3 etter verfare. 5 barn:

- a. Rakel Maria, f. 19/12 1896, g. 2/7 1919 m. Sven M. T. (Håland 85 a.) på Tjemsland (51).
- b. Anna Margreta, f. 19/10 1902, g. 21/2 1931 m. Hans Mikkelsen Håland (Tjemsland 58).
- c. Kristi, f. 27/9 1905.
- d. Petra, f. 14/5 1907.
- e. Kristian Skrettingland jr. (55).

45 Mikkel Hansson (Håland 68 c.) fødd 30/5 1862, gift 10/4 1900 med Berta Sofie Kristiansdr. (Gudmestad 42 d.) fødd 3/8 1878, død 9/4 1966. Mikkel Håland kjøpte bnr. 7, Tjemsland Vestre, i 1903, som Eivind Skrettingland brukte i 1900. Han var bygningsmann. 13 barn:

- a. Inger, f. 10/1 1901, g. 1933 m. Ole Gustavson (Tjemsland 61).

- b. Hans Håland (58).
- c. Maria, f. 7/8 1904, g. m. Ragnvald (Håland 102).
- d. Kristian, f. 6/6 1906. Bur på Varhaug.
- e. Mikkel, f. 3/4 1908-, død 4/6 1910.
- f. Sverre Håland (Tjemsland 57).
- g. Mikkel Håland, f. 14/2 1912, i Amerika.
- h. Sigrid, f. 29/5 1913, i Stavanger. Kafevertinne.
- i. Jon Håland, f. 9/12 1915, g. 1943 m. Jenny A. Salte. Snekker på Varhaug.
- j. Astrid, f. 17/7 1917, g. m. Kristian Skrettingland (44 e.).
- k. Håkon Håland, f. 29/9 1918, g. 1944 m. Klara (Ånestad 102 h.). Bur på (Tjemsland 64).
- l. Magnus Håland, f. 21/5 1921, g. m. Tora Dubland (Sør-Varhaug 131 d.).
- n. Ester, f. 24/12 1923, g. i Stavanger m. Vilhelm Marton Helland.

46. Hans Hansson Skeie, fødd i Sand 29/9 1868, død 14/9 1954, gift 3/9 1901 med Guri Bergitte Martinsdr., fødd i Klepp 3/4 1882, dotter til Martin Tolleivson Tjøtta frå Herigstad i Time og Ingeborg Larine Olsdr. Gruda. Hans sine foreldre var Hans Klengson Skeie, f. 4/7 1831 og Marta Svensdr., f. 4/8 1831. Hans Skeie kjøpte Dalen i 1902, kanskje av Rasmus R. Skrettingland, som budde der i 1900? 5 barn:

- a. Henrik, f. 1902 (56).
- b. Magnus, f. på Tjemsland 30/8 1904 (Bjørheim 32).
- c. Hans, f. 1908 (Bjørheim 34).
- d. Marta, f. 18/9 1909, g. 27/10 1927 m. Tobiasl. (Ueland 102).
- e. Leiv, f. 28/11 1914, g. m. Gudrun Svensdr. Oftedal, f. i Gjesdal 6/6 1922. Sjukepasser på Dale.

47. Lars Olson Gjertholen (sjå Djøseland 47). Han hadde selt Djøseland i 1888 og budde sidan på N-Tjemsland. Det er sagt at han brukte og åtte bnr. 4, og må i så fall ha kjøpt av Sivert Andreas som hadde kjøpt den parten av H. T. Årrestad i 1889. Det er vidare sagt at han selde til Jonas Ludvigson (i 1898). I 1900 hadde han ein rudningsplass under bnr. 3, Fagerheim kalla, og er då kalla arbeidsmann. Denne plassen er nå bnr. 10.

47B. Peder Nikolai Tjemsland (43 a.) f. 17/7 1897. Overtok bnr. 2 etter faren og selde før han døde til brorsonen Torfinn Tjemsland (52 b.). Gift 1) m. enkja Kirsten Jonasdr. (Rimestad 75), gift 2) i 1950 m. Maria Høiland, Nærbø (Ånestad 103 f.).

48. Halvard Enevaldson Tunheim, fødd på Lindal i Nærbø 4/4 1880 (sjå Gausland 33 a.), død 1/5 1968. Gift 11/10 1902 med Gjertrud Malena Pedersdotter, fødd 12/4 1880, død 15/3 1964, dotter til Peder Pederson Undheim i Time og Gurina Halvardsdtr. Halvar Tunheim hadde vore lærar i Nærbø og Bakke, men frå 1912 var han lærar og klokkar i Varhaug. Han budde på klokkargarden, men i 1952 bygde han eige hus på jord kjøpt av Ole Tunheim, Tunheim bnr. 35. 12 barn:

- a. Astrid, f. i Nærbø 11/8 1903, død 20/8 s. å.
- b. Einar, f. i Bakke 24/7 1904, g. m. Inga Skreå, Sirdal.
- c. Peter, f. 10/9 1906, g. i Amerika, død 1948.
- d. Astrid, f. 22/4 1908, g. 17/4 1930 m. Trygve Tjerandson Torsteinsbu, Imsland, f. 6/1 1907.
- e. Sverre, f. i Bakke 4/11 1909, g. m. Ingebjørg Ringdal, Gran på Hadeland.
- f. Gudrun, f. i Gjesdal 29/4 1911, g. 1934 m. Erik Kvæven, Sirdal.
- g. Harald, f. i Varhaug 30/10 1912, g. 1946 m. Jorunn Pedersen, Selvær Tr3øri<i
- h. Målfrid, f. 21/2 1914, død 8/5 1955, g. m. enk. Martin (Ånestad 93 d.).
- i. Arne, f. 12/7 1915, g. m. Åsa Svindland, Høyland.
- j. Dagny, f. 2/5 1918, g. 1946 m. Olav Malkenes, Tysnes.
- k. Guri, f. 15/11 1919, g. 1941 m. Håkon Oltedal, Gjesdal.
- l. Solveig, f. 24/11 1921, g. 1945 m. Harald Hansson Skretting (Reiestad 50 d.).

49. Jonas Ludvigson (Herigstad 49 g.) fødd 20/1 1865, gift med Anna Theodora Tolleivsdotter, fødd i Oгна 2/2 1866, dotter til Tolleiv Mathias Tolleivson Nygård (Sirevåg) og Anna Johanna Johannesdtr. Haver. Jonas Ludvigson kjøpte bnr. 4 av (Lars Olson, 47?) i 1898. 4 barn:

- a. Tomas, f. 1897, død 1924, snekker.
- b. Karl Johan Tjemsland, f. 1899 (54).
- c. Arne Julius Tjemsland, f. 1903 (53).
- d. Klara, f. 1907, g. 1951 m. Paul Svela i Bjerkreim. Død i 1970.

50. Ole Larsson Tjemsland, son til 47 (sjå Djøseland 47 b.) fødd 27/3 1882, død 15/12 1956, ugift. Bygningsmann. Han tok over bnr.10 (Stelkarholen, også kalla Fagerheim) i 1920.

51. Sven Mikal Tobiasson (Håland 85 a.)

fødd 5/7 1894, død 17/4 1964. Gift 1919 med Rakel Maria (Skrettingland, Tjemsl. 44 a.). Tok over bnr. 11 i 1920. Barn:

- a. Toralf, f. 3/4 1920, g. 1960 m. Fanny Haug Dilling.
- b. Ingebjørg, f. 26/8 1921, g. m. Lars Rangen.
- c. Liv, f. 4/10 1922, g. m. Harald Ueland, Nærbø.
- d. Kristian, f. 8/7 1924, g. m. Nelly Lundegård, Nordland.
- e. Svein, f. 10/8 1927, g. 1954 m. Marit Hobbestad (Varhaug 175 f.).
- f. Ranveig, f. 24/3 1929, g. 1959 m. August Skalle, Torsnes.
- g. Karl, f. 27/5 1930, g. 1965 m. Valborg Nes, Stavanger.
- h. Mari, f. 1/5 1932, g. m. Ingvald Kraggerud, Lunner.
- i. Magne, f. 13/8 1933, g. 1960 m. Mary Pauline Lobekk (Auestad 56 i.).
- j. Gerd, f. 24/4 1941, g. 1966 m. Jens (Ånestad 110 j.).

52. Nils Nils-Reinertson (43 c.) fødd 14/1 1902, gift med Gurina Tollaksdotter (Ueland 78 f.) fødd 8/11 1900. Tok over bnr. 12, i 1927. Barn:

- a. Reidar, f. 12/8 1935.
- b. Torfinn, f. 25/2 1937 (brukar bnr. 2).
- c. Anny, f. 5/1 1939, død 1970, g. m. Audun Erga, Klepp.
- d. Gunvor, f. 25/12 1940, g. 1960 m. Tor Harry Hansen, Stangeland.

53. Arne Julius Tjemsland (49 c.) fødd 19/8 1902, gift med Magna Elisa Pallesdtr., fødd i Oгна 29/3 1908, dotter til Palle Gabrielson Haver og Ane Andersdtr. Vatnemot. Tok over bnr. 15 i (1928?). Barn:

- a. Jonas, f. 19/8 1928, g. 1956 m. Helga Halleland, dtr. til Lars Hatteland, Klepp.
- b. Petter, f. 4/4 1930, g. 1957 m. Malena Auestad (Skretting 148 b.).
- c. Aslaug, f. 17/2 1932, g. 1956 m. Tor Ree, Bryne.
- d. Trygve, f. 19/12 1933, g. 1957 m. Paula Årsland.
- e. Arthur, f. 11/5 1934, g. 1959 m. Ingfrid (Ånestad 119 e.).
- f. Margit, f. 23/2 1937, g. 1958 m. Sigmund Årsland.
- g. Arnold, f. 3/6 1938, g. 1962 m. Bjørg Ågedal, Kvinesdal.
- h. Kåre, f. 5/8 1940, g. 30/3 1968 m. Anna Maria Edland, Bø.
- i. Aud Reidun, f. 9/4 1942, g. 1962 m. Einar Helle, Konsmo.

- j. Gunnar, f. 5/3 1946, g. 5/8 1968 m. Ingrid Landås, Herefoss.
- k. Solfrid, f. 7/11 1947, g. 4/4 1970 m. Kjetil Gunnar Åmbø, Oslo.
54. Karl Johan Tjemsland (49 b.) fødd 28/10 1899, gift 23/11 1929 med Karen Serina Larsdotter (Aniksdal 64 j.) fødd 16/12 1901. Tok over bnr. 4 i 1929. Barn:
- Astrid, f. 18/3 1931.
 - Solveig, f. 5/8 1932, g. 1962 m. Olav Netland, Fjotland.
 - Kjellaug, f. 9/11 1933, g. 1966 m. skuleinspektør A. Fylling, Klepp.
 - Jorun, f. 26/2 1935.
 - Leikny, f. 28/8 1937.
 - Turid, f. 29/6 1938, g. 1961 m. Ottar Fossa, Avaldsnes.
 - Jonas, f. 2/7 1940, g. 1965 m. Ruth Johanne Melberg.
 - Lars, f. 15/12 1942, g. 1966 m. Åse Ruth Sitter, Oslo.
 - Kjell, f. 8/9 1944.
 - Odd Kristoffer, f. 8/3 1946.
55. Kristian K. Skrettingland (44 e.) fødd 4/11 1909, død 17/2 1969. Gift 1952 med Astrid M. Håland (Tjemsland 45 j.) fødd 17/7 1917. Tok over bnr. 3 i 1939. Barn:
- Leiv Kristian, f. 19/2 1954.
 - Solveig, f. 19/3 1956.
56. Henrik Skeie (46 a.) fødd i Klepp 3/2 1902, død 30/9 1955, gift 1937 med Sigrid Sivertsdotter (Varhaug 112 g.) fødd 13/5 1905, død 17/10 1959. Tok over Dalen bnr. 1 i 1944. Barn:
- Harald, f. 1/3 1938. Brukar farsgården.
 - Björg, f. 20/3 1942.
 - Anna, f. 10/1 1945.
- Andre som bur på N-Tjemsland:
57. Sverre M. Håland (45 f.) fødd 21/12 1909, gift 17/1 1948 med Gunhild Jonasdatter (Voll) fødd 9/10 1927. Brukar farsgården, Tjemsland Vestre bnr. 7. Barn:
- Björg Sofie, f. 17/6 1948.
 - Jonas, f. 17/2 1951.
 - Judith, f. 3/11 1954.
 - Mikkel, f. 15/7 1958.
 - Sigmund, f. 17/1 1964.
58. Hans Håland (45 b.) fødd 22/11 1902, gift 1931 med Margreta Skrettingland (Tjemsland 44 b.) fødd 19/10 1902. Tok over eit småbruk, Norheim bnr. 16, i 1931, treleg ein part av farsgården. Han er møbel-fabrikant. Barn:
- Sigbjörg, f. 7/3 1935, g. 1964 m. Ernst Hetland, Riska.
 - Magnor, f. 29/4 1937.
 - Kjell, f. 28/11 1938, g. 22/7 1967 m. Ruth Karin Høviskeland, Tysnes.
 - Leif, f. 7/10 1940, g. 1966 m. Jorun Oddbjörg Mosbrun, Medhaug, Karmøy.
 - Harald, f. 9/3 1944.
 - Leidvor, f. 17/7 1945, g. 23/5 1970 m. Arne Jostein Indreland, Vats.
 - Marit, f. 10/7 1948.
59. Anton Hansson (Skretting 11 l.) fødd 4/11 1901, gift med Janna Omundsdtr. Mellemstrand, Nærbø (Njarheim 146 e.) fødd 7/1 1910. Han eig hus og grunn, Krosslund bnr. 19. Er sjåfør av yrke. Barn:
- Hans Gudmund, f. 7/6 1939, g. 9/8 1969 m. Ingeborg Osland, Bjerkreim. Postbud og snekker.
60. Sven Auestad (Auestad 48 i.) fødd 30/6 1903, gift 1953 med Margit Olsdotter Gunleiksrud, fødd i Ramnes, Vestfold 25/1 1912. Han er bygningsmsnn og eig hus og jord på Tjemsland, Norheim bnr. 20, kjøpt i 1952.
61. Ole Gustavson (N-Varhaug 38 a.) fødd 26/2 1903, gift 1933 med Inger Mikkelsdotter Håland (Tjemsl. 45 a.) fødd 10/1 1901. Han er smed og mekanisk verkstad-eigar med hus og grunn, bnr. 21 Fredheim. Barn:
- Gotfred, f. 24/9 1934, g. 1960 m. Klara Meling, Kvitsøy.
 - Magnus, f. 31/10 1936, g. 1959 m. Astrid Undheim, Time.
 - Torborg, f. 13/8 1941, g. 1966 m. Holger Susort.
 - Sigrun, f. 7/8 1945, g. 1965 m. Edvard (Risa 108 b.), Nærbø.
62. Anton Nils-Reinertson (Tjemsland 43 e.) fødd 8/10 1906, gift 1936 med Agnes Rasmusdotter Salte, fødd i Time 21/2 1914. Han er anleggsarbeidar med hus og grunn, Nyland bnr. 23, kjøpt av farsgården. Barn:
- Ragnvald, f. 7/12 1936, g. 13/12 1958 m. Maria Høiland, Klepp.
 - Olaug Magnhild, f. 25/3 1938, g. 13/12 1958 m. Karstein Stangeland, Høiland.
 - Rasmus, f. 18/6 1939.
 - Erling, f. 26/7 1941, g. 4/12 1965 m. Sigrun Sikveland, Gjesdal.
 - Ådne, f. 28/5 1942, g. 4/1 1969 m. Klara Vigre, Nærbø.
 - Magne, f. 2/11 1948.
 - Arvid, f. 5/10 1950.
 - Hjørdis Irene, f. 28/12 1953.

63. **Håkon Bakke** (Hobberstad 57 b.) fødd 2/7 1910, gift 1934 med Alma Marie (Lerbrek 37 h.) fødd 18/10 1907. Han er montør med hus og grunn, Bakkebø bnr.

26. Barn:

a. Jostein, f. 1/9 1935, g. m. Haldis Undheim, Time, dtr. til Berta (Håland 96 d.).

64. **Håkon Håland** (Tjemsl. 45 k.) fødd 29/9 1918, gift 1944 med Klara Svendsdotter (Ånestad 102 h.) fødd 18/12 1918. Han er banevaktar med hus og grunn på Tjemsland, Nyheim bnr. 27. Barn:

- a. Solvor Marie, f. 16/3 1946, g. 1966 m. Anker Ueland, Egersund.
- b. Mindor, f. 28/3 1948, g. 18/11 1967 m. Anne Lise Ødegård (Vigrestad 70 b.).
- c. Svein Kåre, f. 22/5 1950.
- d. Karen, f. 31/5 1953.
- e. Knut Harald, f. 13/9 1958.

65. **Jakob Jakobson Haver**, fødd i Varhaug 20/4 1923 (sjå Haugstad 46 h.), gift 1946 med Ingrid (Auestad 54 d.) fødd 26/1 1922. Har hus og grunn på Tjemsland, Midtbø bnr. 30. Barn:

- a. Jan, f. 8/9 1947.
- b. Trond, f. 17/7 1949.
- c. Torill, f. 16/3 1952.
- d. Rolv, f. 25/5 1955.
- e. Ingvar, f. 29/11 1959.
- f. Jarle, f. 21/3 1964.
- g. Brit Jorunn, f. 24/3 1967.

66. Arne **Nikolai Mikalson Fuglestad**, fødd i Oгна 1913, son til Nils-Mikal Kristofferson Fuglestad og Olina Elisabet Andersdtr. Skogaskaret. Gift 1944 med Kristine Helmiksdotter Håland, fødd i Time 11/8 1912 (sjå Håland 98 d.).

67. **Ole Peterson Dubland** (S-Varhaug 131 f.) fødd 2/2 1924, gift 1945 med Elen Edwardsdtr. Staveli, fødd i Lærdal 17/12 1929. Han er sjåfør og eig hus og grunn på Tjemsland, Høgtun bnr. 37. Barn:

- a. Gerd Marit, f. 9/1 1946, g. 1963 m. Odd Ingvar Norvi, Løten.
- b. Per-Egil, f. 16/7 1947, g. 1968 m. Gerda Nygård, Sirevåg.
- c. Turid, f. 15/12 1952.

68. **Varhaug Kommune**, bnr. 34. Lars Kristofferson Lie, fødd i Fjell i Hordaland 11/3 1914, gift 1946 med Aasne Larsdotter Bjaadal, fødd i Fyresdal 11/5 1909. Hjelpereprest i Haa. Barn:

- a. Kjell, f. 3/10 1947.
- b. Tor, f. 6/5 1949.
- c. Arne, f. 28/6 1951.

69. Jon M. Håland (45 i.) gift 1943 med Jenny A. Salte, Høiland. Barn:

- a. Stein Magne, f. 18/1 1944, g. 1966 m. Gerd Margrete Haugstad.
- b. Arnljot, f. 17/6 1948.
- c. Norodd, f. 2/7 1958.

70. **Kåre Kristiansen Skrettingland**, f. 12/6 1922, g. 26/4 1947 m. Ingfrid Ueland (Varhaug 170 e.). Fængselsbetjent på Opstad. Eig hus og grunn på Tjemsland. Barn:

- a. Marit, f. 10/4 1948.
- b. Ingrid, f. 22/10 1949.
- c. Kjell, f. 24/7 1952.
- d. Anne, f. 29/12 1956.
- e. Vigdis, f. 21/5 1959.

71. **Arne Rannestad**, f. 27/7 1909 i Bakke. Foreldre Ingeborg og Aslak Rannestad. Lærer og klokkar i Varhaug frå 1946 og skulestyrar ved Varhaug skule frå 1963. Gift 8/4 1941 m. Alfhild Høivoll, f. 4/12 1912 i Kristiansand, foreldre Othilde og Jakob Høivoll. Lærarinne i Varhaug frå 1949. Barn:

- a. Oddfrid Ingebjørg, f. 22/3 1942, g. 30/12 1967 m. Karl Edvard Aksnes, Vigrestad.
- b. Åsleik, f. 25/1 1946. Sivilingeniør.
- c. Arnhild, f. 21/6 1948, g. 29/3 1969 m. Øistein Beier, Porsgrunn.
- d. Oddbjørn, f. 5/4 1952.

72. **Lars Anstein Vetrhus**, f. 9/8 1929 på Rennesøy, foreldre Lena og Håvard Vetrhus. Gift 1/10 1955 med Ingebjørg Bringedal, f. 29/11 1928, foreldre Gurina og Larseus Bringedal, Tysvær. Heradskasserer frå 1957. Eig hus og grunn på Tjemsland. Barn:

- a. Linn, f. 5/10 1956.
- b. Gro, f. 6/12 1957.
- c. Turid, f. 4/1 1965.
- d. Inger-Lise, f. 10/5 1967.


73. **Jonas Odland** (71 h.) f. 5/7 1928. Gift 31/7 1948 med Tora Varhaug, f. 3/9 1927. Jernbanearbeider. Eig hus og grunn på Tjemsland. Barn:

- a. Torsten, f. 8/2 1949, død 27/7 1960.
- b. Paul, f. 7/4 1952.
- c. Signe, f. 1/2 1960.


74. **Arne Berghøiden**, f. 30/4 1924 i Bakka. Foreldre Anna Berte og Henrik Berghøiden. Gift 1950 med Randi (Varhaug 132 b.).

Tømmermann. Eig hus og grunn på Tjemsland. Barn;
a. Anne Brit, f. 22/12 1950, død 21/2 1951.

b. Anne Margrethe, f. 28/6 1954.
c. Helge Arild, f. 12/2 1956, død 9/10 1958.
d. Helge Arild, f. 14/6 1960.



Tresking før og nå.



G.nr. 54. Reiestad

Utt. Rei-isst. Hadde 1 1/4 pund eller 30 spand kornskuld i 1723. Av det åtte Ludvig Schultz 1 pund og Bø prestebol 6 spand. Kring 1800 løyste brukarane inn gardane sine. Der var då 3 bruk, men seinare berre 2. Namnet kjem av mannsnamnet Reidar eller Reidufr. Skrivemåten var i 1563 Redstadt, 1567 Reersteid, 1610/16/68 Reistad og 1723 Reestad. Ein part av Reiestad har vakse inn i det som nå er Varhaug stasjon. Garden skifter mot vest med S-Varhaug, mot nord med S-Varhaug og Tjemsland, mot aust med Tjemsland og Kydland og mot sør med Kydland, Odland og Husveg. Jorda er god fastmark på grus undergrunn.

NAMNEREGISTER

1. Sjur
2. Tørres
- 2B. Gunnar
- 2C. Jesper
- 2D. Gunbjørn
3. Johannes
4. Knut
5. Bjørn
6. Lars Olson
7. Størkard Torstenson
8. Omund Størkardson
- 8B. Lauritz Reiestad
9. Ola Larsson
10. Peder Gunnarson
11. Asser Knutson
12. Elling Rasmusson
13. Erik Johannesson
14. Lars Gjertson
15. Asbjørn Olson Bø
16. Ola Erikson Nærland
17. Elias Johannesson
18. Knut Asserson
19. Jon Klausson
20. Jon Ingebretson
21. Jon Ellingson
22. Hans Knutson
23. Eilev Svenson
24. Ola Torstenson
25. Jakob Erikson
26. Sven Jonson
27. Ådne Endreson
28. Lars Pederson
29. Torsten Gunnarson
30. Enok Erikson
31. Ola Jonson Hobberstad
32. Ola Olson Varhaug
33. Erik Enokson
- 33B. Elias Enokson
34. Jon Svenson
35. Lars Eliasson
36. Andreas Pederson Varhaug
37. Enok Erikson
38. Tønnes Eliasson
39. Ola Olson Varhaug II
40. Johannes Erikson
41. Albret Bendiksson Åse
42. Rasmus Larsson
43. Elias Larsson
44. Johannes Larsson Sæland
45. Sivert Svenson Lerbrek
- 45B. Anton Larsson Stokkeland
46. Martin Rasmusson
- 46B. Jonas Erikson
47. Sven Tjølson Årsland
48. Elias Johannesson
49. Lars Johannesson
50. Hans Hansson Skretting
51. Rasmus Svenson Håland
52. Rasmus Asbjørnson Auestad
53. Abraham Tobiasson N-Varhaug
54. Tomas Svenson
55. Olav M. Bjorland
56. Johan Olai Johannesson
57. Rasmus Martinson
58. Martin Martinson
59. Ragnvald Larsson
60. Lars Martinson
61. Harald Skretting
62. Johannes Larsson

- 63. Birger Sandford Reiestad
- 64. Anton R. Auestad
- 65.
- 66.**
- 67. Theodor T. Stokkeland
- 68. Jon T. Efjestad
- 69. Gustav A. Løge
- 70. Eldor K. Haugstad
- 71. Rasmus O. Hobberstad
- 72. Ole Olson Lobek
- 73. Asbjørn Toralf Stueland
- 74. Enevald M. Djøseland
- 75. Amund A. Reiestad
- 76. Albret H. Skretting
- 77. Andreas Kristianson Lima
- 78. Mikkel R. Husveg
- 79. Ragnar Eliasson Reiestad
- 80A. Johan Larsen Reiestad
- 80B. Einar Einarson Årsland
- 81. Olav Asbjørnson Skretting
- 82. Arne Asbjørnson Skretting
- 83. Olav O. Hobberstad
- 84. Jørgen Karlson Åmodt
- 85. Ragnvald Håland
- 86. Magne Skretting
- 87. Thomas Framnes
- 88. Ragnvald Ingolf Hoff
- 89. Kåre Hognestad
- 90. Gabriel Odland
- 91. Martin Hobberstad

1. Siwrd (Sjurd) er nemnd på Redstادت i 1521. Han skatta 2 mark brom.

2. Tørres på Redstادت i 1563, skatta 3 1/2 ort.

2B. Gunnar skatta 3 ort i 1563.

2C. Jesper på Reerstaidd bømte 2 dalar i 1567 for han skar sin granne med ein kniv.

2D. Gunbjøm bømte 3 dalar for han stakk Jesper.

3. Johannes nemnd i 1602.

4. Knut nemnd 1613.

5. Bjørn nemnd 1613.

6. Lars Olson gav 4 1/2 spand leidang i 1624 og skatta 1 ort i 1645. Lars Reiestad hadde stemnt Johannes Sør Varhaug for ein merkestein han hadde sett opp millom Varhaug og Reiestad. Johannes vedgjekk å ha satt opp ein stein, men det var ingen merkestein. Lars Olson var lagrettesmann i 1633. 2 barn er nemnde:

- a. Ola Larsson Reiestad (9).
- b. Knut Larsson (Skretting 14).

7. Størkard Torstenson var brukar på Reiestad i 1645, var lagrettsmann i 1637. Ein son er nemnd:

- a. Omund Reiestad, f. 1630 (8).

Omund Storkardson (7 a.) fødd kring 1630, var lagrettsmann 1656/1671. Brukte 10 spand i 1665. Gift 1) med ukjend, gift 2) med Ingeborg Svendsdotter, skifte 22/3 1670, gift 3) med ukjend (Berit Olsdtr.?), truleg enkje etter ein Elling og hadde med han ein son: Ola Ellingson (Ånestad 24). Omund Størkardson hadde 1 barn i første gifte, 6 i andre og 3 i tredje:

- a. Gunnar, levde i 1670, men er ikkje nemnd seinare.
- b. Rasmus, f. 1652, var husmann på Salte i 1701.
- e. Anna, nemnd i 1670, men ikkje seinare.
- d. Anna d. y., heller ikkje nemnd etter 1670.
- e. Lars Omundson (Bjørheim 5).
- f. Størkard, f. 1668, død på Skjærpe 1740, ugift.
- g. Rasmus d. y., nemnd 1670, ikkje seinare.
- h. Jon var ugift i 1740, ikkje nemnd sidan.
- i. Ingeborg, g. m. Gitle Omundson (Lode, Nærbø 26).
- j. Berit, g. m. Omund Jonson (Sør-Reime 13).
- k. Ola levde i 1695, død før 1740.

8B. Lauritz Reiestad nemnd i tingbøkene i 1684, då hadde han seldt 2 spand i Næsheim til (Omund Næsheim?), kjøpebrevet dagsett 27. juni 1684. Like eins same dag forkyndt Lauritz Reiestad og Asbjørn Åsens kjøpebrev til Lauritz Frantzsen Næsheim på 12 spand korn landskuld.

9. Ola Larsson (6 a.) fødd kring 1620, skifte 12/1 1686, gift med Åsa Johannesdotter (Nærland 11 a.). Han brukte 15 spand i 1665, var lagrettsmann 1667/73. 7 barn nemnde:

- a. Lars Olson (Njærheim 49), f. 1661.
- b. Johannes Olson (Næsheim 36).
- c. Knut.
- d. Ola, f. 1680, tente på S-Varhaug i 1701.
- e. Marit.
- f. Anna.
- g. Malena.

10. Peder Gunnarson brukte 5 spand i 1665, fødd kring 1630, gift med (Kari Hansdtr.?) (Skretting 9 d.). Me veit ikkje meir om dei.

11. Asser Knutson kunne vore son til Knut Torkelson Gåsland i Bjerkeim. Han var fødd kring 1640, skifte 6/2 1723, gift med Kari Knutsdotter (Skretting). Truleg var ho enkje etter 10 og dotter til Hans Rasmusen Skretting, men Knut Larsson Skretting (sjå Reiestad 6 b.) var g. m. enkja etter Hans R. så Kari var då stykdotter hans Knut. Asser var på Reiestad i 1701 og budde der framleis i 1725, så han var nok ikkje død då skiftet var i 1723. Han brukte 5 spand som var benefisert Bø kyrkjebok Det er greit at det var dei 5 spand som Peder Gunnarson hadde brukt. Ludvig Schultz på Haa åtte desse 5 spand, som han pantsette til tolder August Ebbel i Stavanger i 1724. Asser og Kari hadde 6 barn:

- Knut Reiestad, f. 1693 (18).
- Knut (Sør-Reime 14), f. 1695.
- Anna, f. 1697, g. m. Jon Ellingson (21).
- Elling Asserson (Vigre, Nærbo 26), f. 1700.
- Berit, f. 1703, g. m. Sivert (Sjur) Hanson (S-Varh. 55).
- Karen, f. 1706, g. m. Tjerand Olson (Skretting 33).

12. Elling Rasmuson (Auestad 6 b.) fødd kring 1650, gift med enkja etter 9, Åsa Johannesdtr. Elling brukte 15 spand i 1701 og hadde då 3 stykbarn: Johannes Olson, Ola Olson og Knut Olson. Han hadde og ein dreng: Laurits Erikson, 18 år og fødd på garden (sjå 13 c.). Kring 1706 må han ha flutt frå Reiestad. Han døde på Orre hjå broren Ola, og der var skifte etter han der 20/7 1739. Ei søster, Eli, budde og på Orre. Han hadde ikkje barn.

13. Erik Johannesson var husmann på Bmdebakken under Reiestad i 1701, fødd kring 1640, var kanskje bror til Åsa Johannesdtr. (9 pg 12 og Nærland 11 f.). Kona er ukjend. 3 barn:

- Johannes, f. 1665.
- Eivind, f. 1673.
- Lauritz, f. 1683, tente hjå Elling Rasmuson i 1701.

14. Lars Gjertson (Mæland 16 a.) var husmann etter 13 i 1718. Fødd kring 1683, død før 1746. Kona er ukjend. Ei dotter:

- Anna, g. m. Jon Klausson (19).

15. Asbjørn Olson (Bø 28 b.) fødd kring 1660, skifte 15/5 1726, gift 1) med enkja etter 8, Berit Olsdotter, skifte 11/6 1695, gift 2) med (Berit Lauritzdotter Fuglestad i Ogna?), gift 3) med Berit Monsdtr. (Ueland

12 c.). Asbjørn tok over bykselen av dei 10 spand etter Omund Størkardson. Asbjørn hadde 4 barn, truleg 2 i andre og 2 i tredje gifte:

- Berit, g. m. Knut Asserson (18).
- Erik, f. 1698, død før 1734.
- Malena, f. 1712, g. m. Josef Taraldson Haugland i Time.
- Mons, f. 1715, levde i 1729, død før 1734.

16. Ola Erikson (Nærland 14 a.) fødd kring 1681, død kring 1730, gift kring 1706 med Kirsten Gabrielsdotter Lura (sjå Nærland under 18 f.) fødd kring 1685, død 1741, skifte 16/12. Ola Erikson tok over bykselen av dei 15 spand etter Elling Rasmuson i 1706. Der var eit slags frendskap millom desse då Elling sin bror, Ola Orre, var g. m. Ola si søster Karen. Bø prestebol åtte 3 spand og Ludvig Schultz 12 spand av denne parten. 6 barn:

- Eril Olson (Lode 29), f. 1710.
- Omund (Høyland 33), f. 1718.
- Eli, f. 1715, død 1746, ugift.
- Anna, f. 1717, tente på Husveg i 1758.
- Kirsten, f. 1720, g. m. Gitle Omundson (Njærheim 70).
- Ola, f. 1723, var i Holland i 1774.

17. Elias Johannesson var gift med enkja etter Asser Knutson, Kari Knutsdtr., som der var skifte etter 18/7 1739. Det er uvisst kvar han var frå. Han byksla dei 5 spand etter Asser kring 1725. (Jau han var frå Ånestad og flutte tilbake der då Kari var død, Ånestad 21.)

18. Knut Asserson (11 a.) fødd kring 1693, skifte 2/4 1764, gift 1) med Berit Asbjørnsdotter (15 d.), skifte 28/4 1729, gift 2) med Anna Toresdotter (Torland, Nærbo 22 c.), skifte 1/6 1733, gift 3) med Marit Hansdtr. (Låge Håland, Nærbo 6 e.) fødd kring 1703. Knut tok over bykselen av 10 spand etter Asbjørn Olson i 1726. 2 barn i andre og 4 i tredje gifte:

- Tore, f. 1730, død før 1758.
- Asser (N-Varhaug 26), f. 1732.
- Hans Reiestad, f. 1734 (22).
- Berit, f. 1738, g. m. Ola Toreson (Husveg 25).
- Anna, f. 1742, g. 1) m. Peder Olson Oma i Time, g. 2) m. Anders Josefson Oma.
- Ingeborg, f. 1750 (død før 1782).

19. Jon Klausson var kanskje son til Klaus Klausson (Voll 21) eller Klaus Jensson (Voll 23). Han var f. kring 1702, gift 1)

med Anna Larsdotter (Reiestad 14 a.), som der var skifte etter 27/10 1742, gift 2) med Berta Johannesdotter. Han var husmann på Brierbakken i 1751, men på Instigbakken i 1758 (Ueland 27?). Ei dotter i første gifte: a. Maren Jonsdtr., f. 1734, tente på Kydland i 1758.

20. Jon Ingebretson (Djøseland 10 d.) fødd kring 1700, død 15/1 1788, gift 1) kring 1730 med enkja etter 16, Kirsten Gabrielsdotter, skifte 16/12 1741, gift 2) 1742 med Berit Svensdtr. (Hårr 24 d.) fødd kring 1707, skifte 6/6 1774. Jon Ingebretson byksla 15 spand etter Ola Erikson i 1730. (Berit Svensdtr. var søskenbarn til Ola Erikson.) 4 barn i andre gifte:

- a. Sven Jonson Reiestad, f. 1743 (26).
- b. Kirsten, f. 1744, ugift i 1774.
- c. Ingebret, f. 1747, død hjå brorén på Reiestad 1809, ugift.
- d. Jon Jonson (husveg 27), f. 1751.

21. Jon Ellingson (Vigrestad 16 b.) fødd kring 1712, gift 1) kring 1740 med Anna Assersdtr. (11 c.) fødd 1697, skifte 25/2 1749, gift 2) 1749 med Kirsten Gitlesdotter (Torland 23 b.) fødd 1712. Jon Ellingson byksla dei 5 spand etter Elias Johannesson kring 1730. Han hadde 2 barn i første gifte og 4 i andre:

- a. Kari, f. 1740, g. m. Eilev Svenson (23).
- b. Elling Jonson, f. 1744, tente på Njølstad i Nærbø i 1782, død på Varhaug 31/12 1830.
- c. Gitle Jonson (Hårr 46), f. 1750.
- d. Anna, f. 1752, g. m. Ola Olson Skrettingland (S-Varh. 65).
- e. Maren, f. 1754, g. m. Sven Svenson (N-Tjemsland 23).
- f. Jon Jonson (Efjestad 43), f. 1753.

22. Hans Knutson (18 c.) fødd kring 1734, død 10/11 1787, gift med Sara Eriksdotter (Djøseland 14 f.) fødd 1745. Hans Knutson byksla 10 spand etter faren i 1764. Barn:

- a. Marit, f. 1762, g. m. Adne Endreson (27).

23. Eilev Svenson (N-Tjemsland 17 c.) fødd kring 1751, død 21/4 1813, gift kring 1778 med Kari Jonsdotter (21 a.) fødd 1740, død 24/8 1806. Eilev byksla 5 spand av fru Valentinsen i 1777 etter Jon Ellingson. Dei hadde ei dotter, og Eilev ein son ue.:

- a. Anna Kirstina, f. 1781, g. 1) m. Torsten Gunnarson (29), g. 2) m. Enok Erikson (30), g. 3) m. Kristian Toreson (Kydland 32).
- b. Elias Eilevson, f. 1794 (mor: Helena

Eliasdtr. Sæland). Elias var, etter Ola Aurenes, g. m. Tabitta Olsdtr. (Høyland 48 h.). Dei hadde nok ein son, Johannes, men det er lite trolig at dei var gifte. Johannes Eliasson var f. i 1828 og g. m. Marta Svensdtr. Undheim. Han var murar i Stavanger.

24. Ola Torstenson var husmann på Bruerholen i 1758, fødd kring 1708, gift med Karen Pedersdotter, fødd kring 1701. Meir veit me ikkje om dei.

25. Jakob Erikson Reiestad byksla eit plass under Efjestad av Kristen Skrettingland i 1784. Han var brorson til Jon Ingebretson (20) og kan ha butt på Bruerholen, eller han kan ha vore hjå farbroren.

26. Sven Jonson (20 a.) fødd kring 1743, død 8/11 1835, gift 6/4 1788 med enkja etter Mons Monsson Bjorland, Margreta Hansdotter (Obrestad 20 b.) fødd kring 1752, død 3/4 1847. Sven Jonson byksla 12 spand av fru Valentinsen og 3 spand av Bø prestebol i 1780 etter faren. I 1793 kjøpte han dei 12 spand av Peder Boalth for 120 dalar og 3 ort. Dei fekk 3 barn og Margreta hadde 2 før:

- a. Berta Kirstina Svensdtr., f. 1789, g. 1) m. Ola Jonson (31), g. 2) m. Ola Olson (32).
- b. Berta Svensdtr., f. 1792, g. m. Ola Larsson (Vigre 38).
- c. Herborg, f. 1795, g. 1839 m. Rasmus Rasmusson Kvasheim i Ogna.

Margreta sine barn:

- d. Elias Olson, f. ue. 17/7 1777 (Djøseland 27).
- e. Hans Monsson (S-Varhaug 73B), f. 1783.

27. Ådne Endreson, son til Endre Ådneson Grødeland i Klepp og Herborg Pedersdtr. Åse. Han var fødd i Klepp kring 1754, død på Gjertholen 12/10 1822, gift 1787 med Marit Hansdtr. (22 a.) fødd kring 1762. Ådne byksla 3 spand av presten Grøver i 1789 og kjøpte 7 spand av Christian Tullin Boalth i 1789, som verfare Hans Knutson hadde brukt. I 1800 selde han dei 7 spand til Lars Pederson og flutte til Gjertholen (Voll 60). 6 barn f. på Reiestad:

- a. Berte, f. 1787, g. 1824 m. Ole-Johannes (Store Håland, Nærbø 16 b.).
- b. Sara, f. 1790, g. m. Ola Olson Gjert-holen (Voll 69).
- c. Endre, f. 1794.
- d. Marta, f. 1795.
- e. Anna, død som barn.
- f. Endre, død som barn.

28. Lars Pederson (Voll 59) kjøpte dei 7 spand av Ådne Endreson i 1800 og byksla dei 3 spand av presten Kastrup. I 1806 selde han dei 7 spand til Torsten Gunnarson. 4 barn:

- a. Maria, f. 1789 i Bjerkreim.
- b. Peder, f. 1793 i Bjerkreim.
- c. Joron, f. 1799 i Bjerkreim.
- d. Berta Karina, f. på Reiestad 1803.

29. Torsten Gunnarson (Stavnheim 27 c.) fødd kring 1780, død 20/12 1806, gift 1805 med Anna Kirstina Eilevsdotter (23 a.) fødd 1781. Torsten kjøpte 7 spand av Lars Pederson for 800 dalar og byksla 3 spand av Kastrup i 1806. Ei dotter:

- a. Taletta, f. 11/3 1807, g. 1826 m. Tolleiv Andersson Fuglestad i Oгна.

30. Enok Erikson (Tvihaug 17 1.) fødd 1758, død 24/7 1830, gift 1807 med enkja etter 29, Anna Kirstina Eilevsdotter. Enok løyste inn dei 7 spand og byksla dei 3 spand prestegods. Han må ha løyst inn dei 5 spand Valentinsen-gods, for ved skifte etter han i 1831 åtte bua 12 spand i Reiestad, som vart tilskrevne sonen Erik for 150 dalar. 4 barn:

- a. Erik Enokson Reiestad, f. 1813 (33).
- b. Karen, f. 14/5 1813, g. m. Jonas Larsson (Djøseland 32).
- c. Elias Reiestad, f. 1818 (33B).
- d. Ingeborg Kirstina, f. 1825, g. m. Lars Henrikson (Opstad 68).

31. Ola Jonson (Hobberstad 38 e.) fødd 1/5 1807, død 26/9 1841, gift 13/3 1834 med Berta Kirstina Svensdotter (26 a.) fødd 22/2 1789. Berta Kirstina hadde byksla 3 spand av Kastrup i 1825 og kjøpte dei 12 spand av faren same året for 200 dalar + følge til foreldrene. I 1850 fekk ho kongeskjøte på dei 3 spand prestegods for 200 dalar. Ola Jonson står som brukar frå 1834, og merkeleg nok står "enken" som brukar i 1839, endå Ola ikkje døde før i 1841. Ikkje barn.

32. Ola Olson (S-Varhaug 91) (Ruggen) fødd 22/8 1803, død 29/6 1881, gift 19/11 1842 med enkja etter 31, Berta Kirstina Svensdotter, død 22/3 1858. Ola Olson står som brukar av 15 spand i 1843. Dei vart skilde i 1846. Ved dette skilsmålet vart dei 15 spand skift millom dei, men Ola skulle betala 750 dalar for sine 7 1/2 spand. Enden vart at Anna Kirstina vart eigar av dei 12 og brukar av dei 3 spand, truleg fordi Ola ikkje kunne skaffe dei 750 dalane. I 1855 kjøpte Ola Olson dei 12

spand av Erik Enokson for 450 dalar. Dei 6 spand må ha falle tilbake til Erik, for i 1856 står Ola med 6 spand og Erik med 9. Ola Olson hadde ikkje barn med Berta Kirstine, men fekk ei dotter med Anna Kirstina Eriksdotter. (33 c.), Anna Olina Olsdotter, f. 21/5 1861, g. m. enk. Ola Abrahamson Rangen (Kvia 41).

33. Erik Enokson (30 a.) fødd 18/10 1809, død 3/7 1876, gift 31/5 1835 med Serina Svensdotter (Efjestad under 36 h.) fødd 26/12 1812. Enok Enokson byksla dei 3 spand av Kastrup i 1825 og kjøpte dei 12 spand av faren si dødsbu i 1831 for 150 dalar. Som nemnt under 33B. selde han parten sin i "Figgene" til Tønnes Eliasson Odland i 1862 for 200 dalar, og i 1855 selde han 13 (6?) spand til Ola Olson. Det har truleg vore av økonomiske vanskar at han selde. Den 19/2 1876 var halden 5te gongs tvangsauksjon over Erik Enoksons anpart i Reiestad, for Stavanger Bankkontor, då Tønnes Eliasson Håland fekk tilslaget for 550 dalar (38). Erik og Serina Reiestad hadde 12 barn:

- a. Johannes Reiestad, f. 1834 (40).
- b. Enok, f. 1835 (37).
- c. Anna Kirstina, f. 25/5 1837, gift 14/10 1880 m. enk. Sivert Pederson (Skretting 91). Ho hadde 3 barn ue.: 1. Anna Olina Olsdotter, f. 21/5 1861 (sjå 32 a.). 2. Andreas Torkel-Tobiasson, f. 22/1 1865. 3. Peder Torstenson, f. 25/6 1876.
- d. Ingeborg Berte, f. 24/4 1840, g. i Stavanger 16/10 1884 m. Henrik Jensen Kløgetveit frå Bjerkreim.
- e. Erik, f. 7/5 1842, død 14/3 1859.
- f. Gabriel, f. 1844 (Ånestad 98).
- g. Sivert, f. 31/3 1846.
- h. Sille Maria, f. 14/4 1848, død 3/10 1916, ugift.
- i. Elias, f. 25/3 1850.
- j. Jonas, f. 26/9 1852 (sjå Lode 63).
- c. Klara, f. 24/7 1934, g. 1962 m. Sverre Strai, Nærbø.
- d. Magne, f. 22/10 1935, g. 9/4 1960 m. Solveig Arntsdtr. Herredsvela, f. i Oгна 10/4 1938.
- e. Tordis, f. 12/10 1940, g. 1966 m. Jostein Øgreid, Helleland.
- f. Liv, f. 5/8 1945, g. 1969 m. Ola Mellemstrand, Time.

59. Nils Ragnvald Johannesson Liljeskog (53 b.) fødd i Skjold 16/9 1903, gift 1) 20/5 1933 med Regina Andrine Olsdotter (S-Varhaug 110 c.) fødd 7/5 1910, død 1938, gift 2) 6/2 1942 med Asgerd Rasmusdotter Husveg (51 d.) fødd 10/9 1910. Tok over bnr. 3 i 1933. 3 barn i første gifte og 5 i andre:

- a. Kirsten, f. 23/1 1934, g. 29/9 1956 m. Erik Nilsson (Årslund 55).
- b. Reidar Johannes, f. 7/4 1936, g. 20/8 1960 m. Gudrun Gunnarsdtr. (Håland 104 i.). Overteke bruket.
- c. Oddmund Rein, f. 27/6 1938, g. 31/12 1960 m. Gunvor Jakobsdtr. (Aniksdal 70 e.).
- d. Turid, f. 2/9 1942.
- e. Bergit, f. 15/11 1943.
- f. Reidun, f. 20/7 1945.
- g. Ruth, f. 26/4 1947, g. 1968 m. Bjarne Mellemstrand, Time.
- h. Aud-Norunn, f. 18/10 1949.

60. Ingolf Årrestad (Hobberstad 50 f.) fødd

24/4 1892, gift 1937 med Margit Johansdotter (N-Varhaug 39 e.) fødd 8/7 1912. Tok over bnr. 2 etter morbroren Tollak Jonasson i 1936. Barn:

- a. Åsta, f. 29/10 1938, sjukesøster.
- b. Halvor, f. 26/11 1939 (67).
- e. Jonas, f. 15/12 1940.
- d. Terje, f. 24/1 1944, g. 1968 m. Olga Undheim.
- e. Mildrid, f. 23/10 1948.

61. Jon Årrestad (50 l.) fødd 12/6 1899. Tok over ein part av morbroren, Tollak Jonasson sitt bruk, Storhaug bnr. 13, i 1938. Han er ugift, og brorsonen, Halvor Årrestad (60 b.) tok over bruket i 1958.

62. Ragnvald Abrahamson (52 a.) fødd 2/11 1908, gift 1944 med Elisa Olsdotter, fødd i Oгна 18/5 1917, dotter til Ole-Johannes Eliasson Fuglestad og Pauline Rasmusdtr. (sjå S-Tjemsland 57 c.). Han tok over bnr. 9 etter faren i 1936. Barn:

- a. Arvid, f. 26/1 1945.
- b. Olav, f. 20/5 1947.
- c. Målfrid, f. 1/10 1950.

63. Ole Olson (S-Varhaug 115 b.) fødd 1/6 1897, gift 10/6 1926 med Anna Sivertsdotter (50 a.) fødd 8/11 1904. Han tok over bnr. 5 etter verfare i 1939. Barn:

- a. Maria, f. 7/10 1926, g. 25/4 1953 m. Alf Tønnesson Våland, fødd Varhaug. Bur på Nærbø.
- b. Sverre, f. 22/1 1928, g. 30/12 1950 m. Olaug Svendsdtr. (Bratland 36 a.).
- c. Olav, f. 12/4 1930, g. 1962 m. Margrete Stokkeland (Varhaug 134 e.).
- d. Jostein, f. 2/3 1932, g. 1965 m. Sine Byberg, Sola.
- e. Astrid, f. 15/5 1936, g. 1962 m. Asbjørn Djøseland, Klepp.
- f. Odd, f. 4/7 1939, g. 29/10 1960 m. Solvor S. (Bratland 36 i.).

64. Johan Rasmusson (51 b.) fødd 30/3 1904, død 11/8 1967, gift 5/8 1950 med Elen Petersdotter Vagle (Ånestad 96 a.) fødd 27/5 1913. Tok over bnr. 8 etter faren i 1942. Barn:

- a. Rasmus, f. 14/5 1951.

65. Sigurd Palleson Haver, son til Palle Gabrielson Husveg (41 d.) og Anna Andersdtr., f. Vatnemot. Han er fødd i Oгна 1/7 1913, gift 1942 med Berta Abrahamsdotter Nord-Varhaug (Reiestad 53 d.). Tok over ein part på Husveg, Solhola, bnr. 15, i 1947 av farbroren Abraham Gabrielson (sjå under 48). Barn:

- a. Palle, f. 19/9 1944, g. 1965 m. Elly Olsen, Vigrestad.
- b. Aslak, f. 20/8 1947.
- c. Anders, f. 28/5 1950.
- d. Ragnar, f. 28/2 1952.
- e. Garman, f. 1954.
66. Trygve Tjølsen (Årslund 42 g.) fødd 28/2 1928, gift 11/12 1948 med Hanna Jonasdatter Husveg (54 a.) fødd 5/5 1925. Han tok over bnr. 1 etter verfarem, Jonas Hansson. Barn:
- a. Jan Magne, f. 21/9 1949.
- b. Tor Geir, f. 8/6 1953.
- c. Turid Helena, f. 2/8 1956.
- d. Marit, f. 20/9 1958.
67. Halvor I. Årrestad (60 b.) fødd 26/11 1939. Tok over bnr. 13 etter farbroren, Jon Årrestad i 1958.
68. Ola Erikson (56 a.) fødd 25/1 1926. Han tok over bnr. 4 etter farbroren Rasmus Olson (55) i 1952.
69. Sverre O. Varhaug (Husveg 63 b.) fødd 22/1 1928, gift 30/12 1950 med Olaug S. (Bratland 36 a.). Overteke bnr. 5 etter faren. Barn:
- a. Oddbjørn, f. 3/8 1951, g. 27/3 1971 m. Haldis E. (Varhaug 147 c.).
- b. Svein, f. 31/5 1953.
- c. Steinar, f. 28/2 1957.
- d. Arnfinn, f. 26/1 1959.
- e. Agnes, f. 10/7 1964.
- f. Oddrun, f. 8/6 1966.
- g. Dag, f. 30/11 1969.

G.nr. 56. Madland

Utt. Madlann. Gamal skuld var 15 spand kornskuld som låg under Bø prestebol i 1723. Der var 1 brukar til kring 1820, seinare 2, og desutan plassen Holmen. Kring 1822 kjøpte brørne Elling og Mikkkel Mikkelson 7 1/2 spand kvar med kongeskjøte.

Madland skifter mot vest til sjøen, mot nord med Husveg og Odland, mot aust med Odland og mot sør med Årsland.

Ein båthamn for fiskarar er nå bygd ved Madland. Jorda er vanleg fastmark med mykje stein.

Om tydinga av namnet Madland skriv Magnus Olson i N.G.: "Land eller sted i dets forhold til (som er godt eller slet forsynet med, frembringer meget eller lidet fødemidler)." Skrivemåten har vore: Malleland, Madtland, 1563 Modlandt, 1567 Moland, 1606 Madåand og Maland, 1723 Madland.

NAMNEREGISTER

1. Henrich på Madtlandt
 2. Skule på Madtland
 3. Olluff
 4. Erik
 5. Sven
 6. Torkel Olson
 7. Ola Pederson
 8. Tolleiv Svenson
 9. Jon (Larsson?)
 10. Johannes Jonson
 11. Peder Halvorson
 12. Henrik Jonson Ødemotland
 13. Henrik Henrikson
 14. Tolleiv Tolleivson Rjoa
 15. Johannes Mikkelson Haugland
 16. Mikkkel Torstenson Hetland
 17. Peder Pederson Holmen
 18. Peder Olson Holmen
 19. Elling Mikkelson
 20. Mikkkel Mikkelson
 21. Gabriel Eivindson Mossige
 22. Siver Rasmusson Varhaug
 23. Ola Olson Holmen
 24. Rasmus Siverson
 25. Elias Mikkelson
 26. Ingebret Tjølsen
 27. Elling Ellingson Holmen
 28. Helmik Martinius Hansson Skretting Holmen
 29. Mads Larsson Reime
 30. Helmik Randolph Mandius Olson Malmeim Holmen
 31. Tjøel Ingebretson Madland
 32. Torvald Madsson Madland
 33. Omund Tollakson Ueland
1. Henrick på Madtlandt er nemnd i 1521, skatta 1/2 pund brom.
 2. Skule på Madtland nemnd 1563, skatta 1 dalar.
 3. Olluff nemnd 1602 og 1603.
 4. Erik nemnd 1613, gav 1/2 vet kom leidang i 1624.
 5. Sven (?) er nemnd i 1658 gjennom sonen Karl Svenson Madland, som 25/7 1658 saman med Ola Ellingson Kvalbein og Salomon Erikson Husveg var stemnde til Valle skipreideting på Oгна, for dei hadde "rømt fra Christiania effter at de var nederført och udtaget til hans May: tieneste, huorfore de bør at straffes på deres hals och liff, ihuor de findes".
 6. Torkel Olson budde på Madland i 1645 og 1665. Fødd kring 1600, skifte 26/10 1670, gift 1) med Torborg Tjølsdotter (Stavnheim 7 c.), gift 2) med Berit Omundsdotter (Reime 8 f.). Han hadde 4 barn i første gifte og 6 i andre:

- a. Tjøll Torkelson (N-Tjemsland 10), f. 1649.
- b. Erik, f. 1653.
- c. Ranveig.
- d. Kari.
- e. Hans, f. 1658, død før 1699.
- f. Omund, f. 1660, død før 1699.
- g. Elias, f. 1663, død før 1699.
- h. Rasmus, f. 1665.
- i. Torkel, budde i Stavanger i 1699.
- j. Torborg, g. m. Johannes Jonson (10).

7. Ola Pederson var gift med enkja etter Torkel Olson, Berit Omundsdotter og tok over bruket. Der var skifte etter han 23/11 1678. Han hadde ikkje barn.

8. Tolleiv Svenson (Hårr 14 a.?) fødd kring 1652, skifte 15/4 1679, gift med enkja etter Ola Pederson, Berit Omundsdotter. Han var altså død snaudt eit halvt år etter at skifte var halde etter Ola Pederson. Tolleiv var søsterson til første kona hans Torkel Olson.

9. Jon (Larsson?) gift 1) med ukjend, gift 2) 1679 med enkja etter Tolleiv Svenson, Berit Omundsdtr., som der var skifte etter 12/12 1699. Han var den fjerde mannen hennar og døde året etter henne, skifte etter han 27/4 1700. Han let etter seg 2 barn av første gifte:

- a. Johannes Jonson Madland (10).
- b. Guri, g. m. enk. Rasmus Eilevson (Bø, Nærbo 27).

10. Johannes Jonson (9 a.) var der halde skifte etter 12/8 1696, gift med Torborg Torkelsdotter (6 j.), som var dotter til stykmor hans. Torborg døde straks etter Johannes, og skifte var halde 11/5 1698. 2 barn er nemnde:

- a. Rasmus.
- b. Anna.

11. Peder Halvorson var husmann på Madland 1701 og 1706, fødd kring 1660 i Helleland. Veit ikkje meir om han.

12. Henrik Jonson (Ødemotland 4 b.) fødd kring 1665, død kring 1755, gift 1701 med Karen Jonsdotter Kvasheim, skifte 25/3 1747, dotter til Jon Pederson Kvasheim og Johanna Toresdtr. Henrik byksla Madland av presten Peder Erikson Leganger i 1700. Henrik hadde først vore trulova med Kari Larsdtr. Hårr, men presten nekta å la han få byksel på Madland dersom han gifta seg med henne. Han slo då opp med Kari Hårr. Då stemnde Lars Hårr han for retten

og baud seg til å skaffe Henrik ein annan gard dersom han ville stå ved lovnaden til dotter hans. Dette har nok ikkje Henrik vilja gå med på, og det enda med at dei vart forlikte, og Henrik fekk "sine gaffuer igjen, som hans datter haffde faait, det med villie och venschab, och da prousten fich det at vide, fich han Madland." Henrik og Karen Jonsdtr. hadde visst 4 barn:

- a. Jon, f. 1702, død før 1747.
- b. Erik, f. 1703, død før 1747.
- c. Maren, f. 1710, g. m. Ola Erikson N-Braut i Klepp.
- d. Henrik Madland, f. 1714 (13).

13. Henrik Henrikson (12 d.) fødd kring 1714, skifte 7/12 1759, gift med Sissel Olsdotter, fødd kring 1726, uvisst kvar ho var frå. Henrik hadde nok vore gift med Madli Ellingsdotter før han vart gift med Sissel. Den 21/11 1748 "comparerede for Retten Henrich Henrichsen Madland, og begjærende tingvidne, at som hand med Kongelig allernaadigste tilladelse har indladet sig udj ægteskab med pigen Madlie Ellingsdatter, saa fremstillede hand 2de mænd nemblig Elias Odland og Rasmus Aanestad, hvilchen aflagde salegheds eed med opragte fingre efter loven, og vidnet udj bemelte 2de personer ere hverandre udj 2det og 3die leed nær beslegtede, og iche meere. Hvorom tingsvidne var begjærende, som blef samtychet. Hrr. Cammer Raad Zachariæsen ville ej efterlade til vedkommende Øfrigheds observance at tilføre, hvorledes det er bekiendt, at forbemelte Henrich Madland ej alleene forlengst i dette aar har fæsted sin i 3die leed beslegtede Madli Ellingsdatter, mens endog afield barn med hende forinden Kongelig allernaadigst bevilling til ægteskab blev søgt." Henrik tok over bykselen etter faren. 6 barn med Sissel:

- a. Malena, f. 1753, g. m. Torkel Olson Ølbør.
- b. Henrik (Hårr 43), f. 1754.
- c. Henrik (Auestad 25), f. 1760.
- d. Ludvig, f. 1757.
- e. Karen, f. 1758, g. m. Johannes Olson, Åse i Klepp.
- f. Anna, f. 1759.

14. Tolleiv Tolleivson, fødd på Rjoa i Håland 1737, død på Skeie i Klepp 31/1 1808, gift kring 1760 med enkja etter Henrik Henrikson, Sissel Olsdotter, død på Skeie 6/10 1816, 93 år gml. Tolleiv tok over bykselen av 15 spand etter Henrik Henrikson frå kring 1760, som Bø prestebol åtte. Kring 1798 flutte han til Skeie i

Klepp, der han bur hjå veronen Jon Gabrielson i 1801. Ei dotter:

- a. Malena, f. 1768, g. 2/12 1792 m. lensmann Jon Gabrielson Skeie.

15. Johannes Mikkelson (Haugland 15). Fødd kring 1712, død på Holmen under Madland 19/4 1793, 83 år gml. Uvisst kvar han var frå. Gift 1) med Marit Mikkelsdotter (Grøtheim, Nærbo 9 e.), som der var skifte etter 29/11 1747, gift 2) med Ingeborg Olsdotter (Voll 17 f.) fødd kring 1718, død 26/11 1816, 104 år. Johannes budde på Haugland då skifte etter den første kona var halde, men var på Holmen som husmann i 1758. (Plasset heitte Stenene i 1772.) Johannes Mikkelson hadde ei dtr. i første gifte og truleg 5 barn i andre:

- a. Berit, f. 1743, død før 1753.
 b. Mikkell, f. 1751.
 c. Marit, f. 1753.
 d. Lars, f. 1758.
 e. Marit d. y., f. 1762, g. m. Peder Pederson Holmen (17).
 f. Ola, f. 1763, død på Bratland 7/11 1827 som følgemann. Han var på Høneland i 1801 og var då matros, var kanskje g. m. enkja etter Ola Tolleivson (Bratland 16), Guri Gunnarsdtr.?

16. Mikkell Torstenson Hetland, fødd på Hustoft i Bjerkreim i 1754, død 26/8 1827, gift 20/8 1788 med Kirsten Ellingsdotter (Auestad 19 d.) fødd 1758, død 25/10 1845. Han hadde butt på Hetland, og frå 1790 på Våland i Nærbo (16). I 1797 byksla han Madland av presten Kastrup etter Tolleiv Tolleivson. Dei hadde 8 barn:

- a. Elen Malena, f. 1789, g. 1) m. Tjerand Tjerandson (Reime 33), g. 2) m. Jonas Olson (Reime 36B).
 b. Elling Mikkelson, f. 1791 (19).
 c. Torsten, f. 1793.
 d. Mikkell Mikkelson Madland, f. 1795 (20).
 e. Malena, f. 1799, g. m. Elling Tollakson (Håland 38).
 f. Kirsten, f. 1799, g. 6/11 1823 m. Ola Klausson Friestad i Ognå, g. 2) 20/11 1838 m. Ola Korneliusson Friestad.
 g. Guri, f. 24/1 1802, g. m. Rasmus R. (N-Varhaug 32).
 h. Ola, f. 23/11 1804, g. 1830 m. Guri Mauritsdtr. Bjerkreim, budde visst i Egersund.

17. Peder Pederson Holmen (sjå Opstad 39 b.) fødd kring 1761, gift 18/1 1795 med

Marta Johannesdotter (15 e.) fødd kring 1762, død som enkje på Håland 2/6 1840. Peder var husmann på Holmen til 1805. I 1816 heitte han Peder Åen og var då husmann under Opstad, og Marta si mor, Ingeborg Olsdtr., døde hjå han på Åen. Barn ikkje nemnde.

18. Peder Olson Holmen (Håland 18 e.) fødd kring 1759, død 6/7 1824, gift 1805 med Marta Henriksdotter (Voll 46 a.) fødd kring 1775. Peder Olson byksla Holmen av Kastrup i 1805 etter Peder Pederson. Heller ikkje dei hadde barn.

19. Elling Mikkelson (16 b.) fødd 1791, død 26/8 1852, gift 3/9 1823 med Jorun Olsdotter (Voll under 47 a.) fødd 3/3 1799, død 28/4 1870. Elling byksla halve Madland, 7 1/2 spand, av Kastrup i 1822. I 1842 fekk han kongeskjøte på same for 300 dalar, og i 1845 selde han til Gabriel Mossige og tok folge hjå han. Dei hadde 8 barn:

- a. Kirsten, f. 2/1 1824, g. m. enk. Ola Olson (Våland 23).
 b. Kirsten Malena, f. 25/11 1825, g. 25/11 1853 m. Ola Olson (Hårr 63).
 c. Margreta, f. 24/1 1828, død på Grøtheim 24/3 1916, ugift.
 d. Mikkell Ellingson Madland, f. 18/7 1830, død ugift.
 e. Mathea, f. 5/2 1833, død 14/2 1853.
 f. Elling Madland, f. 10/3 1836, g. 1) 23/11 1868 m. Karen Gurua Nilsdtr. Fuglestad, g. 2) 2/5 1872 m. Anna Kirstina Nilsdtr. Fuglestad i Ognå. Han var bygningsmann og budde på Bru i Ognå.
 g. Taletta, f. 13/8 1838, g. m. Nils Nils-son (Reime 51).
 h. Tabitta, f. 11/2 1841, g. 2/12 1875 m. Sven E. Stangeland.
 NB. Elling Mikkelson hadde 2 barn ue.:
 i. Mikal, f. 18/4 1830 (sjå Voll under 63 b.).
 j. Elisabet, f. 30/12 1830 (sjå S-Tjemsland 24 h.).

20. Mikkell Mikkelson (16 d.) fødd 4/10 1795, død 10/1 1858, gift 26/6 1823 med Ingeborg Eliasdotter (Husveg 32 b.) fødd 21/10 1798, død 10/3 1842. Mikkell byksla dei andre 7 1/2 spand av Kastrup i 1822. I 1832 kjøpte han 1/8 av den såkalla Sortemyr på Hårr av Ola Olson Hårr for 20 dalar. Dei hadde 6 barn:

- a. Mikkell, f. 13/10 1823, død 29/11 1843.

- b. Berta, f. 15/7 1828, død 1/10 1895, ugift.
- e. Elias Madland, f. 3/7 1831 (25).
- d. Ingeborg Maria, f. 3/8 1833.
- e. Margreta, f. 21/11 1835, død 10/2 1891, ugift. Ho hadde ei dtr. ue.: Rakel Rasmusdtr., f. 12/2 1866 (Odland 56).
- f. Ingeborg, f. 7/4 1837, død 5/7 1840.
21. Gabriel Eivindson Mossige (sjå Bø 96). Han kjøpte 7 1/2 spand, bnr. 2, av Elling Mikkelson (19) i 1845 for 600 dalar + følge. I 1847 selde han same til Sivert Rasmusson og flutte til Bø i Nærbø.
22. Sivert Rasmusson (S-Varhaug 66 d.) fødd 28/5 1819, død 23/4 1909, gift 10/6 1847 med Ingeborg Margreta Rasmusdtr. (N-Varhaug 32 a.) fødd 5/11 1823, død 19/11 1903. Sivert Rasmusson kjøpte 7 1/2 spand, bnr. 2, av Gabriel Mossige i 1847 for 600 dalar. Han var los. 8 barn:
- a. Berta Taletta, f. 10/4 1848, g. m. Tønnes (Valdeland 10 g.).
- b. Grete, f. 31/3 1850, g. m. Mons Paulson (Aniksdal 56 b.).
- c. Rasmus Madland, f. 7/4 1853 (24).
- d. Reinert, f. 17/4 1856, g. m. Kristine, f. i Heskestad. Han var sjømann og budde i Egersund.
- e. Sivert, f. 7/4 1859, død 10/4 1861.
- t Sivert, f. 18/1 1862, død 29/4 1876.
- g. Ingeborg Margreta, f. 14/10 1865, g. m. Martin A. Tu (Voll 111).
- h. Anton Madland, f. 6/4 1869, g. m. Maria Helvik (svensk?). Han var sjømann og budde i Egersund. Deira son: Arne Madland, f. 6/11 1905 (sjå Vigrestad 80).
23. Ole Olson Holmen (S-Tjemsland 29 e.) fødd 16/12 1818, død 8/4 1891, gift 7/11 1844 med Ingeborg Elisabet Rasmusdtr. (Bratland 21 a.) fødd 26/5 1816, død 10/11 1901. Ola Olson byksla Holmen etter Peder Olson? eller kanskje ein annan som hadde vore der etter Peder. Dei hadde 6 barn:
- a. Rasmus, f. på Bratland 4/2 1845, g. i Stavanger 12/2 1874 m. Johanna Amalia Salomonsdtr., f. i Stavanger. Han var sjømann og reiste seinare til Amerika.
- b. Johannes, f. 27/12 1846, g. 1) i Stavanger 7/4 1876 m. Kristine Enoksdtr. (S-Varhaug 92 a.) f. i Klepp 4/9 1848, g. 2) 30/11 1888 m. Berta Jørgine Olsen. Budde på Sandnes.
- c. Ane Berte, f. 24/2 1849, g. m. Elling Ellingson (27).
- d. Elias, f. 25/3 1851, g. 1) i Stavanger 2/12 1880 m. Berta Malena Olsdtr. Østrem, g. 2) 1888 m. Serina Pedersdtr. Naig, f. i Strand 15/9 1861. Han var murar i Stavanger.
- e. Ole Johannes, f. 14/5 1853 (Mæland 37).
- f. Ingeborg Margreta, f. 20/9 1855. Ho hadde 2 barn ue.: 1. Serina Gabrielsdtr., f. 31/8 1892. 2. Ingvald Gabrielson, f. 3/10 1895, død.
24. Rasmus Sivertson (22 c.) fødd 7/4 1853, død 15/4 1909, gift 1) 3/11 1886 med Grete Jonasdatter (Husveg 40 c.) fødd 10/2 1862, gift 2) med Kristine Jakobsdatter, fødd i Egersund 1862, død 16/3 1915. 5 barn i første gifte og 2 i andre:
- a. Sivert, f. 10/9 1887, død 6/3 1888.
- b. Sigvard, f. 13/2 1889, død 22/12 s. å.
- c. Grete, f. 15/6 1895, g. 17/12 1911 m. Ola Rasmusson Heigrestad (sjå Bø, Nærbø 152).
- d. Sivert, f. 21/4 1897, død 6/10 1903.
- e. Margreta, f. 4/6 1899, g. m. Rasmus Røgenes, Hommersåk.
- f. Guri Martine, f. 28/7 1903, død.
- g. Ragnhild Kristine, f. 17/2 1907, g. m. Lars Frøyland, Hommersåk.
25. Elias Mikkelson (20 c.) fødd 3/7 1831, død 24/4 1907, ugift. Elias Mikkelson fekk kongeskjøte på bnr. 1 i 1858 for 616 dalar. I 1888 selde han til Ingebret Tjølson Årsland og tok følge hjå han.
26. Ingebret Tjølson (Årsland 27 h.) fødd 22/6 1860, død 1945, gift 8/11 1888 med Sille Maria Jonsdatter (Hårr 66 e.) fødd 30/3 1863, død 16/9 1922. Ingebret Tjølson kjøpte bnr. 1 av Elias Mikkelson i 1888. 8 barn:
- a. Tjøl Madland, f. 25/10 1890 (31).
- b. Malena, f. 15/7 1892, død 4/7 1906.
- c. Hnger Serina, f. 17/5 1894, død 21/9 1915.
- d. Jon, f. 26/3 1896, død 11/8 1969.
- e. Ingebret, f. 20/5 1898, død 26/12 s. å.
- f. Berta, f. 18/12 1899.
- g. Ingebret, f. 27/6 1902, død 14/4 1956.
- h. Anton, f. 2/9 1904.
27. Elling Ellingson Holmen (Herigstad under 49 b.) fødd 24/10 1845, død 28/9 1875, gift 5/11 1874 med Ane Berte Olsdtr. (23 c.) fødd 24/2 1849. Elling vart drepen då eit grustak ved jernbanen raste ned. Han let etter seg ei dotter:
- a. Ingeborg Elisabet, f. 13/2 1875, g. 1) m. Helmik Martinius (28), g. 2) m. Helmik Randolph Mandius Olson (30).

28. Helmik Martinius Hansson (Skretting 104 a.) fødd 13/7 1868, død 23/7 1907, gift 1/11 1895 med Ingeborg Elisabet Ellingsdtr. (27 a.) fødd 13/2 1875. Han tok over Holmen, bnr. 3, i 1895. 6 barn:

- a. Erling Madland, f. 28/6 1896, g. m. Ingeborg Olsdotter (Auestad 52 f.) 28/2 1902. Bur på Brusali i Ogna.
- b. Hans Madland, f. 11/3 1898, g. 4/2 1920 m. Inga Stangeland, f. i Klepp 1/9 1898, Slaktar på Bryne.
- c. Ane Bertine, f. 5/4 1900.
- d. Harry Martinius, f. 13/6 1902, i Amerika.
- e. Inga Mathilde, f. 8/4 1905.
- f. Ingrid Sisilie, f. 18/8 1907.

29. Mads Larsson (Reime 57) fødd i Nærbø 24/6 1863, død 2/2 1923, gift 29/11 1901 med Olava Tjølsdotter Kylllest, fødd i Høyland 19/4 1867, død 29/7 1959. Mads Reime kjøpte bnr. 2 av enkja og arvingane etter Rasmus Sivertson i 1912. 5 barn:

- a. Lars Madland, f. 12/8 1902 (sjå Odland 72).
- b. Margreta, f. 7/1 1904, død 10/5 1912.
- c. Torvald Madland, f. 1905 (32).
- d. Astrid, f. 29/4 1908, bur på Madland, vanfør.
- e. Margreta, f. 13/6 1912, g. m. Sem Salveson Herredsvela, f. 23/9 1909, bur i Riska.

30. Helmik Randolph Mandius Olson, fødd i Høyland 23/2 1863, død i Nærbø 7/7 1939, gift 1) 1883 m. Kristine Helmiksdtr. Tjelta, f. 1866, død 12/1 1893, gift 2) 1893 med Marta Kristine Hansdtr. Bærheim, f. 1859, død 1897, gift 3)/L898 med Berta Kristine Hansdtr. Bærheim, f. 1875, død 25/7 1940. Han var son til Ola Halvardson Årsvoll på Malmheim i Høyland og kona Grete Jorina, f. Tjelta. Dette er kva Ola Aurenes har skrevet om denne mannen i "Gards- og Ættesoga for Høyland" side 294. Dei fylgjane opplysningane har eg annan stad frå: Helmik Randolph Mandius Olson, f. i Høyland, gift 1) med Ingeborg Elisabet Holmen, f. 13/2 1875, død 27/3 1960 (enkje etter Helmik Martinius Hans-

son?), gift 2) med Maria, fødd i Ogna 10/12 1873 (Larsdtr. Matningsdal). Videre seiest det at Helmik hadde visstnok hatt 2 koner før han kom til Holmen. I så fall er det kanskje feil at han var gift tri gonger før og at den tredje kona døde i juli 1940. Med Ingeborg Elisabet hadde han 2 barn:

- a. Olga Kristine, f. 26/2 1914, g. m. Olav Olson Egeland, f. i Klepp 16/5 1914. Budde på Brusali i Ogna.
- b. Magda Regine Helmine, f. 31/7 1917.

31. Tjøl Ingebretson Madland (26 a.) fødd 25/10 1890, død 22/5 1962. Tok over bnr. 1 etter faren i 1945. Var ugift. Etter han døde har søsken hans drevet garden.

32. Torvald Madland (29 c.) fødd 30/4 1905, gift 1952 med Sofia Rasmusdotter Herikstad i Time, fødd 5/9 1907, dotter til Rasmus Reiarson Herikstad og Anna Tønnesdtr. Garborg. Torvald tok over bnr. 2 i 1939.

33. Omund Tollakson (Ueland 78 d.) fødd 22/4 1896, gift med Leonora Gabrielsdotter Matningsdal, fødd 1/12 1900. Han kjøpte Holmen i 1937 av (Helmik Olson?). Barn:

- a. Gerda, f. 4/9 1918, g. m. Jakob Steinsvik, Finnøy.
- b. Torleif, f. 4/3 1920, g. m. Einar Mæland, Stavanger.
- c. Milly, f. 17/10 1922, g. m. Finn Sande, Borre.
- d. Garon, f. 10/5 1925, g. 1956 m. Ruth Ravnås, Strand.
- e. Gudrun, f. 7/4 1927, g. m. Odin Martinsen, Nord-Norge.
- f. Jenny, f. 2/10 1928, g. 1949 m. Einar Årsland (Reiestad 80).
- g. Olav, f. 20/11 1931, g. m. Guri Gerhardsdtr. Gravdal, Vigrestad.
- h. Bjarne, f. 2/7 1933, g. m. Hjørdis Erlingsdtr. Valdeland.
- i. Ingfrid, f. 20/11 1935, g. 1963 m. Ingar Herredsvela, Ogna.
- j. Gaute, f. 1/6 1937, g. 1961 m. Solveig Irene Vold.
- k. Magna, f. 28/5 1947, g. 1964 m. Tor Helge Undheim, Time.

G.nr. 57. Odland

Utt. Odlann. Nanmet skal koma av orr, eit tre, så der må då ha vakse orreskog på denne staden. Denne tydinga står for Odland i Bjerkreim og må vel tydst på same måten i Varhaug.

Stavemåten har vore: Adlanne, Odtland, 1563 Oudland, 1606 Oudland, 1610 Oidland, 1668 Oedland, 1723 Odland.

Odland skulda 2 pund korn i 1723. Det var alt bondegods og hadde 4 bruk.

Odland skifter mot vest med Husveg og Madland, mot nord med Reiestad og Kydland, mot aust med Auestad og Sæland og mot sør med Mæland. Jorda er fastmark med noke stein, mest i søre parten.

NAMNEREGISTER

1. Tarald Odland
2. Gunnar Odland
3. Tarald (Taraldson?)
- 3B. Helge Odland
4. Thomas (Halvardson?)
5. Størkard
6. Olluff
7. Ola Halvardson
- 7B. Sven Odland
8. Mikkel Halvardson
9. Hans Tolleivson
10. Gunnar Olson
11. Knut Mikkelson
12. Ola Mikkelson
13. Kristoffer Olson
14. Jens Odland
15. Tore Rasmusson
16. Torger Adamson
17. Ola Salomonson
18. Einar Omundson Borsheim
19. Erik Pederson
20. Tore (Nilsson)
21. Lars Hansson Hårr
22. Ola Olson
23. Rasmus Toreson
24. Jørgen Odland
25. Tore Toreson
26. Tarald Larsson Hetiuren
27. Peder Tollakson Kartevoll
28. Rasmus Erikson
29. Elias Trulsson Meling
30. Torsten Reiarson Gausland
31. Jon Rasmusson
32. Knut Åsmundson Hetluren
33. Lars Tøreson
34. Asser Åsmundson
35. Rasmus Jønson
36. Einar Eliasson
37. Gregorius Olson
38. Ola Ellingson Hetluren
39. Reiar Torstenson
40. Samuel Toreson Torland
41. Elias Einarson
42. Ola Olson Hetluren
43. Ola Gregoriusson
44. Peder Larsson Vigre
45. Rasmus Samuelson
46. Johannes Tjærandson
47. Tjærand Tjærandson
48. Johannes Ellingson
49. Sven Pederson Tjemsland
50. Tønnes Torstenson Ånestad
51. Lars Eliasson
52. Paul Tjærandson Nærland
53. Tjærand Tjærandson II
54. Lars Pederson
55. Rasmus Pederson
56. Rasmus Rasmusson
57. Sivert Rasmusson
58. Peder Rasmusson
59. Sem Erikson Skretting
- 59B. Bendiks Tjærandson Haugstad
60. Enok Erikson Reiestad
61. Ola Tønnesson
62. Torsten Tønnesson
- 62B. Jonas Tønnesson
63. Peder Hansson Reime
64. Erik Larsson
65. Bernt Bjørnson

66. Torger Tolleivson Njå
67. Johan Arnt Odland
68. Jonas Rasmusson
69. Rasmus Sivertson
70. Tønnes Semson
71. Torsten Gabrielson
72. Lars M. Madland
73. Arne Erikson
74. Ola Jespersion Tjensvoll
75. Martin Berntson
76. Lars Erikson
77. Magnus Skrettingland
78. Rasmus Jonasson
79. Karl Skrettingland
80. Ragnvald og Einar Odland
81. Jostein O. Tjensvoll

1. **Tarald Odland** skatta 7 1/2 lod sølv i 1521.

2. **Gunnar Odland** skatta 1 dalar i 1563.

3. **Tarald (Taraldson?) Odland** nemnd 1603. Kona ukjend. Det har vore halde fram av andre granskarar, at 2 av barna hans var:

- a. Ånund Taraldson Njå i Time, nemnd i 1601, g. m. enkja etter Halvard Njå, Marit Tomasdr.
- b. Tora Taraldsdr., g. m. Halvard Halvardson (Efjestad 4).

3B. **Helge Odland** nemnd 1603, 1613, gav 5 1/2 spand leidang i 1624.

4. **Thomas (Halvardson Njå?)** var kanskje son til Halvar Njå og Marit Tomasdr.? Han er nemnd på Odland i 1613.

5. **Størkard Odland** nemnd i 1613 saman med Thomas, og gav 1/2 vet leidangskatt i 1624.

6. **Olluff Odland** gav 3 1/2 spand leidangskatt i 1624.

7. **Ola Halvardson Odland** er nemnd med kona, ein son og ei dotter i 1645, og bur der framleis i 1665, då han brukte 4 1/2 spand. Han var 77 år i 1665, altså fødd kring 1588. Skal eg gissa på kven han kunne vore, så ligg det nere å tru at han var son til Halvard og Marit Njå og kanskje bror til Thomas (4). 2 søner er nemnde:

- a. Gunnar Odland, f. 1615 (10).
- b. Halvard Olson, f. kring 1628, g. m. Eli Omundsdr. Skaret i Høyland, budde på Lunde i Høyland.

7B. **Sven Odland** brukte 1/2 vet i 1644 og 1645.

8. Mikkel Halvardson var bror til 7, nemnd på Odland i 1645 med kona, dreng og gjenta, brukte 4 1/2 spand i 1644. 2 søner:

- a. Knut Odland, f. 1611 (11).
- b. Ola Odland, f. 1617 (12).

9. Hans Tolleivson, nemnd 1645 og 1665, fødd kring 1615, var bror til Laurits (-S-Tjemsland 8). Gift 1) med enkja på Odland, Berit Olsdr., skifte 13/4 1675. Ho hadde ei dotter i første gifte: Berit Friestad. Det er uvisst kven ho var g. m. på Friestad, men Tormod Friestad si kona åtte ein part i Odland som dotter hennar, Guri Tormodsdr. hadde arva. Denne parten, 1/2 vet, hadde Guri selt til broren, Håvar Friestad, som så hadde selt til Bård Husveg. I 1651 stemnde Tormod Friestad Bård Husveg for dette halve vett, som han meinte var ulovleg selt utan hans samtykke, og som var Guri sin far og formyndar. Etter Berit gifta Hans seg 2) med Karen Salomonsdotter (Sør-Reime 9 b.). med henne hadde han 2 barn:

- a. Salomon Hansson (Næsheim, Nærbø 39).
- b. Anna, g. m. Peder Vikanson (Bjorheim 7).

10. Gunnar Olson (7 b.) fødd kring 1615, død 1671, gift med Berit Asbjørnsdotter (Store Motland, Nærbø 8 d.). Ved skifte etter Gunnar er nemnd salig Oles Qvinde, som eg meiner må ha vore stykmor hans, ho heitte Joron. Gunnar hadde 3 barn:

- a. Ola Gunnarson, f. 1653, budde på Skjæveland i Høyland.
- b. Jon Gunnarson, f. 1653.
- c. Asbjørn Gunnarson, f. 1659, budde på Tjessheim i Høyland.

11. Knut Mikkelson (8 a.) fødd kring 1611, brukte 1 vet i Odland i 1665 som han byksla av Bård Husveg. Kona er ukjend, men var kanskje dotter hans Rasmus Gitleson Horpestad i Klepp, Anna, som var gift på Odland og var der i 1667. Ein son er kjend:

- a. Karl Knutson, f. 1664.

12. Ola Mikkelson (8 b.) fødd kring 1617, brukte 1/2 pund i 1665, død 1677, gift med Berit Ellingsdotter (Stavnheim 9 b.). 7 barn:

- a. Mikkel, fødd 1654, g. 1688 m. Anna Rasmusdr. Lunde i Høyland, budde i Stavanger. Mikkel Olson Odland og Ola Hansson Hårr hadde "rømt fra hans Mayst. tjeneste" i 1684, "fougden formente de at liide, och deres middel at

være hans Mayst. forfalden. Da beuises nu dj ingen arrffue haffer effter sig, och deres pårørende forelagt til thundrede års forløb denem at lade advare sig at indstille under høyeste straff.”

- b. Karen, g. 1) m. Mikkel Svenson (Husveg 13), g. 2) m. Ådne Pederson (Husveg 17).
- c. Malena, g. 1) m. Ola Samuelson (17), g. 2) m. Lars Hansson (21).
- d. Elling, f. 1660, g. 1) m. ukjend, g. 2) m. Karen Kjellsdr. Skeie, budde på Husebø.
- e. Helge, f. 1662.
- f. Torsten, f. 1664.
- g. Tarald Olson (Kyndland 12), f. 1664.

13. Kristoffer Olson brukte 1 vet i 1665 og budde framleis på Odland i 1701. Han var fødd kring 1640. Kona ukjend. (Var det kanskje han som var gift med Anna Rasmusdr. Horpestad?) 2 barn:

- a. Rasmus, f. 1678, var veik og vanhelsa i 1701.
- b. Maren, g. m. Tore Odland (20).

14. Jens Odland er nemnd i 1674, men var truleg død før 1701, gift med Anna Olsdotter (Horpestad 22 c.), som der var skifte etter 13/10 1674. Ikkje barn.

15. Tore Rasmusson var bror til Rasmus Rasmusson Friestad i Oгна. Han døde i 1689 og der var skifte etter han 9/10 d. å. Gift 1) med enkja etter Gunnar Olson (10), Marit Asbjørnsdotter, skifte 15/3 1673, gift 2) med Ingeborg Halvardsdotter, dtr. til Halvard Olson Lintjörn i Oгна og Marit Rasmusdr. Tore Rasmusson brukte 9 spand, og av det åtte Håvard Friestad 4 spand. Dei hadde vorte samde om 4 dalar og 2 slettedalar, som Tore hadde betalt Håvard, men så kravde Håvard 5 dalar. Millombels selde Håvard dei 4 spand til Tore Pederson Sirevåg. Tore Rasmusson hadde 4 barn i andre gifte:

- a. Rasmus Toreson, f. 1684.
- b. Tore, død før 1713.
- c. Marta, g. m. Mikkel Larsson Kalberg i Time.
- d. Anna, f. 1680, g. m. enk. Johannes Anfinnson (Næsheim 30).

16. Torger Adamson var gift med enkja etter Hans Tolleivson (9), Karen Salomonsdotter, død 1895, gift 2) med enkja etter Rasmus Rasmusson (Efjestad- 20), Marit Jonsdotter frå Kvasheim. Han budde på Odland med den første kona og på Efjestad med den andre.

17. Ola Salomonson (Sør-Reime 9 a.) fødd kring 1652, død 1706, gift med Malena Olsdotter (12 c.). Han tok over bruket etter Torger Adamson i 1695, då denne flutte til Efjestad. Dei hadde 3 barn:

- a. Ola Olson Sandve i Oгна, f. 1679, g. m. Elen Ellingsdr.
- b. Ola Olson Odland, f. 1685 (22).
- c. Salomon, f. 1690, død før 1710.

18. Einar Omundson Borsheim, son til Omund Mikaelson Borsheim i Klepp og Karen Jonsdr. fødd kring 1654 og levde i 1718, gift 1) med enkja etter Tore Rasmusson (15), Ingeborg Halvardsdotter, skifte 25/1 1713, gift 2) med Karen Ådnesdotter Ålgård i Gjesdal. Einar tok over bruket etter Tore Rasmusson i 1690, og i 1694 kjøpte han 1 vet i Odland av Lars Hårr for 22 dalar. Ingeborg Halvardsdtr. åtte 6 1/2 spand i Kartevoll i Time. 1 barn i første gifte og 2 i andre:

- a. Kari, f. 1693, g. m. Sven Olson (N-Tjemsland 17).
- b. Ådne, død 1735.
- c. Omund, f. 1723, død i Stavanger 1751, ugift.

19. Erik Pederson (Voll 13 d.) fødd kring 1665, død 1711, gift med Johanna Jonsdotter Kvasheim, søster til Marit (sjå 16). Erik budde på Odland i 1701 og brukte den parten Knut Mikkelsen hadde hatt. 4 barn:

- a. Guri, f. 1697.
- b. Kari, f. 1703.
- c. Berit, f. 1699, g. 1) m. Peder (Efjestad 27), g. 2) m. Ola Olson (Efjestad 30).
- d. Ola Erikson, f. 1706, g. m. Maren Henriksdr. (Madland 12 c.). Budde på Braut i Klepp.

20. Tore (Nilsson?) budde hjå verfar sin, Kristoffer Odland, i 1701 og var då 40 år gml. Han var gift med Maren Kristoffersdotter Odland (13 b.), skifte 6/2 1723. Dei hadde då 1 son og 3 døtre, døtrene ikkje nemnde med namn. Kring 1700 hadde der vore makebyte millom Tore Odland og Tore Matningsdal, som var ein gamal mann, men Tore Odland var ung. Då der var skifte etter Tore og Maren Kristoffersdotter heitte han Tore Larsson Odland, men på Matningsdal budde Tore Nilsson frå 1702. Forstå det dei som kan. Tore og Maren sine barn:

- a. Tore Toreson Odland, f. 1703 (25).
- b. Eldrid, g. m. Jørgen Odland (24).
- c. Dotter?
- d. Dotter?

21. Lars Hansson (Hårr 21), gift kring 1706 med enkja etter Ola Salomonson (17), Malena Olsdotter. Han gav frå seg Hårr til sonen Hans og flutte til Odland, der han budde til kring 1710, då han flutte til Obrestad. Om barna sjå Hårr.

22. Ola Olson (17 b.) fødd kring 1685, gift 1) med enkja etter Erik Pederson (19), Johanna Jonsdotter, gift 2) med Elen Rasmusdotter (Hårr 22 g.), fødd kring 1700. Ola brukte 12 spand i 1728 til kring 1735. Tolleiv Kristofferson Kvia åtte dei 12 spand i 1723, som han hadde fenge i farsarv. Sonen, Kristoffer Tolleivson, selde dei 12 spand til Isak Stavnheim i 1762. Ola Olson hadde 3 barn i andre gifte:

- a. Ola.
- b. Rasmus, død i Stavanger 9/10 1788, 61 år, g. 1) m. Anna Toresdr., død 1777, g. 2) 1778 m. Maren Gutormsdr.
- c. Salomon Olson, f. 1727, g. m. enkja etter Peder Pederson (S-Varhaug 49), Kirsten Jakobsdr. Han døde som fattiglem 15/12 1808.

23. Rasmus Toreson (15 a.) fødd kring 1684, tok over 12 spand i Odland i 1710, som truleg stykfare, Einar Omundson hadde brukt, dei 6 spand høyrde til presten Ludvig Schultz og dei andre 6 til Tjøl Gunnarson Friestad i Ognå. Han heitte Rasmus Årsland i 1713, men budde på Odland i 1718 og 1725. Han var truleg gift 2 gonger (sjå Stavnheim 18).

24. Jørgen Odland er ein mystisk mann, og det er ikkje visst om han budde på Odland, men han var utan tvil gift med Eldrid Toresdotter (20 b.) og ei dotter er kjend:

- a. Gunhild Jørgensdr., g. m. Ola Gregoriusson (Skretting 32).

25. Tore Toreson (20 a.) fødd kring 1703, død 1741, gift med Ingeborg Pedersdotter (Ognå?), fødd kring 1700. Tore brukte og åtte 9 spand i 1723. I 1738 selde han dei 9 spand til Jon Jonson Obrestad. Han hadde 3 barn:

- a. Lars Toreson (33).
- b. Maren, f. 1724, g. m. Peder Pederson Hetland under Ognå.
- c. Torborg, f. 1733, g. m. Knut Larsson (Voll 40).

26. Tarald Larsson Hetluren var kanskje son til Lars Alvson Åse i Egersund og Siri Taraldsdr. Han var husmann på Hetluren og døde i 1741, skifte 16/12, gift med Berit Halvardsdotter. Dei var barnlause.

27. Peder Tollakson Kartevoll, son til Tollak Tollakson Kartevoll i Time og Malena Halvardsdtr. Ueland. Han var fødd kring 1715, død på Odland 1745, skifte 25/9, gift med enkja etter Tore Toreson, Ingeborg Pedersdr. Han står som brukar av 9 spand i 1746. Ei dotter er nemnd:

- a. Marit, f. 1744.

28. Rasmus Erikson, 40 år i 1758, gift med enkja etter Peder Tollakson, Ingeborg Pedersdotter. Rasmus byksla 9 spand av brørne Lars, Jon og Erik Obrestad og Hans Klausson Husveg, alle Lars Hansson sine arvingar. Skifte er ikkje funne, og dei hadde ikkje barn.

29. Elias Trulsson, son til Truls Larsson Meling frå Sveinsvoll og Siri Eliasdr. Meling, fødd kring 1698, død 1770, gift med Johanna Ådnesdotter, dotter til Ådne Simonson Ålgård og Karen Jonsdr. frå Kvasheim, ho var søster til Karen Ådnesdr. (18). Elias Trulsson tok over 15 spand etter Einar Omundson (18) kring 1725, som Hans Larsson Hårr åtte. 3 barn:

- a. Einar Eliasson Odland, f. 1728 (36).
- b. Siri, f. 1733, g. m. enk. Lars Jonson (Obrestad 22).
- e. Karen, f. 1738, g. m. Peder Rasmusson (Husveg 23).

30. Torsten Reiarson (Gausland 7 c.) fødd kring 1706, død 1783, gift 1) med enkja etter Ola Olson (22), Elen Rasmusdotter, skifte 16/2 1756, gift 2) 1756 med Berit Rasmusdotter (Husveg 16 e.) fødd kring 1714. Torsten tok over 12 spand etter Ola Olson i 1737. Isak Rasmusson Stavnheim åtte denne parten, og Torsten var bykslemann under han, som Ola og hadde vore. Han hadde 1 barn i første og 1 i andre gifte:

- a. Karen, f. 1737, g. m. Helge Svenson (Ånestad 45).
- b. Reiar Torstenson Odland, f. 1757 (39).

31. Jon Rasmusson (Efjestad 18 b.) fødd kring 1695, død 1763, gift med Anna Tjølstdotter Friestad i Ognå, fødd 1707. Jon Rasmusson tok over 12 spand etter Rasmus Toreson (23) som Tjøl Friestad og Ludvig Schultz åtte 6 spand kvar av. Dei hadde 10 barn:

- a. Siri, f. 1727, død før 1781, ugift.
- b. Marit, f. 1730, g. 1) m. Lars Helgeson (S-Tjemsland 17), g. 2) m. Elling Ellingson (S-Tjemsland 20).
- c. Berit, f. 1731, g. 1) m. Gunnar Torgerson Midtbrød i Eigersund, g. 2) m. Jakob Torgerson Ytstebrød.

- d. Rasmus Jonson Odland, f. 1735 (35).
- e. Marit, f. 1737, g. 1) m. ?, g. 2) m. Tarald Larsson Seglem, g. 3) m. Einar Erikson Seglem i Eigersund.
- f. Anna, f. 1740, død 1789, ugift.
- g. Tjøl Jonson (Kyddland 19), f. 1741.
- h. Mari, f. 1743, g. m. Ivar Torgerson Ytstebrød, Eigersund.
- i. Jon Jonson Vig, f. 1745, g. 1) 1769 m. Dorthea Andersdr. Vig, g. 2) m. Kirsten Torstensdr. (Obrestad 21 a.).
- j. Johanna, f. 1749, g. 1) m. Ola Erikson (Bø 53), g. 2) m. Jon Tjølson (Bø 67?).

32. Knut Åsmundson Hetluren, son til Åsmund Rasmusson Buarskog i Eigersund og Elen Knutsdr., fødd kring 1698, død 11/1 1764, gift med Kari Olsdotter. Knut var husmann på Hetluren då han døde. Ved skiftet etter Knut 2/4 1764 er nemnde 2 barn:

- a. Malena, f. 1750.
- b. Ola Knutson (Skretting 55).

Der må ha vore minst ei dotter som var død før og hadde hatt ein son ue.: Lars Larsson, f. kring 1755?

33. Lars Toreson (25 a.) fødd kring 1720, skifte 7/2 1777, gift med Ranveig Omundsdotter (Skjærpe 15 a.). Lars Toreson byksla 9 spand i Odland av Jon, Lars og Erik Obrestad og Hans Klausson Husveg etter stykfare, Rasmus Erikson, i 1761. I 1771 kjøpte han dei 9 spand av dei før nemnde og Ola Gabrielson Austrått, for 30 dalar. I 1773 selde han garden, 9 spand, til Ådne Pederson for 40 dalar. Før han tok over Odland hadde han butt på Lerbrek (12) og Ånestad (39). 5 barn er nemnde:

- a. Ingeborg, f. 1744, tente på Ognå i 1777.
- b. Ester, f. 1756, g. m. Gregorius Olson (37).
- c. Peder, f. 1752, var krøpling.
- d. Ranveig, f. 1761.
- e. Omund, f. 1765.

34. Asser Åsmundson, bror til 32, fødd kring 1705, død 1779, gift 1) 1732 med Elisabet Eivindsdotter, fødd 1706, død 1759, gift 2) 1759 med Berit Hansdotter Vetteland, fødd 1724, død på Odland 11/7 1788, dotter til Hans Hansson Vetteland i Ognå og Berit Ørjansdr. Asser hadde butt på Heien i Ognå i 1758 og kom truleg til Hetluren då broren Knut var død i 1764. 1 dotter i andre gifte var:

- a. Elisabet, f. 1762, g. 13/11 1793 m. Ola Torstenson Kongvaren (S-Tjemsland 38). NB. Elisabet Eivindsdr. var dtr. til

Eivind Andersson Sirevåg og Berit Toresdr.

35. Rasmus Jonson (31 c.) fødd kring 1735, død 18/10 1818, gift med Tala Eriksdotter (Sæland 7 m.) fødd kring 1734, død 11/3 1805. Rasmus Jonson kjøpte 12 spand av Gunnar Tjølson Friestad i 1763 for 120 dalar, som far hans hadde brukt. 3 barn:

- a. Anna, f. 1769, g. 8/11 1795 m. Samuel Toreson (40).
- b. Anna Kirstina, f. 1776, g. 15/3 1797 m. Gjermund Larsson (Voll 64).
- c. Malena, f. 1779, død i Stavanger 5/10 1811, ugift.

36. Einar Eliasson (29 a.) fødd 1728, død 25/3 1808, gift 11/6 1780 med Elen Larsdotter, fødd i Håland 1741, død 18/2 1823, dotter til Lars Trulsson Sande i Håland, f. Meling og Eli Rasmusdr. Sande, dei var søskendbarn. Einar tok over 7 1/2 spand etter faren i 1770 og kjøpte dei andre 7 1/2 spand av søstrene Siri og Kari i 1771. 1 son:

- a. Elias Odland, f. 1782 (41).

37. Gregorius Olson (Skretting 32 a.) fødd 1744, død 20/7 1813, gift med Astrid Larsdotter Odland (33 b.) (Ester) fødd kring 1756, død 26/11 1834. Gregorius byksla dei 9 spand av Ådne Pederson Husveg i 1777 etter Lars Toreson. 8 barn:

- a. Lars Gregoriusson (Ueland 49), f. 1780.
- b. Ola Gregoriusson Odland, f. 1781 (43).
- c. Peder, f. 1784, uvisst kvar han budde, men g. i Stavanger 12/4 1871. Ola Pederson f. i Haa, 30 år gml., son til Peder Gregoriusson, med Karen Tørresdr. 39 år, f. i Lye, dtr. til Tørres Larsson.
- d. Gunhild, f. 1787, g. m. Ola Olson (Reime 43).
- e. Bendiks, f. 1789, g. 20/11 1823 m. Berta Malena Pedersdr. Rangen (sjå Rimestad, Nærbø 46).
- f. Jonas, f. 1792.
- g. Gabriel, f. 1796.
- h. Rakel, f. 1800, død 14/9 s. å.

38. Ola Ellingson Hetluren, son til Elling Toreson Matningsdal i Ognå og Barbro Tollaksdr., f. Kartevoll, fødd i 1740, død 23/9 1818, gift i Ognå 16/10 1768 med Valborg Larsdotter, fødd i Bjerkreim 1747, død 29/1 1835, dotter til Lars Aslakson Gåsland og Malena Tomasdr., f. Lomeland i Helleland. Dei hadde butt på Ægren i

Ogna før dei i 1787 kom til Hetluren. Me veit om 6 barn:

- a. Barbro, f. på Ægren 1770, g. 1) 26/12 1813 m. Ola Olson Mellestrand (Odland 42).
- b. Elling, f. på Ægren 1773.
- c. Lars, f. 1773, død på Hetluren 5/4 1802.
- d. Ola, f. på Matningsdal 1780, død s. å.
- e. Malena, f. på Hetluren 1787, g. 10/12 1828 m. Ola Ellingson (S-Tjemsland 41).
- f. Valborg, f. 20/5 1791, var ugift, men hadde 3 barn: 1. Rakel Ludvigsdr., f. 2/7 1819. 2. Elisabet Ludvigsdr., f. 2/7 1819. 3. Rakel Olsdr., f. 13/8 1830, g. m. Jonas Ellingson (S-Tjemsland 45).

39. Reiar Torstenson (30 b.) fødd 1757, død 19/5 1831, gift med Inger Svendsdotter (Ånestad 40 a.) fødd 1759, død 20/4 1839. Reiar byksla 12 spand av Isak Rasmuson Stavnheim i 1779 etter faren. 6 barn:

- a. Berta Malena, f. 1787, g. m. Peder Toreson (Torland 47).
- b. Berta Kirstina, f. 1789, g. m. Erik Svenson (Ånestad 66).
- c. Torsten, f. 2/9 1792, død 13/4 1815.
- d. Sven, f. 19/4 1795, død s. å.
- e. Inger, f. 18/9 1796, g. m. Peder Larsen (44).
- f. Serina, f. 20/4 1800, g. 3/12 1828 m. Gunnar Olson Friestad i Ogna, som var enkemann.

40. Samuel Toreson (Torland 39 a.) fødd 1771, død 19/3 1845, gift 8/11 1795 med Anna Rasmusdotter (35 a.) fødd 1769, død 17/2 1824. Gift 2) 9/1 1825 med enkja etter. Peder Olson (Madland 18), Marta Henriksdotter (Voll 46 a.). Samuel Toreson kjøpte dei 12 spand av verfare, Rasmus Jonson, i 1795 for 120 dalar. 7 barn i første gifte:

- a. Rasmus Odland, f. 1796 (45).
- b. Tønnes, f. 1798, g. 28/6 1836 m. Lisabet Olsdr. Særheim i Klepp.
- c. Kirsten, f. 1801, g. m. Rasmus Rasmuson (Ejfestad 50).
- d. Taletta, f. 16/9 1803, g. 22/3 1838 m. enk. Hans Schanke Torgerson Anda.
- e. Marta, f. 26/4 1806, død 24/8 1850, ugift.
- f. Sivert Samuelson (Husveg 37).
- g. Jonas, f. 16/1 1813, død 25/7 1825.

41. Elias Einarson (36 a.) fødd 1782, død 16/11 1852, gift 1804 med Anna Larsdotter (Kvia 24 c.) fødd 1781, død 28/1

1865. Den 6/11 1799 skreiv faren over på Elias 15 spand i Odland for 50 dalar. Den 11/7 1822 selde Truls Larsson Odland til sin ”stedsøn” Elias Emerson Odland, ”sine ifølge skjøde av 28/6 1784 hjemlede 16 1/2 spand i Sande i Jåtten skibr. mod at kjøbereren har forbundet sig og efterkommende eiere av hans, ifølge skjøde av 6/11 1799 hjemlede 15 spand i Odland, for ovennevnte overdragelse, istedenfor kjøbesumma, at yde selgeren, Truls Larsen, årlig opset som følger . . . etc.” Når Truls Larsson kallar Elias Einarson sin ”stedsøn” så er det greit at der meinast ”søsterson”. Elias Einarson og Anna Larsdr. fekk 7 barn:

- a. Einar Eliasson, f. 12/10 1806, død 16/5 1875, ugift. Han fekk skjøte på dei 15 spand av faren i 1845 for 400 dalar, i 1848 selde han same til broren Lars og tok følge. Han hadde ei dtr. ue. med Johanna Malena Gustavsdr. Høyland: Rakel Elisabet, f. 28/2 1853.
- b. Asselina, f. 20/6 1809, g. 1844 m. enk. Asbjørn Pederson (S-Tjemsland 30).
- c. Lars, f. 8/11 1812, død 15/2 1816.
- d. Elias, f. 1/12 1815.
- e. Elen, f. 9/12 1818, g. 1848 m. Simon Ivarson (Mæland 32).
- f. Lars Odland, f. 1822 (51).
- g. Tønnes Eliasson (Reiestad 38), f. 1826.

42. Ola Olson Hetluren døde 8/6 1825. Det er ikkje heilt klårt kven han var. Han var 45 år gml. då han døde. Den 26/12 1813 var gift Ola Olson Hetluren frå Mellestrand, 40 år gml. I 1801 tente ein Ola Olson hjå Halvard Mellestrand i Time, 24 år gml. Kanskje var disse tri den same person, men alderen høver ikkje godt. Ola Olson byksla ”et under Odland liggende plads kaldet Hellechren, som Ole Ellingson før haver brugt”, av Odlands oppsitjarar, Ola Gregoriusson, Samuel Toreson, Elias Einarson og Reiar Torstenson i 1813. Barbro Olsdr. døde som folgekone på Hetluren 26/3 1853. Dei var barnlause.

43. Ola Gregoriusson (37 b.) fødd 1781, død 1/12 1838, gift i Ogna 12/12 1820 med Johanna Klausdotter, fødd 31/7 1791, død 11/3 1867, dotter til Klaus Olson Friestad og Marta Johannesdr. Den 22/3 1822 vart halden auksjon for Ola Ådneson Husveg over 9 spand i Odland. Lensmann Jon Hårr fekk tilslaget for 105 dalar, men så gjorde leilendingen Ola Gregoriusson sin forkjøpsrett gjeldande og fekk dermed ta over dei 9 spand for tilslagssumen. Då Ola var død vart dei 9 spand utlagt til enkja for 300 dalar i 1840. 5 barn:

- a. Astrid, f. 24/7 1820, g. m. Tønnes Torstenson (50).
- b. Marta Malena, f. 16/3 1823, g. 1851 m. Tobias Toreson (Kydland 31).
- e. Rakel Elisabet, f. 1825, g. 1869 m. Rasmus Rasmusson (Risa, Nærbø under 61 h.h)
- d. Jonas, f. 21/1 1831, g. 11/4 1850 m. Anne Bertine Gustavsdr. (Høyland 74 c.). Ein son, Johannes Jonasson, f. på Høyland 20/5 1850, g. i Stavanger 23/8 1882 m. Anna Malena Eilertsdr. Grimeland, f. i Sokndal 22/4 1853. Sjømann.
- e. Olina, f. 14/6 1835, g. 16/4 1867 m. Tormod Endreson frå Strand. Olina hadde 1 dtr. ue.: Johanna Rasmusdr., f. i Varhaug 7/1 1864 (sjå S-Tjemslan 43).
Ei anna Kirstina Olsdr. Odland fekk son ue.: Kristian Kristenson, f. i Varhaug 23/10 1847. Veit ikkje om ho var dtr. til Ola Gregoriusson.
44. Peder Larsson (Vigre 35 h.) fødd 24/8 1800, død 11/2 1882. Gift 12/10 1820 med Inger Reiarsson (39 e.) fødd 18/9 1796, død 12/11 1881. Peder byksla dei 12 spand av Rasmus Isakson Stavnheim i 1820 etter verfare. I 1835 kjøpte han same med auksjonsskjøte frå Rasmus Isakson Skeie si dødsbu for 254 dalar. Peder Larsson var skulemeistar. 7 barn:
- a. Rasmus Odland, f. 1821 (55).
- b. Lars Odland, f. 1823 (54).
- c. Inger Malena, f. 15/7 1826, g. m. Lars Eliasson (51).
- d. Ingeborg, f. 13/12 1828, g. m. Sivert Rasmusson (57).
- e. Torsten, f. 2/11 1831, død 1/3 1833.
- f. Peder Pederson (Hårr 70), f. 25/4 1834.
- g. Torsten, f. 31/5 1838, g. 19/10 1865 m. Elen Toresdr. (Grødelan, Nærbø 16 h.). Reist til Stavanger i 1866, var garvar på Sandnes i 1873.
45. Rasmus Samuelson (40 a.) fødd 29/5 1796, død 14/2 1877, gift 1826 med Rakel Pedersdotter (Voll 57 a.) fødd 8/5 1796, død 12/1 1863. Rasmus kjøpte 12 spand av faren i 1826 for 100 dalar + folge. 5 barn:
- a. Sivert Odland, f. 1827 (57).
- b. Peder Odland, f. 1828 (58).
- c. Jonas, f. 14/7 1831.
- d. Rasmus Odland, f. 1833 (56).
- e. Hans, f. 14/8 1838.
46. Johannes Tjerandson Hetluren (Haugstad 33 f.) fødd 31/1 1796, gift 28/3 1824 med Berta Malena Larsdotter (Husveg 31 e.) fødd 25/1 1801. Han byksla plassen Hetluren av dei Odland i 1827 etter Ola Olson (42), med oppsett til enkjene Valborg Larsdr. og Barbro Olsdr. I 1829 flutte han til Eigersund. 2 barn f. på Hetluren:
- a. Elisabet Kirstine, f. 1824.
- b. Lars, f. 10/8 1827.
47. Tjerand Tjerandson (Haugstad 33 g.) bror til 46, fødd 15/9 1799, død 13/11 1864, gift 1) 2/6 1828 med Ingeborg Berte Olsdotter (Bjørland 9 f.) fødd 23/2 1800, død 17/3 1836, gift 2) 2/4 1837 med Guri Rasmusdotter Hønelan (Ødemotland 11 c.) fødd 14/9 1788. Byksla Hetluren etter 46 i 1828. 3 barn i første gifte:
- a. Tjerand Tjerandson, f. 1829 (53).
- b. Ola Tjerandson, f. 29/5 1832, g. i Eigersund 2/12 1859 m. Anna Sofia Tønnesdr. Nodland, 18 år. Han kjøpte Hetluren av dei Odland i 1856 for 350 dalar (3 1/2 spand). I 1857 selde han til broren Tjerand og flutte til Egersund der han var skomakar.
- c. Anna, f. 15/7 1835, død på Opstad 1/8 1896, ugift.
48. Johannes Ellingson Friestad, son til Elling Olson Friestad i Ognan og Malena Johannesdr. Han var fødd 24/11 1793, gift 19/10 1823 med Anna Kirstina Olsdotter (Bratland 16 c.) fødd 31/5 1804. Johannes Ellingson var husmann på Gråstein under Odland og er nemnd der 1827 til 1838. Sidan veit eg ikkje om han. 7 barn:
- a. Ingeborg Malena, f. på Bratland 4/12 1823, g. 1848 m. Sven Pederson (49).
- b. Kristen, f. 1825, g. i Stavanger.
- c. Elling, f. 21/9 1829, død 3/11 s. å.
- d. Olina, f. 26/11 1830, g. 1849 m. Salve Abrahamson Rangen (Kvia, Nærbø 40).
- e. Elen Kirstina, f. 2/12 1833, g. 1854 m. Ola Abrahamson Rangen (Kvia 41).
- f. Anna Johanna, f. 9/4 1835, g. 10/8 1862 m. Jonas Gunnarson (Bjørheim 26).
- g. Johannes, f. 14/2 1838, g. i Stavanger 8/8 1866 m. Berta Jorina Jonsdr., 33 år, f. i Høyland.
- Dessutan hadde Johannes Ellingson ei dtr. ue.:
- h. Sara, f. i Ognan 27/7 1822, mor var Eli Larsdr. Kvasheim. Sara g. 1844 m. Lars Erikson (Voll 84).
49. Sven Pederson (N-Tjemslan 29 a.) fødd 28/2 1825, gift 1) 23/11 1848 med

Ingeborg Malena Johannesdotter (48 a.) fødd 4/12 1823, død 24/11 1854, gift 2) 2/12 1857 med Elen Svendsdotter (S-Varhaug 79 d.) fødd 23/12 1819. Sven byksla Gråstein i 1849. I 1865 var dei til huse hjå Ola Olson Jererullen, Lerbrek, og Sven er då kalla minerer. Sidan veit me ikkje om dei, dei finst ikkje gravlagde i Varhaug. Han hadde 2 barn i første gifte og 1 i andre:

- a. Johannes, f. 15/8 1849.
- b. Peder, f. 19/2 1851, g. i Stavanger 9/7 1874 m. Ingeborg Elisabet Vellesen, 20 år, f. i Hetland. Han var skomakar i Stavanger.
- c. Sven, f. 3/8 1859, g. i Stavanger 19/12 1882 m. Anna Eilevsdtr. Laksesvela, f. i Bjerkreim 23/5 1851, han var skomakar i Stavanger.

50. Tønnes Torstenson (Ånestad 58 d.) fødd 13/11 1813, død 20/1 1900, gift 18/11 1841 med Astrid Olsdotter (43 a.) fødd 24/7 1820, død 14/2 1895. Astrid kjøpte dei 9 spand etter mora i 1841 for 300 dalar. 11 barn:

- a. Ola Odland, f. 1842 (61).
- b. Torsten Odland, f. 1844 (62).
- c. Johanna, f. 14/4 1846.
- d. Jonas, f. 4/6 1848 (62B).
- e. Guri, f. 23/3 1851, død 18/10 1854.
- f. Anna Johanna, f. 21/7 1853, g. m. Sem Erikson (59).
- g. Inger Serina, f. 7/5 1854.
- h. Guri, f. 17/6 1855, reist til Amerika 1885.
- i. Tønnes, f. 2/2 1858, død ugift på Odland.
- j. Peder, f. 26/1 1861, til Amerika i 1882.
- k. Gabriel, f. 24/3 1863, til Amerika i 1882.

51. Lars Eliasson (41 f.) fødd 17/6 1822, død 24/7 1911, gift 27/11 1851 med Inger Pedersdotter (44 c.) fødd 15/7 1826, død 19/2 1910. Lars kjøpte dei 15 spand av broren Einar i 1848 for 400 dalar. 6 barn:

- a. Ane, f. 20/12 1852, død 9/11 1911, ugift.
- b. Inger Serina, f. 7/5 1854, g. m. Peder Hansson (63).
- c. Elen, f. 25/4 1858, til Amerika 1885.
- d. Peder, f. 7/9 1860, til Amerika 1882.
- e. Lette Tomine, f. 8/3 1863, til Amerika i 1885, g. i USA m. Olaus Olson (Vigre 48 d.).
- f. Alette, f. 21/4 1866, til Amerika 1885.

52. Paul Tjerandson (Nærland, Nærbo 30 b.) fødd 17/7 1818, død 1/7 1878, gift

2/11 1854 med Elen Tabitta Tjølstdotter Stølane (Håland 51 e.) fødd 9/6 1835. Paul Tjerandson byksla Gråstein av dei Odland i 1856 etter Sven Pederson. Etter Paul var død gifta enkja seg 2) 30/10 1879 m. Abraham Pederson Dalen (S-Varhaug 98). 9 barn:

28. Aslak Toreson (25 c.) fødd kring 1705, skifte 10/10 1742, same dagen der var skifte etter far hans. Kona heitte Berit Olsdotter (Skrettingland 8 c.). Ho døde i 1750, skifte 13/10 d. å. Aslak hadde byksla 15 spand av Hrr. Ludvig Schultz i 1730. Dei hadde 3 barn:

- a. Ingeborg.
- b. Mari, tente på Hårr i 1758, 24 år.

c. Berit. — Alle levde i 1742, men var døde før mora.

29. Asbjørn Asbjørnson Holmen, son til Asbjørn Asbjørnson Holmen i Bjerkreim og Anna Olsdr. Fødd kring 1705, skifte 4/12 1758, gift i Bjerkreim 29/9 1734 med Guri Tolleivsdotter Holmen, fødd kring 1705, søster til Sven Tolleivson (36). Asbjørn byksla dei 15 spand etter Ola Olson (24B.) kring 1740, som fru Valentinsen åtte. Dei hadde 4 barn, dei 3 eldste døypte i Bjerkreim:

- a. Asbjørn Skretting, f. 1735 (38).
- b. Tolleiv (Bratland 15), f. 1737.
- c. Knut, f. 1739.
- d. Anna, f. på Skretting 1744.

30. Roald (Olson?), kanskje son til Ola Roaldson Hetland i Ognå og Siri Rasmusdtr. (sjå N-Tjemsland 7 b.), og var då fødd i 1672, gift med Astrid Olsdotter (Skrettingland 8 b.), søster til Tjerand Olson (33). Både Roald og Astrid var døde før 1750. Dei er ikkje nemnde noken stad som buande på Skretting, men ved skiftet etter Berit Olsdr. (28) i 1750 er søstera, Astrid Olsdr. sine barn, Ola Roaldson Skretting og Anna og Malena Roaldsdøtre Skretting, mellom arvingane. Dei 3 barna var:

- a. Ola Roaldson, f. 1725, g. i Ognå 1766 m. Anna Ellingsdtr. Sandve. Budde på Sandve.
- b. Anna Roaldsdtr., f. 1728, død på Rosland i Klepp 1802, ugift.
- c. Malena Roaldsdtr., f. 1730.

31. Elling Antoniusson (21 c.) fødd kring 1704, skifte 27/11 1767, gift med Guri Gregoriusdotter (Rugland 8 d.). Han byksla 12 spand etter faren, benef. presten i Stavanger. 3 barn:

- a. Karen, f. 1743, g. m. Omund Larsson (41).
- b. Sissel, f. 1747, tente på Lerbrek i 1758, 11 år gml.
- c. Guri, f. 1751, g. m. Endre Gunnarson (Kydland 20).

32. Ola Gregoriusson (Rugland 8 f.) fødd kring 1717, gift med Gunhild Jørgensdotter (Odland 24 a.) fødd kring 1714. Ola Gregoriusson byksla 5 spand prestegods etter Antonius Larsson (21) frå 1742, og kjønte same av provst Winter i 1748. Sidan byksla han 6 soand av provst Arntz i Stavanger, som var helvta av Elling Antoniusson sin nart. Der er ikkje funne skifte etter korkje Ola eller Guri, men dei levde begge i 1758. 4 barn:

- a. Gre*orius Olson (Odland 37), f. 1744.
- b. Jørgen, f. 1747.
- c. Sissel, f. 1752.
- d. Ola Olson Skretting, f. 1754 (45).

33. Tjerand Olson (Skrettingland 8 d.) fødd kring 1714, gift 1) med Torborg Kristensdotter (19 b.), gift 2) med Karen Assersdotter (Reiestad 11 f.). Han tok over dei 18 spand etter Tjøl Vikanson før 1746. I 1758 var han på Høyen (S-Varhaug 54). 2 barn i første gifte:

- a. Anna, f. 1740, g. m. Peder Mikkelson (S-Varhaug 56).
- b. Berit, f. 1746.

34. Johannes Nilsson var komen til Skretting i 1746 og brukte 15 spand som Aslak Toreson hadde brukt, og som hadde vore benef. Hrr. Ludvig Schultz. Han er ikkje på Skretting i 1758, då Erik Mortenson bruker denne parten. I 1751 skreiv Johannes Nilsson under på eit kjøpebrev på 15 spand i Skretting frå Vikan Pederson til Gunnar Larsson Hårr. Kanskje var han den same som i 1751 er kalla Johan Jonson Skretting og var g. m. Ranveig Gjertsdr. (Mæland 16 d.). Dei hadde ei dotter:

- a. Kirsten Johannesdr.

35. Ola Svaleson Holmen, son til Svale Asbjørnson Holmen i Bjerkreim, fødd i Bjerkreim kring 1702. Gift 1) i Bjerkreim 29/9 1728 med Berta Tolleivsdotter Holmen, fødd kring 1706, død 1747. Ho var søster til Sven T. (36) og Guri T. (29). Gift 2) med Margreta Aslaksdotter (Refsland 3 f.), fødd kring 1723. Ola Svaleson hadde butt på Ueland før han kom til Skretting. I 1758 hadde han teke over dei 18 spand etter Tjerand Olson. I 1764 kom han til Næsheim i Nærbo. Fru Valentinsen åtte dei 18 spand i Ola si tid på Skretting. Margareta Aslaksdr. døde på Årdal av Opstad i 1783. (Sjå meir om dei på Ueland 21.)

36. Sven Tolleivson Holmen, som til Tolleiv Svenson Holmen i Bjerkreim og Eli Svalesdotter, fødd 1715, død 1794, gift med Berit Andersdotter (Kydland 14 b.) fødd kring 1718, død 1782. Han hadde butt på Kydland før han tok over dei 18 spand på Skretting etter Asbjørn Samuelson eller enkja hans kring 1755. Dei hadde 7 barn:

- a. Malena, f. 1745, død på Kydland.
- b. Johanna, f. 1746, g. m. Mons Ellingson (N-Halleland 14).
- c. Tolleiv Svenson Skretting, f. 1753 (40).

- d. Anders Skretting, f. 1754 (44).
- e. Svale Aen, f. 1757 (Opstad 47).
- f. Malena, f. 1760, g. m. Ola Pederson Dalen (N-Tjemsland) (Ueland 37).
- g. Elen, f. 1766, g. 1816 m. Tore Simonson Langholen i Ognå.

37. Erik Mortenson, son til Morten Torger-son Bø i Ognå og kona Ågott Andersdr., fødd på Steinsland i Bjerkreim 1730, død på Ægren i Ognå 15/3 1801, gift 16/2 1755 med Kirsten Svendsdotter Topdal, fødd i Ognå 1729, død 5/8 1818. Erik Mortenson hadde teke over 15 spand etter Johannes Nilsson før 1758, og må ha kjøpt same av Gunnar Larsson Hårr, for i 1768 selde han 15 spand i Skretting til Erik Erikson. Sidan budde han på Ægren i Ognå, men hadde nok vore inno m Bratland først (sjå der 13). 5 barn:

- a. Anna Karina, f. 1756, død 1776.
- b. Kirsten, f. 1758, g. 1789 m. Tollak Hetland i Ognå.
- c. Sven Erikson Skretting, f. 1760 (46).
- d. Morten (Aniksdal 44), f. 1763.
- e. Marta Malena, f. 1768, g. 1792 m. Peder Pederson (Kydland 17 c.). Budde på Ægren i Ognå.

38. Asbjørn Asbjørnson (29 a.) fødd kring 1735, skifte 20/6 1785, gift 1) med Joron Pedersdotter, skifte 14/10 1778, gift 2) med Anna Einarsdotter (Ånestad 30 e.) fødd kring 1744, død på Kvia 15/9 1828. Asbjørn byksla dei 15 spand av fru Valentinsen i 1758 etter faren. I 1785 kjøpte enkja Anna Einarsdr. dei 15 spand av futen Chr. Lerche Dahl i Ryfylke for 67 dalar, 48 skill., og selde same dagen til Ola Rasmusson Stavnheim for same pengane. Asbjørn hadde 5 barn i første gifte og 2 i andre:

- a. Peder Asbjørnson (S-Tjemsland 24), f. 1766.
- b. Asbjørn (Valdeland 9), f. 1775.
- c. Joron, f. 1771, død før 1785.
- d. Anna, f. 1774.
- e. Abraham, f. 1778, død før 1785.
- f. Einar Røderullen, f. 1783 (Kvia 29).
- g. Asbjørn Asbjørnson (Voll 68), f. 1785.

39. Erik Erikson, ukjend, kjøpte 15 spand av Erik Mortenson i 1768 for 120 dalar. I 1772 selde han til Ola Erikson Bø og byksla det att av han. Eg har stundom tenkt om denne Erik Erikson kunne vore frå Hårr (27 h.) og altså Ola E. Bø sin halvbror? I 1774 selde Ola Erikson Bø dei 15 spd. til Endre Gunnarson.

40. Tolleiv Svenson (36 c.) fødd kring 1743, død 8/9 1824, gift i Bjerkreim 19/6 1763 med Sofie Eriksdotter, fødd 1733, død 29/10 1806, dotter til Erik Gjermundson Gjeitrem og Elisabet Pedersdr. Tolleiv byksla 18 spand av fru Valentinsen etter Ola Svaleson. I 1785 kjøpte han same av Chr. Lerche Dahl i Ryfylke for 81 dalar og pantsette det til Peder Josefson Hobberstad for lån av 80 dalar. 2 barn:

- a. Erik Skretting (50), f. 1773.
- b. Sven Skretting (51), f. 1777.

41. Omund Larsson Grøtheim, son til Lars Olson Grøtheim i Time og Kirsten Pedersdr., halvbror til Ola Larsson (Vigre 27). Han var fødd i Time 1736, død 4/1 1800, gift med Karen Ellingsdotter (31 a.) fødd 1743, død 27/6 1817. Omund byksla 6 spand av Hrr. Hans Arntz i Stavanger etter verfare i 1768. I 1775 kjøpte han ei engslåtte av Antonius Rasmusson for 5 dalar 2 ort 16 skill, (sjå 21 b.). Ei dotter:

- a. Kirsten, f. 1771, g. m. Bendiks Ellingsson (48).

42. Peder Olson (Kydland 15 c.) fødd kring 1728, død 1786, skifte 14/6 d. å. Gift med Johanna Gjermundsdotter (Skrettingland 10 a.) fødd 1737, skifte 14/6 1782. Han kjøpte (byksla) 15 spand av Ola Erikson Bø i 1780, som Endre Gunnarson hadde kjøpt av Ola, så det må ha falle tilbake til Ola Erikson då Endre Gunnarson flutte til (Kydland 20). Peder Olson var visst gift 2) med Kirsten Ellingsdr. Vigre. Om barna hans sjå Kydland 17.

43. Elling Svenson, var gift med enkja etter Asbjørn Asbjørnson (38), Anna Einarsdotter, som hadde byksla dei 15 spand av Ola Rasmusson Stavnheim i 1787. I 1795 flutte dei til husmannsplasset Røderullen på Kvia, og Gard Pederson tok over parten deira på Skretting. — NB. Elling var son til Sven Larsson Frøyland i Time og Borghild Ellingsdr. Han var fødd på Auglænd i Time 1745.

44. Anders Svenson (36 d.) fødd 1754, død 25/3 1824, gift med Karen Jonsdotter (Vigrestad 28 a.) fødd 1760, død 23/7 1837. Anders byksla dei 19 spand etter faren av fru Valentinsen i 1780 og kjøpte same av futen Lerche Dahl i 1786 for 85 dalar. 7 barn:

- a. Kirsten, f. 1785, g. 3/6 1821 m. Lars L. (Refsland 9).
- b. Berta, f. 1788, død 1791.

- c. Sven Andersson (Skretting 67), f. 1791.
- d. Berta Karina, f. 1794, død 1805.
- e. Johanna, f. 1796, g. m. Peder Torstenson (S-Tjemsland).
- f. Anna Malena, f. 1800, g. 5/12 1822 m. Peder Olson (S-Varhaug 80).
- g. Serina Johanna, f. 29/10 1804, g. m. Ola Olson (Ånestad 69).

45. Ola Olson (32 d.) fødd 1754, død 4/9 1816, gift 1) 1783 med Berit Andersdotter, skifte 12/4 1787, gift 2) 1787 med Barbro Størkardsdotter (Ånestad 41 c.) fødd 1764, død 10/5 1830. Ola byksla 6 spand av provst Arntz i 1780 etter faren, og kjøpte andre 5 spand av faren for 15 dalar. I 1801 kjøpte han 8 spand av Erik Tolleivson og Sven Erikson. Ola Olson hadde 2 barn i første gifte og 7 i andre:

- a. Anders Olson (9), f. 1784.
- b. Ola Olson (Rimestad, Nærbø 43).
- c. Bendiks (Haugstad), f. 1788.
- d. Gunhild, f. 1790, g. 1) m. Hans (Skretting 74), g. 2) m. enk. Gjermund Kristofferson Varen i Ognå.
- e. Sven Olson Skretting, f. 1792 (58).
- f. Berta, f. 1798, g. 1827 m. Peder Johannesson (69).
- g. Anna, f. 1800, g. 1833 m. Ola Pederson (Haugstad 43).
- h. Anne Berte, f. 1803, g. 1827 m. Tolleiv Monsson (64).
- i. Johanna, f. 1807, g. 1832 m. Nils Nilsson (Valdeland 10).

46. Sven Erikson (37 c.) fødd 1760, død 22/7 1843, gift 1787 med enkja etter Peder Olson, Kirsten Ellingsdotter Vigre, død 30/8 1834. Sven Erikson byksla 15 spand av Ola E. Bø i 1787 etter Peder Olson. I 1798 kjøpte Jon Tjølsen Bø (g. m. Ola Erikson si enkje) 5 spand av Ola Erikson sine arvingar. 1 son:

- a. Erik Svenson Skretting, f. 1788 (56).

47. Ola Torstenson er nemnd på Skretting frå 1794 til 1797. Han var truleg husmann og budde seinare på Kongvaren (S-Tjemsland 28).

48. Bendiks Ellingsson, son til Elling (Tollakson?) Sirevåg og Berta Bårdsdr., frå Haugstad. Fødd 1764, død 2/10 1834, gift 22/12 1793 med Kirsten Omundsdotter (Skretting 41 a.) fødd 1771, død 18/4 1844. Bendiks byksla 6 spand av provst i Stavanger, Reierus Gullebøl, i 1793, etter verfare. I 1838 fekk enkja kongeskjøte på same 6 spand for 150 dalar. Bendiks hadde

fenge auksjonsskjøte på 4 spand slåtteeing, Tjelmsengen, i 1801, som han selde til Abraham Pederson Tvihaug i 1832 for 50 dalar. Dei hadde 5 barn:

- a. Elling, f. 1794, død s. å.
- b. Berta, f. 1795, g. 1832 m. Abraham Pederson (68).
- c. Karen, f. 1799, g. 1826 m. Tørres Berntson Taksdal.
- d. Omund, f. 1803, død 26/5 1840, ugift.
- e. Elling, f. 1808, død 1813.

49. Gard Pederson Kartevoll, son til Peder Gardson Kartevoll frå Tengesdal i Bjerkreim og Barbro Pedersdr. Kartevoll. Han var fødd 1753, død 26/3 1832, gift 25/10 1785 med Anna Hansdotter (Ueland 26 b.) fødd 1759. Dei budde først på Topdal i Ognå, men i 1795 byksla han 15 spand i Skretting av Ola Stavnheim etter Elling Svenson. 6 barn:

- a. Peder Gardson Skretting, f. 1787 (60).
- b. Magdalena, f. på Topdal 1789, død 1798.
- c. Barbro, f. på Topdal 1793.
- d. Hans Gardson Skretting, f. 1795 (83).
- e. Gabriel Gardson (Mæland 31), f. 1797.
- f. Abraham, f. 1800.

Gard Pederson hadde ein son ue.:

- g. Ola, f. 1797, mor: Helena Eliasdr. Sælandsbakken.

50. Erik Tolleivson (40 a.) fødd 1773, død (1839?). Gift 1) 20/5 1798 med Berta Pedersdotter (Aniksdal 42 b.) fødd 1775, død på barnseng 29/10 1799, gift 2) i Time 25/10 1832 med Ingeborg Svendsdotter, fødd 1785, død på Skretting 8/8 1868, dotter til Sven Tørresson Norheim og kona Berta Svendsdr. Erik var sersjant. I 1839 selde enkja 11/3 spand i Skretting til Torkel Olson for 400 dalar. Ein annan stad heiter det at enkja Ingeborg Svendsdr. selde parten sin i Skretting til Tollak Eliasson Hetland for 100 dalar i 1842.

51. Sven Tolleivson (40 b.) fødd 1777, gift 28/11 1802 med Karen Kristensdotter (Tvihaug 24 e.) fødd 1779. Sven kjøpte 2 spand av faren i 1796 for 40 dalar. Broren Erik kjøpte dei 2 spand av Sven si dødsbu i (1816?) for 60 dalar. Sven og Karen hadde 5 barn:

- a. Sofia, f. 18/6 1803, g. 1822 m. Torkel Olson (65).
- b. Berta, f. 22/2 1806, g. m. Halvard Halvardson (Bjørheim 16).
- c. Elisabet, f. 8/4 1808, g. 1829 m. Jakob Mikkelsen (Håland 54).
- d. Karen, f. 2/10 1810.

- e. Kirsten, f. 21/5 1815, g. 8/11 1836 m. Lars Larsson Vassvåg, død i Egersund 1893.

Sven Tolleivson sin son ue.:

- f. Lars, f. i Time 1801, mor: Elisabet Torkelsdr. Høyland.

52. Stig Stigson byksla 7 1/2 spand av Ola R. Stavnheim av dei 15 spand som Gard Pederson brukte. Han var på Skretting 1 år, så flutte han til Instigbakken (Ueland 44).

53. Klaus Pederson byksla dei 7 1/2 spd. etter Stig i 1805. I 1810 byksla Gard Pederson att dette, og Klaus flutte og til (Ueland 50).

54. Hans Eliasson (Sæland 13) budde som husmann på Skrettingvollen i 1801. I 1807 flutte han til (Ueland 40).

55. Ola Knutson (Odland 32 b.) fødd kring 1745, gift 4/12 1803 med Malena Pedersdotter (Voll 50 a.) fødd 1761, død på Kongvaren 31/8 1836. Ola var inderst på Dalen,-Tjemsland i 1801. I 1805 var han husmann under Skretting. 1 dotter:

- a. Ingeborg, f. 7/5 1805, g. m. enk. Ola Torstenson Kongvaren (S-Tjemsland 28).

56. Erik Svenson (46 a.) fødd 1788, død 5/9 1819, gift 6/3 1808 med Berta Larsdotter (Refsland 7 d.) fødd 1783. Erik kjøpte dei 15 spand som faren hadde brukt av Jon Tjølson Bø, Ola Olson Bø og Berta Karina Olsdr. Bø i 1806 for 180 dalar. 5 barn:

- a. Morten Skretting, f. 1809 (66).
- b. Ingeborg, f. 18/3 1813, g. m. Abraham Hansson (sjå Ueland under 32 f.).
- c. Rakel, f. 11/10 1815, g. 26/3 1847 m. matros Hans Nilsson frå Haugland i Time, f. 1815.
- d. Berta, f. 7/3 1818, reist til Øgard i Orre i 1837.
- e. Kirsten, f. 15/4 1811, g. 22/4 1938 m. Ola Sigbjørnson (Ueland 52 h.).

57. Peder Taraldson (Voll 50) byksla plasset Ægren av Ola Olson i 1811. Det var truleg han som var far til Malena som var g. m. Ola Knutson (55), som truleg og budde på Ægro.

58. Sven Olson (45 e.) fødd 1792, død på Reime 27/11 1843, gift 7/4 1814 med Barbro Olsdotter Ueland (Reime 30) fødd 1789. Sven Olson byksla 6 spand etter faren av provst Støren i Stavanger i 1816. I

1821 byksla han 12 spand i (S-Varhaug 79) og i 1828 var han på Røyseland Voll. I 1832 er han komen til Skretting att. Det er muleg at broren Ola hadde brukt dei 6 spand på Skretting ei tid. I 1846 kom Josef Monsson på denne parten. Sven Olson var vanleg kalla Sven "Adlesta" fordi han flutte frå stad til stad. Sjå meir om han på S-Varhaug, der barna er førde.

59. Anders Olson (45 a.) bror til Sven, fødd 1784, død 17/8 1855, gift med Bolette Edvardsdatter, fødd i Arendal i eller kring 1797, død 7/3 1848. Anders kjøpte eit plass "Kullbakken" under Skretting av broren Sven i 1826, som Sven hadde byksla av faren i 1815. Anders hadde truleg vore "ute i vero" kanskje til sjøs, og derfor fått ei kona frå Arendal. Plasset "Kullbakken" har truleg vore dei 5 spand som farfaren selde til faren i 1780 (sjå 32 og 45). 6 barn f. på Skretting og ein son f. i Arendal:

- a. Edvard, f. i Arendal, vart verande hjå besteforeldrene på Stjernesund ved Arendal?
- b. Ola Andersson, f. på Skretting 25/4 1818, g. og budde visst i Stavanger. Ein soneson var truleg den Ole Andersen Skretting, typograf, g. m. enkja Serine Sørensdatter Larsen, f. Riset. Ola Andersson var kjørar og g. m. Berta Malena.
- c. Tabitta, f. 13/4 1820, g. og budde i Mandal, Grefslandstølen.
- d. Berta, f. 7/4 1823, død på Håland 19/7 1902, ugift. Ho hadde ein son ue.: Peder Mortenson (S-Varhaug 124).
- e. Hans Fredrik, f. 20/7 1827, g. 27/3 1856 m. Elen Knutsdtr. (Lode 42 d.). Reist til Amerika. Budde seinare på Dammane (S-Tjemsland 60).
- f. Abraham Andersson, død på Varhaug 24/4 1903.
- g. Anders Andersson, f. 27/8 1830 (sjå 85).

60. Peder Gardson (49 a.) fødd på Helland i Time i 1787, død 22/2 1870, gift 30/10 1818 med Rakel Svensdatter (Auestad 27 a.) fødd 1792, død 8/1 1880. Peder Gardson byksla 15 spand av Ola Stavnheim i 1819 etter faren. Då Ola Stavnheim døde i 1822 vart desse 15 spand selt på auksjon til ein Omund Rasmusson Sandve for 156 dalar 2 ort 12 skill. I 1826 kjøpte Peder Gardson av Omund. 8 barn:

- a. Sven Skretting, f. 1819 (84).
- b. Abraham Skretting, f. 1821 (82).
- c. Gabriel (Husveg 41), f. 1820.
- d. Anna Margreta, f. 17/1 1824.

- e. Elisabet, g. m. Rasmus.
- f. Peder Pederson, f. 4/3 1831 (Aniksdal 62).
- g. Rasmus Skretting, f. 1835 (95).
- h. Berta, f. 6/8 1835, død 19/8 s. å., tvilling med Rasmus.

61. Maurits Nilsson (Ueland 41 b.) fødd i Bjerkreim 1784, død på Vadlastøl 4/6 1875, gift 14/3 1822 med enkja etter Erik Svenson (56), Berta Larsdatter. Maurits budde på Skretting til 1827, då styksonen, Morten Erikson, tok over bruket, og Maurits flutte til (Njærheim i Nærbø 99).

62. Mons Monsson (Bjorland, S-Varhaug 67) kom til Skrettingvollen i 1802, der sonen Sven Monsson Høyland (Kari-Sven) var fødd. Mons døde på Skretting 25/9 1838.

63. Mons Monsson II, son til 62, fødd på S-Varhaug 1792, død på Steinane (Ånestad 80). Gift 1) 13/6 1819 med Ingeborg Toresdatter (Rimestad 27 b.) fødd 1786, død 6/1 1845, gift 2) 17/5 1847 m. enkja på Ånestad, Guri Pedersdatter (Bø under 55 a.) fødd 1792, død 24/8 1854. Med den andre kona budde han på Steinane av Ånestad. 4 barn i første gifte:

- a. Marta Malena, f. 1819, g. 4/11 1847 m. Gjermund Bårdson (N-Tjemsland 34).
- b. Malena, f. 31/3 1822, budde visst i Høyland sokn, ugift.
- c. Tabitta, f. 7/7 1827, reist til Sandnes i 1868.
- d. Jon Mikal Monsson, f. 3/3 1830 (Ånestad 83).

64. Tolleiv Monsson (bror til 63), fødd på S-Varhaug 1795, død 2/4 1852, gift 8/4 1827 med Anne Berte Olsdatter (45 h.) fødd 19/12 1803, død på barnseng 2/11 1847. Korkje Mons eller Tolleiv er nemnd i futerekneskapen, så dei var nok husmenn. Tolleiv og Anne Berte hadde 8 barn:

- a. Ole Tolleivson, f. 22/8 1827, g. 1) i Stavanger 24/8 1854 m. Anne Tonette Malena Olsdtr., frå Lyngdal, g. 2) i Stavanger 22/10 1882 m. Berta Maria Hansdtr., frå Kvinesdal. Han var sjømann, seinare handelsmann i Stavanger. Ein son var skipsreidar og fabrikkkeigar Kornelius Olsen, som var far til presten Ole Kornelius.
- b. Marta Malena, f. 6/12 1829, g. 1876 m. Mikal Pederson Bekkeheien (Høyland 122).
- c. Berte, f. 23/5 1832, g. m. enk. Mikkel Abrahamson Topdal i Ogna, bødker i Stavanger.

- d. Anne Berte, f. 11/7 1834, g. 11/6 1874 m. Kristian Jakobson Sola, død på Gruda i Klepp 6/3 1879.
- e. Tønnes, f. 30/11 1836, død 24/6 1837.
- f. Ingeborg Berte, f. 12/12 1841.
- g. Sven Mikal, f. 16/5 1845, død 17/8 1933, g. 21/10 1869 m. Elen Gurina Hodnefjell, 20 år, død 27/7 1929, han var skreddar i Stavanger.
- h. Ane Tolleivsdtr., f. 2/11 1847, død på Nærbø gamleheim 26/3 1931, ugift.

65. Torkel Olson Hinnaland, son til Ola Torkelson Holen i Time (Hinnaland) og Ingeborg Jonsdtr. Fødd 1796, død 25/5 1844, gift 16/6 1822 med Sofia Svendsdotter (51 a.) fødd 18/8 1803. Då Sven Tolleivson var død gifta enkja, Karen Kristensdtr., seg att i 1817 med enk. Torsten Ellingson Bratland, som då flutte til Skretting og brukte dei 2 spand etter Sven T. Torkel Olson har då truleg byksla den parten frå kring 1823, for han er førd i futerekneskapen frå det året. Han må seinare ha kjøpt det, for i 1843 selde han 2/3 spand til Kristian Toreson, men året etter kjøpte han det att av Kristian, og då han så døde same året, vart 11/3 spand utlagt til sonen, Sven Torkelson, som igjen selde til Kristian Toreson i 1848 for 400 dalar. I 1840 står Tollak Eliasson som brukar av denne parten, og i 1849 Erik Abrahamson. Torkel og Sofia hadde 6 barn:

- a. Tolline Sofia, f. 9/3 1823, g. 22/3 1849 m. Sven Jakobson (Årslund 30).
- b. Sven, f. 28/6 1828, g. i Stavanger 26/5 1853 m. Severine Jonsdtr. Lye. Budde på Stokka i Hetland.
- c. Ingeborg, f. 13/10 1825, død 27/6 1862, ugift.
- d. Karen, f. 1/1 1832, død 26/11 1855, der var lyst til ekteskap for henne og Peder Svenson Versland i Stavanger.
- e. Olina, f. 24/11 1835, g. 1) i Stavanger 2/11 1855 m. møller Peder Svenson Ueland frå Helleland (truleg han som hadde vore trulova med Karen?), g. 2) 1/3 1869 m. bakar i Stavanger Nils Asgautson Helland frå Bjerkreim, g. 3) m. Slaktar Lars Johannes Larsson Tasta, f. 11/3 1854.
- f. Taletta (Tabitta?), f. 15/8 1839, g. i Stavanger 1863 m. matros Evert Jakobson.
- g. Jonas Torkelson, f. 26/3 1843, g. 1) i Stavanger 1863 m. Severine Olava Tørresdtr. Frøyland, f. i Stavanger 18/4 1842, g. 2) 4/6 1874 m. Berta Maria Paulsdtr. Tjensvoll. Jonas var pantelåner og vinhandlar i Stavanger.

66. Morten Erikson (56 a.) fødd 1/11 1809, død på Primstad 4/3 1882, gift 31/10 1830 med Anna Kirstina Jakobsdotter (Sæland 14 g.) f. 5/7 1809, død 31/1 1853. Han brukte 15 spand som stykfare, Maurits Nilsson, hadde brukt frå 1828 til 1836. Då selde han dei 15 spand til Erik Svenson Primstad og flutte sjølv til (Primstad, Skrettingland 56), sjå meir om han der:

67. Sven Andersson (44 c.) fødd 1791, død 27/9 1867, gift 31/3 1825 med Helga Eriksdotter (Tvihaug 26 d.) fødd 1792, død 22/6 1850. Sven kjøpte 23 spand av medarvingane sine i 1824 for 213 dalar 3 ort 11 skill., dei 4 spand hadde faren kjøpt av Erik Tolleivson i 1801 (sjå 50). Sven og Helga hadde 6 barn, og Helga hadde ei dotter ue.:

- a. Taletta Omundsdtr., f. på Tvihaug 29/11 1823, g. m. Erik Svenson (72).
- b. Inger Svendsdtr., f. 17/2 1829, g. m. Eivind Torkelson (79).
- e. Anders Svendsen, f. 1832 (80).
- d. Elen, f. 9/2 1835, g. 8/11 1855 m. Omund Toreson Sveine (Opstad, Gudmestad 38).
- e. Berta Helena, f. 16/8 1838, død 3/3 1839.
- f. Berta Karina, f. 19/9 1840, g. 14/6 1865 m. Tarald Josefson Haugland i Time.
- g. Karen.

68. Abraham Pederson (Tvihaug under 25 a.) fødd på Tvihaug 6/7 1803, død 5/4 1895, gift 25/3 1832 med Berta Bendiksdotter (48 b.) fødd 1795, død 10/9 1863. Abraham kjøpte 4 spand med slåten Tjelmengen av Bendiks Ellingson i 1832 for 50 dalar. I 1839 kjøpte han dei 6 spand av vermora, Kirsten Omundsdtr., for 50 dalar. 5 barn:

- a. Kornelius, f. 28/2 1832, g. i Stavanger 6/9 1877 m. Regina Olava Paulsdtr., f. i Stavanger 9/8 1855. Han finst ikkje døypt i Hå.
- b. Bendiks Skretting, f. 1833 (86).
- c. Tabitta, f. 6/11 1835, g. m. Rasmus Pederson (95).
- d. Ane Berte, f. 26/11 1838, d. 27/4 1839.
- e. Elen Kirstina, f. 25/3 1834, død 19/12 1846.

69. Peder Johannesson (Auestad 26 e.) fødd 1798, gift 1827 med Berta Olsdotter (45 f.) fødd 1798. Dei budde på husmannsplasset Jorenkjøl, seinare på (Sæland 17). 5 barn:

- a. Berta Elisabet, f. 13/10 1827.

- b. Johannes, f. 28/1 1830.
- c. Mikal, f. 6/5 1836, g. 20/3 1863 m. Taletta Sivertsdr. Salte, g. 2) m. Marta Malena Tolleivsdr. (Skretting 64 b.). Budde på Bekkeheien (Høyland 122).
- d. Ola Pederson, f. 31/5 1833 (sjå Sæland 19).
- e. Elen Maria, f. 27/3 1840.

70. Tollak Eliasson Hetland, son til Elias Tollakson Hetland i Oгна og Malena Larsdr., f. Håland i Nærbo (St. Håland 15 c.) fødd 26/4 1817, død 21/9 1897, gift 1) 19/6 1836 med Sara Larsdotter Stokkeland i Oгна, fødd 1808, død 12/11 1885, gift 2) 23/11 1886 med Margreta Korneliusdotter (S-Varhaug 83 a.) fødd 14/9 1834, død 11/3 1908. Tollak står som brukar av Torkel Olson sin part i 1840. Frå 1850 står han som brukar av 2/3 spand som truleg var plasset Marsteinbakken og dessutan brukte han 1/2 spand av bnr. 26, og i 1869 kjøpte han ein part av Anders Svenson. Marsteinbakken fekk sitt eige gardsnr. 61, og parten hans Tollak var bnr. 1. Dei hadde ikkje barn og kona døde på Trånerullen.

71. Kristian Toreson (Kyndland 33) kjøpte 2/3 spand av Torkel Olson i 1843 og i 1844 kjøpte Torkel det att. I 1848 kjøpte så Kristian 11/3 spand av Sven Torkelson for 400 dalar, dette var bnr. 10, som dei 2/3 spd. var tekne av. Same året kjøpte Erik Abrahamson dei 11/3 spd. av Kristian.

72. Erik Svenson Primstad (Skrettingland 54 c.) fødd 24/1 1814, død 11/8 1890, gift 30/6 1841 med Taletta Omundsdr. (67 a.) fødd på Tvihaug 29/11 1823, død 10/6 1886. Erik Svenson kjøpte 15 spand av Morten Erikson i 1837 for 300 dalar. I 1843 selde han 3 spand til Tarald Taraldson for 100 dalar, som han kjøpte att 11/6 spand av i 1849 for 50 dalar. I 1860 kjøpte han 2 1/2 spd. av Andres Andersson for 150 dalar og i 1869 kjøpte han ein part av Anders Svenson. Erik og Taletta hadde 9 barn:

- a. Malena, f. 15/8 1843, g. m. Elling Ellingson (Håland 76).
- b. Helena, f. 5/5 1846, død 21/1 1847.
- c. Sven Skretting, f. 1847 (110).
- d. Hans Skretting, f. 1851 (111).
- e. Sem (Odland 59), f. 1854.
- f. Erik, f. 28/5 1857.
- g. Taletta, f. 1/2 1860, g. m. Ola Rasmusson (Husveg 44).
- h. Anna, f. 21/7 1865, g. m. Abraham Bendikson (117).
- i. Olai Skretting, f. 1868 (119).

73. Tarald Taraldson, son til Tarald Rjoa og gjenta Ingeborg Aslaksdr. (Torland 44 a. 1). Fødd 19/2 1808, død 1/4 1852, gift 2/11 1837 med Anna Kirstina Hansdotter (Skrettingland 52 a.) fødd 7/6 1812, død 28/3 1880. Tarald kjøpte 3 spand av Erik Svenson i 1843, men seide 1 1/6 spand til Erik att, så han hadde att 15/6 spand. Denne parten var kalla Vinså eller Vinsamy. I 1851 er han førd med 3 1/2 spand. Dei hadde 7 barn:

- a. Ane Berte, f. 10/12 1837, g. 11/12 1862 m. Ludvig Mauritsson Stangeland i Høyland.
- b. Hans Mikal, f. 11/7 1840, død 1889, g. m. Taletta Nilstr. Orstad. Budde på Sandnes. Taletta, søster til Tobias Nilsson (Bø 106).
- c. Tønnes Andreas, f. 14/11 1842, død 17/3 1843.
- d. Ingeborg Gurina, f. 14/2 1844, g. i Stavanger 16/6 1872 m. matros Ole Magnusson Espe frå Kinsarvik.
- e. Tønnes Andreas, f. 13/12 1847, g. m. Lea Jakobsdr. 1879. Budde på Matningsdal i Oгна.
- f. Tarald Jørgen, f. 11/6 1849.
- g. Abraham Tobias, f. 22/4 1852.

74. Josef Monsson Haugland, son til Mons Josefson Haugland i Time og Ingeborg Olsdr. Auglænd, fødd 1782, død 22/7 1867, gift 29/9 1801 med Karen Kirstina Hansdotter, fødd i Time 1774, dotter til Hans Isakson Serigstad og Gunvor Taraldsdr. Han hadde butt på Haugland i Time før han kring 1823 kom til Skretting, der han brukte 6 spand, som han i 1846 fekk kongeskjøte på for 200 dalar, og same året tok Torger Torgerson over dei 6 spand for 200 dalar. Dei hadde 5 barn, alle fødde i Time:

- a. Hans Josefson Primstad, f. 1804 (Skrettingland 55).
- b. Mons Josefson, f. 1807, død på Skretting 2/4 1828, g. m. Gunhild Olsdr. (Skretting 45 d.).
- c. Gunvor, f. 4/2 1810, g. 24/11 1832 m. Hans Svenson Husebø.
- d. Ingeborg Kirstine, f. 2/8 1812.
- e. Karen Kirstine, f. 24/6 1816.

75. Ola Pederson, son til Peder Pederson Erga og Marta Malena Eriksdr. (sjå Skretting 37 e.). Fødd i Oгна 1795, død 3/4 1861, gift 1) 30/11 1820 med Malena Jonsdotter (Opstad 35 a.) fødd 1795, død 17/6 1836, gift 2) 13/11 1837 med Anna Olsdotter (Kyndland 23 d.) fødd 17/7 1805, død 31/12 1883. Ola Pederson hadde butt

på Brekko av S-Varhaug før han i 1838 kjøpte 8 spand i Skretting av Andreas Andersson. (Andreas Andersson var son ue. til 59, f. 1800, sjå S-Varhaug 84.) Han hadde brukt 11/2 spand på Skretting, og Lars Larsson N-Halleland, Andreas sin verfar, brukte 8 spand, og begge dei partane var av Sven Olson sitt bruk. Ola Pederson sin part var Ægren. Han hadde 6 barn i andre gifte som var fødde på Skretting:

- a. Mikal, f. 17/5 1839, død 15/1 1841.
- b. Gjertrud Malena, f. 21/3 1841, reist til Karmsund 1864.
- c. Peder Skretting, f. 1843 (92).
- d. Ola, f. 10/10 1845, g. i Skjold 12/6 1871 m. Sisilia Helgesdtr. Tveit, f. 1842, var bødkar i Stavanger.
- e. Ola Abeth, f. 13/10 1848, til Stavanger 1864.
- f. Anna, f. 8/11 1852, g. m. Rasmus Rasmusson (Store Håland i Nærbø 20 g-)

76. Andreas Nilsson (Voll 63 e.) fødd 29/1 1810, død 10/7 1878, gift 20/3 1838 med Berta Malena Svensdotter (Skrettingland 54 a.) fødd 20/5 1810, død 10/4 1890. Andreas Nilsson var husmann på Elgane. Dei hadde 6 barn:

- a. Malena, f. 17/5 1839, død 3/2 1842.
- b. Malena, f. 8/11 1842.
- c. Sivert Andreas, f. 1845 (N-Tjemsland 38).
- d. Berta Malena, f. 26/11 1848, død 9/8 1909, ugift. Ho hadde 2 barn ue; 1. Maria, f. 29/1 1871, g. 1892 m. Andreas Nils-Mikalson Skretting (121). 2. Berta, f. 29/6 1873, g. m. Taulerius Tommasson Gruda.
- e. Maria, f. 21/11 1853.
- f. Nils Mikal, f. 1836 (105).

77. Erik Abrahamson (N-Varhaug 31 c.) fødd 4/2 1821, død 7/2 1901, gift 13/3 1848 med Torborg Maria Eriksdotter (Tvihaug 28 b.) fødd 2/3 1823, død 9/11 1898. Erik kjøpte 1 1/3 spand av Kristian Toreson i 1848 for 400 dalar, bnr. 5. 8 barn:

- a. Erik, f. 7/6 1848, død 16/4 1849.
- b. Erik Erikson, f. 1850 (115).
- c. Abraham Tobias, f. 27/9 1856, til Amerika.
- d. Ingeborg, f. 23/2 1852, g. 1) m. Karl Bertelson (Lerbrek 34), g. 2) m. enk. Omund Svenson (Lerbrek 35).
- e. Ane, f. 25/5 1854, død 4/10 1898, ugift.
- f. Johan Peder, f. 30/3 1859, til Amerika.
- g. Torsten, f. 29/2 1861, til Amerika.

h. Maria, f. 7/9 1863, g. 1899 m. Jonas Olson (Årsland 39).

78. Torger Torgerson Hetland, son til Torger Knutson Hetland i Oгна og kona Karen Toresdtr. Gravdal, fødd i Oгна 22/7 1810, død 9/4 1908, gift 21/10 1832 med Anna Maria Torstensdotter (Auestad 29 a.) fødd 6/6 1811, død 9/10 1904. Torger budde som husmann på Auestad til 1846, då han kjøpte 6 spand i Skretting av Josef Mons-son for 200 dalar. 5 barn:

- a. Torger, f. 31/12 1834, død som folge- mann på Skretting 2/3 1915, ugift.
- b. Anne Berte, f. 29/5 1839.
- c. Anna, f. 11/8 1842, død 1929, ugift.
- d. Torsten Skretting, f. 1845 (116).
- e. Kornelius (Auestad 47), f. 1849.

79. Eivind Torkelson Time, son til Torkel Kristofferson Øvre Time og Berta Eivindsdtr., f. Grøtheim i Time, fødd 21/6 1820, død på Nærbø 29/6 1902, gift 29/11 1848 med Inger Svensdotter Skretting (67 b.) fødd 17/2 1829, død på Nærbø 14/2 1922. Eivind kjøpte 11 spand av Sven Andersson i 1848 for 200 dalar 4- folge. I 1853 selde han til Andreas Henrik Tønnes-son Sanganger for 900 dalar og folge til Sven Andersson og Helga Eriksdtr., på dei vilkor at om garden vart teken att på odel, skulle Eivind betala tilbake 100 dalar til kjøparen. Same året kjøpte han 9 spand på Årrestad i Time og kalla seg sidan Årrestad. Dei fekk 6 barn, 2 f. på Skretting og dei andre på Årrestad:

- a. Sven Årrestad, f. 6/10 1850, død 19/2 1942, gift 7/8 1876 med Ingeborg Maria Abrahamsdtr. Time, f. 27/2 1852. Sven Årrestad vart ein lands- kjend mann, først som stridsmann for fråhaldsaka i Noreg, og seinare som tingmann, statsråd og fylkesmann i Aust Agder.
- b. Torkel, f. 29/9 1852, g. 28/11 1874 m. Ingeborg Henriksdtr. Hognestad, busett i Amerika.
- c. Hanna, f. 15/4 1855, g. 25/4 1889 m. Rasmus Tobias Rasmusson (Skretting- land 27 a.).
- d. Berta Maria, f. 14/2 1858, g. m. Lars Rasmusson (Søyland, Nærbø 42).
- e. Inger, f. 14/11 1860, g. 10/9 1891 m. skreddar Gabriel Pederson Liland (Bjørhaug 23).
- f. Eivind, f. 22/8 1862, busett i Amerika.

80. Anders Svenson (67 c.) fødd 31/1 1832, død 3/1 1895, gift 14/6 1855 med Berta Pedersdotter (N-Tjemsland 31 e.)

fødd 15/11 1835, død 26/3 1895. Anders kjøpte dei andre 12 spand av faren i 1848 for 200 dalar + halv følge til foreldrene. I 1871 selde han ein part til Rasmus Jonson, Jorenkjøl, og ein part til Nils Mikal Andreasson, Elgane, og ein part til Tollak Eliasson, Marsteinbakken, og ein part til Erik Svenson. Dei hadde 9 barn:

- a. Sven Andersson, f. 1855 (113).
- b. Peder, f. 11/7 1857, reist til Amerika.
- c. Anders, f. 25/5 1860.
- d. Helmik, f. 21/6 1863, reist til Amerika 1884, men var visst seinare g. i Stavanger m. Ingeborg Ingebretsdtr., frå Kvitsøy og døde 17/6 1886.
- e. Lena, f. 2/6 1865, g. 9/4 1890 m. Knut Olson (Voll 113).
- f. Bertinius, f. 19/5 1868, d. 30/1 1872.
- g. Karl, f. 16/2 1871.
- h. Berta Serina, f. 27/3 1873, g. 30/10 1908 m. Jon Sivertson (S-Tjemsland 63).
- i. Hanna, f. 21/2 1876, g. 21/4 1899 m. Rasmus Pederson Stokkeland i Oгна.

81. Andreas Henrik Tønnesson Sanganger kjøpte dei 11 spand av Eivind Torkelson i 1853 for 900 dalar. Han var frå Langaker i Vanse, gift med Sofie Fredrikke Kristoffersdotter. I 1856 selde han til Abraham Pederson.

82. Abraham Pederson (60 b.) fødd 24/10 1821, død 28/6 1903, gift 14/11 1848 med Anna Johanna Johannesdotter, fødd i Oгна 28/3 1819, død 6/3 1900, dotter til Johannes Johannesson Kverme og Ingeborg Larsdtr., f. Aniksdal. Abraham kjøpte 11 spand av Andreas Sanganger i 1856 for 1000 dalar. 7 barn:

- a. Johannes Skretting, f. 1849 (112).
- b. Peder, f. 26/9 1852, død 5/8 1857.
- c. Abraham, f. 13/3 1854, død 8/4 1872.
- d. Rasmus (Kydland 39), f. 2/1 1857.
- e. Ingeborg Berte, f. 28/12 1858, g. m. Jonas (Arsland 36).
- f. Peder, f. 20/1 1862, slaktar på Sandnes.
- g. Johan Arnt Abrahamson, f. 14/1 1864, g. m. Inger Maria Rasmusdtr. (Bjorheim 24 f.). Reist til Amerika.

83. Hans Gardson (49 d.) fødd 1795, død 8/4 1869, gift 30/11 1823 med Taletta Nilsson (Voll 63 c.) fødd 1802, død 28/3 1883. Hans Gardson finst ikkje nemnd korkje i matrikkelen eller futerekneskapen, så han har vel vore husmann. 6 barn var f. på Skretting:

- a. Anna Margreta, f. 17/12 1824.

- b. Nils (Gudmestad 39), f. 19/8 1827.
- c. Gabriel (Vigre 55), f. 29/7 1830.
- d. Hans Skretting, f. 19/11 1833 (104).
- e. Malena, f. 20/6 1837, g. m. Jon Jonson (Rugland 20 g.).
- f. Taletta, f. 14/8 1841, g. m. Peder (N-Tjemsland 35).

84. Sven Pederson (60 a.) fødd 15/10 1819, død 13/9 1880, gift 1/4 1856 med Karen Elisabet Pedersdotter (Husveg 35 d.) fødd 17/5 1833. Sven Pederson er førd med 15 spand frå 1856 etter faren og til 1867, då Rasmus Mikkelsen kjøpte den parten. Barn er ikkje nemnde.

85. Anders Andersson (59 f.) fødd 27/8 1830, gift 15/10 1857 med Berta Nilsson (Valdland 10 c.) fødd 26/10 1836. I 1856 kjøpte han 5 spand av faren si dødsbu for 210 dalar. I 1857 bruker Elias Enokson Reiestad dei 15 spand. I 1860 selde Anders 11/3 spand til Sivert Ivarson og 11/6 spand til Rasmus Jonson (Jorenkjøl) og 2 1/2 spand til Erik Svenson. Anders Andersson budde seinare på (S-Håland 70).

86. Bendiks Abrahamson (68 b.) fødd 15/1 1835, død 12/1 1902, gift 24/5 1860 med Herborg Torstensdotter (Voll 78 b.) fødd 3/1 1835, død 24/8 1922. Bendiks kjøpte 10 spand av faren i 1858 for 300 dalar. 5 barn:

- a. Berta, f. 22/6 1861, død 10/9 1863.
- b. Ane Bertine, f. 16/12 1863, død 6/5 1865.
- c. Abraham Skretting, f. 29/5 1866 (117).
- d. Torsten, f. 27/7 1869, reist til Amerika i 1892, seinare heimkomen og budde ei tid på Tjora i Håland, og var sidan kjørar i Stavanger. Ei dotter: Herborg, g. m. Olaf Olson i Stavanger.
- e. Peder Andreas, f. 30/11 1872, g. 6/4 1894 m. Anna Maria Ølberg, 20 år.

87. Ola Olson (Kyland 23 g.) fødd 18/6 1812, død på Høyland i Nærbø 26/8 1895, gift 22/6 1841 med Elen Eriksdotter (Skrettingland 53 a.) fødd 23/10 1819, død på Høyland 10/10 1894. Ola Olson var husmann på Skretting til 1854, då han kjøpte ein part på (Høyland i Nærbø 113).

88. Nils Johannesson Marsteinbakken, son til Johannes Toreson Dahl (Aniksdal) i Sirevåg og Joron Nilsson (Bjelland) i Oгна. Han var fødd i Oгна 5/2 1809, gift 21/6 1839 med Elisabet Larsdotter Stokke-

land, f. i Oгна 16/4 1815. Dei kom til Marsteinbakken i 1840 (sjå S-Varhaug 93).

89. Jon Olson Hinnaland, bror til 65 (sjå Sæland 16), kom til Jorenkjøl kring 1840, død der 19/11 1885, og kona, Inger Reiarstr. død 7/3 1876.

90. Lars Olson Frøyland budde på Skrettingvollen i 1847 (sjå S-Varhaug 94).

91. Sivert Pederson Vigre (Vigre 42 c.) fødd på Tjelsengen, Ueland 18/3 1814, død på Skretting 18/6 1900, gift 1) 16/11 1854 med enkja etter Tarald Taraldson (73), Anna Kirstina Hansdtr., død 28/3 1880, gift 2) 14/10 1880 med Anna Kirstina Eriksdtr. (Reiestad 33 c.). Sivert Pederson tok over plassen Vinsamyrr etter Tarald Taraldson. I 1866 selde han eit stykke til Nils Mikal Andreasson og eit stykke til Rasmus Pederson. 1 son i første gifte:

a. Peder, f. 16/12 1855.

92. Peder Olson (75 c.) fødd 22/6 1843, kjøpte 8 spand av faren si dødsbu i 1862 for 350 dalar T følge til mora. I 1871 selde han til Peder Jeremiasson, som hadde brukt den parten frå 1864. Peder Olson budde sidan som husmann på (Rugland 37).

93. Peder Jeremiasson, son til Jeremias Pederson Ægren i Oгна og Anna Malena Svensdtr. Opstad. Han kjøpte 8 spand av 92 i 1871. Det synest litt ugreit her, for i 1869 står Rasmus Pederson som brukar av denne parten. Her kjem der og inn ein Jesper Erikson som ikkje er nemnd i futerekneskapen, men som panteboka syner at han kjøpte 8 spand av Peder Jeremiasson, same dagen Peder kjøpte av Peder Olson. Ein annan stad heiter det, at Jesper Erikson vart skuldig 100 dalar til Peder Jeremiasson Skretting i 1866, som han gav pant for i 8 spand i Skretting (sjå Refsland 14).

94. Jesper Erikson, son til Erik Erikson Fosse i Time og Kirsten Malena Jaspersdtr. Ravndal. Fødd 5/4 1829, gift 26/3 1857 med Sofia Andersdotter Helland i Time, fødd 29/9 1825. Han hadde kjøpte 8 spand av Peder Jeremiasson. I 1868 gjorde han buslit, og i 1874 fekk Rasmus Pederson auksjonsskjøte på denne parten, bnr. 27. 2 barn f. på Skretting:

a. Taletta, f. 1/10 1864, død 15/1 1865.
b. Taletta Maria, f. 4/9 1868, g. 26/3 1907 m. enk. Ola Albretson (Stavneheim 50).

95. Rasmus Pederson (60 g.) fødd 6/8 1835, død 19/3 1913, gift 11/11 1869 med Taletta Abrahamsdotter (68 c.) fødd 6/11 1835, død 14/8 1914. Rasmus kjøpte eit stykke av Sivert Pederson i 1866 og 8 spand av Jesper Erikson si konkursbu i 1869 for 50 og 494 dalar, bnr. 27. 4 barn:

a. Berta, f. 28/9 1870, død 19/8 1951.
b. Peder, f. 16/1 1873, død 4/1 1878.
c. Rakel, f. 4/4 1875, g. 1895 m. Elling E. (Håland 89).
d. Abraham Skretting, f. 1877 (124).

96. Rasmus Mikkelson (Opstad 55 f.) fødd 10/5 1829, død på Nærbø 20/4 1904, gift 21/10 1858 med Kirsten Jonsdotter (Opstad 58 g.) fødd 6/9 1835, død 9/10 1913. Rasmus Mikkelson kom til Skretting i 1859, men er ikkje førd i futerekneskapen før 1867, då han brukte parten hans Sven Pederson (84), bnr. 16. I 1880 fekk han skjøte på same frå Peder Gardson sine arvingar for 2400 kroner. I 1882 står Erik Svenson førd på denne parten og i 1884 Jonas Larsson, men i matrikkelen 1886 står Rasmus Mikkelson, og dei andre er ikkje nemnde då. Men det året fekk Jonas Larsson skjøte frå Rasmus på denne parten. Sidan budde han på (Nærbø 28). (Sjå Bø 141.) 9 barn f. på Skretting:

a. Jon, f. 29/3 1859, reist til Amerika 1881, død ugift. Han hadde ein son: Jon Jonson, f. 29/6 1877 (Høyland 170).
b. Mikkell, f. 5/9 1860, til Amerika 1882.
c. Inger, f. 9/5 1862, død 16/5 s. å.
d. Eivind, f. 20/5 1864, død 24/5 s. å.
e. Helmik, f. 20/6 1865, død 24/4 1869.
f. Rasmus Ingvald, f. 29/3 1868, død 24/4 1869.
g. Rasmus Ingvald, f. 23/3 1870 (sjå Nærbø stasjon 46).
h. Anna Helena, f. 22/1 1872, død 30/1 s. å.
i. Helmik, f. 28/3 1875, død i Amerika, ugift.

97. Sivert Ivarson (Håland 60). I 1860 kjøpte enkja Gjertrud Gabrielsdotter 11/3 spand i Skretting av Anders Andersson (85). Sivert var død på Skretting 22/10 1859.

98. Anders Klausson, son til Klaus Andersson Øvrebø i Bjerkreim og Tora Torkelsdtr. Han var fødd i Høyland kring 1820, død på Skretting 2/12 1902, gift med enkja etter 97, Gjertrud Gabrielsdotter. I 1868 er ein Peder Pederson førd på ein part av Ægro, bnr. 25. I 1875 kjøpte Anders Klausson ein

part av Bendiks Abrahamson og ein part av Rasmus Pederson, bnr. 24. Desse 3 partane er kalla Ægren i 1886, og Anders Klausson står som eigar, like eins i 1900. I 1906 står Anders si stykdr., Elen Maria Sivertsdr., som eigar av Ægren bnr. 24 og 25. Anders døde 2/12 1902 og Gjertrud døde 25/2 1914.

NB. Anders Klausson og Gjertrud var gifte i Oгна 5/11 1868, og budde på Øvrebø i Oгна til 1875. I son:

- a. Klaus, f. i Oгна 25/2 1869, død på Skretting 30/5 1875. Då dei miste denne guten vart Gjertrud "rar" og rastlaus, og vandra rundt og song mykje der ho ferdest.

99. Rasmus Tønnesson (Kydland 27 c.) fødd 5/4 1839, død på Odland 17/9 1915, gift 17/5 1882 med enkja etter Sven Pederson (84), Karen Elisabet Pedersdr., død 7/10 1912. Han budde på bnr. 11 i 1900. Barn er ikkje nemnd.

100. Peder Pederson, son til Peder Rasmusson Erga i Klepp og Ane Berte Eriksdr., fødd 8/10 1818, død 6/4 1900, gift 29/3 1855 med Anna Jakobsdotter, fødd i Time 24/2 1826, død 20/1 1897, dotter til Jakob Ådneson Norheim og Anna-Malena Svensdr. Rosseland. Peder kjøpte eit stykke av Peder Gardson sin part, bnr. 20 og 21, i 1869 for 20 dalar. I 1900 er dei bnr. ikkje nemnde i manntallet, men i 1906 er Kornelius Høiland på bnr. 20 og Andreas Nilsson på bnr. 21. I 1900 tente sonen, Martin Pederson hjå Abraham Larsson som forpaktar bnr. 17, og i 1906 er Martin brukar der, det er då truleg at den parten og har høyrt til det som Peder P. brukte. Peder P. hadde 5 barn:

- a. Andreas P. (Sør-Reime 41), f. 7/7 1859.
- b. Martin Skretting, f. 1862 (123).
- c. Anna, f. 15/10 1865, g. m. Ole Andreas (Sør-Reime 40).
- d. Peder, f. 14/7 1856, død 8/5 1869.
- e. Pernille, f. 3/3 1871, død 3/4 1943.

101. Rasmus Rasmusson (Ueland 73) kjøpte eit stykke av Peder Pederson, bnr. 18, i 1882, for 250 kroner. Dette var Elgane, som Andreas Nilsson seinare brukte.

102. Gabriel Gunnarson (Rugland 34) kjøpte eit stykke av Peder Pederson, bnr. 19, i 1875, for 18 dalar, som og var av Elgane, og som Tobias Nilsson seinare brukte.

103. Mikal Gunnarson, bror til Gabriel, fødd på (S-Tjemsland 33 c. og d.) 23/2 1829. Gift 1) 20/11 1856 med Maria Svensdotter Vatnemot, fødd i Oгна 30/8 1829, død på Rugland 23/3 1858, gift 2) 23/5 1859 med Rakel Hansdotter (Herigstad 48 b.) fødd 17/2 1824. I 1875 var han sjølv-eigar på denne parten på Elgane som Rasmus Ueland kjøpte av Peder Pederson i 1882, bnr. 18. I 1883 reiste heile huslyden til Amerika. 2 barn i andre gifte:

- a. Maria, f. på Herigstad 27/9 1859, g. 1884 m. Aslak Sivertson Ur Eikeland i Høyland, bror til Kristian Egeland på Kruso i Nærbo. Reist til Amerika.
- b. Maren, f. på Rugland 15/2 1860.

104. Hans Hansson (83 d.) fødd 19/11 1833, død 10/5 1909, gift 28/8 1867 med Ingeborg Maria Mikkelsdotter (S-Varhaug 78 g.) fødd 24/9 1847, død 28/11 1921. Han var husmann under Peder Erga sin part, Ægro. 8 barn:

- a. Helmik Martinius (Madland 28), f. 13/7 1868.
- b. Taletta, f. 16/6 1871, g. m. Omund Gabrielson Sørskog.
- c. Hans Arntz, f. 27/1 1874, g. 10/2 1899 m. Anna Salte. Han var sjømann, seinare hermetikkarb. Død i Stavanger 29/6 1959.
- d. Peder, f. 5/10 1877, død som fattiglem på Fotland i Time 23/4 1906, g. m. Maria Andreasdr. Salte, f. 13/1 1872.
- e. Herman, f. 17/12 1881, død 1911, g. 20/10 1900 m. Gustava Malmeim.
- f. Rasmus, f. 14/5 1884, død.
- g. Maria, f. 11/5 1887, g. 9/11 1913 m. Olaf Olson Lindal på Løge i Time.
- h. Abraham, f. 24/2 1890, død 22/5 1914, ugift. Bygningsmann.

105. Nils Mikal Andreasson (76 f.) fødd 22/3 1836, død 11/6 1896, gift 17/6 1862 med Asselina Tønnesdotter (Kydland 27 d.) fødd 16/1 1841. Han kjøpte Elgane bnr. 15 av Abraham Pederson i 1869 for 20 dalar. I 1872 selde han til broren Sivert for 300 dalar. Nils Mikal hadde og kjøpt ein part av Anders Svenson i 1869, som Sivert og tok over. Sivert flutte seinare til Tjemsland, og Nils budde nok på Elgane heile tida. Men i 1900 er sonen Andreas på Elgane bnr. 18 og 21, og Asbjørn Auestad er førd på bnr. 15. 10 barn, alle f. på Skretting:

- a. Andreas Skretting, f. 21/12 1862 (121).
- b. Elen, f. 5/12 1864, fekk 2 barn: 1. Bertine Abrahamsdr., f. 8/3 1891, g.

- m. Reiar Omundson Forenes i Høyland. 2. Nils Svenson, f. 6/4 1903 (S-Tjemsland 42 f.).
- c. Bertinius, f. 24/9 1869, død ugift.
- d. Anna Elisa, f. 12/1 1872, g. 2/4 1897 m. Nils Reinert Nilsson (N-Tjemsland 43).
- e. Nils Mikal, f. 27/5 1875, g. 1) m. Lisa Olsdr. Snorestad, g. 2) i Klepp 1924 m. Sina Larsdr. Riskild. Var bygningssm. og budde på Kleppe.
- f. Martin, f. 21/10 1877, g. 18/6 1903 m. Justine Marie Toresdr. Kleppe. Var skomakar på Kleppe.
- g. Erik, f. 26/3 1880, død på Stangeland i Høyland 20/9 1966, g. m. Marta Maria A. Bore, f. 13/1 1890. Han var skomakar på Sandnes.
- h. Rasmus, f. 27/12 1882, g. m. Anna Abrahamsdr. Fjogstad. Budde på Kleppe.
- i. Berta, f. 22/6 1886, død 23/9 1896.
- j. Tønnes, f. 17/1 1867, død 15/7 1922, g. 1892 m. Regine Malena Toresdr. Laland, Kleppe. Skomakar på Kleppe.

106. Rasmus Jonson Jorenkjøl (son til 89) (Sæland 16 c.) fødd 28/1 1833, død 8/2 1922, gift 7/6 1861 med Taletta Larsdotter, fødd i Oгна 11/2 1831, død 2/10 1908, dotter til Lars Olson Ægren frå Gya og Karen Stigdr., f. Ægren. Rasmus kjøpte Jorenkjøl, bnr. 7 og 8, av Anders Andersson og Anders Svenson i 1860 og 1869. 6 barn:

- a. Karen, f. 15/1 1862, død 21/3 s. å.
- b. Kornelius, f. 27/3 1864, død 10/1 1872.
- c. Johan Ingebret, f. 28/12 1867, død 16/7 1869.
- d. Inger, f. 8/1 1870, død 18/1 1872.
- e. Lars Johan, f. 19/11 1871 (125).
- f. Taletta Regina, f. 2/3 1876, død 24/11 s. å.

107. Mauritz Reiarson (Vigrestad 34 d., Kydland 35) er førd på Skretting i 1877, i 1884 er nemnd Lars Rasmusson på den parten. Dei er førde berre i futerekneskapen.

110. Sven Erikson (72 c.) fødd 29/12 1847, gift 26/11 1877 med Malena Jonsdotter (St. Håland, Nærbø 21 e.) fødd 14/7 1852, død 9/3 1947. Sven Erikson kjøpte bnr. 2 av faren i 1879 for 2100 kroner ~h halv følge. Etter Sven var død dreiv enkja garden til versonen, Enevald Mikkelson, tok over i 1904. 4 barn:

- a. Taletta, f. 18/10 1878, g. 3/4 1906 m. Ole Ludvigson (Håland 94).
- b. Malena, f. 7/3 1881, g. m. Enevald Mikkelson (127).
- c. Maria, f. 7/1 1883, g. 7/10 1910 m. Rasmus Alfred Larsson Kvasheim i Oгна.
- d. Erik, f. 19/2 1885, død 20/3 1897.

111. Hans Erikson (72 d.) fødd 29/7 1851, død 12/3 1907, gift 28/3 1878 med Guri Asbjørnsdotter (Auestad 38 d.) fødd 22/6 1858, død 10/1 1952. Hans tok over halve farsgarden, bnr. 13, i 1879 for 2600 kroner -f- halv følge. 12 barn:

- a. Erik Hansson, f. 1878 (138).
- b. Asbjørn Hansson, f. 18/3 1880 (133).
- c. Hans Hansson (Reiestad 50), f. 22/10 1882.
- d. Torstein, f. 18/3 1885, g. 11/12 1909 m. Malena Sivertsdr. (Tjemsland 38 h.). I Amerika.
- e. Karl, f. 11/1 1888, død 6/6 1962 i Canada, g. m. Sofia Maria Fatland.
- f. Gustav, f. 5/4 1890, g. 1919 m. Jørgine Torstensdr. (Odland 62 f.) død i Canada.
- g. Taletta, f. 11/11 1892, gift i Canada.
- h. Kirsten, f. 11/11 1892, g. m. Gabriel Torstenson (Odland 62 e.). I Canada.
- i. Guri, f. 24/4 1895, g. m. Tobias Larsen (Ånestad 110).
- j. Sven, f. 10/8 1897, gift 29/6 1930 m. Guri Abrahamsdr. (Skretting 124 c.), busett på Ganddal.
- k. Magnus, f. 3/10 1899, død 27/9 1945, g. m. Margreta Tobiasdr. (Kvia 71 c.). Han var lærar.
- l. Anton, f. 24/11 1901, g. m. Janna Omundsdr. Mellemstrand (Njærheim 146). Sjøfør.

112. Johannes Abrahamson (82 a.) fødd 19/6 1849, død 1939, gift 20/6 1878 med Elen Kristiansdotter (Skrettingland 21 b.) fødd 6/4 1850, død 2/8 1919. Johannes tok over bnr. 10 etter faren i 1890. 6 barn:

- a. Abraham, f. 6/9 1879, til Amerika.
- b. Kristian, f. 29/9 1881, til Amerika.
- c. Peder Skretting, f. 9/9 1883 (129).
- d. Anna, f. 23/2 1886, g. 11/9 1906 m. Anton (S-Tjemsland 62).
- e. Rakel, f. 25/1 1888, g. 18/11 1911 m. Peder Torstenson (Skretting 130).
- f. Malena, f. 19/7 1890, g. m. Martin Isakson Håland, i Amerika.

NB. Johannes flytte til Varhaug st. og kjøpte huset av Grant Gronning (168).

113. Sven Andersson (80 a.) fødd 23/12

1855, gift 14/12 1881 med Gustine Maria Napoleonsdr. (Njølstad, Nærbø 14 a.) fødd 9/4 1855, død 16/11 1916. Sven kjøpte bnr. 1 av faren i 1881 for 2268 kroner + følge i 1881. Kring 1890 reiste han til Amerika, der han døde. Dei fekk 3 barn:

- a. Anders, f. 13/10 1882, død 30/10 s. å.
- b. Anders, f. 10/9 1884, busett i Minnesota.
- c. Aksel Napoleon, f. 10/9 1887, død 22/3 1969, g. m. Anna Molaug, f. i Frafjord 12/3 1885, død 3/2 1967. Skulestyrar i Stavanger.

114. Jonas Larsson (Sæland 18 j.) fødd 15/7 1851, død 14/4 1920, gift 15/11 1883 med Kirsten Gitlesdotter (S-Varhaug 96 c.) fødd 22/1 1854. Jonas kjøpte bnr. 16 av Rasmus Mikkelsen i 1886 for 4000 kroner. 4 barn:

- a. Lars, f. 2/10 1884, død 21/5 1950, g. 4/6 1910 m. Maria Ådnesdr. (Skrettingland 31 f.), død 1/10 1969. Han var banevaktar på Vaulen.
- b. Berta Kirstina, f. 27/10 1887, død 1924, ugift.
- c. Gitle Bertinius Skretting, f. 4/12 1892 (132).
- d. Ingeborg, f. 30/5 1897, g. 5/4 1924 m. Martin Gabrielson (Ueland 80 c.).

115. Erik Erikson (77 b.) fødd 24/1 1850, gift 9/11 1886 med Berta Pedersdotter (Haugstad 46 b.) fødd 8/9 1853. Han tok over bnr. 4, Vollen, og bnr. 5 og 6. Dei hadde ei dotter:

- a. Malena, f. 11/3 1886, g. m. PerJohannesson (129).

116. Torsten Torgerson (78 d.) fødd 20/11 1845, gift 12/11 1885 med Margreta Pedersdotter (Haugstad 46 d.) fødd 28/10 1858. Torsten kjøpte bnr. 26 av faren i 1880 for 1300 kroner + følge. 6 barn:

- a. Torger, f. 22/8 1886, g. 1) 17/11 1909 m. Johanna Margreta Skår, f. i Nærbø 28/8 1888, død 1919, g. 2) m. Monica Marie frå Danmark, død 4/9 1940, g. 3) m. Astrid Elvebakken. T. Skretting var grosserar i kraftfor og kunstgjødsel og landbruksmaskinar i Stavanger.
- b. Peder T. Skretting, f. 28/3 1888 (130).
- c. Torsten, f. 6/11 1889, død i Amerika 8/11 1950.
- d. Maria, f. 28/1 1892, død 3/11 s. å.
- e. Karl Skretting, f. 11/11 1893 (131).
- f. Maria Skretting, f. 25/4 1897.

117. Abraham Bendikson (86 c.) fødd 29/5

1866, gift 1/11 1887 med Anna Eriksdotter (72 h.) fødd 21/7 1865. Abraham tok over bnr. 22 av faren kring 1890. 10 barn:

- a. Hanna, f. 26/2 1888, g. m. Martin P. (Skrettingland 32).
- b. Taletta, f. 15/11 1889, g. m. Helge (Ånestad 93 a.).
- c. Elen, f. 9/9 1891, død 8/6 1893.
- d. Elen, f. 14/3 1894, g. m. Ole Hobberstad (Bratland 44).
- e. Bendiks, f. 22/5 1896, død 24/11 1898.
- f. Erik, f. 23/3 1898, død 1/6 1905.
- g. Berta, f. 29/5 1900, g. m. Ole Olausson Dubland (Bratland 39 g.).
- d. Peder, f. på Håland 12/8 1828, g. 1) 11/3 1861 m. Taletta Tollaksdtr. Båden (Reime 36 d.), g. 2) 23/4 1868 m. Berta Maria Jensdtr. Folkvor. Han var skomakar på Sandnes.

51. Tjøl Pederson (S-Tjemsland 31) fødd 26/10 1806, død 3/6 1881, gift 4/11 1827 med Anne Berte Larsdotter (Store Håland, Nærbø 15 g.) fødd 3/9 1800, død Øgard 25/6 1874. Tjøl kom til Stølane i 1830. 9 barn:

- a. Malena, f. på S-Tjemsland 8/12 1828, g. 9/4 1850 m. Bernt Erikson Hinna.
- b. Peder, f. på Tjemsland 14/11 1829, g. 18/8 1857 m. Karen Elisabet Hansdtr. (Hårr 49 e.), reist til Stavanger. Deira dotter Karen Berte g. m. Johan Hjorth (Ognå 34).
- c. Berta, f. på Stølane 10/8 1831, død 15/12 1905, ugift.
- d. Lars, f. 2/4 1833, g. 2/11 1865 m. Else Tolleivsdtr. Refsland, Sokndal (S-Tjemsland 58).
- e. Elen Tabitta, f. 9/6 1835, g. 11/2 1854 m. Paul Tjerandson (Odland 52).
- f. Anne Berte, f. 19/9 1837, g. 4/12 1867 m. Martin A. Skjæveland i Høyland.
- g. Abraham, f. 17/12 1840, g. i Stavanger 27/5 1868 m. Karoline Eugene Josefine Gustava Karlsdtr. Strøm, f. i Sør-Odalen.
- h. Maria, f. 13/3 1843, g. 6/4 1865 m. Tore Tønnesson Anda (Rugland 35).
- i. Tabitta, f. 9/8 1838 (sjå under Ueland 52 e.).

51B. Helge Helgeson (Ånestad 45 e.) fødd 1780, gift 1) 1818 med Ranveig Johannesdotter (Risa 55 b.) fødd 1786, død 14/4 1819, gift 2) 4/6 1820 med Rakel Roaldsdotter Kvasheim, f. i Oгна 1788. Han hadde vore skreddar i Bergen, men busette seg på Åen under Håland. I 1824 flutte han til Stavanger og døde der i 1830. 1 son i andre gifte:

a. Rasmus, f. på Håland 1/10 1820.

52. Tollak Tollakson, son til Tollak Olson Kartevoll i Time og Lavrentsa Toresdr., f. Tunheim. Fødd 1791, død 27/8 1876, gift 2/4 1823 med Gitlaug Eriksdotter Åen (Næsheim 71 b. og Håland 36) fødd 15/8 1790, død 24/2 1870. Dei budde på Åen, truleg etter Helge Helgeson. 5 barn:

a. Erik, f. 19/10 1823, død 7/6 1847.

b. Elisabet, f. 26/8 1827, g. i Oгна 8/11 1852 m. Peder Engen Erikson, Sirevåg.

e. Grete, f. 8/9 1830, g. 12/4 1866 m. Gjermund Olson (Søyland, Nærbø 39).

d. Tollak, f. 6/6 1832, død 17/2 1901, ugift og vanhelsa.

e. Tønnes Håland, f. 8/6 1834 (74).

Då Tollak sin bror, Tore Tollakson Kartevoll, var død, kom foreldrene, Tollak Olson og Lavrentsa Toresdr. til Tollak på Åen. Dei døde på Stølane, Tollak 20/8 1829 og Lavrentsa 9/2 1836.

53. Gunnar Kristofferson, son til Kristofer Tollakson Grøtheim i Time og Marta Jørgensdr. Han var fødd i 1791, død som fattiglem på Haver i Oгна 14/5 1865, gift 29/3 1818 med Berta Serina Svalesdotter, fødd i Klepp 1793, død 1873, dotter til Svale Pederson Pollestad og Sara Gunnarsdr. Re. I 1836 kjøpte han ein part på Håland i Varhaug av Peder Rasmusson Erga, som han før hadde byksla. Han er ikkje nemnd i futerekneskapen, og eg kan ikkje sjå at Peder Erga åtte gods på Håland. Gunnar kom seinare til Hadland i Oгна. 3 barn var fødde på Rosland i Klepp:

a. Gabriel, f. i Time 16/8 1820, død på Bø i Nærbø 3/6 1896, g. 14/11 1845 m. Guri Toresdr. Kartevoll. Budde ei tid på Hadland i Oгна.

b. Siver, f. 28/7 1823, død på Rosland 24/10 1827.

c. Kristian, f. 27/9 1827, g. i Stavanger 1852 m. Anna Rasmusdr. (Rimestad 43 c.).

54. Jakob Mikkelson, son til Mikkel Pederson Topdal i Oгна, frå Røysland i Bjerkreim og Helga Jakobsdr., fødd 13/5 1806, død 5/2 1898, gift 1) 27/8 1829 med

Elisabet Svendsdotter (Skretting 51 c.) fødd 8/4 1808, død 19/6 1875, gift 2) 25/7 1876 med Berta Karina Pedersdotter (S-Tjemsland 32 a.) fødd 1825, død på Kydland 3/12 1904. Jakob budde som husmann på Vadlastødl, Hålandsbakken, hadde 5 barn i første gifte:

a. Sven (S-Tjemsland 42), f. 1829.

b. Hans Mikal Håland, f. 22/9 1839 (78).

c. Karen Elisabet, f. 21/2 1836, g. 1) 1857 m. Sven Ingebretson (Mæland 33), g. 2) 1880 m. enk. Elling Ivarson (Herigstad 60).

d. Jakob Håland, f. 1838 (71).

e. Elen Tabitta, f. 3/8 1842, g. m. Tolleiv Asbjørnson (N-Halleland 42).

55. Ingebret Larsson (Kydland 24 f.) fødd 9/12 1812, gift 10/3 1833 med Elisabet Eriksdotter (37 b.) fødd 15/6 1816. Ingebret brukte 9 spand saman med Tore Torgerson i 1850, men han var komen til Håland alt i 1837 og var der ennå i 1857. Korkje han eller kona finst gravlagde i Varhaug, så dei må vera bortflutte. 9 barn f. på Håland:

a. Erik, f. 19/8 1837.

b. Lars, f. 20/4 1839, død 7/5 s. å.

c. Lars, f. 4/3 1842, død 29/3 s. å.

d. Lars, f. 10/9 1843, død 8/2 1844.

e. Guri, f. 27/5 1845.

f. Ludvig, f. 16/6 1846, reist til Helleland.

g. Ingebret, f. 19/2 1851.

h. Grete Elisabet, f. 22/8 1854, g. i Stavanger 9/11 1876 m. sjømann Hans Jørgen Langballe, Strand, f. 22/8 1854.

i. Anna Guria, f. 1/1 1857, død 27/1 s. å.

56. Tore Torgerson (bror til Torger — Skretting 78). Han var fødd i Oгна 1805, død på Håland 26/12 1850, gift 16/10 1836 med Berta Mathiasdotter (Aniksdal 48 b.) fødd 6/8 1815. Tore kjøpte 3 spand av Gabriel Gabrielson (39 c.) i 1844 for 50 dalar -T folge til Erik Olson Hetland (37?). Det var den 9 spand-parten som Ingebret Larsson brukte 6 spand av. Tore hadde butt på Aniksdal før han kom til Håland, og 2 av barna var fødde der. Tore og Berta hadde 6 barn:

a. Grete Elisabet, f. 11/7 1839, død 5/12 1897, ugift.

b. Torger, f. 13/5 1842, død 2/3 1876, ugift.

c. Anne Margreta, f. 7/8 1845, død på Håland, ugift.

d. Karen Kirstina, f. 12/12 1847, g. 22/4 1879 m. Lars Olson (Djøseland 47).

- e. Morthen Mathias, f. 29/4 1850, død 3/5 s. å.
 f. Tore Mathias, f. 28/3 1851, død 17/4 s. å.

57. Tollak Ellingson (38 a.) fødd 5/8 1819, død ugift og sinnsjuk. Han kjøpte 9 spand og fekk kongeskjøte i 1847 for 650 dalar. I 1850 var han saman med broren Lars om dei 9 spand. I 1868 løyste brørne Mikkel og Elling inn bruket av Tollak.

58. Elias Kristofferson, son til Kristoffer Jakobson Lintjørn i Oгна og Anna Knutsdtr. Fødd i Oгна 21/4 1805, død 20/2 1865, gift 19/5 1845 med Elisabet Ludvigsdotter (N-Varhaug 27 f.) fødd 21/12 1820. Elias var søskendbarn til den andre kona hans Erik Olson (37) og i 1849 byksla han Stølane, som truleg har lege til den parten. I bykselbrevet er plassert kalla Volden. Elias skulle gje følge til enkja Kirsten Amalia Jakobsdtr., som døde på Herredsvela 9/5 1858. Dei hadde 7 barn:

- a. Ane Bergitte, f. 23/5 1845, g. m. Søren Svenson (86B).
- b. Elen Kistine, f. 14/1 1848.
- c. Kornelius, f. 8/12 1850, g. 1) i Stavanger 22/12 1878 m. Valette Olsen, f. i Stavanger 1857, g. 2) m. enkja etter Mathias (Tvihaug 40), Serina Svensdtr. Budde i Stavanger.
- d. Rakel Elisabet, f. 23/7 1854, g. 31/3 1876 m. Ole Mikal Klausson (Stavneheim 38 c.).
- e. Vilhelm, f. 11/1 1857, til Amerika.
- f. Elen Olina, f. 1/3 1860, g. m. Gunnar Tjerandson (Odland 53 c.).
- g. Johanna Kristine, f. 11/8 1863, g. m. Jakob Jakobson (71).

59. Abraham Pederson (40 d.) fødd 2/3 1817, død 10/2 1886, gift 1) 20/11 1844 med Gjertine Malena Gjermundsdotter, fødd i Sokndal 16/12 1814, død 4/12 1855, dotter til Gjermund Jensson Fidje i Sokndal og kona Bodil Gurie Andersdtr., f. Eikeli. Gift 2) 25/11 1857 med Olina Johannesdotter (Voll 54B b.) fødd 19/9 1823, død 26/9 1881. Han var husmann på Røyrmyr etter faren. 3 barn i første gifte og 3 i andre:

- a. Peder Håland, f. 6/8 1845 (75).
- b. Grete Malena, f. 16/7 1848.
- c. Malena, f. 29/5 1852, g. 1874 m. Ole Johannes Tønnesson (N-Tjemsland 39).
- d. Johannes, f. 8/2 1857, g. i Stavanger 28/1 1881 m. Inger Serina Johannesdtr., f. i Hjelmeland 1848.
- e. Gabriel Mathias, f. 9/9 1859, død ugift.

- f. Anna, f. 20/6 1864, til Arendal i 1885. Ein son ue.: Jon Alfred Jonson, f. 27/6 1886.

60. Siver Ivarson (Mæland 28 c. og Skretting 97) fødd 19/1 1824, død på Skretting 22/10 1859, gift 17/11 1847 med Gjertrud Gabrielsdotter (39 e.) fødd 11/1 1826, død på Skretting 2/12 1902. Siver kjøpte 4 1/2 spand av verfare i 1848 for 180 dalar. Då han var død gifte enkja seg med Anders Klausson (Skretting 98). 3 barn:

- a. Ivar, f. 25/10 1849. Han var bibliotekar i Bergen.
- b. Elen Maria, f. 15/8 1852, død på Skretting, ugift.
- c. Malena, f. 24/8 1855, g. 1884 m. Gunnar Erikson Øgar (N-Halleland 33 c.). Bakar.

61. Bendiks Olson Kongvaren, bror til 49 (S-Tjemsland 28 e.) fødd 7/12 1807, død 19/1 1883 (sjå Mæland 29). I 1848 kjøpte han dei andre 4 1/2 spand av Gabriel Kristofferson, som versonen Elling Ingebretson tok over i 1852.

62. Sven Ivarson (Mæland 28 b.) bror til 60, fødd 14/12 1821, død 27/2 1901, gift 23/11 1852 med enkja etter 56, Berta Mathiasdotter. Han tok over 9 spand etter Tore Torgerson og Ingebret Larsson i 1852. I 1859 hadde Gabriel Torkelson teke over dei 6 spand, og Sven brukte då berre 3 spand. Han var følgemann i 1875 og døde 27/2 1901. 3 barn:

- a. Mikal Tobias Håland, f. 24/7 1853 (85).
- b. Ivar, f. 25/9 1855, g. i Stavanger 12/10 1884 m. Theodora Margreta Taraldsen, f. Gramstad 1856, til Amerika.
- c. Martin, f. 20/1 1861, død 15/8 1863.

63. Elling Ingebretson (Skrettingland 17 c.) fødd 3/6 1822, død 17/12 1892, gift 16/6 1852 med Berta Elisabet Bendiksdotter (Mæland 29 a.) fødd 16/3 1831, død på Auestad 23/5 1910. Elling kjøpte 4 1/2 spand av verfare (61) i 1852 for 400 kroner (dalar?) + følge. Det var bnr. 14 i 1886, men i 1900 er dette bnr. ikkje med. I 1906 har Gustav Håland bnr. 14 og 15. Elling og Berta Elisabet hadde 10 barn:

- a. Bendiks, f. 13/9 1853, død 16/10 1863.
- b. Jonas, f. 18/9 1855, død 6/6 1856.
- c. Malena, f. 5/5 1857, g. m. Mauritz Jothun, budde i Egeskog.
- d. Jonas, f. 30/11 1858, død 22/7 1860.

- e. Jonas, f. 2/6 1861, g. 1897 m. Maria Tobiasdtr. Kydland (Auestad 51).
- f. Bendiks, f. 6/1 1864, død 24/2 1872.
- g. Marta, f. 2/6 1867, død 24/2 1872.
- h. Beneditta, f. 18/3 1870, død 19/2 1872.
- i. Martin Bertinius, f. 19/7 1871, g. 29/11 1900 m. Malena Tobiasdtr. (Kydland 31 b.) f. 10/11 1872. Han var bygningsmann og budde ymse stader. Dei hadde 4 barn: 1. Elling, f. 27/7 1901, død 5/12 1918. 2. Tobias, f. 17/11 1902. 3. Berta, f. 21/1 1905, g. m. Jørgen Kjelsrud, Kolbotn. 4. Magnus Håland, f. 15/2 1907, g. 21/6 1941 m. Randi Lerbrek. Vegvaktar, bur på Lerbrek.
- j. Berta Elisabet, f. 10/11 1874, død 12/11 1957, ugift.
64. Gabriel Torkelson (Lindal, Nærbø 16 c.) fødd 13/8 1806, død 30/3 1877, gift i Time 12/10 1834 med Rakel Maria Berntdotter, fødd 26/11 1814. Han hadde butt på Undheim og på Våland før han i 1858 kjøpte Heien av Håland av Elling og Mikkel Tollakson og Hans Jonson for 150 dalar, og i 1859 kjøpte han dei 6 spand av Ingebret Larsson (55) for 600 dalar. I 1886 er han førd på bnr. 6, Volden, og bnr. 7, Kjellebakken. Av dei 10 barna var berre 1 f. på Håland, men me skal ta med alle her:
- a. Tobias, f. på Undheim 11/6 1835 (sjå 82).
- b. Bernt, f. 6/6 1836, død 9/4 1851.
- c. Kornelius, f. 23/8 1839.
- d. Maren, f. 1842, g. m. Ludvig Olson (69).
- e. Garman, f. 12/3 1844, død i Stavanger 19/6 1910, g. m. Anne Marie Jørgensen, f. i Skjold 6/7 1849.
- f. Karoline, g. m. Anders Kristianson Fuglestad i Oгна, dei var søskenbarn.
- g. Rakel Maria, f. 10/12 1848, g. 1) 1876 m. Torkel Tobias Olson Tunheim, reist til Amerika.
- h. Kornelius Håland, f. 11/12 1849 (82).
- i. Bernt, f. i Time 24/7 1854, død i Amerika.
- j. Bertine, f. på Håland 20/7 1858, død i Amerika.
65. Ola Larsson Vadlastøl var skuldig 40 dalar til Tollef Olson Helland i 1860. Han selde husene og buskapen, innbu og lausøyre m. m. på Vadlastøl til Tollef Helland og A. Lindal for dei 40 dalane. Eg veit ikkje kven han var.
66. Rasmus Rasmusson (44 b.) fødd 23/10 1826, byksla Heien av Elling Tollakson, Sven Ivarson, Sivart Ivarson og Bendiks Olson i 1853. Budde seinare på (Skrettingland 27).
67. Johannes Johannesson var husmann på Stølane i 1865, han var då 39 år, og har gitt opp Klepp som fødestad. Kona heitte Kristina Kristiansdotter, var 40 år og fødd i Time. Eg har ikkje funne noken døypt i Klepp som kan høve på han, men i Time fann eg Kristina Kristiansdtr. på Tjensvoll, f. i 1825. I Stavanger er gifte i 1848 Johannes Johannesson frå Malde og Kristina Kristiansdtr. frå Særheim i Klepp, men om det var dei som var på Håland er og uvisst. Dei hadde 3 barn som var fødde i Stavanger: Ingeborg 9 år, Karen 5 år og Kristian 3 år.
68. Hans Jonson (Opstad 58 d.) fødd 29/4 1829, død 3/10 1914, gift 4/3 1858 med Inger Mikkelsdotter (Opstad 55 g.) fødd 23/10 1832, død 9/7 1922, Hans Jonson kjøpte 4 1/2 spand av enkja Gjertrud Gabrielsdotter (60) i 1864 for 500 dalar, Melholen, bnr. 17. 9 barn:
- a. Anna Helena, f. 25/7 1858, g. 1881 m. Kornelius (82).
- b. Jon Håland, f. 8/6 1860 (93).
- c. Mikkel, f. 30/5 1862 (N-Tjemsland 45).
- d. Inger, f. 20/5 1865, g. 1895 m. Johannes Larsson Haugstad (N-Halleland 47).
- e. Elen, f. 15/3 1867, død på Nærbø 1/1 1951, g. i Amerika m. Rasjnusson frå **Danmark**
- f. Hanna, f.*10/12 1868, død.
- g. Justine, f. 27/12 1870, g. m. lærar Endre Dybvig.
- h. Hans Håland, f. 4/12 1872 (Nærbø st. 22).
- i. Helmik Håland, f. 27/4 1875 (98).
69. Ludvig Olson (49 a.) fødd 28/8 1832, død 22/8 1913, gift 21/6 1861 med Maren Gabrielsdotter (64 c.) fødd i Time, død 30/11 1928. Ludvig var gråsteinsmurar, tok over bnr. 14 og 15 etter Elling Ingebretson (63). 5 barn:
- a. Gustav Håland, f. 31/7 1861 (86).
- b. Regina Maria, f. 27/8 1863, g. 1888 m. Karl M. Rugland.
- c. Ole Ludvigson Håland, f. 21/2 1866 (94).
- d. Tomine, f. 5/3 1870, g. 1905 m. Helmik (Høyland 167).
- e. Maren, f. 24/4 1875, g. 1) 15/9 1895 m. kjørar i Stavanger Isak Mandius Sørensen.

70. Anders Andersson (Skretting 85) fødd 27/8 1830, gift 15/10 1857 med Berta Nilsdotter (Valdeland 10 c.) fødd 26/10 1836, død 14/6 1920. Anders kom til Stølane som husmann i 1860. 13 barn:

- a. Johanna, f. på Valdeland 20/12 1858, død ugift.
- b. Boletta, f. på Haugland 1/3 1860, g. 1) m. Abraham Jakobson (Voll 75 c.), budde på Sandnes, g. 2) m. enk. Mikkel Larsson (Opstad 80).
- c. Anna Elisabet, f. på Stølane 3/3 1862, g. 1891 m. Ola Hansson (Vigrestad 47).
- d. Nils, f. 16/12 1863, død 4/7 1864.
- e. Berta, f. 26/5 1865, død 15/12 1870.
- f. Anna, f. 17/6 1877, død 18/12 1889.
- g. Nils, f. 10/11 1869, død 11/4 1872.
- h. Anton, f. 7/1 1872, død 28/9 1883.
- i. Nils Håland, f. 31/7 1874 (92).
- j. Berner Håland, f. 8/7 1876 (95).
- k. Nikolai, f. 19/3 1878, g. 1) m. Severine Avaldsnes, g. 2) m. Berta Imsland, budde visst i Stavanger.
- l. Berta, f. 10/8 1881, død 4/1 1884.
- m. Anton Håland, f. 18/1 1886, bur på Vigrestad, ugift.

71. Jakob Jakobson (54 d.) fødd 21/10 1838, død 14/9 1913, gift 11/4 1861 med Guri Mauritzdotter (Skretting 61, Njærheim 99 b.) fødd 8/2 1826, død 28/4 1896. Han kjøpte plassen Vadlastøl, Hålandsbakken, bnr. 1, i 1867 av Gabriel Torkelson for 65 dalar. Gift 2) med Johanna Kristine Eliasdatter (58 g.) fødd 11/8 1863. 1 barn i første gifte:

- a. Elisabet, f. 4/8 1862, død 11/8 s. å.

72. Siver Ivarson (Ueland 66) fødd 9/12 1832, død 16/1 1897, gift 18/11 1858 med Berta Malena Larsdotter (Herigstad 51 b.) fødd 17/5 1839. Siver byksla Vadlastøl av Mikkel og Elling Ellingson i 1863. Denne parten, lnr. 227a og 227b, låg visst ikkje under Hålandsbakken, og var kanskje det som seinare var bnr. 19. 9 barn:

- a. Jorina, f. på Ueland 28/6 1859, død 24/3 1948, g. i Stavanger.
- b. Jonas, f. på Herigstad 24/12 1861, g. i Skien.
- c. Lars (Torland 79), f. 5/12 1865.
- d. Arie Berte, f. på Håland 28/11 1868, til Amerika i 1890, seinare misjonær i Kina, g. m. Sama Ole Mikkelsen. Ein son var engelsklærer på Bryne.
- e. Berta Malena, f. 31/12 1871, g. m. Kristian Erikson (Aniksdal 57 f.), reist til Amerika.
- f. Sikke, f. 13/8 1875, g. i Amerika.
- g. Grete, f. 9/12 1878, g. i Stavanger.

- h. Helmik, f. 10/12 1881, til Amerika.
- i. Sivert, f. 15/9 1885.

73. Tønnes Eliasson (Odland 41 g.) budde på Stølane i 1865. Flutte til (Reiestad 38) i 1867.

74. Tønnes Tollakson (52 e.) fødd 8/6 1834, død 4/10 1898, gift 28/11 1867 med Torborg Maria Olsdotter (Voll 79 a.) fødd 18/4 1840, død på Nærbø 2/2 1919. Tønnes kjøpte Åen av enkja Rakel Maria Berntsdtr. (64) og Mikal Tobias Svenson (85) i 1879 for 360 kroner. 5 barn:

- a. Tobias (Bø i Nærbø 131), f. 30/9 1868.
- b. Ole Tønnessen, f. 7/9 1870 (sjå Bø 146).
- c. Erik Håland, f. 14/12 1874 (Skjærpe 42).
- d. Grete, f. 27/1 1878, g. m. Tobias (Bjorland 22 d.).
- e. Elisabet, f. 6/2 1881, g. m. Hans Jonson Boganes i USA.

75. Peder Abrahamson (59 a.) fødd 6/8 1845, død 10/6 1933, gift 20/8 1868 med Malena Pedersdotter, fødd i Klepp 29/5 1845, død 10/6 1933, dotter til Peder Berntson Rosland og Ester Malena Svensdtr. Opstad. Peder kjøpte Røyrmyr på Hålandsbakken, bnr. 2, av Rakel Berntsdtr., Mikkel Ellingson og enkja Malena Eriksdtr. (76) i 1879 for 480 kroner. I 1874 hadde han kjøpt Heien av Johannes Johannesson (67), men det selde han att til Nils Mikal Andreasson (Skretting 105) som så selde til Albret Olson. Peder kjøpte seinare Toppaland (Auestad 53). 9 barn:

- a. Gjertrud Malena, f. 17/6 1870, g. 1895 m. Sivert Pederson (Rugland 91).
- b. Elen Maria, f. 20/5 1872, g. m. Jonas Jonasson Hetland på Hadland i Oгна.
- c. Grete, f. 25/6 1874, død 4/10 1965.
- d. Abraham, f. 13/8 1876, død 8/9 1893;
- e. Pernille, f. 1/2 1879, g. 22/6 1902 m. Augustinus Sebulon Tønnesson Næse i Klepp, budde på Sømme.
- f. Malena, f. 16/4 1881, g. i Stavanger 1/6 1902 m. matros Anton Andersen, f. i Agdenes 1878 (Auestad 53).
- g. Peder Håland, f. 20/1 1884 (96).
- h. Ole, f. 3/12 1886 (sjå Høyland 177).
- i. Laurits, f. 25/4 1889 (sjå Rimestad 73).

76. Elling Ellingson (38 f.) fødd 25/1 1829, død 16/5 1870, gift 8/4 1862 med Malena Eriksdotter (Skretting 72 a.) fødd 15/8 1843, død 8/9 1899. Han kjøpte bnr. 12 av

- broren Tollak i 1868 for 500 dalar. 3 barn:
- Malena, f. 29/3 1863, g. m. Erik Svenson (Ånestad 96).
 - Taletta, f. 25/10 1865, g. m. Abraham Tobias (S-Varhaug 116).
 - Elling Håland, f. 27/9 1868 (89).

77. Mikkel Ellingson (38 c.) fødd 25/1 1824, død 19/5 1912, gift 22/10 1868 med Guri Olsdotter (Valdeland 11 c.) fødd 12/1 1845, død 29/3 1932. Mikkel kjøpte bnr. 11 av broren Tollak i 1848 for 200 dalar + folge til foreldrene. Barn:

- Elling Mikkelson Håland, f. 1/9 1869 (90).
- Malena, f. 21/9 1870, g. 1898 m. Abraham R. (Skretting 124).
- Kirsten, f. 25/10 1871, død 21/4 1873.
- Ole, f. 3/1 1873, g. 3/9 1902 m. Kirsten Tollene Tolleivsdotter Nygård, Sirevåg. Handelsmann på Vigrestad.
- Kirsten, f. 15/9 1874, g. 1900 m. Johannes (Vigrestad 55).
- Gurina, f. 2/5 1876, g. m. Hans Hansson (68 h.).
- Mikkel, f. 4/1 1878, død i Amerika, ugift.
- Enevald (Skretting 127), f. 4/9 1879.
- Asbjørn, f. 13/9 1881, g. m. Margreta Olsdr. Friestad, f. i Klepp 5/10 1886. Murmeister i Stavanger.
- Tobias, f. 14/4 1885, g. 18/12 1909 m. Tabitta Olsdr. (Husveg 44 a.), g. 2) 1954 m. Sofie Salvesen. Banevaktar.
- Erik, f. 13/1 1887, død 3/11 1905.
- Karl, f. 23/11 1883, g. 11/9 1909 m. Berta Maria Kristoffersdr. Åsland. Kontorist ved Kvernelands Fabrik, seinare handelssjef i Stavanger.

78. Hans Mikal Jakobson (54 b.) fødd 22/9 1839, gift 3/5 1864 med Elen Pedersdotter Myrene under Staple i Vikedal, fødd 1837, død 8/7 1913. Han var husmann på plassen Bølje på Hålandsbakken, kanskje ein part av Vadlastøl. I 1900 er han kalla pensjonert jernbanearb. Han var helst kalla "Hana-Mikal". Dei hadde ei dotter:

- Elisabet, f. 4/2 1865, g. 1888 m. Lars T. (Herigstad 68).

Hans Mikal hadde ei dotter ue.:

- Ingeborg, f. i Klepp 13/4 1863, g. 2/1 1884 m. Tønnes Toreson Herredsvela, f. 26/11 1854.

79. Ole Kristianson Pigberg brukte ein part på Håland i 1875, og var sjølveigar på bnr. 1, som Gabriel Torkelson hadde i 1865. Han var fødd i Høyland i 1830, son til Kristian Olson Åse i Høyland frå Njå og

Elen Maria Svensdr. frå Øksnevad i Klepp. Gift i Time 31/3 1859 med Anna Maria Gabrielsdotter Kverneland, f. 25/2 1835. Dei hadde med seg 5 barn på Håland, men ingen var f. der. Ei dotter var:

- Alethe Maria, f. i Time 8/8 1867, g. 1895 med Peder Johannesson (Bjørheim 23 g.).

80. Jonas Svenson Undheim, var sjølveigar på Heien, bnr. 3 i 1875, eller var det Stølane. Han var son til Sven Andersson Undheim, fødd 1843, g. m. Ingeborg Torgersdotter, fødd Litle Undheim 27/11 1848. Budde seinare på Håklepp av Tunheim i Time.

81. Sven Larsson Tjelta, fødd 1858, gift i Stavanger med Anna Svensdotter (S-Tjemsland 42 a.). Dei budde på Vadlastøl i 1877.

82. Tobias og Kornelius Gabrielsøner (64 a. og g.) skifte Inr. 226a. millom seg i 1880, men berre Kornelius er nemnd i 1886 på bnr. 1. Han var fødd i Time på L-Undheim 11/12 1849, død 11/7 1920, gift 1) 23/11 1871 med Elisabet-Kirstine Torstensdotter (Skrettingland 28 a.), fødd 15/9 1848, død 21/5 1880, gift 2) 7/4 1881 med Anna Helena Hansdotter (68 a.), fødd 25/6 1858. Kornelius kjøpte bnr. 4 og 8, Brønden og Osen, av mora i 1879 for 500 kroner. Ei dotter:

- Elisabet, f. 2/1 1882, g. 13/3 1903 m. Mathias Mathiasson (Haugstad 54 g.).

83. Abraham Tobias Nilsson (Skretting 118) er nemnd på Håland i 1879, men han budde vel helst på Skretting.

84. Albret Olson, son til Ola Olson Re frå S-Tjemsland (34 d.), fødd på Re i Time 2/2 1850, død 1926, gift 5/11 1874 med Berta Olina Pedersdotter Rosland, fødd i Klepp 16/9 1853, død 1933, søster til Malena (sjå 75). Albret budde ei tid på Medhodl (Torland 59). I 1890 kjøpte han Heien bnr. 3, av Nils Mikal Andreasson (Skretting 105) for 2000 kroner. 11 barn:

- Regina, f. på Rosland 25/3 1875, g. m. Tollef K. Erga.
- Elen Maria, f. på Torland 5/3 1878, død 6/4 1898.
- Ola, f. 5/3 1880, død 19/6 1905.
- Anne Bergitte, f. på Håland 30/7 1882, g. m. Peder Pederson (96).
- Karen Pauline, f. 29/3 1885, g. 19/5 1906 m. Enevald Enokson Stokka i Håland.
- Albret Håland, f. 11/4 1887 (97).

- g. Bernhard, f. 15/3 1889, g. 1926 m. Anna Olsdotter (Høyland 153 c.). Skomakar på Pollestad i Klepp.
- h. Egine Elisabet, f. 7/7 1893, i Stavanger.
- i. Anna, f. 1/6 1891, g. m. Lars Sandnes, Tasta.
- j. Elen Maria, f. 27/3 1899, død 30/7 1913.
- k. Oskar, f. 31/8 1895, g. 1927 m. Justine Olsdtr. Salte. Bur på Erga i Klepp.

85. Mikal Tobias Svenson (62 a.) fødd 24/4 1853, død 29/12 1933, gift 23/3 1893 med Inger Elene Gunnarsdotter (Voll 101 a.) fødd 2/9 1869, død 4/4 1939. Han kjøpte bnr. 2 av Tore Torgerson sine arvingar i 1877 for 800 kroner T- følge til foreldrene. 8 barn:

- a. Sven, f. 5/7 1894 (N-Tjemsland 51).
- b. Berta, f. 8/8 1895, g. m. Nikolai Enevaldson Tunheim i Time.
- c. Gunnar Håland, f. 16/11 1896 (104).
- d. Mikal Tobias, f. 21/7 1899, død 6/8 s. å.
- e. Kirsten Amalia, f. 30/1 1901, g. 1923 m. Sven Larsson (S-Varhaug 149).
- f. Kristine, f. 5/3 1905, g. 8/5 1927 m. Alm Nikolaison Berge, Gjesdal. Bur i Time.
- g. Inger, f. 6/11 1902, død s. dag.
- h. Grete, f. 2/4 1909, død 12/12 1943.

86. Gustav Ludvigson (69 a.) fødd 31/7 1861, død 3/6 1929, gift 9/4 1891 med Serina Pedersdotter (sjå under 64 a.) fødd i Høyland 1867, død 13/4 1963. Gustav brukte bnr. 14 og 15 i 1906, som Elling Ingebretson og Ludvig Olson hadde i 1886. 9 barn:

- a. Laurits Håland, f. 14/9 1891, død 1941, g. 24/6 1916 m. Ingeborg Johannsdtr. (Reiestad 44 f.). Han var bane-meister ved Jærbanen.
- b. Tobias Håland, f. 18/4 1893, g. 6/1 1919 m. Karen Laurentse Erland, f. i Skjold 6/1 1895. Han er konduktør ved Jærbanen.
- c. Gustav Håland, f. 15/1 1895, død i USA 1954. Han var diplomingeniør i Amerika, ugift.
- d. Ragnvald Martinius Håland, f. 15/2 1897 (102).
- e. Anne Cicilie, f. 11/5 1899, g. 1930 m. Kristian Ellingson (Herigstad 84).
- f. Magnus Håland, f. 24/7 1903 (106).
- g. Seline, f. 9/5 1906, g. 1936 m. Einar Rimestad (Hårr 95).
- h. Per Håland, f. 5/3 1909, g. 1937 m. Liv Aarthun, bur i Eggersund.

- i. Maria, f. 3/10 1912, g. 4/6 1932 m. Trygve Larsson Hegelstad.

86B. Søren Svenson Kartevoll, son til Sven Svenson Kartevoll i Time og Marta Larsdtr., fødd 3/9 1852, død på Djøseland 5/10 1898, gift 1/7 1875 med Ane Bergitte Nilsdotter (58 a.) fødd 23/5 1845. Søren kjøpte Volden bnr. 16 av Bendiks Olson i 1878 for 360 kroner. I 1878 kjøpte han Gjertholen på Voll av Sem Motland, som då flutte til Håland. Seinare flutte Søren til Rongen på Djøseland. 7 barn:

- a. Maria, f. på Håland 19/8 1875, g. m. Luther Bjorheim (Djøseland 58).
- b. Sem, f. 11/7 1877, var handelsmann i Stavanger.
- c. Elisabet, f. 6/10 1879, død 3/6 1897.
- d. Elen Vilhelmine, f. 27/9 1881, død i Stavanger, ugift, ein son (sjå Djøseland 64).
- e. Lotte Serine, f. 15/10 1883, død 20/9 1896.
- f. Elisa, f. på Voll 14/7 1885, død 8/1 1899.
- g. Oline Amalia, f. 25/3 1888, til Amerika.

87. Sem Simonson (Motland 2i d.) kjøpte Stølane av Mikkel og Elling Ellingson i 1884 for 1000 kroner. Han hadde butt på (Sør-Reime 31) og på (Voll 108), død på Stølane 19/10 1885, og enkja og barna flutte til Nærbo stasjon.

88. Jonas Hansson (Vigrestad 39 d.) fødd 23/6 1853, død 18/7 1923. Gift 7/4 1892 med Elisabet Kirstine Jonsdotter (Store Håland, Nærbo 21 i.), fødd 20/5 1862, død 29/10 1944. Han kom til Stølane etter Sem Simonson i 1888. 3 barn, og Elisabet Kirstine 2 barn før ekteskap:

- a. Malena Eriksdtr., f. 11/3 1886, g. m. Peder Johannesson (Skretting 129).
- b. Kirsten Pedersdtr., f. 14/12 1892, g. m. Johannes Svandal i Sauda.
- c. Oline Jonasdtr., f. 7/2 1895.
- d. Hanna, f. 16/7 1901, g. 10/6 1922 m. Magnus Amdal i Sauda.
- e. Jon Håland, f. 14/10 1905 (105).

89. Elling Ellingson (76 c.) fødd 27/9 1869, død 26/5 1912, gift 7/11 1895 med Rakel Rasmusdtr. (Skretting 95 c.) fødd 4/4 1875, død 21/10 1959. Han tok over bnr. 12 etter faren. 8 barn:

- a. Malena, f. 13/11 1896, død 4/9 1968, budde på Varhaug st.
- b. Tabitta, f. 17/8 1898, bur på Varhaug st.

- c. Magli, f. 5/4 1900, g. 1922 m. Abraham T. (S-Varhaug 132).
- d. Elling Håland, f. 3/2 1902, død 12/8 1968, budde på Varhaug st. saman med søstrene a. og b., ingen av dei gifte.
- e. Rasmus, f. 3/7 1904, i Canada.
- f. Einar, f. 6/5 1906, sjømann, sidan jernbanearbeidar, bur på Varhaug.
- g. Ragnvald, f. 14/10 1909, g. 16/11 1940 m. Elise Marie Fjelstad.
- h. Taletta, f. 7/9 1911, telefondame på Moi.

90. Elling Mikkelsen (77 a.) fødd 1/9 1869, død 27/10 1947, gift 28/10 1898 med Ingeborg Larsdotter (Sæland 22 a.) fødd 16/10 1877, død 19/9 1969. Han tok over bnr. 11 etter faren. 8 barn:

- a. Mikkel Håland, f. 6/9 1899 (103).
- b. Lars, f. 2/12 1900, g. m. Jenny Gjerstad, f. i Lund 27/8 1910, bur på Varhaug.
- c. Guri, f. 29/3 1902, g. 26/4 1924 m. Gunnar P. Høien (Voll 140).
- d. Elen Regina, f. 7/6 1903, død 1947, ugift.
- e. Ingrid, f. 6/5 1905, g. 1956 m. Frithjof Østerberg, Oslo.
- f. Mikala, f. 1/8 1908.
- g. Enevald, f. 3/12 1911, g. m. Maria Tønnesdtr. Garborg, bur på Garborg.
- h. Erik, f. 29/1 1916, g. m. Tora (Auestad 50 a.), seinare skild.

91. Sivert Pederson (Rugland 37 f.) fødd 11/1 1877, gift 8/10 1895 med Gjertrud Malena Pedersdotter (75 a.) fødd 17/6 1870, død i Stavanger 28/1 1951. Dei flutte til Stavanger i 1896, men må vera komne tilbake til Håland, for dei budde på Åen, bnr. 5, i 1900. Seinare flutte dei til Stavanger att. 5 barn er nemnde:

- a. Kirsten, f. 30/1 1896.
- b. Malena, f. 30/4 1898.
- c. Gjertrud, f. 2/2 1900.
- d. Pauline, f. 6/10 1901, g. m. Jonas P. (Refsland 14 f.),
- e. Paul, f. i Stavanger 30/1 1914, g. m. Gerda Karlsdtr. Tu, f. i Høyland 28/5 1916, død 1/11 1960. Bur på Horpestad i Klepp.

92. Nils Andersson (70 i.) fødd 31/7 1874, død 1960. Gift 1) med Gustava Hansdotter Nes, f. i Hakadal 1880, død 9/12 1922, gift 2) 1834 med Anna Vilhelmsdotter Ljosdal, fødd i Sirdal 2/9 1906. Nils var malar på jernbanen. Han kom til Åen etter 91. 10 barn i første gifte og 1 i andre:

- a. Bergljot, f. 29/3 1899, g. 9/5 1929 m. Lars K. Sikveland (Voll 112 h.).
- b. Dortha, f. 18/6 1901, g. m. Andreas Våge, Bokn.
- c. Gunda, f. på Håland 17/3 1903, g. m. Sigurd Munkvik, Oslo.
- d. Alf, f. 11/12 1904, død i Dakota 1952, g. m. Anna.
- e. Klara, f. 24/9 1907, g. 31/5 1924 m. Gustav Risa (Gausland 36 d.), g. 2) m. Peder Andersen, Stavanger.
- f. Janna, f. 3/3 1910, g. i Canada m. Sigurd Sundqvist.
- g. Nanny, f. 9/2 1912, g. m. Nils Martatvedt, Haugesund.
- h. Johan Håland, f. 16/7 1913, død 26/1 1968, g. m. Bergit Torgersdtr. (Auestad 54 b.), han tenestegjorde ved Opstad Arbeidsanstalt.
- i. Borghild, f. 3/11 1914, g. m. Bjørnar Jonsrud, Dombås.
- j. Erling, f. 11/1 1920, g. m. Elen Kristine Danielsen.
- k. Gunlaug, f. 16/4 1939, g. m. Nils Skårland, Ognå.

93. Jon Hansson (68 b.) fødd 8/6 1860, gift 19/11 1901 med Ingeborg Olsdotter (Vigrestad 47 c.) fødd 22/9 1880, død 7/8 1957. Han tok over bnr. 17, Melholen, etter faren. 1 son:

- a. Hans, f. 20/4 1907, død 3/1 1909.

94. Ole Ludvigson (69 c.) fødd 21/2 1866, død 26/8 1950, gift 3/4 1906 med Taletta Svendsdotter (Skretting 110 a.) fødd 18/10 1878, død 2/9 1948. Han brukte Håland bnr. 10 med Kjellebakken bnr. 7. Det var enkja etter Tobias Gabrielson, Ane Sofia Tollaksdtr., som var på denne parten i 1900. 5 barn:

- a. Marta, f. 27/1 1907, g. i Amerika m. Mons Løge (Stavnheim 58 e.).
- b. Malena, f. 19/9 1909, død s. å.
- c. Laurits, f. 23/10 1910, død s. å.
- d. Sven, f. 23/10 1910, død s. å.
- e. Malena Håland, f. 17/6 1914, brukar garden.

95. Berner Andersson (70 j.) fødd 8/7 1876, død 10/2 1967, gift 12/4 1901 med Olina Olsdotter (Vigrestad 47 d.) fødd 20/6 1882, død 7/8 1957. Berner tok over Stølane, bnr. 18 etter faren. 11 barn:

- a. Berta, f. 29/1 1902, g. 14/7 1929 m. Johan J. Myren, f. i Hibnes i Jelsa 1887.
- b. Arne, f. 25/3 1904, g. i Amerika m. Alice frå Sokndal.
- c. Ole (S-Tjemsland 65), f. 1/2 1908, g.

- d. 10/9 1948 m. Sigrid (Aniksdal 66 e.). Børge (S-Tjemsland 66), f. 25/8 1910, g. 1941 m. Berta Sør-Reime (Haugland 40 e.);
- e. Johanna, f. 19/9 1912, g. 1945 m. Martin Sør-Reime (Haugland 43).
- f. Johan Håland, f. 20/12 1914 (107).
- g. Olga, f. 7/5 1917.
- h. Elisabet, f. 26/11 1920, g. 1947 m. Einar (Lode 105).
- i. Johanna, f. 15/2 1906, død 25/4 s. å.
- j. Bjarne, f. 23/12' 1924, g. m. Dagny Hadland (Varhaug 141).
- k. Ingfrid, g. m. Palle ?T. Méling, Tananger.

96. Peder Pederson (75 g.) fødd 20/1 1884, død 8/1 1963, gift 25/2 1913 med Anne Bergitte Albretsdotter (84 d.) fødd 30/7 1882, død 13/4 1961. Budde på Røyrmur på Hålandsbakken bnr. 3, seinare på Gjert-holen av Voll. 8 barn:

- a. Alma Pauline, f. 1/6 1913, g. m. Ole Enokson Løvås i Riska.
- b. Malena, f. 1/12 1914, g. m. Sven Einarson (Årsland).
- c. Palle Håland, f. 25/6 1916 (Auestad 53B.).
- d. Berta, f. 13/11 1917, g. m. Håkon Undheim, f. 6/7 1918.
- e. Janna, f. 15/10 1919, g. 1946 m. Harry Svensen, f. i Stavanger 22/12 1918, bur på Kleppe, murar.
- f. Alfrida, f. 17/12 1920, g. m. Ingolf Fuglestad, Vigrestad.
- g. Maria, f. 24/7 1922, g. 1940 m. Ole Pederson, Undheim, f. 23/7 1899, budde på Undheim, g. 2) m. Joh Ludvigsen (Husvegg 58 a.).
- h. Albret Håland, f. 5/5 1926 (108).

97. Albret Albretson (84 f.) fødd 11/4 1887, død 30/12 1964, gift 8/2 1913 med Petra Rasmusdotter, fødd i Klepp 19/7 1890, dotter til Rasmus Rasmusson Rosland, f. Refsnes og Ane Elisabet Pedersdr. Rosland. Han tok over Heien bnr. 3 etter faren i 1912. Barn:

- a. Berta, f. 2/3 1913, g. 1938 m. Tobias T. (Ueland 96).
- b. Anna, f. 30/9 1915, g. 1945 m. Laurits Rode, på Karmøy.
- c. Alf Håland, f. 12/12 1917» brukar nå garden.
- d. Pauline, f. 19/4 1920, g. 1952 m. Alf Ryen, Sandsvær.
- e. Randi, f. 23/5 1923, g. 1950 m. Trygve Egeland, f. i Klepp 28/11 1909, sniker på Lunde i Høyland.

- f. Ole, f. 5/9 1933, g. m. Solfrid, bur på Vigrestad.

98. Helmik Hansson (68 i.) fødd 27/4 1875, død 19/3 1951, gift 1) 8/4 1902 med Kristina Hansdotter (Lerbrek 43 c.) fødd i Ognå 30/7 1879, gift 2) 1906 med Gurine Jensdotter, fødd Varland, Fogn 17/6 1886. Helmik var bygningsmann. Han tok over Melholen, bnr. 17 etter broren Jon (93) i 1913. 1 barn i første gifte og 9 i andre:

- a. Inger, f. 1903, død 28/12 1919.
- b. Hans, f. 1/10 1907, til Amerika. Eig farsgarden.
- c. Jon, f. 2/4 1910, g. m. Magna Åse, til Amerika.
- d. Kristina, f. 11/8 1912., g. 1944 m. Arne Mikalson Fuglestad (N-Tjemslånd 66).
- e. Godtfred, f. 3/5 1916, g. m. Anna Moi, Bjerkreim, bur på Austlandet.
- f. Ingrid, f. 5/11 1918, g. 1942 m. Kolbjørn Fitje (Lerbrek 56).
- g. Jørgen, f. 9/4 1920, g. 1947 m. Ingrid Sigfrida Åmodt (Voll 209).
- h. Henry, f. 15/3 1922, g. m. Bergljot Urke, bur på Sandnes.
- i. Gudbjørg, f. 23/9 1923, g. m. Ådne P. Skretting.
- j. Inge, f. 23/7 1926, g. m. Anna Sofie Viste (Bjørheim 19).

99. Henrik Andreasson Rosseland, fødd i Time 1/10 1887, gift 1909 med Konstanse Kristiansdotter Asland, fødd i Høyland 19/6 1890. Kjøpte bnr. 1 i 1920 etter Kornelius Gabrielson som døde det året. Henrik budde der til 1922 då han selde til

100. Ole Olaison Nærbø (Bø 134 b.) som hadde butt på Sæland. Han budde der til 1927, då han selde til

101. Martin Ueland (Ueland 80 c.) fødd 13/1 1901, gift 1924 med Ingeborg Jonasdatter (Skretting 114 d.) fødd 30/5 1897. Martin Ueland selde til Ragnvald Martinius Håland i 1948, og bruket vart då slått saman med bnr. 12.

102. Ragnvald Martinius Gustavson (86 d.) fødd 15/2 1897, gift 21/11 1923 med Maria Mikkelsdotter Håland (N-Tjemsland 45 c.) fødd 7/8 1904. Han tok over bnr. 12 etter 89 i 1924. I 1948 kjøpte han bnr. 1 av Martin Ueland og la til bnr. 12. Barn:

- a. Gustav, f. 22/5 1924, g. 20/12 1952 m. Elbjørg Håland (105 a.), f. 24/11 1929, brukar nå garden.
- b. Mikkel, f. 1926, g. m. Ella Årsvoll

- Høiland. Arbeider på jernbanen, bur på Sandnes.
- c. Sigrid, f. 12/5 1929, g. 1955 m. Jon J. Årsland (Voll 226 b.).
 - d. Ragnar, f. 14/2 1932, g. 1955 m. Martha Auestad.
 - e. Sigurd, f. 23/12 1934, g. 2/4 1958 m. Haldis Flåten, Vigrestad. Bureisar på Høg-Jæren.
 - f. Laurits, f. 22/3 1942, g. 21/12 1963 m. Gunvor Hodnefjell, Mosterøy.

103. Mikkel Ellingson (90 a.) fødd 6/9 1899. Tok over bnr. 11 etter faren i 1939.

104. Gunnar Mikal-Tobiasson (85 c.) fødd 16/11 1896, død 1966, gift 5/6 1921 med Inga Nikolaisdotter Berge, fødd i Gjesdal 28/9 1897. Han tok over bnr. 2 etter faren i 1924. Barn:

- a. Mikal Tobias, f. 24/5 1922. Driv fars-garden.
- b. Norvald, f. 15/9 1923, g. m. Olga Vigre.
- c. Ingebjørg, f. 18/8 1925, g. m. Lars Harestad, Randaberg.
- d. Kari, f. 26/8 1927, g. 1946 m. Fredrik Åmodt (Skretting 151).
- e. Ingfrid, f. 23/11 1929, g. m. Torstein Auestad, Gjesdal.
- f. Gunvor, f. 26/8 1931, g. m. Olaf Løland, Sandnes.
- g. Anny, f. 12/6 1934, g. m. Johan Lima, Sandnes.
- h. Oddbjørg, f. 9/7 1936, g. m. Enevald Varhaug (Hobberstad 59 a.).
- i. Gudrun, f. 8/4 1939, g. 20/8 1960 m. Reidar (Husvegg 59 b.).

105. Jon Jonasson (88 e.) fødd 14/10 1905, gift 17/3 1928 med Kristi Nikolaisdotter Berge, fødd i Gjesdal 19/10 1906, søster til Inga (104). Han tok over bnr. 13 etter faren i 1923. Barn:

- a. Eldbjørg, f. 24/11 1928, g. 20/12 1952 m. Gustav Håland (102 a.).
- b. Karen Maria, f. 17/2 1930, g. 1954 m. Jonas Skibstad.
- c. Nikolai, f. 2/8 1932, g. 1959 m. Ingfrid Årsland.
- d. Jostein, f. 7/9 1933, g. 1957 m. Berta Søyland, Ognå.
- e. Kirsten Judith, f. 10/12 1934, g. 1958 m. Jostein (Voll 139 f.).
- f. Kjellaug, f. 27/4 1936, g. 1960 m. Ole Martin Nilsen, Bryne.

- g. Hans, f. 10/6 1937, g. 1958 m. Astrid Lobek (Auestad 56 j.).
- h. Oddveig, f. 10/3 1939, g. 1958 m. Tor Reime (Nord-Varhaug 46 a.).
- i. Arthur, f. 19/5 1940, g. 1958 m. Klara Reime (Nord-Varhaug 46 c.).
- j. Kåre, f. 21/7 1942, g. 1965 m. Aslaug Våland (Sæland 28 d.).
- k. Ragnar, f. 5/12 1944, g. 1966 m. Agnes Håland, (Sør-Tjemsland 66 b.).
- l. Harald, f. 21/11 1945.
- m. Bjørg, f. 6/8 1947, g. 1966 m. Magne Garvik, Brusand.
- n. Jonas, f. 31/9 1949.

106. Magnus Gustavson (86 f.) fødd 24/7 1903, gift 1935 med Mally Enevaldsdotter (Skretting 127 d.) fødd 1/5 1912. Han tok over farsgarden, bnr. 14 og 15 i 1929. Barn:

- a. Gerd-Serina, f. 8/12 1937.
- b. Margot, f. 4/12 1938, g. 7/7 1962 m. Karl Otto Larsson, Stavanger.
- c. Else Marie, f. 1/12 1943, g. 7/7 1962 m. Terje Alfsen, Nærland.
- d. Gustav, f. 26/6 1946, g. 12/10 1969 m. Aud Hidle, Bryne.
- e. Enevald, f. 26/11 1948.
- f. Gerd, f. 10/5 1951.
- g. Jane, f. 24/6 1953.

107. Johan Bernerson (95 f.) gift 1954 med Kirsti Alise Villasen Bø i Vesterålen. Tok over farsgarden i 1949. Barn:

- a. Jan, f. 16/11 1955.
- b. Odd Bjørnar, f. 6/5 1958.
- c. Ann Karin, f. 14/3 1961.

108. Albret Pederson (96 h.) fødd 5/5 1926, gift 1947 med Klara Sivertsdotter Sivertsen, fødd 4/3 1930. Barn:

- a. Peder Arvid, f. 2/5 1950.
- b. Svein, f. 27/10 1951.
- c. Else, f. 3/3 1953.
- d. Arnfinn, f. 17/12 1955.
- e. Kåre, f. 28/11 1962.
- f. Irene Karin, f. 30/1 1966.
- g. Helge, f. 8/7 1968.

109. Gustav R. Håland (102 a.) fødd 22/5 1924, gift 20/12 1952 med Eldbjørg Håland (105 a.). Overteke farsgarden. Barn:

- a. Mildrid, f. 24/6 1955.
- b. Ragnvald, f. 23/6 1956.
- c. Kjellaug, f. 25/4 1958.
- d. Edith, f. 17/7 1961.
- e. Geir, f. 24/11 1964.
- f. Oddvar, f. 13/4 1966.

G.nr. 66. Sør-Tjemsland

Utt. Sørkjæmslann. Gamal skuld var 18 spand kom landskuld. Om namnet sjå gnr. 53. Bø prestebol åtte heile garden i 1723 og seinare. Sør-Tjemsland skifter mot vest med Efjestad og Mæland, mot nord med Håland, mot aust med Håland og mot sør med Ødegård (Nord-Halleland) og Voll. Jorda er fastmark med mykje stein.

NAMNEREGISTER

1. Jørgen Tjemsland
2. Olluff
3. Tørres
- 3B. Jon Svenson
4. Olluff II
5. Erik
6. Ola Jonson
7. Endre Pederson
8. Lauritz Tolleivson
9. Gjert Kristofferson
10. Ola
11. Kristoffer Gunnarson
12. Ola Svenson
13. Erik Erikson Bjorland
14. Peder Olson
15. Størkard Nilson
16. Peder Omundson
17. Lars Helgeson
18. Peder Johannesson
19. Ola Erikson
20. Elling Ellingson
21. Elias Larsson
22. Reiar Pederson
23. Ola Olson Voll
24. Peder Asbjørnson
25. Peder Pederson
26. Ola Olson II
27. Jakob Andersson
28. Ola Torstenson
29. Ola Olson Gullhaug
30. Asbjørn Pederson
31. Tjøl Pederson
32. Peder Torstenson
33. Gunnar Nilsson Voll
34. Ola Olson Gullhaug II
35. Asbjørn Reiarson
36. Torkel Olson Hinnaland
37. Sven Svenson Herigstad
38. Bjørn Jonson Møi
39. Peder Velleson Ånestad
40. Ivar Børrildson Dybvåg
41. Ola Ellingson
42. Sven Jakobson Håland
43. Tormund Endreson
44. Jonas Gjermundson Voll
45. Jonas Ellingson
46. Jonas Gitleson
47. Jonas Abrahamson
48. Sivert Sivertson
49. Ellef Fanuelson
50. Sven Svenson
51. Asselina Eliasdr.
52. Jonas Henrikson Vig
53. Jonas Johannesson Sandve
54. Tore Toreson Salte
55. Ola Nilsson Gjertholen
56. Bertinius Gunderson Kverme
57. Rasmus Henrikson Hårr
58. Lars Tjølson Håland
59. Tønnes Asbjørnson
60. Hans Frederik Andersson
61. Ola Svenson Rugland
62. Anton Theodor Larsson
63. Johannes Johannesson Åen
64. Laurits Tobiasson Fuglestad
65. Ole Berntson Håland
66. Børge B. Håland
67. Salomon Toreson Tjemsland
68. Tobias Skjæveland
69. Palle Hårr
70. Kristian Åsland
71. Martin J. Undheim
71. Enevald Tjensvoll
72. Sverre Martinson Undheim
73. Johan Martinsen Undheim

1. Jørgen er nemnd på S-Tjemsland i 1563, skatta 2 lod sylv.
2. Olluff nemnd 1563, skatta 1 dalar. Han bøtte 1 dalar for han slo ein granne med eit spjud i 1567.
3. Tørres nemnd i 1602, gav 4 spand leiging i 1624, var domsmann på tinget i 1627. Mor hans heitte Eli Olsdtr., og var dotter til Ola og Torun Svihus. Han arva 2 1/2 spand i Skadberg i Håland ved skifte etter mormora 22/4 1628.
- 3B. Jon Svenson er nemnd som brukar eller eigar av gods på S-Tjemsland. Etter Ola Aurennes skulle han vore son til Sven Olson Hognestad (?).
4. Olluff II nemnd 1603, var kanskje den same som 2?
5. Erik er nemnd på S-Tjemsland i 1613.
6. Ola Jonson nemnd 1645 (kanskje son til 3B?).
7. Endre Pederson var truleg den Endre Pederson på Njærheim som 19/11 1638 hadde stemndt Knut Vigre for ei sylvnål som dotter hans hadde teke or ein krage ho hadde vaska for han. Knut,svara, at Endre gav henne nåla, men kunne ikkje prova det. Knut vart dømd å skaffe nåla att innan 14 dagar. Endre var komen til S-Tjemsland før 1645 og var der ennå i 1665. Han var fødd kring 1610, skifte 1/10 1677, kona heitte Eli Jonsdotter. 4 barn er nemnde:
 - a. Kristen (Mæland 9), f. 1630.
 - b. Peder, f. 1655, var i kongens tenest i 1677.
 - c. Magnhild, g. m. Peder Svenson (Håland 9).
 - d. Berit, g. m. Ola Svenson (12).
8. Lauritz Tolleivson var bror hans Hans (Odland 9). Han var fødd kring 1620, skifte 27/3 1677, gift med Ranveig Olsdotter (6?). Han brukte 9 spand i 1665. Barn:
 - a. Endre, død før 1701, kan tyde på skyldskap med Endre Pederson.
 - b. Anna, g. m. Gjert Kristofferson (9).
 - c. Sissel, g. m. Tore Erikson, Gjertholen (Voll 22).
9. Gjert Kristofferson (Haugstad 12 a.) fødd kring 1662, gift med Anna Lauritzdotter (8 b.). Han budde ei tid på Tjemsland, men kom seinare til Kalsvaren (Mæland 16).
10. Ola, død kring 1695. Kona heitte Gunhild Andersdotter, skifte etter henne på Tjemsland 10/6 1695, og hadde då vore gift 2) med Kristoffer. Ola sine barn:
 - a. Ola.
 - b. Anders.
 - c. Ola d. y.
 - d. Anna.
11. Kristoffer Gunnarson (Husveg 14 a.) fødd kring 1670, skifte 23/1 1699, gift 1) med enkja etter 10, Gunhild Andersdtr., gift 2) med Borgny Torgersdotter. 2 barn i andre gifte:
 - a. Gunhild, f. 1697, død som barn.
 - b. Torborg (Herborg), f. 1698, g. m. Sven Pederson (Håland 16B.).
12. Ola Svenson (Hårr 14 b.) fødd kring 1655, gift 1) med Berit Endresdotter (7 d.), skifte 12/2 1688, gift 2) med Marit? Ho hadde 3 søsken som er nemnde ved skifte etter broren Ola Vigdel 7/6 1693: Ola Vigdel, Jon Brekken og Elen (Låge Håland, Nærbø 4). Ola Svenson brukte 9 spand etter Endre Pederson. Han levde i 1701. Barn i andre gifte:
 - a. Tolleiv, f. 1690.
 - b. Isak, f. 1699.
13. Erik Erikson (Bjorland, Nærbø 3 b.) fødd kring 1671, skifte 14/3 1736, gift med enkja etter 11, Borgny Torgersdotter. Han tok over bykselen på 9 spand etter Kristoffer Gunnarson, som v\$r benefisert Bø prestebol, med bykseseddel frå Ludvig Schultz i 1717. 2 barn:
 - a. Berit, g. 1) m. Peder Omundson, g. 2) m. Peder Johannesson (16 og 18).
 - b. Marit, f. 1700, g. m. Lars Helgeson (17).
14. Peder Olson brukte den andre parten, 9 spand, benefisert Bø prestebol, som han byksla i 1717, truleg etter 12, og var nok gift med enkja hans, Marit (Olsdtr.). Peder Olson var truleg frå (Skretting 22) og fødd kring 1688. Barn er ikkje nemnde.
15. Størkard Nilsson var husmann på S-Tjemsland i 1718 (sjå Aniksdal 24). Ein Størkard i Uhren er nemnd i ei rettsak millom Erik Mæland og Peder Tjemsland i 1734. Han budde visst sejnare på Gravdal i Bjerkreim.
16. Peder Omundson (Voll 16 d.) fødd kring 1690, skifte 27/7 1740, gift med Berit Eriksdotter (13 a.). Han tok over 9 spand etter Peder Olson kring 1720. Den

19/3 1734 var Erik Mæland stemndt for Retten for han hadde "slaget Peder Tiemslands kone, Beritte Eriksdatter" til vitner var innkalla Bornj Tiemsland, Størcher i Uhren, samt Karj Olsdatter Holen. Det hadde seg slik at Erik Mæland sitt boj var komme inn på Peder Tjemsland si eng, så gjekk Borgny Tjemsland og dotter hennar, Berit Eriksdtr. og ville jaga boje bort. Då kom Erik Mæland imot dei med ein stav "og stiltiende slog til Beritte Eriksdatter 3 a 4 slag, så hun deraf siden befandtes blaa paa axelen og laaren, siger og at da han saaleder hafde slaget hende, vilde han atter slaa hende meere, men vidnet (Borgny) afstyrte det. Derefter kom Erik Mælands dreng og kiørte creaturerne bort." Peder Omundson og Berit hadde 4 barn:

- a. Guri, f. 1721, g. m. enk. Rasmus Gitleson (Årslund 18).
- b. Omund, f. 1724, tente på Ueland i 1758.
- c. Kirsten, f. 1732, var kanskje g. m. Lars Størkardson (Hårr 39), g. 2) m. Simon Simonson (Vigre 31).
- d. Berit, f. 1738, g. 1) m. Anders Tjølson Friestad, Ogna, g. 2) m. Gunnar Tjølson Friestad.

17. Lars Helgeson (N-Varhaug 17 c.) fødd kring 1700, skifte 18/3 1763, gift 1) med Marit Eriksdotter (13 b.) fødd kring 1700, skifte 11/6 1761, gift 2) med Marit Jonsdotter (Odland 31 b.) fødd kring 1,730, død 16/12 1798. Lars byksla 9 spand etter Erik Erikson i 1729 av Ludvig Schultz. Barn:

- a. Helge, f. 1730, død 1763, ugift.
- b. Elias Tjemsland, f. 1731 (21).
- c. Peder, f. 1734, død 1763, ugift.
- d. Lars, f. 1740, død 1763.
- e. Morten, f. 1744, g. m. enkja Joron Pedersdtr. (Håland 26).

18. Peder Johannesson (Hobberstad 31 a.) fødd kring 1710, skifte 16/6 1779, gift 1) med enkja etter 16, Berit Eriksdotter, skifte 11/10 1743, gift 2) med Maren Reiar dotter, fødd kring 1724, dotter til Reiar Einarson Kydland i Gjesdal og Kari Tollaksdtr. Kartevoll (sjå Voll 17). Peder Johannesson tok over bykselen av 9 spand etter Peder Omundson. 9 barn i andre gifte:

- a. Berta, f. 1743, g. m. Gunnar Tjølson Friestad, Ogna.
- b. Reiar, f. 1749 (22).
- c. Johannes, f. 1747, var sjømann i 1779.
- d. Peder (Lerbrek 20), f. 1752.
- e. Kornelius (Voll 52), f. 1754.
- f. Rasmus, f. 1757.
- g. Peder Tjemsland, f. 1763 (25).

- h. Maren, f. 1760, g. 1792 m. Ola Johannesson Friestad.
- i. Karen, f. 1767, g. m. Johannes Salvesson Haver, Ogna.

19. Ola Erikson var husmann på Tjemsland i 1758, fødd kring. 1698, gift med Anna Nilsdotter, fødd kring 1696 (sjå Sør-Reime 12 a.). Ikkje barn.

20. Elling Ellingson (Auestad 16 b.) fødd kring 1719, død 1786, skifte 14/10 det året, gift med enkja etter 17, Marit Jonsdotter. Han byksla 9 spand etter Lars Helgeson i 1763 av presten Bendix Djurhus på Haa. Barn:

- a. Anna, f. 1765, g. m. Peder Pederson (25).
- b. Ane Berte, f. 1769, g. m. Peder Asbjørnson (24).
- c. Rakel, f. 1771, død 18/8 1822, truleg ugift.

21. Elias Larsson (17 b.) fødd kring 1731, død som fattiglem på Blåberholen, S-Tjemsland 3/11 1797. Gift 1) m. enkja etter Ola Larsson (Store Håland, Nærbø 8), Ingeborg Rasmusdotter, død 17/3 1790, gift 2) 1793 med Karen Ellingsdtr. (Vigre 26 b.). Han hadde ikkje barn. Eivind Hognestad fortel i boka om "Rogalands Landbrukslag", at Elias Larsson Tjemsland fekk 10 dalar i premie for han hadde grave og steinsett 3 brunnar. Han budde på Store Håland til 1761, då han sette seg ned som husmann på Blåberholen.

22. Reiar Pederson (18 b.) fødd kring 1749, gift i Eigersund 3/6 1783 med Elen Nilsdotter Sæstad. Han byksla 9 spand av presten Nils Grøver i 1779. I 1795 finn me ein Reiar Pederson i Hetland i Ogna, som hadde ei dotter, Rebekka, til dåpen. Kanskje var det Reiar Tjemsland?

23. Ola Olson (Voll 37) fødd kring 1732, død 22/12 1819, gift 1) med Anna Pedersdotter (Voll 20 f.) fødd kring 1730, død 31/3 1765, gift 2) med Marta Pedersdotter, fødd kring 1745, død; 29/6 1815, uvisst kven ho var. Ola Olson hadde butt på (Voll 37), men bytte med Kornelius Pederson Tjemsland (16 e.) i 1782. Kornelius hadde nemleg byksla dei 9 spand etter faren i 1880, og Ola byksla det i 1782; Han hadde 3 barn i første gifte og 3 i andre:

- a. Ola Olson Tjemsland, f. 1772 (26).
- b. Anne Berte, f. 1777, g. m. Ola Olson Gullhaug (29).
- c. Rasmus, f. 1779.

- d. Ingeborg, f. 1784.
- e. Peder, f. 1787.
- f. Ola Olson (Voll 69), f. 1790.

24. Peder Asbjørnson (Skretting 38 a.) fødd kring 1766, død 15/1 1842, gift 8/5 1789 med Ane Berte Ellingsdotter (20 b.) fødd kring 1769, død 26/5 1803, gift 2) i Oгна 15/1 1804 med Berta Tjølstdotter Kvasheim, fødd 1772, død 25/12 1860, dotter til Tjøl Gunnarson Friestad og Berit Einarsdtr. frå Kvasheim. Peder Asbjørnson byksla 9 spand etter Elling Ellingson i 1789 av Nils Grøver. Han hadde 5 barn i første gifte og 5 i andre:

- a. Joron, f. 1790, død 2/7 1816.
- b. Asbjørn, f. 1792, død 1798.
- c. Malena Serina, f. 1798.
- d. Asbjørn Tjemsland, f. 1800 (30).
- e. Berta, f. 1803, g. 1832 m. Elling Kristenson (Næsheim 58 d.), budde på Heien av Kvasheim i Oгна.
- f. Anna, f. 1804, g. m. Elling Rasmusson (Vigre 45).
- g. Tjøl Tjemsland, f. 1806 (31).
- h. Berta Kirstina, f. 12/10 1808, g. 30/5 1843 m. Rasmus Larsson (Store Håland, Nærbø 20, Litle Rasman). Ho hadde ei dtr. ue.: Elisabet Ellingsdtr., f. 30/12 1830 (sjå Madland 19 j.).
- i. Ane Berte, f. 4/2 1812, død 8/2 s. å.
- j. Ane Berte, f. 4/10 1813, g. 1851 m. Omund Nilsson (Torland 60).

25. Peder Pederson (18 g.) fødd kring 1763, død kring 1800, gift med Anna Ellingsdotter, fødd kring 1758 (20 a.), truleg død som fattiglem hjå Mons Monsson Skretting 4/2 1816. Eg har aldri vorte heilt viss om at desse to var dei som her er skrevet. Barna er og uvisse:

- a. Berta, f. 1787.
- b. Peder, f. 1791 (Lerbrek 20).
- c. Edvard, f. 1795, død 17/12 1798.
- d. Marta var hjå mora på Sælandsbakken i 1801, 6 år gml., ho finst ikkje døypt i Haå utan ho var den Marta Maria Pedersdtr. Tjemsland, døypt 12/7 1795, men då kunne ho snaudt vore søster til Edvard som var døypt 26/4 s. å.

26. Ola Olson (23 a.) fødd 1772, død 19/3 1856, gift 1799 med Kirsten Jonsdotter (Vigrestad 28 b.) fødd kring 1762, død 24/9 1853. Ola byksla 9 spand etter faren av presten Søren Michael Kastrup i 1799. 2 barn:

- a. Jon, f. 1/1 1802, død 19/10 1814.
- b. Ola, f. 15/5 1808, død 14/11 s. å.

27. Jakob Andersson, son til Anders Jakobson Sirevåg i Oгна og kona Berta. Han var fødd kring 1753, død 24/4 1836, gift med Marta Stigsdotter (N-Halleland 11 c.) fødd 1749, død 1/11 1830. Jakob var husmann på Gullhaug i 1801. Dette plassen var visst kalla Kverneheien seinare. 2 barn er nemnde, truleg f. på N-Halleland:

- a. Berta, f. kring 1785, g. 19/9 1813 m. Ola Larsson Leikvang, budde på Stokka i Høyland.
- b. Stine, f. 13/6 1790.

28. Ola Torstenson (Opstad 32 e.) fødd kring 1772, død 20/12 1852, gift 1) 13/11 1793 med Elisabet Assersdotter (Odland 34 a.) fødd kring 1762, død 22/1 1818, gift 2) 19/7 1818 med Anna Rasmusdotter (Efjestad 33 g.) fødd 1775, død 28/3 1830, gift 3) 2/9 1832 med Ingeborg Olsdotter (Skretting 55 a.) fødd 7/5 1805. Ola var husmann på Kongvaren i 1801. Han hadde 5 barn i første gifte, 2 i andre og 4 i tredje gifte:

- a. Abraham Rongen, f. 1794 (Kvia 35).
- b. Tønnes, f. 1797, g. m. Laurentsa Larsdtr. (Gudmestad 24 e.), reist til Stavanger i 1829.
16. Hans Lauritzson (Torland 11 d.) var fødd kring 1615, død 1678, og er nemnd på Hårr i 1645/1665 som brukar av 1 pund jordegods. I 1671 var han lagrettsm. Kona heitte Anna Pedersdotter og var dotter til nr. 9. Ho hadde ein bror, Gunnar Bru, som var f. Hårr og var millom dei vitna som er nemnde i saka millom dei Voll og dei Hårr. Hans og Anna Hårr hadde 8 barn:

- a. Lars Hårr (21).
- b. Ranveig, g. m. Ola Ellingson Sirevåg.
- c. Maren, g. 1) m. Mikkel Nilsson Lindtjørn, g. 2) m. Einar Svenson Lindtjørn.
- d. Karen, var gift og budde i Laurvigen i 1709.
- e. Peder, f. 1658, død før 1678.
- f. Erik, f. 1659, død 1733, g. 1) m. dotter til Tore Madtson Bore (Ingeborg), budde på Bore. G. 2) m. Kirsten Andersdr. Skasheim.
- g. Ola, f. 1660, budde i Laurvigen i 1709. I 1684 var Ola Hansson Hårr og Mikkel Olson Odland stemnde for retten for dei hadde "rømt aff hans Majest. thieneste".
- h. Elling Hansson (Vigre 16).

17. Ola Stefanson nemnd 1645 med kona og 2 drengjer. Skatta 11/2 ort og 4 skill. Var truleg son til 8.

18. Elling Mogenson var truleg bror til 15 og son til 12. Han brukte 1 pund i 1665. Kona eller barn er ikkje nemnde, men ein husmann, Mogens Ellingson, 80 år gammal, var hjå han, og var truleg far hans. Dessutan hadde han 2 drenger, Peder Mogenson, 20 år, truleg bror hans, og Peder Rasmusson, 18 år. Elling var 25 år i 1665.

19. Rasmus Erikson (Nærland 9 a.) var fødd kring 1634, gift 1) med enkja etter 14, Herborg Tjølstdr., død 1677, skifte etter henne 28/3 d. å., gift 2) med enkja etter Rasmus Torgerson (N-Tjemsland 6), Herborg Rasmusdr., som der var skifte etter

19/5, 1692. Rasmus Erikson tok over bykselen på 1 pund etter Sven Ellingson. I 1677 vart han lensmann i Valle etter Jon Kvasheim. Han hadde 2 barn i første gifte:

a. Sven Hårr (24).

b. Erik, f. 1664, død før 1677.

20. Omund Hårr er nemnd i 1667, då han på Magla Friestad sine vegne stemnde Helge Næsheim for 2 1/2 dalar han skulda henne i løn.

21. Lars Hansson (16 a.) var fødd kring 1635. Gift 1) med Anna Pedersdr. Lintjørn, som der var skifte etter 4/9 1690, gift 2) med Berit Omundsdr. (Reime 11 c.) død 1705, gift 3) med enkja etter Ola Salomonson (Odland 12 c.), Malena Olsdr. Då faren var død i 1678 flutte Lars heim til Hårr etter å ha butt på Lintjørn og Odland, og i 1695 fekk han kjøpebrev på 1 pund i Hårr av enkja etter Lagmann Hagen i Stavanger, dat. 15/5 1695. Lars Hansson hadde kjøpt ei jekt av Lauritz Torkelson Ognam. fl., som der var noke krangel eller usemja om. Saka kom for retten på Hårr, og dei vart forlikte. I 1690 førde Lars Hårr sak mot mågen sin, Peder Pederson Ognam, om noken pengar, 50 rdl., som kona hans hadde tilgode i arv. Det er uvisst kva tid Lars og Malena døde. I 1713 var han komen til Obrestad, og det er truleg at Malena var død då. Han hadde 4 barn i første gifte og 1 i andre:

- a. Sissel, f. 1676, g. m. Ola Gunnarson (Voll 17).
- b. Anna, f. 1677, g. m. Peder Rasmusson (Voll 20).
- c. Kari, g. 1) m. Rasmus Jonson (Hårr 22), g. 2) m. Erik (27).
- d. Hans Hårr (25).
- e. Berit, f. 1698, g. m. Jon Jonson (Obrestad 17).

22. Rasmus Jonson (Ånestad 12 a.) fødd kring 1655, død 1713, skifte 1/12 det året. Gift 1) med Elen Salomonsdotter (Sør-Reime 9 c.) død 1695, gift 2) med Guri Toresdr. Braut, død 1698, gift 3) med Kari Larsdr. (Hårr 21 c.). Rasmus brukte 1 pund i 1707, truleg etter Elling Mogenson (18). Han hadde 5 barn i første gifte, 1 i andre og 4 i tredje:

- a. Jon, f. 1685, død før 1713.
- b. Maren (Marit?), g. m. enk. Ola Gunnarson (Voll 17).
- c. Malena, f. 1683, g. m. enk. Elling (Vigrestad 16).
- d. Salomon, f. 1693, død før 1713.
- e. Ingeborg, død før 1713.

- f. Elen Guria, f. 1698.
- g. Elen, f. 1700, g. 1) m. Ola (Odland 22), g. 2) m. Torsten (Odland 30).
- h. Rasmus, f. 1702.
- i. Lars, f. 1707, g. 1/12 1757 m. Ågott Halvardsdr. i Ognå.
- j. Anna, f. 1710, g. m. Elling Olson Damsgård i Eigersund.

23. Henrik Godtzow var f. kring 1650. Gift 1) med Margrete Jørgensdr., gift 2) med Anna Jemsdr. Sirevåg, som seinare vart gift med Morten Toreson Sirevåg frå Kvalbein. Henrik hadde butt på Hårr før han i 1698 kjøpte 1/2 pund i Hårr av lagmann Haagen- sen si enkja for 40 rdl. og 1/2 pund av den same i 1700 for 40 rdl. I 1701 er han nemnd med 3 tenarar: Ole Tørresson Herig- stad, 24 år, Nils Ingebretson, 25 år og Jon Jonson Kvasheim, 18 år. Barn er ikkje nemnde. I 1684 er Henrik Hårr stemnd av Årsdals kirkeverger for ei ku som kyrkja åtte, og som skulle stande hjå Henrik sin føremann på garden. Henrik møtte ikkje, men hans kiereste (truleg kona) Margrete Jørgensdr. møtte i retten og påstod ”eff- terdj de hendes mand haffer steffndt, och aarsages lange veje at rejse och forsømmelse fra hendes huus, hende aff dennem igjen at erstattes, huorum hun esched domb.” Ho vart tilkjend å få 1 daler i omkostning. I 1700 hadde Henrik Hårr stemnt enkja Ludtzie ”formedelst hun haffr fest sin dat- ter til hannem (i tenest) men hadde ikkje møtt. Ho lova å betala han 3 ort.

24. Sven Rasmusson (19 a.) fødd kring 1661. Gift 1) med Berit Torstensdr. (Grødeland 9 c.) død 1695. Gift 2) med Elen Omundsdr. (Reime 11 f.). Sven Ras- musson var konstituert lensmann i Valle i 1701 og budde då på Hårr. Seinare kom han til Husveg (sjå der 19). Han brukte 1 pund i Hårr etter faren i 1706. 1 barn i første gifte og 4 i andre:
- a. Rasmus Hårr (26).
 - b. Herborg, g. m. Peder Rasmusson (Hus- veg 23).
 - c. Omund (N-Tjemsland 19).
 - d. Berit, f. 1707, g. m. enk. Jon Ingebret- son (Reiestad 20).
 - e. Berit d. y., f. 1710, g. m. Elling Mons- son (N-Halleland 9).

25. Hans Larsson (21 d.) fødd kring 1687. Gift med Anna Olsdr., dotter til Ola Erik- son Braut og Maren Gabrielsdr. Hans bruke og åtte 1 pund i 1723, som han hadde teke over etter faren, då han flutte til Obre- stad i 1710. Dei hadde 4 barn:

- a. Anna, f. 1702, g. m. Torsten Gunnar- son (Stavnheim 20).
- b. Lars Hårr (36).
- c. Ola Hansson Kvasheim, f. 1716, g. 1) m. ?, g. 2) m. enkja etter Jon Jonson Kvasheim, Gitlaug Einarsdr. (Lerbrek 9 b.).
- d. Gabriel (Årslund 20), f. 1718, g. 1745 m. Ingeborg Rasmusdr.

26. Rasmus Svenson (24 a.) fødd kring 1695, død 1732. Gift med enkja etter Lars Olson (Husveg), Anna Einarsdr., f. Skeie, død 1748. Rasmus tok over 1 pund etter faren i 1715, truleg då faren flutte til Hus- veg. Han var sjølveigar i 1723, var lensmann etter faren. Enkja står som brukar av 1 pund i 1742 og 1748. Dei hadde 3 barn:
- a. Berit, g. m. Peder Omundson Hårr (34).
 - b. Maren, f. 1722, g. m. enk. Gunnar Tjølsen Friestad.
 - c. Rasmus Hårr (35).

27. Erik Olson (Næsheim 29 a.) fødd kring 1690, død 1761, skifte 13/11 det året. Gift 1) med enkja etter 22, Kari Larsdr., død 1729, gift 2) med Berit Nilsdr. (Sør-Reime 12 b.), gift 3) med Eli Jakobsdr. (Voll 18 b.) fødd kring 1725. Erik byksla 1 pund i 1713 etter Rasmus Jonson. Lars Obrestad åtte då denne parten, men i 1728 fekk Erik Olson skjøte på 4 spand frå Hans Larsson Hårr, Jon Jonson Hobberstad, Peder Ras- musson Voll og Gunnar Olson Vigrestad, som alle var verbrørne hans. I 1761 selde Erik dei 4 spd. til Jon Obrestad sine etter- letne 5 barn for 14 rdl. I 1773 kjøpte Isak Rasmusson Stavnheim heile parten, 1 pund, av dei for 150 dalar. Erik Olson hadde 3 barn i første gifte, 4 i andre og 6 i tredje:
- a. Rasmus, f. 1718, død ugift.
 - b. Ola Erikson (Bø i Nærbo 53).
 - c. Kari, f. 1724, død før 1743.
 - d. Nils, f. 1726, var sjømann i 1761, var truleg gift og budde i Egersund. Ein styrmann, Hans Nilsson Hårr var gift i Eigersund i 1813, var truleg son hans.
 - e. Berit, f. 1732, død 1805, g. m. Rasmus Olson i Stavanger. Ei dotter, Elen Maria Rasmusdr., død 1796, var g. m. Eilev Rasmusson (sjå Håland 20 a.).
 - f. Omund, f. 1733, var sjømann i 1761.
 - g. Sven, f. 1739, var soldat i København i 1761. Ein Sven Hårr var fiskehandlar i Stavanger i 1801, 67 år gml., g. m. Anna Hansdr., 75 år i 1801.
 - h. Erik (Skretting 39).
 - i. Elias, f. 1749, g. i Eigersund 1777 m. enkja Valborg Jakobsdr. Øksnebø.

- j. Karen Berte, f. 1751, g. m. Erik Gunnarson (Haugstad 38).
- k. Rasmus, f. 1753, g. 1) i Stavanger 1807 m. Ragnhild Olsdr., g. 2) 1826 m. Randi Olsdr. Lovra, 50 år.
- l. Maren, f. 1758, g. 1787 m. Johannes Pederson (Auestad 26).
- m. Jakob Erikson, f. 1756, død 1760.

28. Morten Toreson Kvalbein, son til Tore Mortenson Kvalbein og Elen Lauritzsdtr. Lind. Han var fødd 1693, gift (1726?) med enkja etter 23, Henrik Godtzow, Anna Jensdotter. Den 22/11 1725 var Anne Hårr innstemnd for retten i Valle skbr. av Henrik Hårr angående ein part i Vålansengen i Oгна, som det var noke strid om. Anne sin nåverande mann, Morten, møtte ikkje, men ho sjølv møtte. Sitanten, som må ha vore Henrik Hårr, såvidt eg kan skjøna, ”producerede et skiøde under Henrik Godtsows hand og seigl, dat. 15 martj 1699, som for retten blev oplæst. Til hvilchet beviis Anne Haar svarede, at som det oplæste skiøde beviiste, at Volandsengen dend halve deel skulle tilhøre ham, Henrik Haar og hans qvinde saa lenge de levede, saa formodede hun at samme Vollandsensengens brug bliver hendes, saa lenge hun lever u-disputeret, ligesaa vel efterdags som hidindtil i hendes salig mands (Henrik Godtsows) tiid, efter skiødets tydelige formeld.” Saka vart nå utsett til neste vårting.

Den 29/3 1726 vert saka opptatt på ny på Valle skipr.-ting. Henrik Hårr møtte og påstod dom i saka. Anne Hårr møtte og ”paastod at denne engemark burde hende følge. Videre sagde Henrik Hårr, at hand søger for hans myndling, og saaledes paa enten af siderne var at indvende.” Retten avgjorde då: ”Som af sal. Henrich Godtsow i aaret 1699, dend 15 martj, er solt Elling Rasmusen, nu og død, en gaardepart (Hetland) i Valle skibr. hvortil henhører dend 1/2 part af ytre tielmseng som kaldes Vaalandseng, som selgeren da sig reserverede af kjøberens for sig og sin qvindes tiid til brug, nu ere begge døde, saa og selgerens da havende qvinde, hvoraf denne reservation dependede, og derfor citanten paa sin myndlings veigne formener denne nu bør komme sal. Elling Rasmusens arvinger (til rest?) og iche fremdeles af nu sal. Henrik Haars anden qvinde uden afgift videre bruges, efterdi hun allene dertil skal være u-vedkommende, som hun dog efter paastand formeener i sin tiid som mandens qvinde at burde nyde. Tj er efter sagens beskaffenhed, og paa producerede skiødes mening og indhold, saaledes falden rettens kiendelse

det denne adkomst til helften, nu bør som forhenpasere for et lovlig beviis, og hvis samme findes bør ved makt at stande, efterdj dend omtvistede Volandseng Hetland tilkommer frit, idet selgeren med sin qvinde deres tiid har nøt sin reserverede tiid og allene saaledes burde først staa til hans dahavende hustrue og ej videre. Men som citantens er for retten, at dend stefnte kan om samme sig en.....? da hun dertil at bør være for billig afgift samme mark preoriteret imod betaling, eller (de) for dend derom kan forenes, vil det og skiee.” Dette tykjest vera ei vond sak å finne mening i, etter referatet i Tingboka. Ikkje har det heller lukkast å finne fram til kven denne Henrik Hårr var. Men sidan han var formyndar for Elling Rasmusson Hetland sine barn, meiner eg at han måtte vore son til Sigbjørn Henrikson Oгна og første kona Kirsten Olsdr., og at kona hans Elling Rasmusson Hetland, Gjøa Sigbjørnsdtr., var søster hans. Han er ikkje nemnd noken stad i Futebøkene, men må ha butt på Hårr kring 1726. Denne Henrik Sigbjørnson budde seinare på Hvar gunn av Sirevåg og døde i 1737.

Men det var Morten Toreson me gjekk ut frå her. Han var komen til Hårr som Henrik Godtsows ettermann i ekteskapet med Anna Jensdtr., men er heller ikkje førd i Futebøkene. Dei budde seinare på Sirevåg, der Anna døde i 1767, Morten døde hjå dottera på Kvalbein i 1771. Dei hadde ei dotter:

- a. Elen, f. kring 1729, g. 1760 m. Jon Omundson Kvalbein.

28B. Jørgen Hansson var truleg son til Hans Sakariasson Slettebø i Eigersund som var gift kring 1729 med Anna Tollaksdotter Åse. Jørgen Hansson er nemnd i Futebøkene frå 1730 til 1733, då han brukte 12 spand i Hårr etter Morten Toreson. Budde visst seinare i Eigersund.

29. Nils Jakobson brukte dei 12 spd. etter Morten Toreson og er nemnd saman med Jørgen Hansson 1730/33. Heller ikkje veit me kvar han var frå. Var det kanskje son til Jakob Erikson i Helleland?

30. Tore Toreson (Voll 22 c.) fødd kring 1703, brukte dei 12 spand etter Jørgen Hansson og er førd i Futebøkene 1742 til 1753. Kona eller barn ikkje nemnde.

31. Gunnar Larsson hadde teke over dei 12 spd. etter Nils Jakobson før 1742. Han var fødd kring 1700 og komen frå Eigersund?

Gift kring 1731 med Kirsti Ellingsdtr., f. kring 1695. Den 8/11 1751 fekk Gunder Larsson skjøte på 15 spand i Skretting av Vikan Pederson, og den 17/1 selde han det same til sonen Elling Gunderson. Dei var på Hårr i 1758, då 2 barn er nemnde:

- a. Lars Gunnarson Hårr (37).
- b. Elling, f. 1732.

31B. Nils Larsson Husveg (Husveg 15 e.) fødd kring 1709, vart tilsett til lensmann i Valle i 1733 etter stykfare Rasmus Svensson (26). Han er ikkje førd i Futerekneskapen, men budde truleg på Hårr til han seinare vart lensmann i Sola. Han var gift med enkja etter lensmann Knut Utsola, Gunhild Osmundsdr.

32. Rasmus Rasmusson var son til Rasmus Larsson Hadland i Oгна og første kona Berit Karlsdtr. Han var f. kring 1725, død 1803, gift med Johanna Rasmusdtr., f. 1717, død 1792, dotter til Rasmus Olson Fuglestad i Oгна og tredje kona Herborg Kristoffersdtr. Han hadde teke over 12 spd. etter Tore Toreson før 1758. I 1767 fekk han skjøte på dei 12 spd. av Morten Toreson for 100 rdl. Han var skysskaffar. Dei hadde visst ikkje barn, men ein adoptivson:

- a. Ola Olson, f. 1752 (sjå 44).

33. Sven Olson Hårr er nemnd i eit skifte i 1734. Eg veit ikkje om han brukte gard eller kanskje var husmann på Hårr. Sjå meir om han på (S-Varhaug 46).

34. Peder Omundson var gift med Berit Rasmusdtr. (Hårr 26 a.). Det er uvisst kvar han var frå. Berit døde i 1748, skifte etter henne 30/1 d. å. Bua åtte då 6 spand i Tunheim. Peder var skreddar, og det er truleg at han har butt på Hårr hjå vermora, Anna Einarson. I 1749 er han komen til Voll (sjå der 26) og verbroren Rasmus brukte då Hårr. Ei dotter:

- a. Anna Maria Pedersdtr., f. 1748.

35. Rasmus Rasmusson d. e. (26 c.) f. kring 1720, død 1785, gift med Inger Svensdtr., f. i Time 1732, død 1797, truleg dotter til Sven Olson Skrudland og kona Inger Rasmusdtr., f. Braut. Rasmus Rasmusson tok over 1 pund etter mora i 1748. I 1779 selde han til Isak Stavnheim 12 spd. som ver-sonen Tjøl Einarson brukte, for 80 rdl. Dei hadde 3 barn:

- a. Anna Maria, f. 1754, g. m. Tjøl Einarson (42).
- b. Anne Berte, f. 1756, g. m. Henrik Henrikson (43).

- c. Rasmus, f. 1764, g. m. Johanna Maria Didriksdtr. Bahrs. Han var sjømann og budde i Stavanger. I 1785 skreiv han frå seg odelsretten til verbroren Henrik Henrikson.

36. Lars Hansson (25 b.) fødd kring 1706, død 1782, gift 1) med Kirsti Tjerandsdtr., fødd kring 1688, død 1763, enkje etter Rasmus Olson (Årsland 17), gift 2) med enkja etter Peder Rasmusson Stokkeland i Oгна, Kari Eriksdtr., fødd 1706, dotter til Erik Pederson Stokkeland og Johanna Jonsdtr., f. Kvasheim. Lars budde på Årsland i 1740, men hadde teke over farsgarden på Hårr i 1746. Han var lensmann i Valle i 1742 etter Nils Larsson (31B). Han var barnlaus, og styksonen, Jon Pederson tok over bruket. Lars Hansson åtte 18 spand i Aniksdal som han selde til Jon Pederson i 1776 for 50 rdl.

37. Lars Gunnarson (31 a.) fødd kring 1730, død 1790. Gift 1) med Kirsti Rasmusdtr. (Årsland 17 a.), stykdr. til 36, fødd kring 1729, død 1762, gift 2) 1774 med Astrid Gunnarsdtr. (Vigrestad 22 b.) fødd 1753. Lars Gunnarson tok over 12 spd. etter faren. I 1770 kjøpte han 6 spd. i Refsland av Anders Smith i Stavanger for 72 rdl. og selde same til Tore Isakson Stavnheim i 1780 for 72 rdl. Han hadde 1 barn i første gifte og 6 i andre:

- a. Gunnar, f. 1761, død i Stavanger 1783, g. i Stavanger 1779 m. Margreta Toresdtr. Huseby.
- b. Elling Hårr, f. 1775 (54).
- c. Kirsten, f. 1779, død som fattiglem 13/5 1853, ugift. Ho hadde ein son, Abraham Olson, f. 15/4 1800.
- d. Berta Kirstina, f. 1780.
- e. Sara, f. 1782, d. 18/3 1864, ugift.
- f. Gunnar, f. 1783, levde i 1801.
- g. Gunnar, f. 1786, levde i 1801.

38. Peder Knutson (Auestad 18 b.) fødd kring 1732, død 1806. Gift 1762 med enkja etter 27, Eli Jakobsdtr., død 1805. Peder Knutson byksla 1 pund av Isak Stavnheim etter Erik Olson i 1762. Dei fekk 1 son:

- a. Peder Hårr, f. 1766 (48).

39. Lars Størkardson (Haugland 9 a.) fødd kring 1723, skifte 18/3 1763, gift kring 1762 med Kirsten Pedersdtr., truleg dotter til Peder Omundson (S-Tjemsland 16 c.). Lars tente hjå lensmann Lars Hansson Hårr i 1758, og Kirsten tente då på Husveg. Lars heitte Haugland i 1758. Eg trur knapt han

brukte gard på Hårr, men kunne vore husmann. Då han var død gifta enkja seg med Simon Simonson (Vigre 31). Lars og Kirsten hadde 1 son:

- a. Lars Larsson, f. 1763, verje var Sven Tolleivson Skretting.

40. Ola Erikson, truleg son til Erik Pederson Stokkeland i Oгна, og bror til Kari som var gift med Lars Hansson. Han var f. 1696, og der var skifte etter han på Hårr 18/6 1781. Han var då enkjemann. Kona er ukjend. Han er ikkje nemnd som brukar av gard, men kan ha vore husmann og let etter seg ei dotter:

- a. Guri, f. kring 1754, verje hennar var Jon Pederson Hårr.

41. Jon Pederson, stykson til 36, og son til Peder Rasmusson Stokkeland i Oгна. Fødd 1745, død 16/12 1817, gift 1) 1770 med Serina Hansdtr., fødd i Klepp 1749, død 1792, dotter til Hans Hansson Bore og Kirsten Hansdtr., gift 2) 1793 med Anna Margreta Jonsdtr., fødd i Oгна 1767, død 31/7 1821, dotter til Jon Omundson Kvalbein og Elen Mortensdtr., f. Sirevåg. Jon Pederson kjøpte 1 pund av stykfare i 1776 for 400 rdl. og 18 spd. i Aniksdal for 50 rdl. Han vart lensmann i Valle etter stykfare. Jon Pederson hadde 8 barn i første gifte og 7 i andre:

- a. Karen, f. 1771, g. m. Erik Rasmusson (Hårr 46).
- b. Hans Hårr, f. 1776 (49).
- c. Peder, f. 1773, var sjømann og døde i Ostindia.
- d. Marta Kirstina, f. 1780, g. m. enk. Erik Rasmusson (46B).
- e. Lars, f. 1782, bleiv 3/4 1805.
- f. Erik, f. 1788, død s. å.
- g. Erik, f. 1789, død 1791.
- h. Kirsten, f. 1791, død s. å.
- i. Serina, f. 1793, død s. å.
- j. Jon Hårr, f. 1794 (50).
- k. Elen, f. 1797, død 6/6 1813.
- l. Serina, f. 1800, g. m. lensmann Tolleiv Jonson Skeie.
- m. Elen Kirstina, f. 1803, g. 1) 1828 m. Morten Omundson Kvalbein, g. 2) m. Andreas Asbjørnson Kvalbein.
- n. Lars Hårr, f. 13/1 1807 (65).
- o. Elen, f. 14/6 1810, g. m. Nils Mortenson (Herigstad 52).

42. Tjøl Einarson, son til Einar Rasmusson Kvasheim og Berit Tjølstdtr., f. Friestad (sjå Hobberstad 34 d.) fødd 1750. Han var gift kring 1773 med Anna Maria Rasmusdtr. (Hårr 35 a.) fødd 1754. Tjøl brukte 12

spand av verfare sin part. I 1779 selde verfare (Rasmus Rasmusson) denne parten til Isak Rasmusson Stavnheim, og i 1785 selde sonen, Rasmus Rasmusson d. y., odels- og åseterett til Isak Stavnheim for 11 rdl. Tjøl byksla då av Isak. Kring 1794 byksla Erik Rasmusson denne parten, og Tjøl sat som husmann på Vågen. Dei hadde 8 barn:

- a. Rasmus, f. 1775, g. 1800 m. Malena Larsdtr. Sirevåg, budde i Sirevåg.
- b. Berit, f. 1780, g. m. Sven Eilefson Hårr (51).
- c. Einar, f. 1784.
- d. Inger, f. 1785, g. i Stavanger 1833 m. Gunnar Olson Brueland, forpaktar på Bjelland prestegard.
- e. Anna, f. 1786, g. 1818 m. Erik Henrikson (Voll 71).
- f. Nils, f. 1787, død 1788.
- g. Maren, f. 1790, g. m. Abraham Mikkelsen (Gudmestad 22).
- h. Elen Maria, f. 1794, g. 1822 m. Einar Jonson Kvasheim.

43. Henrik Henrikson (Madland 13 b.) fødd kring 1754, død 20/4 1840. Gift 1780 med Anne Berte Rasmusdtr. (Hårr 35 b.) fødd 1756, død 7/3 1841. Henrik kjøpte dei 12 spand av verfare i 1780 for 140 rdl. + 20 rdl. for odels- og åsetesrett. Dei hadde 12 barn:

- a. Inger-(Elen-)Maria, f. 1781, g. m. Hans Jonson Djøseland, g. 2) m. Lars Gjermundson (Djøseland 20 a.).
- b. Henrik Hårr, f. 1783.
- c. Sissel, f. 1785, g. 1817 m. Ola Rasmusson Helvig. Han døde som husmann på Hårr i 1864, og Sissel døde som fattiglem på Hårr i 1877. Dei var visst barnlause, men Sissel hadde ei dotter: Elen Isaksdtr., f. 14/5 1810 (sjå 53).
- d. Rasmus Hårr, f. 1787 (48).
- e. Tolleiv Henrikson, f. 1790 (sjå Høyland, Nærbø 80).
- f. Ludvig, f. 1793, død s. å.
- g. Elisabet, f. 1794, g. 1823 m. Elling Rasmusson Salte.
- h. Anne Karine, f. 1796, g. 1821 m. Ola Rasmusson Salte.
- i. Ludvig Henrikson, f. 1798, g. i Klepp 1822 m. Anna-Kirstine Klemmentsdtr. Åse, budde på Åse i Klepp.
- j. Ola, f. 1800, død 1801.
- k. Ola, f. 1802, død s. å.
- l. Ola Henrikson (Høyland i Nærbø 79), f. 1803.

44. Ola Olson (Mæland 15 a.) fødd kring 1752, død 5/6 1819. Gift 1788 med Dor-

thea Kristine Torgiersdotter (Voll 29 c.) fødd kring 1755, død 14/11 1823. Ola var oppvaksen på Hårr hjå nr. 32, der truleg Dorthea Kristine og hadde vore før dei var gifte. I 1787 fekk dei skjøte på dei 12 spand av nr. 32, for 99 1/2 rdl. -T følge. Dei fekk 6 barn:

- a. Rasmus, f. 1788, død 1794.
- b. Ola, f. 1791, død 1794.
- c. Anna Johanna, f. 1793, truleg oppkalla etter farmora og faren si fostermor, som var søstre. Ho vart g. 26/10 1820 m. Ola Torson (Stavnheim 34).
- d. Rakel, f. 1796, g. 21/11 1828 m. styrmann Ole Dreyer i Stavanger.
- e. Ola Hårr, f. 1799 (55).
- f. Taletta, f. 1802, g. 9/12 1832 m. sjømann Johannes Olson Dreyer i Stavanger.

45. Henrik Henrikson (Håland 24 e.) fødd kring 1764, død 23/9 1793, gift 1791 med enkja etter 37, Astrid Gunnarsdotter. Henrik tok over bruket etter kona. Dei fekk tvillingar.

- a. Lise, f. 18/12 1791, g. m. Peder Larsen (Haugland 21 c.). Dei budde i Sirevåg og hadde ei dotter, Maren Elisabet, g. m. Lars Rasmusson (Hårr 68). (Sjå ellers Hårr 60.)
- b. Karen, f. 18/12 1791, g. 1821 m. Asbjørn Asbjørnson (Njærheim 85 b.).

46. Gitle Jonson (Reiestad 21 c.) fødd 1750, gift 1800 med enkja etter 45, Astrid Gunnarsdotter, død 29./5 1811. Gitle kjøpte dei 12 spand av styksonen, Elling Larsson, i 1800 for 195 rdl. Då mora var død løyste Elling bruket inn att av stykfaren i 1812, og Gitle skulle ha oppsett. Han døde truleg i 1825, barnlaus.

46B. Erik Rasmusson var son til Rasmus Pederson Stokkeland i Oгна og kona Malena Larsdtr., f. Bø. Han var brorson til 41 og fødd 1765, død 7/5 1849, gift 1) 1794 med Karen Jonsdtr. (41 a.) fødd 1771, død 17/3 1808, gift 2) 1809 med Marta Kirstina Jonsdtr. (41 d.) fødd 1780, død 4/12 1851. Dei var Erik sine søskenbarn. Erik Rasmusson byksla dei 12 spd. som Tjøl Einarson hadde brukt av Rasmus Isakson Skeie, som hadde arva same etter far sin, Isak Stavnheim. I 1834 kjøpte han bruket av Rasmus Isakson si dødsbu for 271 dalar. Erik Rasmusson var skysskaffar. Han hadde 4 barn i første gifte og 8 i andre:

- a. Erik, f. 1795, d. 1877, g. 1819 m. Sibilla Margreta Henriksdtr. Vatnemot.

Budde ei tid på Stokkeland, sidan på Vatnemot i Oгна.

- b. Serina, f. 1797, g. m. enk. Andreas Rasmus Litle Ege i Eigersund.
- c. Peder, f. 1800, g. m. Ranveig Bårdsdtr. (Haugstad 37 f.). Han budde på Stokkeland etter broren Erik.
- d. Margreta, f. 1803, g. 1) 20/10 1833 m. Edvard Matiasson Vatnemot, g. 2) 1848 m. Tolleiv Matiasson Vatnemot. Dei budde på Holmane under Vatnemot.
- e. Jon, f. 1809, død s. å.
- f. Jon Erikson Hårr, f. 1810 (61).
- g. Rasmus, f. 1812, død 7/11 s. å.
- h. Rasmus, f. 1813. Han kjøpte 4 1/2 spd. i Aniksdal av faren i 1848 for 50 spd., og åtte andre 13 1/2 spd. i Aniksdal.
- i. Karen, f. 1815, g. m. Peder Pederson (57).
- j. Lars, f. 1818 (sjå Voll 84).
- k. Elen Kirstina, f. 1820, g. m. Lars Hansson (Kvasheim 40).
- l. Martine, f. 28/12 1822, g. 19/6 1844 m. Rasmus Rasmusson Kvasheim.

47. Peder Pederson (38 a.) fødd kring 1766, død 16/12 1833. Gift 1791 med Anna Gunnarsdtr. (Stavnheim 27 b.) fødd 1771, død 28/2 1841. Peder byksla 1 pund av Rasmus Isakson Skeie etter faren kring 1795. Dei hadde visst 7 barn:

- a. Elen, f. 1793, død 1794.
- b. Elen, f. 1795, g. m. Gunnar Olson (Voll 73).
- c. Peder Pederson Hårr (57).
- d. Gunnar Hårr (56).
- e. Torsten, f. 1808 (sjå Voll 78).
- f. Jonas, f. 1811 (Vigrestad 37).
- g. Anna Johanna, f. 20/3 1815, g. m. Tjerand (Haugstad 45).

48. Rasmus Henrikson (43 d.) fødd 1787, død 21/12 1879, gift 4/4 1813 med Malena Larsdtr. (Kvasheim 30 b.) fødd 1789, død 5/12 1872, dotter til Lars Johannesson Kvasheim og kona Karen Rasmusdtr. Rasmus tok over dei 12 spd. etter faren i 1812. 7 barn:

- a. Henrik Hårr, f. 1813 (59).
- b. Anne Berte, f. 20/2 1816, g. 11/11 1846 m. enk. Olaus Ole-Johannesson Sirevåg.
- c. Karen Elisabet, f. 4/9 1819, g. 12/11 1839 m. Olaus Sirevåg (sjå b.).
- d. Rakel, f. 30/12 1821, g. 3/11 1841 m. enk. Gunnar Pederson Hårr (56).
- e. Serina, f. 4/9 1824, g. 12/11 1845 m. Eilef Svenson (58).

- f. Elen Maria, f. 8/8 1828.
- g. Lars Rasmusson Hårr, f. 1832 (68).

49. Hans Jonson (41 b.) fødd 1776, død 26/1 1863, gift 1) 7/6 1807 med Karen Kirstine Jakobsdtr. (Isaksdtr.?) Helvig, død kring 1812, gift 2) 1815 med Karen Olsdtr., fødd 1785, død 24/8 1856, dotter til Ola Johannesson Kvasheim og Berta Einarsdtr. Hans Jonson hadde butt på Sirevåg og Kvasheim til kring 1816, men hadde fenge skjøte på halve farsgården på Hårr, 12 spand, i 1812. 2 barn i første gifte og 5 i andre:

- a. Elen, f. på Kvasheim 1808.
- b. Rasmus, f. på Kvasheim 1810, død 1811.
- c. Berta Serina, f. på Kvasheim 2/4 1816, g. 31/3 1842 m. Rasmus Pederson Stangeland i Stavanger.
- d. Jon Hansson Hårr, f. 1818 (67).
- e. Karen Elisabet, f. 1821, g. m. Peder Tjølsen (Håland 51 b.).
- f. Ola, f. 26/12 1825, død på Hårr 3/4 1907, ugift.
- g. Hans Peter, f. 31/8 1831, kjøpte 4 1/2 spd. i Aniksdal av faren i 1858 for 50 dalar, gift 26/5 1862 m. Marta Kirstina Andersdtr. Litle Ege i Eigersund. Hans Peter Hårr flutte seinare til Stavanger, der han var byggmeister. Ei dotter, Karen Berte, f. i Haa 24/4 1863, var g. m. styrmann Tollak Pederson Nygård, Sirevåg, som budde i Stavanger. Ein son var kjøpmann Hans Haarr som døde i Stavanger 96 1/2 år gammal.

50. Jon Jonson (41 j.) fødd 1794, død 15/5 1880, gift i Klepp 17/10 1820 med Berta Jonsdotter, fødd 21/4 1793, død 22/10 1875, dotter til lensmann Jon Gabrielson Skeie og kona Malena Tolleivsdtr., f. Madland (sjå der 14 a.). Jon kjøpte dei andre 12 spand av faren i 1812. I 1817, 24 år gammal, vart han lensmann i Valle skibr. etter faren, og stod i embedet til han døde, mest 65 år. Dei hadde 7 barn:

- a. Jon Hårr, f. 1822 (66).
- b. Anne Margreta, f. 16/11 1823, g. 1841 m. Hans Jonson Øvre Åse i Klepp.
- c. Malena, f. 15/5 1826, g. 17/10 1843 m. los Hans Asbjørnson Skeie, Klepp.
- d. Grete, f. 15/6 1828, g. m. Ola-Asbjørn Josefson (Ånestad 76).
- e. Jonas, f. 16/7 1830.
- f. Johanna, f. 18/8 1831, død 31/12 1833.
- g. Johanna, f. 2/9 1835, g. 1855 m. Kornelius Asbjørnson Skeie. Budde på Kvalbein i Ognå.

51. Sven Eilefson Nygård (son til Eilef Olson Re i Time og andre kona Ingeborg Svensdtr.). Han varjødde 1772, kanskje død i 1825. Gift 1807 med Berit Tjølsdtr. (Hårr 42 b.) fødd 1780, død 5/9 1841. Sven var husmann på Nygård (Vågen?). Dei hadde 8 barn:

- a. Tjøll, f. 1808 (sjå N-Tjemsland 32).
- b. Ingeborg, f. 1810, død som fattiglem 1/3 1863.
- c. Eilev Hårr, f. 1811 (58).
- d. Anna Maria, f. 1812, død 1813.
- e. Anna Maria, f. 1814, død på Hårr 23/2 1904, ugift.
- f. Rasmus, f. 1816, død 14/10 1893, ugift.
- g. Einar, f. 1817 (sjå Årslund 33).
- h. Sven, f. 1820, død s. å.

52. Elling Tollakson Tuen (Aniksdal 43 d.) fødd 1782, død som fattiglem på Hårr 26/11 1845, gift 3/1 1819 med Guri Jakobsdotter Hårr, f. 1790 (sjå Voll under 25 b.). Elling budde som husmann på Hårr, truleg same plassen som vermora, Guri Ellingsdtr., hadde butt på. Guri Jakobsdtr. døde på Fuglestad i Ognå 26/7 1874. Dei hadde 7 barn:

- a. Karen Gurina, f. 6/11 1818, g. 21/8 1843 m. Jens Jensson Laksesvela i Stavanger. Reist til Søgne i 1854.
- b. Tolleiv, f. 1/9 1821, død s. å.
- c. Tolleiv, f. 25/12 1822, g. 1852 m. Serina Svensdtr. (Stavnheim under 36). Budde på Stokka i Hetland.
- d. Elen Kirstina, f. 9/8 1826, g. 1853 m. Andreas Antoniusson Kvalbein.
- e. Gabriel, f. 19/1 1830.
- f. Margreta, f. 1835, død s. å.
- g. Mathias, f. 16/2 1837, død som fattiglem på Håland 29/3 1877, ugift.

53. Ola Rasmusson Helvig, son til Rasmus Pederson Marn på Helvig i Eigersund og kona Anna Malena Mathiasdtr. Han var fødd i 1794, død på Hårr 15/1 1864, gift 16/11 1817 med Sissel Henriksdotter (43 c.) fødd 1785, død på Hårr 13/6 1877. Ola Rasmusson budde som husmann på Hårr. 2 barn:

- a. Anne Berte, f. 9/3 1824, g. i Eigersund 16/11 1848 m. Peder Svenson Ves-hovd.
- b. Anna Malena, f. 18/10 1826, g. i Eigersund 25/5 1848 m. Omund Olson Aase, 33 år.

54. Elling Larsson (37 b.) fødd kring 1775, død 22/1 1856. Dei fann han død millom garden og kverna. Han var gift 28/2 1812

med Sissel Tjølsdotter, fødd 1777, død 25/7 1847, dotter til Tjøl Gunnarson Kvasheim og Berit Einarsdr. Elling Larsson fekk skjøte på dei 12 spd. av stykfaren Gitle Jonson i 1812, og gav både han og broren, Gunnar, oppsett. Dei hadde ikkje barn, men tok til seg halvsøstera Lise Henriksdr. sin son, Peder Pederson, som fekk garden.

55. Ola Olson (44 e.) fødd 1799, død 7/6 1880, gift 14/11 1822 med Berta Karina Eliasdatter (Husveg 32 c.) fødd 13/12 1801, død 8/7 1846, gift 2) 13/12 1848 med enkja etter Ola Nilson Gjertholen (Voll 76), Magdalena Eriksdr., død 22/3 1882. Ola Olson tok over dei 12 spand etter faren. I 1832 selde han ein åttandepart i den såkalla Sortemyr til Mikkel Mikkelson Madland for 20 spd. Ved skifte etter den første kona i 1849 vart garden utlagd til enkjemannen for 350 dalar. Han hadde 8 barn i første gifte:

- a. Ola Olson Hårr, f. 1824 (63).
- b. Dorthea Kristine, f. 17/1 1826, g. 31/10 1850 m. Elling Gunnarson (64).
- c. Berta, f. 23/10 1828, g. 22/3 1855 m. Andreas Pederson (Reiestad 36).
- d. Elen, f. 13/9 1831, død 26/7 1834.
- e. Elias, f. 30/11 1834.
- f. Rakel, f. 20/12 1837, g. i Stavanger 1/5 1881 m. enk. Sivert Jonson Stumo frå Fjelberg, Rakel død på Hårr 13/10 1884. Ho hadde ei dotter ue.: Elen Sørensdtr. Krag, f. 12/11 1861, faren var skreddar Søren Leganger Krag.
- g. Olina, f. 1/10 1840; g. 30/6 1865 m. Jon Erikson (Hårr 61), g. 2) 13/11 1879 m. Jonas Jonasson (Vigrestad 37 d.).
- h. Serina, f. 7/4 1843, død 6/6 1896, ugift.

56. Gunnar Pederson (47 d.) fødd 28/3 1802, død 18/5 1875, gift 6/11 1834 med Anna Torstensdotter (Ånestad 58 c.) fødd 16/6 1806, død 3/6 1838, gift 2) 3/11 1841 med Rakel Rasmusdotter (Hårr 48 d.) fødd 30/12 1821, død 9/6 1912. Gunnar byksla 12 spand av Rasmus Isakson Skeie etter faren i 1833, med skjøte frå Rasmus Skeie si dødsbu i 1834. Han hadde 2 barn i første gifte og 9 i andre:

- a. Anna, f. 30/12 1835, g. 1) 1870 m. Jonas Johannesson Sandve (S-Tjemsland 53), g. 2) 1878 m. Jonas Pederson (Efjestad 57).
- b. Grete, f. 24/8 1837, død 27/3 1842.
- c. Peder Hårr, f. 1842 (71).

- d. Anna Gurina, f. 7/9 1844, død 11/3 1870, ugift.
- e. Rasmus, f. 17/11 1847, død 23/3 1849.
- f. Malena, f. 20/4 1850, død 20/7 1852.
- g. Malena, f. 5/10 1852, g. 22/11 1883 m. Ole Andreas (Valdeland 17).
- h. Gunnar, f. 12/1 1857, drukna på makrellfiske 15/6 1875.
- i. Rasmus, f. 1859, død s. å.
- j. Anna Elisabet, f. 14/12 1860, død 1/5 1862.
- k. Anna Regina, f. 14/7 1865.

57. Peder Pederson (47 c.) var bror til 56. Han var fødd 1799, død 26/11 1850, gift 1) 22/3 1835 med Margretha Rasmusdr., fødd 10/6 1804, død 23/5 1835, 2 månader etter bryllaupet, dotter til Rasmus Rasmusson Kvasheim og Malena Olsdr., gift 2) 2/6 1835 med Karen Eriksdr. (Hårr 46 i.) fødd 17/9 1815, død 15/11 1885. Peder fekk skjøte på dei andre 12 spand frå Rasmus Skeie si dødsbu i 1834 for 150 dalar. 4 barn:

- a. Anna Margreta, f. 17/6 1837, g. 25/3 1858 m. Jon Hanson (67).
- b. Marta, f. 26/4 1840 (Marta Kirstina?), død 2/6 1900, ugift. Ho hadde følge hjå Peter Laurits Hårr.
- c. Peder Hårr, f. 1843 (62).
- d. Elen, f. 4/1 1849, død 30/3 1852.

58. Eilev Svenson Nygård (51 c.) fødd 12/9 1811, død 24/4 1896, gift 12/11 1845 med Serina Rasmusdr. (48 e.) fødd 4/9 1824, død 12/2 1904. Eilev byksla plassen Nygård av oppsitjarane på Hårr i 1843 etter faren. Han var los. I 1840 byksla han eit engstykke, Rubakken, tett ved sjøen, av Sivert Rasmusson og Jonas Jonson Husveg. Han hadde 9 barn:

- a. Berta Karina, f. 27/2 1847, g. 17/4 1879 m. enk. Peder Svenson (Rugland 40).
- b. Malena, f. 25/5 1848, g. i Stavanger 24/5 1870 m. bygningsmann Ola Gitleson (Njærheim 105 b.).
- c. Sille, f. 29/8 1849, g. 5/4 1883 m. Ole Gabriel Olson Øksnevad (sjå Næsheim, Nærbø 111).
- d. Rakel, f. 5/8 1851, g. 5/4 1872 m. Mons Toreson (69).
- e. Inger Serina, f. 21/10 1853, g. 12/4 1877 m. Lars Pederson Herigstad 64).
- f. Edvard Hårr, f. 1859 (77).
- g. Anna Margreta, f. 30/3 1861, g. m. Ola Hansson (Lerbrek 38).
- h. Sven Eilevson Hårr (76).

- i. Anne Bertine, f. 1/3 1866, g. 14/11 1890 m. Jon Hansson Kvasheim.
59. Henrik Rasmusson (48 a.) fødd 1/10 1813, død 17/2 1903, gift 11/11 1847 med Berta Malena Rasmusdotter, fødd 21/8 1816, død 27/3 1872, dotter til Rasmus Rasmusson Kvasheim og Malena Olsdr. Henrik kjøpte dei 12 spd., bnr. 1, av faren i 1847 for 200 dalar + folge. Dei hadde 5 barn:
- Malena, f. 15/10 1848, g. m. Peder Pederson (70).
 - Mathea, f. 23/8 1850, død 11/4 1913, ugift.
 - Rasmus, f. 4/4 1853 (sjå S-Tjemsland 57).
 - Reinert, f. 26/9 1855, var sjømann.
 - Henrik Olai, f. 20/10 1858, g. 19/1 1878 m. Hanne Hansdr. Eie i Eigersund. Han var kjøpmann i Stavanger. Eit barn døypt i Varhaug: 1. Berta Malena, f. 14/4 1879. Ein son var: 2. Elvin Hårr, var handelsreisande og busett i Oslo.
60. Peder Pederson d. y. fødd 15/5 1822, død 3/6 1893, gift 17/11 1847 med Tabitta Eriksdr. (Ånestad 66 c.) fødd 5/10 1825, død 15/5 1886. Peder Pederson (Lise-Per) vaks opp hjå morbroren Elling Larsson, og fekk skjøte på 12 spd., bnr. 6, i 1846 for 200 dalar + folge. Han var los. Dei hadde 10 barn:
- Sissel, f. 24/5 1849, g. 12/11 1874 m. Peder Gunnarson (71).
 - Elling, f. 26/7 1851, død 3/8 s. å.
 - Elling Hårr, f. 1852 (75).
 - Elisabet, f. 18/8 1855, g. m. Peter Laurits Larsson (72).
 - Berta Kirstina, f. 10/1 1858, g. m. Jon Jonson (79).
 - Tabitta, f. 12/5 1860, død 14/5 1863.
 - Anne Henrikke, f. 20/10 1862, g. m. Jonas E. (Rugland 43).
 - Erik, f. 13/4 1865 (sjå Mæland 38).
 - Tabitta, f. 28/7 1869, død 20/11 s. å.
 - Peder Hårr, f. 1874 (81).
61. Jon Erikson (46B. f.) fødd 4/6 1810, død 3/5 1877, gift 30/6 1865 med Olina Olsdr. (55 g.) fødd 1/10 1840. Jon Erikson kjøpte 12 spd., bnr. 13, av faren i 1844 for 281 dalar -f- folge. Han var skysskaffer. 3 barn:
- Erik Jonson Hårr, f. 1866 (73).
 - Marta Kirstina, f. 5/9 1869, død 18/7 1872.
 - Martin Hårr, f. 1873 (78).
62. Peder Pederson (57 c.) fødd 12/9 1843, død 5/2 1877, ugift. Han var tilskreven bruket, 12 spand, bnr. 10, av faren si dødsbu i 1852 for 400 dalar.
63. Ola Olson (55 a.) fødd 2/4 1824, død 29/4 1862, gift 25/11 1853 med Kirsten Malena Ellingsdr. (Madland 19 b.) fødd 25/11 1825, død på Gudmestad 12/4 1901. Ola var los og budde på Hårr, men han brukte visst ikkje farsgarden. 2 barn:
- Berta Karina (Kaja), f. 9/7 1856, g. 22/6 1876 m. Bertinius Gunderson Kverme (Gudmestad 46).
 - Mathea, f. 17/5 1859, g. 13/3 1888 m. Omund Olson (Høyland i Nærbø 152).
64. Elling Gunnarson (Rugland 25 c.) fødd 1/6 1825, død 9/3 1872, gift 31/10 1850 med Dorthea Kristine Olsdotter (55 b.) fødd 17/1 1826, død 3/6 1867. Elling kjøpte dei 12 spand av verfare, bnr. 4, i 1850 for 350 dalar -T folge. I 1864 selde han 2 1/2 spd. til Jon Jonson for 465 dalar. 6 barn:
- Berta Karina, f. 13/6 1851, g. 3/10 1872 m. Kristian Klausson Stavnheim (Voll 100).
 - Ola Ellingson, f. 25/12 1853.
 - Gunnar, f. 27/3 1856, død 22/8 s. å.
 - Gunnar, f. 16/3 1858, reist til Stavanger i 1873.
 - Anne Berte, f. 12/4 1861, død 8/1 1921, ugift, var skreddar.
 - Olaf, f. 12/9 1864, død i Stavanger 2/9 1950, g. m. Elise. Han var konditor i Stavanger.
65. Lars Jonson (41 n.) var bror til nr. 50, fødd 13/1 1807, død 8/12 1878, gift 1/4 1852 med enkja etter 57, Karen Eriksdr., død 15/11 1885. Han må ha løyst inn bnr. 10 av styksonen (62). Han var los og hadde ein son:
- Peter Laurits Hårr, f. 1852 (72).
66. Jon Jonson (50 a.) fødd 30/1 1822, død 3/5 1893, gift 7/11 1855 med Malena Sivertsdotter, fødd i Klepp 16/3 1833, død 6/3 1871, dotter til Sivert Rasmusson Vig og Sille Maria Jonsdr., f. Skeie. I 1864 kjøpte han 2 1/2 spand av Elling Gunnarson (64) og i 1867 tok han over faren sine 12 spand, bnr. 9, for 600 dalar -f folge. Jon Jonson var konstituert lensmann 1864 til 1881, og var den siste lensmann på Hårr. Dei hadde 7 barn:
- Berta, f. 11/10 1856, død 27/8 1885.
 - Sille Maria, f. 21/1 1859, død 21/9 s. å.
 - Jon Hårr, f. 1860 (79).

- d. Sivert, f. 30/3 1863, budde hjå broren og var fiskar. Han var ugift. Sivert åtte ein part av garden, bnr. 19, som seinare vart selt til Ola Gunnarson Voll (88).
- e. Sille Maria, f. 28/10 1865, g. m. Ingebreret (Madland 26).
- f. Martin, f. 22/4 1868, død 24/4 1869.
- g. Malena, f. 20/2 1871, død 10/2 1872.

67. Jon Hansson (49 d.) fødd 27/11 1818, død 22/6 1895, gift 23/3 1858 med Anne Margreta Pedersdtr. (57 a.) fødd 17/6 1837, død 8/7 1895. Han kjøpte 12 spand, bnr. 8, av faren i 1854 for 250 dalar. Dei fekk 7 barn[†]

- a. Hans, f. 3/5 1859, død 2/9 s. å.
- b. Karen Berte, f. 14/9 1860, g. m. enk. Peder Reime (sjå Stavnheim 51).
- c. Hans, f. 22/2 1863, død 11/4 1869.
- d. Peder Jonson Hårr, f. 1865 (80).
- e. Erik, f. 29/1 1868, død 17/1 1869.
- f. Karen, f. 25/10 1869, død 6/6 1870.
- g. Hans, f. 27/3 1872, g. i Stavanger 2/12 1899 m. Inga Maria Tobiasdtr. Hove, f. 29/6 1877, busett i Stavanger.

68. Lars Rasmusson (48 g.) fødd 6/1 1832, død 16/2 1899, gift 21/10 1863 med Maren Elisabet Pedersdotter, fødd i Ognå 7/7 1832, død 14/12 1914, dotter til Peder Larsson Sirevåg, f. Haugland i Varhaug og Lise Henriksdtr. (Hårr 45 a.). Lars Rasmusson kjøpte ein part av Gunnar Pederson (56) og ein part av Henrik Rasmusson (59) i 1873, Hårrskeia eller Hårr østre, bnr. 13. Dei hadde 6 barn:

- a. Lisa, f. 19/5 1864, død 6/7 1890.
- b. Malena, f. 20/3 1866, død 21/5 1873.
- c. Rakel, f. 3/2 1869, død 21/8 1886.
- d. Anne Henrikke, f. 17/12 1870, g. m. Martin Jonson (78).
- e. Per, f. 31/3 1873, død 13/2 1893.
- f. Malena, f. 14/1 1876, død 14/5 s. å.

69. Mons Toreson (Høyland, Nærbø 91 c.) fødd 22/10 1834, død 16/1 1916, gift 5/4 1872 med Rakel Eilevsdotter (58 d.) fødd 5/8 1851, død 22/2 1945. Ola Ellingson Hårr (64 b.) døde i 1875, og same året kjøpte Mons Toreson den parten, bnr. 4, på auksjon for 3204 kroner + følge til Ola Olson og kona (55) og Anna Berte Ellingsdtr. (64 e.). Mons var skulemeistar (sjå Haugstad 52). Dei hadde 9 barn:

- a. Tomas, f. 1872 (Efjestad 60).
- b. Eilef, f. 1875 (Mæland 42).
- c. Anna Kirstina, f. 28/12 1877, død 15/1 1945, g. 23/10 1898 m. Peder Pederson Malmeim, Raugstad i Høyland.

- d. Mons, f. 9/5 1880, død 17/7 1881.
- e. Serina, f. 2/4 1882, g. 24/1 1902 m. Arne Larsson Løge (sjå Stavnheim 58).
- f. Mons, f. 12/10 1884, død 6/6 1923, ugift.
- g. Rakel, f. 23/7 1887.
- h. Jon, f. 23/7 1890, død 19/5 1948, var ugift og brukte farsgarden til han døde.
- i. Magnus, f. 22/7 1893, død 3/10 1950, g. 14/7 1917 m. Tabitta Pedersdtr. (Hårr 81 a.). Han var baneformann på Ganddal.

70. Peder Pederson Odland (Odland 44 f.) fødd 25/4 1834, død 11/9 1911, gift 6/11 1873 med Malena Henriksdtr. (59 a.) fødd 15/10 1848, død 2/12 1899. Peder Odland kjøpte bnr. 1 av verfare i 1873 for 600 dalar + følge til selgjaren og dotter hans Mathea. Dei var barnlause, og Peder Hårr (81) kjøpte bruket.

71. Peder Gunnarson (56 c.) fødd 21/11 1842, død 1/3 1918, gift 12/11 1874 med Sissel Pedersdotter (60 a.) fødd 24/5 1849, død 11/4 1922. Han tok over bnr. 11 etter faren i 1874 for 500 dalar -f følge. Dei hadde 10 barn:

- a. Gunnar, f. 6/8 1875, død 29/7 1897.
- b. Peder, f. 25/11 1876 (84).
- c. Rakel, f. 19/3 1878, død 12/5 1897.
- d. Palle Gunnerius Hårr, f. 1880 (85).
- e. Adolf, f. 9/7 1883, død 23/5 1913.
- f. Sigvard Mandius, f. 19/7 1883, død 22/11 1911.
- g. Tobias, f. 5/1 1882, var busett i Canada.
- h. Tabitta, f. 14/12 1887, død 8/8 1963, ugift.
- i. Sissel, f. 11/2 1891, død 12/2 s. å.
- j. Anne Henrikke, f. 21/4 1892, død 6/7 1959, ugift.

72. Peter Laurits Larsson (65 a.) fødd 10/9 1852, død 28/2 1943, gift 28/3 1878 med Elisabet Pedersdtr. (60 d.) fødd 18/8 1855, død 29/1 1929. Peter Laurits fekk skjøte på bnr. 10, 8/3 1878, frå Peder Pederson (57) sine arvingar for 3000 kroner + følge til foreldrene og halvsystema, Marta Kirstina (57 b.). Barna deira var:

- a. Lars Hårr, f. 1879 (83).
- b. Karen Petrea, f. 3/7 1881, g. m. Andreas A. (Stavnheim 55).
- e. Peder, f. 10/1 1884, g. m. Ingrid Tollefsdtr. Gjedrem. Var politi i Stavanger.
- d. Tabitta, f. 20/11 1886, død 7/10 1890.
- e. Tabitta, f. 19/7 1891, g. m. Nils E. (Årslund 45).
- f. Anne Henrikke, f. 28/2 1894.

- g. Marta Kirstina, f. 27/7 1896, død 1/8 1912.
- h. Elisa, f. 15/9 1898, g. m. Ola K. Sikveland (Voll 112 c.).
73. Erik Jonson (61 a.) fødd 29/5 1866, død 1938. Han fekk skjøte på bnr. 13 for 1600 kroner i 1880, etter kjøpekontrakt med faren av 1/5 1877. Han skulle gi mora og stykfaren oppsett. Truleg var det bnr. 7 som faren brukte og etter han stykfaren (74).
74. Jonas Jonasson Vigrestad (Vigrestad 37 d.) fødd 5/4 1848, død 9/8 1906, gift 15/11 1879 med enkja etter 61, Olina Qlsdtr. Det er sagt, at Jonas var sjømann, men han står som brukar av bnr. 7 i 1900, og så bur styksonen, Erik Jonson (73), hjå han og er ugift. Jonas brukte bnr. 7, som han vel hadde løynt inn av 73. I 1906 står dottera, Josefine, som eigar. Dei hadde 2 barn:
- a. Johanna, f. 8/6 1880, død 26/4 1893.
- b. Josefine, f. 15/1 1883, g. m. Jonas Jonasson (Årsland 36 c.).
75. Elling Pederson (60 b.) fødd 1/12 1852, død 10/2 1941, gift 30/10 1884 med Guri O. A. (Ånestad 76 e.) fødd 21/11 1859, død 26/2 1911. Elling tok over bnr. 6 etter faren. Han var los. Dei hadde 10 barn:
- a. Peder, f. 8/5 1886, død 30/7 s. å.
- b. Tabitta, f. 28/7 1887, g. m. Abraham J. (Årsland 41).
- c. Grete, f. 14/9 1889, død 17/10 1909.
- d. Peder (Per) Hårr, f. 1891 (87).
- e. Ole Asbjørn, f. 27/9 1893, død 16/10 1895.
- f. Akseliana, f. 14/10 1895, død 16/9 1949.
- g. Anne Henrikke, f. 17/6 1897, død 27/9 s. å.
- h. Elling, f. 15/7 1899, g. 16/6 1928 m. Anna O. Sikveland (Voll 116 d.). Bonde i Sandar, Vestfold.
- i. Guri, f. 24/6 1904, g. 27/6 1931 m. Olaf O. Sikveland (Voll 116 a.).
- j. Asbjørn, f. 4/9 1906, død 29/3 1907.
76. Sven Eilefson (58 h.) fødd 5/9 1863, død desember 1933, gift 29/11 1895 med Bergitte Olsdotter (Lerbrek 31 d.) fødd 29/9 1863, død 25/9 1954. Sven var banevaktar på Vigrestad og budde på Lagård av Voll, bnr. 26. Deira barn:
- a. Serina, f. 1/3 1896, død 28/4 1897.
- b. Edvard Severin, f. 9/2 1898, busett i Canada.
- c. Serina, f. 21/1 1900, g. 16/8 1919 m. Gunvald Johannesson Nygård (Kverme), f. 1895. Har vore handelsstyrar på Tau.
- d. Olaf, f. 8/5 1902, g. 14/12 1929 m. Teresia Rasmusdtr. (Høyland, Nærbø 169 c.). Bakar i Randaberg.
- e. Bjarne Hårr, f. 27/5 1903, g. 3/2 1928 m. Klara Pauline Toresdtr. (Høyland, Nærbø 171 c.).
- f. Borghild, f. 9/5 1905, g. 18/9 1926 m. Oluf Sunde, f. 10/12 1902, busett på Tau.
- g. Sverre, f. 23/8 1907, g. m. Edvarda Isak-Tobiasdtr. Nygård, f. i Ogna 1910. Busett på Vigrestad.
77. Edvard Eilefson (58 f.) bror til 76, fødd 8/4 1859. Edvard løynt inn Nygård av dei Hårr i 1894 og budde der sidan til han døde 26/5 1951. Han var ugift, men hadde hjå seg søstera Sille og dei 3 barna hennar, Ole, Eilef og Sem (sjå Næsheim Til). Ole tok seinare over bruket (86).
78. Martin Jonson (61 c.) fødd 20/4 1873, død 1/3 1945, gift 19/10 1893 med Anne Henrikke Larsdtr. (68 d.) fødd 17/12 1870, død 1939. Martin tok over bnr. 13 etter verfaren. Dei hadde 11 barn:
- a. Olina, f. 30/6 1894, g. 14/2 1914 m. Torger Erikson Fuglestad, f. i Ogna 1890.
- b. Maren Elisabet, f. 5/6 1896, død 24/8 1915.
- c. Marta Kirstina, f. 28/5 1898, død i Canada 31/3 1959, g. m. Asbjørn Rasmusson (Auestad 49 a.).
- d. Lise, f. 28/5 1898, død 1938.
- e. Judith, f. 15/6 1900, g. m. Jonas Larsen (Voll 119 a.).
- f. Lina, f. 14/4 1903, død 21/5 1920.
- g. Jon M. Hårr (93).
- h. Lars, f. 15/3 1907, busett i Amerika, var eigar av bnr. 7.
- i. Helga, f. 24/10 1909, død 1927.
- j. Ragnhild, f. 25/11 1911, død 11/5 1920.
- k. Mary, f. 2/12 1912, reist til Amerika.
79. Jon Jonson (66 c.) fødd 18/4 1860, død 28/11 1921, gift 25/10 1883 med Berta Kirstina Pedersdtr. (60 e.) fødd 10/1 1858, død 1935. Jon Jonson tok over bnr. 9 etter faren. Dei var barnlause, og bruket vart selt til Einar Bjelland frå Gjesdal, seinare busett på Austrått i Høyland. Han selde Hårr til Svein Lode (92).
80. Peder Jonson (67 d.) fødd 23/9 1865,

død 27/10 1940, gift 1902 med Inger Gurine Eliasdotter, fødd i Ognå 7/12 1879, død 26/6 1967, dotter til Elias Olson Fuglestad (Kirkeneset) i Ognå og Valborg Olsdtr. Gravdal. Peder tok over farsgården bnr. 8, i 1895. Ei adoptivdotter, Ingrid Hårr, f. 29/8 1906, g. m. Arne Ragnvald Ueland (Hårr 96).

81. Peder Pederson (60 j.) fødd 25/2 1874, død 21/2 1955, gift 4/7 1895 med Gjertrud Jonasdotter (Voll 96 d.) fødd 28/12 1870, død 1/1 1950. Peder kjøpte bnr. 1 av Peder Odland (70) kring 1900. Dette bruket vart seinare selt til Anders Friestad, etterpå til Ole Kvasheim, og så til Einar Rimestad (sjå 95). Peder og Gjertrud fekk 11 barn:

- a. Tabitta, f. 10/8 1895, g. 14/7 1917 m. Magnus Monsson (Hårr 69 i.).
- b. Peder, f. 27/1 1897, g. m. Anna Stavnheim (Stavnheim 67).
- c. Jonas, f. 5/9 1898, reist til Amerika.
- d. Ingeborg Margreta, f. 27/12 1899.
- e. Arne, f. 18/5 1902, til Amerika.
- f. Gjertrud, f. 23/3 1904, død 19/12 1923.
- g. Paul, f. 22/1 1906, g. 1932 m. Ingeborg Dovland, bur på Evje og er tømmermann.
- h. Jon, f. 12/9 1907, død 27/1 1923.
- i. Pauline, f. 4/6 1910, død 19/1 1939, g. 16/1 1932 m. Anders Andersson Friestad, Ognå.
- j. Jenny Kristine, f. 2/2 1913, død 3/6 1920.
- k. Elen, f. 28/1 1915, sjukesyster i Tønsberg.

82. Josefine Jonasdotter (74 b.) fødd 15/1 1883, død 3/11 1968, gift 30/3 1917 med Jonas Jonasson Årsland. Josefine stod som eigar av bnr. 7 i 1906. Martin Jonson (78) tok over denne parten seinare.

83. Lars Peter-Lauritsson (72 a.) fødd 18/6 1879, død 11/1 1928, gift 16/11 1907 med Marta K. Sikveland (Voll 112 a.) fødd 27/9 1884, død 6/2 1910. Han brukte farsgården, bnr. 10. 2 barn:

- a. Elisa, f. 8/11 1908, g. 1941 m. Erling Aksnes (Voll 200).
- b. Laurits Martin Hårr, f. 1910 (89).

84. Peder Pederson (71 b.) fødd 25/11 1876, død 1961, ugift. Han brukte farsgården, bnr. 11. I 1909 fekk broren, Palle Gunnerius, ein part, bnr. 16 og 18. I 1948 tok brorsonen, Gunnar Palleson, over bnr. 11, etter farbroren.

85. Palle Gunnerius Pederson (71 d.) bror til 84, fødd 2/7 1880, død 27/12 1960, gift 20/11 1909 med Guri K. Sikveland (Voll 112 b.) fødd 4/6 1884. Palle Hårr var fleire vender i Amerika i ungdomen, der han hadde farm. I 1909 tok han over ein part av farsgården av broren Peder, bnr. 16 og 18. Dei hadde 9 barn:

- a. Sigrid, f. 7/7 1910, g. m. Gabriel L. (Stavnheim 46 h.).
- b. Per Hårr, f. 1912 (98).
- c. Ketil, f. 31/5 1914, i Amerika.
- d. Marta Hårr, f. 12/5 1916, er organist i Varhaug kyrkja.
- e. Gudrun, f. 6/12 1917, g. m. Jan Zahl på Opstad, f. 1911.
- f. Randi, f. 5/3 1921, g. 1950 m. Jonas T. (Vigrestad 79).
- g. Gunnar Hårr, f. 1924 (99).
- h. Paul Gerhard, f. 30/4 1926, g. 1) m. Ragna Larsen, død 30/9 1957, g. 2) 1958 m. Karen Lauritsdtr. Ulland. Han er misjonsprest.
- i. Aage Toralf, f. 11/7 1929, g. 22/6 1963 m. Anna Kjersti Sikveland (Voll 175 c.). Var lærar i Varhaug, nå i Madla.

86. Ole Olson, son til Ole Gabriel Olson Øksnevad og Sille Eilefsdtr. (Hårr 58 c.). Han var fødd på Næsheim i Nærbø 22/6 1883, død (1951), gift 23/11 1918 med Ingeborg Gunnarsdotter (Voll 114 b.) fødd 5/8 1894, død 1932. Ole Olson tok over bruket etter morbroren Edvard Hårr (77) i 1920. Dei hadde 3 barn:

- a. Serina, f. 14/3 1919, g. 1939 m. Jakob Jonasson Stavnheim (Voll 196).
- b. Edvard, f. 25/7 1920, død 28/6 1955. Han var handelsmann på Vigrestad.
- c. Jessi, f. 1922, død s. å.

87. Per Ellingson (75 d.) fødd 13/10 1891, gift 1920 med Karen Teodora Jonasdotter, fødd i Ognå 14/5 1898, dotter til Jonas Enokson Fuglestad og Karen Berntsdtr. Gjermestad. Per Ellingson tok over bnr. 6 etter faren i 1923. Han har hatt mange kommunale ombod. Barn:

- a. Elling Hårr, f. 4/4 1921 (100).
- b. Guri, f. 8/10 1922, g. 1949 m. Karl Kristianson Friestad, Ognå, på Bø i Nærbø.
- c. Jonas, f. 28/6 1924, død 1944.
- d. Kåre, f. 11/5 1927, g. 1951 m. Gerd Lund (Voll 181 d.).

88. Ole Gunnarson Voll (Voll 114 a.) fødd 10/10 1892, gift med Maria Hovland, fødd i Eigersund 15/6 1892. Ho var hjå Jon

99. Oskar G. Rosland, son til Garmann og Berta Rosland, fødd i Time 2/3 1914, gift 1944 med Karen Elise Olsdotter Vigrestad, fødd 1/4 1921, dotter til Ole Reinertson og Taletta Simonsdtr., f. Herigstad (sjå Vigre-stad 45 g.). Bur på bnr. 92, frå 1949. Barn:
- Garmann, f. 22/12 1944.
 - Brit, f. 1947, g. 1967 m. Reidar Ras-musson (Voll 153 e.).
100. Gunleiv P. Ødegård (N-Halleland 51 h.) fødd 28/2 1922, gift 1948 med Mathea Kristiansdotter, fødd i Ognå 22/1 1927, dotter til Kristian Olson Friestad og Kristina Gabrielsdotter (Haugstad 56 d.). Snikker på Vigrestad, bnr. 93 Vonheim. Barn:
- Karin, f. 17/10 1949.
 - Kitt Helene, f. 10/2 1956.
 - Brit Kristin, f. 18/2 1967.
101. Agnar Sør-Reime (Haugland 40 h.) fødd 3/8 1927, gift 1952 med Borgny (Voll 183 a.) fødd 3/11 1931. Han er banevoktar på Vigrestad, bnr. 96 Sørheim, frå 1952. Barn:
- Ernst, f. 19/7 1954.
 - Ingvar, f. 15/7 1956.
 - Arvid, f. 21/2 1960.
 - Birger, f. 16/7 1962.
102. Odd Friestad, son til Jon og Lisa Friestad, fødd i Time 31/7 1926, gift med Gerda Konstanse Larsen, fødd 27/6 1930, dotter til Hans og Teodora Larsen. Han er bygningsmann på Vigrestad, bnr. 100 Friestad. Han bygde seinare hus i Sirevåg og flytta dertil. Postopnar Olav Ingemann Thue, fødd 22/2 1906, eig nå bnr. 100. Han er gift med Birgit, fødd 1/9 1911. Odd og Gerd Friestad hadde ei dotter.
- Turid Helene, f. 26/9 1949.
103. Lars R. Ødegård (Vigrestad 63 c.) fødd 11/3 1915, gift 1947 med Helga Nordbø, fødd i Skjold 22/5 1925, dotter til Tommas og Borgny Nordbø. Han er sjåfør på Vigrestad, bnr. 102, frå 1938.
104. Harry Arthur Nilsen, fødd i Fevik 16/4 1923, son til Hans Andreas og Jakobine Nilsen. Gift med Astrid Synnøve Åsen, fødd i Askim 20/2 1922, dotter til Olai Hildus og Olga Johanna Aasen. Han er møbel-tapetserer på Vigrestad, bnr. 106 Husly. Barn:
- Karin, f. 30/7 1947, g. 1968 m. Arne Tobiasson Ueland.
 - Grete, f. 22/1 1949.
 - Borgny, f. 12/10 1954.
 - Harry, f. 20/8 1961.
105. Olav Rasmusson (53 d.) fødd 22/6 1904, gift 1937 med Mathilde Larsdotter (Haugland 35 a.), bnr. 36, frå 1935. Ei adoptivdotter:
- Mildrid, f. 9/5 1939, g. 1957 m. Torfinn Nikolai Gåsland, f. 17/5 1934.
106. Olav Olson Flåten (59 c.) fødd 15/11 1914. Han tok over bnr. 19 etter faren i 1956.
107. Gabriel Pederson Refsland fødd 28/3 1877, død 1963, son til Peder Jeremiasson Ægren (Refsland 14). Gabriel var slaktar og hadde slaktehus på Vigrestad stasjon, Voll. Kjøpte seinare bnr. 46, fråseltd bnr. 6, og dreiv også her slakting i mindre målestokk. Selde i 1947 til Martin Sandve (81).
108. Peder Pederson Refsland, fødd 10/8 1890, bror til 107, gift 1924 med Susanna Salte, fødd 28/6 1903. bnr. 111, frå 1954. Barn:
- Elly, f. 1/5 1927, g. 1948 m. Magnus Harestad, Randaberg.
 - Klara, f. 9/1 1930, g. 1949 m. Knut Tobiasson Torland.
 - Sigrun, f. 12/5 1931, g. 1950 m. enk. John Pederson (Voll 168 c.).
 - Petra, g. m. Magne Rasmusson Haver.
 - Harald, f. 14/7 1938, g. 1963 m. Anne Lise Haraldsdotter Danielsen.
 - Gudny, f. 16/5 1941, g. 1961 m. Rasmus Alfredson (89 a.).
 - Petter, f. 19/3 1946, g. 1966 m. Berit Johansdotter Opstad.
109. Toralf Jonasson Rugland (Rugland 43 f.) fødd 25/12 1896, død 1/10 1938, gift 27/8 1921 med Anna Larsdotter Løge (Stavnheim 57 a.), fødd 19/12 1900, død 20/6 1963. Kjøpte bnr. 34 i 1924. Han var bygningsmann. Barn:
- Jonas, f. 21/12 1921 (79).
 - Lars, f. 18/6 1923 (Rugland 56).
 - Maria, f. 9/5 1925 (Voll 213).
 - Tor, f. 17/10 1926 (Voll 220).

- e. Alf, f. 24/2 1933, g. m. Oddny Trygvedsdotter (94 a.).
- f. Ingvar Kåre, f. 3/5 1930, g. 1957 m. Oddny Thomasdotter Sandve.
- g. Jesper, f. 8/1 1937, g. 1960 m. Signe Trygvedsdotter (94 b.).

110. Jakob Anderson Hafver, fødd 6/6 1885, død 4/7 1925, gift 1/1 1910 med Rakel Pedersdotter (Haugstad 46 h.). Jakob var skreddar på Vigrestad, bnr. 51. Barn:

- a. Grete, f. 14/11 1910, g. 28/6 1952 m. Johan Karlsen Riskjell.
- b. Ragnhild, f. 20/3 1912, g. 1950 m. Olav Olson Valdeland.
- c. Ruth, f. 13/7 1914, g. 1931 m. Ola Olson Gravdal.
- d. Arthur, f. 16/8 1916 (83).
- e. Elen, f. 29/5 1918, g. 1941 m. Arthur Emil Svindland.
- f. Petra, f. 27/10 1920, reist til USA.
- g. Judith, f. 19/3 1922, g. 9/8 1947 m. Henry Josefson.
- h. Jakob, f. 26/4 1923, g. 7/12 1946 m.

Ingrid Korneliusdotter Auestad. Bur på Tjemsland.

111. Magnus Knudson Voll (Voll 113 c.) fødd 7/10 1901. Han var sjømann og døydde i London 12/3 1952, gift 18/12 1922 med Berta Regine Ellingsdotter (Herigstad 67 g.) fødd 5/4 1903. Overtok bnr. 10 i 1927. Broren, Anders (Voll 142) bur her, og enkja bur hos sonen Knut (Voll 143) på Voll. Barn:

- a. Knut, f. 26/10 1923 (Voll 143).
- b. Malena, f. 1927, død 1947, g. 1944 m. John Pederson (Voll 168 c.).
- c. Elling, f. 1929, reist til Australia.

112. Eilert Mathias Joannesson Haugstad (Haugstad 61 a.) fødd 10/2 1910. Gift 1937 med Marta Persdotter Malmin, fødd 2/9 1911. Bnr. 82 frå 1947. Barn:

- a. Jan, f. 14/4 1938, g. 1966 m. Grethe Olsdotter (Voll 145 c.).
- b. Anne Kristine, f. 14/5 1946, g. m. Asbjørn Olson Siqveland.

G.nr. 78. Haugland

Utt. Hauglann. Gamal skuld 12 spand korn landskuld. Namnet kjem av haug. Stave-måten har vore: 1567 Hoglannd, 1610 Houffland, 1616 Hougland, 1668/1723 Hougland. I 1723 og til kring 1850 låg Haugland under Bø prestebol. Haugland skifter mot vest med Kvasheim og Voll, mot nord med Vigrestad og Ødegård, mot aust med Haugstad og mot sør med Stokkeland og Friestad i Ogna. Jorda er mest fastmark med mykje stein.

NAMNEREGISTER

1. Peder
 2. Lars Tolleivson
 3. Mikkel Ellingson
 4. Ola husmann
 5. Ola Mikkelson
 6. Elling Larsson
 7. Tore Asbjørnson
 8. Ola Johannesson
 9. Størkard Henrikson
 10. Ola Tollakson Tuen
 11. Ola Jørgenson
 12. Mikkel Roaldson
 - 12B. Tjerand Erikson
 13. Tjerand Monsson
 14. Ola Erikson
 15. Johannes Mikkelson
 16. Ola Torgierson
 17. Roald Roaldson
 18. Peder Rasmusson
 19. Karl Larsson
 20. Kjetel Osmundson
 21. Lars Pederson
 22. Ola Olson Heien
 23. Elling Monsson
 24. Mons Ellingson
 25. Ola Larsson
 26. Lars Larsson
 27. Erik Rasmusson
 28. Rasmus Erikson
 29. Ludvig Monsson
 30. Lars Monsson
 31. Lars Larsson Heien
 32. Gjermund Svenson
 33. Gabriel Erikson
 34. Jonas Larsson
 35. Lars Larsson
 36. Ola Gunnarson Rugland
 37. Erik Rasmusson
 38. Fanuel Fanuelson Haugstad
 39. Sivert Gjermundson
 - 39B. Enok Hansson Bø
 40. Enevald Martinson Sør-Reime
 41. Gunnar Olson
 42. Jodmar Haugland
 43. Martin E. Sør-Reime
 44. Finn Haugstad
 44. Finn Haugland
 45. Lars Jonasson Haugland
1. Peder er nemnd på Haugland i 1603/1612.
2. Lars Tolleivson nemnd 1645/1665. Fødd kring 1605, skifte 4/4 1676, gift med Berit Ellingsdotter, død samstundes med Lars. Han brukte 1 vet. Dei let etter seg 6 barn:
- a. Johannes, f. 1653.
 - b. Elling, f. 1654.
 - c. Anna.
 - d. Ola.
 - e. Tolleiv.
 - f. Helga.
3. Mikkel Ellingson, fødd kring 1602, skifte 4/4 1676, gift med Anna Olsdotter, død 1676. Der var halde skifte etter begge desse huslydane same dagen. Mikkel brukte 1 vet. Dei let etter seg 3 barn:
- a. Elling Friestad, f. 1643, g. m. Ranveig Tormodsdotter Friestad i Ogna.
 - b. Tørres Kverme, f. 1645, g. m. enkja et-

ter Torkel Olson Kverme i Ogna (sjå Herigstad 22).

c. Ola Mikkelson Haugland, f. 1653 (5).

4. Ola var husmann på Haugland i 1665, fødd kring 1615.

5. Ola Mikkelson (3 c.) fødd kring 1653. Han er nemnd på Haugland i 1680, men var truleg komen til Rullen under Haugstad før 1701 (sjå der 20).

6. Elling Larsson var på Haugland i 1701 og brukte 1 vet. Han var fødd kring 1654, skifte 4/2 1723, gift med Inger Jonsdotter. Dei hadde 5 barn:

a. Jon, f. 1701.

b. Anna, f. 1708.

c. Marta, f. 1711.

d. Ola, f. 1714.

e. Erik, f. 1719.

Korkje enkja eller barna er nemnde seinare.

7. Tore Asbjørnson brukte 1 vet i 1701, men var husmann i 1718. Han var fødd kring 1670. Skifte etter han er ikkje funne, og kona og barn er ukjende (Haugstad 21).

8. Ola Johannesson Kverme, son til Johannes Olson Kverme og Ranveig Olsdr., frå Bø i Nærbø. Han var fødd kring 1682, død på Vetteland 1730. Gift 1710 med Gitlaug Karlsdotter, Fuglestad i Ogna. Ola Johannesson kom til Haugland i 1707 og budde der framleis i 1718. Truleg har han teke over 6 spand (1 vet) etter Tore Asbjørnson. Han flutte til Vetteland i Ogna kring 1720. I 1725, den 24/11, var ei sak framme for skipreide tinget på Hobberstad, der kaptein Leschly på tambur Bård Klengson sine vegne hadde stemnt presten Ludvig Schultz for 20 dalar som denne hadde teke imot for byksel av 6 spand i Haugland til tamburen, som Ole Johannesson hadde sagt frå seg og teke over ein odelsgard. Kaptein Leschly kravde dei 20 dalar tilbakebetalt av presten avdi Bård Klengson som militær ikkje kunne, etter loven, "tilstedes nogen heel eller halv gaardepart førend hand haver uttient sin militaires tjeneste".

Presten nekta å betala tilbake dei 20 dalane, endå kapteinen "tvende gange har ladet beskikke Hr. Ludvig Schultz med sin sergeant Ole Knudzen (Næsheim 41) og tambour Ivar Michelsen, saa har dog præsten desuagtet iche villet restituere tambouren samme penge. Hvorefter Captainen øver saadanne u-billige procedures, har maattet sig adressere til sin oberst og fremstillet ham sagen. Hvilchet bemelte Hr.

Oberst ogsaa har lovet, det tambouren skulde faa sin betaling uden process".

Ola Johannesson hadde 4 barn:

a. Karen.

b. Malena.

c. Johannes, f. 1721.

d. Ola, f. 1725.

9. Størkard Henrikson var son til Henrik Nilsson Herredsvela i Ogna og Torborg Toresdr. Han var fødd kring 1680, gift med dotter til Ola Gjertson (Haugstad 13 d.). Størkard brukte 6 spand etter Elling Larsson, og er førd frå 1723 til 1730. Han var truleg gift 2) med Berit Ellingsdotter, som seinare vart gift med Botolv Torgerson (Vigrestad 21). Der er ikkje funne noke skifte, men trur å ha funne 1 son:

a. Lars Størkardson, f. kring 1723, tente på Hårr i 1758, der han vart g. m. Kirsten Pedersdr. Tjemsland (Hårr 39).

10. Ola Tollakson Tuen (Håland 5 a. og Aniksdal 26) var husmann på Haugland. Han var fødd kring 1665, gift med Anna Toresdotter Mathingsdal, fødd i Ogna kring 1678. Barn:

a. Ingeborg, g. m. Sigbjørn Olson (Aniksdal 39).

11. Ola Jørgenson er førd i futerekneskapen 1723/25. Det er uvisst kven han var, men truleg at det skal vera Johannesson og då den same som 8.

12. Mikkel Roaldson var truleg son til Roald Ellingson Friestad i Ogna og Malena Håvardsdtr. Han var fødd kring 1698, gift 1725 med Anna Antoniusdotter, fødd i Ogna 1695, dotter til Antonius Olson Kvalbein og Ingeborg Taraldsdtr., frå Husveg. Mikkel døde før 1736, og enkja gift 2) med Tjerand Erikson (Sæland 7 d.). Mikkel Roaldson brukte 6 spand etter Ola Johannesson. Barn er ikkje nemnde.

12B. Tjerand Erikson (Sæland 7 d.) fødd kring 1707, død 1739, gift med enkja etter 12, Anna Antoniusdotter. Tjerand budde først på Friestad i Ogna, men flutte til Haugland då han gifta seg med enkja og tok over bykselen av 6 spand som Mikkel Roaldson hadde brukt. Dette var i 1736. Tjerand døde på vegen frå kvernhuset og heim natta 14 dagar før jul 1739. Dei fann han om morgonen liggjande død eit børse-skot frå huset. Då Tjerand var død dreiv enkja garden. Men presten Sigvard Munch ville nok helst få henne der ifrå, og skulda henne for å ikkje halda husa i stand og for å

”jordens bedervelse”. Han la sak mot henne på det grunnlag. Lensmann Jon Skeie, Anna sin skylding, møtte for henne. For presten møtte Christopher Wegner ”som lod fremlegge een saakaldet Aabudzforretning ved lensmand Niels Haar og tvende mænd. Hvorefter Wegner påstoed at enchen tilpligter gaardens huuser at istandsætte. Hvortil svarede Jon Scheje, at Hr. Sigvard Munch søger denne fattige enchekone Anna Houglund med huuser, er iche andet end at hand vil støde hende fra gaarden. Tilmed kunde det noch bevises, at samme gaardepart er udj saa god stand som dend var da hendes salig mand og hun kom til gården, som præsten heller iche anched da hendes mand døde, hvilchet bevises af skifteforretningen af 29 february 1740. Og skulle præsten formedelst enchens fattigdom tvifله om at gaarden skulle komme i vanhefd og iche holdes i lovfør stand, saa tilbyder Jon Scheje sig paa hendes vegne at skaffe saadan en suffisiant mand, der kand tage gaarden udj forsvar, reparere huusene og sætte dem i lovlig stand, saavel og at tage enchen udj forsvar u-paaklagelig som derom kand foreenes, og gaarden til ingen hinder, naar dend af ejeren kand bekommes for lovlig bøxel, saa og at svare Hans Mayst: skatter, samt ejeren landskyld i tilbørlig tiid.

Christopher Wegner svarede, at det var iche Hr. Munches tanche at drive enchen fra gaarden, men naar Jon Scheje vil vedblive det forindførte og af ham giorte løfte, vil han samme på Hr. Munches vegne accorder. Jon Schej nafngaf dend samme mand som gaarden skal antage, nemblig Svend Størchersen, for hvem hand vil kavere, og hvorhos Jon Scheje formodede at nyde bøxelseddel hos Hr. Munch, naar hand derom anmodes. Hvilchet og Wegner gjorde ham gansche forsichret om, saa at Jon Scheje maa komme naar hand vil. Og som parterne hafde ej videre at indvende, saa er sagen paa begge sider hermed bleven op-hævet”.

13. Tjerand Monsson (N-Halleland 8 d.) fødd kring 1702, skifte 30/5 1733, gift med Anna Olsdotter. Han brukte 6 spand i 1730/1733, etter Størkard Henrikson. I 1733 måtte han bøta ”sin yderste formue” for han hadde fenge barn med ei gjenta som heitte Ingeborg Pedersdotter. Tjerand og Anna hadde ikkje barn.

14. Ola Erikson (Vigrestad 19 b.) fødd kring 1714, skifte 19/12 1741. Gift med Sissel Olsdotter (Voll 17 e.) fødd kring

1705. Ola Erikson tok over 6 spand etter Tjerand Monsson i 1733. Dei hadde 2 barn:
a. Erik, f. 1734, død 1743, skifte 28/10 d. å.
b. Maren, f. 1737, truleg død ung og u-gift.

15. Johannes Mikkelson brukte 6 spand etter Mikkell Roaldson. Han budde på Haugland til kring 1756, sidan på (Madland 15).

16. Ola Torgierson var kanskje son til Torgier Omundson Heigrestad i Eigersund. Han var fødd kring 1700 og levde i 1758. Gift med enkja etter Ola Erikson, Sissel Olsdotter. Ola Torgierson byksla 6 spand av Bendiks Diuurhus i 1741 etter Ola Erikson. Der er ikkje funne skifte etter dei, men ei dotter er kjend:

a. Anna, f. 1742, g. m. Karl Larsson (19).

7. Roald Roaldson var son til Roald Svenson Fuglestad i Bjerkreim. Fødd kring 1713, gift med enkja etter Einar Torgierson Kydland i Gjesdal, Ingeborg Pedersdotter, f. Kartevoll, kring 1713, dotter til Peder Tollakson Kartevoll og Gitlaug Olsdotter (Ueland 25). Roald hadde butt på Edland i Gjesdal. I 1756 byksla han 6 spand i Haugland av Bendiks Diuurhus etter Johannes Mikkelson. I 1755 er han på Topdal i Oгна. Barn:

a. Peder, f. på Edland 1749, død før 1758.

b. Gitlaug, f. på Topdal 1755, g. 1) m. Lars Ellingson (Ånestad 54), g. 2) m. Erik Olson (Næsheim 71).

c. Roald, død før 1758.

d. Roald, f. på Haugland 1757.

18. Peder Rasmusson (Ueland 23 b.) fødd kring 1730, død 1793, gift med Maren Olsdotter (Voll 24 a.) fødd kring 1732, død 3/7 1812. Peder Rasmusson byksla 6 spand av Diuurhus i 1761 etter Roald Roaldson, då denne flutte til Ueland. Barn:

a. Rasmus, f. 1758, g. m. Anna Malena Mathiasdtr. Holmane i Oгна. Budde på Mæren under Helvig i Eigersund.

b. Guri, f. 1760, død 1799.

c. Lars Haugland, f. 1765 (21).

d. Ola, f. 1763, g. 1) 1798 m. Kirsten Malena Mikkelsdtr. (Voll 47 a.), g. 2) 1806 m. enkja Malena Johannesdtr. Friestad. Han døde på Friestad i Oгна i 1806.

e. Anna, f. 1770, død 28/4 1846, ugift. Ho hadde ein son: Andreas Andersson, f. 1800, g. 22/3 1832 m. Anna Malena Larsdtr. Halleland (sjå S-Varhaug 84).

19. Karl Larsson (Aniksdal 29 g.) fødd kring 1736, død 12/5 1801. Gift med Anna Olsdotter (16 a.) fødd kring 1742, død 23/8 1803. Karl byksla 6 spand av Diuurhus i 1763 etter Ola Torgierson. 5 barn:

- a. Barbro, f. 1770, g. m. Elling Monsson (23)
- b. Sissel, f. 1775, g. m. Mikkel Johanneson (Ueland 32 c.).
- c. Lars, f. 1768, død 1797.
- d. Anna, f. 1780, g. 1) m. Simon (Herigstad 37), g. 2) m. enk. Jon Rasmusson (Opstad 52).
- e. Marta, f. 1781, g. m. Gunnar Olson Friestad i Ogna.

20. Kjetel Osmundson var husmann på Heien under Haugland; Han var fødd kring 1720, skifte 5/7 1792, død 12/6 d. å. Gift med Elen Villasdotter, fødd kring 1722, død 1792. Det er uvisst kvar dei var frå. 4 barn er nemnde:

- a. Helga, L 1759, g. m. Lars Olson Helvig, g. 2) m. Jon Larsson Rosseland.
- b. Villads, f. 1760, g. 1789 m. Kirsten Svénndotter (Haugstad 30 b.). Budde på Hedlaren i Sirevåg.
- c. Osmund, f. 1765, g. 1799 m. Karen Malena Rasmusdtr. Haver. Budde på Haver i Ogna.
- d. Berta Helena, f. 1769.

21. Lars Pederson (18 c.) fødd kring 1765, død 22/1 1828. Gift 1797 med Malena Olsdotter (Vigrestad 23 c.) fødd kring 1777, død 27/6 1859. Lars byksla 6 spand av presten Nils Grøver i 1795 etter mora. Enkja fekk kongeskjøte på dei 6 spand i 1861. Under dato 28/10 1861 er innført i Panteboka: "Leilending Lars Pedersen Hauglands enke faar kongeskjøde på 6 spand i Haugland for 600 spsl". Og vidare: "Ole Larsen Haugland laaner 300 spdl. til afbetaling paa sin av Christiansands Lærde Skole indløste 6 spand i Haugland". Det var hjå Oplysningsvæsenets Fund han fekk låne pengene. Lars og Malena hadde 7 barn:

- a. Berta Maria, f. 1797, g. m. Sven Gjermundson (Voll 77).
- b. Ola Larsson Haugland, f. 1801 (25).
- c. Peder, f. 1806, g. 21/6 1829 m. Lisa Henriksdtr. (sjå Hårr 45 a.). Budde i Sirevåg. G. 2) 1850 m. Ingeborg Malena Jonsdtr. Sirevåg.
- d. Johannes (Vigrestad 32), f. 9/8 1809.
- e. Johanna Elisabet, f. 1813, g. m. Mons Ellingson (24).
- f. Lars, f. 29/9 1817.
- g. Lars, f. 1821 (26).

22. Ola Olson Heien var son til Ola Omundson Nord-Varhaug og gjenta Karen Pedersdtr. (S-Varhaug 56 f.). Han var fødd i 1806, død 14/2 1881, gift 16/4 1829 med Serina Gunnarsdotter (Vigrestad 29 c.) fødd 1799, død 31/3 1897. Dei budde først ei tid på Haugstad, men frå 1833 på Heia av Haugland. Barn:

- a. Peder Ødegård, f. 1830 (N-Halleland 39).
- b. Gunnar, f. 5/9 1833, død 17/1 1849.
- c. Karen Olina, f. 13/12 1836, g. m. Martin Bendiksson (Lode 59).
- d. Kristian, f. 11/9 1841, død 17/2 1849.
- e. Berta Serina, f. 1/12 1844, g. m. Peder Jonson (Bø 105).

23. Elling Monsson (Bjorland 5 e.) fødd 1773, død 1/3 1842. Gift 1798 med Barbro Karlsdotter (19 a.) fødd 1770, død 4/3 1855. Elling byksla 6 spand av presten Kastrup i 1797 etter verfare. Dei hadde 5 barn:

- ci L3,]fs f 1T9S
- b. Kristian, f. 1802, død 14/4 1805.
- c. Mons Haugland, f. 1805 (24).
- d. Anna, f. 6/4 1808, g. 12/4 1839 m. Ola Larsson (25).
- e. Berta Kirstina, f. 25/2 1811, g. m. Peder Hansson Friestad i Ogna.

24. Mons Ellingson (23 c.) fødd 9/3 1805, død 24/9 1880, gift 21/5 1835 med Johanna Elisabet Larsdotter (21 e.) fødd 9/8 1809, død 20/12 1881. Mons Ellingson byksla 6 spand av Kastrup i 1824 etter faren. Dei hadde 6 barn:

- a. Lars Haugland, f. 1835 (30).
- b. Berta, f. 31/12 1838, død 2/6 1839.
- c. Ludvig Haugland, f. 1840 (29).
- d. Elling, f. 25/9 1843, død 22/1 1844.
- e. Morten, f. 29/1 1849.
- f. Elling, f. 21/6 1845, g. 30/3 1880 m. Kirsten Karina Isaksdotter Friestad i Ogna.

25. Ola Larsson (21 b.) fødd 25/1 1801, død 28/5 1865, gift 12/4 1839 med Anna Ellingsdotter (23 d.) fødd 6/4 1808, død 23/7 1890. Ola Larsson kjøpte 6 spand kyrkjegods i 1861 for 600 dalar (sjå under 21). Dei hadde visst ikkje barn, og Erik Hansson Haugstad kjøpte bruket.

26. Lars Larsson (21 g.) var bror til 25. Fødd 26/4 1821, død 23/6 1889, gift 21/6 1864 med Nikolina Olsdotter (Voll 76 b.) fødd 10/3 1833, død 3/2 1922. Lars Larsson var bykslemann på Kjedelshien. Dei hadde 4 barn:

- a. Jonas Haugland, f. 1857 (34).
 b. Malena, f. 20/4 1865, g. m. Ola Gunnarson (36).
 c. Lars Haugland, f. 2/6 1866 (35).
 d. Maren Elisabet, f. 27/1 1869, g. m. Martin Rasmusson (Husveg 38 j.).
27. Erik Rasmusson (Haugstad 44) kjøpte bnr. 1 av enkja Anna Ellingsdotter (25) i 1876 for 300 dalar + følge.
28. Rasmus Erikson (27 c.) fødd 18/2 1845, død 22/12 1903. Gift 9/4 1874 med Karen Johannesdotter (Haugstad 42 h.) fødd 2/11 1839. Han tok over bnr. 1 av faren. Barn:
- a. Erik Haugland, f. 1874 (37).
 b. Karen Elisabet, f. 27/5 1876, g. m. Fanuel Fanuelson (38).
 c. Bertine, f. 18/9 1880, g. m. Sem Martinus (Haugstad 53 h.).
 d. Karen, f. 8/3 1882, død 17/4 1901.
29. Ludvig Monsson (24 c.) fødd 24/10 1840, død 24/10 1910. Gift 19/4 1870 med Margreta Svensdotter (Voll 77 f.) fødd 25/3 1842, død 6/12 1886, gift 2) 11/11 1887 med Elen Haugseng, fødd i Oгна 1840, dotter til Nils Johannesson. Ludvig tok over bnr. 3 etter faren i 1886. I 1900 var han komen til Flåden på Vigrestad og var fiskar. Han hadde 5 barn i første gifte:
- a. Johanna Elisabet, f. 28/6 1870.
 b. Mikal, f. 11/4 1872 (Vigrestad 56).
 c. Berta Maria, f. 6/12 1874.
 d. Malena, f. 30/9 187&.
 e. Sven, f. 10/1 1879.
30. Lars Monsson (24 a.) fødd 1/6 1835, død 6/12 1915, gift 7/4 1870 med Taletta Henriksdotter, fødd i Oгна 15/5 1843, død 11/2 1909, dotter til Henrik Ellingson Ueland og kona Tala Nilsdtr., f. Høiland. Lars Monsson tok over ein part av farsgarden, bnr. 4, i 1881. Disse partane låg endå under Haa prestegard i 1886. Dei hadde 3 barn:
- a. Martin, f. 10/6 1870, død 17/6 s. å., lynet slo ned i vogga.
 b. Martin Haugland, f. 4/7 1873, g. m. Maria Tunheim. Smed på (Nærbø stasjon 18).
 c. Johanna Elisabet, f. 12/3 1882, død på Nærbø 20/4 1948, ugift.
31. Lars Larsson Heien (Stavnheim 47) kom til Haugland i 1889, då han kjøpte bnr. 2 av Ludvig Monsson.
32. Gjermund Svepson kjøpte bnr. 3 av Ludvig Monsson (sjå meir om han på Vigrestad 41).
33. Gabriel Erikson (Haugstad 56) er førd på Haugland i 1882, der han brukte bnr. 2.
34. Jonas Larsson (26 a.) fødd 21/8 1857, død 28/3 1945. Gift 7/9 1888 med Kirsten Amalia Olsdotter (Voll 87 b.) fødd 5/1 1859, død 18/1 1941. Han tok over bnr. 2 i 1890 etter Gabriel Erikson Haugstad. 4 barn:
- a. Ingeborg, f. 1889, død 1952, g. 7/12 1906 m. Johan Jakobson Bru i Oгна. Budde i Hillevåg.
 b. Nikolina, f. 9/11 1890, død 10/6 1920, ugift. 2 søner: 1. Jodmar (Rasmusson), f. 13/9 1912 (42), g. m. Maria. 2. Trygve, f. 22/10 1913.
 c. Ola, f. 3/6 1893, død 2/1 1942, g. m. Amanda Gravdal.
 d. Lars, f. 3/6 1893, g. 13/11 1916 m. Anna Johannesdtr. Kverme, f. i Oгна 25/4 1883.
35. Lars Larsson (26 c.) fødd 2/6 1867, død 1/12 1934. Gift 3/11 1890 med Margreta Rasmusdotter, fødd i Oгна 17/10 1861, død 5/1 1924, dotter til Rasmus Rasmusson Kvasheim og Mathea Eriksdtr. Hårr. Så vidt eg kan skjønna brukte han ikkje gard, men var snikker. I kyrkjeboka er han førd under Vigrestad. 5 barn:
- a. Mathilde Olava, f. under Stavnheim 11/8 1891, g. 1937 m. Ole R. (Vigrestad 53 d.).
 b. Nora, f. 16/11 1892.
 c. Rasmus Haugland, f. 29/11 1894, g. m. Olina (Stavnheim 54 e.).
 d. Marta Margreta, f. på Vigrestad 18/4 1900, g. 11/12 1921 m. Torleif Espedal (sjå Njølstad 25).
 e. Lars, f. 8/9 1902, g. m. Elna Kirstina (Aniksdal 66 d.). Bur på (Vigrestad 85).
36. Ola Gunnarson Rugland (Rugland 30 d.) fødd 1856, død 1920. Gift med Malena Larsdtr. (26 b.) fødd 20/4 1865, død 1938. Ola Gunnarson skulle ha overteke Rugland bnr. 1 etter faren, men han gifta seg med ei husmannsdotter og dette vart ikkje godteke. Han valde jenta og levde som husmann under Haugland heile si tid. Barn:
- a. Nikoline, f. 1883.
 b. Karen, f. 1885.
 c. Gunnar, f. 16/10 1894 (41).
 d. Lars, f. 1896, død ugift.
 e. Margreta, f. 1898, g. Mossige, Nærbø st.
 f. Malena, f. 1900.
 g. Ole, f. 1904.
37. Erik Rasmusson (28 a.) fødd 11/8

1874, død 5/1 1910, ugift. Han brukte bnr. 1 etter faren.

38. Fanuel Fanuelson (Haugstad 53 f.) fødd 31/8 1881. Gift 1) 12/11 1903 med Karen Elisabet Rasmusdotter (28 b.) fødd 27/5 1875, død 12/6 1914, gift 2) 17/10 1915 med Taletta Olaisdotter (Skretting 119 a.) fødd 1/9 1889. Fanuel tok over bnr. 1 i 1910 etter verbroren Erik Rasmusson. 2 barn i første gifte og 8 i andre:

- a. Rasmus, f. 20/2 1904, bur på Vigrestad.
- b. Anne Margreta, f. 26/6 1907, g. 1934 m. Trygve Gilja, f. i Forsand 5/12 1904. Bur på Lista.
- c. Fritjof, f. 17/9 1916 (44).
- d. Karen Kirstina, f. 23/9 1918, g. 1939 m. Torvald Gilja.
- e. Tora, f. 6/7 1920, g. 1942 m. Otto T. Bø i Oгна.
- f. Margit, f. 24/9 1922, g. 16/8 1947 m. Bjarne T. (Nærland 55 c.).
- g. Tordis, f. 29/12 1924, g. 1943 m. Magnus M. Sandve (Vigrestad 81 e.).
- h. Olaug, f. 18/1 1927, g. 1949 m. Sivert Oskarson Høyland i Sirevåg (Vigrestad 84).
- i. Finn, f. 25/4 1929 (44).
- j. Lena, f. 12/5 1932, g. 16/8 1959 m. Jonas Garborg, f. i Time 20/9 1930, død. Budde i Åseral. Sidan ho vart enkja er ho husmorvikar i Hå, og bur på Vigrestad.

39. Sivert Gjermundson (Vigrestad 41 i.) fødd 22/11 1875, gift 10/3 1905 med Anna Andreasdotter (Skjærpe 33 g.) fødd 29/5 1885. Sivert tok over bnr. 3 etter faren, men selde til Enok Bø i 1905. Han var smed på Vigrestad. 3 barn er døypte i Varhaug.

- a. Hjalmar, f. 26/6 1905, død 23/12 1967, g. m. Kitty Lunde, f. i Hetland. Han var prest i Ulefoss då han døde.
- b. Aksel, f. 13/12 1906.
- c. Arne-Sverre, f. 31/8 1908.

39B. Enok Hansson (Bø 129) kjøpte bnr. 3 av Sivert Gjermundson i 1905. 1912 selde han til Enevald Sør-Reime (40).

40. Enevald Martinson (Sør-Reime 37 c.) fødd i Nærbo 29/10 1885, død 23/4 1966. Gift 6/8 1910 med Anna Andreasdotter (Sør-Reime 41 a.) fødd 19/8 1887, død 23/6 1965. Han kjøpte bnr. 3 av Enok Bø i 1912. Barn:

- a. Martin, f. 13/12 1910 (43).
- b. Justine, f. 17/5 1912, g. 1937 m. Jens J. Sandve, f. i Oгна 18/5 1914. Bur på Voll.

- c. Berta, f. 10/12 1913, g. m. Børge B. Håland (S-Tjemsland 66).
- d. Astrid, f. 18/1 1916, g. m. Erik T. (Årslund 51).
- e. Andreas, f. 7/1 1918 (Herigstad 83).
- f. Eldor, f. 11/4 1920, handelsmann, g. 1945. Bur på Rena.
- g. Aslaug, f. 24/8 1922, g. 1954 m. Ole Rangen, Nærbo.
- h. Johanna, f. 11/6 1924, døydde av difteri 1932.
- i. Agnar, f. 3/8 1927, g. 1952 m. Borgny (Mæland 41 a.). Banevoktar på Vigrestad.

41. Gunnar Olson (Haugland 36) fødd 16/10 1894, gift 1920 med Gustine Ivarsdotter, f. i Oгна 24/8 1900, dotter til Ivar Mellemstrand på Topdal. Tok over bnr. 4 i 1916. Barn:

- a. Marry, f. 4/9 1921, g. 1940 m. Jåstad. Sonen deira, Nils Jåstad, f. 21/8 1940 er oppvoksen hos besteforeldrene på Haugland.
- b. Ola, f. 9/11 1924, g. 1951 m. Klara Kaiusdr. Sirevåg, f. 1/7 1928.
- c. Ivar, f. 27/1 1935.

42. Jodmar Haugland (34 b. 1.) fødd 13/9 1912, gift 1946 med Maria Thomasdr. Torstensen Sunde, fødd i Hetland 29/1 1920. Han tok over bnr. 2 i 1936. Barn:

- a. Jonas, f. 28/11 1946.
- b. Astrid, f. 22/12 1947, g. 1965 m. Jomar Asbjørnson Ånestad.
- c. Terje, f. 7/4 1956.

43. Martin Sør-Reime (40 a.) fødd 13/12 1910, gift 1945 med Johanna Bernhardsdotter (Håland 95 e.) fødd 19/9 1912. Han tok over farsgarden, bnr. 3, i 1947. Barn:

- a. Anna Johanna, f. 8/8 1946.
- b. Egil, f. 4/6 1949.
- c. Olena, f. 4/6 1952.
- d. Jofrid Maria, f. 23/7 1956, død 1962.

44. Fritjof Fanuelson (38 c.) fødd 17/9 1916. Finn Fanuelson, bror til Fritjof, fødd 25/4 1929, gift med Astrid Kiil, fødd i Vegardshei 23/10 1928, dei tok over bnr. 1 etter faren i 1958.

45. Lars Jonasson (34 d.) fødd 3/6 1893, gift 13/11 1916 med Anna Johannesdotter, fødd i Oгна 25/4 1883, død 1/7 1966, dotter til Johannes Larsson Kverme og Elen Johanna, f. Veggeberg. Lars var fiskar og bruka ikkje gard på Haugland. Barn:

- a. Johan Haugland, f. 24/4 1915, g. m. Mildrid Gimre. Bur på Bø i Nærbo.
- b. Jonas, f. 2/5 1917.

G.nr. 79. Haugstad

Utt. Hoksta. Gamal skuld var 1 1/2 pund korn landskuld. Namnet kjem av haug lik-som Haugland. Stavemåten har vore: Høstad, Hoffstad, 1563 Hoffstadt, 1567 Hogstad, 1616 Hoigstad, 1723 Hougstad. Tjøll Friestad i Ogna åtte heile Haugstad i 1723 og sonen Gunnar Friestad i 1800/1812. Seinare var brukarane på Haugstad sjølveigarar. Haugstad skifter mot vest med Haugland, mot nord med Vigrestad og Ødegård, mot aust med Rugland, Herigstad og Hadland i Ogna, og mot sør med Stokkeland i Ogna. Jorda er vanleg fastmark med noke myr imillom.

NAMNE REGISTER

1. Halvard
2. Olluff
3. Olluff II
4. Tomas
5. Peder
6. Bård
7. Torsten
8. Gjert Olson
9. Torsten Tomasson
10. Jørgen Helgeson
11. Peder Olson
12. Kristoffer Gjertson
13. Ola Gjertson
14. Erik Ivarson
15. Elling Torstenson
16. Torgier Monsson
17. Jakob Erikson
18. Hans Erikson
19. Erik Olson
20. Ola Mikkelson Rullen
- 20B. Villatz Haugstad
21. Tore Asbjømson
22. Hans Jonson
- 22B. Stig Hansson
23. Elling Olson
24. Bård Jakobson
25. Omund Gunnarson Rullen
26. Guri Reiarstr. Rullen
27. Elling Gitleson
28. Ola Gjermundson
29. Søren Nilsson Rullen
30. Sven Bårdson
31. Gunnar Omundson
32. Sjur Stigson
33. Tjerand Omundson
34. Hans Ellingson
35. Nils Pederson
36. Rasmus Mikkelson
37. Bård Svenson
38. Erik Gunnarson Rullen
39. Mikkell Rasmusson
40. Bendiks Olson
41. Rasmus Gunnarson Rullen
42. Johannes Bårdson
43. Ola Pederson
44. Erik Rasmusson Rullen
- 44B. Ola Olson
45. Tjerand Bendikson
46. Peder Mikalson
47. Jonas Johannesson
48. Lars Johannesson
49. Kristian Johannesson
50. Jakob Larsson
51. Ola Olson Torvholen
52. Mons Toreson Høyland
53. Fanuel Fanuelson Rullen
- 53B. Bendiks Erikson
54. Eilert Mathias Johannesson
55. Tobias Tjerandson
56. Gabriel Erikson
57. Gabriel Olson Torvholen
58. Tjerand Bertinius Bendikson
59. Isak Larsson
60. Anton Olson
61. Johannes Eilert-Mathiasson
62. Jon Omundson
63. Fredrik Fanuelson (Rullen)
- 63B. Frants Fredrikson
64. Tobias Gabrielson
65. Nils Nilsson Fuglestad

66. Nikolai Nilsson Fuglestad
 67. Torstein Johan Tobiasson
 68. Gerhard Tobiasson
 69. Ragnar Tønnesson Våland
 70. Bendiks Tjerandson
 71. Peder Tjerandson
 72. Jesper Johannesson
 73. Gunnar Gunnarson Ødegård
 74. Sem Martinius Fanuelson
 75. Gabriel Gabrielson Torvholen
 76. Ragnvald Haugstad
 77. Odd Haugstad
 78. Frits Haugstad
 79. Paul Nilsen Hatteland
 80. Olaf Isakson
1. Halvard nemnd på Haugstad i 1521, skatta 5 lodd sølv.
 2. Olluff nemnd 1563, skatta 1 1/2 ort.
 3. Olluff II nemnd saman med 2 i 1563, skatta 11/2 dalar.
 4. Tomas nemnd 1602/13.
 5. Peder nemnd 1613.
 6. Bård gav 9 spand leidang i 1624.
 7. Torsten gav 9 spand leidang i 1624.
 8. Gjert Olson budde på Haugstad i 1645. Han skatta 1 ort. Var lagrettesmann 1634/58. Kona er ukjend, men truleg var desse hans barn:
 - a. Ola Gjertson Haugstad, f. 1635 (13).
 - b. Kristoffer Gjertson, f. 1633 (12).
 - c. Ei dotter, g. m. Peder Olson (11).
 9. Torsten Tomasson var truleg den same som 7 og son til 4. Ein son er kjend:
 - a. Elling Haugstad, f. 1633 (15).
 10. Jørgen Helgeson nemnd 1645, gift med Astrid Torstensdotter, truleg enkja etter Tomas (4) eller dotter hans. Ein son:
 - a. Tomas, f. 1657.
 11. Peder Olson var 50 år i 1665, skifte 1/10 1674, gift 1) truleg med enkja etter 8, eller dotter hans, gift 2) med Malena Olsdotter, syster til Botolv Njærheim og Lars Åse. Han hadde 1 barn i første gifte og 4 i andre:
 - a. Gjert Pederson, f. 1659.
 - b. Ola, f. 1662.
 - c. Inger.
 - d. Malena, g. m. enk. Lars Omundson (Bjørnheim 5).

- e. Karen, f. 1670, g. m. Johannes Olson (Hobberstad 31).
- 12. Kristoffer Gjertson** (8 b.) fødd kring 1633, skifte 17/12 1683, gift med enkja etter Jørgen Helgeson, Astrid Torstensdotter. Kristoffer brukte 1 vet i 1665. Han hadde 1 son:
 - a. Gjert Kalsvaren, f. 1662 (Mæland 16).
 - 13. Ola Gjertson** (8 a.) fødd kring 1635, gift med Barbro Tormodsdotter (Hobberstad 23 c.), skifte 13/5 1668. Han brukte eit halvt pund i 1665. Var truleg gift ein gong til, for i 1701 er han nemnd saman med 2 yngre søner, og hadde kanskje ei dotter og i andre gifte. I første gifte hadde han 1 son:
 - a. Gjert, fødd kring 1664.
 - b. Samuel, fødd 1670, tente hjå presten Jåsund i 1701.
 - c. Erik, f. 1677 (19).
 - d. Ei dotter, g. m. Størkard Henrikson (Haugland 9).
 - 14. Erik Ivarson** brukte 1 vet i 1665. Fødd kring 1633, var truleg gift med Siri Pedersdotter (Lerbrek 6 c.). Der er ikkje funne skifte, men 1 son er nemnd:
 - a. Laurits, f. 1662.
 - 15. Elling Torstenson** (9 a.) fødd kring 1633, gift med Magnhild Svendsdotter (Efjestad 9 d.) skifte 12/1 1686. Elling brukte 1 vet i 1665. 6 barn:
 - a. Peder, f. 1662, død før 1688.
 - b. Torsten, f. 1663, død før 1686.
 - c. Hans Haugstad (18).
 - d. Kirsten.
 - e. Berit.
 - f. Ingeborg.
 - 16. Torgier Monsson** (Bjørland, Nærbø 2 a.) fødd kring 1630, gift 1675 med enkja etter 11, Malena Olsdotter, som der var skifte etter 4/4 1676. I skifteprotokollen er gjord den merknad at: "manden var bleven med urolighed belad", og me høyrer ikkje meir til han. Bror hans, Erik Bjørland møtte for han ved skiftet. Dei hadde ikkje barn. I 1713 er innført ei tinglysing i tingboka på 1/2 pund i Haugstad frå presten Ludvig Schultz for bykselbrev til Elling Rasmusson Tvihaug, som leilendingane Hans Erikson og Torgier Stigson "formedelst armod har opsagt". Kanskje var Stigson feil skrevet for Monsson?
 - 17. Jakob Erikson** (Bratland 5 b.) fødd kring 1650. Gift med Ragnhild Gunnars-

dotter, skifte 8/10 1728. I 1701 var disse brukarane på Haugstad: Jakob Erikson, Hans Erikson og Erik Olson. Der er ikkje sagt kor mykje dei brukte kvar av garden, men truleg har det vore 1/2 pund. Den 27. juli 1698 hadde Ola (Gjertson) Haugstad (Erik sin far) "frembkommet for Retten med en skriffthlig kaldzedel, som han haffde udtaget offuer hans grander, Jakob och Hans Hougstad, formedelst dj schall haffue sig understandet ved Lauridtz Haar och Laurtdtz Husueg, sidst in Martio nest afuigte at haffue gjort et skifte paa gaarden imellum hannem och hans thuende grander, Jakob och Hans, som schall være i thrende parter skifft, och derved formener hand stor u-ret at vere vederfaret, idet hans ager, som er god ved heffd och ligholdelse, isteden faaet ringere ager igien, huorved han er misholden, och paastaar samme hans part som haffuer ligget i hans salig faders tiid offuer 90 aar, hereffter som før at niude, och deres gierd at vere som u-giort, och dj at lide och undgieldde som vedbør, och sambtliggen hannem at indstaa for ald forvoldende omkostning, med videre kaldzedelens indhold, dateret Staffuanger den 19 May 1698".

Denne saka var førd gjennom mange tingseter, og skiftet vart dømt ugildt avdi det var gjort utan sansjon frå futen eller "øffrighedens thilstand, sambt lougens indhold at vere imodstridige". Jakob Erikson let etter seg 4 barn:

- a. Karen, g. 1) m. Hans Jonson (22), g. 2) m. Elling Gitleson (27).
- b. Erik (S-Varhaug 37), f. 1680.
- c. Gunnar, f. 1690, g. m. Kari Goa.
- d. Bård Haugstad, f. 1694 (24).

18. Hans Erikson var 30 år i 1701, og er, som me har sett, nemnd ovanfor under 17. Det er uvisst kven han var, og me kjenner ikkje korkje kona eller barn.

19. Erik Olson (13 b.) fødd kring 1677, budde på Haugstad i 1701. Gift med Astrid Ivarsdotter (Vigre 13 c.) fødd kring 1680. Frå 1704 budde han på (Vigrestad 19).

20. Ola Mikkelson Rullen var husmann i 1701, og var kanskje son til Mikkel Ellingson (Haugland 3 c.). Han var fødd kring 1650, og budde nok på Haugland før han kom til Haugstad. Kona er ukjend, men 2 barn er nemnde:

- a. Ola, f. 1680.
- b. Daniel, f. 1687, tente hjå Elisabet Seehus på Madla i 1701.

20B. Villatz Haugstad veit me ikkje anna om enn at han var skuldig husmannsavgift til kyrkja for åra 1734, 35, 36 og 1737, som ved stevnemål vart inndreve i 1738 ved Hr. Gammer Raad Ebbel og Sr. Laurs Smith i Stavanger.

21. Tore Asbjørnson Rullen var husmann i 1718 og vart som Villatz kravd for husmannsavgift til kyrkja. (Sjå ellers Haugstad 7.) Han brukte seinare 12 spand etter Erik Olson.

22. Hans Jonson (Bø, Nærbø 32 a.) fødd kring 1678, skifte 4/5 1733. Gift 1) fastelavensøndag 1707 med Berit Larsdotter frå Orre, som var enkja og hadde butt i Stavanger i 1685, der ho hadde ei dotter som levde i 1713. (Nei det var nok ikkje Berit han var gift med, men dottera.) Det er uvisst kva ho heitte. Eller kanskje det var ein annan Hans og eit anna Haugstad som det gjeld? Hans Jonson var seinare gift med Karen Jakobsdotter (Haugstad 17 a.). Han brukte 12 spand som han hadde teke over i 1712, truleg etter Hans Erikson. Tjøl Gunnarson Friestad åtte heile Haugstad i 1723. I 1711 var Hans Jonson Haugstad innstemnd for retten for "lejermaal med sin qvinde før deres bryllop. Hans Jonson møtte og producerede præstens, Ludvig Schultz attest, dat. Haae dend 15 April nestleden, hvorved bevises at Hans Jonsen blev trolovet fastelaven Søndag 1707, Søndag før Pintsedag copulleret, og Søndagen Sexagesima 1708 hans barn døbt, og i det øvrige svarede hand på spørmaal, at hand ej kunde nægte jo at have søgt seng med sin qvinde før brylloppet, men effter saa lang tiids forløb formeente hand sig nu befriet. Iche deszmindre tildømmes hand, effter fougdens paastand, at bøde for sig og sin qvinde effter loven 3 Rdl. 1 Ort 12 sch." Hans Jonson let etter seg 6 barn:

- a. Jon, f. 1708, død i kongens sjøtenest i København 1738.
- b. Anna, g. m. Knut Goa.
- c. Sven, f. 1718, var sjømann i 1752.
- d. Jakob, død før 1752.
- e. Kari, f. 1730, g. 1) m. Knut Mikkelson (S-Varhaug 52), g. 2) m. Hans Simonson (S-Varhaug 53).
- f. Hans Hansson (Aniksdal 38), f. 1725.

22B. Stig Hansson Haugstad var vitne i ei tjuvesak i 1737, var truleg den same som er omskreven på (N-Halleland 11).

23. Elling Olson (Auestad 13 a.) fødd kring 1698, skifte 13/10 1764. Gift 1) med Marit

Omundsdotter (Voll 16 e.) fødd 1700, skifte 24/2 1749, gift 2) 1750 med Kirsten Nilsdotter, fødd i Eigersund, dotter til Nils Knutson Lintjörn og Anna Pedersdr. Han byksla 12 spand av Tjøl Friestad i 1726, truleg etter Tore Asbjørnson. Han hadde 4 barn i første gifte og 4 i andre:

- a. Elling Ellingson (Voll 35?), f. 1723.
- b. Kirsten, f. 1724, g. 1) m. Rasmus Olson (Kydland 18), g. 2) m. Tjøl Jonson (Kydland 19).
- c. Ola, f. 1728, død på Voll 1782, ugift.
- d. Eldrid, f. 1730, g. m. Johannes Svenson Sirevåg.
- e. Nils, f. 1752 (Voll 48).
- f. Marta, f. 1750, var hjå broren på Varen i 1801, ugift.
- g. Kristoffer Varen, f. 1757, g. 1) 1792 m. Ingeborg Larsdotter Varen, g. 2) 1795 m. Berit Gjermundsdtr. (Håland 27 b.). Budde på Varen i Ogna.
- h. Anna, f. 1759, g. 1800 m. Rasmus Johannesson (Ueland 38).

24. Bård Jakobson (17 d.) fødd kring 1694, skifte 17/4 1758. Gift kring 1725 med Kirsten Helgesdotter (N-Varhaug 17 d.) fødd kring 1697. Bård byksla 12 spand etter faren av Tjøl Friestad i 1727. 7 barn:

- a. Helge Bårdson, f. 1728, g. m. Elen Olsdtr. Budde i Sirevåg.
- b. Guri, f. 1730, g. m. Gitle Rasmuson (S-Varhaug 58).
- c. Ragnhild, f. 1726, g. 1) m. Torgier Jakobson (Voll 29), g. 2) m. Sven Svenson (Voll 31).
- d. Berit, f. 1736, g. 1) m. Elling Tollakson Sirevåg, g. 2) m. Nils Ådneson Sirevåg.
- e. Kirsten, f. 1738, g. 1) 1763 m. enk. Ivar Mathiasson Vatnemot, g. 2) m. Elling Ellingson Stølen i Ogna.
- f. Jakob (Efjestad 32), f. 1741.
- g. Sven Haugstad, f. 1743 (30).

25. Omund Gunnarson Rullen var husmann, der var skifte etter han 24/2 1749, gift med Joron Toresdotter, fødd kring 1698. Dei hadde butt på Hetland i Ogna før dei kom til Rullen. Dei hadde 6 barn, 2 fødde på Hetland:

- a. Gunnar, f. 1733 (31).
- b. Tore (Tørres?), f. 1736, tente på Efjestad i 1758.
- c. Ola, f. 1738.
- d. Ola (Herigstad 34), f. 1740.
- e. Torborg, f. 1741, g. m. enk. Sjur Mikkelson Herredsvela.
- f. Nils.

26. Guri Reiardsdotter Rullen gift i Ogna

1743 med Torgier Stigson Engeviggen. Desse veit eg ikkje meir om.

27. Elling Gitleson (S-Varhaug 48) var gift med enkja etter Hans Jonson (22), Karen Jakobsdotter, som der var skifte etter 19/7 1752. Han brukte 12 spand i 1749.

28. Ola Gjermundson (Aniksdal 30 b.) fødd kring 1723, skifte 18/10 1766, gift 1750 med Johanna Ellingsdotter, fødd i Ogna 1730, dotter til Elling Roaldson Friestad og Johanna Larsdtr., f. Voll. Ola Gjermundson byksla 12 spand etter Elling Gitleson kring 1750. Dei hadde 7 barn:

- a. Gjermund Heien, f. 1750 (Voll 55).
- b. Inger, f. 1752.
- c. Elling Friestad, f. 1754, g. m. Malena Johannesdtr. Friestad i Ogna.
- d. Malena, f. 1756.
- e. Torkel, f. 1759, g. m. Malena Johannesdtr. Kvasheim. Budde på Kvasheim og Sirevåg, seinare på Fuglestad i Ogna og døde på Kirkeneset i 1844.
- f. Johanna, f. 1761.
- g. Johanna, f. 1762, g. 1803 m. Omund Toreson (Skjærpe, Nærbø 17 b.).

29. Søren Nilsson Rullen var fødd kring 1718. Han var husmann i 1758. Gift med enkja etter Omund Gunnarson (25), Joron Toresdotter. Ikkje barn.

30. Sven Bårdson (24 g.) fødd kring 1743, død 21/11 1811. Gift 1760 med Ranveig Ivarsdotter Vatnemot, fødd i Ogna 1737, død 11/10 1820. Han byksla 12 spand etter faren i 1758. 6 barn:

- a. Bård Haugstad, f. 1761 (37).
- b. Kirsten, f. 1765, g. m. Villads Kjetelson Hedlaren i Sirevåg (sjå Haugland 20 b.).
- c. Ingeborg Kirstine, f. 1769, g. 1799 m. enk. Gjermund Olson Heien (Voll 55).
- d. Ranveig, f. 1773, g. i Ogna 2/7 1803 m. Eilert Ellingson Stølen.
- e. Guri, f. 1780, g. 1812 m. enk. Ola Jakobson Sirevåg.
- f. Sara, f. 1782.

31. Gunnar Omundson Rullen (25 a.) fødd kring 1733, død som fattiglem 4/7 1807. Gift med Marta Larsdotter, fødd kring 1733, ho levde i 1801. Dei var husmannsfolk og hadde 2 søner:

- a. Erik Rullen, f. 1765 (38).
- b. Nils Gunnarson Bakken (Voll 63?).

32. Sjur Stigson, son til Stig Sjurson Vette-land i Ogna og Joron Pedersdtr., f. Holmen

i Bjerkreim. Han var fødd i 1744, skifte 14/6 1773. Gift 1768 med enkja etter Ola Gjermundson, Johanna Ellingsdotter. Han byksla 12 spand etter Ola Gjermundson i 1767 av Gunnar Tjølsen Friestad. Dei fekk ein son:

- a. Sjur Sjurson, f. 1771, g. m. Inger Gitlesdr. Budde på Fuglestad i Oгна.

33. Tjerand Omundson (Opstad 22 b.) fødd kring 1738, død 1/11 1809. Gift 1) 1765 med enkja etter Elling Olson (23), Kirsten Nilsson, død 1783, gift 2) i Oгна 1784 med Agnette Johannesdotter Kverme, fødd 1757. Tjerand byksla 12 sparid etter Elling Olson i 1765 av Gunnar Friestad. Han hadde 7 barn i andre gifte:

- a. Malena, f. 1785.
- b. Kirsten, f. 1786, død 1788.
- c. Johanna, f. 1788, g. m. Bendiks Olson (40).
- d. Kirsten, f. 1790, g. m. Tollak Pederson (Efjestad 45).
- e. Antonette, f. 1793, g. 6/9 1836 m. Elias Andersson Altmärk frå Sverige.
- f. Johannes Hetluren, f. 1796 (Odland 46).
- g. Tjerand Hetluren, f. 1799 (Odland 47).

34. Hans Ellingson (N-Halleland 9 b.) fødd 1749, gift 1773 med enkja etter Sjur Stigson, Johanna Ellingsdotter, død 1775, gift 2) i Oгна 8/10 1775 med Karen Torstensdotter Hetland, fødd 1750. I 1779 kom dei til (Efjestad 34) og seinare til Skadberg i Sola der dei budde i 1801.

35. Nils Pederson, son til Peder Nilsson Sandve i Oгна frå Gravdal og kona Joron Johannesdr., f. Fuglestad. Han var fødd i Oгна i 1753, gift 1777 med Guri Ivarsdotter Vatnemot, fødd 1753, søster til kona hans Sven Bårdson (30). Nils byksla 12 spand av Gunnar Friestad i 1779 etter Hans Ellingson. 11781 kom dei til Kvianes i Oгна.

36. Rasmus Mikkelsen, son til Mikkel Olson Gjermestad i Eigersund og Torgjerd Rasmusdr., f. Tengedal. Han var fødd i 1749, død 9/2 1804. Gift i Oгна 1776 med Henrikke Ivarsdotter Vatnemot, fødd 1750, død 13/11 1833, søster til Ranveig og Guri (sjå 30 og 35). Rasmus byksla 12 spand etter 35 i 1781 av Gunnar Friestad. Han hadde butt på Oгна, der 2 av barna var fødd. Dei hadde 6 barn i alt:

- a. Ivar, f. 1778, død før 1787.
- b. Mikkel Haugstad, f. 1779 (39).
- c. Torborg Kirstine, f. 1780, død på Kydland 27/12 1855, ugift.

- d. Ivar, f. 1786.
- e. Rasmus (Håland 44), f. 1788.
- f. Anna Guria, f. 1791. Ho fekk ei dotter ue., Elisabet Jonsdr., f. 25/9 1823.

37. Bård Svenson (30 a.) fødd kring 1761, > død 3/1 1846, gift i Oгна 4/12 1791 med Johanna Johannesdotter Kverme, fødd i Oгна'1759, død 12/2 1845, søster til Agnette (33). Gunnar Friestad hadde gitt frå seg godset i Haugstad til versønene, Eivind Mossige og Tolleiv Kvía, og Bård Svenson kjøpte dei 12 spand av dei i 1811 for 500 dalar. Dei hadde 6 barn:

- a. Johannes Haugstad, f. 1793 (42).
- b. Sven Stokkeland, f. 1795, g. 8/4 1830 med Dorteia Malena Larsdr. Helvig. Budde på Stokkeland i Oгна.
- c. Johanna, f. 1797, død s. å.
- d. Johanna, f. 1798, g. m. enk. Peder Jonson (Husveg 35).
- e. Lavrentsa, f. 1803.
- f. Ranveig, f. 1806, g. 1/5 1831 m. Peder Erikson (Hårr 46B c.).

38. Erik Gunnarson Rullen (31 a.) fødd kring 1765, død 10/12 1820, gift 1) 1794 med Karen Berte Eriksdotter (Hårr 27 j.) fødd 1751, død 29/8 1797, gift 2) 1798 med Guri Gjermundsdotter (Voll 39 c.) fødd kring 1768, død 18/3 1833. Erik Gunnarson byksla Rullen av Gunnar Friestad i 1791. 6 barn i andre gifte:

- a. Gjermund, f. 1799, g. i Klepp 12/4 1831 m. Malena Olsdr. Tjøtta, g. 2) 1836 m. Dorteia Villumsdr. Lura. Budde på Horpestad i Klepp.
- b. Gunnar, f. 1801, død 12/12 1833, ugift.
- c. Jakob, f. 1804, død 6/4 1825, ugift.
- d. Karen Berte, f. 1806, død 10/3 1807.
- e. Karen Berte, f. 24/8 1808, g. m. Gitle Gunnarson (Njærheim 97).
- f. Guri Helena, f. 25/11 1811.

39. Mikkel Rasmusson (36 b.) fødd 1779, død 5/6 1859. Gift 17/11 1814 med Elen Assersdotter, fødd i Oгна 1789., død 29/4 1874, dotter til Asser Pederson Høiland og kona Elen Malena Jakobsdr., f. Kvasheim. Mikkel tok over Rullen etter faren kring 1800. Dei hadde 6 barn:

- a. Rasmus, f. 19/8 1815, død 16/6 1881, ugift.
- b. Asser Mikal, f. 17/6 1819, g. m. Elen Kirstina Olsdr. Sandve. Budde på Sandve i Oгна.
- c. Ivar, f. 21/3 1822, g. i Klepp 18/7 1845 m. Malena Erga (Kydland 30).
- d. Peder Haugstad, f. 10/11 1825 (46).

- e. Mikal, f. 16/5 1828, g. 22/1 1856 m. Helga Kirstine Kristensdtr. Vatnemot. Budde på Vatnemot i Oгна.
- f. Helena Margreta, f. 13/5 1832, g. 10/11 1853 m. Erik Abrahamson (Aniksdal 57)/

40. Bendiks Olson (Skretting 45 c.) fødd 16/3 1788, død 24/3 1857, gift 4/2 1810 med Johanna Tjerandsdotter (33 c.) fødd 5/6- 1788, død 23/10 1860. Bendiks tok over bykselen av 12 spand etter verfaren i 1810, og i 1829 fekk han skjøte på 4 spand. Dei hadde 4 barn:

- a. Anna Kirstina, f. 30/1 1811, g. m. Jon Svenson (Reiestad 34).
- b. Berta, f. 16/11 1813, g. m. Erik Rasmusson (44).
- c. Tjerand Haugstad, f. 15/4 1817 (45).
- d. Olina, f. 23/2 1827, død 17/8 1855, ugift.

41. Rasmus Gunnarson Rullen (Njærheim, Nærbø 87 a.) fødd 9/3 1794, død 18/12 1836, gift 31/10 1820 med Berta Eriksdtr. Holen (Ånestad 61 a.) fødd 12/7 1795, død 9/4 1839. Han byksla Rullen i 1822 etter Erik Gunnarson. 4 barn:

- a. Erik Rullen, f. 28/12 1820 (44).
- b. Kirsten, f. 25/9 1823, g. 10/11 1859 m. Mons Monsson Soma i Høyland.
- c. Gunnar, f. 14/4 1827, g. i Stavanger 9/6 1854 m. Anna Malena Omundsdotter Årrestad,
- d. Einar, f. 21/10 1830, død 11/8 1903, g. 4/4 1872 m. Olina Kristensdtr. Vatnemot. Budde på Soma i Høyland.

42. Johannes Bårdson (37 a.) fødd 14/4 1793, død 23/6 1854, gift i Oгна 1/8 1826 med Karen Elisabet Larsdotter, fødd 10/1 1801, død 2/1 1875, dotter til Lars Johannesson Kvasheim og Karen Rasmusdtr., f. Stokkeland. Johannes kjøpte 12 spand av faren i 1814 for 150 dalar. 10 barn:

- a. Johanna Margreta, f. 27/12 1826, g. m. Tjøl Erikson (Voll 71).
- b. Bendiks, f. 14/1 1828, død 9/2 s. å.
- c. Lars, f. 31/1 1829, død 28/3 1833.
- d. Bendiks, f. 7/12 1830, død 27/12 1832.
- e. Kristian Haugstad, f. 23/9 1832 (49).
- f. Lars Haugstad, f. 4/5 1834 (48).
- g. Berta, f. 19/10 1837, var ugift på Haugland i 1875.
- h. Karen, f. 2/11 1839, g. m. Rasmus Erikson (44 c.).
- i. Karen Elisabet, f. 21/9 1841.
- j. Jonas, f. 21/9 1841 (47).

43. Ola Pederson (Lode, Nærbø 38 d.) fødd 22/7 1808, død 1/8 1872, gift 14/3 1833 med Anna Olsdotter (Skretting 45 g.) fødd 14/12 1800, død 1/7 1860. Dei budde på plassen Torvholen og hadde visst 3 barn:

- a. Peder, f. 26/12 1836,
54. Erik Olson (44 b.) fødd 17/7 1893, død 16/11 1949, gift 21/12 1918 med Jenny Fredrikke Fredriksdotter Haugstad, fødd 24/10 1897, død 1951. Han tok over bnr. 2 etter faren i 1920. 10 barn:

- a. Ole Ødegård, f. 30/8 1919 (57).
- b. Ane, f. 14/1 1921, g. m. Arnold Johan Laland, i Klepp.
- c. Nuel, f. 6/9 1923, g. m. Ruth Sigurdsdr. Hjartnes, bur i Kleppe.
- d. Oline, f. 27/7 1924, g. m. Lars Riskild på Hinna.
- e. Fredrik, f. 16/6 1926, g. m. Kjellaug Sørskog på Kleppe.
- f. Anna, f. 12/3 1928, g. m. Gustav Theodorson Mæland. Bur på Nærbø.
- g. Erling, f. 30/7 1930, g. 1951 m. Hjørdis Mohndr. Øxnevad. Bygningsmann på Vigrestad.
- h. Jessie, f. 26/6 1932, g. m. Arne Pedersen Haugseng, bur i Grimstad.
- i. Ingrid, f. 25/10 1934, g. m. Arne Sivertson Goa, Randaberg.
- j. Einar, f. 13/10 1936, g. 1959 m. Ranveig Alfredsdr. Undheim. Dei er sjøfolk.

55. Sivert Henrikson Hadland kjøpte bnr. 1 av Fanuel Eikeland (sjå under 48).

56. Mikal Jonasson Skibstad, fødd i Helleland 1876, død 30/11 1925, gift 1918 med

Amanda Knutsdotter Vasbø, fødd 8/12 1891, død 30/9 1965. Mikal Skibstad kjøpte bnr. 1 i 1918 av Sivert Hadland, eller kanskje av Fanuel Eikeland. 5 barn:

- a. Jonas, f. 8/4 1918 (62).
- b. Anna, f. 12/3 1920, g. 1947 m. Olav P. (Høyland 184 a.).
- c. Alfred, f. 31/8 1923, g. 1944 m. Aslaug P. (Høyland 184 e.). Møbelsnikker på Vigrestad.
- d. Magne, f. 3/8 1925, g. 1949 m. Bertine Rasmusdtr. Haugland (Vold 153 b.).
Amanda sin son: Knut, reist til Amerika.

57. Ole Erikson (54 a.) fødd 30/8 1919, gift 1942 med Karen Andreasdotter Lille-land (Skrettingland 36 d.) fødd 23/10 1919. Han tok over bnr. 2 i 1951. Barn:

- a. Erik, f. 13/3 1943.
- b. Judith Kristine, f. 27/10 1944, g. 1966 m. Sem Ragnvaldson (Rugland 51 a.).
- c. Anna Johanna, f. 30/3 1949, g. 1968 m. Erling Slettebø.
- d. Astrid, f. 15/2 1955.
- e. Odd Kåre, f. 8/1 1963.

58. **Hans Johannessen Ødegård** (47 c.) fødd 5/12 1900, gift 1925 med Anna Johanna Johannesdatter Fuglestad, fødd i Oгна 23/11 1899 (Bogsdalen). Tok over bnr. 3 etter faren i 1931. Han hadde vore i USA i mange år. Barn:

- a. Walther, f. 23/10 1926, g. 1956 m. Else Irene Enevaldsdtr. Reime, Rimestad.
- b. Henry, f. 2/11 1931, g. 1961 m. Målfrid Erlingsdtr. Lode. Bur i Sola.

- c. Stanly, f. 4/11 1935, g. 1961 m. Torfrid Gabrielsdtr. Rimestad. Bonde på Rimestad.
- d. Arthur, f. 4/11 1937, g. 1/6 1968 m. Bjørg Sigurdsdtr. Sikveland.
- e. Marit, f. 1943, død s. å.

59. **Gunnar Pederson** (53 a.) fødd 18/8 1919, gift 1956 m. Marie Vinje, fødd 4/6 1931. Han tok over bnr. 5 i 1942 og bnr. 4 i 1968. 3 barn:

- a. Gerd, f. 16/8 1956.
- b. Liv, f. 10/1 1961.
- c. Per Gunnar, f. 21/9 1963.

60. **Johan Pederson** (49 a.) fødd 18/7 1902. **Peder Pederson** (49 e.) fødd 31/12 1909. Dei driv bnr. 6 saman sidan 1940.

61. **Jonas Mikalson Skibstad** (56 a.) fødd 8/4 1918, gift 14/4 1954 med Karen Maria Jonsdatter Håland, fødd 7/2 1930. Han tok over bnr. 1 etter mora i 1954. Barn:

- a. Mikal, f. 1/8 1955.
- b. John, f. 2/12 1957.
- c. Audny, f. 23/11 1958.
- d. Kåre, f. 14/2 1961.
- e. Kari, f. 5/7 1962.
- f. Jorunn, f. 5/2 1965.
- g. Jofrid Marie, f. 26/2 1967.

62. **Arthur Hansson** (58 d.) fødd 4/11 1937, gift 1/6 1968 med Ruth Bjørg Sikveland, fødd 29/6 1940, dotter til Sigurd Nilson Sikveland og Rasmine Rasmusdatter Eike. Han overtok bnr. 3 etter faren i 1967. Barn:

- a. Jane, f. 2/4 1969.

G.nr. 81. Rugland

Utt. Rogglann. Gamal skuld var 2 bismerpund smør. Namnet kjem av rugkorn. Stavemåten har vore: Rogland, 1567 (øde) Rueland, 1610/1616 Rugland, 1723 Rougland og Rugland. I 1723 åtte oberstløytnant Lillenschøild heile Rugland. Denne skipnaden stod ved lag til kring 1790, då brukarane var sjølveigarar.

Rugland skifter mot vest med Haugstad, mot nord med Ødegård og Håland, mot aust og sør med Herigstad.

Jorda er fastmark med mykje stein.

NAMNEREGISTER

1. Jørgen
2. Sven
3. Sakarias Tørressøn
4. Laurits Ellingson
5. Tollak-Helgeson
6. Sven Taraldson
7. Ola Olson
8. Gregorius Bårdson
9. Helge Lauritsson
10. Laurits Asbjørnson
11. Elling Olson
12. Elling Eliasson
13. Elling Hansson
14. Hans Torstenson
15. Jon Ellingson
16. Hans Ellingson
17. Gunnar Gunnarson
18. Elling Jonson
19. Mikal Danielson
20. Jon Ellingson
21. Ola Svenson
22. Daniel Mikkelson
23. Peder Mikkelson
24. Ola Larsson Røyseland
25. Gunnar Gunnarson II
26. Gunnar Nilsson Stølane
27. Gunnar Olson Smørholen
28. Elling Danielson
29. Ola Jonson
30. Gunnar Gunnarson III
31. Tønnes Torkelson Anda
32. Rasmus Rasmusson
33. Mikal Gunnarson
34. Gabriel Gunnarson
35. Tore Tønnesson
36. Andreas Adamson
37. Peder Olson Skretting
38. Elling Jonson,
39. Torkel Jonson
40. Peder, Svensop Voil
41. Torgrim Torgerson Bilstad
42. Jonas og Mikal Håland
43. Jonas Gunnarson
44. Lars Pederson Sandve
45. Martin Hansson Kvasheim
46. Fanuel Olson Eikeland
47. Eilef Pederson
48. Abraham Jonasson
49. Karl Jonasson
50. Johan Torkelson
51. Ragnvald S. Haugstad
52. Per Toralv Eilefson
53. Jonas Jonasson Håland
54. Peder Stokkeland
55. Per Lauritsson Håland
56. Lars Toralfson
57. John Kjell P. Stokkeland
58. Thor Johanson
59. Jonas A. Rugland

1. **Jørgen** er nemnd på Rugland i 1563. Han skatta 1 dalar.

2. Sven nemnd 1602/13.

3. **Sakarias Tørresson**, nemnd 1636/45. Skatta 18 skilling. Ei dotter er nemnd:
a. Siri, g. m. Sven Taraldson (6).

4. **Laurits Ellingson** var bror til Peder (Mæland 6). Han var fødd kring 1625. Anten han eller Sakarias Tørresson var gift

med Guri Klementsdotter (Auestad 4). Laurits brukte 1 pund i 1665. 4 barn er nemnde:

- a. Tørres, f. 1655.
- b. Helga, g. m. Laurits Jakobson Erga i Klepp.
- c. Elling, f. 1662.
- d. Helge Rugland, f. 1663 (9).

5. **Tollak Helgeson** var husmann i 1665, fødd kring 1615. Me veit ikkje meir om han.

6. **Sven Taraldson** brukte 1 pund i 1665. Fødd kring 1635, skifte 9/10 1689, gift med Siri Sakariasdtr. (3 a.). Dei let etter seg 3 døtre:

- a. Guri, g. 1) m. Ola Olson (7), g. 2) m. Gregorius Bårdson (8).
- b. Ragnhild, død før 1689.
- c. Barbro levde i 1698.

7. **Ola Olson** kunne vore frå (Aniksdal 16 a.), men det er uvisst. Der var skifte etter han 13/10 1697. Han var gift med Guri Svendsdotter (6 a.), og tok over bruket etter verfare. Dei hadde 2 barn:

- a. Sven Olson (N-Tjemsland 17), f. 1691.
- b. Ola, f. 1695.

8. **Gregorius Bårdson** var bror til Bård Bårdson (Håland 31). Han var fødd kring 1670, gift 1) 1697 med enkja etter Ola Olson, Guri Svendsdotter, som der var skifte etter 24/4 1709. Gift 2) med Sissel Olsdotter (Hobberstad 26 f.). Han tok over 1 pund etter Ola Olson (sjå Sæland 3 b.). Gregorius Bårdson selde 1 pund i Rugland til presten Sigvard Munch på Haa i 1742 for 26 dalar. I 1725 åtte oberstløytnant Lil-lienschiold garden, så Gregorius må ha kjøpt av han. Gregorius hadde 3 barn i første gifte og 4 i andre:

- a. Bård, f. 1703.
- b. Siri, f. 1700, g. m. Torjus Pederson (Bø, Nærbø 34).
- c. Ola Gregoriusson (Bjorheim 10), f. 1707.
- d. Guri, f. 1712, g. m. Elling Antoniusson (Skretting 31).
- e. Anna, f. 1714, g. m. Elling Hansson (13).
- f. Ola (Skretting 32), f. 1717.
- g. Gregorius Tjensvoll, f. 1720, g. m. Ingeborg Svendsdr. Budde på Tjensvoll i Time.

9. **Helge Lauritsson** (4 d.) fødd kring 1663, gift med Barbro Ånundsdotter frå Bru i Oгна, som seinare vart g. m. enk. Gjert

Kalsvaren (Mæland 16). Helge budde på Rugland i 1701. Dei hadde ikkje barn.

10. **Laurits Asbjørnson** (Skretting 18 a.) fødd kring 1677, skifte 11/10 1714, gift med Berit Ellingsdotter, som var enkje og budde på Skretting i 1718. Laurits brukte parten etter Helge Lauritsson frå kring 1705. 3 barn er nemnde:

- a. Berit, f. 1705, ugift i 1735.
- b. Elling, f. 1710.
- c. Johannes, f. 1712. Dei var begge sjømenn og seilte frå Bergen i 1734.

11. **Elling Olson** er nemnd i 1718 og var komen til Rugland i 1710. Me veit ikkje meir om han.

12. **Elling Eliasson** (Ånestad 21 a.) fødd kring 1680. Han var truleg den same som nr. 11, og at Olsson er gale. Han var fødd kring 1678 og budde framleis på Rugland i 1758 hjå sonen. Kona er ukjend, men 2 barn er kjende:

- a. Johanna, f. 1714, g. m. Asbjørn Erikson (Bratland 12).
- b. Jon Ellingson Rugland, f. 1720 (15).

13. **Elling Hansson** var son til Hans Ellingson Hadland i Oгна og Guri Stigsdr. (Herigstad 28 c.). Han var fødd kring 1712, skifte 2/4 1765, gift med Anna Gregoriusdotter (8 e.) fødd kring 1714. Elling Hansson tok over 1 pund etter verfare som han seinare åtte, så han må ha løyst det inn att av presten. Elling Hansson selde 12 spand i Håland til Gunnar Tjølsen Friestad i 1747 for 20 dalar. Dei hadde 4 barn:

- a. Sissel, f. 1745, g. m. Gunnar Gunnarson (17).
- b. Hans Rugland, f. 1748 (16).
- c. Guri, f. 1751, g. m. Isak Tolleivson (S-Varhaug 64).
- d. Gregorius, f. 1761, var sjømann i 1782.

14. **Hans Torstenson** (Stavnheim 20 d.) fødd kring 1734, skifte 26/11 1767, gift med enkja etter Elling Hansson, Anna Gregoriusdotter, død 1793. Ved skifte etter Hans hadde enkja arva 2 spand, og Torsten Gunnarson Stavnheim, Hans sin far, arva 2 spand. Hans byksla 4 spand i Rugland av "de umyndige" med formynder Ola Gregoriusson Bjorheim. Bua må ha vore berre 4 spand, som Hans hadde fenge med kona. Dei hadde ikkje barn.

15. **Jon Ellingson** (12 b.) fødd kring 1720, skifte 21/10 1785, gift med Sissel Torstensdotter (Ånestad 32 c.) fødd kring 1737,

skifte 13/4 1787. Dei var søskenbarn. Jon tok over 1 pund etter faren i 1765. 4 barn:

- Torborg, f. 1765, død på Rugland 7/2 1865, 100 år gml., ho var ugift.
- Elling Rugland, f. 1768 (18).
- Barbro, f. 1772, g. 1803 m. Sven Tolkakson Tuen (Aniksdal 46).
- Guri, f. 1775, g. m. Tore Karlson (Stavnheim 30).

16. Hans Ellingson (13 b.) fødd 1748. Han budde truleg ei tid på Rugland, men kom seinare til (N-Halleland 15) og sidan til (Bo i Nærbø 70).

17. Gunnar Gunnarson, son til Gunnar Helgeson Fuglestad i Oгна (N-Varhaug 25 a.). Han var fødd kring 1741, død 19/9 1813. Gift kring 1766 med Sissel Ellingsdotter (13 a.) fødd kring 1745, død 20/9 1833. Gunnar kjøpte 8 1/2 spand av enkja og arvingane etter Elling Hansson i 1768 for 31 dalar. I 1775 vart skreve folgebrev til Anna Gregoriusdtr., truleg då Hans Ellingson flutte til N-Halleland. 6 barn:

- Anne Berte, f. 1769, g. m. Ola Svenson (21).
- Nils Gunnarson (Voll 63), f. 1770.
- Anna, f. 1772, g. 1) m. Torkel Larsson Friestad i Oгна, g. 2) m. Mathias Tolleivson (Aniksdal 48).
- Sissel, g. 1801 m. Henrik Berntson Nærland i Strand.
- Gunnar Rugland, f. 1781 (25).
- Sara, f. 1785, død 22/4 1861, ugift.

18. Elling Jonson (15 b.) fødd kring 1768, død 5/3 1858, gift 1787 med Ester Malena Olsdotter (Herigstad 32 d.) fødd kring 1764, død av kolera 6/2 1849. Elling kjøpte 1 pund av mora i 1786 for 37 dalar. Dei fekk 5 barn:

- Sissel, f. 1789, g. m. Daniel Mikkelson (22).
- Jon Rugland, f. 1793 (20).
- Anna Malena, f. 1796, g. 25/9 1823 m. Johannes Johannesson Friestad i Oгна.
- Sissel d. y., f. 1801, død på Rugland 23/8 1873, ugift. Ho hadde ei dotter, Serina Salvesdtr., f. 4/11 1835, g. 1869 m. Peder Pederson Tuen (Aniksdal 62).
- Ola, f. 1808, død på Husveg 5/10 1831.

19. Mikkel Danielson var husmann på Rul-len av Rugland i 1801. Han var komen frå Kvianes i Oгна, men det er uvisst kvar han var fødd. Han var fødd kring 1744, død 16/5 1817, gift i Oгна 1775 med Ingeborg Pedersdotter Hetland, fødd kring 1743,

død 15/3 1825, dotter til Peder Pederson Søre Hetland og Malena Svensdtr., f. Topdal. 4 barn er kjende:

- Inger Malena, f. 1776, g. i Stavanger 1824 m. Hans Viste.
- Daniel Mikkelson Rugland, f. 1777 (22).
- Peder Rugland, f. 1780 (23).
- Mikkel, f. 1784.

20. Jon Ellingson (18 b.) fødd 17/3 1793, gift 13/12 1818 med Elen Olsdotter (Voll 53 e.) fødd 11/8 1795, død 18/4 1892. Han tok over 1 pund etter faren kring 1818. Dei hadde 7 barn:

- Elling Rugland (38), f. 1819.
- Ola, f. 14/5 1821 (29).
- Ester Malena, f. 28/7 1824. Ho hadde ein son ue.: Sven Svenson, f. 10/5 1852.
- Elen, f. 27/11 1827, død av kolera saman med farmora 6/2 1849.
- Elen Kirstina, f. 16/5 1831, g. m. Rasmus Rasmusson (32).
- Olina, f. 4/3 1834, g. i Stavanger 29/5 1870 m. Tarald Toreson (Rimestad, Nærbø 45 d.).
- Jon, f. 15/10 1838, g. 22/4 1862 m. Malena Hansdtr. (Skretting 83 e.). Reist til Stavanger i 1865.

21. Ola Svenson (Herigstad 29 b.) fødd kring 1766, død 2/3 1838, gift 1) 1801 med Joron Olsdotter (Håland 18 f.) fødd kring 1762, død 10/6 1804, gift 2) 30/10 1804 med Anne-Berte Gunnarsdtr. (17 a.) fødd 1769, død 23/1 1845. Ola Svenson var husmann på Smørholen (Slåtten). Han hadde 3 barn i andre gifte:

- Sven, f. 14/6 1806.
- Gunnar Olson Smørholen, f. 1809 (27).
- Anna Johanna, f. 18/5 1812, g. i Stavanger 12/7 1857 m. enk. Tobias Torstenson Bratland (St. Håland, Nærbø 16 i.).

Ola Svenson si dotter ue.:

- Berte Olsdtr., f. 13/1 1797.

22. Daniel Mikkelson (19 b.) fødd 1777, død 3/3 1871, gift 19/11 1815 med Sissel Ellingsdotter (18 a.) fødd 22/11 1789. Daniel var husmann på plassen Holen (Smørholen?). Dei hadde 9 barn:

- Peder Mikal, f. 28/4 1816. Han var skomakar i Stavanger, død 1857.
- Elling, f. 3/11 1817, død 3/1 1818.
- Malena, f. 3/11 1817.
- Anna Malena, f. 18/11 1818, g. i Stavanger 22/4 1847 m. matros Asbjørn Knutson frå Finnøy.

- e. Ingeborg Malena, f. 22/8 1821, g. i Stavanger 15/9 1847 m. Ola Olson Osland frå Bjerkreim.
- f. Elling Danielson Rugland, f. 1825 (28).
- g. Sissel, f. 2/4 1828, g. i Stavanger 3/7 1849 m. bødker Johan Arnt Omundson frå Klepp.
- h. Dorteia Olina, f. 16/6 1832, g. i Stavanger 13/1 1859 m. matros Halvard Jonson frå Hjelmeland.
- i. Inger Mathea, f. 22/3 1837.

23. Peder Mikkelsen (19 c.) fødd 1780. Han byksla plassen Korphaug og Kusten, som tilsaman utgjorde plassen Holtedal under Rugland, av Gunnar Gunnarson og Elling Jonson i 1809, etter faren Mikkel Danielson. Sidan høyrer me ikkje meir om han. Kanskje det var same plassen som brøren Daniel tok over. Plassene på Rugland må ha bytt namn ofte.

24. Ola Larsson Røyseland (Voll 70) budde på Rugland i 1821.

25. Gunnar Gunnarson II (17 c.) fødd 1781, død 25/3 1843, gift 12/12 1820 med Anne Berte Olsdotter (Voll 53 c.) fødd 22/2 1789, død 16/4 1851. Han kjøpte 8 spand av faren i 1801 for 50 dalar. Dei hadde 5 barn:

- a. Gunnar Rugland, f. 1822 (30).
 - b. Ola, f. 9/6 1823, død 21/7 1825.
 - c. Elling Gunnarson (Hårr 64), f. 1/6 1825.
 - d. Sissel, f. 16/6 1827, g. m. Ola Knutson (Voll 95).
 - e. Elen, f. 29/4 1830, g. m. Erik Olson Øgard (N-Halleland 33).
- Anne Berte Olsdr. sin son ue.:
f. Paul Paulson (Aniksdal 56), f. 2/4 1919.

26. Gunnar Nilsson Stølane (Håland 43) fødd i Ognå 1793, død på Rugland (Slåtten) 10/2 1871, gift 1/6 1817 med Maren Olsdotter (Ueland 35 d.). (Sjå meir om dei S-Tjemsland 33.)

27. Gunnar Olson Smørholen (21 b.) fødd 30/8 1809, død på Sandnes i 1900. Gift 8/11 1836 med Anna Malena Johannesdatter (Herikstad 38 h.) fødd 15/12 1807, død 8/9 1841, gift 2) 25/5 1842 med Inger Svendsdatter (St. Håland, Nærbø 17 c.) fødd 20/11 1810. Gunnar byksla Smørholen av Gunnar Gunnarson (25) og Jon Ellingson (20) i 1837. Budde seinare på Malmeim i Høyland og sist på Sandnes. 3 barn i første gifte og 6 i andre:

- a. Ola, f. 11/8 1837, død 27/8 s. å.
- b. Ola, f. 14/12 1838, g. i Stavanger m. Johanna Olsdr. (Ånestad 69 i.). Bygningsmann i Stavanger.
- c. Ole Johannes, f. 6/9 1840, g. 11/4 1867 m. Anna Johanna Nilsdr. (Valdeland 10 f.). Budde på Sandnes. Dei fostra Erik Olson Rugland (Valdeland 14 f.).
- d. Sven, f. 30/1 1843, g. i Stavanger 3/11 1868 m. Ingeborg Maria Levardsdr. Hinna.
- e. Abraham, f. 26/6 1845, g. i Stavanger 10/12 1875 m. enkja Berta Malena Olsen i Stavanger. Han var sjømann, g. 2) 25/11 1877 m. Anna Gitlesdr. Fosse, f. i Lyse 1842.
- f. Anna Malena, f. 6/12 1847, g. i Stavanger 6/12 1893 m. enk. bygningsmann Torjus Torbjørnson, f. i Sauda.
- g. Anna, f. 10/8 1850, reist til Kristiania i 1882.
- h. Grete, f. 5/9 1852.
- i. Ingebret, f. 24/12 1854, død 17/3 1873.

28. Elling Danielson (22 f.) fødd 27/2 1825, død 6/3 1922. Gift 5/4 1848 med Johanna Eriksdatter (Voll 71 c.) fødd 21/12 1826, død 23/12 1888. Elling var husmann på Velasholen. Frå 1857 er han nemnd på Maureheia under Herigstad, men seinare er han på Rugland att. 9 barn er kjende:

- a. Elias, f. 28/5 1848.
- b. Sille Elisabet, f. 1/5 1850, g. m. Omund Olson (Stokkeland 36).
- c. Anna Maria, f. 15/4 1853, g. 20/12 1877 m. Tønnes Hansson Rosland. Budde på Sandnes.
- d. Dorteia, f. 12/3 1855, død 22/12 1872.
- e. Elen, f. på Maureheia 7/10 1857.
- f. Johanna Margreta, f. på Maureheia 6/4 1860. Ho hadde 2 barn ue.: 1. Johan Bø, f. 15/11 1884, reist til Amerika. 2. Ingvald Mandius Rugland, f. 14/11 1889, g. 1912 m. Laura Fylling, f. i Ålesund 10/5 1893. Kafevert på Bryne.
- g. Daniel, f. 10/1 1866.
- h. Anna Malena, f. på Maureheia 16/3 1868, død (7/9 1949?). Ho hadde ein son ue.: Elling Jonasson Rugland, f. 18/10 1891.
- i. Ingeborg, f. 6/6 1870.

29. Ola Jonson (20 b.) kjøpte 4 spand av faren i 1851 for 100 dalar -f halv folge, og seinare kjøpte han dei andre 4 spand for 100 dalar. I 1855 bytte han med Tønnes

Torkelson (31) mot 12 spand i Voll (sjå Voll 93).

30. Gunnar Gunnarson III (25 a.) fødd 9/3 1822, død 12/3 1892. Gift 22/11 1848 med Karen Torgersdotter (Husveg 36 a.) fødd kring 1823, død 16/5 1895. Han kjøpte 8 spand av faren si dødsbu i 1844 for 200 dalar. 10 barn:

- a. Anne Berte, f. 19/2 1850, g. m. Lars Larsson (Stavnheim 47).
- b. Gunnar, f. 12/3 1852, død 12/3 1864.
- c. Torger, f. 18/6 1854, død 15/6 1875, kom bort på fiske.
- d. Ola Gunnarson Rugland, f. 1856 (Haugland 36).
- e. Jonas Rugland, f. 1858 (43).
- f. Gabriel, f. 4/3 1860, død 1/2 1864.
- g. Govert, f. 26/4 1862, død s. d.
- h. Anna Elisabet, f. 26/4 1862, død 1/5 s. å.
- i. Govert, f. 30/3 1863, g. m. Karen Roaldsdtr., f. 22/7 1860. Han var bakar i Stavanger.
- j. Gunnar, f. 20/6 1865, g. i Stavanger 18/7 1891 m. Berta Eriksen, f. i Stavanger 21/9 1869. Han var bygningsmann i Stavanger.

31. Tønnes Torkelson Anda (sjå Voll 85) bytte med Ola Jonson og fekk 8 spand i Rugland for 700 dalar. Denne parten var det seinare bnr. 4. Tønnes var brukar der i 1865. Seinare hadde sonen Tore teke over, og den 11/4 1871 selde Tore til Torgrim Torgerson.

32. Rasmus Rasmusson, stykson til Tønnes Torkelson og son til Rasmus Nilsson Anda. Fødd på Anda i Klepp 12/2 1827, død på Rugland 27/1 1891, gift 12/4 1855 med Elen Kirstina Jonsdotter (20 e.) fødd 16/5 1831, død 19/2 1915. Rasmus byksla Smørholen, truleg etter Gunnar Olson. Dei hadde 7 barn:

- a. Rasmus Tobias Rugland, f. 2/7 1855, g. 27/11 1877 m. Anna Taletta Tønnesdtr. Lode (sjå Nærbø Stasjon 2B.).
- b. Jon, f. 22/6 1858, g. 27/3 1885 m. Sille Johanna Olsdtr. (Bø, Nærbø 102 a.).
- c. Marta, f. 14/12 1860.
- d. Elen, f. 24/6 1863, g. i Stavanger 15/3 1888 m. enk. Jonas Toreson Fuglestad, f. i Oagna 24/6 1842.
- e. Tollef, f. 2/2 1866, død på Odland 5/1 1945.
- f. Rasmus Rugland, f. 25/7 1869 (sjå Lode, Nærbø 75).

g. Elen Kirstina, f. 24/9 1872, g. m. Erik Bendikson (Haugstad 53B. b.).

33. Mikal Gunnarson (S-Tjemsland 33 d.) fødd 23/2 1829. Han var husmann på Heien av Rugland i 1865 (sjå Skretting 103).

34. Gabriel Gunnarson, bror til Mikal (S-Tjemsland 33 c.) var fødd på Ueland 21/11 1822. Gift 1) 4/6 1850 med Elen Maria Gunnarsdotter (Voll 73 a.) fødd 24/2 1825, død 16/6 1860, gift 2) 1861 med enkja etter Torkel Larsson N-Halleland, Ingeborg Sivertsdtr., f. Gudmestad 1819, død 29/3 1901. Gabriel var husmann på Slåtten i 1865. Han hadde 3 barn i første gifte:

- a. Elen, f. på Voll 10/2 1853, g. m. Abraham Tobias Nilsson (Skretting 118).
- b. Maren, f. på Rugland 27/7 1856, g. 1) 27/2 1885 m. Tore Rasmusson Orrevg. 2) 1909 m. Peder Olson (Voll 122).
- c. Gunnar, f. 29/1 1860, reist til Amerika i 1885.

35. Tore Tønnesson (son til 31) fødd på Anda 13/12 1840, gift 6/4 1865 med Maria Tjølstdotter (Håland 51 h.) fødd 13/3 1843. Tore hadde, som nemnt under 31, teke over bnr. 4 etter faren kring 1865. I 1871 selde han til Torgrim Torgerson. Sidan må han ha butt på Herigstad, for i 1877 er eit barn døypt der ifrå. Seinare veit eg ikkje om dei. 6 barn er døypte i Varhaug:

- a. Rakel Maria, f. 23/5 1864.
- b. Marta, f. på Rugland 17/5 1866, død 8/7 1869.
- c. Ane Berte, f. 15/2 1868.
- d. Marta, f. 14/7 1869.
- e. Tønnes, f. 4/3 1871.
- f. Tore, f. på Herigstad 8/2 1877.

36. Andreas Adamson (Bjørheim 14 d.) fødd 18/11 1835, død 26/7 1901, gift 17/11 1863 med enkja etter Peder Kittelson Herigstad, Karen Gitlesdotter (Herigstad 55) fødd på (Njærheim 97 a.) 10/5 1829, død 5/7 1910. Han var husmann på Smørholen i 1865. Seinare budde han på (N-Halleland 43) og sist på Grønholen (Efjestad 58), og budde nok ei tid på Haugstad og på Herigstad. Me veit om 4 barn:

- a. Elen, f. på Haugstad 28/4 1864, død ugift.
- b. Tobias, f. på Herigstad 4/4 1866, reist til USA.
- c. Andreas, f. 27/9 1869, død på Mæland, ugift.
- d. Inger, f. på N-Halleland 4/9 1874, g. m. Enok (Bø 129).

37. Peder Olson (Skretting 92) fødd 22/6 1843, død 1929, gift 5/12 1867 med Kirsten Malena Svendsdotter (Voll 80 e.) fødd 12/4 1846. Han var husmann på Slåtten. 10 barn:

- a. Karl Martin, f. 9/6 1866, g. 1) 1886 m. Regina Maria Ludvigsdtr. (Håland 69 b.) f. 28/8 1863, død 11/4 1891, g. 2) 13/12 1901 m. Stine Berntsdtr. Tegle, f. i Time 9/4 1879. Han var baneformann i Sirevåg i 1900. Eit barn av første gifte døypt i Varhaug: 1. Anna Martine, f. på Stavnheim 5/7 1889.
- b. Anna Olette, f. 21/5 1870, g. 10/2 1893 m. Erik Pederson Hårr (Mæland 38).
- c. Sivert Andreas, f. 9/8 1872, død 22/10 1873.
- d. Anna Serina, f. 9/11 1873, g. 27/3 1903 m. Kristen Eliasson Stokkeland i Oгна, reist til Amerika.
- e. Ola, f. 19/6 1875, død 30/10 1896.
- f. Sivert, f. 11/1 1877, g. 1895 m. Gjert-rud Malena Pedersdtr. Håland (sjå der 91).
- g. Maria Pauline, f. 15/12 1879, g. 28/11 1901 m. Jakob Andreas Jeremiasson Ægren i Oгна.
- h. Alette, f. 12/10 1881, død ugift 27/4 1952. Ho var hushalder hjå Sven Kvía i Nærbø mange år.
- i. Kirsten Malena, f. 14/8 1883, g. i Stavanger m. Ivar Torstenson frå Rennesøy.
- j. Peder, f. 16/7 1885, reist til Amerika.

38. Elling Jonson (20 a.) fødd 7/10 1819. Gift 5/12 1849 med Ingeborg Gurina Asbjørnsdotter (Voll 68 d.) fødd 10/6 1830. Han er nemnd på Rugland i 1850, men i 1853 er han på N-Halleland. Frå 1863 budde han på Høyland i Nærbø (sjå der under 142) der barna er oppførde. Både Elling og kona døde truleg hjå sonen, murmeister Asbjørn Ellingsen i Stavanger.

39. Torkel Jonson (Sæland 16) fødd 17/8 1845, død 1935. Gift 1) 10/4 1878 med Rakel Eriksdotter (Ueland 61 d.) fødd 22/11 1850, død 1881, gift 2) 1890 med Ingeborg Malena Olsdotter (N-Halleland 37 a.) fødd 15/10 1864, død 1949. Han budde på Korphaug og hadde 2 barn i første gifte og 6 i andre:

- a. Inger, f. 19/10 1879, g. m. Andreas Andreasson (Njærheim, Nærbø 143).
- b. Rasmus, f. 31/1 1881, reist til Amerika.
- c. Anna Olette, f. 13/1 1891, g. m. Helge Aga i Stavanger.
- d. Johan, f. 30/5 1893 (50).

- e. Torkel, f. 30/9 1895, g. m. Malena Høyland, fødd i Helleland (sjå Høyland, Nærbø 182).
- f. Malena, f. 30/3 1903, g. m. Martin Berntson (Odland 65 e.).
- g. Klara Olava, f. 30/3 1906, g. m. Karl Eriksen i Stavanger.
- h. Olav, f. 20/2 1908, reist til Amerika.

40. Peder Svenson (Voll 80 c.) fødd 23/11 1840, død 9/6 1912, gift 1) 7/4 1870 med Anna Helgesdotter (Djøseland 34 a.) fødd 12/12 1835, død 29/10 1878, gift 2) 17/4 1879 med Berta Karina Eilevsdotter (Hårr 58 a.) fødd 27/2 1847, død 3/11 1888, gift 3) med Teodora Torkelsdotter, fødd i Bjerkreim 1/11 1858, dotter til Torkel Olson Bærland og Serina Olsdtr. Peder Svenson var husmann på Slåtten (Prøysen). Han hadde 2 barn i andre gifte og 2 i tredje:

- a. Anna Seline, f. 20/1'1880, død 5/1 1928.
- b. Eilef Rugland, f. 1883 (47).
- c. Berta Karina, f. 9/4 1892, g. m. Karl Olson Rosland i Klepp, f. 10/8 1884.
- d. Peder Rugland, f. 9/8 1899, g. 1929 m. enkja Berta-Sofie Karlsdotter, f. Helleberg i Sola 18/5 1897. Han er bonde på Pollestad i Klepp.

41. Torgrim Torgerson kjøpte bnr. 4 av Tore Tønnesson i 1871. Han var fødd i Sirdalen kring 1835, son til Torger Torkelson (Bjørnstad?). Gift i Stavanger 20/4 1872 med Karen Sofie Olsdotter Oslandsbotnen, fødd i Sunnfjord 1845. Kring 1875 flutte dei til Bilstad i Heskestad. Barn:

- a. Anna, f. 16/6 1873, g. m. Peder Gunnarson Høyen (Voll 120).
- b. Torger Bilstad, f. på Bilstad 1877, g. i Varhaug 6/5 1911 m. Maria Eliasdtr. (Njærheim 125 a.).

42. Jonas og Mikal Ellingson (Håland 38 k. og j.) kjøpte bnr. 4 av Torgrim Torgerson kring 1875. Dei budde der i 1875, men Torgrim står som eigar i 1886, så dei har nok ikkje hatt skjøte. I 1886 skifte dei bruket millom seg, men brukte det saman som før. Seinare tok Jonas over alt, og Mikal var handelsmann på Vigrestad. Jonas var fødd 24/1 1843, død 12/10 1919, gift 1) 9/4 1885 med Anne Henrikke Pedersdotter (Hårr 60 g.) fødd 20/10 1862, død 4/3 1892, gift 2) 17/3 1895 med Maren Elisabet Martinsdotter Moi, f. Lea 13/12 1871, død 30/6 1914. Ikkje barri i første gifte, men 8 i andre:

- a. Anne Henrikke, f. 9/1 1896, reist til Amerika.

- b. Erling, f. 10/5 1897, død.
- c. Martin, f. 3/11 1898, til Amerika.
- d. Jonas Håland, f. 10/8 1900 (53), til Amerika.
- e. Magnus, f. 1/8 1902, til Amerika.
- f. Valborg, f. 9/5 1905, til Amerika.
- g. Justine Maria, f. 20/12 1907, død 15/3 1916.
- h. Mikal, f. 31/3 1910, død 1924.

43. **Jonas Gunnarson** (30 e.) fødd 24/5 1858, død 7/11 1914. Gift 1/4 1887 med Maria Abrahamsdotter, fødd i Time 12/3 1862, død 9/4 1921, dotter til Abraham Kristianson Tjensvoll og Kirsten Ellingsdr. (Håland 38 b.). Jonas tok over bnr. 1 etter faren (eller broren Ola). 8 barn:

- a. Gunnar, f. 30/5 1888, død 24/7 1964, g. m. Inga Jonasdr. Fuglestad i Ogna, f. 1892. Han hadde vore lokomotivfører i Stavanger.
- b. Abraham Rugland, f. 1889 (48).
- c. Karen, f. 3/9 1890, er jordmor, g. m. Einar Ingebretson på Jørpeland i Strand.
- d. Jonas, f. 20/1 1892, død i Amerika. Karl, f. 1893, død 1894.
- e. Karl Rugland, f. 1895 (49).
- f. Toralf Rugland, f. 1896 (Vigrestad 109).
- g. Magne, f. 22/8 1899, død 14/5 1964, g. 12/3 1932 m. Alma Fernanda Larsdr. Løge (Stavnheim 57 b.).
- h. Kirsten, f. 22/8 1903, g. 8/5 1926 m. Lars Larsson (Voll 119 c.), død 20/1 1927, g. 2) 1932 m. Asbjørn Torstenson (Auestad 55).

44. **Lars Pederson Sandve**, son til Peder Johannesson Sandve i Ogna og Ingeborg Kirstine Larsdr., f. Kverme. Han var fødd 11/7 1868, gift 1896 med Malena Eilertsdotter Mong, fødd i Eigersund. Han er nemnd på Brekko av Rugland frå 1898. 2 barn døypt i Varhaug:

- a. Peder, f. 29/7 1898.
- b. Eilert, f. 14/7 1900.

45. **Martin Hansson Kvasheim**, fødd i Ogna 25/5 1871, gift med Berta Ole-Gabrielsdotter Lea, fødd i Høyland 1881. Han er nemnd på Brekko etter 44 frå 1906 til 1908. Var seinare handelsmann i Stavanger, død 4/8 1937.

46. **Fanuel Olson Eikeland**, son til Ola Arnbjørnson Eikeland i Time og Kristine Fanuelsdotter, f. Berland i Gjesdal. Han var fødd 18/3 1852, gift 1873 med Ane Kristiansdotter Kyllingstad, fødd 1841, død 1928.

Han hadde butt på Pigberg (Fjermestad) i Time før han kom til Rugland. Millom barna var:

- a. Inger Kirstine, f. 1875, g. m. Lars Larsson Løge (Stavnheim 57).

47. **Eilef Pederson** (40 b.) fødd 23/10 1883, død 1948, gift 1) 8/4 1911 med Marta Enevaldsdotter Horpestad, fødd i Klepp 7/11 1889, gift 2) 10/5 1919 med Marta Ellingsdotter (Herigstad 67 f.) fødd 10/4 1901. Han tok over bnr. 2, Slåtten nedre, etter faren. 1 barn i første gifte og 4 i andre:

- a. Berta, f. 15/11 1911, g. m. Per Lauritsen Håland (55).
- b. Bergine, f. 18/12 1919, g. m. Sven Karlson Egeland, i Time, bur på Njå.
- c. Margit, g. m. Monrad T. Ueland, Bryne.
- d. Marta Maria, g. 1947 m. Sigvald Riskild, Klepp.
- e. Peder Toralf Rugland, f. 16/3 1922 (52).

48. **Abraham Jonasson** (43 b.) fødd 30/7 1889, gift 1918 med Ingebjørg Kristine Garmansdotter, fødd i Time 31/10 1889, død 6/1 1937, dotter til Garman Gabrielson Mossige og Inger Kristiansdotter, f. Håland, Rosseland. Han tok over bnr. 1 etter faren i 1914. Barn:

- a. Jonas, f. 13/5 1919 (59).
- b. Maria, f. 29/10 1920, g. 1951 m. Otto Ingemann Egenes, Kvinesdal.
- c. Inger, f. 27/10 1921, styrar av Gamleheimen på Helleland.
- d. Eivind, f. 21/1 1923, g. 1951 m. Anna Larsdr. Mossige, f. 19/1 1926. Bur på Mossige.
- e. Abraham, f. 7/7 1925, g. 1960 m. Marta, bur i Oslo.
- f. Ingfrid, f. 23/8 1926, sjukesyster i Egersund.
- g. Gabriel Johannes, f. 2/5 1930, g. 1954 m. Aslaug Hillesland.
- h. Arne Ingvar, f. 1/4 1935, g. 1964 m. Aud Lunde.

49. **Karl Jonasson** (43 e.) fødd 12/3 1895, død 15/5 1964, ugift. Han tok over ein part av farsgarden, bnr. 9, i 1914.

50. **Johan Torkelson** (39 d.) fødd 30/5 1893, død 1957, gift 14/10 1922 med Ingeborg Maria Svendsdotter (Herigstad 71 b.) fødd 8/4 1897. Han tok over bnr. 5, Bakken (Korphaug), i 1921. Barn:

- a. Målfrid, f. 1923, død 21/2 1967, g. 1947 m. Ola O. Risa, Nærby.
- b. Thor, f. 11/10 1925 (58).

51. Ragnvald Semson (Haugstad 74 d.) fødd 7/10 1914, gift med Elen Pedersdotter (Herigstad 72 g.) fødd 24/8 1913. Han tok over bnr. 3, Slåtten øvre, i 1937. Det var parten til Peder Olson (37) og Ragnvald overtok etter Alette (37 h.) som han og kjøpte av. Barn:

- a. Sem, f. 22/5 1938, g. 1966 m. Judit Kristine Olsdr. (Ødegård 57 b.).
- b. Maria, f. 22/5 1938, g. 1956 m. Einar Kristianson (Herigstad 85).
- c. Arne Petter, f. 17/11 1939, g. 1965 m. Eline Katrine Olsdr. Velde.
- d. Reidar, f. 19/8 1941, g. 1968 m. Ingrid Sofie Hilmarsdr. Hansen.
- e. Ester, f. 30/1 1944, g. 1961 m. Jon O. Obrestad, Nærbø.
- f. Lars, f. 5/5 1945, g. 1970 m. Oddny Johanne Johansdr. Matningsdal.
- g. Eilert, f. 18/10 1947.
- h. Tordis, f. 29/12 1950.
- i. Tor, f. 18/1 1952.
- j. Else Ranveig, f. 8/10 1956.

52. Per Toralv Eilefson (47 e.) fødd 16/3 1922, død 22/4 1959. Han tok over bnr. 2, Slåtten nedre, etter faren i 1946.

53. Jonas Jonasson Håland (43 d.) fødd 10/8 1900, død 15/3 1955 i Amerika. Han tok over bnr. 4 etter faren, som han pakta bort til fleire: Peder Gunnarson Ødegård, Elling Ellingson Haarr, Mikal og Ole Olson Håland og Børge Bernerson Håland.

54. Peder Stokkeland, son til Edvard Johan Stokkeland i Oгна og kona Elen Jørgine Johannesdr., f. Sandve. Han var fødd i Oгна 4/3 1905, død 10/2 1969. Gift 1929 med Bertine Jonasdatter, fødd i Oгна 29/10 1904, dotter til Jonas Enokson Fuglestad og Karen Berntsdr., f. Gjermestad. Han kjøpte bnr. 4 etter Jonas Håland i 1950. Barn:

- a. Johan, f. 7/9 1930, g. 1955 m. Gudrun Joa.
- b. John Kjell, f. 13/3 1935 (57).
- c. Else Jorun, f. 3/7 1949, g. 1967 m. Inge Peder Solberg, Sokndal.

55. Per Lauritsson Håland (Rimestad, Nærbø 73 a.) fødd 1/12 1911, gift med Berta Eilefsdotter (47 a.) fødd 15/11 1911. Dei tok over bnr. 2 etter nr. 52 i 1960.

56. Lars Toralfson (Vigrestad 110 b.) fødd 18/6 1923, gift 1948 med Elisebeth Olsdotter Siqveland (Vigrestad 68 c.) fødd 9/10 1923. Han kjøpte bnr. 9 av Karl Jonasson si dødsbu i 1964. Barn:

- a. Toralf, f. 9/4 1949.
- b. Anna, f. 8/3 1956.
- c. Elisa, f. 13/10 1962.

57. John Kjell Pederson Stokkeland (54 b.) fødd 13/3 1935, gift 1955 med Randi Tønnesdotter Våland, fødd 12/5 1934. Han tok over bnr. 4 etter faren i 1968. Barn:

- a. Berit Pauline, f. 6/7 1957.
- b. Tor Reidar, f. 23/7 1958.
- c. Jon Reinert, f. 10/7 1959.
- d. Arvid, f. 15/10 1960.
- e. Marianne, f. 12/1 1964.
- f. Per Ove, f. 19/9 1966.

58. Thor Johanson (50 b.) fødd 11/10 1925, gift 1957 med Kjellaug Undheim, fødd 8/2 1938. Tok over etter faren i 1957. Barn:

- a. Ingunn, f. 11/11 1959.
- b. Solveig Irene, f. 24/7 1961.
- c. Johan, f. 7/8 1963.
- d. Kari Margrethe, f. 5/11 1967.

59. Jonas Abrahamson (48 a.) fødd 13/5 1919, gift 1953 med Målfrid Eriksdotter Skretting (Skretting 136 a.) fødd 7/6 1926. Jonas tok over bnr. 1 i 1954.

G.nr. 82. Herigstad

Utt. Herikst. Gamal skuld var 2 pund korn landskuld. Namnet kjem mest truleg av eit mannsnamn, t. d. Herleik, Herjulf. Stavemåten har vore: Heregstad, Herigsstad, 1563 Herestaa, 1567 Herriigsteid, 1606 Herigst, 1610 Hericksta, 1668/1723 Herrigstad med pl. Heyen. I 1617 åtte Lasse Hegelstad og Rasmus Birkedal 1 pund kvar i Herrigstadt. I 1723 åtte Hr. Ludvig Schultz 1 pund, Johannes Kverme 12 spand og 12 spand var krongods. I 1778/89 åtte fru Valentinsen, Ludvig Schultz sitt pund, og Lars Gunnarson Hårr 12 spand. Frå 1800 er alle brukarane sjølveigarar. Herigstad skifter mot vest med Haugstad, mot nord med Rugland og Håland og mot aust og sør med Aniksdal og Hadland i Oгна. Jorda er for det meste steinfull fastmark.

NAMNEREGISTER

1. Tollak
2. Gunnar
3. Laurits
4. Knut
5. Orm
6. Erik
7. Gamle Rasmus
8. Unge Rasmus
9. Einar
10. Olluff
11. Olluff II
12. Asbjørn Gunnarson
13. Ola Olson
14. Tjerand Olson
- 14B. Jakob Torgierson
15. Asbjørn Knutson
16. Øystein Aslakson
17. Aslak Pederson
18. Tollak Asbjørnson
19. Elias Asbjørnson
- 19B. Jakob Hermanson
20. Lars Taraldson
21. Ola Olson
- 21B. Jakob Olson
22. Tønnes Mikkelseh
23. Stig Guttormson
24. Størkard Gunnarson
25. Peder Pederson
26. Ola Johannesson
27. Johannes Johannesson
28. Hans Ellingson
29. Sven Simonson
30. Peder Pederson
- 30B. Hans Erikson
31. Ola Olson
32. Ola Johannesson
33. Ivar Larsson
34. Ola Omundson
35. Omund Omundson
36. Erik Erikson
37. Simon Svenson
38. Johannes Olson
39. Elling Larsson Ueland
40. Ola Olson
41. Nils Olson
42. Omund Pederson
43. Sven Svenson
44. Morten Velleseon Espeland
45. Eilev Eilevson (Ellingson?)
46. Ivar Ellingson
47. Tønnes Larsson
48. Hans Larsson
49. Kittel Kittelson Ege
50. Elling Ellingson Tjåland
51. Lars Ellingson
52. Nils Mortenson Fuglestad
53. Peder Larsson
54. Abraham Pederson
55. Peder Kittelson
56. Elling Danielson
57. Andreas Adamson
58. Gabriel Larsson Hadland
59. Gabriel Larsson Ueland
60. Elling Ivarson
61. Elling Tønnesson

62. Torger Larsson
63. Lars Gabrielson
64. Lars Pederson
65. Ola Pederson
66. Simon Pederson
67. Elling Larsson
68. Lars Torgerson
69. Torger Hansson
70. Peder Abrahamson
71. Sven Bertelson
72. Peder Larsson d. y.
73. Peder Larsson d. e.
74. Eilev Larsson
75. Peder Gunerius Olson
76. Kåre Herikstad
77. Odd Ege
78. Torvald Johannesson Haugland
79. Teodor Grøsfjell
80. Trond Grøsfjell
81. Sem Haugstad
82. Leif Pederson Herikstad
83. Andreas E. Sør-Reime
84. Kristian Ellingson Herikstad
85. Martin Torgerson Bø
86. Magne Semson Haugstad
87. Einar Kristianson
88. Ole Ommundsen Ege

1. Tollak er nemnd på Herikstad i 1521.

2. Gunnar nemnd i 1521.

3. Laurits nemnd i 1521.

4. Knut nemnd i 1563, skatta 1 dalar og 1 ort.

5. Orm nemnd 1563, skatta 1 dalar.

6. Erik nemnd 1602/23.

7. Gamle Rasmus er ikkje nemnd, men der er nemnd ein unge Rasmus, så det er rimeleg at der har vore ein gamle og.

8. Unge Rasmus er nemnd i 1602.

9. Einar er nemnd i 1802/13.

10. Olluff gav 4 1/2 spand leidang i 1624.

11. Olluff II gav 4 1/2 spand i 1624.

12 Asbjørn Gunnarson var son til Gunnar Asbjørnson Hetland i Bjerkreim og kona Valborg Toresdtr., frå Berge i Forsand. I manntallet for 1665 heiter han Asbjørn Knutsson, som då må ha vore ein annan, eller feil skreve. Han var 80 år i 1665, og der var skifte etter han 11/1 1675. I 1645

er han førd som brukar på Herikstad og skatta 1 ort. Han var gift med Ingeborg Tollaksdotter, dotter til Tollak Larsson Tengesdal og kona Guri Hoskuldstr., som der var skifte etter på Kvalbein 28/11 1668. Ho hadde då vore gift 2) med Gunnar Pederson Kvalbein. Asbjørn Gunnarson og Ingeborg sine barn:

- a. Tollak Herikstad, f. 1625 (18).
- b. Elias Herikstad, f. 1635 (19).
- c. Inger, heitte Inger på Heien i 1675.
- d. Tora, g. m. Gunnar Kristofferson Haver i Oгна.
- e. Valborg.
- f. Berit.
- g. Guri.
- h. Torborg.

13. Ola Olson er nemnd i 1645, då han skatta 8 skilling. Kona er ukjend, men truleg var desse hans barn:

- a. Ola Olson Herigstad, f. 1645 (21).
- b. Anna, g. 1) m. Ola Olson (Håland?), g. 2) m. Ola Rasmusson Håland i Klepp, husmann. Skifte etter Anna 8/6 1712.
- c. Torborg, g. m. Peder Reiarson (Håland 13).

14. Tjerand Olson er nemnd med kona i 1645, skatta 16 skill. Me veit ikkje meir om han.

14B. Jakob Torgierson (Bratland 3) var kalla Jakob Herikstad i 1658.

15. Asbjørn Knutson er førd på Herikstad i 1665. Skal truleg vera Asbjørn Gunnarson (12?). Asbjørn Herikstad var lagrettsmann i 1654, var truleg den same.

16. Øystein Aslakson (Skretting 12) brukte 13 spand på Herikstad i 1665. Fødd kring 1610, gift med Siri Rasmusdotter, som der var skifte etter 1/3 1675. Dei hadde 3 barn:

- a. Berit.
- b. Guri, g. m. Elias Asbjørnson (19).
- c. Laurits, f. 1650 (Lars), g. m. Marit Torstensdtr. (sjå Stavnheim 14).

17. Aslak Pederson (Ueland 5 b.) fødd kring 1615, gift med Karen Olsdotter, som der var skifte etter 21/10 1682. Ho hadde nok først vore gift med Tjerand (14?), og var truleg andre kona hans Aslak, og det kan sjå ut som dei hadde 2 barn kvar, men ikkje noke sams. Då skifte var halde etter Karen låg Aslak sjuk hjå Ivar Sande i Oгна, og han døde truleg ikkje lenge etter. Men der er ikkje funne noke skifte etter han. Karen sine barn var:

- a. Barbro Hetland.
- b. Ågott Taraldsdr. (Tjerandsdr.?).
Aslak sine barn:
- c. Laurits Herikstad, skulle ha garden, men er ikkje nemnd som brukar seinare, derimot er nemnd ei dotter:
- d. (Ågot?) Aslaksdotter, med hennes tilkommende mann (20).

18. Tollak Asbjørnson (12 a.) fødd kring 1625, brukte 8 spand i 1665. Kona er ikkje nemnd. I 1672 var Tollak og Øystein Herikstad stemnde for retten på Husveg, klaga for slagsmål. Dei måtte bøta 3 dalar kvar. Ein son er nemnd:

- a. Gunnar Tollakson, f. kring 1661.

19. Elias Asbjørnson (12 b.) bror til Tollak, var fødd kring 1635, skifte etter han 24/5 1693. Gift 1) med Guri Øysteinsdotter (16 b.) død før 1673, gift 2) med Barbro Gunnarsdotter. Elias brukte 8 spand i 1665. Han hadde 1 barn i første gifte og 6 i andre:

- a. Tarald.
- b. Asbjørn.
- c. Ola.
- d. Gunnar.
- e. Anna.
- f. Berit.
- g. Ingeborg.

Ingen av dei er nemnde seinare.

1 1675 åtte desse gods i Herikstad:

Sven Birkedalen 1/2 pund = 12 spand. Gunnar Birkedalen 1/2 pund. Maurits Espeland 15 spand. Morten Steinsland 9 spand, alle i Bjerkreim. Ei Malena Mikkelsdr. Kvasheim var gift på Herikstad og nemnd i 1670.

19B. Jakob Hermanson Herikstad er nemnd i 1684, då han med fleire var stemnde for resterende laugmandtz thold. Han er ikkje nemnd andre stader.

20. Lars Taraldson budde truleg på Herikstad på parten etter Aslak Pederson (17). Han var fødd kring 1645 og gift med Ågott Aslaksdotter (17 b.). Truleg ho som er nemnd ved skifte etter Karen Olsdr. "med hendes tilkommende mand". Det er uvisst kor lenge dei budde på Herikstad, men i 1701 finn me Lars Taraldson som husmann på Sælandsbakken, og i 1706 er enkja på Nord-Varhaug. Det er muleg at Lars Taraldson var Karen Olsdr. sin stykson med den første mannen? Der er nemnde 2 barn:

- a. Nils, f. på Herikstad 1685, tente på Nord-Varhaug i 1701.
- b. Tarald, f. 1687 (sjå Sæland 4).

21. Ola Olson (13 a.?) fødd kring 1645, gift med Anna Rasmusdotter, som der var skifte etter 28/12 1721. Den 24/11 1701 er tinglyst kjøpebrev frå Iffuer Rasmusson (Hogualstae?) stor Aanen (Anders?) Suendsen Berchedal och Thorsten Thorbiørnsen Gillie, deres kjøpebrev til Olle Ollesøn Herigstad paa et halff pund korn udj bemelte Herigstad, deraff Iffuer Rasmusen er ejendes 5 1/2 spand korn, Aanen Suendsen och Thorsten Thorbiørnsøn 6 1/2 spand korn, och derfor dennem erlagt och betalt saasom dj med huerandre vare omforenede, och samme jordepart med bøxsell och herlighed at niude til odel och ejendomb, date-ret Staffuanger d: 19 8br: 1701". Dei hadde 8 barn:

- a. Klaus, f. 1694, g. m. enkja Inger Henriksdr. Bø i Ogna.
- b. Ola Friestad, f. 1697, g. m. Malena Johannesdr. Friestad i Ogna.
- c. Elias (Håland 17), f. 1699.
- d. Ola Herikstad, f. 1703 (31).
- e. Rasmus (Kydland 18), f. 1705.
- f. Anna, var eldst, f. 1690, g. m. Sven Simonson (29).
- g. Kari, død før 1761, ugift.
- h. Inger, g. m. Gitle Johannesson Fuglestad i Ogna.

21B. Jakob Olson Herikstad selde 1/2 pund i Herikstad til Stig Guttormson i 1702. Kjøpebrev tinglyst Hårr 15/11 1702.

22. Tørres Mikkelson (Haugland 3 b.) fødd kring 1645, gift 1) med enkja etter Torkel Olson Kverme i Ogna, Lusia Torkelsdotter, som der var skifte etter 7/6 1695. Gift 2) med ukjend. Tørres budde først ei tid på Kverme. Men då Lusia var død kom han til Herikstad. Han hadde 9 barn i første gifte, f. på Kverme, 4 av dei døde før mora. I andre gifte hadde han ein son:

- a. Torkel, f. 1670, var i Holland i 1695.
- b. Malena, f. 1672.
- c. Ola, f. 1677.
- d. Elling, f. 1681, g. i Stavanger 1707 m. Anna Ivarsdr.
- e. Torborg, f. 1688. I andre gifte:
- f. Gunnar, f. på Herikstad 1697, g. i Ogna 1729 m. Åsa Einarsdr. Lintjörn. Han budde på Lintjörn.

23. Stig Guttormson var på Herikstad i 1701. Det er uvisst kvar han var frå. Han var fødd kring 1655, skifte 23/4 1709. Gift med Todni Torkelsdotter som gifta seg att i 1710 med Henrik Nilsson Herredsvela i Ogna. 4 barn:

- a. Guri, f. 1684, g. m. Hans Ellingson (28).
- b. Mari, f. 1692.
- c. Guttorm, f. 1694.
- d. Torkel, f. 1699.

24. Størkard Gunnarson (Aniksdal 20 a.) fødd kring 1663, død 1735, skifte 4/5 det året. Gift 1) med Joron Rasmusdtr. (Aniksdal 17 e.) skifte 7/6 1695, gift 2) med Berit Knutsdotter. Størkard var komen til Herikstad før 1695, men han døde på Lyseheia i Oгна, der Berit Knutsdtr. og døde i 1741, 68 år gml. Det er uvisst kvar ho var frå. Han hadde 2 barn i første gifte og 4 i andre:

- a. Tore, f. 1691, levde i 1733.
- b. Gunnar, f. 1693, død før 1733.
- c. Berit, død før 1733, hadde vore g. m. Peder Larsson, og let etter seg 2 barn: Govert og Gunhild.
- d. Sven, f. 1703, var gift og budde på Lyseheia under Kvasheim, død i 1741.
- e. Gunnar, f. 1705.
- f. Magnhild.

25. Peder Pederson, var son til Peder Knutson Kvåle i Helleland, fødd kring 1665, skifte 9/7 1722. Gift 1) med Anbjørg Askildsdotter Hæstad, død 1697. Ho døde på Bjerkreim, så Peder budde nok der då. Gift 2) 1702 med Ingeborg Gunnarsdotter (Aniksdal 20 c.). Som enkjemann i 1701 tente Peder hjå Ola Rasmusson Aniksdal, og har truleg kome til Herikstad etter verbroren Størkard Gunnarson. Presten Ludvig Schultz på Haa åtte denne parten som var på 12 spand, og som han pantsette til tolder i Stavanger Augustinius Ebbel i 1724. Peder Pederson let etter seg 4 barn av første gifte og 7 av andre:

- a. Elen, f. 1690, var ugift i 1751.
- b. Askild.
- c. Gjermund, f. 1692 (Ånestad 33).
- d. Malena, f. 1694, ugift i 1751.
- e. Peder Herikstad, f. 1704 (30).
- f. Reiar, f. 1708, død før 1758 og let etter seg ein son: Jørgen eller Søren.
- g. Malena, f. 1708, Reidar sin tvilling. Ho var gift, men det er ikkje sagt kven det var med.
- h. Gunnar, f. 1710, død før 1751, ugift.
- i. Knut, f. 1713, død før 1751, ugift.
- j. Peder.
- k. Gitlaug.

26. Ola Johannesson, son til Johannes Olsson Kverme i Oгна og Ranveig Olsdtr., frå Bø i Nærbø. Han var fødd i 1684, gift 1) 1707 med Johanna Ellingsdotter, fødd i Oгна 1680, død 1740, dotter til Elling

Johannesson Fuglestad og kona Karen. Gift 2) 1742 med enkja etter Klaus Olson (21 a.), Inger Henriksdotter. Ola budde på Kverme til kring 1713, og sidan på Herikstad. Han hadde 11 barn i første gifte, men dei 5 døde som små:

- a. Ranveig, f. 1710, g. 1734 m. Elling Olson Sandve, Oгна.
- b. Johannes, f. 1714.
- c. Malena, f. 1715, g. m. Lars Olson Bø, Oгна.
- d. Sven, f. 1718, g. 1754 m. Maren Olsdtr. Budde på Ægren.
- e. Jon, f. 1719, g. 1) m. Ingeborg Rasmusdtr. Tengesdal, g. 2) m. enkja etter Knut Nilsson Lintjörn, Elen Jonsdtr., f. Kvasheim, budde først på Oгна, sidan på Lintjörn.
- f. Johannes Kvasheim, f. 1722, g. m. Karen Torkelsdtr. Kvasheim.

27. Johannes Johannesson Kverme, bror til 26, var fødd i 1690, skifte 24/5 1757. Gift 12/3 1713 med Astrid Eriksdotter, fødd i Oгна 1685, død 1764, dotter til Erik Andersson Hadland i Oгна. Johannes kom til Herikstad i 1713 og han brukte 12 spand, av det åtte kongen 10 2/5 spand og han sjølv 1 3/5 spand. Dei hadde 6 barn:

- a. Torborg, g. m. Tollak Larsson i Egersund.
- b. Malena, f. 1721, tente på Husveg i 1758, død 1763, ugift.
- c. Astrid, f. 1725, død 1788, ugift.
- d. Malena, f. 1728, tente hjå Peder Husveg i 1758.
- e. Ola Johannesson Herikstad, f. 1730 (32).
- f. Johanna, f. 1734.

28. Hans Ellingson, son til Elling Mikkelson Friestad i Oгна og Ranveig Tormodsdr. Han var fødd i 1680, død før 1758. Gift med Guri Stigsdotter Herikstad (23 a.). Han tok over 12 spand etter verfare i 1726, før den tid hadde han butt på Hadland i Oгна. Når eg seier at han tok over etter verfare, så er ikkje det heilt visst. Det kan godt vera at det var stykfare til kona, Henrik Nilsson Herredsvela, som då brukte garden. Ludvig Schultz åtte desse 12 spand. Me veit om 6 barn:

- a. Ranveig, f. 1708, g. m. Ola Olson (31).
- b. Stig Halleland, f. 1710 (N-Halleland 11).
- c. Elling (Rugland 13), f. 1712.
- d. Torborg, f. 1713, død før 1722.
- e. Ola, f. 1714.
- f. Torborg, f. 1722, g. m. Sjur Mikkelson Sirevåg.

29. Sven Simonson (Bø, Nærbø 36 c.) fødd 1694. Gift 1) med Anna Olsdotter (21 f.) fødd kring 1690, død 1761. Gift 2) med Maren Olsdotter (Motland 13 a.) fødd kring 1735, død 19/7 1824. Sven Simonson tok over 12 spand etter verfare og budde der framleis i 1761. Ved skifte etter Anna Olsdottr. i 1761 vart 10 spand i Herikstad utlagt til Tarald Torland for gjeld, og 2 spand til enkemannen. I 1778 selde Sven 12 spand til Lars Gunnarson Hårr. Me veit om 3 barn i andre gifte:

- a. Simon Herikstad, f. 1763 (37).
- b. Ola Svenson (Rugland 21), f. 1766.
- c. Sven Herikstad, f. 1772 (42).

30. Peder Pederson (25 e.) fødd kring 1704. Gift med Berit Olsdotter. Ola Svenson Auestad var verge for barna. Fru Valentinsen åtte godset, 12 spand. Dei hadde 3 barn:

- a. Peder, f. 1724.
- b. Ola Haugsengen, f. 1732, g. 1) m. Siri Torkelsdottr. Haugseng, g. 2) m. Guri Larsdottr. Oгна.
- c. Ranveig, g. m. Ivar Larsson (33).

30B. Hans Erikson var husmann på Herikstad i 1734, då han var vitne i ei sak for Ola Pederson Ødemotland, som på grunn av sjukdom bad seg friteken for militærutskrivning. Hans Erikson vitna, at for 10 år sidan var han på Håland, der Ola Ødemotland var frå, og då låg Ola sjuk av brokk og hadde det mykje vondt. Meir veit me ikkje om Hans Erikson.

31. Ola Olson (21 d.) fødd kring 1703. Gift 1) 1723 med Inger Olsdotter, fødd i Oгна 1687, skifte 21/9 1751, dotter til Ola Pederson Vetteland og Torgjerd Gjermundsdtr. Gift 2) med Ranveig Hansdotter Herikstad (28 a.) fødd kring 1708. Ola Olson hadde butt mange år på Vetteland i Oгна, og i 1750 var han på Hadland i Oгна. Til Herikstad kom han vel kring 1753 og tok over dei 12 spand etter Hans Ellingson. Han hadde mange barn i første gifte, som alle døde som små eller ugifte. I andre gifte hadde han ei dotter:

- a. Inger, f. 1752, g. m. Ola Omundson (34).

32. Ola Johannesson (27 e.) fødd kring 1730, død på Ødemotland 26/11 1821. Gift med Anna Olsdotter, fødd kring 1730, død på Ødemotland 16/12 1809. Det er uvisst kvar ho var frå. Ola Johannesson kjøpte dei 12 spand av Torkel Johannesson Oгна og Johannes Olson Kvasheim i 1757.

Truleg var Anna Olsdottr. dotter til Ola Hanson (N-Varhaug 18 h.). 4 barn:

- a. Elisabet, f. 1760, g. m. Peder Olson (Ødemotland 10).
- b. Johannes Herikstad, f. 1761 (38).
- e. Ester Malena, f. 1764, g. m. Elling Jonson (Rugland 18).
- d. Ola, f. 1763, død 1798, ugift.

I 1768 kjøpte Omund Hansson (Herredsvela?) 6 spand i Herikstad av Henrik Mathiasson (Voll 46) for 14 dalar. Eg har ikkje funne at noken av dei budde på Herikstad.

33. Ivar Larsson, son til Lars Ivarson Ueland i Oгна og kona Torgjerd Torstensdottr. Han var fødd i 1742, død 10/10 1804, gift med Ranveig Pedersdotter (30 c.) fødd kring 1732, død 1796. Han byksla verfare sine 12 spand av fru Valentinsen i 1767. Dei hadde ikkje barn.

34. Ola Omundson (sjå Haugstad 25 e.) fødd kring 1740, gift med Inger Olsdotter (31 a.) fødd 1752, død 18/8 1828. Han byksla 12 spand etter verfare av fru Valentinsen i 1769, og i 1798 fekk han skjøte på det same. Me veit om 8 barn:

- a. Omund, f. 1770, g. i Stavanger 2/4 1805 m. Berta Olina Pedersdottr. Hauland. Budde på Hindal.
- b. Ola Olson Herikstad, f. 1775 (40).
- c. Ranveig, T. 1776, g. m. Jens Pederson (Ueland 29 e.).
- d. Joron, f. 1778, g. m. Reiar Larsson (Sæland 15).
- e. Nils Olson Herikstad, f. 1779 (41).
- f. Elias, f. 1786, g. m. Karen Pedersdottr. (S-Varhaug 56 f.).
- g. Guri, f. 1789.
- h. Sara, f. 1794.

35. Omund Omundson er oppført med 12 spand i 1772. Dette må ha vore Sven Simonson sin part, og det er truleg at han har vore gift med enkja etter Sven Simonson, Maren Olsdottr. Det er uvisst kvar Omund var frå, og barn er ikkje nemnde.

36. Erik Erikson (Djøseland 14 d.) fødd 1742, byksla 12 spand i Herikstad av Lars Gunnarson Hårr i 1782 etter Omund Omundson. I 1787 byksla han ein part på (Valdeland 3).

37. Simon Svenson (29 a.) fødd 1763, død 25/3 1839, gift 1) 1786 med Elen Olsdotter, som var meir enn 20 år eldre enn han og døde 13/12 1815, 86 år gml. Gift 2)

19/5 1816 med Johanna Gjermundsdotter (Voll 55 a.) fødd 1779, død 1/3 1817, gift 3) 29/6 1817 med Anna Karlsdotter (Haugland 19 d.) fødd 1780. Då Simon var død vart ho gift med enk. Jon Rasmusson (Opstad 52). Simon Svenson kjøpte att dei 12 spand av Lars Gunnarson Hårr i 1783 for 49 dalar, som far hans hadde selt i 1778, og i 1787 selde han det same til Rasmus Klausson Stavnheim for 68 dalar, og byksla det att av han. I 1823 kjøpte han att 6 spand av Berta Rasmusdr. Stavnheim på auksjon for 100 dalar, og i 1835 kjøpte han dei andre 6 spand av Berta Stavnheim si dødsbu for 169 dalar. Simon Svenson hadde 2 barn i tredje gifte:

- a. Sven, f. 31/7 1819, død 12/8 s. å.
- b. Elen, f. 25/2 1821, g. m. Peder Larsson (53).

Tollak Omundson Herredsvela åtte 6 spand i Herikstad, som han selde til broren Hans i 1784 for 60 dalar (sjå merknad under 32).

38. Johannes Olson (32 b.) fødd kring 1761, død 19/3 1837, gift 1/3 1793 med Agnette Hansdotter (Ueland 26 d.) fødd 1766. Johannes hadde teke over dei 12 spand etter faren før 1801, som då var sjølveigar bruk. Seinare må Johannes ha selt, og i 1809 er Omund Pederson oppført som brukar. Den 28/10 1829 selde Aslak Pederson Herikstad desse 12 spand til Ola Olson Bjørnemo (Heskestad) for 200 dalar + følge til Johannes Olson og Agnette Hansdr. Men millom den førnemnde Omund Pederson og Aslak Pederson er nemnde på denne parten Eilev Ellingson i 1823 og Jon Pederson i 1825. I 1833 står Ola Olson som brukar her. Johannes og Agnette hadde 8 barn:

- a. Malena, f. på Grude i Klepp 7/7 1793, død på Anda 1799.
- b. Anna, f. på Anda 1/3 1795, død 1797.
- c. Hans, f. på Anda 23/2 1798. Han kjøpte 12 spand på Herikstad av faren i 1816 for 800 dalar, som leilending Omund Pederson brukte (sjå Vigrestad 35).
- d. Anna Malena, f. på Herikstad 14/9 1800, død 1804.
- e. Anna Olina, f. 10/5 1803, død 1805.
- f. Agnette, f. 20/11 1805, død 30/1 1806.
- g. Ola, f. 15/12 1807, død 22/2 1808.
- h. Anna Malena, f. 15/12 1807, g. 8/11 1836 m. Gunnar Olson (Rugland 27).

39. Elling Larsson Ueland, brorson til Ivar Larsson (33), og son til Lars Larsson Ue-

land i Ognå og kona Karen Ellingsdr., f. Matningsdal. Han var fødd i 1777, død 19/7 1823, gift 1) 15/10 1797 med Rakel Olsdotter (Auestad 22 c.) fødd 1773, død 6/12 1814. Samstundes med henne døde 3 av barna, alle av sterk magesjuke, truleg matforgiftning. Gift 2) 16/6 1816 med Malena Larsdotter (Refsland 7 b.) fødd 1776. Elling kjøpte dei 12 spand som Ivar Larsson hadde brukt av Hans Berntsen Formann i Bergen i 1796 for 120 dalar. 8 barn i første gifte og 2 i andre:

- a. Ivar Herikstad, f. 1798 (46).
- b. Karen, f. 1799, g. m. Tønnes Larsson (47).
- c. Rakel, f. 1802, død 29/7 1858, ugift. Ho hadde 2 barn ue.: 1. Asselina Abrahamsdr., f. 30/9 1829. 2. Elling Ellingson, f. 17/12 1840 (sjå Kvia 44).
- d. Ola, f. 1804, død 6/11 1814.
- e. Lars Herikstad, f. 1805 (51).
- f. Elling, f. 28/8 1811. Han hadde ein son ue.: Elling, f. 8/10 1836.
- g. Anne Berte, f. 1808, død 19/12 1814.
- h. Rasmus, f. 25/9 1814, død 4/12 1814.
- i. Lars, f. 13/3 1819, g. 1) 19/10 1843 m. enkja Olina Rasmusdr. Tjensvoll, f. i Håland, g. 2) m. Karen Pedersdr. (Opstad 60 b.). Budde på Tjensvoll i Frue.
- j. Rakel, f. 24/12 1820, reist til Ognå i 1863.

40. Ola Olson (34 b.) fødd 1775. Han byksla dei 12 spand av skulen i Bergen i 1801. I 1805 sa han opp bykselen for skuld sjukdom, og dei andre 3 brukarane, Simon Svenson, Johannes Olson og Elling Larsson tok over 4 spand kvar av parten hans. Han flutte til Gullhaug (S-Tjemmland 29).

41. Nils Olson (34 e.) bror til Ola, er nemnd som brukar eller buande på Herikstad frå han var gift i 1806 til 1814, og 3 av barna var fødde der. I 1814 var han komen til Gjertholen (Voll 65) og budde der sidan.

42. Omund Pederson, son til Peder Omundson Bryne frå Jutland i Høyland og kona Karen Olsdr. Bryne. Han var fødd på Bryne i 1780, gift 1/12 1800 med Sofia Olsdotter Taksdal, fødd i Time 1784. Omund byksla parten hans Johannes Olson frå kring 1812 og var der til kring 1818. Sidan veit eg ikkje om dei. 4 barn f. på Herigstad, dei 2 døde, dei andre 2 var:

- a. Abraham, f. 23/8 1812, g. i Stavanger 1835 m. Maria Kittelsdr. Lastrup.
- b. Kristian, f. 13/2 1818.

43. Sven Svenson (29 c.) fødd kring 1772, gift 13/10 1816 med Berta Svendsdotter (Vigre, Nærbø 33 a.) fødd 1785, død på Stølane 11/9 1837. Sven er nemnd på Herigstad frå 1813 til 1831, men finst ikkje i futerekneskapen, så han har vel vore husmann. Seinare budde dei visst på S-Tjemsland og kanskje på Stølane, der kona døde. Sven finst ikkje gravlagd i Varhaug. 6 barn fødte på Herikstad:

- a. Serina, f. 5/12 1813.
- b. Gjertrud Maria, f. 13/10 1817, g. i Stavanger 10/4 1856 m. Endre Jonasson Sviland.
- c. Sven, f. 9/8 1820, g. 12/5 1864 m. Jorina Johannesdtr. Sirevåg (sjå Reime, Nærbø 49).
- d. Sven d. y., f. 24/4 1823, g. 31/3 1851 m. Malena Omundsdtr. (Lerbrek 29).
- e. Bendiks, f. 10/1 1826.
- f. Hans, f. 15/9 1831, reist til Stavanger i 1852.

44. **Morten Velleson Espeland**, son til Velle Tolleivson Espeland i Bjerkreim og Turid Tolleivsdtr., f. Hetland. Han var fødd i Bjerkreim i 1776, død på Topdal i Ognå 1839. Gift i Bjerkreim 1/11 1811 med Sara Mikkelsdotter Topdal, fødd 1789, dotter til Mikkell Pederson Topdal frå Røysland i Bjerkreim og Helga Jakobsdtr. Morten er nemnd på Herikstad i 1818. Truleg har han ikkje butt der lenge, og vore husmann. 2 barn er nemnde:

- a. Helena, f. på Topdal 1/5 1814.
- b. Villas, f. på Herikstad 8/7 1818.

45. **Eilev Eilevson (Ellingson)** er nemnd i 1821/23, då han brukte parten hans Johannes Olson. Eg veit ikkje kvar han var frå. Kona heitte Tyri Toresdtr. Ei dotter fødd på Herikstad:

- a. Serina, f. 4/10 1821.

46. **Ivar Ellingson** (39 a.) fødd 2/9 1798, død på Røysland 25/10 1886, gift 1825 med Berta Olsdotter (Aniksdal 45 b.) fødd 9/11 1800, død 8/4 1844. Ivar fekk 4 spand etter far sin i 1824 for 80 dalar. I 1825 kjøpte han 6 1/2 spand av faren for 52 dalar, og i 1844 fekk han 1 1/2 spand i morsarv. Dei hadde 6 barn:

- a. Rakel Serina, f. 18/7 1826, g. 7/11 1853 m. Omund Tollakson (Ueland 67).
- b. Berta Malena, f. 25/12 1827, død 8/11 1835.
- c. Anne Berte, f. 28/8 1830, g. 13/4 1858 m. Sivert Sivertson Kartevoll (S-Tjemsland 48).

- d. Elling Ivarson Herikstad, f. 1832 (60).
- e. Berta Malena, f. 24/5 1836, g. 5/11 1857 m. Jonas Ellingson Bø (Bjørheim 25).
- f. Ola, f. 21/2 1840, g. 13/3 1877 m. Elen Olina Nilsdtr. (Valdeland 10 d.). Budde ei tid på Røysland av Voll, der ei dotter var fødd. Ellers veit eg ikkje om han: 1. Ingeborg Berte, f. 21/6 1879. (Sjå under Voll 156.)

47. **Tønnes Larsson** (Refsland 7 e.) fødd 8/5 1791, død 26/10 1869, gift 1825 med Karen Ellingsdotter (39 b.) fødd 10/11 1799, død 13/1 1888. Tønnes kjøpte dei 4 spand av verfare i 1825 for 8 dalar. Desse 4 spand hadde vore Ola Olson (40) sin part. Tønnes fekk dessutan 4 spand av verbroren, Ivar Ellingson sin part, slik at dei hadde 8 spand kvar. Dei hadde 4 barn:

- a. Rakel Elisabet, f. 10/12 1826, g. m. Lars Svenson Heien (Voll 97).
- b. Lars, f. 1/9 1829, død 17/12 s. å.
- c. Elling Tønnesson Herikstad, f. 27/5 1832 (61).
- d. Berta Karina, f. 1/12 1835, g. m. Salve Salvesson Skorane. Budde på Stokkeland i Ognå.

48. **Hans Larsson** (N-Halleland 20 a.) fødd 9/4 1798, død 23/7 1854, gift 19/5 1822 med Helga Svendsdotter (Auestad 27 b.) fødd 1794, død 13/7 1856. I 1856, same året som ho døde, fekk enkja kongeskjøte på 8 spand for 400 dalar. Dette var nok resten av Ola Olson sitt bruk, 12 spand, som var benefisert skulen i Bergen. Dei hadde 5 barn:

- a. Sven, f. på Lobek 24/7 1822.
- b. Rakel, f. på Lobek 17/2 1824, g. m. Mikkell Gunnarson (Skretting 103).
- c. Berte, f. 24/6 1828, g. m. Gabriel Larsson (58).
- d. Elisabet, f. 12/1 1832, g. i Klepp 18/10 1860 m. Kristoffer Tollakson Rosland.
- e. Olina, f. 18/4 1836, død på Rugland 30/5 1888, ugift.

49. **Kittel Kittelson**, son til Kittel Olson Netland i Bjerkreim og kona Ingeborg Torgersdtr., f. Ognedal. Han var fødd på Netland i 1765, død 26/1 1842, gift 1) med Anna Mortensdotter Odland i Bjerkreim, gift 2) 14/6 1820 med Guri Pedersdotter, fødd 1796, død på Herikstad 18/3 1873, dotter til Peder Pederson Gravdal i Bjerkreim og Malena Omundsdtr., f. Ognedal. Kittel budde først på Litle Ege i Eigersund. Til Herikstad kom han i 1830 som hus-

mann på plassen Krånå. Første gifte var barnlaust, men i andre hadde han 7 barn:

- a. Kittel, f. på Ege 1822, død 11/1 1882.
- b. Anna, f. 9/8 1826, g. m. Abraham Pederson (54).
- c. Malena, f. 1830, g. m. Josef Hansson (Primstad 15). Malena si dotter ue.: Grete Jonasdr., f. i Ogna 1852, g. m. enk. Salve Abrahamson Rongen (Kvia 40).
- d. Ingeborg, f. på Herikstad 11/11 1831, g. 17/4 1857 m. enk. Hans Ludvig Kristoferson Netland, budde i Høyland.
- e. Guri, f. 23/10 1834, død 9/10 1883, ugift.
- f. Peder Herikstad, f. 1836 (55).
- g. Karen, f. 16/7 1838, død 6/4 1912, ugift. Ho hadde 2 søner ue.: Jonas Ludvigson, f. 20/1 1865 (N-Tjemsland 47) og Karl Ludvigson, f. 17/12 1868.
- h. Inger Kittelsdr., fekk ein son ue.: Karl Johan Pederson, f. 18/6 1877.

50. Elling Ellingson Tjåland, son til Elling Kristofferson Tjåland i Time og kona Siri Olsdr. Han var fødd i 1785, gift 29/9 1811 med Elen Marta Olsdotter (Ueland 35 e.) fødd 1788. Elling er nemnd på Herikstad i 1833, men han hadde butt på Tjåland, der han er nemnd i 1830. Det var truleg han som brukte 4 1/2 spand i 1833/35, som Nils Mortenson brukte seinare. Eit barn f. på Herikstad:

- a. Elen Olina, f. 7/5 1833.
Ei annor dtr., Serina, f. på Tjåland 7/9 1814, var g. 1) m. Halvard Svenson Ognedal i Bjerkreim, g. 2) m. Elling Hansson Ivesdal. I første gifte hadde hq m. a. sonen Ejnevald Halvardson Tunheim, far til klokkar i Varhaug, Halvard Tunheim. I andre gifte hadde ho sonen Hans Ellingson Horpestad, far til Anna, g. m. Sven Omundson Lerbek, og Gurina, g. m. Laurits Ueland, Nærbø.

51. Lars Ellingson (39 e.) fødd 2/12 1805, død 13/3 1894, gift 1/6 1834 med Anne Berte Olsdotter (Aniksdal 45 c.) fødd 18/3 1803, død 8/1 1874. Lars Ellingson kjøpte dei 12 spand av Ola Olson Bjørnemo i 1834 for 220 dalar -f følge til Johannes Olson og Agnette Hansdr. (38). -Han brukte 7 3/4 spand i 1835, dei andre 4 1/4 spand brukte Elling Ellingson (50). Det var det som seinare vart bnr. 9. Dei hadde 4 barn:

- a. Rakel, f. 15/3 1835, død 1/8 1897, ugift.
- b. Berta Malena, f. 17/5 1839, g. m. Sivert Ivarson Vadlastølen (Håland 72).

- c. Jorina, f. 20/1 1843, død 12/3 1892, ugift.
- d. Elling Larsson Herikstad, f. 1846 (67).

52. Nils Mortenson, son til Morten Olson Bjelland i Ogna og Kirsten Nilscr., f. Kvianes. Han var fødd i 1810, død 4/6 1904. Gift 1) i Ogna 12/12 1836 med Elen Jonsdotter Hårr (sjå Hårr 41 c.) fødd 14/6 1810, død 12/12 1866, gift 2) 20/2 1868 med enkja etter Gabriel Larsson Herikstad (58), Berta Hansdotter, død 5/1 1920. Nils Mortenson kjøpte 4 1/2 spand av Ole Mathiasson Botne i 1840 for 150 dalar. Det var den parten som Elling Tjåland hadde brukt, men kva tid og korleis denne Botne hadde fenge det, er ikkje sagt. I 1855 fekk Nils kongeskjøte på 4 spand i Herikstad for 200 dalar, dei 4 spand var tatt av parten hans Tønnes Larsson. Nils sin part hadde bnr. 3 i 1886. Han hadde 4 barn i første gifte og 1 i andre:

- a. Jon, f. 3/9 1837, død 22/10 s. å.
- b. Morten, f. 22/7 1838, død 15/5 1840.
- c. Anna Margreta, f. 21/1 1841, g. m. Peter Pederson (N-Tjemsland 36).
- d. Morten, f. 21/6 1845, død 13/7 1885, ugift.
- e. Elen Kirstine, f. 10/12 1868, g. m. Torger Hansson (69).

53. Peder Larsson (Aniksdal 47 c.) fødd 6/7 1812, død 25/7 1874, gift 1) 7/11 1838 med Elen Simonsdotter (37 b.) fødd 25/2 1825, død 4/8 1840, gift 2) 17/5 1842 med Taletta Olsdotter (Aniksdal 45 h.) fødd 28/5 1815, død 22/8 1902. Peder Larssen kjøpte 12 spand av verfare, Simon Svenson, i 1837 for 100 dalar + følge. Då Elen Simonsdr. døde måtte han løyse ut arvingane med 600 dalar -f følge til Anna Karlsdr. Han hadde 8 barn i andre gifte:

- a. Lars Herikstad, f. 1843 (64).
- b. Ola Herikstad, f. 1843 (65).
- c. Elen, f. 17/7 1845, g. m. Lars Gabrielson (63).
- d. Gjertrud, f. 2/2 1848, død 1930, ugift.
- e. Simon Herikstad, f. 1850 (66).
- f. Peder, f. 12/10 1852, g. 16/5 1888 m. Lena Andreasdr. (Auestad 40 e.). Han var snikker på Sandnes.
- g. Berta Elisabet, f. 5/4 1855, g. m. Rasmus Henrikson (S-Tjemsland 56).
- h. Taletta Maria, f. 10/9 1859, g. i Stavanger 21/4 1886 m. skomakar Sivert Asbjørnson Voll.
- i. Johanna, f. 17/10 1842, mor hennar var gjenta Berta Helena Rasmusdr. (Håland 44 a.). Johanna g. m. Lars Johannesson (Vigrestad 43).

54. Abraham Pederson (sjå Hobberstad 41 og Næsheim 71 e.). Han var fødd 23/10 1820, død 2/9 1893, gift 5/8 1849 med Anna Kittelsdotter (49 b.) fødd i Eigersund 9/8 1826, død 23/11 1893. Abraham løyste inn plassen Krånå av Peder Larsson i 1857 for 100 dalar, bnr. 6. Dei hadde 7 barn, Anna hadde dessutan ein son ue.:

- a. Elling Ellingson, f. 24/10 1845, død 28/9 1875, drepen i eit grustak ved jernbanen, g. 1874 m. Anne Berte Olsdtr. (Madland 27).
- b. Maria Abrahamsdtr., f. 15/8 1849.
- c. Kornelius, f. 28/3 1852.
- d. Morten, f. 15/11 1854 (sjå S-Varhaug 107).
- e. Gabriel, f. 23/1 1858.
- f. Anna Gurina, f. 31/12 1860, g. 25/11 1880 m. Børild Erikson Førnes i Lund, budde i Hillevåg.
- g. Alette, f. 10/12 1864, g. 25/9 1889 m. skomakar Gabriel Pederson Sirevåg (sjå Nærbø stasjon 27).
- h. Peder Herikstad, f. 1867 (70).

55. Peder Kittelson (49 f.) fødd (1836?) i Eigersund, død 23/12 1861, gift 20/4 1855 med Karen Gitlesdotter N-Halleland (sjå Njørheim 97 a.) fødd 10/3 1829, seinare gift med Andreas Adamson (57). Peder Kittelson byksla plassen Smørholen av Peder Larsson i 1861. Dei hadde 3 barn:

- a. Kirstine, f. 7/7 1854, g. m. Ola Olson (S-Varhaug 108).
- b. Grete, f. 31/7 1856.
- c. Inger Serina, f. 26/8 1859.

56. Elling Danielson var husmann på Maurahaia frå 1857 (sjå meir om han på Rugland 28).

57. Andreas Adamson var husmann på Smørholen i 1865 etter Peder Kittelson. (Sjå meir om han på Rugland 36.)

58. Gabriel Larsson, son til Lars Gardson Hadland i Oгна og Maren Rasmusdtr., f. Ånestad. Han var fødd i Oгна 28/12 1818, død 1/6 1866, gift 16/11 1858 med Berta Hansdotter (48 c.) fødd 24/6 1828, seinare gift med Nils Mortenson (52). Gabriel Larsson tok over dei 8 spand, bnr. 8, etter verfare, og etter han brukte Nils Mortenson denne parten til Ola Pederson tok over i 1878. Dei hadde 4 barn:

- a. Maria, f. 9/11 1857, g. m. Ola Pederson (65).
- b. Elen, f. 23/1 1860, g. m. Tolleiv Hytland.

- c. Grete, f. 13/5 1863, g. m. Anders Hetland i Stavanger.
- d. Gabriel, f. 29/5 1866.

59. Gabriel Larsson (Ueland 64) kom til Herigstad i 1858 og budde som husmann på Borjå, der han døde 22/3 1869, og kona Elen Ellingsdtr., f. Bø, døde 14/1 1900 (om barna sjå Ueland 64).

60. Elling Ivarson (46 d.) fødd 26/11 1832, gift 10/4 1862 med Akseliana Pedersdotter (Ånestad 73 b.) fødd 12/6 1840, død 9/6 1873. Han kjøpte 8 spand, bnr. 1 og 2, av faren i 1858 for 300 dalar. I 1887 selde han til Lars Gabrielson. Han budde hjå sonen Palle på Jersheia på Vigrestad i 1900. 18/3 1880 vart han gift 2) med enkja etter Sven Ingebretson (Møland 33), Karen Elisabet Jakobsdtr. (Håland 54 c.). Han hadde 6 barn i første gifte:

- a. Berta, f. 1/7 1862, g. m. los Martin Hansson (S-Reime 37).
- b. Ivar, f. 18/12 1863.
- c. Palle, f. 7/5 1865 (Vigrestad 57).
- d. Elling, f. 6/8 1867, død 15/6 1870.
- e. Edvard, f. 25/9 1868, død 9/11 s. å.
- f. Berta Maria, f. 23/4 1872, ugift og budde hjå broren Palle på Vigrestad.

61. Elling Tønnesson (47 c.) fødd 27/5 1832, død 7/6 1891, gift 3/4 1862 med Elen Kirstine Svendsdotter Heien (Voll 77 d.) fødd 30/4 1835, død 30/8 1917. Han kjøpte bnr. 4 av mora i 1870 for 100 dalar, og same året kjøpte han ein part, lnr. 272 av skuld 3 ort 7 skill. Dei hadde 5 døtre:

- a. Karen Margreta, f. 15/2 1863, g. m. Sven Bertelson (71).
- b. Berta Malena, f. 14/12 1864, g. m. Peder Pederson (Torland, Nærbø 61 e.).
- c. Tabitta, f. 31/12 1867, g. m. Henrik (Håland, Nærbø 32).
- d. Martine, f. 8/12 1870, gift i Amerika med ein franskmann.
- e. Stine, f. 29/11 1874, g. m. Palle (Aniksdal 66).

62. Torger Larsson, son til Lars Erikson Vetteland i Oгна og Joron Torgersdtr. Fødd 3/3 1825, død 14/2 1877, gift 1/4 1864 med Serina Jeremiasdotter, fødd i Oгна 21/4 1835, død 25/9 1921, dotter til Jeremias Pederson Ægren og Malena Svendsdtr., f. Opstad. Torger budde visst på Vetteland til kring 1870, då han kom til plassen Maurahaia på Herikstad etter Elling Danielson (56). Då han var død gifta enkja seg att

- med Torger Torgerson Svindland. Torger Larsson hadde 7 barn:
- Simon Samuel, f. på Ægren 21/5 1860, han var Serina sin son ue. med Torger Sivertson Hetland, død 21/11 1889.
 - Lars Herikstad, f. 1865 (68).
 - Jeremias, f. på Ægren 7/11 1867 (sjå Voll 118).
 - Jørgine, f. på Herigstad 5/4 1870, g. m. Rasmus Pederson Lervik (sjå Skjærpe 42).
 - Anna Malena, f. 10/12 1871, g. m. enk. Ole Bertinius Olson (Djøseland 56).
 - Seline, f. 18/1 1874, g. i Canada m. Ramsland.
 - Taletta, f. 8/5 1877, død 24/6 s. å.
63. Lars Gabrielson (59 b.) fødd på Ueland 11/1 1846, død 1929, gift 7/4 1870 med Elen Pedersdotter (53 c.) fødd 17/7 1845, død 13/12 1922. Han kjøpte bnr. 1 og 2 av Elling Ivarson i 1887 for 2000 kroner. I 1887 selde han Gauleksvar slått til Nils Jakobson Hetland i Ogna. Flytta seinare til Aniksdal "Indien" (Aniksdal 76). Dei hs.dd.ø 5 barn¹
- Taletta, f. 20/1 1873, død 1954, ugift.
 - Gabriel Elias, f. 31/3 1874, g. m. Kari Haver, Sirevåg.
 - Peder Larsson Herikstad, f. 14/10 1875 (72).
 - Elen, f. 6/11 1881, død 9/1 1901.
 - Elén Justina, f. 17/8 1876, g. m. Rasmus P. N-Halleland (Vigrestad 63).
64. Lars Pederson (53 a.) fødd 9/2 1843, død 27/5 1920, gift 12/4 1877 med Inger Serina Eilevsdotter (Hårr 58 e.) fødd 21/10 1853, død 1932. Lars Pederson kjøpte bnr. 5 av faren i 1870 for 400 dalar -j- følge. Dei hadde 7 barn:
- Peder Larsson Herikstad, f. 3/11 1877 (73).
 - Taletta, f. 2/2 1880, g. m. Ivar Varden (Vigrestad 65).
 - Eilev, f. 31/1 1883 (Aniksdal 69).
 - Serina, f. 10/12 1885, g. 26/2 1910 m. Bertel Kristian Tjåland. Budde på Bryne.
 - Inga Sofia, f. 17/11 1888, død 8/12 1889.
 - Lars, f. 5/4 1891, reist til Amerika.
 - Inger Sofie., f. 21/1 1894, g. 19/12 1925 m. John Olai Larsson Vigrestad (Hårr 94).
65. Ola Pederson (53 b.) fødd 9/2 1843, død 29/1 1912, gift 11/4 1878 med Maria Gabrielsdotter (58 a.) fødd 9/11 1857, død 1938. Ola Pederson kjøpte bnr. 8 av Nils

- Mortenson i 1883 for 2000 kroner. Dei hadde 9 barn:
- Taletta, f. 7/3 1879, død 3/1 1880.
 - Peder Gunerius, f. 4/5 1881 (75).
 - Teodor, f. 24/9 1883, reist til Amerika.
 - Bertine Gurine, f. 28/2 1887, reist til Amerika.
 - Maria, f. 28/11 1889, g. m. Kjetel Sikveland. Budde på Hinna.
 - Ole, f. 4/5 1892, reist til Amerika.
 - Gabriel, f. 5/4 1895, til Amerika.
 - Gustav Johan, f. 28/2 1898, til Amerika.
 - Taletta, f. 13/6 1901, død 25/5 1908.
66. Simon Pederson (53 e.) fødd 21/3 1850, død 7/6 1934, gift 16/1 1879 med Malena Olausdotter Sirevåg, fødd 10/8 1856, død 23/5 1879, gift 2) 15/1 1885 med Karen Elisabet Olausdotter, fødd 18/8 1850, døtre til los Olaus Ole-Johannesson Sirevåg og Ane Berte Rasmusdr. (Hårr 48 b.). Simon kjøpte Smørholen, bnr. 7, av Abraham Pederson i 1885 for 400 kroner med skjøte 13/1 1889. Han hadde 1 barn i første gifte og 5 i andre:
- Malena, f. 19/5 1879, g. m. Mons Olson (Aniksdal 67).
 - Anne Bertine^ f. 8/3 1885, død 3/10 1888.
 - Peder, f. 3/3 1887, død 20/10 1888.
 - Anne Berte, f. 9/1 1889, g. m. Gunvald Stokkeland, i USA.
 - Taletta, f. 24/9 1890, g. 1/4 1911 m. malar Ole Reinertson (Vigrestad 45 g.) f. 1887, død i Minneapolis 1960.
 - Peder Olai, f. 5/8 1892, død 11/12 1893.
67. Elling Larsson (51 d.) fødd 25/6 1846, død 23/11 1923, gift 13/4 1890 med Berta Maria Kristiansdotter (Tvihaug 32 h.) fødd 28/3 1863, død 5/2 1946. Elling Larsson tok over bnr. 9 etter faren i 1893. Dei hadde 8 barn:
- Anne Berte, f. 5/3 1892, død 28/4 1897.
 - Lars, f. 5/8 1893 (Vigrestad 95).
 - Marta, f. 24/6 1895, død 19/2 1897.
 - Kristian, f. 23/3 1897 (84).
 - Elling, f. 4/12 1898, reist til Amerika.
 - Marta, f. 10/4 1901, g. m. Eilev Pederson (Rugland 49).
 - Berta Regina, f. 5/4 1903, g. 18/12 1922 m. Knut Magnus Voll (Vigrestad 112).
 - Berge, f. 30/6 1905, reist til Amerika.
68. Lars Torgerson (62 b.) fødd på Vetteland 9/4 1865, død 18/8 1936. Gift 27/9

1888 med Elisabet Hans-Mikalsdotter (Håland 78 a.) fødd 4/2 1865, død 18/5 1944. Lars Torgerson løyste inn plassen Mauraheia (Hagaheien) av Elling Larsson. Barn:

- a. Torvald, f. 22/6 1889, g. m. Ingeborg Olsdr. Rosland, f. 6/4 1892. Bur på Riskild i Klepp.
- b. Serina Sofia, f. 11/6 1891, død 8/9 1916, g. m. Vilhelm Pederson.
- c. Hans Møller, f. 21/1 1894, død 28/12 s. å.
- d. Elen, f. 25/10 1895, g. m. Sigurd Olsen på Buøy, Stavanger.
- e. Hans Møller, f. 13/11 1899, død 1924.
- f. Eline, f. 30/1 1902, g. m. Trygve Mårtmann Nilsen i Kristiansand.
- g. Luther, f. 10/1 1904, g. m. Olga Andersdr. Hetland. Bur i Eigersund.
- h. Paul Betuel, f. 17/9 1908, død 30/9 1909.
- i. Tomine, f. 18/2 1906, død, var busett i Stavanger.

69. Torger Hansson, son til Hans Danielson (Aniksdal 63 e.) fødd i Time 11/3 1864, død 27/6 1940. Gift 8/4 1892 med Elen Kirstina Nilsdr. (52 e.) fødd 10/12 1868, død 1946. Torger Hansson tok over bnr. 3 etter verfare i 1893. Barn:

- a. Vilhelmine, f. 21/5 1893, død 5/5 1915.
- b. Berta, f. 24/2 1895, død i Dakota 25/3 1949, g. m. Arthur Thompson = Asbjørn Tønnesson (S-Tjemsland 59 c.).
- c. Nils, f. 17/9 1896, død 30/10 1918.
- d. Harald, f. 7/4 1898, død 27/6 1915.
- e. Torvald, f. 3/1 1900, g. m. Gerda Refve, bur i Klepp.
- f. Klara, f. 3/5 1902, død 3/5 1915.
- g. Gunda Andrea, f. 17/3 1908, g. m. provst Åmland i Vanse.

70. Peder Abrahamson (54 g.) fødd 17/5 1867, død 8/11 1923. Gift 5/11 1890 med Anna Hansdotter (Aniksdal 63 d.) fødd på Tunheim i Time 19/11 1868, død 11/8 1926. Peder Abrahamson tok over bnr. 6, Krånå, etter faren i 1893. 11 barn:

- a. Abraham, fødd 18/7 1891 (sjå Voll 167).
- b. Hans, f. 12/11 1893, g. 23/11 1913 m. Signe Berntsdr. Tjøtta. Bur på Tjøtta i Klepp.
- c. Peder, f. 9/12 1895, g. 20/8 1916 m. Ella Abrahamsdr. Hauge. Han er malar, bur på Hauge i Klepp.
- d. Anna, f. 31/10 1897, g. m. Svensen, reist til USA.
- e. Vilhelm, f. 19/12 1899, bur på Bryne.

- f. Arne, f. 24/5 1901, død i Amerika.
- g. Maria, f. 2/1 1904, gift og bur på Jørpeland.
- h. Valborg, f. 26/2 1906, gift i Stavanger.
- i. Karl, f. 24/2 1907, g. m. Ingrid Kjeteldtr. Asheim, f. 22/7 1912. Småbrukar på Sandve i Høyland.
- j. Alma, f. 13/12 1909, bur i Stavanger.
- k. Johan Herikstad, f. 25/9 1912, g. m. Randi Strikstad, f. i Time 13/8 1915. Malar på Ganddal.

71. Sven Bertelson, son til Bertel Kristian Håvardson Tjåland og Ingeborg Maria Svensdr., f. Sikveland. Fødd i Time 28/6 1873, død 1956. Gift 5/4 1895 med Karen Margreta Ellingsdotter (61 a.) fødd 15/2 1863, død 1935. Sven fekk bnr. 4 med kona i 1895. 5 døtre:

- a. Elen Kirstina, f. 30/8 1895, død 1961, gift med Laurits Mathiasson Nygård i Ognå.
- b. Ingeborg Maria, f. 8/4 1897, g. m. Johan Torkelson (Rugland 50).
- c. Karen Sofia, f. 13/11 1899, g. 1936 m. Alfred Rasmusson (Vigrestad 53 c.).
- d. Eline, f. 19/6 1902, gift i Amerika.
- e. Berta Kirstina, f. 11/5 1904, g. 21/9 1930 m. Ingebret Svenson (Mæland 41 a.).

72. Peder Larsson (63 c.) fødd 14/10 1875, død 1955, gift 11/2 1898 med Alette Nilsdotter, fødd i Ognå 18/1 1873, død 8/10 1919, dotter til Nils Andersson Fuglestad og Guri Tolleivsdotter, begge frå Bjerkreim. Peder Larsson var bygningsmann. 7 barn:

- a. Lars, f. 2/6 1898, død 1966, reiste til Amerika.
- b. Emma, f. 15/8 1900, død 14/4 1904.
- c. Nikolai, f. 26/6 1903, bygningsmann på Vigrestad.
- d. Emma, f. 7/6 1905, g. m. enk. Karl Braut på Bryne.
- e. Gustav, f. 29/12 1907.
- f. Alette Pauline Marie, f. 6/5 1910, g. 18/1 1930 m. Nikolai Nilsson Skretting, på Kleppe.
- g. Elen, f. 24/8 1913, g. m. Ragnvald Semson Haugstad (sjå Rugland 51).

73. Peder Larsson d. y. (64 a.) fødd 3/11 1877, død 28/1 1969. Gift 9/11 1909 med Guri Larsdotter (Aniksdal 64 c.) fødd 16/7 1887, død 10/7 1967. Overtok halve farsgarden, bnr. 15 og bnr. 7, i 1912. Deira barn:

- a. Inger, f. 1/9 1910, død 30/11 s. å.
- b. Lars, f. 18/9 1911. Overteke farsgarden.

- c. Leif, f. 22/9 1913, g. 1951 m. Margreta Hauge-Thu (82).
- d. Inger Sofie, f. 20/10 1915, g. 1943 m. Johan Skoran, bur i Åseral.
- e. Peter, f. 27/8 1917, død 17/6 1960.
- f. Serine, f. 2/6 1919.
- g. Konrad, f. 19/4 1921, g. 1949 m. Kirsten Ruth Svihus, Sandnes.
- h. Gunleif, f. 31/5 1923.
- i. Klara Othelia, f. 27/5 1925, g. 1947 m. Arnold Boganes, Sola.

74. Eilev Larsson (64 c.) bror til (73) fødd 31/1 1883, død 1945, gift 1/7 1904 med Marta Olsdotter (Aniksdal 65 b.) fødd 6/6 1888, død 1958. Han åtte og brukte bnr. 5 etter faren. I 1930 selde han til Theodor Grøsfjell og flutte til Aniksdal. Deira barn:

- a. Lars, f. 26/10 1904, død 25/5 1905.
- b. Lars, f. 14/10 1908, g. m. Tone Nomenland frå Valle i Setesdal. Han er meierist i Fredrikstad.
- c. Ingrid, f. 12/11 1910, g. 1958 m. Magnus Hamre, bur i Lund.
- d. Hjørdis, f. 28/11 1912, g. 1945 m. Torleif Tunheim (Sæland 26).
- e. Margit, f. 28/2 1917, g. 1943 m. Paul (Aniksdal 73).
- f. Ole, f. 30/4 1919 (Aniksdal 72).
- g. Erna, f. 30/7 1921, g. 1948 m. sersjant Johs. Stålesen, frå Sauda.
- h. Eilev, f. 26/12 1923, g. 1949 m. Marry Olsen, f. i Stavanger 10/10 1929. Bur på Sandnes.
- i. Tordis, f. 28/4 1926, g. 1948 m. Martin M. Tunheim, f. i Time 4/9 1918, maskinist på Vigrestad.
- j. Magne, f. 31/8 1928.
- k. Kåre, f. 14/6 1931, g. 1952 m. Ingeborg Margrethe Larsen.

75. Peder Gunerius Olson (65 b.) fødd 4/5 1881, død 1962. Tok over bnr. 8, som han brukte til 1939, då systersonen, son til (65 e.), Ola Kjetilson Sikveland, overtok han. Ola bruka ikkje garden sjølv, men pakta han bort. Under krigen 1940-45 bruka faren, Kjetil, garden. I 1946 vart bruket selt til Andreas Sør-Reime.

76. Kåre Herikstad, dotterson til (71) fødd 21/3 1921. Gift 1942 med Kristine Jonasdatter (Aniksdal 68 b.) fødd 1/10 1917. Dei tok over bnr. 4 i 1938. Barn:

- a. Solveig Margrete, f. 22/10 1943, g. 1961 m. Inge Reidar Ingvaldson Søyland, Ognå.
- b. Svein Jostein, f. 12/7 1947.

77. Odd Garmann Ege, fødd i Varhaug

26/11 1926, son til Ole og Guri Ege. Tok over bnr. 1 i 1952, etter faren. Gift 11/4 1953 med Gudrun Sigvartsdtr. Matningsdal, f. 2/11 1926. Barn:

- a. Olav, f. 11/10 1953.
- b. Guri, f. 23/3 1956.
- c. Kate Sofie, f. 5/2 1960.

78. Thorvald Johannesson Haugland, fødd i Time 16/1 1913, son til Johannes Sivertson Haugland i Time og Maren Sofia Taraldsdtr., f. Haugland. Gift 1946 med Henny Marie Halvorsen, fødd i Stavanger 28/10 1921. Han tok over bnr. 3 i 1946, som han kjøpte av Torvald Torgerson (69 e.). Barn:

- a. Johannes, f. 22/12 1948.
- b. Reidun Irene, f. 18/1 1952.

79. Theodor Homse Grøsfjell, fødd 23/1 1888, gift 1917 med enkja Bergine Andersdotter Hetland, fødd 29/9 1892. Han kjøpte bnr. 6 Kråen, av Peder Pederson Risa (Voll 189) i 1922. I 1930 selde Theodor til Samuel Asheim og kjøpte bnr. 5 av Eilef Larsson. Barn:

- a. Thyra, f. 25/12 1917, g. m. Johannes Martinson Sandve (Voll 169).
 - b. Emma, f. 28/3 1920, g. m. Ole Palleson Aniksdal (Vigrestad 96).
 - c. Valborg, f. 28/5 1922, g. m. Ole Gerner Olsen. Bur på Sandnes.
 - d. Trond, f. 30/6 1928 (80).
 - e. Borghild, f. 30/6 1928, g. 1951 m. Finn Hovde, bur i Rygge.
- Bergine sine barn i 1. gifte:
- f. Ella, f. 21/6 1911, død 1954, g. 1937 m. Karsten Rosland.
 - g. Gudrun, f. 13/10 1912, g. 1933 m. Berge Mæland (Vigrestad 73).

80. Trond Grøsfjell, son til 79, fødd i Varhaug 30/6 1928, gift 1952 med Marit Sverresdotter Landmark, fødd i Ognå 23/7 1935, dotter til Sverre Johanson Hviding frå Flekkefjord og Ragnhild Mortensdtr. Lintjørn. Han tok over bnr. 5 i 1952. Barn:

- a. Reidun, f. 8/3 1953.
- b. Torbjørn, f. 19/5 1955.
- c. Sverre, f. 17/9 1956.
- d. Brynhild, f. 10/2 1960.
- e. Johnny, f. 6/5 1965.
- f. Berit, f. 13/10 1966.

81. Sem Fanuelson (Haugstad 74), tok over bnr. 6, Kråen, i 1933 etter Samuel Asheim.

82. Leif Pederson (73 c.) fødd 22/9 1913, gift 1951 med Margretha Hauge-Thu, fødd i Klepp 13/6 1924. Han tok over bnr. 7 i 1951 saman med broren Lars (73 b.). Han

er bygningsmann. Frå 1961 er Lars eigar av heile bnr. 7. Barn:

- a. Leiv Magnar, f. 1/11 1955.
- b. Gerd Irene, f. 24/2 1961.

83. Andreas E. Sør-Reime (Haugland 40 e.) fødd 7/1 1918, gift 1946 med Gerda Tjølsodotter (Årslund 42 f.) fødd 9/3 1923. Han tok over bnr. 8 i 1946. Barn:

- a. Aud Johanne, f. 30/3 1948.
- b. Gunvor Else, f. 11/1 1951.
- c. Erik, f. 18/7 1952.
- d. Toril, f. 10/12 1955.
- e. Gudny, f. 7/3 1958.
- f. Anna, f. 5/4 1960.

84. Kristian Ellingson (67 d.) fødd 23/3 1897, død 31/12 1963. Gift 1930 med Anna Gustavsdotter (Håland 86 e.) fødd 11/5 1899, død 22/12 1936. Han tok over bnr. 9 i 1930 og bnr. 11 i 1954. Barn:

- a. Einar, f. 22/3 1933, g. 1956.

85. Martin Torgerson Bøe, fødd 5/10 1907, gift 1931 med Maria Ellingsdotter Hobberstad, fødd 26/8 1910, død 27/8 1967. Han er bygningsmann. Barn:

- a. Trygve, f. 16/6 1932, g. 1955 m. Ingeborg Martinsdotter (Odland 75 a.).
- b. Olaug, f. 18/2 1934, g. 1959 m. Kåre O. Torland.
- c. Egil, f. 19/2 1936, g. 1961 m. Bjørg Ueland.
- d. Eldbjørg, f. 9/1 1939, g. 1958 m. Ingvar Vigre.
- e. Magne, f. 29/9 1941, g. 1961 m. Aud Olsdotter Bratland.

- f. Målfrid, f. 20/9 1943.
- g. Astrid, f. 6/5 1945.
- h. Ingvar, f. 20/6 1948.
- i. Odd, f. 3/12 1949.
- j. Helga, f. 3/3 1952.

86. Magne Semson Haugstad (Haugstad 74 m.) fødd 2/6 1934. Han tok over Kråen etter faren i 1959.

87. Einar Kristianson (84 a.) fødd 22/3 1933, gift 1956 med Maria Ragnvaldsdtr. (Rugland 51 b.) fødd 22/5 1938. Einar overtok bnr. 9 i 1954, etter faren. Barn:

- a. Anna Ceselie, f. 14/5 1957.
- b. Kjell, f. 19/8 1958, død 21/4 1959.
- c. Kjell, f. 7/9 1959.
- d. Ragnar Emil, f. 21/9 1960, død 9/10 1962.
- e. Else Marie, f. 12/8 1961, død 4/11 s. å.
- f. Else Marie, f. 29/5 1963.
- g. Ragnar Emil, f. 14/2 1966.

88. Ole Ommundson Ege, fødd 3/9 1877, død 1963, gift 1908 med Guri Andersdtr. Ege, fødd 3/3 1888, død 1951. Ole Ege kjøpte bnr. 1 i 1914 av G. L. M. Ueland, som hadde kjøpt bruket av broren Ivar. Det var Lars Gabrielson som i 1912 selde bnr. 1 til Ivar Ueland. Barn:

- a. Rosi, f. 23/12 1909.
- b. Kristine, f. 25/3 1911.
- c. Agnes, f. 16/10 1915.
- d. Olav, f. 27/10 1918, skoten av tyskarane på Trandum 21/5 1942.
- e. Alma, f. 16/9 1922.
- f. Odd, f. 26/11 1927 (77).

G.nr. 83. Aniksdal

Utt. Anisdal. Gamal skuld var 2 1/2 pund korn landskuld. O. Rygh fører mannsnamnet Arngeir og kvinnenamnet Arndis s.om mogelege opphav til dette gardsnamnet. Arngeirdalr, Arndisdalr. Stavemåten har vore: Andnigsdall, Andesdal, Annisdall, 1563 Annisdal, 1567 Ognisdall, 1606 Annissdall, 1610 Anixdall, 1616 Annixsdall, 1668 Annixdal østre og vestre, 1723 Anixdal.

I 1716 åtte Sven Hognestad og Leiel Houglund odelsgods i Aniksdal, og eit pund var apostelgods. I 1723 åtte Anders Asserson i Eigersund alt. Frå 1768 var brukarane sjølveigarar.

Aniksdal skifter mot vest med Herikstad, mot nord med Herikstad og Ueland, mot aust med Topdal i Ognå og mot sør med Hetland og Hadland i Ognå.

Jorda er for det meste steinfull fastmark. I Aniksdalheia står eit monument av "Mor Norge Steinkjerringjo", reist av ungdom frå Varhaug og Nærbø etter initiativ av Emelankton Aadnesen.

NAMNEREGISTER

1. Tolleiv
2. Salve
3. Ingebright
4. Laurits
5. Mogens
6. Halvard
7. Salve
8. Mikkel
9. Sven
10. Kristoffer
11. Euriens (Ørjans)
12. Ola Einarson
13. Amund Toreson
14. Ola Sjurson
- 14B. Ola Svenson
15. Sjur (Siver) Olson
16. Ola Olson
17. Rasmus Olson
18. Sven Sjurson
19. Torkel Einarson
20. Gunnar Rasmusson
21. Ola Rasmusson
22. Halvard Torkelson
23. Hans Hansson
24. Størkard Nilsson
25. Ola Johannesson Kverme
26. Ola Tollakson Tuen
27. Erik Villasson
- 27B. Tjøl Aniksdal
28. Størkard Johannesson
29. Lars Karlson
30. Gjermund Olson
31. Gunnar Hansson
32. Tollak Mikkelson Tuen
33. Sigbjørn Ellingson
34. Tollak Svenson
35. Tollak Tollakson
36. Johannes Larsson Dahl
37. Ådne Pederson Kartevoll
38. Hans Hansson Slåtten
39. Sigbjørn Olson Tuen
40. Torkel Larsson
41. Lars Olson
42. Peder Larsson
43. Tollak Nilsson Tuen
44. Morten Erikson
45. Ola Larsson
46. Sven Tollakson Tuen
47. Lars Pederson
48. Mathias Tolleivson
49. Askild Olson
50. Abraham Mortenson
51. Tore Torgerson Hetland
52. Torger Torgrimson Øvrebø
53. Kristoffer Larsson
54. Abraham Olson Hetland
55. Mons Olson
56. Paul Paulson Rugland
57. Erik Abrahamson
58. Daniel Tolleivson Tuen
59. Torger Sivertson Hetland

60. Jakob Ingebretson
61. Abraham Abrahamson
62. Peder Pederson Tuen
63. Hans Danielson Tuen
64. Lars Kristofferson
65. Ola Monsson
66. Palle Abrahamson
67. Mons Olson
68. Jonas Larsson
69. Eilef Larsson Herikstad
70. Jakob Larsson
71. Karl Larsson
72. Ole Eilefson Herikstad
73. Paul Aniksdal
74. Lars Jonasson
75. Vejer Hansson Tuen
76. Lars Gabrielson Herikstad


1. Tolleiv er nemnd på Aniksdal i 1521.
2. Salve nemnd 1521.
3. Ingebright nemnd 1521.
4. Laurits nemnd 1563, brukte 1 1/2 vet og skatta 1 dalar 1 ort.
5. Mogens nemnd 1563, skatta 1 dalar og 1 ort.
6. Halvard nemnd 1563, skatta 1 dalar 1 ort.
7. Salve nemnd 1563. Han åtte eller brukte 11/2 vett og skatta 5 ort.
8. Mikkel nemnd 1602/13 og gav 1/2 vet leidang i 1624.
9. Sven gav 1/2 vet leidang i 1624.
10. Kristoffer Aniksdal er nemnd i 1629.
11. Euriens (Ørjans) Aniksdal med fleire var stemnde for retten på Ogna 29/2 1639 "for ulouende at haffue bekommet adschilligt aff det Bergen skib som strandet i forleden høst her i Schibredet". Ørjans hadde m. a. teke eit par nye sko og ein sabel.
12. Ola Einarson nemnd i skattemanntallet for 1645 med kona og 2 drenger og ei gjenta. Han skatta 1 ort og 8 skilling.
13. Amund Toreson (kanskje Orum) nemnd i same manntallet med kona og ei gjenta, og skatta 1 ort.
14. Ola Sjurson var kalla husmann på

- Aniksdal i 1665, fødd kring 1585, og truleg død straks etter 1665. Kona heitte kanskje Torborg, og kanskje var desse barna deira:
- a. Tollak Olson (Håland 5).
 - b. Karl Hadland i Ogna, f. kring 1630, g. 1) m. enkja etter Ånund Hadland, g. 2) m. Ingeborg Levardsdr. (S-Varhaug 19 c.).
 - c. Torborg, g. m. Lars Asbjørnson (Håland 6).
 - d. Sjur (Siver), f. 1635 (Aniksdal 15).
 - e. Rasmus Aniksdal, f. 1637 (17).
 - f. Ola Aniksdal, f. 1624 (16).

14B. Ola Svenson, son til Sven Olson Kyllingstad i Gjesdal og Kirsten Olsdr. Han var fødd kring 1660, død på Aniksdal 1721, skifte 25/10. Gift med Helga Svendsdotter, truleg frå Fuglestad i Bjerkreim. Ola Svenson hadde butt på Søyland i Gjesdal og sidan på Eikeland og Hetland i Ogna. Helga var fødd kring 1673, død på Ægren i Ogna i 1735. Ola Svenson var husmann på Engene under Aniksdal. Barna var:

- a. Sven Olson Hetland i Ogna, f. 1696, g. 1) m. Berit Olsdr. Boksdalen, g. 2) m. Magdalena Toresdr.
- b. Sven Olson Topdal, f. 1692, g. m. Kirsten Johannesdr., som seinare vart g. m. Ådne Pederson (Aniksdal 37).
- c. Torborg, f. 1698, g. m. Osmund Karlson Fuglestad, Hetland.
- d. Astrid, f. 1705.
- e. Marit, f. 1707, g. m. Lars Lyseheien i Ogna.
- f. Reiar, f. 1703.
- g. Liva, f. på Eikeland 1710.
- h. Ola, f. på Eikeland 1713 (sjå Vigrestad 23).

15. Sjur (Siver) Olson (14 d.) fødd kring 1635, død 1694, skifte 12/3 det året. Gift 1) med Ingeborg Pedersdotter, som der var skifte etter 27/11 1680, gift 2) med Gunlaug Andersdotter. Den 25/6 1658 var Siffr Aniksdal og Tolleiv Pederson Lintjörn for retten på Ogna for dei ikkje hadde møtt ved sesjonen på Kongsgård i Stavanger. Tolleiv Lintjörn slapp tiltale fordi han tente hjå borger Søren Peersøn i "Kongens Feschevir" (fiskevær?). Siver Aniksdal og Kristoffer Ormson Kvalbein, som heller ikkje hadde møtt, måtte "kiøbe deres fred med 10 mark sølff eller fare fredløse". Truleg kjøpte dei sin fred. Den 12/6 1667 vart tinglese eit kjøpebrev frå Siver Aniksdal til Levard Varhaug på 2 spand korns landskuld i Tengesdal og eit halvt spand i Hadland. Siver Aniksdal åtte 3 1/2 spand i Skjørestad



Kuffjellet i Aniksdalenga. Högste fjellet i Varhaug

- i Høyland i 1665. Han hadde 3 barn i første gifte og 4 i andre:
- Laurits.
 - Torborg.
 - Anna, g. m. Nils Rasmusson (Efjestad 21).
 - Ola, var i utlandet i 1718.
 - Anders, i utlandet.
 - Anna, levde i 1718.
 - Ola d. y., f. 1693, tente hjå Lars Obrestad i 1718 og døde der det året, skifte etter han 27/9.
16. Ola Olson (14 f.) fødd kring 1624. Han er nemnd som lagrettsmann i 1656 og brukte 1/2 pund i 1665. Bjørn Hognestad hadde ått dette halve pund, og Klaus Reve, som var Ola sin verbror, åtte part i det med 8 spand. Knut Hognestad, gift med Bjørn si enkje, sat inne med dei 4 spand. Den 10/3 1658 stemnde Knut Hognestad Ola Aniksdal for bykslepengar, som Ola ikkje hadde betalt. Av Ola sine barn er nemnd ein son i 1665:
- Ola Olson (Rugland 7?), f. 1654.
17. Rasmus Olson (14 e.) fødd kring 1637 og levde i 1716. Det var kanskje han som døde på Ogrta i 1731, 105 år gml.? Kona er ukjend, men 3 barn er kjende:
- Ola Rasmusson Aniksdal, f. 1670 (21).
 - Anna, g. m. Rasmus Olson Fuglestad i Oгна (Bø, Nærbø 28 a.).
 - Joron, g. m. Størkard Nilsson (24).
18. Sven Sjurson brukte 8 spand i 1665, fødd kring 1625. Kona er ukjend, men 3 søner er nemnde i 1665:
- Erik, f. 1657.
 - Einar, f. 1660.
 - Laurits, f. 1662.
19. Torkel Einarson brukte 8 spand i 1665, fødd kring 1630. Han var truleg gift med Magla Karlsdotter (Vigrestad 8 d.). Der er nemnde 3 barn:
- Karl, f. 1663.
 - Halvard, f. 1660 (22).
 - Inger, g. m. Gjermund Olson (30).
20. Gunnar Rasmusson brukte 8 spand i 1665, fødd kring 1635, skifte 22/9 1687, gift med Magnhild Einarsdotter. Gunnar var bror til Tolleiv Kvasheim i Oгна. Det er då rimeleg at Magnhild var frå Aniksdal, og truleg søster til 19, utan at me veit meir om det. Der er nemnde 3 barn:
- * Størkard (Herikstad 24), f. 1663.
 - Anna, g. m. Hans Hansson (23).
 - Ingeborg, g. m. Peder Pederson (Herikstad 25).

21. Ola Rasmusson (17 a.) fødd kring 1670, brukte garden saman med faren i 1701, men er ikkje nemnd seinare. Kanskje var det han som seinare budde på Oгна og var gift med Karen Rasmusdr. Lintjørn. Var det han så fekk han ein vond lagnad. Han hadde nemleg drepe Johannes Ellingson Sirevåg og vart avretta i 1713. Enkja vart sidan gift med Torkel Tolleivson Oгна. Ola Rasmusson hadde byksla 1 vet i Aniksdal av provst Peder Erikson Leganger på Haai 1696.

22. Halvard Torkelson (17 b.) fødd kring 1660. Kona er ikkje nemnd (sjå Skjærpe, Nærbø 10B.). 2 barn er nemnd:

- Jon Halvardson, f. 1699.
- Guri Halvardsdr. Aniksdal, nemnd i 1737: "Fremkom for retten ved det almindelige Sommerting på Scheie den 8. juli, Torjus Pederson Bø, som opbød udj Retten 4 Rdlr. 1 ort 12 skill, hans myndling Gurj Halvardsdatter Annixdal tilhørende, om nogen samme for renter imod pant ville antage. Men ingen indfandt sig. Thj blev pengene udj een pung forseigled og formynderen tilbage leveret".

23. Hans Hansson nemnd 1701, var son til Hans (Pederson?) Myklebust i Eigersund og kona Berit (Olsdr.?). Han var fødd kring 1655, skifte 15/10 1721. Gift med Anna Gunnarsdotter (20 b.). 4 barn er nemnde:

- Gunnar Aniksdal, f. 1688 (31).
- Bergitte, f. 1691, ugift i 1721.
- Isak Myklebust, f. 1695, g. m. Malena Åse i Eigersund.
- Jon, f. 1697, var i utlandet i 1721.

24. Størkard Nilsson, son til Nils Mikkelson Eikeland p. h. i Bjerkreim og første kona. Han var fødd kring 1670, gift med Ingeborg Larsdotter, fødd kring 1679, død i Oгна 6/5 1742, og var då kalla enkje etter Størkard Nilsson av Varhaug sogn. I 1718 finn me Størkard Nilsson som husmann på (S-Tjemsland 15), og då er nemnd sonen:

- Nils, f. kring 1700, tente på Skrettingland i 1718, budde seinare på Ægren i Oгна.

25. Ola Johannesson Kverme er nemnd på Aniksdal i 1713 (sjå ellers Herikstad 26).

26. Ola Tollakson Tuen, son til Tollak Olson (Håland 5 a. og Aniksdal 14 a.). Fødd kring 1665, gift med Anna Toresdr. Han var husmann på Tuen av Aniksdal i 1701, seinare på (Haugland 10).

27. Erik Villasson, var truleg son til Villas Brådli i Bjerkreim. Fødd kring 1654, død på Brådli 19/12 1728, var gift 2 gonger, men me veit ikkje namn på konene. Den andre var gravlagd i Bjerkreim same dagen som Erik. Erik budde på Brådli i 1701, men var på Aniksdal i 1718. Der er ikkje funne skifte etter noken av dei, og det er uvisst kor mange barn dei hadde, men 2 søner er nemnde:

- a. Villas Brådli, f. 1692. Han brukte Brådli då faren var på Aniksdal.
- b. Ivar, f. 1695, var med faren på Aniksdal i 1718.

27B. Tjøl Aniksdal. 1/12 1710 hadde Johannes Asserson Damsgård i Eigersund stemnt sin svoger Tjøl Aniksdal for 11/2 dalar, som han var skuldig til Johannes. Denne mannen har eg ingen annan kjenskap til.

28. Størkard Johannesson, son til Johannes Olson Kverme og Ranveig Olsdotter. Han var bror til (25) fødd i Oгна 1695, skifte 21/9 1739, gift 22/2 1722 med Guri Olsdotter, fødd 1698, dotter til Ola Torkelson Kvasheim og Malena Larsdtr. Størkard brukte 18 spand i 1725, truleg den parten som broren Ola hadde brukt. Anders Asserson Hjort står som eigar av heile Aniksdal i 1725. Frå 1742 til 1772 er desse 18 spand oppført som "ødeliggende". Guri budde som enkje på husmannsplassen under Valdeland i 1758. 3 barn er nemnde:

- a. Marta, f. 1731, var hjå mora på Valdeland i 1739.
- b. Malena, f. 1734.
- c. Johannes, f. 1739.

29. Lars Karlson, son til Karl Håvardson Fuglestad i Oгна og Malena Larsdotter. Han var fødd i 1686, død 1760, gift 1) 1712 med Marta Henriksdotter, fødd i Oгна 1688, død 1733, dotter til Henrik Nilsson Herredsvela og Torborg Torsdtr. Gift 2) i Time 1734 med Barbro Torkelsdotter, fødd 1712, skifte 14/2 1760, dotter til Torkel Jonson Grøtheim i Time og Elen Olsdtr. Lars Karlson tok truleg over dei 12 spand etter Størkard Nilsson (24) som var farbror til den første kona hans. Han hadde 5 barn i første gifte og 2 i andre:

- a. Johannes Larsson Dahl, f. 1714 (36).
- b. Malena, f. 1718, g. m. enk. Gjermund Olson (30).
- c. Henrik (Håland 24), f. 1721.
- d. Lars (Håland 23), f. 1724.
- e. Torborg, f. 1728, var ugift i 1760.
- f. Torkel Aniksdal, f. 1734 (40).

g. Karl Larsson (Haugland 19), f. 1736.

